



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578

Forord

Prop. 1 S (2021–2022) frå Klima- og miljødepartementet er samansett av fire delar:

Del I presenterer hovudutfordringar, resultat-område og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken og hovudprioriteringar innanfor departementet sitt budsjett i 2022. Del I inneheld òg ein oversikt over dei viktigaste resultatane av klima- og miljøpolitikken til regjeringa.

Klima- og miljødepartementet er eit sektor-overgripande departement med ansvar for å samordne klima- og miljøpolitikken til regjeringa. I del I er det difor gjeve eit oversyn over klima- og miljøoppsatsingar i andre departement i 2022. I del I er det òg ei oversikt over oppmodingsvedtaka frå Stortinget.

Del II inneheld budsjettframlegget frå Klima- og miljødepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar. I tillegg blir det gjort greie for politikken for å nå dei nasjonale måla.

Del III har ein omtale av klima- og miljøpolitikken i dei andre departementa og Klima- og miljødepartementets oppfølging av berekraftsmåla. Del III gjev òg ein omtale av arbeidet miljøforvaltninga gjer innan samfunnstryggleik og beredskap, fornyingsarbeid og likestilling i miljøforvaltninga.

Del IV er rapportering til Stortinget i samsvar med klimalova.

Innhald

Del I	Innleiing	13	Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	163	
1	Dei viktigaste resultatane av klima- og miljøpolitikken til regjeringa	15	Kap. 4423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	166	
2	Om klima- og miljøutfordringane	21	Kap. 1424 Senter mot marin forsøpling	166	
3	Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken	27	Kap. 1425 Fisketiltak	167	
3.1	Naturmangfald	27	Kap. 1428 Enova SF	168	
3.2	Kulturminne og kulturmiljø	28	Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	174	
3.3	Friluftsliv	29	<i>Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø</i>	179	
3.4	Forureining	30	Kap. 1429 Riksantikvaren	186	
3.5	Klima	32	Kap. 4429 Riksantikvaren	197	
3.6	Polarområda	36	Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	198	
4	Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2022	38	<i>Programkategori 12.60 Nord- og polarområda</i>	200	
5	Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet	42	Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt	204	
6	Oversiktstabellar	46	Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt	206	
6.1	Merknader til budsjettframlegget	46	Kap. 1472 Svalbards miljøvernfond	206	
6.2	Utgifter	46	Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	207	
6.3	Inntekter	47	Kap. 1473 Kings Bay AS	207	
7	Oppfølging av oppmodingsvedtak	51	Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	208	
Del II	Klima- og miljødepartementets budsjett for 2022	69	<i>Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid</i>	210	
8	Omtale av kapittel og post	71	Kap. 1481 Klimakvotar	216	
	<i>Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.</i>	71	Kap. 4481 Sal av klimakvotar	218	
	Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet	76	Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak	218	
	Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet	86	Del III	Omtale av særlege tema	243
	Kap. 1410 Kunnskap om klima og miljø	87	9	Omtale av sektorovergripande klima- og miljø saker	245
	Kap. 1411 Artsdatabanken	92	9.1	Klima- og miljøpolitikk i departementa	245
	Kap. 4411 Artsdatabanken	93	9.1.1	Arbeids- og sosialdepartementet ..	245
	Kap. 1412 Meteorologiformål	94	9.1.2	Barne- og familiedepartementet ...	246
	<i>Programkategori 12.20 Klima, naturmangfald og forureining</i>	97	9.1.3	Finansdepartementet	247
	Kap. 1420 Miljødirektoratet	117	9.1.4	Forsvarsdepartementet	247
	Kap. 4420 Miljødirektoratet	160	9.1.5	Helse- og omsorgsdepartementet	249
	Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart	162	9.1.6	Justis- og beredskapsdepartementet	249
			9.1.7	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	250
			9.1.8	Kulturdepartementet	252
			9.1.9	Kunnskapsdepartementet	253
			9.1.10	Landbruks- og matdepartementet	254

9.1.11	Nærings- og fiskeridepartementet	257	15	Oppfølging av Noregs klimamål for 2030	309
9.1.12	Olje- og energidepartementet	260	15.1	Korleis ligg vi an til å nå klimamålet for 2030?	309
9.1.13	Samferdselsdepartementet	262	15.2	Rapportering for ikkje-kvotepliktig sektor	310
9.1.14	Utanriksdepartementet	265	15.2.1	Klimamål og utsleppsbudsjett	310
9.2	FNs berekraftsmål	267	15.2.2	Forventa effekt og oppfølging av regjeringa sin klimaplan for 2021–2030	311
9.3	Anna klima- og miljøarbeid i staten	275	15.2.3	Sektorvise utsleppsbanar	313
10	Samfunnstryggleik og beredskap	276	15.2.4	Transport	314
10.1	Ansvarsområde	276	15.2.5	Jordbruk	320
10.2	Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø	277	15.2.6	Reduksjonar i dei andre ikkje-kvotepliktige utsleppa	325
10.3	Informasjonstryggleik i miljøforvaltninga	278	15.3	Rapportering skog- og arealbrukssektoren	327
10.4	Førebuande sikkerheitsteneste	278	15.3.1	Sektorforplikting for auka opptak og redusert utslepp frå skog- og arealbrukssektoren	327
11	Fornye, forenkle og forbetre og likestilling og mangfald i miljøforvaltninga	279	15.3.2	Status for forpliktinga om «netto nullutslepp» i skog- og arealbrukssektoren	327
11.1	Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft	279	15.3.3	Forventa effekt av klimaplanen	329
11.2	Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltninga	280	15.3.4	Rapportering på arbeidet med å auke CO ₂ -opptaket og karbonlageret i skogen	329
11.3	Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak under Klima- og miljødepartementet	286	15.3.5	Rapportering på arbeidet med å kutte utslepp frå nedbygging av grønne areal	330
Del IV	Rapportering etter Lov om klimamål (klimaloven)	287	15.3.6	Rapportering på arbeidet med å kutte utslepp frå annan arealbruk	331
12	Innleiing	289	15.4	Rapportering kvotepliktig sektor ..	331
12.1	Klimautfordringa	289	15.4.1	Om deltaking i kvotesystemet og utvikling av kvotepris	331
12.2	Noregs klimalov og rapporteringa etter lova	289	15.4.2	Rapportering på oppfølging av klimaplanen	333
12.3	Kva har skjedd det siste året?	290	15.5	Rapportering på omstilling og grøn konkurransekraft for norske verksemder	334
13	Klimamål for 2030 og 2050 ..	292	15.5.1	Innleiing	334
13.1	Innleiing	292	15.5.2	Ekspertutval for klimavennlege investeringar	334
13.2	2030-målet	292	15.5.3	Forsking, utvikling og innovasjon for ei langsiktig omstilling	335
13.2.1	Innleiing	292	15.5.4	Satse på fangst og lagring av CO ₂	336
13.2.2	EUs forsterka klimamål for 2030 ..	292	15.5.5	Klima- og miljøambisjonar for statlege bygg	336
13.2.3	Klimaavtalen med EU	292	15.5.6	Grøn finans	337
13.2.4	Forsterka klimaregelverk i EU	295	15.5.7	Fornybar energi gjer det mogleg med endring	337
13.3	2050-målet	297			
14	Utslepp og opptak av klimagassar	298			
14.1	Ikkje-kvotepliktige utslepp	300			
14.1.1	Transport	300			
14.1.2	Jordbruk	302			
14.1.3	Andre ikkje-kvotepliktige utslepp ..	303			
14.2	Kvotepliktige utslepp	305			
14.3	Skog og annan arealbruk (LULUCF)	306			

16	Oppfølginga av Noregs klimamål for 2050	338	17.14.3	Løyvingar til eksportfremjing	363
16.1	Innleiing	338	17.14.4	Tilskot til fiskeria	364
16.2	Noregs lågutsleppsstrategi for 2050	338	17.14.5	Skipsfart	364
16.2.1	Korleis ser lågutsleppssamfunnet ut?	338	17.14.6	Løyvingar til administrasjon og oppfølging av SDØE-porteføljen ...	364
16.2.2	Overordna prioriteringar for vegen til lågutsleppssamfunnet	338	17.15	Olje- og energidepartementet	365
16.3	Langsiktige verkemiddel for å redusere utslepp fram mot 2050	339	17.16	Samferdselsdepartementet	366
16.3.1	En pris på utslepp – avgift og kvotesystem	339	17.16.1	Investeringar i infrastruktur, drift og vedlikehald	367
16.3.2	Grøn omstilling i alle sektorar	339	17.16.2	Kjøp av transporttenester	368
16.4	Klimautvalet 2050	340	17.16.3	FoU og tilskot	368
17	Klimaeffekten av framlagt budsjett	341	17.17	Utanriksdepartementet	369
17.1	Innleiing	341	17.17.1	Klimainvesteringsfond	370
17.2	Oversikt over postane i statsbudsjettet med klimaeffekt	343	17.17.2	Matsikkerheit, fisk og landbruk ...	370
17.3	Arbeids- og sosialdepartementet ..	344	17.17.3	Miljø og klima	370
17.4	Barne- og familiedepartementet ...	344	17.17.4	Regionale bankar	371
17.5	Finansdepartementet	344	17.17.5	Klima, miljøtiltak og hav	371
17.6	Forsvarsdepartementet	347	18	Noreg førebur seg på og tilpassar seg klimaendringane	372
17.7	Helse- og omsorgsdepartementet	349	18.1	Innleiing	372
17.8	Justis- og beredskapsdepartementet	350	18.2	Organisering av det nasjonale klimatilpassingsarbeidet	372
17.9	Klima- og miljødepartementet	351	18.3	Oppfølging av arbeidet med klimatilpassing i Noreg	372
17.9.1	Nasjonale støtteordningar	352	18.4	Informasjon og kapasitetsbygging	374
17.9.2	Forskning og kunnskapsformidling	353	18.5	Nettverk og samarbeid	374
17.9.3	Internasjonale utslepp	354	18.6	Forskning	374
17.10	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	354	18.7	Klimatilpassing i og på tvers av sektorar	375
17.10.1	Byggkvalitet	354	18.7.1	Samfunnstryggleik og naturfarar ..	375
17.10.2	Eigedomsforvaltning	354	18.7.2	Natur, miljø, landbruk og økosystem	376
17.11	Kunnskapsdepartementet	356	18.7.3	Infrastruktur og samferdsel	378
17.11.1	Forskning	356	18.7.4	Industri og næringsliv	380
17.11.2	Universitets- og høgskulebygg	356	18.7.5	Helse	380
17.11.3	Studentbustader	357	18.7.6	Utanriks- og tryggingpolitikk	381
17.12	Kulturdepartementet	357	Forslag	383	
17.13	Landbruks- og matdepartementet	358	Vedlegg		
17.14	Nærings- og fiskeridepartementet	360	1	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemdar under Klima- og miljødepartementet	393
17.14.1	Løyvingar til forskning og innovasjon	362			
17.14.2	Løyving til Nysnø Klimainvesteringer AS	363			

Oversikt over boksar

Boks 3.1	Naturindeksen for Noreg	27	Boks 13.2	Korleis fungerer kvotesystemet i kort	295
Boks 3.2	Ambisjonen for innanlandske utsleppskutt i 2020	33	Boks 13.3	Hovudinnhald i Kommissjonens forslag til klimaregelverk («Fit for 55»)	296
Boks 8.1	Farevarslinga	95	Boks 17.1	Teknisk berekningsutval for klima (TBU) og arbeidet deira med klimaeffekt av statsbudsjettet: Resultat frå uttesting av metode for kategorisering	342
Boks 8.2	To nye stoff til prioritetslista	107			
Boks 8.3	Om ordninga	130			
Boks 12.1	Teknisk berekningsutval for klima	290			
Boks 13.1	Endring av vektingsfaktorar for å vekte klimagassar	294			

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Talet på trua artar og naturtypar i hovudøkosystema	28	Tabell 8.10	Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)	189
Tabell 3.2	Utslepp av klimagassar. Mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar (førebelse tal for 2020)	35	Tabell 8.11	Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) ...	190
Tabell 5.1	Viktige satsingar i statsbudsjettet for 2022 under Klima- og miljødepartementet (auke frå saldert budsjett 2021) ..	42	Tabell 8.12	Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2020	190
Tabell 5.2	Viktige satsingar i stattsbudsjettet for 2022 med tydeleg klima- og miljøgevinst, på andre departement sine område	43	Tabell 8.13	Oversikt over status for istandsetjing av teknisk-industrielle anlegg og fordeling av tilskot 2020	192
Tabell 7.1	Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer ..	51	Tabell 8.14	Oversikt over fordeling av tilskot for anlegg utanfor bevaringsprogrammet	193
Tabell 8.1	Fordeling av tilskot til organisasjonar i 2021 og 2022 (i 1000 kr)	79	Tabell 8.15	Oversikt over brannsikringstiltak i stavkyrkjer 2020	194
Tabell 8.2	Resultatområde under programkategori 12.20	98	Tabell 8.16	Tilskot til verdiskaping i 2020 ...	197
Tabell 8.3	Fordeling til driftsområde i Skjærgårdstjenesten	149	Tabell 8.17	Tilskot til verdsarvområda i 2020 frå post 79	197
Tabell 8.4	Type senter	159	Tabell 8.18	Resultatområde under programkategori 12.60	201
Tabell 8.5	Budsjettet for 2022 fordeler seg slik på dei ulike gebyrordningane:	161	Tabell 8.19	Nasjonale mål under programkategori 12.70	213
Tabell 8.6	Klima- og energifondets resultat og disponeringar i 2020, korrigert for kanselleringar	173	Tabell 11.1	Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltninga	281
Tabell 8.7	Berekning av kapital til Statens fiskefond i 2022	175	Tabell 11.2	Prosentoversikt over gjennomsnittsløn for kvinner og menn i miljøforvaltninga	281
Tabell 8.8	Samla ressursbruk av inntekter til Statens fiskefond i 2022	175	Tabell 11.3	Prosentoversikt over deltid, mellombels tilsette, legemeldt sjukefråvær og foreldrepermisjon for kvinner og menn i miljøforvaltninga	281
Tabell 8.9	Resultatområde under programkategori 12.30	179			

Tabell 15.1	Utsleppsgap og anslått effekt av verkemiddel (millionar tonn CO ₂ -ekvivalentar)	311	Tabell 17.8	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Nærings- og fiskeri-departementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	361
Tabell 15.2	Historiske kvoteprisar, årleg snitt, euro per tonn.	333	Tabell 17.9	Postar overført frå Olje og energidepartementet til Nærings- og fiskeri-departementet frå 2022	364
Tabell 17.1	Statens kontoplan	344	Tabell 17.10	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Olje- og energidepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	365
Tabell 17.2	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Finansdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	346	Tabell 17.11	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over Samferdselsdepartement sitt budsjett som kan ha ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	367
Tabell 17.3	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Forsvarsdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	347	Tabell 17.12	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Utanriksdepartementet som har klimaeffekt på internasjonale utslepp (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	370
Tabell 17.4	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for poster over Klima- og miljø-departementet sitt budsjett som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	351			
Tabell 17.5	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for poster over Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt budsjett som har ein klima-effekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	355	Vedlegg		
Tabell 17.6	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Kunnskapsdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	357	Tabell 1.1	Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art	393
Tabell 17.7	Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)	358	Tabell 1.2	Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde ...	395
			Tabell 1.3	Tilhøvet mellom kontant-beholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2018–2020 ...	396
			Tabell 1.4	Norsk Kulturminnefond. Utgifter og inntekter etter art	397
			Tabell 1.5	Norsk Kulturminnefond. Inntekter etter inntektskjelde ...	399
			Tabell 1.6	Tilhøvet mellom kontant-beholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk Kulturminnefond i perioden 2018–2020	400



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578

*Tilråding frå Klima- og miljødepartementet 24. september 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Dei viktigaste resultatane av klima- og miljøpolitikken til regjeringa

Forsterka klimamål for 2030 og 2050

Regjeringa har forsterka klimamåla for 2030 og 2050. Som tredje landet i verda melde Noreg inn eit forsterka klimamål under Parisavtalen. Målet er at utsleppa skal reduserast med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. innan 2030. Noregs klimamål for 2050 er også forsterka. I 2050 skal Noreg vere eit lågutsleppssamfunn, og utsleppa skal reduserast med 90–95 pst. Dei forsterka klimamåla er lovfesta i klimalova.

Klimaavtale med EU

I oktober 2019 inngjekk Noreg, saman med Island, ein klimaavtale med EU som legg rammene for norsk klimapolitikk. Klimaavtalen med EU inneber at Noreg tek del i EUs klimaregelverk frå 2021 til 2030. Regelverket er innretta for å nå ein utsleppsreduksjon på minst 40 pst. samanlikna med 1990-nivå. Det gjeld samla for alle EU-landa, Noreg og Island og for alle sektorar.

Lagt fram Klimaplan for 2021–2030

I januar 2021 la regjeringa fram Meld. St. 13 (2020-2021) – Klimaplan for 2021–2030. Meldinga inneheld ein plan for korleis regjeringa skal nå det norske målet under Parisavtalen om å redusere klimagassutsleppa med 50–55 pst. og samstundes omstille samfunnet og skape grøn vekst. Ein sentral del av denne planen er styrkt bruk av konkrete verkemiddel for å redusere innanlandske ikkje-kvotepliktige utslepp med 45 pst. For nærmare oppdatering om arbeidet med klimaplanen og måloppnåinga, sjå klimalovrapporteringa del IV.

Sett ned eit offentleg utval som skal vise korleis Noreg kan nå 2050-målet

I august 2021 sette regjeringa ned eit offentleg utval som skal gjere ei heilskapleg utgreiing av vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet i

2050. Utvalet skal vise korleis Noreg kan bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, med effektiv ressursbruk og eit konkurransedyktig næringsliv, som samstundes medverkar til ei utvikling som sikrar naturmangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn. Utvalet skal levere rapporten sin 1. november 2023.

Styrkt bruk av klimaverkemiddel

Regjeringa har i klimaplanen for 2021–2030 varsla styrkt bruk av klimaverkemiddel på ei rekkje område. Eit av hovudverkemidla i planen er å gradvis auke CO₂-avgifta til 2 000 kroner fram mot 2030.

Regjeringa har ein ambisjon om å halvere utsleppa frå transportsektoren innan 2030 samanlikna med 2005. I klimaplanen for 2021–2030 har regjeringa lagt fram verkemiddel for å halvere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå transportsektoren innan 2030. Dei viktigaste verkemidla for klimagassreduksjonar i transportsektoren er ei gradvis opptrapping av CO₂-avgifta, omsetningskrav for biodrivstoff, støtteordningar for nullutsleppsløysingar og nullutsleppskrav i offentlege innkjøp av transport.

Vidare er det lagt til rette for rask utbygging av ladeinfrastruktur i heile landet gjennom ein kombinasjon av offentlege verkemiddel og marknadsbaserte løysingar. Dette for å halde tritt med auken i delen elektriske transportmiddel. I juli 2019 la regjeringa fram ein handlingsplan for infrastruktur for alternative drivstoff i transport. Enova gjev støtte til ladeinfrastruktur i område der marknaden ikkje er moden og det er behov for offentleg støtte.

Regjeringa har lagt måltala frå Nasjonal transportplan 2018–2019 (NTP) til grunn for utforminga av verkemidla i Klimaplan for 2021–2030. I NTP 2022–2033 blir det slått fast at regjeringa vil halde fram med arbeidet for å nå måla. Vidare har regjeringa

- starta regelverksarbeid som skal sikre at offentlege innkjøp av personbilar og lette varebilar skal vere nullutslepp frå 2022 og bybussar skal vere nullutslepp eller bruke biogass frå 2025
- lagt fram ein plan for å nå målet om fossilfri kollektivtrafikk innan 2025
- lagt fram ein handlingsplan for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren

Regjeringa har styrkt omsetningskrava for biodrivstoff, samstundes som palmeoljebriken blir avgrensa. Tiltak knytte til bruk av biodrivstoff:

- Omsetningskravet for biodrivstoff har gradvis blitt trappa opp. I 2017 var kravet på 7 pst. med eit delkrav om 1,5 pst. avansert biodrivstoff. Frå 2021 er kravet på 24,5 pst. med eit delkrav om 9 pst. avansert biodrivstoff. Delkravet til avansert biodrivstoff har blitt auka kraftig, og dobbeltteljing av avansert biodrivstoff innanfor omsetningskravet bidreg til å avgrense bruken av biodrivstoff med risiko for auka utslepp i andre land.
- Det er innført vegbruksavgift på biodrivstoff som blir omsett utanfor omsetningskravet. Dette bidreg til ytterlegare kontroll over biodrivstoffet som blir selt.
- Frå 1. januar 2020 vart det innført krav om 0,5 pst. avansert biodrivstoff til luftfart.
- I klimaplanen vart det signalisert at regjeringa tek sikte på å innføre omsetningskrav for skipsfart og anleggsgasol i tillegg til å halde ved lag volumet i vegtrafikk.
- Regjeringa vil vurdere vidare opptrapping av kravet for luftfart.

Regjeringa la fram ein strategi for grøn konkurransekraft i oktober 2017. Denne sette mellom anna i verk eit strategiforum for prosessindustrien, Prosess21, som leverte sluttrapporten sin i februar 2021. 19 sektorar har utarbeidd eigne vegkart som beskriv korleis utsleppa av klimagassar kan kuttast, samstundes som næringane kan oppnå auka verdiskaping og nye arbeidsplassar. Regjeringa er oppteken av dialog med næringslivet gjennom dialogmøte og samlingar. I juni 2019 inviterte regjeringa til Næringslivets klimakonferanse. I juni 2021 inviterte KLD, NFD og UD til den digitale konferansen «*Hvordan kan Norge bidra i Europas grønne giv?*», med deltaking av EU-kommisjonens visepresident Frans Timmermans.

Regjeringa har innvilga støtte til eit norsk demonstrasjonsprosjekt for fullskala CO₂-handtering som omfattar fangst, transport og lagring av CO₂. Prosjektet heter «Langskip» og er det største

klimaprojektet i norsk industri nokosinne. Totalt er kostnadene anslåtte til 25,1 mrd. kroner for prosjektet, der staten vil bidra med i underkant av 17 mrd. kroner.

Regjeringa har over fleire år styrkt Enova, og det er inngått ein ny fireårig styringsavtale for 2021–2024 som spissar Enova som klimaverkemiddel. Nytt formål er at Enova skal *medverke til å nå Noregs klimaforpliktingar og medverke til omstillinga til lågutsleppssamfunnet*. Regjeringa løyvde 3,3 mrd. kroner til Enova i 2021, ein auke på nærare 1,6 mrd. kroner sidan 2013. Med dette set vi Enova i stand til å halde fram med å forsterke satsingane som skal medverke til utsleppsreduksjonar og til omstilling til lågutsleppssamfunnet. For den førre styringsavtalen som gjaldt for perioden 2017–2020, vart det utarbeidd fire målindikatorar som skulle gje indikasjon på måloppnåinga til Enova. Desse var klimaresultat tilsvarande 1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i ikkje-kvotepliktig sektor, energieresultat tilsvarande 4 TWh, effektresultat tilsvarande 400 MW og innovasjonsresultat tilsvarande utløyst innovasjonskapital på 4. mrd. kroner. I løpet av perioden har Enova oppnådd måla for alle dei fire målindikatorane som vart sett i styringsavtalen.

Regjeringa inngjekk ein intensjonsavtale med organisasjonane i jordbruket i 2019. Intensjonsavtalen ligg til grunn for klimaarbeidet i jordbruket om gjensidig å arbeide for reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket. Det er sett eit mål om at utsleppa skal ned med 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar for perioden 2021–2030.

Det er innført forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar frå 2020. Regjeringa har utvida forbodet til å òg gjelde oppvarming og tørking av bygningar som er under oppføring og rehabilitering, frå 1. januar 2022.

I skog- og arealbrukssektoren er det viktig å auke opptaket og redusere utsleppa. Regjeringa har i fleire år løyvd tilskot til tettare planting ved forynging etter hogst, skogplanteforedling og gjødsling av skog. Den sistnemnde ordninga skal bli vurdert i år. Klimaplanen inneheld ny politikk som skal auke opptaket ytterlegare.

Regjeringa arbeider for at arealplanlegginga etter plan- og bygningslova skal bidra til å redusere utslepp frå nedbygging av skog, myr og andre grønne areal. Regjeringa arbeider òg med å greie ut nye verkemiddel for å redusere utslepp frå arealsektoren, mellom anna ser ein på moglegheitene for å innføre ei avgift på nedbygging og andre arealbruksendringar som gjev klimagassutslepp.

Grøn skipsfart

Ambisjonen til regjeringa er å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og å stimulere til låg- og nullutsleppsløysingar innan alle fartøyssegmenta.

I 2019 la regjeringa fram Handlingsplan for grønn skipsfart, som utgjør rammene for arbeidet med satsinga. I Meld. St. 13 (2020-2021) *Klimaplan for 2021–2030* og Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere og smartere – morgendagens maritime næring* tek regjeringa politikken for grøn skipsfart vidare innanfor fleire segment. Kombinasjonen av krav i offentlege anbod og verkemiddel som Enova, Klimasats og NO_x-fondet har bidrege til at Noreg i 2021 har over 70 heil- eller delbatteri-elektrifiserte ferjer på vatnet.

Regjeringa varsla i Klimaplanmeldinga innføring av låg- og nullutsleppskriterium i alle nye ferje- og hurtigbåtanbod i 2023 og 2025, der det ligg til rette for det. Regjeringa vil òg greie ut klimakrav i offentlege innkjøp av sjøtransporttenester meir generelt, med sikte på innføring frå 2023. Vidare varsla regjeringa ei trinnvis innføring av krav om låg- og nullutslepp for servicefartøy i havbruksnæringa der det ligg til rette for det, frå 2024, utgreiing og innføring av nye krav til offshorerefartøy frå 2022 som ledd i oppfølginga av oppmødingsvedtaket til Stortinget om låg- og nullutslepp for offshorerefartøy.

For å sikre at den nødvendige grønne flåtefornyinga skjer for lastefartøy òg, har regjeringa hatt ei målretta satsing på modning av prosjekt gjennom Grønt Skipsfartsprogram. I 2020 oppretta regjeringa ei låneordning for skip og fiskefartøy i nærskipfart og dessutan ei kondemneringsordning for skip i nærskipfart for å leggje til rette for grøn flåtefornying.

Regjeringa har etablert strengare krav til utslepp frå skip som seglar i verdsarvfjordane. Krava, som tredde i kraft i mars 2019, vil medføre eit reinare miljø i desse fjordane.

Styrkt klimabistand

Regjeringa har styrkt og vidareutvikla Klima- og skoginitiativet som ein sentral del av den globale klimaløysinga. Klima- og skoginitiativet har etablert bilaterale samarbeid med dei største av regnskoglanda i verda. Dei siste fire åra har innsatsen i Indonesia fått eit avgjerande gjennomslag, der landet gjennom ei rekkje viktige reformer og grep har lykkast med å redusere avskoging og auke bevaring av torvmyr. Det har gjeve utsleppsreduk-

sjonar mange gonger høgare enn Noreg sine årlege utslepp.

Det er arealpolitikken i landa som avgjer om avskoginga går ned. I tillegg legg den internasjonale råvaremarknaden eit stor press på skogen. Dei seinare åra har Klima- og skoginitiativet retta delar av innsatsen inn mot å påverke dei globale marknadskreftene og å samarbeide med privat næringsliv om å redusere utslepp frå avskoging. I 2021 har ei samling av offentlege og private aktørar lansert ei stor utlysning for å kjøpe utsleppsreduksjonar frå regnskog (LEAF). Å få til langsiktig, føreseieleg finansiering av utsleppsreduksjonar frå tropisk skog har vore eit hovudmål for det norske Klima- og skoginitiativet. Etter tolv års innsats ser det ut som at det skjer.

I løpet av regjeringsperioden har, mykje på grunn av Noreg sin innsats, data om skogen blitt opne og tilgjengelege for alle, noko som medverkar til å stille dei som øydelegg skogen, til ansvar.

Regjeringa har auka støtta til klimafinansiering, mellom anna gjennom Det grønne klimafondet, og vil bidra til Det grønne klimafondet med 800 mill. kroner årleg i perioden 2020–2023.

UD har utarbeidd ein ny strategi for klimatilpassing, førebygging av klimarelaterte katastrofar og kamp mot svolt.

Regjeringa har vidareført Noregs innsats som ein leiande berekraftig investor i fattige land, gjennom mellom anna Norfund. Halvparten av investeringsmidlane til Norfund skal over tid investerast i fornybar energi. Regjeringa har bestemt å etablere eit nytt klimafond. Fondet skal investere i fornybar energi i utviklingsland med mål om å bidra til reduserte klimagassutslepp.

Styrkt arbeid med helse- og miljøfarlege kjemikalier
Miljømålet for miljøgifter og andre stoff som utgjør ein alvorleg trussel mot helse og miljø (prioritetslistestoffa), vart frå 2021 erstatta med eit nytt, spissa mål: «*Bruk og utslepp av stoff på prioritetslista skal stansast.*»

I perioden er ei rekkje miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege stoff regulerte eller forbodne i EU og globalt etter initiativ frå Noreg. Noreg er ein integrert del av EUs regime for regulering av kjemikalier, og er eitt av landa i Europa som fremjar flest forslag om fareklassifisering, forbod og andre reguleringar. Koronapandemien og mangelen på desinfeksjonsmiddel medførte betydeleg arbeid på biocidområdet. Etter Brexit har Noreg overteke oppgåver under EUs felles reguleringsarbeid frå Storbritannia.

Klima- og miljødepartementet har sommaren 2021 lagt fram ein handlingsplan for ein giftfri kvardag.

Noreg arbeider for ei styrking av internasjonale miljømerkeordningar under forhandlingane om eit nytt globalt rammeverk for kjemikalier og avfall.

Nasjonal strategi for sirkulær økonomi

Regjeringa har lagt fram ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi. Det er ambisjonen til regjeringa at Noreg skal vere eit føregangsland gjennom aktiv vidareutvikling av politikk og verkemiddel, både nasjonalt og i samarbeidet med EU, for rammevilkår som sikrar grunnlaget for verdiskaping og grøn konkurransekraft i Noreg. Strategien legg grunnlaget for arbeidet med å utnytte potensialet for verdiskaping i norsk næringsliv på basis av ein meir sirkulær økonomi, med konkrete tiltak på dei områda som er identifiserte å ha det største sirkulærøkonomiske og grønne konkurransekraftpotensialet i Noreg, nemleg bioøkonomien, prosessindustrien, bygg og anlegg, varehandel og tenestenæringane.

Styrkt arbeid mot miljøkriminalitet

Regjeringa har i 2020 lagt fram stortingsmelding om miljøkriminalitet. Meldinga presenterer ein heilskapleg politikk for å styrkje innsatsen mot miljøkriminalitet nasjonalt og internasjonalt og dermed redusere den negative verknaden miljøkriminalitet har på klima og miljø. Stortingsmeldinga legg grunnlaget for eit langsiktig oppfølgingsarbeid på tvers av ulike sektorar og på ulike internasjonale arenaer. Eit viktig formål med meldinga er å setje miljøkriminalitet på dagsordenen og bidra til auka kunnskap, forståing og engasjement rundt miljøkriminalitet og få internasjonal merksemd om nødvendigheita av å førebyggje og kjempe mot miljøkriminalitet på vegen for å nå FN's berekraftsmål.

Marin forsøpling og plastforureining

Regjeringa har i perioden ført ein offensiv strategi for å motverke plastforureining, nasjonalt og internasjonalt, gjennom ei brei tilnærming til livsløpet til plasten. Tiltak nasjonalt og internasjonalt blir følgde opp løpande, mellom anna basert på nye tiltaksvurderingar frå Miljødirektoratet i 2020 og også i samarbeid med EU. Det er vedteke nytt regelverk for å hindre spreiding av mikroplast frå

kunstgrasbanar og innført forbod mot ei rekkje eingongsartiklar i plast.

Tilskotsordning for opprydding av marin forsøpling er styrkt i perioden. Vidare er det oppretta eit senter i Lofoten, som frå 2022 blir eit reindyrka senter for marin forsøpling.

Internasjonalt er det vedteke strengare globale reglar for eksport og import av plastavfall etter forslag frå Noreg. Reglane tredde i kraft 1. januar 2021. Mange land har no uttrykt si støtte til ein ny global avtale mot marin plastforsøpling og plastforureining, der Noreg har gått føre og spelar ei viktig rolle. Noreg arbeider for at FN's miljøforsamling skal gjere eit vedtak om å setje i gang ein forhandlingsprosess for ein ny avtale i februar 2022.

Regjeringa har nyleg lagt fram ein heilskapleg plaststrategi. Strategien fremjar tiltak for meir berekraftige plastprodukt, meir berekraftig bruk av plastprodukt, auka mengd plastavfall som kan attvinnast, og framleis hindre at plastavfall endar på avvegar i naturen.

Styrkt havforvaltning

Heilskapleg havforvaltning er grunnlaget for ein berekraftig havøkonomi og eit bidrag til velferd. Regjeringa la i 2020 fram ei melding til Stortinget om heilskaplege forvaltningsplanar for dei norske havområda (Meld. St. 20 (2019–2020)). Regjeringa fører vidare arbeidet med ei heilskapleg og økosystembasert havforvaltning. Dette er viktig for å handtere aukande aktivitet og aukande press på dei marine økosystema i havområda våre. I meldinga er det mellom anna sett ei fast grense for petroleumsvirksemd ved iskantsona.

Våren 2021 la regjeringa fram ei melding til Stortinget om heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur. Meldinga omhandlar ein plan for det vidare arbeidet for å ta vare på viktig natur i havet gjennom å etablere marine verneområde og andre effektive arealbaserede bevaringstiltak. Gjennom meldinga har regjeringa mellom anna vedteke å føre vidare arbeidet med marin verneplan frå 2004 og supplere denne med nye område. Regjeringa vil òg hente meir erfaring med bevaring og restaurering av økosystem og kartleggje område som er viktige for karbonlagring. Eit viktig oppfølgingspunkt i meldinga er å vurdere om det er behov for å styrkje lovgjevinga utanfor 12 nautiske mil, der vi ikkje har heimel til å opprette marine verneområde etter naturmangfaldlova. I meldinga blir det vidare varsla ein prosess for å gå gjennom dei

internasjonale forpliktingane våre for marin bevaring og korleis desse skal oppfyllest.

Oppryddingsprosjekt i fjordane

Oppryddinga i Puddefjorden, Farsund hamn og sjøbotn i Sandefjord vart ferdig i 2018. Arendal indre hamn og Flekkefjord vart ferdige i 2019, og Horten hamn vart ferdig i 2020. Det vart løyvd midlar til oppstart for opprydding i Hammerfest Hamn i statsbudsjettet for 2021.

Regjeringa har styrkt arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet

Regjeringa har gjennomført ei rekkje tiltak for å ta vare på naturmangfaldet i Noreg. I førre perioden la regjeringa fram ei stortingsmelding om naturmangfald. Denne legg grunnlaget for ei meir heilskapleg forvaltning av naturen på tvers av sektorar for å oppnå ønskt tilstand i økosystema. I denne perioden har regjeringa halde fram med å følgje opp meldinga gjennom mellom anna å ruste opp kunnskapen om naturmangfald, sikre meir og betre natur og styrkje innsatsen for trua artar og naturtypar. I 2021 prioriterte regjeringa om lag 2,4 mrd. kroner til miljøforvaltninga sitt arbeid med naturmangfald. Fleire viktige tiltakspostar innanfor naturområdet er auka sidan regjeringa tiltrjedde, mellom anna er løyvingane til skogvern og vassmiljøtiltak auka monaleg.

Regjeringa har

- lagt fram Naturstrategi for våtmark, ein heilskapleg strategi på tvers av sektorar for berekraftig bruk av økosystemet våtmark
- lagt fram ein heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden
- vedteke tiltaksplan for nedkjemping av framande skadelege artar 2020–2025 og lagt fram tiltaksplan for pollinerande insekt
- utarbeidd ein oppfølgingsplan for trua natur, med tiltak og verkemiddelbruk for å betre statusen for 23 artar og 12 naturtypar. I tillegg er det vedteke to nye utvalde naturtypar og ein prioritert art i inneverande stortingsperiode.
- utvikla eit nytt fagsystem for å skildre tilstanden i økosystem, der dei første nasjonale klassifiseringane av tilstand skjer no. Hittil har økosystema arktisk tundra, hav og skog blitt klassifiserte etter systemet, seinare vil vi få klassifisering for økosystem fjell. Det blir jobba med å utvikle systemet for å få klassifisert enda fleire økosystem.
- lansert Økologisk grunnkart, som er ein nettportal hos Artsdatabanken med ei samling av

ulike kartlag som gjev kunnskap om kvar naturtypar, artar og landskapstypar finst i landet

- oppretta ei tilskotsordning for kommunar som lagar kommunedelplan for naturmangfald, og tilskotsordningar for tiltak retta mot pollinerande insekt og framande skadelege artar
- oppretta ein budsjettpost for å restaurere myr og anna våtmark, som har medverka til at over 80 myrar er blitt restaurerte dei siste fem åra
- vedteke ei kvalitetsnorm for villrein i 2020 som omfattar 50 000 km² i fjellet i Sør-Noreg, og gjennomført ei første klassifisering av tilstanden i dei nasjonale villreinområda hausten 2021
- bidrege aktivt i dei internasjonale forhandlingane om eit nytt globalt rammeverk for naturmangfald

Regjeringa har styrkt forvaltninga av verneområda og verna meir verdifull natur. Dei siste fire åra har regjeringa verna 407 nye skogvernområde og har no nådd 3,8 pst. vern av produktiv skog og 5,1 pst. vern av all skog. Regjeringa har verna tre nye nasjonalparker – Raet, Jomfruland og Lofotodden – og utvida Dovrefjell og Saltfjellet-Svartisen nasjonalparker. I tillegg er det verna omfattande våtmarksområde i Tyrifjorden. Regjeringa har sett i verk vern for å bevare den andre mest verdifulle naturen på land, og det er òg sett i verk arbeid med nye nasjonalparker. Vidare har regjeringa verna ni nye marine verneområde og lagt fram ei stortingsmelding om bevaring av viktige område for marin natur. Forvaltninga av verneområda er styrkt med vesentlege budsjettaukar, både til fysiske tilretteleggings- og skjøtselstiltak, fleire årsverk til verneområdeforvaltning og gjennom ein eigen handlingsplan. For dei nye nasjonalparkane Raet, Jomfruland og Lofotodden er det oppretta tre nye nasjonalparksenter.

Regjeringa har ført ein rovviltpolitikk i samsvar med Stortingets vedtak. Den regionale rovviltforvaltninga er evaluert, og gjeldande inndeling av regionar skal haldast ved lag. Regjeringa har utarbeidd ei rettleiing for meir effektiv skadefelling av rovvilt og mellom anna støtta prosjekt for profesjonalisering av rovviltfellingslag i gamle Hedmark, no del av Innlandet fylke. Det er vedteke nye verkemiddel for lisensfelling av jerv, slik at det er tillate å bruke kunstig lys ved åtejakt og overvake fangstbåsar elektronisk.

Auka satsing på friluftsliv

Regjeringa har utarbeidd og følgd opp ei stortingsmelding og ein handlingsplan om friluftsliv. Som

ledd i dette har regjeringa bidrege til å sikre og leggje til rette ei rekkje nye friluftslivsområde og gjeve tilskot til friluftslivstiltak som prioriterer barn, unge, personar med innvandrarbakgrunn og personar som er fysisk lite aktive. Regjeringa har òg sett i verk eit ferdselsåreprosjekt, støtta statlege områdesatsingar innanfor utvikling av grønområde og utvida skjergardstenesta.

Handlingsplan for friluftsliv er følgt opp gjennom løyvingar til fleire konkrete friluftslivsprosjekt som UT.no, Historiske vandreruter, prosjekt som fremjar friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne og friluftsliv i skulen. Regjeringa har teke initiativ til og gjev løyvingar til to ulike prosjekt for å få betre kunnskap om kva som kjenneteiknar vellykka friluftslivsaktivitetar for barn og unge i barnehage, skule, SFO og på fritida. Regjeringa har vidare etablert og utvikla ordninga Nasjonale turiststiar. For å ta vare på fjellnaturen har regjeringa innhenta fagrapportar om omfang, utvikling og konsekvensar av bygging av fritidsbustader og framheva ei tydeleg forventning om berekraftig forvaltning av fjellnaturen i regional og kommunal planlegging. I samband med regionreforma er no dei fleste oppgåvene innanfor forvaltninga av statleg sikra friluftslivsområde samla hos fylkeskommunane, slik at forvaltninga av desse områda blir meir effektiv og samordna.

Styrking av kulturmiljøforvaltninga

Regjeringa la i 2020 fram ei stortingsmelding (Meld. St. 16 (2019–2020)) som fastsette nye nasjonale mål på kulturmiljøområdet. Gjennom denne kulturmiljømeldinga har regjeringa synleggjort kulturhistoriske verdiar som ein ressurs i samfunnsutviklinga og som del av den samla miljøforvaltninga, særleg innanfor by- og tettstadsutviklinga. Innsatsen frå dei frivillige og rettane til private eigarar er viktige for denne regjeringa.

Som del av regionreforma vart størstedelen av myndet til å gjere førstelinjevedtak overført frå Riksantikvaren til fylka med verknad frå 1. januar 2020. Med det samla myndet regionane har fått overført, er dei i større grad sette i stand til å fylle rolla som regional utviklingsaktør.

I løpet av dei siste fire åra er det oppretta tre nye autoriserte verdsarvsenter som er med på Unescos verdsarvliste (Røros, Rjukan-Notodden og Urnes). Parallelt vart dei tre sentera som vart etablerte i 2015, reautoriserte (Alta, Geiranger og Vega). Dei seks verdsarvsentera skal vere besøks-senter for alle som søker informasjon om verdsarv og staden dei besøker.

Noreg har i perioden 2017–2021 vore medlem av Unescos verdsarvkomité. Klima- og miljødepartementet har i denne perioden særleg arbeidd med å gjere merksam på det internasjonale ansvaret for verdsarvkonvensjonen. Det har vore prioritert å arbeide for å sikre god forvaltning i land med små ressursar og å bidra til ein betre geografisk og tematisk balanse på verdsarvlista.

I perioden 2018–2021 er det løyvd til saman om lag 500 mill. kroner til Kulturminnefondet. Midlane har gått til cirka 2 500 tiltak for privateigde verneverdige kulturminne, som bygningar, bustader, båtar, hageanlegg og kulturlandskap. Tilskotet til Kulturminnefondet bidreg til å nå dei nasjonale kulturmiljømåla og er eit viktig bidrag i sirkulærøkonomien.

Polarområda

Regjeringa la våren 2021 fram eit lovforslag om forbod mot bruk av tungolje i heile territorialfarvatnet ved Svalbard. Dette vart lovfesta i juni 2021 og trer i kraft 1. januar 2022, med overgangsordning til 1. januar 2024 for kol eller stykkgodstransport til og frå Longyearbyen og Barentsburg. Forbodet er særleg viktig fordi miljøvernet på Svalbard står overfor store utfordringar som klimaendringar, aukande ferdsel og moglegheiter for endringar i aktivitetsbiletet som følgje av varmare klima og meir tilgjengelege arktiske havområde. Eit utslepp av tungolje er sær problematisk i Arktis.

Regjeringa har styrkt vernet av isavhengige artar på Svalbard, særleg ringsel og isbjørn, ved å inkludere Van Mijenfjorden i Nordenskiöld Land nasjonalpark og dermed utvide nasjonalparken med 2914 km². Nasjonalparken heiter no Van Mijenfjorden nasjonalpark og utgjer 4251 km².

2 Om klima- og miljøutfordringane

Klimautfordringane

Å løyse klima- og miljøutfordringane er blant dei største oppgåvene vi står overfor i vår tid. Klima- og miljøendringane påverkar helsa, livsgrunnlaget og verdiskapinga til menneska. Oppvarming av klimasystemet og den menneskelege påverknaden er klar, ifølgje første delrapport om det naturvitskaplege grunnlaget i sjette hovudrapport frå FNs klimapanel som blei lagt fram i 2021.

I 2019 var den årlege gjennomsnittlege konsentrasjonen av karbondioksid (CO₂) i atmosfæren høgare enn på minst to millionar år. Det er minst 800 000 år sidan vi hadde like mykje metan i atmosfæren. Den globale gjennomsnittstemperaturen har allereie auka med 1,1 gradar celsius (°C) sidan førindustriell tid, og det er eintydig at menneskeleg påverknad har varma det globale klimasystemet. Temperaturen har auka meir over land (1,6 °C) enn over havoverflata (0,9 °C). FNs klimapanels spesialrapport om klimaendringar og landareal frå 2019 viser at utnyttinga av landjorda har ført til klimagassutslepp, tap av naturlege økosystem som skog og våtmark og mindre naturangfald. Klimaendringane forsterkar eksisterande belastningar som forørkning, vassmangel og at landområde blir forringa. Dette påverkar mattryggleiken og medfører risiko for helsa og livsgrunnlaget til menneska, infrastrukturen og tilstanden i ulike økosystem.

Parisavtalen under FNs klimakonvensjon er ei solid ramme for den globale klimainnsatsen. Målet med avtalen er å styrkje den globale innsatsen mot klimaendringane, mellom anna ved å halde den globale temperaturauken til godt under 2 gradar samanlikna med førindustrielt nivå og å søkje å halde oppvarminga til 1,5 gradar. FNs klimapanels delrapport frå 2021 viser at det vil vere store gevinstar ved å avgrense oppvarminga til 1,5 gradar og at det trengs raske og store utsleppskutt om det skal vere mogleg å halde temperaturstigning under 1,5 grader. På tross av at mange land har forsterka sine mål under Parisavtalen det siste året, mellom anna EU og USA, er det ikkje nok. Kva verda gjer dei neste ti åra, blir avgjerande for om vi maktar å bremse dei

menneskeskapte klimaendringane i tide til å nå temperaturmålet i Parisavtalen.

Noreg skal i 2050 vere eit lågutsleppssamfunn. Det er nedfelt i klimalova at utsleppa i 2050 skal reduserast med 90–95 pst. i forhold til 1990, inkludert effektane av Noregs deltaking i klimakvotestystemet. For å få til dette må vi omstille oss til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor tolegrensene til naturen. Det grønne skiftet krev ei stor omstilling som omfattar alle samfunnsområde og aktørar. Samarbeid og samhandling er viktig for å setje felles mål og for å utvikle teknologi og rammevilkår. Innovasjon og teknologiutvikling er ein av nøklane til det grønne skiftet, og næringslivet er ei sentral kraft. Verda treng fornybar kraft, og transporten må ha nullutslepp. Ressursane må brukast meir effektivt, og vi må halde ressursane lenger i krinsløpet i ein meir sirkulær økonomi, ved betre produktdesign, ved auka ombruk, reparasjon og materialattvinning. Vi må auke bruken av sekundære råvarer og redusere bruken av primære råvarer. Dette gjeld til dømes byggje- og anleggssektoren som står for om lag 40 pst. av det nasjonale energiforbruket, og ein stor del av ressursbruken og avfallsmengda. Istandsetjing, rehabilitering og ombruk av eksisterenda bygningar er difor viktige bidrag for å redusere utsleppa frå sektoren og for at sektoren skal bli meir sirkulær.

I Noreg skaper endringar i klimaet nye utfordringar for menneska og samfunnet. Eit varmare klima med større nedbørsmengder fører mellom anna til flaum og jordras. Skadelege framande artar vil tilpasse seg i den norske naturen, mange artar og bestandar flyttar seg lenger nord eller høgare til fjells om det er mogleg, eller dei blir borte frå den norske naturen.

Ringverknadene av klimaendringar i andre delar av verda kan òg få store konsekvensar for Noreg. Dette har mellom andre Klimarisikoutvalet understreka i sin rapport.¹ Ifølgje ein rapport frå EY² vil den mest akutte verknaden vere auka behov for bistand og nødhjelp som følgje av hyppi-

¹ NOU 2018: 17 *Klimarisiko og norsk økonomi*

² M-932 *Utredning om konsekvenser for Norge av klimaendringar i andre land*

gare og kraftigare ekstremvêr, flaum, tørke og mangel på vatn. Det er påvist tydelege samanhangar mellom slike verknader, fattigdomsutvikling og humanitære kriser blant menneske som bur i sårbare område.

Covid-19-pandemien har gjeve utsleppskutt fordi det har vore lågare aktivitet i energibruk, produksjon og transport over store delar av verda. Den langsiktige effekten på utsleppa er usikker. Den nye delrapporten frå FNs klimapanel seier at det er middels sikkert at CO₂-konsentrasjonen i atmosfæren heldt fram med å auke i 2020, utan ein merkbar reduksjon i vekstrateobservasjonar av CO₂. For å få varige utsleppskutt må vi ta i bruk lågutsleppsteknologi og meir effektive løysingar når aktiviteten aukar igjen.

Økt press på havmiljøet – behov for grøn omstilling i havøkonomien

Dei store havområda under norsk jurisdiksjon, og avhengnaden og tilknyttinga vår til havet, både i fortid, notid og framtid, inneber eit særskilt forvaltingsansvar for å sikre velfungerande marine økosystem, reine hav og rein kyst.

Viktige utviklingstrekk i norsk og internasjonal havforvaltning er omstilling i havbaserte næringer, globale diskusjonar under FN om forvaltning av hav og havressursar, ei aukande erkjenning av kva rolle økosystema har i havøkonomien, og korleis havet kan vere ein del av løysinga på globale utfordringar. Utgangspunktet for *Høgnivåpanelet for ei berekraftig havøkonomi* (Havpanelet) er at havområda i verda har stort potensial for økonomisk vekst gjennom nye næringer og utvikling av eksisterande næringer. Samstundes er god miljøtilstand i havet og at havområda blir nytta på ein ansvarleg og berekraftig måte, ein føresetnad for å realisere potensialet i havet fullt ut. Havpanelet la fram konklusjonane sine, «Omstilling til ein berekraftig havøkonomi – ei visjon for bevaring, produksjon og velstand», i desember 2020.

Ifølgje Naturpanelet er det globalt fire hovudpåverknader på dei marine økosystema. Den viktigaste påverknaden i global samanheng er fiskeria og anna hausting av marine organismar. Dernest kjem endringar i arealbruken på land og i havet, inkludert utvikling av infrastruktur og akvakultur i kystsona. Så kjem klimaendringar og deretter tilførsel av forureining og avfall. Forholdet mellom desse påverknadsfaktorane varierer mellom ulike delar av verdshava. I norske havområde er klimaendringar den viktigaste påverknadsfaktoren.

FNs klimapanel framhevar i spesialrapporten om hav og is frå 2019 at vi ser verknader av klimaendringane på marine økosystem over heile kloden. Til dømes er dei tropiske korallreva hardt ramma. Klimaendringane forsterkar påverknaden frå andre faktorar som fiskeri, utbygging av kystsona og tilførsel av forureining og avfall. Havet blir varma opp meir enn dobbelt så raskt som i 1993. I heimlege farvatn ser vi at utbreiinga av plankton, fisk, sjøfugl og botndyr flyttar seg nordover som følgje av varmare havvatn, og at leveområda for arktiske artar krympar. Mange av endringane, som ismeltinga på Grønland og i Antarktis, havnivåstiging, forsuring og oppvarming av djuphavet og tining av permafrost, er rekna som irreversible dei neste hundreåra, ifølgje delrapporten frå 2021. Konsekvensane av havnivåstiging og meir ekstremvêr for økosystem og samfunn i lågtliggjande kystområde og små øyar er òg venta å bli svært alvorlege.

Marin plastforureining og spreining av mikroplast

Marin plastforureining og spreining av mikroplast er eit raskt aukande globalt miljøproblem og ein trussel både mot dyreliv langs kyst og i hav, mot sjømatressursane og mot menneska sin bruk av kyst- og havområda. Plastavfallet blir brote ned svært sakte i havdjupet. Det er usikkert om det nokon gong vil forsvinne, eller om det berre endar som små mikro- og nanoplastpartiklar. Det er behov for meir kunnskap om kva effektar mikroplast i havet har på helsa til dyr og menneske. Den raske auken av plast i havet, og dei skadane ein allereie ser, gjer at dette er rekna som ein av dei viktigaste truslane mot havmiljøet. Utslepp, spreining og effektar av mikroplast til luft, jordsmonn og ferskvatn er òg område der det trengst meir kunnskap. På global basis kjem dei største mengdene marint avfall frå land i rask økonomisk vekst og utan tilfredsstillande system for behandling av avfall. I Noreg er det særleg plastavfall frå fiskeri- og oppdrettsnæringa og avfall frå forbrukarar som er dei største kjeldene til marin forsøpling. Avfall frå fiskeri og akvakultur, særleg tau, dominerer i kystområda, medan gjenstandar frå personleg forbruk (og nær halvparten er matemballasje) utgjer ein større del i tett folkesette område. Ei første undersøking av kjelder til plastforureining i ferskvatn i Noreg fann mest avfall frå matemballasje, isopor, sigarettar og snus. Mykje var ikkje mogleg å identifisere og kan ikkje sporast tilbake til kjelda.

Eit giftfritt miljø og trygge forbrukarprodukt

Miljøgifter er ei av dei tre viktigaste globale miljøutfordringane saman med klimagassutslepp og tap av biologisk mangfald. Stans i bruken og utsleppa av miljøgifter er grunnleggjande for god folkehelse, eit reint miljø, trygg matproduksjon og for å beskytte økosystema. Det er særleg viktig å ta i vare sårbare og utsette grupper som foster, barn og eldre og å unngå eksponering i kjønnsmoden alder eller gjennom arbeid. Mykje av norsk verdiskaping, produksjon og velferd er avhengig av eit reint miljø. Utslepp av miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege stoff frå norske kjelder har gjennom mange års innsats blitt tydeleg reduserte. Utfordringane no ligg særskilt i langtransportert luft- og havforureining og i produkt som inneheld miljøgifter. Miljøgiftene blir brotne sakte ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene, og dei kan ha alvorlege langtidseffektar. Det er difor ei vedvarande utfordring å redusere forureining frå miljøgifter, og utfordringane må løysast ved internasjonalt samarbeid på globalt og europeisk nivå. Arbeidet under EØS-avtalen og globale avtalar er særleg viktig, og Noreg er ein leiande aktør. Miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege stoff i produkt hindrar trygg materialuttvinning og er dermed eit hinder for auka bruk av sekundære råvarer.

Tap av natur og naturmangfald

Naturen er sjølve livsgrunnlaget vårt. Mangfaldet i naturen gjev oss mellom anna tilgang til reint vatn og rein luft, mat, medisinar og byggjemateriale. Naturen medverkar òg med store opptak av klimagassar. Robuste økosystem kan dempe effekten av klimaendringane til dømes i form av flaumdemping og vassreinsing eller vern mot erosjon. Mange økosystem er så belasta av negativ påverknad at dei ikkje lenger leverer dei goda eller held ved lag dei naturlege prosessane som menneska er heilt avhengige av.

I mai 2019 la FN's naturpanel fram sin globale rapport om tilstanden i naturen. Rapporten stiller saman kunnskap frå nær 15 000 vitenskaplege kjelder. Dyr, plantar og økosystem blir ifølgje rapporten utrydda i eit tempo vi aldri før har sett i historia til mennesket. Vi hentar ut stadig meir mat, energi og materiale frå naturen for å dekkje eit aukande forbruk til ei veksende global befolkning. Det samla avtrykket vårt er no så omfattande at vi drastisk reduserer evna naturen har til å levere grunnleggjande tenester som reint vatn, rein luft og stabil tilgang til mat i framtida.

Berekraftig bruk av areala er avgjerande for å nå klimamåla og ta vare på biologisk mangfald. Både Naturpanelets globale rapport og Klimapanelets spesialrapport om klimaendringar og landareal viser til at landbaserte tiltak for å restaurere og bevare viktige økosystemtenester kan medverke både til auka karbonbinding og klimatilpassing.

Tapet av naturmangfald er både ei nasjonal og ei internasjonal utfordring. I Noreg er det risiko for tap av naturmangfald, særleg som følge av arealinngrep, arealbruksendringar og spreining av framande artar. Miljøkriminalitet er òg ei viktig årsak til at nokre artar risikerer utrydding eller overutnytting. I havet gjev marin plastforureining og havforsuring store utfordringar for mangfaldet av plantar og dyr. Klimaendringane forsterkar truslane både på land og i havet og har aukande negativ påverknad. Ein føresetnad for å lykkast i å oppnå måla i Parisavtalen og FN's berekraftsmål er å ta vare på naturmangfaldet. Eit rikt naturmangfald og lett tilgang til naturområde er viktige for folkehelsa. Når naturområde blir bygde ned, vil dette ofte gå ut over høvet til friluftsliv. Særleg i byer er tilgangen til naturområde og naturopplevingar under press. Det er difor viktig at konsekvensar for friluftsliv blir vurderte i alle saker som omfattar nedbygging av både større og mindre natur- og grøntområde. I tillegg er deltakinga i friluftslivet låg blant einskilde grupper i befolkninga.

Kulturmiljø

Forvaltninga av kulturmiljø er ein integrert del av klima- og miljøforvaltninga. Kulturmiljø er dei kulturhistoriske spora i omgjevnadene våre og utgjer ein verdifull ressurs i møte med samfunnsutfordringane i vår tid.

Overgangen til ein meir sirkulær økonomi inneber at vi skal utnyttje alle ressursane best mogleg. Vern gjennom bruk er difor framleis eit viktig prinsipp for ei berekraftig kulturmiljøforvaltning. Det vil både redusere avfall og redusere behovet for produksjon og transport av nye byggjematerial. Vidareført bruk, innovativ ombruk og gjenbruk av eksisterande bygningar og materiale medverkar til å redusere råvarebruk, avfall, utslepp og energiforbruk. Det er verknadsfulle tiltak som gjev reduserte klimagassutslepp her og no og ikkje berre ein venta gevinst i framtida.

Samstundes som kulturmiljøfeltet kan bidra til ein sirkulær økonomi og reduksjon av klimagassutslepp, er det òg viktig at kulturmiljøfeltet handterer dei uønska konsekvensane av klimaendringane. Eit fuktigare og varmare klima vil gje

auka fare for røte- og insektskadar. Vidare kan akutte hendingar som flaum, skred, brann og kraftig nedbør true dei kulturhistoriske verdiane. Klimatilpassing er derfor ei sentral oppgave for kulturmiljøforvaltninga framover.

Urbaniseringa og den auka tilflyttinga til byane og tettstadene fører òg til press på areal, kulturminne og kulturmiljø. Utfordringa ligg i å auke tettleiken samstundes som ein forsterkar trivselen og kjensla av tilhørsele for innbyggjarane.

Miljøkriminalitet kan føre til at kulturmiljøverdiane knytte til både kunnskap, oppleving og bruk blir forringa, til dømes ved at samanhengen mellom kulturminna og kulturmiljøet dei inngår i, blir broten. Der arkeologiske kulturminne blir fjerna, blir òg funnkonteksten ukjend. Kulturarv er ein viktig del av identitetsdanninga og tilhørselen vår, både i Noreg og elles i verda. Felles for denne typen kriminalitet er at dei ulovlege handlingane medverkar til å gjere det vanskelegare å nå dei nasjonale måla på kulturmiljøfeltet, men òg å nå berekraftsmåla.

Miljøutfordringar i nord – og i polarområda

Klimaendringar og auka menneskeleg aktivitet gjev miljøutfordringar i Arktis og Antarktis. Polarområda har ei nøkkelrolle i det globale klimaet, og issmelting i Arktis og Antarktis er avgjerande for havnivået i framtida.

Klimaendringar får allereie konsekvensar – og vil få større konsekvensar – både for økosystema, som blir meir sårbare for ferdsel, for kulturmiljø og for befolkninga på Svalbard. Spesielt utsett på Svalbard er artar som er avhengige av is, slik som ringsel og isbjørn, og artar som er sterkt påverka av endringar i det marine miljø, slik som sjøfugl. Fjordisen har generelt minka på vestkysten av Svalbard dei siste åra. Fjordområde med breffrontar og stabil fjordis vinterstid, slik som Van Mijenfjorden, blir difor stadig viktigare for isavhengige artar som ringsel og isbjørn. Samstundes blir desse områda meir attraktive som mål for utflukter.

Dei fleste vegetasjonstypene på Svalbard har dårleg evne til gjenvekst i tillegg til dårleg slitestyrke. Klimaendringane gjer utslag i auka nedbør og smelting av permafrost som gjer at terrenget blir enda meir sårbart for slitasje frå ferdsel. Klimarelaterte endringar i tilgangen på mat blir rekna for å vere ei av hovudårsakene til nedgang i bestanden hos nokon av dei høgarktiske artane.

Belastninga ved ferdsel, naturlege nedbrytingsprosessar og klimaendringar utgjer den største trusselen mot kulturminna på Svalbard i dag.

Fram til pandemien såg vi aukande grad av ferdsel på Svalbard, og denne er venta å auke igjen etter pandemien. Bygningar på Svalbard er i all hovudsak bygde på permafrost, og i observasjonar ser ein kontinuerleg auke av temperatur i dei øvre laga i bakken. Ein auke i temperatur i desse laga, som gjer at dei heile tida frys og tinar, skaper utfordringar for bygningsfundament og infrastruktur. Klimaendringar fører også til at flaum og skred vil kunne skje oftare og påføre bygg og andre kulturminne skade.

Klimaendringane i polarområda har gjort det lettare for framande artar å finne fotfeste. Klimaendringane kan påverke økosystema også i Sørishavet. Ei utvikling mot varmare og ferskare vatn og gradvis flytting av frontsystem sørover vil kunne føre til endringar for nøkkelartar, slik som krill, som igjen påverkar livsgrunnlaget for pingvinar og marine pattedyr.

Forsøpling, særleg plastavfall i havet og på land, er ein vesentleg trussel mot blant anna dyreliv i nordområda, og kan auke med aukande skipstrafikk som fylge av klimaendringar. Mikroplastforureininga i Arktis er vesentleg, med særleg høge nivå i is. Noko av tilførslane kjem frå lokale kjelder som skipsfart og fiske, men plastavfall og mikroplast spres også til Arktis med havstrømmer og vind. Plastavfall er funnet sjølv på store dyp i Antarktis.

Klima- og miljøutfordringane må løysast både nasjonalt og internasjonalt

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på føre-var-prinsippet og forvaltaransvaret. Klimautfordringane kan berre løysast gjennom globalt samarbeid, men Noreg må òg redusere egne utslepp. Alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og medverke til å nå dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla. Sektorane har òg ansvar for å sikre at kunnskap om eigen påverknad på klima og miljø, og kunnskap om moglege løysingar og tiltak, blir vareteke i forskning, overvaking og annan kunnskapsproduksjon.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å samordne og utvikle klima- og miljøpolitikken til regjeringa og arbeider for klima- og miljøvennlege løysingar i alle samfunnssektorar. Dette omfattar òg ansvaret for eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag på klima- og miljøområdet. Klima- og miljødepartementets nye kunnskapsstrategi 2021–2024 definerer mål, delmål og konkrete tiltak for å utvekle kunnskapssystemet for klima og miljø. Strate-

gjen peiker blant anna på behovet for kunnskaps-synteser og å gjere internasjonal kunnskap relevant for norske tilhøve.

I forvaltninga for eit berekraftig samfunn som tek vare på naturkapitalen, står desse prinsippa sentralt:

- Klima- og miljøpolitikken skal vere basert på kunnskap. Å hente inn kunnskap frå kjelder som forskning, overvaking, kartlegging og kunnskapssamanstillingar står sentralt. Bidrag frå internasjonale kunnskapsprosessar som FNs klimapanel (IPCC) og FNs naturpanel (IPBES) er viktige.
- Allmenta har rett til kunnskap, tilgang til miljøinformasjon og deltaking i prosessar for å avgjere saker om miljø. Det er viktig for at dei skal kunne vere med på å sikre eit sunt, produktivt og mangfaldig miljø og dermed eit berekraftig samfunn som tek vare på naturkapitalen.
- Regjeringa har bestemt at berekraftsmåla utgjer det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største nasjonale og globale utfordringane i vår tid. 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030 ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng.
- Føre-var-prinsippet, som er nedfelt i forureiningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og svalbardmiljølova, seier at dersom det er fare for at ein aktivitet kan skade miljøet, og kunnskapen er mangelfull, skal ein ta tilstrekkelege forholdsreglar mot slik skade eller la vere å gjennomføre aktiviteten.
- Prinsippet om samla belastning/økosystemtilnærming står sentralt i naturmangfaldlova og inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både område, naturtypar og artar, når planar skal leggjast og vedtak skal gjerast.
- Forureinaren-betaler-prinsippet inneber at den som har ansvaret for at forureining skjer, skal dekkje kostnadene ved at forureining blir påført samfunnet. Dette er prinsippet for ei rekkje miljøavgifter, til dømes CO₂-avgifta. Etter forureiningslova har den som forureinar, òg ansvaret for å rydde opp. Tilsvarande har naturmangfaldlova eit prinsipp om at kostnadene ved at miljøet blir dårlegare, skal berast av tiltakshavaren. Kulturminnelova har ei føresegn om at tiltakshavaren skal betale kostnader ved arkeologiske undersøkingar av automatisk freda kulturminne. Svalbardmiljølova har òg slike føresegner.

Internasjonalt samarbeid er avgjerande for å løyse dei globale klima- og miljøutfordringane.

Klima- og miljødepartementet deltek aktivt i ei rekkje internasjonale prosessar og nyttar fleire verkemiddel for å påverke den globale miljøtilstanden. Departementet arbeider både bilateralt, regionalt og internasjonalt. Gjennom internasjonale forhandlingar medverkar Noreg til at landa i verda set seg felles mål for til dømes å redusere produksjonen og bruken av miljøgifter (Stockholmskonvensjonen og Minimatakonvensjonen), betre naturmangfaldet (FNs konvensjon om biologisk mangfold), redusere klimagassar (Parisavtalen og Klimakonvensjonen) og arbeide mot organisert grenseoverskridande miljøkriminalitet (FN-konvensjon mot grenseoverskridande organisert kriminalitet). Internasjonale avtalar får òg konsekvensar nasjonalt. Til dømes dannar berekraftsmåla og Parisavtalen viktige ramar for Noregs nasjonale og internasjonale klima- og miljøarbeid.

Vi når verken måla i Parisavtalen eller FNs berekraftsmål utan å redusere og reversere tap av regnskogane i verda. Skogane medverkar til eit stabilt klima, til naturmangfald, og dei utgjer levegrunnlaget for millionar av menneske som bur i og omkring skogen. Det er utfordrande for skoglanda å gjennomføre ein berekraftig arealpolitikk som hindrar at regnskogen blir øydelagd. Denne utfordringa veks så lenge dei globale marknadene spør etter varer som aukar avskoginga. Det internasjonale Klima- og skoginitiativet er Noregs innsats for å støtte skoglanda i innsatsen deira og å redusere marknadspresset på skogen.

EU er ein pådrivar i internasjonal klima- og miljøpolitikk og ein viktig samarbeidspartnar for Noreg. Ein stor del av EUs klima- og miljøpolitikk blir innlemma i norsk regelverk som følgje av EØS-avtalen, mellom anna regelverk på område som avfall, produkt, kjemikalier, industriutslipp, luftkvalitet og vassforvaltning. Noreg deltek fullt ut i EUs klimavotesystem. Noreg skal òg samarbeide med EU i perioden 2021–2030 for å oppfylle klimamålet for 2030. EUs ambisiøse klimamål og oppfølginga av Europas grønne giv kjem til å påverke den grønne omstillinga i Noreg.

Dei globale miljøutfordringane må òg sjåast i samanheng med internasjonal handel, investeringar og finanssektoren. Handel og investeringar kan auke presset på naturen og gje auka utslipp, men kan også bidra til å fremje meir berekraftig produksjon og forbruk. Handels- og investeringsavtalar set, til liks med klima- og miljøavtalar, ramar for nasjonal klima- og miljøpolitikk. Det blir

difor arbeid for at slike avtalar blir utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøsinn.

Skal verda nå klimamåla, er det behov for at både offentlege og private investeringar blir vridde i ei meir berekraftig retning, særleg infrastruktur og andre investeringar med lang levetid. Investorar og andre finansaktørar blir stadig meir opptekne av å investere grønt og av å redusere sin eigen finansielle risiko knytt til ein strammare klimapolitikk, teknologiutviklinga og fysiske klimaendringar (klimarisiko). EU gjer eit viktig arbeid for å leggje til rette for at investeringar og finansiering blir vridde i tråd med klimamåla, og regjeringa følgjer arbeidet tett. EU utviklar no eit klassifiseringssystem for berekraftige økonomiske aktivitetar, ein såkalla taksonomi, for å få ei felleseuropeisk forståing av kva investeringar som er berekraftige. EU utviklar òg rammeverk for berekraftsrapportering. Det er viktig å ha ei god vurdering og handtering av korleis lågutsleppsutviklinga vil påverke lønnsmda og risikoen til langsiktige investeringar, både i privat og offent-

leg sektor. Ved å gjere denne typen vurderingar blir risikoen for feilinvesteringar redusert. Det regjeringsoppnemnde Klimarisikoutvalet peiker i sin rapport på nokre overordna prinsipp for å betre handteringa av klimarisiko og tilrår både offentlege og private aktørar å synleggjere klimarisiko betre. Dei trekkjer mellom anna fram eit sentralt rammeverk for klimarisikohandtering, TCFD (Task Force on Climate-related Financial Disclosures). TCFD vart laga av ei arbeidsgruppe for finanstilsynsstyresmaktene i G20-landa og tilrår verksemder å rapportere om kor motstandsdyktige forretningsstrategien deira er under ulike klimascenario (stresstestar), irekna eit scenario som er i tråd med målet i Parisavtalen.

Meir informasjon om internasjonalt klima- og miljøarbeid er å finne i programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m., 12.20 Klima, naturmangfald og forureining, 12.60 Nord- og polarområda og 12.70 Internasjonalt klimaarbeid og i del III Omtale av særskilde sektorovergripande klima- og miljøsaker.

3 Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken

Klima- og miljøpolitikken er delt opp i seks resultatområde. Resultatområda er etablerte for å vise heilskapen i Klima- og miljødepartementets politikkområde og for å gjere synleg at klima og miljø er eit ansvar for heile samfunnet.

På kvart resultatområde er det tilhøyrande nasjonale mål som speglar av kva Noreg vil oppnå på området, og indikatorar for kvart mål som viser utviklinga over tid. Klima- og miljødepartementet fastset årleg eit sett med indikatorar for alle dei nasjonale måla. Måla og utviklinga i indikatorane over tid er beskrivne på Miljøstatus.no.

Under følgjer ein nærmare omtale av resultatområda og dei nasjonale måla.

3.1 Naturmangfald

Nasjonale mål:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

Naturmangfaldet er grunnlaget for menneska sitt liv på jorda. Velfungerande økosystem er ein føresetnad for stabilitet, velferd og vekst. Naturen reinsar vatn og luft, resirkulerer næringsstoff, bind jordsmonn, produserer mat, dempar flaumar, lagrar karbon, beskyttar mot erosjon og syter for pollinering av plantar. Naturen medverkar òg til verdiskaping og opplevingar. Ein mangfaldig natur gjev meir robuste økosystem som er betre i stand til å tilpasse seg endringar i naturen, mellom anna klimaendringane.

Gjennom dei siste tiåra er det globale naturmangfaldet vesentleg redusert. Situasjonen i Noreg er meir positiv, men her òg finst det utfordringar. Naturindeksen for Noreg (sjå omtale i boks 3.1) viser at det er utfordringar i fleire hovudøkosystem. Frå 2000 og utover ser vi ei svak negativ utvikling for fjell, og for ope lågland er det ein klar nedgang. Det er positiv utvikling for skog og

Boks 3.1 Naturindeksen for Noreg

Naturindeksen måler tilstanden til og utviklinga av biologisk mangfald i Noreg, med vekt på bestandsutviklinga til artar.

Eit etablert og fleksibelt rammeverk samanfattar tilstanden for det biologiske mangfaldet i sju hovudøkosystem: hav, kyst, ferskvatn, våtmark, skog, fjell og ope lågland.

Ved å samle eit stort utval av indikatorar for biologisk mangfald innanfor det same rammeverket bidreg Naturindeksen også til å identifisere viktige kunnskapsbehov for forbera overvaking av norsk natur.

Naturindeks 2020 samanfattar informasjon om 260 indikatorar, tilrettelagd av eksperter frå norske faginstusjonar, og er rekna for åra 1990, 2000, 2010, 2014 og 2019.

For meir informasjon, sjå www.naturindeks.no

ferskvatn, medan dei andre økosystema har vore nokså stabile. Miljøforvaltninga er i ferd med å utvikle eit fagsystem som måler tilstanden i økosystem på ein meir omfattande måte, ved å analysere fleire økologiske eigenskapar til økosystema enn det Naturindeksen gjer. I 2021 blei tilstandsvurdering basert på fagsystemet for økologisk tilstand presentert for økosystema skog, arktisk tundra, Barentshavet og Nordsjøen, medan vurderinga for fjell vil bli presentert ved årsskiftet. I 2022 vil tilstand bli vurdert for Norskehavet. I tillegg vil arbeid med å styrke faggrunnlaget for alle økosystem fortsette i 2022.

For å hindre at artar og naturtypar i norsk natur blir utrydda, må vi vere spesielt merksame på dei artane og naturtypane som er trua. Dette er artar og naturtypar der det er ekstremt høg eller høg risiko for at dei kan forsvinne frå norsk natur. Ein trua art eller naturtype er definert som ein art eller ein naturtype i ein av kategoriane kritisk trua, sterkt trua eller sårbar på Norsk raudliste for

artar 2015 eller Norsk raudliste for naturtypar 2018. Tabell 3.1 gjev ei oversikt over trua artar og

naturtypar i dei ulike hovudøkosystema. I november 2021 blir ei ny Raudliste for artar lagd fram.

Tabell 3.1 Talet på trua artar og naturtypar i hovudøkosystema

Hovudøkosystema i Noreg	Talet på trua artar ¹	Talet på trua naturtypar ²
Hav og kystvatn	41	6
Elvar og innsjøar	147	4
Våtmark	183	8
Skog	1 122	10
Fjell	87	3
Kulturlandskap og ope lågland	1 187	14
Polare område (Svalbard)	55	8

¹ Tala er i utgangspunktet baserte på Norsk raudliste for artar frå 2015, men er litt endra fordi inndelinga av økosystema er endra som følgje av naturmangfaldmeldinga. Ei revidert raudliste for artar vil bli presentert i 2021.

² Tala er frå Norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

Dei områda som er verna etter naturmangfaldlova, utgjer ein viktig del av den norske naturen, og det er ei prioritert oppgåve å halde oppe tilstanden i desse områda ved styrkt forvaltning. Om lag 17,5 pst. av Fastlands-Noreg er no verna som nasjonalparkar, naturreservat, landskapsvernområde eller anna vern. Om lag 80 pst. av det verna arealet på fastlandet blir forvalta av nasjonalpark- og verneområdestyra. Desse er samansette av representantar frå kommunar og fylkeskommunar med tilknytning til verneområdet, i tillegg er representantar oppnemnde av Sametinget med der det er aktuelt.

Om lag 75 pst. av nasjonalparkane, 70 pst. av landskapsvernområda og litt over 20 pst. av naturreservata ligg i fjellet. Om lag 35 pst. av arealet over 900 meter over havet er verna. Det finst naturtypar i fjellet som treng betre vern, men i hovudsak reknar ein målet om representativt vern av fjellet som oppnådd. Sjølv om dette målet er nådd, finst det framleis store område med fjellnatur som har store verneverdiar, utanfor eksisterande verneområde. Bevaring av fleire av dei store, samanhengande naturområda som vi har att i Noreg, er viktig av mange grunnar. Det sikrar samanhengande landskap, det gjer at nokre artar kan tole klimaendringane betre, og det bevarer økologiske nettverk av naturområde. Miljødirektoratet og statsforvaltarane arbeider difor vidare med aktuelle kommunar med tanke på å opprette fleire nasjonalparkar. Ved utgangen av 2020 var

5,1 pst. av skogen verna mot hogst. Av dette var 3,8 pst. produktiv skog. Det er eit mål å verne 10 pst. av skogarealet. Produktiv skog har som hovudregel det største naturmangfaldet, så det blir arbeidd vidare for å verne slik skog. I 2016 var 15,7 pst. av våtmark, 13,6 pst. av elvar og innsjøar og 12,1 pst. av områda i ope lågland, medrekna kulturlandskapet, verna. Nye tal for desse tre hovudøkosystema blir presenterte i løpet av 2021. Sjølv om desse tre økosystema har relativt godt omfang av verna areal, er det framleis behov for å verne fleire naturtypar. Om lag 3,6 pst. av hav og kystvatn innanfor 12 nautiske mil (territorialfarvatnet) er verna. Her er det langt igjen før målet om representativt vern er nådd.

3.2 Kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale mål:

- Alle skal ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Dei nasjonale måla er forankra i Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold.*

Kulturminne og kulturmiljø er viktige delar av det kollektive samfunnsminnet. Historiske bygningar, bymiljø, landskap og arkeologiske spor er kjelder til historia om samfunnsutvikling, om livet til enkeltmenneske og om korleis menneska har brukt og innretta seg etter naturen og ressursane gjennom tidene. Kulturmiljøpolitikken skal forvalte dei kulturhistoriske verdiane i eit langsiktig perspektiv.

Dei nasjonale måla legg vekt på kor viktig kulturarven er for samfunnet og i arbeidet med å nå FN's berekraftsmål. I meldinga legg regjeringa vekt på at kulturmiljøpolitikken er ein sentral og integrert del av klima- og miljøpolitikken. Denne koplinga til klima- og miljøforvaltninga er blitt aktualisert gjennom den effekten klimaendringane har på kulturminne, kulturmiljø og landskap. Samstundes kan bevaring av kulturhistoriske bygningar og anlegg medverke til reduksjon av klimagassutslepp og til den sirkulære økonomien. Korleis vi handterer den eksisterande bygningsmassen, vil difor vere ein viktig del av løysinga for å nå utsleppsmåla vi har i 2030.

By- og stadutvikling er ein del av løysinga for ei berekraftig utvikling. Kulturarv kan brukast som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Transformasjon og ny bruk av eldre bygningsmasse kan medverke til å bevare og vitalisere dei historiske byområda. God arkitektur, historiske bygningar og bymiljø medverkar til stadidentitet og positive opplevingar av sentrum og er ressursar som bør utnyttast for å utvikle attraktive og levelege byar og stader. Å «styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven i verda» er eit eige delmål under FN's berekraftsmål 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn, men kulturmiljø medverkar òg til å nå fleire av dei andre berekraftsmåla.

Regionreforma inneber at fylkeskommunane har fått meir mynde og har i hovudsak førstelinsansvaret for behandling av saker etter kulturminnelova. Regionreforma inneber òg at Riksantikvaren skal vidareutvikle rolla si som fagdirektorat. Riksantikvaren har eit overordna ansvar for gjennomføringa av den nasjonale kulturmiljøpolitikken i Noreg.

Kulturminnefondet er den viktigaste verkemiddelordninga for eigarar av verneverdige kulturminne. Tilskot frå Kulturminnefondet er eit effektivt bidrag til arbeidet med å betre rammevilkåra for private eigarar av kulturminne og til å stimulere til privat verneinnsats. Kulturminnefondet har i 2020 fordelt 120,8 mill. kroner til 687 tiltak som medverkar til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for fram-

tidige opplevingar, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

3.3 Friluftsliv

Nasjonale mål:

- Friluftslivet sin posisjon skal takast vare på og utviklast vidare gjennom varetaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle.
- Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

Friluftsliv gjev auka trivsel, betrar folkehelsa og aukar forståinga og interessa for å ta vare på naturverdiar. Den norske naturen og landskapet, friluftsliv og eit nært forhold til naturen er ein viktig del av det nasjonale medvitet og ein integrert del av livet til mange nordmenn. Friluftsliv er kjenneteikna av koplinga mellom fysisk aktivitet og naturopplevingar og av at friluftsliv som regel ikkje har noko konkurranseelement. Spesielt viktig er naturen i nærmiljøet, som er den klart mest etterspurde arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen. Verdien av nærnaturen for friluftsliv kom ikkje minst tydeleg fram under koronasituasjonen i 2020 og 2021, da svært mange brukte nærnaturen til friluftsliv.

Friluftsliv i nærmiljøet er prioritert i alle tilskotsordningane til friluftsliv og i ordninga bevaring av viktige friluftslivsområde gjennom sikring.

Stortingsmeldinga om friluftsliv frå 2016 og *Handlingsplan for friluftsliv* frå 2018 inneheld ei rekkje tiltak og føringar for å styrkje friluftslivet.

I 2022 vil arbeid med Miljødirektoratets ferdselsåreprosjekt vere høgt prioritert.

For å stimulere barn og unge til friluftsliv er desse gruppene prioriterte i tilskotsordningane til friluftsliv. I tillegg blir det mellom anna gjeve tilskot til Den naturlege skulesekken og Forum for friluftsliv i skulen der bruk av naturen som læringsarena er sentralt. Vidare blir det gjeve øyremerkte tilskot til to ulike prosjekt som kartlegg, definerer suksesskriterium og vidareutviklar vellykka aktivitetstiltak for barn og unge i skule og barnehage og i ferie og fritid. Frå og med 2021 gjev regjeringa òg tilskot til drift og utvikling av turportalen UT.no.

Det er ein lovfesta rett i friluftsliva å kunne ferdest fritt og opphalde seg i naturen (allemannsretten) og at ferdsel og opphald i naturen skal vere gratis. Dette er ein viktig føresetnad for at fri-

luftsliv er svært utbreitt i Noreg. Den sterke stillinga allemannsretten har i Noreg, heng nært saman med den vekta naturopplevingar har for folk i det daglege. Informasjon om rettar og plikter etter allemannsretten er prioritert, der eit naturvennleg friluftsliv er sentralt.

3.4 Forureining

Nasjonale mål:

- Forureining skal ikkje skade helse og miljø.
- Bruk og utslepp av kjemikaliar på prioritetslista skal stansast.
- Eksponering av menneske og miljø for radioaktiv forureining skal haldast så låg som mogleg.
- Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.
- Materialattvinning av avfall skal auke.
- Å sikre trygg luft for innbyggjarane. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft:
 - årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³
 - årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³
 - årsmiddel NO₂: 30 µg/m³
- Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i høve til 1999. Talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå, skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i høve til 2005. Målet er under revisjon.

Alle har rett til eit miljø som tryggjer helse og velferd, og til ein natur der mangfaldet og produksjonsevna blir teken vare på. Noreg har ambisiøse mål om å redusere forureining. Det overordna målet inneber at forureining ikkje skal skade helse og miljø. Det er òg fastsett meir spesifikke mål for område som har særleg merksemd.

Dei meir spesifikke nasjonale måla for forureining vart endra i 2021. Endringane er gjorde for å få tydeleg fram kva måla omfattar, medan ambisjonsnivået blir vidareført.

For kjemikalieområdet er det gjort tydeleg at mykje av arbeidet spesielt rettar seg mot bruk og utslepp av kjemikaliar som er førte opp på den norske prioritetslista for miljøgifter og andre stoff som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø (www.miljostatus.no/prioritetslista). For tida er 68 stoff og stoffgrupper førte opp på lista.

Det er skilt ut eit eige mål for radioaktiv forureining for å få tydeleg fram breidda i arbeidet på området.

Mange miljøgifter er forbodne, både i Noreg og i andre land, og strenge krav har gjort at utslepp frå både landbasert industri og olje- og

gassverksemd er kraftig reduserte i Noreg og andre vestlege land. Bruk og utslepp av andre helse- og miljøfarlege stoff har ei tilsvarande utvikling. Det er difor lågare nivå av dei gamle miljøgiftene – som PCB og DDT – i til dømes fisk og skalldyr no enn for 20–30 år sidan.

Samstundes finn vi stadig nye miljøgifter, som bromerte og klorerte flammehemjande stoff og fluorerte sambindingar (PFAS-ar), i norsk natur. Noko kjem av lokale utslepp, men ein god del kjem òg langvegs frå, med luft- og havstraumar frå andre land. Produkta vi omgjev oss med, er òg ei viktig kjelde. Kjelder som produkt, avfall, forureina grunn og sediment fører til at utslepp vil skje i lang tid etter at stoffa er fasa ut av bruk. Nye kjemiske stoff blir utvikla raskt, FN anslår at salet av kjemikaliar globalt vil doblast innan 2030, og at store mengder helse- og miljøfarlege stoff vil sleppast ut i miljøet.

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kan føre til skade på helse og miljø og vere ei kjelde til spreining av helse- og miljøskadelege kjemikaliar. Arbeidet med forureina grunn i Noreg har gått for seg i fleire tiår. Kvart år blir eit stort tal på lokalitetar i Noreg undersøkt, registrert og ved behov sanert, og i 2020 vart drygt 2000 lokalitetar registrerte eller oppdaterte med ny informasjon om undersøkingar og tiltak, noko som er det høgaste talet på mange år. Totalt er det no drygt 13 000 lokalitetar i databasen Grunnforurensning, irekna 900 med alvorleg grunnforureining. Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn følgjer føringane i handlingsplanen om forureina sediment frå 2006. Av dei 17 høgast prioriterte områda for opprydding av forureina sjøbotn er 7 ferdig eller nær ferdig rydda. I tillegg er det ferdig rydda i delar av tre andre av dei høgast prioriterte områda.

Næringssalt (fosfor og nitrogen) og organisk materiale endrar tilstanden i vatn og påverkar algevekst og oksygenforhold for plante- og dyreliv i vassdrag og i kystområda. Dei største landbaserte kjeldene til utslepp av næringssalt er jordbruk og kommunalt avløp. I tillegg blir nærings-salt frakta frå Europa til den norske kysten med havstraumar.

Nivået på radioaktiv forureining er generelt lågt. Nedfallet frå ulykka i Tsjernobyl i 1986 er framleis ei viktig kjelde til radioaktivitet i norsk natur.

For petroleumsverksemda er det eit mål at utslepp til sjø av dei mest miljøfarlege tilsette kjemikaliane skal stansast, og at utslepp av prioriterte miljøgifter som finst naturleg, skal stansast eller minimerast. Når det gjeld olje og andre stoff,

er målet ingen utslepp eller minimering av utslepp som kan gje skade, jf. Meld. St. 35 (2016–2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet*. Dette nullutsleppsmålet er vidareført i Meld. St. 20 (2019–2020) *Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene* og gjeld for heile den norske sokkelen. Det er framleis behov for tiltak for å nå målet.

Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til attvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet. I dag blir nær alt farleg avfall attvunne eller levert til godkjend behandling. Innsats for å redusere helse- og miljøskadelege stoff i produkt medverkar òg til å redusere miljøproblema når slike produkt blir til avfall.

Det eine nasjonale målet for avfall vart endra i tråd med regjeringa sitt mål om å sikre ei betre utnytting av ressursane. Dette er i tråd med utviklinga i andre land òg, mellom anna gjennom EUs reviderte rammedirektiv for avfall, der det er sett svært ambisjose, bindande mål for førebuing til ombruk og materialattvinning av hushaldsavfall og liknande avfall frå næringslivet. Dette er mål Noreg òg blir bunde av gjennom EØS-avtalen. Endringa vil difor i større grad synleggjere formålet med avfallspolitikken. Avfallsmåla slår fast at det er eit nasjonalt mål at veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og at materialattvinning av avfall skal auke. Brutto nasjonalprodukt auka med 2,5 pst. frå 2017 til 2019, medan avfallsmengdene auka med 3,0 pst. i same tidsrom. Med få unntak har avfallsmengdene vakse raskare enn økonomien frå år til år. Vi har såleis ikkje nådd målet. Det er vidare eit mål at materialattvinninga av avfall skal auke. Frå 2018 til 2019 auka materialattvinninga frå 40,5 pst. til 41 pst. (biologisk behandling inngår ikkje i talet). Dette er likevel eit lågare nivå enn for ti år sidan og under dei krava som vart sette av EU for 2020.

Regjeringa har som ambisjon at havområde og ferskvatn ikkje skal tilførast plastavfall og mikroplast. I Noreg er det forbod mot å forsøple. Internasjonalt er det etter forslag frå Noreg òg semje om å stanse all tilførsel av plastavfall og mikroplast til havet på sikt. Avfallsførebygging og god handtering av avfall er avgjerande for å førebyggje marin forsøpling. Ei rekkje nye tiltak for å redusere tilførslane av plast og mikroplast er sette i verk i Noreg, og fleire er under utgreiing og førebuing. Opprydding må òg prioriterast i kystnære område og langs elvar og vassdrag der det kan gjennomførast effektivt og med metodar som ikkje gjev annan miljøskade.

Gjennom Montrealprotokollen forpliktar medlemslanda seg til å fase ut bruken av gassar som er skadelege for ozonlaget. Bruken av stoffa er på verdsbasis redusert med over 98 pst., og overvåkingsresultat viser no at ozonlaget er i ferd med å bli tjukkare. Noreg oppfyller forpliktingane i Montrealprotokollen.

Internasjonale avtalar har redusert tilførslane av langtransportert luftforureining sidan 1980. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg i fleire tiår framover utan ytterlegare utsleppsreduksjonar. Nasjonalt har Noreg redusert eller ligg godt an til å redusere dei samla årlege utsleppa av svoveldioksid, nitrogenoksid, flyktige organiske sambindingar og små helseskadelege partiklar (PM_{2,5}) i tråd med dei internasjonale forpliktingane i Göteborgprotokollen og i EØS-avtalen. For utslepp av ammoniakk må verkemiddelbruken forsterkast for at Noreg skal overhalde forpliktingane i dei internasjonale avtalane.

Frå 1. januar 2022 blir det nasjonale målet for årsmiddelen for nitrogendioksid (NO₂) endra frå 40 til 30 mikrogram per kubikkmeter utandørs luft. Oppdateringa er basert på ny kunnskap frå Folkehelseinstituttet og Miljødirektoratet om helseeffektar ved langvarig eksponering for NO₂.

Både for nitrogendioksid (NO₂) og svevestøv (PM₁₀ og PM_{2,5}) er det i tillegg til nasjonale mål fastsett juridisk bindande grenseverdier i forureiningsforskrifta. Grenseverdiene for svevestøv vart stramma inn frå 1. januar 2016, og i 2020 leverte Miljødirektoratet, Vegdirektoratet og Folkehelseinstituttet ei utgreiing på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet, Samferdselsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet der dei tilrår ei ytterlegare skjerping av grenseverdiene for svevestøv (rapport M-1669/2020). Regjeringa har sendt forslaget på høyring. I høyringa blir grenseverdien for årsmiddel PM₁₀ foreslått endra frå 25 til 20 mikrogram per kubikkmeter og for årsmiddel PM_{2,5} frå 15 til 10 mikrogram per kubikkmeter. I tillegg blir det foreslått å skjerpe talet på tilatne overskridingar av døgnmiddelgrensa for PM₁₀, frå maksimalt 30 til maksimalt 25 overskridingar av 50 mikrogram per kubikkmeter. Regjeringa foreslår nye, strammare grenseverdier for svevestøv frå 1. januar 2022.

Vidare har Miljødirektoratet på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet utarbeidd forslag til endringar i forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftkvalitet. Formålet med endringane er å auke gjennomføringsevna til aktørane og å betre etterlevinga av regelverket. Det viktigaste grepet er å forenkle og omstrukturere forskrifta for å

gjere ho meir brukarvennleg. I tillegg er det mellom anna foreslått å gje statsforvaltaren ei rolle innan lokal luftkvalitet, å utvide moglegheita kommunane har til å sikre at nødvendige tiltak blir gjennomførte, og å gje Miljødirektoratet fleire styringsverktøy for å sikre at regelverket blir følgt opp. Forslaget til forskriftsendringar vart sendt på høyring i juli 2021 med høyringsfrist 1. oktober 2021.

Det er ein nedgåande trend for NO₂ i norske kommunar. Alle kommunar heldt seg innanfor det nasjonale målet og grenseverdien for NO₂ dei tre siste åra. Svevestøvnivåa varierer frå år til år, og grenseverdien blir framleis overskriden i enkelte kommunar enkelte år. I 2020 vart grenseverdien for svevestøv PM₁₀ broten i Oslo og Lørenskog. Kommunane hadde eitt målepunkt med fleire døgn med nivå over 50 mikrogram per kubikkmeter PM₁₀ enn det som er tillate i forureiningsforskrifta. Det nasjonale målet for PM₁₀ på 20 mikrogram per kubikkmeter luft i årsmiddel vart overskride i Oslo, Drammen, Lørenskog og Kristiansand i 2020. Det var ingen overskridingar av grenseverdien for PM_{2,5} eller det nasjonale målet for PM_{2,5} i 2020.

Talet på støyplaga personar blant dei som var utsette for høg utandørs støy ved bustaden i 1999, er redusert med 9 pst. mellom 1999 og 2019. I denne utrekninga er det ikkje teke omsyn til befolkningsvekst eller tilflytting til område som er plaga av støy. Generelt vil trafikkvekst og befolkningsvekst i område påverka av støy føre til fleire støyutsette, noko som forklarar kvifor vi samstundes opplever ein generell auke i talet på nordmenn som er utsette for støy. Vegtrafikk er den desidert viktigaste kjelda til støyplager i Noreg i dag og står for over 90 pst. av den utrekna støyplaga. Talet på personar utsette for høg innandørs støy aukar. Noreg når i dag ikkje dei fastsette nasjonale måla for reduksjon av støyplage.

3.5 Klima

Nasjonale mål:

- Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990.
- Noreg har under Parisavtalen teke på seg ei forplikting om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. innan 2030 samanlikna med 1990.
- Noreg skal vere klimanøytralt frå og med 2030.
- Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050.

- Medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog gjev eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og ei meir berekraftig utvikling
- Det er eit politisk mål at samfunnet skal førebustast på og tilpassast til klimaendringane.

Resultatområdet Klima omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar, internasjonal klimafinansiering og klimatilpassing.

Dei nasjonale måla for klima er forankra gjennom klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012) til Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*) og Stortingets behandling av stortingsmeldinga om ny utsleppsforplikting for 2030 (Innst. 211 S (2014–2015) til Meld. St. 13 (2014–2015) *Nye utslippsforpliktelser for 2030 – en felles løsning med EU*), samtykkeproposisjonen om felles oppfylting med EU av utsleppsmålet for 2030 (Prop. 94 S (2018–2019)), stortingsmeldinga om klimatilpassing i Noreg (Meld. St. 33 (2012–2013)), proposisjonen om samtykke til ratifikasjonen av Parisavtalen (Innst. 407 S (2015–2016) til Prop. 115 S (2015–2016)), lov om klimamål (klimalova) av 16. juni 2017, Noregs innmelding av forsterka mål til Parisavtalen den 7. februar 2020 og *Klimaplan for 2021–2030* (Meld. St. 13 (2020–2021)).

Noregs mål for 2020 blir følgt opp under Kyotoprotokollen. Noregs nasjonalt fastsette bidrag under Parisavtalen er å redusere utsleppa med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. innan 2030 samanlikna med 1990-nivå. Dette målet er lovfesta i klimalova. Målet om at Noreg skal bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050, er òg lovfesta i klimalova. Innan 2050 skal klimagassutsleppa reduserast med 90–95 pst. samanlikna med utsleppsnivået i 1990.

I Statistisk sentralbyrås førebelse utsleppsrekneskap var Noregs utslepp i 2020 på 49,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, om lag 1,7 mill. tonn lågare enn året før (sjå tabell 3.2). Opptak og utslepp i skog- og arealbrukssektoren er ikkje med i utsleppsrekneskapen. Klimagassutsleppa nådde ein topp i 2007 med 56,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, men har sidan blitt redusert noko – dette trass i at Noreg har hatt ein vesentleg vekst i folketalet og i økonomien. Klimagassutsleppa per person har gått ned frå over 12 tonn CO₂-ekvivalentar per person i 2007 til 9,2 tonn i 2020 (sjå figur 3.1).

Petroleumssektoren er den største utsleppskjelda i Noreg, tett følgd av industri og vegtrafikk. Sjå nærmare i tabell 3.2 og omtale i klimalov-rapporteringa i del IV.

Boks 3.2 Ambisjonen for innanlandske utsleppskutt i 2020

I klimaforliket frå 2008 vart det lagt til grunn at det kunne vere realistisk å ha eit mål om å redusere dei innanlandske klimagassutsleppa med 15–17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020, samanlikna med referansebanen slik han vart presentert i nasjonalbudsjettet 2007, når nettoopptak i skog vart inkludert med 3 mill. tonn CO₂ i ein norsk utsleppsrekneskap for 2020. Dette vart i samband med behandlinga av energimeldinga (Innst. 401 S (2015–2016)) operasjonalisert, og det står at dei innanlandske utsleppa ikkje skal overstige 45–47 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Ambisjonen er basert på utsleppsrekneskapen frå 2007. For å ta omsyn til mellom anna endringar i retningslinjene for utsleppsberrekningar er rekneskapen teknisk justert slik at intervallet no er endra til 46–48 mill. tonn (sjå KLDs budsjettproposisjon, Prop. 1 S (2019–2020)). Dette inkluderer ikkje skog. Eventuelle bidrag frå opptak i skog ville komme i tillegg og auke ambisjonsnivået utover dette. Med Kyotoprotokollens bokføringsreglar får Noreg nytte ein avgrensa del av opptaket i skogen til å oppfylle utsleppsforpliktinga for 2020. Utslepp frå avskoging m.m. gjer at vi samla sett ikkje ventar at sektoren vil medverke til å oppfylle utsleppsforpliktinga for 2020.

Dei førebelse utsleppstala frå Statistisk sentralbyrå viser at Noreg hadde utslepp av innanlandske klimagassar på 49,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Dette er 1,3 mill. tonn meir enn ambisjonen.


Ambisjonen om nasjonale utsleppsreduksjonar i 2020 i klimaforliket frå 2008 var basert på SFTs tiltaksanalysar (no Miljødirektoratet), eksisterande verkemiddelbruk og dei sektorvise klimahandlingsplanane. Det vart samstundes presisert at dei sektorvise måla var baserte på anslag, og at dei ville måtte revurderast dersom endringar i framtidige prognosar, kostnader, teknologiutvikling eller andre vesentleg endra føresetnader skulle tilseie det. I både

klimaforliket frå 2008 og 2012 vart det peikt på at uvissa er stor når det gjeld den økonomiske og teknologiske utviklinga, og når det gjeld effekten av verkemiddel. I klimaforliket frå 2012 vart det understreka at teknologiutviklinga, kostnadene ved klimatiltak, folkeveksten, den økonomiske veksten og utsleppsutviklinga innanfor petroleumssektoren ville ha innverknad på når ambisjonen blir nådd.

Befolkningsveksten og veksten i utsleppa frå petroleumssektoren har vore vesentleg høgare enn ein antok i 2007. På enkelte område har utvikling av lågutsleppsteknologi gått saktare enn venta. Kostnadene ved å nå ambisjonen for 2020 har vist seg å bli vesentleg høgare enn det som var venta i 2007. Desse faktorane trekkjer i retning av at ambisjonen om innanlandske utsleppskutt vil bli oppfylt seinare enn i 2020. For delar av vegtransporten har den teknologiske utviklinga gått hurtigare enn lagt til grunn, men har førebels gjeve avgrensa utslag i faktiske utslepp.


SSB har i samband med publisering av dei førebelse utsleppstala for 2020 oppdaga og retta fleire feil i utsleppsrekneskapen. Feila dreidde seg i hovudsak om salstal for marine gassoljar og autodiesel for 2012–2019, i tillegg til feil i tala for kysttrafikken heilt tilbake til 1990. Samla sett gjorde desse endringane at utsleppa i 2020 var om lag 0,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar høgare enn kva dei elles ville vore, noko som har gjort det vanskelegare enn først venta å nå målet for 2020.

I sum viser dei førebelse utsleppstala for 2020 at ein ikkje ligg fullt ut an til å nå ambisjonen om innanlandske utsleppskutt. Dette kjem både av feil i utsleppsstatistikken og at utviklinga av utsleppsteknologi på nokre område har gått saktare enn venta. Men utsleppstala har gått nedover og er i 2020 om lag 4,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar lågare enn da regjeringa overtok i 2013.



Figur 3.1 Tonn utslepp av CO₂-ekvivalenter, per person.

Kjelde: SSB-tabell 08940 og 07459.



Figur 3.2 Utslepp per mill. kroner bruttoprodukt (faste 2015-prisar).

Utsleppsintensitetane blir berekna etter definisjonane i nasjonalrekneskapen, det vil seie at utslepp til luft frå all norsk økonomisk aktivitet blir berekna. For rapportering til Kyotoprotokollen og andre internasjonale rapporteringar for utslepp til luft blir det nytta ein geografisk definisjon av Noreg, og utsleppstala er i hovudsak fordelte etter kjelder (prosessutslepp og utslepp frå stasjonær og mobil forbrenning), uavhengig av kva for næringar som genererer aktivitetane. Produksjon blir erstatta med konsum for hushalda. Kjelde: SSB-tabell 09298.

Tabell 3.2 Utslepp av klimagassar. Mill. tonn CO₂-ekvivalentar (førebelse tal for 2020)

	Mill. tonn 2020	Endring i pst.			
		Sidan 1990	2007–2020	2015–2020	2019–2020
Utslepp frå norsk territorium	49,3	-3,9	-12,8	-9,4	-3,4
Av dette:					
Olje- og gassutvinning	13,3	62,7	-12,1	-10,6	-4,4
Industri og bergverk	11,4	-42,2	-21,5	-4,5	-1,6
Vegtrafikk	8,4	13,1	-16,3	-18,4	-3,9
Luftfart, sjøfart, fiske, motorreiskap m.m.	7,3	38	4,2	-2,8	-4,5
Jordbruk	4,4	-6,6	0	-1,2	-0,2
Energiforsyning	1,6	288	68,1	-5,8	-1,9
Oppvarming i andre næringar og hushald	0,6	-79,7	-67,4	-41,2	-18,8
Andre kjelder	2,2	-17,1	-15,3	-13,1	-3,2

Tala omfattar ikkje utanriks sjø- og luftfart eller opptak eller utslepp frå skog og arealbruk.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Under Kyotoprotokollen tok Noreg på seg ei utsleppsforplikting som inneber at Noreg skal syte for at dei årlege utsleppa av klimagassar i perioden 2013–2020 i gjennomsnitt er 16 pst. lågare enn Noregs utslepp i 1990. Kyotoprotokollen etablerer på denne måten eit utsleppsbudsjett for perioden 2013–2020 som er i tråd med 2020-målet om å kutte dei globale utsleppa av klimagassar i 2020 tilsvarende 30 pst. av norske 1990-utslepp.

Klimaforliket frå 2008 gjev ein ambisjon for kor stor del av 2020-målet som skal oppfyllest gjennom innanlandske utsleppsreduksjonar. Ambisjonen er å redusere dei innanlandske utsleppa i 2020 frå eit berekna nivå på 60,6 mill. tonn ned til 46–48 mill. tonn, jf. boks 3.2 om ambisjonen om innanlandske utsleppskutt.

Den globale klimaavtalen som vart vedteken i Paris i desember 2015, legg grunnlaget for norsk klimapolitikk. Regjeringa ratifiserte Parisavtalen i juni 2016, i tråd med Stortingets samtykke (Prop. 115 S (2015–2016)). På grunnlag av innstillinga til proposisjonen om samtykke til ratifikasjon av Parisavtalen, Innst. 407 S (2015–2016), har Stortinget vedteke at regjeringa skal leggje til grunn at Noreg frå og med 2030 skal vere klimanøytralt. Sjå del I, Oppfølging av oppmødingsvedtak, for meir informasjon.

Noregs klimamål under Parisavtalen er å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. i 2030 samanlikna med nivået i

1990. Regjeringa ønskjer å oppfylle det forsterka målet saman med EU. Gjennom klimaavtalen med EU har Noreg allereie forplikta seg til å samarbeide med EU om å redusere utsleppa med minst 40 pst. innan 2030 samanlikna med 1990-nivå. EU melde i desember 2020 inn eit forsterka klimamål under Parisavtalen. Det forsterka målet deira er å redusere netto utslepp med minst 55 pst. innan 2030.

Regjeringa la i januar 2021 fram ei melding til Stortinget om klimaplan for 2021–2030. Meldinga viser korleis regjeringa planlegg å oppfylle forpliktinga Noreg har under Parisavtalen om utsleppskutt på minst 50 og opp mot 55 pst. i samarbeid med EU. Ein sentral del av planen er konkrete verkemiddel for korleis innanlandske ikkje-kvotepflichtige utslepp kan reduserast med 45 pst. Ein nærmare omtale av klimamåla og klimaavtalen med EU, og ein omtale av Europakommisjonen sitt forslag til forsterka klimaregelverk som vart lagt fram sommaren 2021, er å finne i klimalovrapporteringa i del IV.

For 2050 er målet at Noreg skal bli eit lågut-sleppssamfunn. Med lågut-sleppssamfunn er det meint eit samfunn der klimagassutsleppa – ut frå beste vitenskaplege grunnlag, utsleppsutviklinga globalt og nasjonale omstende – er reduserte for å motverke skadelege verknader av global oppvarming slik det er gjort greie for i Parisavtalen artikkel 2 nr. 1 bokstav a (temperaturmålet). Klimagassutsleppa skal reduserast i storleiksordenen

90–95 pst. Ved vurdering av måloppnåing skal det takast omsyn til effekten av EUs kvotesystem. Regjeringa sette i august i år ned eit offentleg utval som skal gjere ei heilskapleg utgreiing av vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet for 2050. Utvalet skal levere rapporten sin 1. november 2023.

Lov om klimamål (klimalova) lovfestar klimamåla for 2030 og 2050. Regjeringa rapporterer om arbeidet med å nå klimamåla for 2030 og 2050 i rapporteringa etter klimalova, sjå del IV i budsjettproposisjonen.

I tillegg til den nasjonale innsatsen medverkar Noreg til globale utsleppsreduksjonar gjennom mellom anna innsats for å bevare tropisk skog i utviklingsland. Innsatsen skjer gjennom Klima- og skoginitiativet, som er ein del av norsk offentleg bistand. Klima- og skoginitiativet er eit resultat av klimaforliket i 2008 og vart vidareført i forliket i 2012. Gjennom Meld. St. 24 (2016–2017) er det vedteke at initiativet skal førast vidare på eit høgt nivå fram til 2030. Klima- og skoginitiativet har som mål å medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog gjev eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og ei meir berekraftig utvikling. Satsinga har inngått partnerskap med ei rekke sentrale skogland konsentrerte rundt dei tre store regnskogbassenga i verda: Amazonas, Kongobassenget/Sentral-Afrika og Indonesia.

Norsk bistand til klima blir styrkt med 1,9 mrd. kroner i 2022. Regjeringa etablerer eit nytt klimafond som skal investere i fornybar energi i utviklingsland med mål om å bidra til reduserte klimagassutslepp. Klimainvesteringsfondet vil bli tilført 1 mrd. kroner årleg over statsbudsjettet over 5 år. Norfund, statens investeringsfond for næringsverksemd, set i tillegg av 1 mrd. kroner årleg av sin eigen kapital til fondet. Norfund får ansvaret for å forvalte fondet. Det blir òg ei styrka satsing på bistand til klimatilpassing i 2022 for å følgje opp regjeringa sin strategi for klimatilpassing, førebygging og kampen mot svolt. Det grøne klimafondet er hovudkanalen for klimafinansiering under klimakonvensjonen. Regjeringa gjev eit bidrag til Det grøne klimafondet på 800 mill. kroner årleg i perioden 2020–2023. For å utløyse ytterlegare klimainnsats internasjonalt prioriterer Noreg i tillegg samarbeid om utsleppsreduksjonar gjennom kvotekjøp, utvikling av nye marknadsmechanismar og støttar ulike kapasitetsbyggingsprogram.

Klima- og skoginitiativet og annan internasjonal innsats er nærmare omtalte i del II, programkategori 12.70.

Samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane. Klimaet endrar seg allereie, og endringane påverkar både natur og samfunn. Klimaframskrivingar presenterte i rapportane *Klima i Norge 2100* og *Climate in Svalbard 2100* gjev oppdatert kunnskap om korleis klimaendringane kan bli i Noreg i åra framover. Framskrivningane i rapporten har teke utgangspunkt i ulike utsleppsscenario og viser at vi med ein framleis rask auke i klimagassutsleppa mellom anna må vente ein markant auke i temperaturen og at styrtregneepisodane kjem oftare og kraftigare. Tilsvarende kan regnflaumane bli hyppigare og større. På grunn av stigande havnivå vil òg fleire område knytte til Fastlands-Noreg som ikkje er utsette for overfløyming ved stormflod i dag, kunne bli utsette for dette i framtida. På Svalbard vil permafrosten bli varmare over heile øya, og dei øvste metrane vil tine i kystområda.

Rapportane viser òg at med reduserte klimagassutslepp vil klimaendringane bli langt mindre, sjølv om ein på Svalbard allereie har hatt ei kraftig oppvarming. Det er gjeve ein utfyllande omtale av status på klimatilpassingsarbeidet i del IV.

3.6 Polarområda

Nasjonale mål:

- Omfanget av villmarksprega område skal halvdast ved lag, og naturmangfaldet skal bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet.
- Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom ei føreseieleg og langsiktig forvaltning.
- Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal redusert.

Noreg har eit særskilt ansvar som miljøforvaltar i nordområda og på Svalbard, og eit av hovudmåla for norsk svalbardpolitikk er å ta vare på den særskilte villmarksnaturen på Svalbard. Dei spesielle miljømåla for Svalbard går fram av Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, jf. Innst. 88 S (2016–2017). Der er det slått fast at innanfor dei ramme traktats- og suverenitetsmessige omsyn set, skal miljøomsyn vege tyngst ved konflikt mellom miljøvern og andre interesser.

På Svalbard er no i overkant av 67 pst. av landområdet og 88 pst. av territorialfarvatnet freda som naturreservat og nasjonalparkar. Samstundes har områda ein verdifull kulturarv og stor verdi som kjelde til kunnskap og naturoppleving. Dyrelivet er i utgangspunktet freda, og fleire artar har

hatt ein kraftig vekst etter tidlegare for sterk utnytting. Nokre av pattedyr- og fugleartane har ikkje klart å komme tilbake til tidlegare nivå.

Raske klimaendringar gjev store utfordringar for miljøvernet og lokalsamfunna på Svalbard. Rapporten *Climate in Svalbard 2100* bereknar klimaendringane på Svalbard fram mot år 2100 for å gje eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing.

Mindre is og villare vêr gjev større erosjon på strendene, og kulturminna som ligg nær sjøen, står i fare for å rase i havet. For kulturminne med særleg høg kulturhistorisk verdi og/eller opplevingsverdi vil det vere aktuelt å setje i gang førebyggjande tiltak for å motverke røteskadar eller erosjon. Målet er å sikre dei kulturminna med høgast prioritet i «Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023». For enkelte særleg verdifulle kulturminne som står i fare for å gå tapt, er det aktuelt å utføre dokumentasjon eller arkeologisk nødutgraving.

Det er viktig å beskytte villmarksområda på Svalbard med naturverdiar, biologisk mangfald og kulturminne i ein situasjon med raske endringar i klimaet, der både natur og kulturminne er meir sårbare for belastninga av ferdsel. Reduksjon av andre påverknadsfaktorar er den mest effektive – og ofte einaste – moglege forma for klimatilpassing når det gjeld å ta vare på biologisk mangfald og kulturmiljø på Svalbard. Nytt regelverk knytt til ferdsel blir difor viktig.

Noreg medverkar til ei cirkumpolar, heilskapleg tilnærming for å handtere miljøutfordringane i Arktis gjennom aktiv deltaking i Arktisk råd og arbeidsgruppene til rådet. Under Arktisk råd samarbeider dei åtte arktiske landa om klima, miljø og berekraftig utvikling og utarbeider vitenskapleg baserte vurderingar av klimaendringane og utviklinga av miljøtilstanden i Arktis. Dette arbeidet gjev viktig kunnskapsgrunnlag for internasjonale avtalar som gjeld forureining og klima, og for nasjonal forvaltning. Under Arktisk råd har dei arktiske landa òg forhandla fram avtalar om oljevern, søk og redning og samarbeid om forskning i Arktis.

Noreg og Russland har felles ansvar for forvaltning av miljø, artar og naturressursar i Barentshavet og grenseområda. Eit breitt og

effektivt miljøvernssamarbeid med Russland, tufta på gjensidig interesse, står sentralt. Havmiljø og grensenært miljøvernssamarbeid er særskilt prioriterte i samarbeidet under den norsk-russiske miljøvernkommissjonen.

Barentssamarbeidet er viktig for å styrkje grenseoverskridande kontakt og problemløysing og for å fremje berekraftig utvikling i Barentsregionen.

I Antarktis har Noreg, som part til Antarktistraktaten, òg forplikta seg til eit omfattande vern av miljøet. I Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis* er det slått fast at Noreg framleis vil vere ein pådrivar for å verne om miljøet i Antarktis og tryggje dette området som eit referanseområde for forskning i samband med den viktige stillinga dette området har når det gjeld globale klima- og miljøendringar.

Det siste tiåret er det gjennomført ei rekkje miljøtiltak i tråd med miljøprotokollen, og Antarktis står i dag fram som eit av dei siste store urørte naturområda i verda. Marine verneområde er viktige områdebaserte tiltak, mellom anna for å ta vare på og sikre berekraftig bruk av marine ressursar og økosystem. I 2016 vart marine verneområde i Rosshavet vedtekne. Noreg deltek aktivt i arbeidet med nye marine verneområde i Antarktis, og Norsk Polarinstittutt vil i 2021 arbeide vidare med kunnskapen om økosystema i Weddelhavet / Kong Haakon VII's hav utanfor Dronning Mauds Land, basert på data som vart samla inn under toktet til Sørishavet i Antarktis sørsommeren 2019.

Dei siste tiåra er det registrert betydeleg oppvarming over enkelte delar av Antarktis, og vi får nyheiter om at store flak av isbremmane går av og driv til havs. Spesialrapporten om hav og is frå FN's klimapanel (*Special Report on the Ocean and Cryosphere in a Changing Climate*) frå september 2019 peiker på at vi treng meir kunnskap om Antarktis og kva endringane der vil ha å seie for det globale klimaet og havnivået i framtida. Det er ei prioritert forskingsoppgåve å få meir kunnskap om samspelet mellom isbremmane, innlandsisen og havet og kva dette inneber for framtidig havnivåstiging og andre globale klima- og miljøspørsmål.

4 Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2022

Forslaget til budsjett for Klima- og miljødepartementet har ei utgiftsramme på 17 054,96 mill. kroner i 2022, mot 16 776,073 mill. kroner i 2021. Dette er ein netto auke på 278,887 mill. kroner, eller 1,7 pst. frå saldert budsjett 2021.

Utgiftene under Klima- og miljødepartementet aleine gjev ikkje eit fullstendig uttrykk for regjeringa sine samla politiske prioriteringar av klima og miljø. Klima- og miljøpolitikken blir i stor grad ført ved hjelp av skattar, avgifter og regulering.

Regjeringa vil føre ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk som byggjer på forvaltansansvaret og føre-var-prinsippet. Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet for å nå måla i Parisavtalen og omstille seg slik at vi oppfyller klimaforpliktingane våre. Regjeringa følgjer i budsjettet for 2022 opp *Klimaplan for 2021–2030* (Meld. St. 13 (2020–2021)). Klimaplanen viser korleis vi skal nå klimamålet for 2030 som vi har meldt inn under Parisavtalen. Tiltak for å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til klimaendringane er ei av hovudprioriteringane for regjeringa. Viktige klimapolitiske satsingar ligg òg under budsjetta for andre departement.

Som ein del av oppfølginga av *Klimaplan for 2021–2030* foreslår regjeringa å auke CO₂-avgifta til 688 kr/tonn frå 2022. Dette er i tråd med opptrappinga til 2 000 kroner i 2030 som vart signalisert i *Klimaplan for 2021–2030*. Regjeringa vil ikkje kompensere auken i CO₂-avgifta med redusert vegbruksavgift. For å redusere kostnadene for personar som reiser mykje i samband med arbeid, og for å unngå at klimaeffekten av CO₂-avgifta blir motverka, foreslår regjeringa i staden å auke reisefrådraget. I tillegg foreslår regjeringa ei gradvis oppheving av fritaket i CO₂-avgifta for naturgass og LPG til veksthusnæringa og å innføre avgift på forbrenning av avfall. For fleire detaljar om justeringar, sjå «Skatter, avgifter og toll» (Prop. 1 LS (2021–2022)). Klimarelevante satsingar under andre departement som blir følgde opp i 2022-budsjettet, er mellom anna på pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren

på Samferdselsdepartementet sitt budsjett. Dette er ei oppfølging av Klimaplanen. Det er også sett av pengar til ei ny tilskotsordning for mindre byar, som skal gå til kollektiv-, gang- og sykkeltiltak, på Samferdselsdepartementet sitt budsjett.

Regjeringa vil halde fram med den betydelege satsinga gjennom Enova og har spissa Enova som klimaverkemiddel i samband med den fireårige styringsavtalen for 2021–2024. Enova er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å fremje innovasjon og utvikling av nye klima- og energiløysingar og i oppfølginga av klimaplanen for 2021–2030.

Regjeringa ønskjer å gjere økonomien meir sirkulær for å halde verdiane av ressursane lenger i krinsløpet og bruke dei meir effektivt. Å omstille til ein meir sirkulær økonomi vil bidra til å nå vedtekne klima- og miljømål og FN's berekraftsmål. Regjeringa vil prioritere å følgje opp den nasjonale strategien for ein grøn, sirkulær økonomi. Regjeringa fører vidare dei 30 mill. kroner som vart satt av til oppfølging av den nasjonale strategien for sirkulær økonomi. Arbeidet held fram i 2022.

Regjeringa er oppteken av å styrkje det lokale og regionale klimaarbeidet og foreslår å føre vidare tilskotsordninga Klimasats i 2022 med ei ramme for nye tilsegner på 200 mill. kroner. Ordninga skal fremje klimatiltak i kommunar, fylkeskommunar og Longyearbyen lokalstyre ved å støtte prosjekt som medverkar til reduksjon i utslepp av klimagassar og omstilling til lågutleppssamfunnet. Delmåla til tilskotsordninga er å bidra til a) at kommunen, fylkeskommunen og Longyearbyen lokalstyre integrerer klimaomsyn i aktivitetane sine, og b) at kommunen, fylkeskommunen og Longyearbyen lokalstyre styrkjer rolla som samfunnsutviklar og pådrivar som legg til rette for samarbeid på klimaområdet mellom ulike aktørar. I 2022 skal Miljødirektoratet særleg prioritere tiltak som bidreg til meir varige omstillings-tiltak, systemendring og innovasjon i kommunane.

Grøn skipsfart er ein viktig del av arbeidet for å innfri klimaforpliktingane våre og eit satsingsområde i klimapolitikken til regjeringa. Regje-

ringa vil halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og stimulere til utvikling av null- og lågutsleppsløysingar i alle fartøykategoriar. Utvekinga i retning av nullutslepp har kommet lengst innanfor ferjesektoren. For større skip, som opererer over lengre strekkingar, er det behov for betydeleg forskings- og utviklingsinnsats for å utvekle nullutsleppsløysingar. Regjeringa foreslår å løyve 40 mill. kroner til ein eiga forskings- og utviklingsinnsats på nullutsleppsløysingar for slike fartøy. Regjeringa foreslår òg å føre vidare ordninga for innfasing av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale samband med ei ramme for nye tilsegner på 40 mill. kroner i 2022.

Regjeringa vil ta vare på naturen og økosystema våre. Arbeidet med å sikre god tilstand i økosystema, hindre tap av artar og naturtypar og sikre eit representativt utval av natur for kommande generasjonar held fram i 2022. Regjeringa har høge ambisjonar for det internasjonale arbeidet med å stoppe det globale tapet av naturmangfald og tek ei aktiv rolle i forhandlingane om eit nytt globalt rammeverk for naturmangfald. Rammeverket er venta slutført i 2022. Regjeringa vil ha eit sterkt og effektivt rammeverk med eit godt system for etterleving. Noreg har mellom anna slutta seg til viktige koalisjonar for natur som skal arbeide for eit globalt mål om 30 pst. vern og anna bevaring innan 2030. Noreg arbeider òg for ei global omlegging til berekraftig bruk. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av det globale rammeverket for naturmangfald på eigna måte så fort som mogleg etter at rammeverket er på plass.

Stortingets behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* er grunnlaget for arbeidet med å ta vare på norsk natur. Regjeringa vil halde fram med å utvikle ei meir heilskapleg forvaltning av økosystema på tvers av sektorar. For 2022 foreslår regjeringa å auke løyvinga til å restaurere natur med 4 mill. kroner. Vidare blir det foreslått å auke løyvinga til å følgje opp ny tiltaksplan for pollinerande insekt med 1 mill. kroner. Regjeringa vil løyve 10 mill. kroner til å følgje opp heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden i 2022, og som ein del av dette blir det foreslått å etablere ei tilskotsordning med juridisk bistand for kommunane langs Oslofjorden for å betre tilgangen til strandsona. Vidare har kommunane ei særleg viktig rolle i arealplanlegginga i Noreg, og regjeringa foreslår å styrkje tilskotsordninga der kommunar kan søkje om midlar til å lage kommunedelplanar for natur, med 2 mill. kroner. Regjeringa vil òg prioritere å ta vare på vill laksefisk og foreslår å løyve 15,3 mill. kro-

ner til tiltak mot pukkellaks i 2022. I tillegg blir det foreslått å auke budsjettet med 9 mill. kroner til ein storstilt aksjon for å fjerne lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* frå Driva-vassdraget.

Eit godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er avgjerande i arbeidet med ei økosystembasert forvaltning. Midlar til arbeidet med å betre kunnskapen om naturmangfaldet gjennom kartlegging og overvaking blir vidareførte på om lag same nivået som i 2021.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å styrkje friluftslivet gjennom sikring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle. Ordninga Nasjonale turiststiar vil bli vidareutvikla med sikte på å betre tryggleiken og medverke til at opplevings- og naturverdiar blir tekne vare på. Tilskot til utvikling av grøntområde i områdesatsingane i Oslo blir vidareførte.

Det grunnleggjande arbeidet for å motverke forureiningar vil halde fram. Ein ny handlingsplan for ein giffri kvardag for perioden 2021–2024 gjev føringar for arbeidet med å fase ut farlege stoff. Regjeringa vil fortsetje arbeidet med plastforureining, mellom anna gjennom å føre vidare Noregs internasjonale leiarrolle i dette arbeidet og få på plass ein ny global avtale. Regjeringa foreslår òg å føre vidare tilskotsordninga til tiltak mot marin forsøpling. Direktoratet for atomtryggleik og strålevern er foreslått styrkt med 7,5 mill. kroner til auka kompetanse i samheng med dekommissjonering av reaktorane på Kjeller og i Halden.

Regjeringa vil styrkje arbeidet med å rydde opp i forureina sjøbotn og foreslår å løyve 23 mill. kroner i 2022 til oppstart av opprydding i Store Lungegårdsvann i Bergen.

Kulturarven representerer vår felles historie, har store økonomiske og kulturelle verdiar og medverkar til identitet og fellesskapskjensle. Regjeringa la fram Meld. St. 16 (2019–2020) for Stortinget våren 2020, med nye nasjonale mål på resultatområdet kulturminne og kulturmiljø. Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold* legg vekt på kulturmiljø som ein ressurs i samfunnsutviklinga og på kulturmiljøforvaltninga som ein del av den heilskaplege klima- og miljøforvaltninga. I oppfølginga av meldinga vil det bli igangsett fleire store arbeid. Mellom anna er det sett i gang eit arbeid med utvikling av bevaringsstrategiar for utvalde tema.

Det er òg sett i gang arbeid med ein ny kulturmiljølov som skal erstatte kulturminnelova vi har i dag, og vere betre tilpassa dagens utfordringar. Det blir òg gjennomført fleire tiltak for å vise

fram kva kulturarven bidreg med for å nå FN's berekraftsmål. Oppfølging av kulturmiljømeldinga vil vere ei hovudprioritering i 2022.

Noreg har i perioden 2017–2021 vore medlem av Unescos verdsarvkomité. Klima- og miljødepartementet har i denne perioden lagt stor vekt på det internasjonale ansvaret for verdsarvkonvensjonen og tek sikte på å føre vidare dette engasjementet. Det nasjonale arbeidet for å styrkje lokal kunnskap og lokal forvaltning held fram. Målsetjinga er at dei norske verdsarvområda skal utviklast som fyrstårn for den beste praksisen innan natur- og kulturmiljøforvaltning når det gjeld tilstand, forvaltning og formell beskyttelse. Arbeidet med gjennomføringa av prioritetsplanen for verdsarvsenter (2017–2026) ved dei norske verdsarvområda er eit viktig styringsverktøy. Det er behov for å revidere planen, og arbeidet er igangsett.

I tråd med føringane frå regjeringa og Stortinget for Klima- og skoginitiativet er det inngått avtalar som heilt eller delvis omfattar betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar og samstundes støttar berekraftig utvikling i skoglanda. I 2022 legg regjeringa opp til at Noreg betaler for utsleppsreduksjonar i Colombia og Gabon og potensielt også i Peru. I 2022 vil Klima- og skoginitiativet halde fram med å satse på berekraftig utvikling i partnarlanda og å auke innsatsen frå det private næringslivet for redusert avskoging, mellom anna gjennom å medverke til å auke privat finansiering av utsleppsreduksjonar frå tropisk skog gjennom LEAF-koalisjonen (Lowering Emissions by Accelerating Forest finance).

Det bilaterale kvotekjøpsprogrammet under Kyoto-perioden blir avslutta i 2021. Noreg er alle-reie i gang med utviklinga av nye program i sam-svar med Parisavtalen. Det blir foreslått å løyve 100 mill. kroner til dette i 2022.

Ein betydeleg auke i turisme og forskning på Svalbard dei seinare år har ført til auka belastning på sårbart naturmiljø og kulturminne. Regjeringa vil sjå til at ferdsel og anna verksemd skjer innanfor rammer som sikrar at den samla miljøbelastninga ikkje blir for stor. Mellom anna vil ei vedvarende utvikling av miljøregelverket og utarbeiding av forvaltningsplanar vere viktige oppgåver.

Regjeringa vil også sjå til at dei forvaltningsverktøya vi i dag har på Svalbard, er tilpassa den nye kunnskapen vi har fått, effektar av klimaendringar og ei artsforvaltning i eit økosystembasert forvaltningsperspektiv.

Auka ansvarlegging av statlege verksemder for eigne pensjonskostnader – innføring av ny premiemodell frå 2022

Effektiv bruk av ressursar i staten krev riktig pri-sing av innsatsfaktorane. Pensjonspremie er eit viktig kostnadselement og blir mellom anna påverka av lønnsutgiftene til den ein-skilde verksemda og kva dei tilsette tek ut av tidlegpensjon. Det er sett i gang eit arbeid med å modernisere premiesystemet i Statens pensjonskasse. Frå 2022 blir det innført ein ny verksemdspesifikk og hendingbasert premiemodell for betaling av pensjonspremie for statlege verksemder. Den nye premiemodellen tek løpande omsyn til dei fak-tiske hendingane i medlemsbestanden, så som lønnsendringar og uttak av pensjon, slik at premi-ereserven er à jour med medlemmene si opp-tening. Dette skal hjelpe til å auke ansvarleggje-ninga av statlege verksemder for deira eigne pen-sjonskostnader. Pensjonspremien for dei statlege verksemdene vil frå same tidspunktet bli utrekna etter nytt pensjonsregelverk, medrekna påslags-pensjon og nye samordningsreglar, og ny døde-legheitstariff.

Innføringa av ny modell skal vere om lag bud-sjettneøytral på innføringstidspunktet ved at dei verksemdene som det gjeld, får ein reduksjon eller ein auke i løyvinga i tråd med endra premie. Berekingane er baserte på ei samanlikning av nytt premienivå for 2022 med kva pensjonspre-mien ville blitt for 2022 med premiemodellen vi har i dag. Ettersom verksemdene også betaler arbeidsgjevaravgift av pensjonspremien, inneber ei endring av premienivået også endringar i arbeidsgjevaravgifta verksemdene skal betale. Det er teke omsyn til dette i berekingane. Det blir vist til Arbeids- og sosialdepartementets Prop. 1 S (2021–2022) for nærmare omtale.

Effektivisering m.m.

Regjeringa vil byggje politikken sin på effektiv bruk av fellesskapen sine ressursar. Regjeringa har difor innført ei avbyråkratiserings- og effekti-viseringsreform og føreset at alle statlege verksemder gjennomfører tiltak for å bli meir effekte-tive. Reforma skal gje insentiv til meir effektiv statleg drift og skaper handlingsrom for priorite-ringar i statsbudsjettet. Verksemdene har òg godt høve til å planleggje og gjennomføre tiltak for å effektivisere drifta når reforma er eit årleg krav. Delar av gevinsten frå mindre byråkrati og meir effektiv bruk av pengane blir overførte til felles-kapen i dei årlege budsjetta. Den årlege overfø-

ringa er sett til 0,5 pst. av alle driftsutgifter som blir løyvde over statsbudsjettet. For klima- og miljøforvaltninga inneber dette reduksjonar på 20,7 mill. kroner på driftspostane.

Budsjettgevinster frå endra jobbreisevanar

Pandemien har kravd meir bruk av digitale møte og gjeve statlege verksemder høve til å redusere reiseomfanget både på kort og lang sikt. Sjølv om reiseaktiviteten vil auke igjen etter kvart som sam-

funnet opnar ytterlegare opp, vil nivået på reiseaktiviteten truleg vere varig redusert. Dette vil redusere reiseutgifter i verksemdene og spare reisetid for dei tilsette. Regjeringa gjer framlegg om eit varig gevinstuttak frå og med 2022 på 5 pst. av reiseutgiftene slik desse var før pandemien. Sjå Prop. 1 S (2021–2022) Gul bok, for ei nærmare framstilling av gevinstuttaket. For klima- og miljøforvaltninga inneber dette reduksjonar på 5 mill. kroner på driftspostane.

5 Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet

For å nå dei nasjonale klima- og miljømåla må alle sektorar i samfunnet medverke. Regjeringa fører ein brei klima- og miljøpolitikk som omfattar verkemiddel på resultatområda omtalte i kapittel 3 og verkemiddel innanfor ansvarsområda til andre departement.

Det er samstundes viktig å understreke at klima- og miljøpolitikken ikkje først og fremst er løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar i stor grad avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for statsbudsjettet. Til dømes vil planlegging av arealbruk vere viktig, det same er regulering av tillatne grenseverdier for forureining.

Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet omfattar satsingar på heile miljøområdet, det vil seie

innsats for å ta vare på naturmangfaldet og kulturminne- og kulturmiljø, medverke til auka friluftsliv, redusere forureining og dempe klimaendringar og negative verknader av klimaendringane.

Det er ikkje enkelt å avgrense utgifter til slike tiltak på ein god måte. Mange tiltak kan grunnleggjast på fleire måtar og skal medverke til å nå ulike mål. Tiltaka er òg svært ulike. Nokre tiltak er langsiktige, slik som forskning, medan andre har meir direkte verknader. Tabellane og beløpa under må difor tolkast med varsemnd og bør berre sjåast som ei omtrentleg oversikt over dei viktigaste nye klima- og miljøpolitiske satsingane til regjeringa.

Tabell 5.1 Viktige satsingar i statsbudsjettet for 2022 under Klima- og miljødepartementet (auke frå saldert budsjett 2021)

(i 1 000 kroner)		
Tiltak	Kap. og post	Utgifter
Forskning og utvekling på nullutsleppsløysingar for større skip	1410.51	40 000
Oppfølging av tiltaksplan for ville pollinerande insekt	1420.21	1 000
Auka støtte til kommunar i arbeidet med å lage kommunedelplan om natur	1420.60	2 000
Oppfølging av heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden	1420.22, 1420.66 og 1420.85	10 000
Tiltak mot pukkellaks	1420.22	15 300
Tiltak for å fjerne lakseparasitten Gyrodactylus salaris frå Driva-vassdraget	1420.22	9 000
Auka restaurering av natur	1420.38	4 000
Vidareføring av Klimasats	1420.61	200 000 ¹
Vidareføring av satsinga på hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar	1420.62	40 000 ²
Opprydding i Store Lungegårdsvann i Bergen	1420.69	23 000 ³
Styrkje Direktoratet for strålevern og atomtryggleik si kapasitet i arbeidet med dekkommisjonering av dei norske atomanlegga	1423.01	7 500

¹ Regjeringa foreslår å føre vidare tilskotsordninga Klimasats i 2022 med ei løyving på 10 mill. kroner og ei fullmakt for nye tilsegner på 190 mill. kroner.

² Regjeringa foreslår å føre vidare ordninga med utvikling av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale samband i 2022 med ei løyving på 25 mill. kroner og ei fullmakt for nye tilsegner på 15 mill. kroner

³ Opprydding i Store Lungegårdsvann i Bergen går over to år med ei foreslått løyving i 2022 på 23 mill. kroner og ei fullmakt for 2022 på 84,3 mill. kroner. Forslag til statleg stønad er på totalt 107,3 mill. kroner.

Tabell 5.2 Viktige satsingar i statsbudsjettet for 2022 med tydeleg klima- og miljøgevinst, på andre departement sine område

Tiltak	(i 1 000 kroner)	
	Departement	Utgifter
Hardanger fartøyvernssenter	KUD	5 000
Sikring og opprydding – atomanlegg	NFD	133 700
Norsk deltaking i InvestEU	NFD	192 000
Grøn plattform	NFD	252 700
Havforskingstiåret	NFD	10 000
Nysnø Klimainvesteringar – auka kapital og risikokapital	NFD	200 000
Flaum- og skredførebygging	OED	60 000
Statens andel av investeringskostnadene i Langskip	OED	1 175 000 ¹
Forskning og innovasjon – hydrogen, hav og lågutslepp	OED	30 000
Oppretting av forskingssenter for berekraftig transport og Pilot-T	SD	25 000
Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren	SD	50 000
Ny tilskottsordning til mindre byområde	SD	30 000
Innfasing av nye tog	SD	51 800
Auka fornying av jernbanen (NTP)	SD	300 000
Meir gods på bane	SD	82 000
Kjøp av brukte vogner for å halde ved lag tilbodet i vente på nye fjerntogsett	SD	76 000
Tiltak mot marin forsøpling i Barentshavet	UD	5 000
Klimabistand	UD	1 900 000

¹ Statens totale del av investeringskostnadene for Langskip i 2022 er 3 450 mill. kroner. Dette er ein auke på 1 175 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett i 2021.

Regjeringa vil føre ein offensiv klima- og miljøpolitikk og medverke til ei grøn omstilling av norsk økonomi. Som det går fram av tabell 5.1 og 5.2, er klima eit hovudsatsingsområde for regjeringa. Innrettinga av avgifter og eit grønt skatteskitte er sentrale verkemiddel for regjeringa si klimapolitikk. For ei kort framstilling av kva rolle ulike avgifter spelar, sjå kapittel 14.2 i Klimalovrapporteringa. For detaljer om avgifter og avgiftsendringar i 2022-budsjettet, sjå Prop. 1 LS frå Finansdepartementet.

For ein omtale av klima- og miljøpolitikken til dei ulike departementa, sjå kapittel 9 i denne proposisjonen. Alle departementa har òg ein eigen klima- og miljøomtale i sine respektive proposisjonar.

Under er ein kort omtale av satsingane i forslag til statsbudsjett for 2022 som ikkje er i Klima- og miljødepartementets budsjett. Ein nærmare omtale er å finne i fagproposisjonane frå dei ulike departementa. Satsingsforslaga til Klima- og miljødepartementet er omtalte i kapittel 4 Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2022.

Hardanger fartøyvernssenter

Regjeringa foreslår ei løyving på 5 mill. kroner til eit nybygg og ombygging av eit formidlingssenter for maritim kultur, historie og handverk i Norheimsund i Hardanger. Regjeringa foreslår ei løyving på 5 mill. kroner i 2022 og dessutan tilsagn om ytterlegare 33 mill. kroner i seinare budsjettår.

Sikring og opprydding – atomanlegg

Regjeringa foreslår ei løyving på 133,7 mill. kroner til auka driftsutgifter i Norsk nukleær dekommissjonering, halde oppe framdrift i oppryddingsprosjektet og sikring av atomanlegga på Kjeller og i Halden. I tillegg ber Regjeringa om Stortinget sitt samtykke til ein bestillingsfullmakt på 280 mill. kroner til prosjekt med fleirårige plikter.

Norsk deltaking i InvestEU

InvestEU omfattar finansielle instrument som lån, garantiar og eigenkapital. Programmet skal bidra til omstilling til berekraftig, klimavennleg og inkluderande verdiskaping i EU.

I april 2021 vart det lagt fram ein proposisjon som skal leggje til rette for mogleg norsk deltaking i InvestEU. Deltaking i InvestEU vil gje norske verksemder ei moglegheit til å delta i felleseuropeiske investeringsprosjekt innan ny fornybar energi og grøne løysingar.

Regjeringa foreslår ei løyving på 192 mill. kroner for 2022.

Grøn plattform

Som ein del av covid-19-tiltaka løyvde regjeringa den grøne omstillingspakken «Grønn plattform» i 2020. Denne inneheld 1 mrd. kroner fordelt over perioden 2020–2022. Regjeringa foreslår å styrkje Grøn plattform med ytterlegare 252,7 mill. kroner i 2022. Dette gir ei samla ramme på 585,7 mill. kroner til plattformen i 2022. Formålet med ordninga er å skapa eit samfunnsøkonomisk lønnsamt- og berekraftig næringsliv som bidrar til grøn omstilling. Midlane blir disponerte av Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Siva.

Havforskingstiåret

FN har proklamert eit internasjonalt havforskingstiår for berekraftig utvikling fram mot 2030. Satsinga skal byggje opp under aktivitetar som kan betre koordineringa av internasjonalt forskingssamarbeid.

Nysnø Klimainvesteringar

Regjeringa foreslår auka kapital på 200 mill. kroner der 70 mill. kroner av desse er risikokapital.

Flaum- og skredførebygging

Regjeringa foreslår å styrke NVE sitt arbeid med om lag 60 mill. kroner til flaum- og skredførebygging. Midlane skal gå til å auke gjennomføring av fysiske sikringstiltak og kartlegging. Av dette går om lag 19 mill. kroner til drift for oppfølging av kartlegging, sikringstiltak, arealplanlegging og arbeidet med overvatn.

Langskip – fangst og lagring av CO₂

Rapportane til FNs klimapanel og Det internasjonale energibyrådet (IEA) viser at det vil vere nødvendig med fangst og lagring av CO₂ for å redusere globale klimagassutslepp i tråd med klimamåla til lågast mogleg kostnader.

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2021 vedtok Stortinget å gje støtte til gjennomføringa av Langskip-prosjektet. Langskip er eit norsk demonstrasjonsprosjekt for fullskala CO₂-handtering som omfattar fangst, transport og lagring av CO₂. Stortinget vedtok å støtte realisering av fangst av CO₂ frå Norcem som første fangstprosjekt og deretter Fortum Oslo Varmes CO₂-fangstprosjekt, under føresetnad av at FOV får tilstrekkeleg eigenfinansiering eller finansiering frå EU eller andre kjelder. Stortinget bestemte også å støtte Northern Lights, som har ansvar for transport- og lagringsdelen av Langskip. I 2021-budsjettet vart det løyvd 2 275 mill. kroner til Langskip-prosjektet. Regjeringa foreslår at løyvinga blir auka med 1 175 mill. kroner i 2022-budsjettet. Total løyving for 2022-budsjettet blir da 3 450 mill. kroner. Dei auka kostnadene kjem mellom anna av at prosjektet får eit fullt år med byggjeaktivitet.

Oppretting av forskingssenter for berekraftig transport og Pilot-T

Regjeringa foreslår å løyve 25 mill. kroner til auka satsing på Pilot-T (utvikling og testing av nye mobilitetsløysningar) og nye forskingssenter for berekraftig transport.

Forsking og innovasjon – hydrogen, hav og lågutslepp

Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner til å etablere eit nytt forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) innan hydrogen og ammoniakk. Senteret skal arbeide med hydrogenproduksjon frå både naturgass og fornybar kraft gjennom elektrolyse. FME skal styrkje og koordinere forskings- og innovasjonsinnsatsen på hydrogenområdet. Senteret skal bidra til raskare utvikling av

konkurransedyktig teknologi og løysingar for produksjon og bruk av hydrogen og ammoniakk. Tryggleiken ved storskala bruk av hydrogen vil òg inngå i arbeidet. Senteret skal etablerast tidleg i 2022.

Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren

Regjeringa foreslår å løyve 50 mill. kroner til pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren. Midlane blir retta inn mot pilotering av nullutsleppsmaskiner og -køyretøy til bruk på anleggsplassar i transportsektoren.

Ny tilskotsordning til mindre byområde

Regjeringa foreslår ei tilskotsordning til mindre byområde som ikkje har byvekstavtale, som skal leggje til rette for klima- og miljøvennleg byutvikling og god framkomst. Tilskotsordninga gjeld midlar til mindre investeringar i gong- og sykkelveggar, samt kollektivtiltak. Ordninga omfattar fem byområde.

Jernbaneformål

Regjeringa legg til rette for auka innsats i fornying av jernbanen med eit nivå som er 300 mill. kroner høgare enn estimatet for 2021. Vidare foreslår

regjeringa 51,8 mill. kroner til innfasing av nye togsett og 76 mill. kroner til kjøp av brukte vogner for å halde ved lag tilbodet i vente på nye fjerntogsett.

Meir gods på bane

Til å vidareføre tilskot for overføring av gods frå veg til bane, foreslår regjeringa å løyve 82 mill. kroner.

Tiltak mot marin forsøpling i Barentshavet

Tiltaket inneber betre kartlegging, eit betre kunnskapsgrunnlag og ei vidareføring av samarbeidet med Russland på feltet.

Klimabistand

Norsk bistand til klima blir styrkt med 1,9 mrd. kroner. Regjeringa etablerer eit nytt klimafond som skal investere i fornybar energi i utviklingsland med mål om å bidra til reduserte klimagassutslepp. Klimainvesteringsfondet vil bli tilført 1 mrd. kroner årleg over statsbudsjettet over 5 år. Norfund, statens investeringsfond for næringsverksemd, set i tillegg av 1 mrd. årleg av sin eigen kapital til fondet. Norfund får ansvaret for å forvalte fondet. I tillegg er det ei satsing på klimatilpassing i 2022.

6 Oversiktstabellar

6.1 Merknader til budsjettframlegget

utgiftssida og 2 636,504 mill. kroner på inntektsida.

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Klima- og miljødepartementet på 17 054,960 mill. kroner på

6.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1400	Klima- og miljødepartementet	655 263	675 365	674 980	-0,1
1410	Kunnskap om klima og miljø	1 178 393	1 106 179	1 122 539	1,5
1411	Artsdatabanken	70 897	69 623	70 473	1,2
1412	Meteorologiformål	487 333	522 774	489 712	-6,3
	Sum kategori 12.10	2 391 886	2 373 941	2 357 704	-0,7

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1420	Miljødirektoratet	5 123 816	6 365 688	6 771 724	6,4
1422	Miljøvennleg skipsfart	58 633	40 092	41 293	3,0
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	28 229	28 799	36 907	28,2
1424	Senter mot marin forsøpling			24 643	100,0
1425	Fisketiltak	15 106	16 060	17 043	6,1
1428	Enova SF	5 208 134	3 315 744	3 384 013	2,1
	Sum kategori 12.20	10 433 918	9 766 383	10 275 623	5,2

Utgifter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1429	Riksantikvaren	710 482	700 101	668 797	-4,5
1432	Norsk kulturminnefond	126 292	119 614	121 340	1,4
	Sum kategori 12.30	836 774	819 715	790 137	-3,6

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1471	Norsk Polarinstitutt	381 606	341 911	345 488	1,0
1472	Svalbards miljøvernfond	5 191	20 658	10 329	-50,0
1473	Kings Bay AS	70 093	36 010	36 946	2,6
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	51 768	53 321	54 268	1,8
	Sum kategori 12.60	508 658	451 900	447 031	-1,1

Utgifter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1481	Klimakvotar	206 963	283 369	102 611	-63,8
1482	Internasjonale klima- og utviklingstil- tak	3 150 682	3 080 765	3 081 854	0,0
	Sum kategori 12.70	3 357 645	3 364 134	3 184 465	-5,3

6.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
4400	Klima- og miljødepartementet	32 120	34 516	30 067	-12,9
4411	Artsdatabanken	526	420	429	2,1
	Sum kategori 12.10	32 646	34 936	30 496	-12,7

Inntekter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
4420	Miljødirektoratet	141 662	148 549	148 751	0,1
4423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	711	1 026	1 048	2,1
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljø- departementet	730 973	708 254	708 264	0,0
	Sum kategori 12.20	873 346	857 829	858 063	0,0

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
4429	Riksantikvaren	5 597	6 337	6 141	-3,1
	Sum kategori 12.30	5 597	6 337	6 141	-3,1

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
4471	Norsk Polarinstitutt	111 630	86 731	88 542	2,1
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljø- departementet	6 197	20 670	10 341	-50,0
	Sum kategori 12.60	117 827	107 401	98 883	-7,9

Inntekter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
4481	Sal av klimakvotar	8 018 409	1 022 183	1 642 921	60,7
	Sum kategori 12.70	8 018 409	1 022 183	1 642 921	60,7

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
01-29	Statens egne driftsutgifter	3 230 067	3 263 584	3 164 673	-3,0
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	614 763	600 003	609 942	1,7
50-89	Overføringer til andre	13 684 051	12 912 486	13 280 345	2,8
	Sum under departementet	17 528 881	16 776 073	17 054 960	1,7

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
01-29	Sal av varer og tenester	8 310 655	1 299 762	1 917 899	47,6
50-89	Overføringer fra andre	737 170	728 924	718 605	-1,4
	Sum under departementet	9 047 825	2 028 686	2 636 504	30,0

Oversikt over bruk av stikkordet «kan overføres»

***Under Klima- og miljødepartementet blir stikkordet «kan overføres» foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49*

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2021	Forslag 2022
1400	74	Tilskot til AMAP		5 296
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak	10 899	143 122
1410	23	MAREANO	24 983	47 730
1411	21	Spesielle driftsutgifter		10 656
1411	70	Tilskot til artar og naturtypar	780	27 159
1420	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd	2 506	149 508
1420	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing	74 177	222 838
1420	62	Tilskot til grøn skipsfart	4 358	87 157
1420	69	Oppryddingstiltak	11 200	125 962
1420	70	Tilskot til vassmiljøtiltak	7 864	47 905
1420	71	Marin forsøpling	12 919	50 290
1420	73	Tilskot til rovvilttiltak	15 266	79 575
1420	78	Friluftformål	7 500	181 798
1420	79	Oppryddingstiltak		450

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2021	Forslag 2022
1420	81	Naturarv og kulturlandskap	872	69 527
1420	82	Tilskot til truga artar og naturtypar	1 988	43 919
1420	83	Tilskot til tiltak mot framande artar	115	4 104
1420	85	Naturinformasjonssenter	3 789	82 801
1425	70	Tilskot til fiskeformål	162	16 743
1429	22	Fleirårige prosjekt kulturminneforvaltning	23 916	23 734
1429	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	5 958	39 026
1429	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	3 887	142 759
1429	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	438	58 554
1429	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	20 520	59 072
1429	74	Tilskot til fartøyvern	3 032	70 605
1429	75	Tilskot til fartøyvernssenter	2 006	15 557
1429	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde	5 384	8 446
1429	79	Tilskot til verdsarven	2 561	59 372
1471	21	Spesielle driftsutgifter	1 729	102 364
1474	01	Driftsutgifter		247
1474	01	Lønn og godtgjørelser		247
1474	50	Tilskot til statlege mottakarar		25 020
1474	70	Tilskot til private mottakarar	1 010	29 001
1481	01	Driftsutgifter	3 004	2 611
1481	22	Internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar	162 888	100 000
1482	73	Klima- og skogsatsinga	47 089	2 981 543

7 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er det gjort greie for oppfølginga av oppmodingsvedtak under Klima- og miljødepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortings-sesjonen 2020–2021 og vedtak frå tidlegare stortings-sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. S 580 (2020–2021) meinte ikkje var

kvitterte ut. I tabellen nedanfor blir det òg angjeve i kva grad departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år òg.

Tabell 7.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2020–2021	157	Oversikt over tiltak i budsjettet som har reduksjon av klimagass som hovudgrunngeving	Ja
2020–2021	202	Forvaltningsprinsipp om at berre Stortinget gjer vedtak om endringar i nasjonalt fastsett ulvesone	Ja
2020–2021	203	Stopp av all utviding av ulvesona	Ja
2020–2021	270	Insentivordningar for produksjon av biogass	Ja
2020–2021	500	Vurdere Norsk deltaking i IPCEI Hydrogen	Ja
2020–2021	690	Bidra til gjennomføring av tiltak initierte av lokale og regionale styresmakter som reduserer utslepp i verdsarvfjordane	Nei
2020–2021	691	Tiltak som sikrar verdsarvfjordane som anløpshamn for cruisebåtar også etter 2026 – etablering av landstraum i Flåm mv.	Nei
2020–2021	751	Verkemiddel for meir effektiv og einskapleg skadefelling av rovvilt	Nei
2020–2021	752	Kompetanseoverføringsprosjekt om skadefelling	Nei
2020–2021	753	Forslag om verkemiddel for meir effektiv lisensfelling	Nei
2020–2021	794	Miljøavtalen om reduksjon av NOx-utsleppa	Ja
2020–2021	831	Nasjonal plan for å gjere land- og ladestraum, hydrogen, ammoniakk og andre grønne drivstoff tilgjengelege	Nei
2020–2021	973	Forslag om revidering av motorferdsellova	Nei
2020–2021	976	Oppfølging av globalt rammeverk for naturmangfald	Nei
2020–2021	977	Ny vurdering av innstrammingane av sjølaksefisket	Nei
2020–2021	978	Tillate krokgarnfiske og andre tiltak	Ja
2020–2021	979	Evaluerer status for små og sårbare bestandar av villaks	Nei
2020–2021	998	Spesifisere ansvaret og den koordinerande oppgåva statsforvaltaren har i arbeidet mot marin forsøpling	Ja

Tabell 7.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2020–2021	999	Heilskapleg strategi og handlingsplan mot marin forsøpling	Ja
2020–2021	1000	Fagleg støtte og rettleiing til kommunane som utarbeider plashandlingsplanar mot marin forsøpling	Ja
2020–2021	1001	Greie ut insentivordning for at frivillige, inkl. lag og organisasjonar, vil bidra til rydding av plast	Nei
2020–2021	1002	Forpliktande global avtale mot plastforsøpling i havet	Ja
2020–2021	1003	Skjerpe straffa for dumping av avfall frå skip langs norskekysten	Ja
2020–2021	1004	Tilskotsordning som dekkjer kostnadene med leveranse av avfall etter frivillige ryddeaksjonar	Nei
2020–2021	1005	Einskapleg utbygging av infrastruktur for null- og lågutslepps-teknologi. Enovas stønad til fyllestasjonar og tyngre køyretøy på biogass	Ja
2020–2021	1006	Forenkle søknadsprosessen for Enovas stønad til køyretøy som bruker biogass	Ja
2020–2021	1007	Endre omgrepet «nullutslepp» i alle statlege mål og planar til «nullutslepp og biogass»	Ja
2020–2021	1009	Harmonisere rammevilkåra for biogassproduksjon i Norden	Nei
2019–2020	708	Nye mål i kulturmiljøpolitikken	Nei
2018–2019	383	Erstatningsreglane ved tap av beitedyr til rovvilt og kompensasjonsordninga (FKT)	Nei
2017–2018	481	Gjenbruk gjennom kommunane sine gjenbruksstasjonar	Nei
2017–2018	482	Utleige av avfallskonteinrar frå godkjende avfallsselskap	Nei
2017–2018	485	Krav til utsortering og materialattvinning av plast og matavfall	Nei
2017–2018	486	Avfall frå offentlege tenester og andre som produserer avfall som liknar hushaldsavfall	Nei
2017–2018	487	Reinsing av flygeoske	Ja
2017–2018	489	Matkastelov	Nei
2017–2018	490	Fosforattvinning	Ja
2017–2018	491	Oppsamling av gummigranulat frå eksisterande og nye kunstgrasbanar	Ja
2017–2018	492	Revidert strategi mot marin plastforsøpling og spreiding av mikroplast	Ja
2017–2018	493	Nasjonale strategi for ein sirkulær økonomi	Ja
2017–2018	496	EØS-mål for attvinning av avfall frå bygg- og anleggs-næringa	Ja
2017–2018	502	Pålegg om utsortering og materialattvinning av plast- og matavfall	Nei
2017–2018	503	Handlingsplan for kretsløpsøkonomi	Ja

Tabell 7.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2017–2018	575	Heilskapleg plan for Oslofjorden	Ja
2017–2018	661	Greie ut strengare krav til svartvass- og gråvassutslepp frå cruiseskip	Nei
2017–2018	672	Implementere krav og reguleringar til utslepp frå cruiseskip og annan skipstrafikk i turistfjorlar m.m.	Nei
2017–2018	674	Nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar	Nei
2017–2018	764	Dekningsplikta når gardbrukarar blir pålagde under-søkingar	Ja
2016–2017	529	Gratis levering av marint avfall	Nei
2016–2017	591	Fagleg gjennomgang av den norske delbestanden av ulv	Ja
2016–2017	914	Forslag til tiltak og verkemiddel for overvass-problematikk	Nei
2016–2017	1105	Fossilfrie anleggsprosjekt	Ja
2015–2016	669	Klargjering av kva som er god tilstand, og kva areal som er å rekne som forringa økosystem	Nei
2015–2016	670	Kvalitetsnormer for økosystem som del av utviklinga av nye forvaltningsmål	Nei
2015–2016	674	Handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfugl	Nei
2015–2016	681	Forbod mot mikroplast i kroppspleieprodukt	Nei
2015–2016	897	Noreg skal vere klimanøytralt frå og med 2030	Ja

Stortingssesjon 2020–2021

Oversikt over tiltak i budsjettet som har reduksjon av klimagass som hovud-grunngeving

Vedtak nr. 157, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2021 legge frem en oversikt over alle tiltak i budsjettet som har reduksjon av klimagassutslipp som hovedbegrunnelse, og så langt det er mulig en oversikt over effekten av hvert enkelt tiltak målt i kroner per tonn reduksjon eller økt binding, samt redegjøre for status for arbeidet i Teknisk beregningsutvalg for klima.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2020–2021), jf. Innst. 2 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet følgde opp vedtaket med ei utgreiing i Meld. St. 2 *Revidert nasjonalbudsjett 2021*. Utgreiinga inneheld ei oversikt over løyvingar på statsbudsjettet som har klimagassutslepp som hovudgrunngeving, og status for arbeidet til Teknisk beregningsutvalg for klima. Utsleppseffek-

ten av dei enkelte budsjettpostane målte i kroner per tonn reduksjon eller auka binding blir representert der det finst fagleg gode metodar for å anslå dette.

Oppmodingsvedtak nr. 157 blir rekna som følgt opp gjennom denne utgreiinga.

Forvaltningsprinsipp om at berre Stortinget gjer vedtak om endringar i nasjonalt fastsett ulvesone

Vedtak nr. 202, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen følge opp forvaltningsprinsippene vedtatt i Innst. 330 S (2015–2016) der det kun er Stortinget som har myndighet til å fatte vedtak om endringer i den nasjonalt fastsatte ulvesonen.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:64 S (2020–2021), *Representantforslag om stoppe utvidelse av ulvesona for å verne den såkalte Elgåulven*. I tråd med tidlegare praksis vil eventuelle nye framtidige vurderingar knytte til utforminga

og avgrensinga av ulvesona i Noreg bli lagde fram for Stortinget.

Departementet reknar vedtaket på dette grunnlag som følgd opp.

Stopp av all utviding av ulvesona

Vedtak nr. 203, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen stoppe enhver utvidelse av ulvesonen, herunder midlertidig utvidelse. Med midlertidig utvidelse forstås vernesoner/buffersoner som verner et avgrenset område i beiteprioritert område utenfor ulvesonen der det vanligvis kan utøves lisensfelling. Eksisterende utvidelse av sonen oppheves fra og med 15. desember 2020.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:64 S (2020–2021), *Representantforslag om stoppe utvidelse av ulvesona for å verne den såkalte Elgåulven*. Klima- og miljødepartementet følgde opp vedtaket ved å avgjere gjennomføring av flytting av den genetisk verdifulle hannulven og maken hans som var etablerte i området, og som var unntatte frå lisensfelling. Straks flyttinga var gjennomført, vart det opna for lisensfelling av ulv i det aktuelle området utanfor ulvesona.

Departementet reknar vedtaket på dette grunnlag som følgd opp.

Insentivordningar for produksjon av biogass

Vedtak nr. 270, 14. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen, i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2021, vurdere om det kan etableres ytterligere incentivordninger for produksjon av biogass i Norge.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021), jf. Innst. 9 S (2020–2021). I revidert nasjonalbudsjett, jf. Prop. 195 S (2020–2021), vurderte regjeringa behovet for ytterlegare insentivordningar for produksjon av biogass. Regjeringa meiner at verkemiddelbruken i dag, med stønad gjennom Enova, Innovasjon Noreg og Klimasats, og at biogass ikkje er omfatta av CO₂-avgifta, er formålstenleg. Regjeringa varsla i RNB at ho ville komme tilbake med ytterlegare vurderingar i samband med statsbudsjettet for 2022.

I Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* signaliserte regjeringa at ho vil leggje til rette for auka produksjon og bruk av biogass

gjennom dei generelle og dei sektorspesifikke verkemidla i klima- og miljøpolitikken. Regjeringa følgjer opp klimaplanen, jf. nærmare omtale i del 4 av denne proposisjonen. Regjeringa vil i tillegg sjå på behovet for ei harmonisering av rammevilkåra for produksjon av biogass i Norden, jf. oppfølginga av vedtak 1009.

Departementet reknar vedtaket på dette grunnlag som følgd opp.

Vurdere norsk deltaking i IPCEI Hydrogen

Vedtak nr. 500, 19. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere om Norge kan delta i IPCEI Hydrogen.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021), jf. Innst. 8 S (2020–2021). Noreg slutta seg i desember 2020 til den europeiske satsinga for innovasjons- og industrisamarbeid (IPCEI) for hydrogen, og Enova fekk ansvaret for å forvalte deltakinga nasjonalt. Norsk deltaking i IPCEI for hydrogen gjev norske selskap moglegheit til å ta del i den europeiske satsinga. Dette vil kunne vere ein viktig møtearena for samankopling og koordinering av europeiske hydrogenprosjekt og vil kunne setje fart på utviklinga og gje norske bedrifter ei god moglegheit til å auke kvaliteten på prosjekta sine. Enovas forvaltning skal skje på ein måte som er i tråd med rammene, måla og prioriteringane i styringsavtalen. Eventuell støtte til norske prosjekt blir dekte innanfor eksisterande finansielle rammer. Enova involverer Innovasjon Noreg og Forskringsrådet, der det er relevant.

I vår valde Enova ut fem aktørar som går vidare etter første evalueringsrunde i den norske interessekartlegginga. No er arbeidet i gang med å modne prosjekta og kople dei saman med relevante prosjekt frå dei 22 andre europeiske deltarlanda.

På dette grunnlaget reknar departementet vedtaket som følgd opp.

Bidra til gjennomføring av tiltak initierte av lokale og regionale styresmakter som reduserer utslepp i verdsarvfjordane

Vedtak nr. 690, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen bidra til gjennomføring av tiltak initiert av lokale og regionale myndigheter, som reduserer utslipp i verdensarvfjordene.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:23 S (2020–2021) *Representantforslag om utsettelse av kravet om nullutslipp i verdensarvfjordene fra 2026*, jf. Innst. 251 S (2020–2021).

Oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp i samanheng med oppfølginga av vedtak nr. 691, 25. februar 2021, og vedtak nr. 672, 3. mai 2018.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tiltak som sikrar verdsarvfjordane som anløpshamn for cruisebåtar også etter 2026 – etablering av landstraum i Flåm mv.

Vedtak nr. 691, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringa foreslå tiltak som sikrer verdensarvfjordene som anløpshavn for cruisebåtar også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:23 S (2020–2021) *Representantforslag om utsettelse av kravet om nullutslipp i verdensarvfjordene fra 2026*, jf. Innst. 251 S (2020–2021).

Oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp i samanheng med oppfølginga av vedtak nr. 690, 25. februar 2021, og vedtak nr. 672, 3. mai 2018.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Verkemiddel for meir effektiv og einskapleg skadefelling av rovvilt

Vedtak nr. 751, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringa fremme forslag om egnede virkemidler som gjør skadefelling av rovvilt mer effektivt og enhetlig.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:86 S (2020–2021), *Representantforslag om mer effektiv skadefelling av store rovdyr*, jf. Innst. 255 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet har gjeve Miljødirektoratet i oppdrag å levere ei fagleg vurdering og tilråding om vidare oppfølging av oppmodingsvedtaket innan 1. oktober 2021.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kompetanseoverføringsprosjekt om skadefelling

Vedtak nr. 752, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringa iverksette et kompetanseoverføringsprosjekt for at de metodene og de erfaringene som er gjort av skadefellingslagene i Nord-Østerdal og Engerdal, blir overført til skadefellingslag andre steder i landet. Det bør utarbeides et kursopplegg og etableres et permanent nettverk som sikrer overføring av kunnskap og kompetanse.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:86 S (2020–2021), *Representantforslag om mer effektiv skadefelling av store rovdyr*, jf. Innst. 255 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet har gjeve Miljødirektoratet i oppdrag å levere ei fagleg vurdering og tilråding om vidare oppfølging av oppmodingsvedtaket innan 1. oktober 2021.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Forslag om verkemiddel for meir effektiv lisensfelling

Vedtak nr. 753, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan virkemidler knyttet til skadefelling også kan bidra til å gjøre lisensfelling mer effektiv.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:86 S (2020–2021), *Representantforslag om mer effektiv skadefelling av store rovdyr*, Innst. 255 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet har gjeve Miljødirektoratet i oppdrag å levere ei fagleg vurdering og tilråding om vidare oppfølging av oppmodingsvedtaket innan 1. oktober 2021.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Miljøavtalen om reduksjon av NO_x-utsleppa

Vedtak nr. 794, 13. april 2021

«Stortinget ber regjeringa forlenge avtalen om NO_x-fondet til 2027.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*, jf. Innst. 325 S (2020–2021).

Miljøavtalen av 24. mai 2017 mellom Klima- og miljødepartementet og 15 næringsorganisasjonar

om reduksjon av NO_x-utsleppa gjeld for perioden 2018–2025. Klima- og miljødepartementet inviterte i brev av 31. mai 2021 avtalepartane til forhandlingar om forlenging av avtalen med to år. Det skal mellom anna forhandlast om ei miljøforplikting i form av utsleppstak for dei to ekstra åra. Ein forlengd avtale vil gje grunnlag for fritak for betaling av avgift på utslepp av nitrogenoksid (NO_x) for åra 2026 og 2027 for verksemdar som sluttar seg til avtalen for desse åra. Avgiftsfritaket må godkjennast av ESA før det blir sett i verk.

Regjeringa ser på vedtaket som følgd opp.

Nasjonal plan for å gjere land- og ladestraum, hydrogen, ammoniakk og andre grønne drivstoff tilgjengelege

Vedtaket nr. 831, 22. april 2021

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en nasjonal plan for å gjøre land- og ladestrøm, hydrogen, ammoniakk og andre grønne drivstoff tilgjengelig.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere og smartere – morgendagens maritime næring*, jf. Innst. 338 S (2020–2021).

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Forslag om revidering av motorferdsellova

Vedtaket nr. 973, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringa fremme forslag om revidering av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på økt lokalt selvstyre og redusert byråkrati knyttet til praktiseringen av loven, samtidig som hensyn til natur og friluftsliv blir ivaretatt.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:155 S (2020–2021), *Representantforslag om lokalt selvstyre over motorisert ferdsel i utmark*, og Dokument 8:161 S (2020–2021), *Representantforslag om revidering av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på redusert byråkrati*, jf. Innst. 429 S (2020–2021)

Vedtaket frå Stortinget er bakgrunnen for at Kongen i statsråd 3. september 2021 sette ned eit offentleg utval som skal gjennomgå regelverket om motorferdsel i utmark og vassdrag og foreslå endringar i dette.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget med saka på eigna måte.

Oppfølging av globalt rammeverk for naturmangfald

Vedtaket nr. 976, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget om oppfølgingen av det globale rammeverket for naturmangfold på egnet måte så fort som mulig etter at rammeverket er på plass.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok 8:174 S (2020–2021), *Representantforslag om en strategi for arbeidet med FNs naturavtale*, jf. Innst. 434 S (2020–2021).

Forhandlingane om eit globalt rammeverk for naturmangfald er utsett på grunn av covid-19-pandemien. Det er uklart når forhandlingane kan slutførast. Regjeringa vil følgje opp stortingsvedtaket så fort som mogleg etter at rammeverket er på plass.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Ny vurdering av innstrammingane i sjølaksefisket

Vedtaket nr. 977, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringa foreta en ny vurdering av innstrammingene i sjølaksefisket og hvordan de vil virke konkret for sjølaksefiskerne på Sørlandet. Stortinget ber videre regjeringa om å foreta lempelige vurderinger av søknader om dispensasjon for fiskerne som mister en stor del av sin inntekt uten andre muligheter.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:148 S (2020–2021) *Representantforslag om å stoppe innstrammingar i sjølaksefisket i 2021*, jf. Innst. 430 S (2020–2021).

I brev 2. juli 2021 bad Klima- og miljødepartementet Miljødirektoratet om å gjere ei vurdering av korleis innstrammingane i sjølaksefisket vil verke konkret for sjølaksefiskarane på Sørlandet. I lys av at den gjeldande dispensasjonsføresegna i forskrift om fiske av anadrome laksefisk i sjø ikkje dekkjer dispensasjonssøknader frå enkeltfiskarar, bad departementet også om at Miljødirektoratet vurderer om det i lys av naturmangfaldlova, lakse- og innlandsfisklova og anna relevant lovverk kan gjevast ei dispensasjonsføresegn i den aktuelle forskrifta som inneber at dispensasjon kan gjevast til fiskarar som mistar ein stor del av inntekta si utan andre moglegheiter. Miljødirektoratet skal oversende vurderinga si innan 1. november 2021.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Tillate krokgnarfiske og andre tiltak

Vedtak nr. 978, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen tillate krokgnarfiske i Finnmark i 2021, og vurdere andre tiltak for å styrke villaksbestandene.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:148 S (2020–2021) *Representantforslag om å stoppe innstramminger i sjølaksefisket i 2021*, jf. Innst. 430 S (2020–2021). I brev 28. mai 2021 bad Klima- og miljødepartementet Miljødirektoratet om å fastsette dei reguleringane som ville vere nødvendige for å tillate fiske med krokgnarfiske i Finnmark, med unntak av Tanafjorden og områda Gamvik, Lebesby og Nordkapp. Vedtaket vart gjennomført ved forskriftsendring 1. juni 2021.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Evaluerer status for små og sårbare bestandar av villaks

Vedtak nr. 979, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en evaluering av status for små og sårbare bestander av villaks og at en slik evaluering forelegges Stortinget på egnet måte etter sesongen 2021.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:148 S (2020–2021) *Representantforslag om å stoppe innstramminger i sjølaksefisket i 2021*, jf. Innst. 430 S (2020–2021). I brev 2. juli 2021 bad Klima- og miljødepartementet om at Miljødirektoratet sørgjer for å gjennomføre ei evaluering i tråd med oppmødingsvedtaket, og at evalueringa blir oversend departementet innan 1. mars 2022.

Klima- og miljødepartementet vil leggje fram evalueringa for Stortinget på eigna måte.

Spesifisere ansvaret og den koordinerande oppgåva statsforvaltaren har i arbeidet mot marin forsøpling

Vedtak nr. 998, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen spesifisere statsforvalterens ansvar og koordinerande oppgåve i arbeidet mot marin forsøpling.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:236 S (2020–2021) *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast*, jf. Innst. 445 S (2020–2021). Plaststrategien frå regjeringa lagd fram 10. august omtaler mel-

lom anna rolla statsforvaltaren har i å koordinere arbeidet med opprydding av marin forsøpling.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Heilskapleg strategi og handlingsplan mot marin forsøpling

Vedtak nr. 999, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en helhetlig strategi og handlingsplan mot marin forsøpling.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:236 S (2020–2021) *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast*, jf. Innst. 445 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet la 10. august 2021 fram ein ny plaststrategi som også er handlingsplanen regjeringa har mot marin forsøpling. Plaststrategien tek ei heilskapleg tilnærming til plastforsøpling og plastforureining.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Fagleg støtte og rettleiing til kommunane som utarbeider plasthandlingsplanar mot marin forsøpling

Vedtak nr. 1000, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen gi faglig støtte og veiledning til kommunene som utarbeider egne plasthandlingsplaner mot marin forsøpling.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:236 S (2020–2021), jf. Innst. 445 S (2020–2021). Det finst allereie ei rekkje verktøy som kommunane kan nytte til arbeidet sitt med å utvikle eigne handlingsplanar mot marin forsøpling. Plaststrategien frå regjeringa omtaler dette.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Greie ut insentivordning for at frivillige, inkl. lag og organisasjonar, vil bidra til rydding av plast

Vedtak 1001, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede en insentivordning for at flere frivillige, inkludert lag og organisasjoner, vil bidra til rydding av plast.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:236 S (2020–2021) *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast*, jf. Innst. 445 S (2020–2021).

Regjeringa vil evaluere tilskotsordninga for tiltak mot marin forsøpling. Tilskotsordninga inklu-

derer det frivillige arbeidet med opprydding av avfall.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Forpliktande global avtale mot plastforsøpling i havet

Vedtak 1002, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen arbeide for en forpliktende global avtale mot plastforsøpling i havet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:236 S (2020–2021) *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast*, jf. Innst. 445 S (2020–2021). Noreg har sidan 2014 arbeidd for sterkare globale forplikningar mot marin forsøpling og støttar no eit vedtaksforslag på FN's miljøforsamling i 2022 om å setje i gang forhandlingar fram mot ein ny rettsleg bindande avtale.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Skjerpe straffa for dumping av avfall frå skip langs norskekysten

Vedtak 1003, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å skjerpe straffen for dumping av avfall fra skip langs norskekysten.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:236 S *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast* (2020–2021), jf. Innst. 445 S (2020–2021).

Regjeringa har auka løyvinga til Sjøfartsdirektoratet for å auke talet på tilsyn i tråd med revidert Skipsavfallsdirektiv (Europaparlament- og rådsdirektiv (EU) 2019/883 av 17. april 2019 om motaksanlegg i havner for levering av avfall fra skip). Det er grunn til å tru at dette vil resultere i både fleire reaksjonar, inkludert ilegging av lovbrotsgebyr, betre etterleving, og skjerpt merksemd blant aktørane.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Tilskotsordning som dekkjer kostnadene med leveransar av avfall etter frivillige ryddeaksjonar

Vedtak 1004, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere å innføre en tilskuddsordning som dekker kostnadene forbundet med leveranser av avfall etter frivillige rydde-

aksjoner. Stortinget ber regjeringen legge frem en sak om dette i forbindelse med statsbudsjettet for 2022.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:236 S (2020–2021) *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast*, jf. Innst. 445 S (2020–2021).

Miljødirektoratet forvaltar ei tilskotsordning for støtte til tiltak mot marin forsøpling. I 2021 vart det delt ut omtrent 70 mill. kroner til ulike oppryddings- og førebyggjande tiltak. Refusjonar av mindre utgifter til ryddeutstyr, transport og levering av rydda avfall har i fleire år vore handterte ved at Hold Norge Rent forvaltar ei eiga refusjonsordning. Hold Norge Rent har kvart år søkt om midlar frå Miljødirektoratets tilskotsordning til denne refusjonsordninga, der dei igjen fordeler til ei lang rekkje aktørar. Regjeringa vil evaluere tilskotsordninga for tiltak mot marin forsøpling og refusjonsordninga for ryddekostnader i lys av utviklinga i oppryddingsarbeidet og behovet for føreseielege vilkår for aktørane.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Einskapleg utbygging av infrastruktur for null- og lågutsleppsteknologi. Enovas stønad til fyllestasjonar og tyngre køyretøy på biogass

Vedtak 1005, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen følge opp Stortingets vedtak om å sikre en enhetlig utbygging av infrastruktur for null- og lavutsleppsteknologi, og i tillegg legge til rette for en raskere søknadsprosess for gassdistributørene som søker om investeringsstøtte til fyllestasjoner hos Enova, samt umiddelbart forbedre Enovas støtteordning til fyllestasjoner og innkjøp av tyngre kjøretøy med biogass som drivstoff.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:231 S (2020–2021) *Representantforslag om å fjerne de statlige barrierene for produksjon og bruk av biogass*, jf. Innst. 468 S (2020–2021).

Regjeringa har spissa Enova som klimaverkemiddel gjennom den nye styringsavtalen for perioden 2021–2024. Formålet til Enova er å medverke til å nå Noregs klimaforplikningar og medverke til omstillinga til lågutsleppssamfunnet.

Gjennom å forsere tidleg marknadsintroduksjon av klimavennlege teknologiar og løysingar med sikte på å gjere dei føretrekte utan stønad på sikt er Enova eit viktig verkemiddel i arbeidet med å redusere dei ikkje-kvotepliktige klimagass-

utsleppa våre. Transportsektoren utgjør ein stor del av Enovas aktivitet på grunn av store utslepp og etter kvart stadig fleire køyretøy og fartøy som er klare for marknadsintroduksjon. I avtalen er det dessutan slått fast at Enova, som statens verkemiddel for stønad i ein tidleg fase, skal medverke til utvikling av drivstoffinfrastruktur for utsleppsfri transport. Vidare skal Enova som del av aktiviteten retta mot tidleg marknadsintroduksjon ha eit tilbod til næringstransport, Nullutsleppsfondet, med formål om å redusere klimagassutslepp frå næringstransport og medverke til omstillinga til lågutsleppssamfunnet gjennom ein raskare marknadsintroduksjon og -vekst av nullutsleppsteknologi i næringskøyretøy og -fartøy. Begge desse punkta omfattar biogass, og Enova har sidan 2014 gjeve tilsegn om støtte på til saman 530 mill. kroner til produksjon av biogass, gasskøyretøy som går på biogass, og fylleinfrastruktur.

Enova har nyleg gjennomført ei effektivisering av søknads- og saksbehandling i programmet *Energi- og klimatiltak i landtransport* som omfattar gasskøyretøy som går på biogass, og biogassfyllestasjonar. Endringane inneber at Enova no ber om mindre informasjon frå søkjar enn tidlegare og i større grad nyttar førehandsdefinerte verdiar baserte på marknadsdata. Dette forenkler søknads- og saksbehandlingsprosessen i ein marknad med stor aktivitet og der Enova gjennom god tilgang på oppdaterte data sikrar både kvalitet og effektivitet i prosessen. Frå og med 18. juni 2021 er søknadssenteret dessutan oppdatert med nye malar der søkjarane vil oppleve ei forbetra rettleiing til utfylling av søknadene.

Det er ikkje rett, som det er vist til i representantforslaget, at det er eit krav at den som søker støtte til fyllestasjonar, også må ha eigarinteresse i køyretøy. Enova krev likevel at søknad om stønad til fyllestasjonar er tilknytt søknad om støtte til køyretøy, og søknaden vil berre bli støtta i dei tilfella der drift av køyretøy vil krevje utbygging av ny infrastruktur. Det er heller ikkje rett at ein berre kan søkje om støtte til éin fyllestasjon eller eitt køyretøy om gongen. Enova vil unngå at det blir gjeve støtte til fyllestasjonar på stader der kundegrunnlaget er for lite. Ved å stille vilkår om at støtte til fyllestasjon er tilknytt søknad om støtte til køyretøy, forsikrar Enova seg om at det faktisk finst køyretøy som vil ta i bruk infrastrukturen.

Klima- og miljødepartementet styrer statsforetaket Enova på eit overordna nivå, gjennom fireårige avtalar. Innanfor rammene av avtalen har Enova stor fagleg fridom til å utvikle program, prioritere mellom område og tildele støtte til enkelt-

prosjekt basert på kunnskapen og erfaringa foretaket har med dei relevante marknadene, slik at måla blir nådde mest mogleg effektivt.

På dette grunnlaget reknar departementet vedtaket som følgd opp.

Forenkle søknadsprosessen for Enovas stønad til køyretøy som bruker biogass

Vedtak 1006, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen umiddelbart forenkle søknadsprosessen for støtte til biogasskøyretøy, etter modell for støtte til tunge elektriske kjøretøy, hvor Enova lover en enkel søknadsprosess med raskt svar.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:231 S (2020–2021) *Representantforslag om å fjerne de statlige barrierene for produksjon og bruk av biogass*, jf. Innst. 468 S (2020–2021).

Enova har i løpet av våren 2021 gjort eit arbeid for å få oppdatert kunnskapsgrunnlaget sitt om biogass og har nyleg gjennomført ei effektivisering og forenkling av søknads- og saksbehandling i programmet *Energi- og klimatiltak i landtransport* som omfattar gasskøyretøy som går på biogass, og biogassfyllestasjonar. Det blir òg vist til svar på oppmodingsvedtak 1005.

Enova jobbar kontinuerleg med å forbetre søknadsprosessar for ulike støtteprogram. Samstundes har dei avgrensa ressursar og må prioritere innsatsen. I februar lanserte Enova eit forenkla program for stønad til tunge køyretøy. Enova informerer at moglegheita for forenkling avheng av teknologimodenskap og kompleksiteten i segmenta det blir søkt om støtte til. Enova valde difor i første omgang å teste ut den nye løysinga på eitt segment, tunge elektriske køyretøy, for å sjå korleis det fungerte i drift før eventuell utviding til andre segment. Tunge elektriske køyretøy eignar seg dessutan som «pilot» for løysinga ettersom Enova har god tilgang på marknadsdata for desse segmenta og ei forventning om ein betydeleg auke av nye elektriske modellar tilgjengelege i marknaden frå 2021, noko som samstundes vil resultere i eit auka tilfang av søknader til Enova. På same tida er Enova oppteke av å halde administrasjonskostnaden lågast mogleg. Med erfaringane som Enova etter kvart får frå løysinga som er utvikla for tunge køyretøy, vil dei vurdere å fase inn andre segment, til dømes gasskøyretøy som går på biogass.

Klima- og miljødepartementet styrer statsforetaket Enova på eit overordna nivå gjennom fireårige avtalar. Innanfor rammene av avtalen har

Enova stor fagleg fridom til å utvikle program, prioritere mellom område og tildele støtte til enkeltprosjekt basert på kunnskapen og erfaringa føretaket har med dei relevante marknadene, slik at måla blir nådde mest mogleg effektivt. Dette inkluderer også korleis Enova vel å behandle søknadar.

På dette grunnlaget reknar departementet vedtaket som følgd opp.

Endre omgrepet «nullutslepp» i alle statlege mål og planar til «nullutslepp og biogass»

Vedtak 1007, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen om å endre bruken av begrepet nullutslipp i alle statlige målsettinger og planer til nullutslipp og biogass, dette i den hensikt å likebehandle biogass med elektrisitet og hydrogen, og denne begrepsbruken skal gjelde allerede vedtatte og fremtidige planer.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:231 S (2020–2021) *Representantforslag om å fjerne de statlige barrierene for produksjon og bruk av biogass*, jf. Innst. 468 S (2020–2021).

Regjeringa legg til grunn at intensjonen med vedtaket er å kutte i klimagassutsleppa gjennom å leggje til rette for å auke bruken av biogass. Dette er i tråd med politikken til regjeringa, jf. Meld. St. 13 (2020–2021). Regjeringa meiner likevel at ei likebehandling av biogass med nullutsleppsløysingar i alle statlege målsetjingar og planar ikkje er formålstenleg ut frå ein slik intensjon. Når det gjeld målsetjingar, meiner regjeringa at ein ikkje bør endre omgrepet «nullutslepp» til «nullutslepp og biogass» i måltala for nullutsleppskøyretøy fordi det ikkje vil føre til auka utsleppskutt og potensielt kan føre til lågare utsleppskutt enn slik måltala er formulerte i dag.

Når det gjeld «statlege planar», meiner regjeringa at det oftast vil vere betre å fremje bruken av biogass gjennom verkemiddel som er retta mot biogass som energiberar, enn gjennom verkemiddel som er retta mot nullutsleppsteknologiar. Regjeringa utelukkar likevel ikkje at det i einskilde tilfelle kan det vere aktuelt å utforme verkemidla slik at ein likebehandlar biogass med nullutsleppsløysingar, og regjeringa vil løpande vurdere dette. Effekten på klimagassutsleppa av å gjennomgåande likebehandle biogass med nullutsleppsløysingar i verkemiddelbruken er uvis. Vedtaket vil i tillegg vere særskilt krevjande å gjennomføre. Regjeringa rår difor Stortinget til å opp-

heve vedtak 1007 (2021–2021), jf. forslag til vedtak XIII. I del II, s. 176, i denne budsjettproposisjonen er det gjort meir greie for vurderingane av dette vedtaket.

Harmonisere rammevilkåra for biogassproduksjon i Norden

Vedtak 1009, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen om å ta initiativ til å harmonisere rammevilkårene for biogassproduksjon i Norden og komme tilbake til Stortinget med en plan for dette for å bidra til å utvikle biogassnæringen i Norge.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:231 S (2020–2021) *Representantforslag om å fjerne de statlige barrierene for produksjon og bruk av biogass*, jf. Innst. 468 S (2020–2021).

Departementet ser behov for å samanlikne dei statlege rammevilkåra for produksjon av biogass i Noreg, Sverige og Danmark og har bede Miljødirektoratet om bistand til dette. Når eit kunnskapsgrunnlag er klart, vil regjeringa vurdere den vidare oppfølginga av vedtaket.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Stortingssesjon 2019–2020

Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Vedtak 708, 16. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at en av de nye bevaringsstrategiene skal handle om kirker, og at det i den forbindelse legges til grunn en målsetting om at alle steinkirker fra middelalderen skal ha ordinært vedlikeholdsnivå innen 1 000-årsjubileet for slaget på Stiklestad i 2030.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*, jf. Innst. 379 S (2019–2020).

Klima- og miljødepartementet arbeider med å følgje opp Meld. St.16 (2019–2020). Utvikling av bevaringsstrategiane er ei prioritert oppgåve som er igangsett hausten 2020. Kva tema som skal prioriterast, vil bli avklart som ein del av prosessen. Korleis kyrkjer skal inkluderast i dette arbeidet, vil inngå i vurderinga.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Stortingssesjon 2018–2019

Erstatningsreglane ved tap av beitedyr til rovvilt og kompensasjonsordninga (FKT)

Vedtak nr. 383, 31. januar 2019

«Stortinget ber regjeringen foreta en vurdering av erstatningsordningene for tap av beitedyr til rovvilt og kompensasjonsordningen (FKT) og rapportere til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:239 S (2017–2018) *Representantforslag om erstatningsreglene ved tap av beitedyr til rovvilt*, jf. Innst. 140 S (2018–2019).

Departementet er i gang med oppfølginga av dette vedtaket.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Stortingssesjon 2017–2018

Gjenbruk gjennom kommunane sine gjenbruksstasjonar

Vedtak nr. 481, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen gi kommunene ansvar for å legge til rette for gjenbruk gjennom kommunenes gjenbruksstasjoner.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitik og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal II.

Det er vurdert at kommunane allereie har dette ansvaret, sjølv om det ikkje går uttrykkjeleg fram av forureiningslova, og at dette kan dekkjast over avfallsgebyret, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Energi- og miljøkomiteen tok regjeringa si vurdering til orientering og bad om ei orientering om kommunane faktisk følgjer opp dette ansvaret, jf. Innst. 9 S (2018–2019).

Klima- og miljødepartementet vil komme tilbake til Stortinget med ei orientering om kor vidt kommunane følgjer opp.

Utleie av avfallskonteinarar frå godkjende avfallselskap

Vedtak nr. 482, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen gi kommunene anledning til selv å bestemme om de ønsker samtykke ved utleie av avfallskonteinere fra godkjente avfallsselskaper.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitik og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal III.

Departementet arbeider med saka.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav til utsortering og materialattvinning av plast og matavfall

Vedtak nr. 485, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen stille krav til utsortering og materialgjenvinning av plast og matavfall fra husholdninger og lignende avfall fra næringslivet.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitik og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal VI.

Miljødirektoratet har greidd ut krav til utsortering og materialattvinning av matavfall og plastavfall og komme med forslag til ei forskrift for å regulere dette, som har vore på alminneleg høyring våren 2021. Saka vil bli følgd opp i departementet.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Avfall frå offentlege tenester og andre som produserer avfall som liknar hushaldsavfall

Vedtak nr. 486, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og legge til rette for at alt avfall fra offentlige tjenester og andre som produserer avfall som likner husholdningsavfall, skal ha de samme kravene til materialgjenvinning i norsk regelverk som husholdningsavfall.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitik og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal VII.

Miljødirektoratet har greidd ut krav til utsortering og materialattvinning av matavfall og plastavfall og komme med forslag til ei forskrift for å regulere dette, som har vore på alminneleg høyring våren 2021. Saka vil bli følgd opp i departementet.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Reinsing av flygeoske

Vedtak nr. 487, 12. april 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede påbud om reinsing av flyveaske og komme til Stortinget med dette på egnet måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XI.

Flygeoske oppstår ved forbrenning av avfall og blir rekna som farleg avfall. Ved å vinne att materialala salt og tungmetall i slik oske kan behovet for deponi for denne fraksjonen farleg avfall redusert. Ekspertutvalet om farleg avfall, som overleverte tilrådinga si til regjeringa i november 2019, peikte på ei betydeleg teknologiutvikling knytt til slik materialattvinning/reinsing av flygeoske. Dei viste samstundes til at det tek tid å kommersialisere teknologiane, men at anlegg under utvikling indikerer at teknologiane er i ferd med å bli modne. Miljødirektoratet vurderer også at materialattvinning av flygeoske på sikt kan vere mogleg, og at det kan bli aktuelt å vurdere regulering gjennom forskrift. Departementet vil følgje utviklinga på området, men vurderer ikkje at det er aktuelt å greie ut påbud om reinsing av flygeoske no.

Departementet reknar vedtaket på dette grunnlag som følgt opp.

Matkastelov

Vedtak nr. 489, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til en matkastelov som omfatter næringsmiddelindustrien og matvarebransjen. Loven bør omfatte påbud om å donere all spiselig overskuddsmat til veldedige formål og sekundært til dyrefôr, samt påbud om å offentliggjøre nøkkeltall knyttet til matsvinn og reduksjon av matsvinn.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XV.

Departementet arbeider med saka. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Fosforattvinning

Vedtak nr. 490, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede virkemidler og tiltak for å legge til rette for fosforgjenvinning i Norge.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XVI.

I den nasjonale strategien for ein grøn, sirkulær økonomi skriv regjeringa at ho vil «greie ut verkemiddel for å auke attvinninga av fosfor, irekna eit omsetjingskrav for attvunne fosfor med sikte på redusert forureining».

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Oppsamling av gummigranulat frå eksisterande og nye kunstgrasbanar

Vedtak nr. 491, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen innføre et regelverk som sikrer at effektivt utstyr for oppsamling av gummigranulat fra eksisterende og nye kunstgressbaner tas i bruk med virkning fra 1. januar 2019.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XXIII.

Miljødirektoratet utarbeidde eit forslag til forskrift som var på offentleg høyring i 2021. Departementet har fastsett forskrift om utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale (gummigranulat), med verknad frå 1. juli 2021.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Revidert strategi mot marin plastforsøpling og spreiring av mikroplast

Vedtak nr. 492, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen revidere strategi mot marin plastforsøpling og spredning av mikroplast innen 2020.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XXIV.

Departementet har utarbeidd ein revidert plaststrategi som vart lansert 10. august 2021. Strategien omfattar både nye tiltak og tiltak som er i gang.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Nasjonal strategi for ein sirkulær økonomi

Vedtak nr. 493, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en nasjonal strategi for en sirkulær økonomi.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitik og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XXVII.

Vedtaket må sjåast i samanheng med vedtak nr. 503 av 12. april 2018, Handlingsplan for kretsløpsøkonomi. Regjeringa la 16. juni 2021 fram nasjonal strategi for sirkulær økonomi.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

EØS-mål for attvinning av avfall frå bygg- og anleggsnæringa

Vedtak nr. 496, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere om vi når EØS-mål for gjenvinning av avfall fra bygg- og anleggsnæringen i 2020, og ev. utrede nødvendige virkemidler, herunder vurdere en skjerping av kravene til byggavfall i teknisk forskrift.»

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om *Avfall som ressurs – Avfallspolitik og sirkulær økonomi*.

EØS-målet for 2020 er på 70 pst. Ifølgje SSBs avfallsstatistikk var materialattvinninga av avfall frå nybygging, rehabilitering og riving i 2019 på om lag 47 pst. Regjeringa jobbar aktivt med å styrkje verkemiddelbruken. I 2020 endra regjeringa avfallsforskrifta for å leggje til rette for meir attvinning av betong og tegl. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å sjå på korleis ein kan vinne att meir gipsavfall frå byggeaktivitet, og å leie eit tverrsektorielt prosjekt som skal sjå korleis ein kan få ei betre behandling av ikkje-forureina overskottsmassar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er ansvarleg departement for byggtknisk forskrift (TEK17), der kravet til utsortering av byggavfall er regulert. Direktoratet for byggkvalitet sende 1. juli 2021 på høyring endringar i TEK17, med forslag om å auke utsorteringskravet for byggavfall frå 60 til 70 pst.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Pålegg om utsortering og materialattvinning av plast- og matavfall

Vedtak nr. 502, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen pålegge kommuner og næringsaktører utsortering og materialgjenvinning av plast- og matavfall i tråd med anbefalingene fra Miljødirektoratet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentant Une Aina Bastholm om eit løft for norsk sirkulærøkonomi gjennom attvinning av avfall for næringsaktørar og kommunar, jf. Dok. 8:31 S (2017–2018) og Innst. 129 S (2017–2018).

Miljødirektoratet har greidd ut krav til utsortering og materialattvinning av matavfall og plastavfall og komme med forslag til ei forskrift for å regulere dette, som har vore på alminneleg høyring våren 2021. Saka vil bli følgt opp i departementet.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Handlingsplan for kretsløpsøkonomi

Vedtak nr. 503, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen lage en forpliktende handlingsplan for kretsløpsøkonomi med mindre ressursløsning i alle deler av samfunnet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentant Une Aina Bastholm om eit løft for norsk sirkulærøkonomi gjennom attvinning av avfall for næringsaktørar og kommunar, jf. Dok. 8:31 S (2017–2018) og Innst. 129 S (2017–2018).

Vedtaket må sjåast i samanheng med vedtak nr. 493 av 12. april 2018, Nasjonal strategi for ein sirkulær økonomi. Regjeringa la 16. juni 2021 fram nasjonal strategi for sirkulær økonomi.

Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Heilskapleg plan for Oslofjorden

Vedtak nr. 575, 5. april 2018

«Stortinget ber regjeringen legge fram helhetlig plan for Oslofjorden – med mål om at fjorden skal oppnå god miljøtilstand, restaurere viktige naturverdier, fremme et aktivt friluftsliv og ivareta det biologiske mangfoldet i fjorden.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Ola Elvestuen, Carl-Erik Grimstad og Abid Q. Raja om ein heilskapleg forvaltningsplan for Oslofjorden, jf. Dok. 8:51 S (2017–2018) og Innst. 203 S (2017–2018).

Helhetlig tiltaksplan for en ren og rik Oslofjord med et aktivt friluftsliv vart lagd fram i mars 2021.

Regjeringa reknar vedtaket som følgt opp.

Greie ut strengare krav til svartvass- og gråvassutslipp frå cruiseskip

Vedtak nr. 661, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede strengere krav til svartvanns- og gråvannsutslipp fra cruiseskip.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslipp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018), jf. tilrådinga i innstillinga romartal VIII.

Sjøfartsdirektoratet har oversendt til Klima- og miljødepartementet forslag til endring i regelverket for innføring av strengare krav til utslipp av kloakk frå skip langs kysten. Ei kartlegging frå Miljødirektoratet om mottakskapasiteten for kloakk og kloakkslam i hamnene inngår i faggrunnlaget for forslaget. Saka er no til behandling i departementet.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Implementere krav og reguleringar til utslipp frå cruiseskip og annan skipstrafikk i turistfjorlar m.m.

Vedtak nr. 672, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav- og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslipp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018).

Regjeringa er i gang med å redusere utsleppa av klimagassar og lokal luftforureining frå skipstrafikk i norske fjorlar. 1. mars 2019 innførte Sjøfartsdirektoratet som eit første steg strengare utslippskrav til skip i verdsarvfjordane.

På bakgrunn av Stortingets oppmodingsvedtak fekk Sjøfartsdirektoratet i 2019 i oppdrag å «[u]trede konsekvensene av å innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026». Sjøfartsdirektoratets svar på oppdraget kom i april 2020. Det omfatta ein rapport frå DNV GL, direktoratet si vurdering av rapporten og ei tilråding frå direktoratet om vidare oppfølging av oppmodingsvedtaket med utgangspunkt i dei teknisk faglege vurderingane.

Ifølgje rapporten var det på det tidspunktet forventat at nullutslipp frå 2026 er mogleg for mindre fartøy med lokal tilknytning så framtidig nødvendig ladeinfrastruktur blir bygd ut. For større turistskip, som cruiseskip, er ikkje elektrifisering og batteridrift eit alternativ, slik det såg ut da. Dette kjem av for liten kapasitet i batteripakkane. Andre teknologiar er heller ikkje vurderte å vere modne nok innan 2026 til at dei store cruiseskipa kan nytte seg av dei. Innspelsmøte med lokale styresmakter, lokalt næringsliv, reiarlag og andre har avdekt at det er sprikjande syn i denne saka.

Ved Stortingets behandling 25. februar 2021 av Dokument 8:23 S (2020–2021) *Representantforslag om utsettelse av krav om nullutslipp i verdsarvfjordane fra 2026* vart det gjort to nye oppmodingsvedtak, høvesvis vedtak nr. 690, 25. februar 2021 «*Stortinget ber regjeringen bidra til gjennomføring av tiltak initiert av lokale og regionale myndigheter, som reduserer utslipp i verdensarvfjordene*» og vedtak nr. 691, 25. februar 2021 «*Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer verdensarvfjordene som anløpshavn for cruisebåter også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022*».

Det blir no vurdert kva for steg som skal takast vidare for å følgje opp oppmodingsvedtaka i samanheng. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar

Vedtak nr. 674, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig utrede et nasjonalt forbud mot salg av heliumballonger, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslipp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018).

Departementet vurderer vidare behov for utgreiing av eit slikt nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Dekningsplikta når gardbrukarar blir pålagde undersøkingar

Vedtak nr. 764, 28. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med stortingsmeldingen om kulturminnefeltet foreta en gjennomgang av dekningsplikten når gårdbrukere blir pålagt undersøkelser etter kulturminneloven §§ 9 og 10, og vurdere å innlemme 'utvidelser og nybygg av driftsbygninger på alminnelige gårdsbruk' i bestemmelsen for 'mindre, private tiltak'.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Steinar Reiten og Olaug V. Bollestad om gjennomgang av grenseoppgangen mellom «mindre» og «større» tiltak i kulturminnelova §§ 9 og 10 (Innst. 306 S (2017–2018)). I dette forslaget vart det fremja følgjande:

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av dekningsplikten når gårdbrukere blir pålagt undersøkelser etter kulturminneloven §§ 9 og 10, og sørge for at utvidelser og nybygg av driftsbygninger på alminnelige gårdsbruk faller inn under bestemmelser for 'mindre, private tiltak'. Gjennomgangen legges frem for Stortinget på egnet måte.»

I Meld. St. 16 (2019–2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold har regjeringa lagt fram sitt svar på dette opp-

modningsvedtaket. Meldinga vart behandla i Stortinget 15. juni 2020, jf. vedtak datert 16. juni 2020. Meldinga baserer seg på det generelle prinsippet i norsk klima- og miljøforvaltning om at den som er årsak til at miljøet blir forureina eller forringa, skal bere eventuelle kostnader knytte til arbeidet med å redusere skaden. For kulturmiljøfeltet inneber dette at den som er årsak til tap av kulturmiljø, skal betale det det kostar å sikre kjeldeverdien for framtida og for fellesskapen. Kulturminnelova opnar for at det kan gjerast unntak frå dette prinsippet ved «mindre, private tiltak» og der det ligg føre «særlige grunner». I oppfølginga av meldinga vil regjeringa starte arbeidet med å utarbeide nærmare retningslinjer for kva som ligg i omgrepet «særlige grunner».

Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Stortingssesjon 2016–2017

Gratis levering av marint avfall

Vedtak nr. 529, 28. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen særskilt belyse hvordan gratis levering av marint avfall bør organiseres, og komme tilbake til dette på egnet måte.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlinga av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 213 S (2016–2017), jf. Dok. 8:31 S (2016–2017), tilrådinga i innstillinga romartal I.

Miljødirektoratet har greidd ut ei ordning for å gjere det gratis å levere eigarlaust marint avfall i hamn for fiskarar og andre, basert på erfaringane frå prosjektet «Fishing for litter». Departementet har vurdert Miljødirektoratets forslag. I dette arbeidet må ein ta omsyn til EUs reviderte skipsavfallsdirektiv. Forslag til gjennomføring av direktivet er sendt på høyring.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Fagleg gjennomgang av den norske delbestanden av ulv

Vedtak nr. 591, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen foreta en faglig gjennomgang av den norske delbestanden av ulv.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlinga av Prop. 63 L (2016–2017), jf. Innst. 257 S (2016–2017), jf. *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)*, jf. innstillinga romartal III.

Den faglege gjennomgangen var opphavleg delt i to delar. Del 1 er ein gjennomgang av tidlegare utgreiingar og ulike omgrep i omtale av ulvebestanden, og del 2 skulle vere ein ny fagleg gjennomgang. Del 1 av dette arbeidet er fullført, og resultatet er at både fagekspertar som har sett nærmare på saka, og Miljødirektoratet tilrår at ein ikkje går vidare med arbeidet. Forklaringa er kort samanfatta at dei norske ulvane er ein del av den sørskanaviske ulvebestanden, og at slike analyser allereie er gjennomførte for den bestanden. Heller ikkje dei rettslege rammene for ulveforvaltninga tilseier at det er behov for ei eiga utgreiing av den norske delbestanden. Høgsterett klar gjorde i dom av 26. mars 2021 at vilkåret i naturmangfaldlova § 18 andre ledd om at felling av ulv berre kan vedtakast dersom uttaket ikkje truar overlevinga til bestanden, siktar til den sørskanaviske ulvebestanden. Vidare fann Høgsterett at Noregs folkerettslege plikt til å sikre overlevinga til ulven i norsk natur ikkje krev at den norske delbestanden isolert sett er levedyktig, og at denne forpliktinga er oppfylt så lenge den norske delbestanden når gjeldande bestandsmål. Både den biologiske vurderinga og dei juridiske avklaringane syner at det ikkje er formålstenleg å gjennomføre ein eigen analyse av levedyktigheita for den norske delen av ulvebestanden isolert.

Klima- og miljødepartementet vil difor avslutte vidare arbeid med oppfølging av dette oppmødingsvedtaket.

Forslag til tiltak og verkemiddel for overvassproblematikk

Vedtak nr. 914, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene fra overvannsutvalget (NOU 2015: 6), og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med forslag til tiltak og verkemidler for overvassproblematikk, inkludert en vurdering av en egen sektorlov for vann- og avløp.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandling av Dok. 8:78 S (2016–2017), jf. Innst. 436 S (2016–2017), jf. tilrådinga i innstillinga romartal I.

Overvassutvalet foreslo ein pakke av verkemiddel som må sjåast i samanheng, og som til saman vil medverke til å oppnå måla om å førebygge skade på busetnad, infrastruktur, helse og miljø. Forslag til endringar i forureiningslova, vass- og avløpsanleggslova, plan- og bygningslova

og byggteknisk forskrift vart sendt på høyring i mars 2020. Høyringsfråsegna er no til vurdering i Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Fossilfrie anleggsprosjekt

Vedtak nr. 1105, 21. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan fossilfrie anleggsprosjekter eventuelt kan gjennomføres og hva konsekvensen av dette vil være.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2016–2017) og Innst. 401 S (2016–2017) om revidert nasjonalbudsjett 2017.

Klima- og miljødepartementet innførte forbod mot å bruke fossil fyringsolje til oppvarming av bygningar frå 1. januar 2020. Kommunane har ansvaret for å handheve forbodet. Frå 1. januar 2022 vil også bruk av mineralolje til byggvarme, det vil seie mellombels oppvarming og tørking av bygningar under oppføring og rehabilitering, bli omfatta av forbodet. Forbodet vil medverke til å redusere klimagassutslepp frå byggjeplassar.

Oppfølging av vedtak 1105 av 21. juni 2017 må sjåast i samanheng med oppmødingsvedtak nr. 108, punkt 16 (2016–2017) om å utarbeide ein handlingsplan for fossilfrie byggjeplassar/anleggsplassar innan transportsektoren. Denne planen vart lagd fram i januar 2021. I handlingsplanen blir det varsla at regjeringa vil starte pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i regi av SD sine etatar og verksemdar. Prosjekta vil kunne gje oss raskare utvikling og utprøving av ny teknologi og erfaring som vil vere relevant for å gjennomføre fossilfrie byggje- og anleggsprosjekt i ulike sektorar. Som varsla i planen vil regjeringa bruke krav i offentlege innkjøp som verkemiddel for å redusere utsleppa frå anleggsplassar i transportsektoren, med sikte på å leggje til rette for at anleggsplassane skal vere fossilfrie innan 2025. Regjeringa vil også setje i gang utgreiing av krav og mål for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren. Enova har i 2021 lansert ei eiga satsing på utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar der dei vil støtte pilotprosjekt som utviklar løysingar som marknaden seinare kan ta i bruk.

På dette grunnlaget reknar Klima- og miljødepartementet vedtaket som følgt opp.

Stortingssesjon (2015–2016)

Klargjering av kva som er god tilstand, og kva areal som er å rekne som forringa økosystem

Vedtak nr. 669, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen klargjøre hva som er god tilstand og hvilke arealer som er å regne som forringede økosystemer, og trappe opp arbeidet med å bedre tilstanden i økosystemene, med sikte på at 15 pst. av de forringede økosystemene skal være restaurert innen 2025.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandling av Meld. St. 14 (2015–2016), jf. Innst. 294 S (2015–2016) om *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, innstillinga romartal III.

Klima- og miljødepartementet oppretta i 2016 Ekspertrådet for økologisk tilstand. Rådet kom med tilrådingane sine i 2017, og ulike fagmiljø har gjennomført nødvendig utvikling og utprøving av fagsystemet. I 2020 starta arbeidet med å ta fagsystemet i bruk, samstundes som delar av systemet framleis vart utvikla vidare. I 2021 kom dei første vurderingane av utvalde økosystem. Fleire økosystem blir vurderte i 2022, samstundes som det blir innhenta kunnskap for å kunne vurdere metodar for enkelte økosystem. Tilstanden i økosystema med godt nok datagrunnlag kan deretter vurderast med jamne mellomrom, inkludert kva som er sett på som forringa økosystem. Klima- og miljødepartementet vil prioritere aktuelle restaureringstiltak med sikte på at 15 pst. av dei forringa økosystema er restaurerte innan 2025.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Kvalitetsnormer for økosystem som del av utviklinga av nye forvaltningsmål

Vedtak nr. 670, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen vurdere kvalitetsnormer for økosystemer som en del av utviklingen av nye forvaltningsmål.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlinga av Meld. St. 14 (2015–2016), jf. Innst. 294 S (2015–2016) om *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal IV.

Regjeringa har i 2021 lagt fram «Naturstrategi for våtmark» der det er sett forvaltningsmål for våtmark. Dette målet er å (1) bremse nedbyggingstakta for våtmark som er i dag, og (2) forbedre den økologiske tilstanden i våtmark. Naturstra-

tegien fyller ei liknande rolle som ei kvalitetsnorm gjennom det målet som er sett, ei forbetring av kunnskapsgrunnlaget og gjennomføring av konkrete tiltak etter nærmare utgreiing. Kunnskapsgrunnlaget for våtmark bør vidareutviklast før det eventuelt blir fastsett ei kvalitetsnorm for våtmark etter naturmangfaldlova. Myr er ein del av økosystemet våtmark, og Klima- og miljødepartementet vil sjå eventuell utarbeiding av ei kvalitetsnorm for myr i samanheng med denne vidareutviklinga av dette kunnskapsgrunnlaget.

Naturstrategien vil bli evaluert etter seks år og revidert etter tolv år. Behovet for eventuelle nye mål og verkemiddel vil da bli vurdert på nytt.

Arbeidet med å følgje opp naturmangfaldmeldinga og utvikle forvaltningsmål held fram for dei andre økosystema.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfugl

Vedtak nr. 674, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugler. I handlingsplanen må det gjøres en vurdering av hvilke øvrige sjøfugler som bør få status som prioritert art.»

Vedtaket vart gjort ved stortingsbehandlinga av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. Innst. 294 S (2015–2016), innstillinga romartal IX.

Ei direktoratsgruppe leidd av Miljødirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide eit utkast til handlingsplan for sjøfugl. Gruppa skal utarbeide ein samla prioritert tiltaksplan for å betre situasjonen for sjøfugl. Arbeidet er blitt forseinka, og siktemålet er ferdigstilling av planen i 2022.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Forbod mot mikroplast i kroppsspleieprodukt

Vedtak nr. 681, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen om fremme forslag med sikte på å forby mikroplast i kroppsspleieprodukter.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlinga av Dok. 8:44 S (2015–2016), jf. Innst. 282 S (2015–2016), tilrådinga i innstillinga romartal I.

EUs kjemikaliebyrå (ECHA) har utarbeidd eit forslag til restriksjon mot mikroplast i mellom anna kroppsspleieprodukt. Forslaget har vore på

høring, og Miljødirektoratet har sendt ei fråsegn til ECHA. Saka er oversend EU-kommisjonen til behandling. Norske miljøstyresmakter vil aktivt følgje det vidare arbeidet.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Noreg skal vere klimanøytralt frå og med 2030

Vedtak nr. 897, 14. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at Norge skal sørge for klimareduksjoner tilsvarende norske utslipp fra og med 1. januar 2030,

og at klimanøytralitet kan oppnås gjennom EUs kvotemarked, internasjonalt samarbeid om utslippsreduksjoner, kvotehandel og prosjektbasert samarbeid.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlinga av Prop. 115 S (2015–2016), jf. Innst. 407 S (2015–2016) om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala. Regjeringa legg til grunn målet om klimanøytralitet frå og med 2030. Regjeringa ser på vedtaket som følgt opp.

Del II

Klima- og miljødepartementets budsjett for 2022

8 Omtale av kapittel og post

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet medrekna tilskot som blir behandla i departementet, og løyvingar for å sikre ei kunnskapsbasert forvaltning, under dette kartlegging, overvaking og forskning på klima- og miljøområdet og anna arbeid knytt til miljødata. Delar av løyvingane kan bli stilte til disposisjon for etatane som er underlagde departementet, når det er naturleg at etatane utfører oppgåvene.

Internasjonalt arbeid

Omtale av Noregs internasjonale arbeid med klima og miljø finst òg under dei ulike resultatområda og dei andre programkategoriane. Omtalen i dette kapitlet gjeld berre internasjonalt arbeid som går på tvers av resultatområda.

Multilateralt klima- og miljosamarbeid

FN er ein viktig aktør i det globale arbeidet med miljø- og klimaspørsmål. Noreg er ein vesentleg bidragsytar til dei organisasjonane og programma som har miljø som kjerneoppgåve, og har fortløpande dialog med nær alle FN-institusjonane om integrering av klima- og miljøomsyn i verksemda deira. Noreg legg vekt på å følgje opp Rio+20-vedtaket om å styrkje FNs miljøprogram. Programmet har eit særskilt ansvar i FN-systemet for å fremje ivaretakinga av miljødimensjonen i berekraftig utvikling og for å innarbeide omsynet på tvers i organisasjonen. Klima- og miljøministeren er valt som president for FNs femte miljøforsamling (UNEA5), styringsorganet for miljøprogrammet som ifølgje Rio+20 set agenda for det globale miljøarbeidet. Første del av miljøforsamlinga under norsk leiding vart halden i februar 2021, digi-

talt på grunn av covid-19, medan dei fleste politiske sakene vart utsette til andre del av møtet i mars 2022. Målet er å styrkje det internasjonale miljosamarbeidet og oppnå vedtak og erklæringar som på ulike vis fremjar bevaring av natur som løysing på ulike problem. Frå norsk side vil vi ha spesiell merksemd på området plastforureining og ta aktivt del i arbeidet for å oppnå mandat for ein ny global avtale mot marin plastforsøpling og plastforureining. For dette veksande miljøtrugs-målet vil vi òg leggje vekt på oppfølginga av handlingsplanen mot marin plastforsøpling under FNs sjøfartsorganisasjon IMO og følgje opp endringane i mandatet til Baselkonvensjonen og det internasjonale regelverket for plastavfall.

Klima, naturmangfald og forureining er anerkjende som dei viktigaste miljøutfordringane som krev sterkare global respons. Noreg vil halde fram arbeidet med å utvikle den normative rolla til FNs miljøprogram og sikre eit tettare samarbeid med andre FN-organ. Noreg er òg ein sentral bidragsytar til FNs program for å redusere utslepp gjennom avskoging og skogdegradering i utviklingsland (UN-REDD) og til fleire verdsbankfond som finansierer investeringar for å redusere utslepp frå skog i utviklingsland, til dømes FEPF Karbonfond og BioCarbon-fondet. Sjå omtale av Klima- og skoginitiativet under programkategori 12.70.

FNs berekraftsmål føreset at både einskilde land og internasjonale organisasjonar skal betre integreringa av dei tre dimensjonane av berekraft (økonomiske, sosiale og miljøvise omsyn) på ei rekkje samfunnsområde. Måla kan såleis gje draghjelp til det globale grøne skiftet og fremje heilskapleg tenking over «silotilnærming». Noreg har oppnådd mykje, men er òg utfordra av ein del av måla. Regjeringa la i juni 2021 fram Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*. Oppgåva med å følgje opp gjennomføringa av berekraftsmåla globalt årleg er lagd til FNs høgnivå-

forum for berekraftig utvikling (HLPF), og kvart fjerde år skal leiarane i verda få ei særskild oversikt over framdrifta og område som krev større innsats. Noreg la fram sin andre frivillige rapport om framgangen på måla til FN's høgnivåforum sommaren 2021. Sjå omtale av berekraftsmåla under del III kap. 8.2.

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) omfattar bevaring og berekraftig bruk av det biologiske mangfaldet på landjorda og i havet og rettferdig fordeling av utbytte frå bruk av genetiske ressursar. På det neste partsmøtet skal eit nytt globalt rammeverk for naturen vedtakast. Det nye rammeverket vil erstatte dei 20 Aichi-måla som vart vedtekne i 2010. Aichi-måla er godt integrerte i Agenda 2030 og i berekraftsmåla, og det er viktig med ei tett kopling mellom berekraftsmåla og andre eksisterande mål for biologisk mangfald i utviklinga av eit nytt strategisk rammeverk.

Noreg deltek aktivt i forhandlingane for å sikre eit effektivt, nytt globalt rammeverk som kan snu den negative trenden med tap av natur. Ein effektiv avtale inneber at landa i verda blir samde om både eit sett med ambisiøse mål og robuste system som gjer at landa i større grad gjennomfører dei nye måla. Noreg arbeider for ein avtale som forpliktar landa til å auke innsatsen over tid. Noreg ønskjer vidare ei utvikling av konvensjonen innanfor berekraftig bruk og har mellom anna retta merksemda mot berekraftige verdikjeder i forhandlingane om det nye rammeverket. Integrering av omsyn til biologisk mangfald i andre sektorar og i alle ledd i verdikjedene er avgjerande for å sikre at den totale belastninga på naturen ikkje blir for stor. Som ein del av dette arbeidet vil Noreg løfte miljøkriminalitet som tema og vere ein pådrivar i arbeidet mot miljøkriminalitet. Noreg arbeider for økosystembaserte tilnærmingar til bevaring av naturen og bruk av naturbaserte løysingar på klimautfordringa. Noreg støttar målet om at 30 pst. av hav- og landområde skal bevarast gjennom vern eller andre bevaringstiltak. Endring av areal grunna landbruk er ein av dei største drivarane bak tap av biologisk mangfald. Noreg er mellom anna difor aktiv i førebuinga av FN's toppmøte om berekraftige matsystem hausten 2021.

Det globale miljøfondet (GEF) skal medverke til at utviklingsland og land med overgangsøkonomi kan nå måla i dei globale miljøavtalane om klima, biologisk mangfald, forørkning, kjemikalier og kvikksølv. GEF er med på å betre klima- og miljøtilstanden globalt ved å kvalitetssikre nasjonale og regionale tiltak og finansiere meirverdien av dei for det globale miljøet. Arbeidet blir utført

gjennom ei rekkje ulike partnerorganisasjonar i FN og det sivile samfunn. Medan det i internasjonalt miljø samarbeid ofte kjem krav om å opprette nye fond for å støtte u-landa, ser Noreg at GEF har opparbeidd god kunnskap og sterke nettverk som gjer dei i stand til å yte hjelpa som landa ber om. Noreg auka sitt bidrag til GEF ved førre påfyllinga (GEF7) og forhandlar no fram til sommaren 2022 om påfyllinga for neste fireårsperiode (GEF8). GEF konsentrerer seg i stadig større grad om store, integrerte program som kan medverke til å nå måla i fleire miljøkonvensjonar samstundes. Effektiviteten til slik tilnærming skal evaluerast.

Omtale av Noregs hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet finst under programkategori 12.20 og 12.70.

Miljøkriminalitet

Miljøkriminalitet er eit alvorleg og aukande problem med store negative konsekvensar for naturmangfald og klima. Å stoppe ulovleg avskoging er ein viktig del av klimaløysinga og ei nødvendighet for at land med mykje ulovleg avskoging skal kunne oppfylle sine forpliktingar. Ei rekkje artar er trua av utrydding på grunn av internasjonal flora- og faunakriminalitet, skogkriminalitet og gruvekriminalitet, både på grunn av handel med trua artar og på grunn av arealfragmentering og forringa leveområde.

Miljøkriminalitet medverkar òg til tap av inntekter for statar, auka fattigdom, auka ulikskap og underminering av demokratiske institusjonar. Internasjonal miljøkriminalitet er i tillegg knytt til annan organisert kriminalitet, som ulovleg handel med våpen, narkotikasmugling og menneskehandel, og blir nytta til såkalla trusselfinansiering, det vil seie finansiering av terrorgrupper og andre ikkje-statlege væpna grupper. Dette medverkar til å føre vidare ustabilitet i sårbare statar og truar regional og internasjonal tryggleik.

Regjeringa la våren 2020 fram ei stortingsmelding om miljøkriminalitet. Meldinga presenterer regjeringa sin politikk for å styrkje innsatsen mot miljøkriminalitet, både nasjonalt og internasjonalt. Tiltaka omfattar mellom anna informasjons- og haldningsskapande arbeid, nye sanksjonar, bruk av teknologi og auka tilsyn og kontroll med handel med trua artar, framande artar, genmodifiserte artar og forureining. Internasjonalt blir det viktig å få global merksemd om at miljøkriminalitet er ei grenseoverskridande og alvorleg form for organisert kriminalitet som må sjåast i samheng med økonomisk kriminalitet som korrupsjon, kvitvasking, dokumentfalsk, skatteunndra

ging og tollsvindel. Tiltaka her omfattar utvikling av internasjonal politikk, internasjonal rettsutvikling, utviklingspolitiske verkemiddel, arbeid i internasjonale organisasjonar og sivilsamfunn, motverking av ulovleg netthandel og bruk av teknologi, verdikjedesporing og handelsavtalar.

Medverknad i EU-samarbeidet og effektiv gjennomføring av EØS-rettsakter

EU har ei klar pådrivarrolle i det internasjonale klima- og miljøsamrådet, og ein stor del av EUs klima- og miljøpolitikk blir innlemma i norsk regelverk som følgje av EØS-avtalen. Regjeringa har som mål å medverke til ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk i EU og vere ein aktiv og relevant partner i Europas grøne giv. Dette er EUs grøne vekststrategi der målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er gjort styrande for eit gjennomgripande grønt skifte som omfattar nær alle samfunnsområde. Europas grøne giv medfører omfattande ny politikk- og regelverksutvikling, også på område som er omfatta av EØS-avtalen. Klima- og miljødepartementet følgjer tett med på område som klima, avfall og produkt i den sirkulære økonomien, plastforureining, kjemikaliar og grøn finans.

Påverknadsarbeidet overfor EU skjer gjennom å delta i Kommisjonens ekspertgrupper og komitear, politiske møte med Kommisjonen og Europaparlamentet, andre innspel til sentrale aktørar i EU og gjennom å delta i ambisiøse «vennegrupper» som REACH UP-gruppa på kjemikalieområdet, som no omfattar plast og, og Green Growth Group (GGG) på klimaområdet. Noreg har òg ein nasjonal ekspert i Europakommisjonens generaldirektorat for miljø for å styrkje EUs arbeid med plastforureining. Nordisk samarbeid er òg viktig for å påverke utviklinga av EUs regelverk og andre internasjonale prosessar. Dei nordiske statsministrane vedtok i august 2019 ein ny visjon for det nordiske samarbeidet fram mot 2030. I oppfølginga av denne visjonen har det nordiske samarbeidet på klima- og miljøområdet blitt tilført vesentleg auka ressursar, noko som medfører eit forsterka nordisk samarbeid innanfor sentrale område som klima, biomangfald og sirkulær økonomi.

Noreg er medlem i Det europeiske miljøbyrået (EEA) og deltek i arbeidet i Det europeiske kjemikaliebyrået (ECHA). Miljøbyråa er ei viktig informasjonskjelde for alle som er med på å utforme, vedta, setje i verk og evaluere miljøpolitikk. Gjennom EØS-avtalen er Noreg medlem av EUs romprogram 2021–2027, som inkluderer jordobservasjonssystemet Copernicus. Systemet etablerer

omfattande satellittovervaking av miljø globalt, regionalt og nasjonalt, ikkje minst i havområda og i Arktis. Noreg deltek òg i EUs forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa, der klima og miljø er eit sentralt satsingsområde. Minst 35 pst. av totalbudsjettet til Horisont Europa skal vere klimarelevant. Programmet skal bidra til å nå måla i Europas grøne giv.

Enkelte sentrale miljøpolitiske område er ikkje omfatta av EØS-avtalen. Det gjeld naturvern og forvaltning av naturressursar, landbruk og fiskeri, men Noreg og EU er tett bundne saman gjennom EUs indre marknad på alle område. Nye forslag og omlegging i EUs politikk får stor verknad for norsk politikk. Kvart år blir ei rekkje rettsakter innlemma i EØS-avtalen og gjennomførte i norsk regelverk for miljø- og klimapolitikken.

Ved å delta gjennom heile prosessen sikrar departementet ein grundig gjennomgang og vurdering av forslag til nye EU-rettsakter og moglege konsekvensar av gjennomføringa før regelverket eventuelt blir teke inn i EØS-avtalen og gjennomført i norsk rett.

EØS-midlane er også ein del av EU/EØS-arbeidet i miljøforvaltninga. Dei medverkar til sosial og økonomisk utjamning i Europa og til gjennomføringa av EUs rettsakter i mottakarlanda. Klima, energi, miljø og lågutsleppsutvikling er eitt av tre prioriterte hovudområde i inneverande periode, som vil gå fram til og med 2024. Klima-, miljø- og kulturavprogramma inkludert dei bilaterale fonda under EØS-midlane stimulerer til godt bilateralt fagleg samarbeid med mottakarlanda og stimulerer landa til oppfølging av internasjonale avtalar innan klima, miljø og biodiversitet.

Berekraftig finansiering og klimarisiko

Om verda skal nå klimamåla, er det nødvendig at både offentlege og private investeringar blir vridde i ei meir berekraftig retning, særleg infrastruktur og andre investeringar med lang levetid. I Parisavtalen er dette anerkjent i formålet, der det er sagt at avtalen skal medverke til å sameine finansstraumane med ein bane mot lågutsleppsutvikling og klimarobust utvikling. Finanssektoren har ei nøkkelrolle i omstillinga til ein lågutsleppsøkonomi. EU la i 2018 fram ein handlingsplan for berekraftig finans. Handlingsplanen har som mål å dreie kapitalen mot meir berekraftige investeringar, handtere klima- og miljømessig risiko og fremje openheit og langsiktig tenking i finansiell og økonomisk aktivitet. Regjeringa stiller seg bak måla i EUs handlingsplan og følgjer oppfølginga av planen tett. Finansdepartementet og Klima- og

miljødepartementet deltek som observatørar til Kommissjonens ekspertgruppe på berekraftig finans. EU utviklar rammeverk som skal hjelpe finansnæringa å bidra til omstillinga til ein lågut-sleppsøkonomi. EU-landa har mellom anna blitt einige om eit klassifiseringssystem for berekraftige økonomiske aktivitetar, ein såkalla taksonomi. Relevante regelverk vil òg gjelde Noreg. Finansdepartementet fremja ein lovproposisjon om gjennomføring av mellom anna taksonomien i ei ny lov om opplysninger om bærekraftsinformasjon i finanssektoren før sommaren 2021. Sjå nærmare omtale i Meld. St. 31 (2020–2021) *Finansmarkedsmeldingen 2021*. For å forsterke arbeidet med berekraftig finans, og som varsla i European Green Deal, la Kommissjonen fram ein fornya strategi for berekraftig finans i juli 2021.

Det er òg viktig å ha ei god vurdering og handtering av korleis lågut-sleppsutvikling kan påverke lønnsmda og risikoen til langsiktige investeringar, både i privat og offentleg sektor. Det regjeringsoppnemnde Klimarisikoutvalet peiker i sin rapport på nokre overordna prinsipp for å betre handteringa av klimarisiko i samfunnet og gjev tilrådingar retta mot både privat og offentleg sektor. Regjeringa meiner det er viktig med god informasjon, gode analysar, gode avgjerdsprosessar og riktige insentiv for å få ei god handtering av klimarisiko, både i privat og offentleg sektor. Korleis regjeringa følgjer opp rapporten frå Klimarisikoutvalet, vart omtalt i revidert nasjonalbudsjett 2019 (Meld. St. 2 (2018–2019)), *Finansmarkedsmeldingen 2019* (Meld. St. 24 (2018–2019)) og Noregs lågut-sleppsstrategi for 2050 (vedlegg 1 til Prop. 1 S (2019–2020)). Arbeidet til regjeringa med å avdekkje og redusere klimarisiko er også omtalt i *Perspektivmeldingen 2021* (Meld. St. 14 (2020–2021)).

Klima og miljø i handels- og investeringsvernavtaler

Handels- og investeringsvernavtarar påverkar kva som blir produsert og selt, og korleis ein gjer det, og dermed også klima- og miljøverknadene av handel. Dei påverkar òg kva tiltak som kan setjast i verk av omsyn til klima og miljø. I motsetning til EØS-avtalen inneheld dei ikkje felles klima- og miljøregelverk. Det er difor nødvendig å syte for at dei blir utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøomsyn. Behovet for å arbeide for å styrkje eit samsvar mellom handel og miljø aukar, mellom anna når det gjeld samanhengen mellom handel og skogforvaltning. Difor arbeider vi for at slike avtarar får eigne kapittel om handel og berekraftig utvikling, senkar toll på

klima- og miljøvennlege varer og gjev rom for støtte, avgifter og reguleringar som gjer det enklare og billigare å produsere, forbruke og transportere med mindre ressursar og utslepp. Avtalen med Storbritannia er eit døme på dette. Denne erstattar ikkje EØS-avtalen. EØS-avtalen har ei rekkje felles klima- og miljøreglar. Desse er Storbritannia ikkje lenger er bunden av. Den nye frihandelsavtalen med Storbritannia inneheld likevel ei rekkje ambisiøse forpliktingar på klima, miljø og arbeidstakarrettar, og det grønne skiftet er tema i avtalen. Fleire land legg stadig større vekt på klima- og miljømessig berekraft også i handelspolitikken. EU og USA er no blant dei fremste her. EUs nye handelspolitikk har fått ei større rolle i arbeidet med berekraftig utvikling, og USAs nye handelspolitikk ser ut til å gå i same retninga. Det internasjonale handelssystemet blir sett under stadig sterkare press på grunn av økonomiske, politiske og sikkerheitsmessige interesser og ringverknadene av globaliseringa. Presset har blitt forsterka av covid-19-pandemien, som viste kor utsett globale leveransekjeder kan vere i krisesituasjonar. Utvikling av slike avtarar skjer no i aukande grad utanfor Verdshandelsorganisasjonen (WTO). Departementet deltek difor i forhandlingane mellom Noreg og Kina, og forhandlingar mellom anna med Malaysia gjennom den europeiske frihandelsorganisasjonen EFTA. Vi følgjer med på samarbeidet om handel og investeringar mellom EU og andre sentrale land. Samstundes tek medlemsland i WTO fleire nye initiativ for å styrkje bidraget frå handelen til å løyse klima- og miljøutfordringane. Eit initiativ som Noreg er med på, har mellom anna handel med miljøvarer og -tenester, sirkulær økonomi og berekraftige leveransekjeder i fokus. Vi følgjer òg forhandlingane om ein ambisiøs, bindande avtale om klima, handel og berekraft som Noreg saman med New Zealand, Costa Rica, Fiji og Island vart einige om å starte hausten 2019.

Klima- og miljøsam arbeid med utviklingsland

Samarbeid med økonomiar i framvekst og utviklingsland er òg ein viktig pilar i Noregs internasjonale klima- og miljøarbeid. Med bilaterale samarbeidsavtarar og støtte til internasjonale initiativ skal Noreg medverke til ei grøn utvikling gjennom oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø og naturressursar.

Det største internasjonale initiativet frå regjeringa innan klima og miljø er Klima- og skoginitiativet. Sjå nærmare omtale av dette under programkategori 12.70. Klima- og miljødepartementet har

øg særskilde avtalar om samarbeid med miljøstyresmaktene i dei store framvoksende økonomiane Kina, India og Sør-Afrika. Desse landa har stor innverknad på den globale miljøtilstanden og er heilt sentrale i utviklinga av globale miljøavtalar. I Kina, Sør-Afrika og India har Klima- og miljødepartementet medverka til ein portefølje av prosjekt som er retta inn mot evna det enkelte landet har til å gjennomføre internasjonale forpliktingar under miljøkonvensjonane.

Prosjekta er hovudsakleg forvaltningssamarbeid. Miljødirektoratet er ein viktig partner på norsk side. Finansiering skjer i hovudsak over Utanriksdepartementets budsjett. I tillegg blir det nytta midlar over Klima- og miljødepartementets budsjett for å setje i gang nye prosjekt og utgreiingar. Klima- og miljødepartementet samarbeider med Sør-Afrikas miljødepartement om å betre forståinga for digitale gensekvensar (*digital sequencing information* – DSI) og kapasitetsbygging i Afrika knytt til dette. Miljødirektoratet er i dialog med Sør-Afrika om utarbeidinga av avfallssystem med sikte på å redusere tilførselen av marin forøpling. Tidlegare har Miljødirektoratet medverka til å utvikle ein utsleppsrekneskap i Sør-Afrika. I Kina har Miljødirektoratet sidan 2012 vore ein sentral partner for å utvikle klimakvotemarknaden. Kinas nasjonale kvotemarknad vart offisielt lansert i juli 2021 og er den største i verda. Noregs kvotesamarbeid med Kina held fram i ein ny fase. I 2019 vart det starta opp nye prosjekt med Kina om miljøgifter, marin forøpling og svart karbon. Noreg gjev òg støtte til og deltek med ekspertar i høgnivårådet China Council for International Cooperation on Environment and Development (CCICED). I 2021 vart tidlegare finansminister og leiar av CICERO Senter for klimaforskning Kristin Halvorsen utnemnd som ny

nestleiar i rådet, etter tidlegare klima- og miljøminister Vidar Helgesen. Rådet er oppretta av og gjev tilrådingar til den kinesiske toppleinga. I tillegg til å sjå på og gje råd om Kinas nasjonale utfordringar rettar høgnivårådet no meir merksemd mot Kinas rolle internasjonalt, mellom anna Kinas utlandsinvesteringar gjennom det nye silkeveginitiativet deira. I India er klimagassutslepp frå kuldemedium ei stor og aukande klimautfordring. Noreg støttar arbeid som kan medverke til raskare innfasing av meir miljøvennlege kuldemedium. Gjennom det bilaterale samarbeidet støttar Noreg også bruk av meir miljøvennleg brensel i sementproduksjon. India og Noreg har inngått ein intensjonsavtale om samarbeid om integrert havforvaltning og har ei rekkje samarbeidsprosjekt for å motverke plastforsøpling og plastforureining.

Meteorologisk institutt (MET) er involvert i bistandsarbeid innanfor værvarsling og klimaanalyse i sju land i Afrika og Asia, med finansiering frå Norad og Verdsbanken. Mellom anna støttar regjeringa eit pilotprosjekt som skal sjå på korleis MET sin teknologi og kompetanse kan brukast til å styrkje formidling og distribusjon av lokale værvarsel i utvalde norske samarbeidsland i Afrika og Asia. MET arbeider kontinuerleg med tilgjengeleggjering, mellom anna med opplæringsvideoar, som har vore særskilt nyttige og relevante under covid-19-pandemien.

Dette er ei oppfølging av regjeringa sin plan for deling av digitale løysingar i bistandspolitikken og støttar FN's berekraftsmål.

I tillegg til å støtte opp om norsk utanrikspolitikk følgjer Meteorologisk institutt òg ei generell oppmoding frå WMO om at i-land hjelper i u-land til å utvikle meteorologi.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1400	Klima- og miljødepartementet	655 263	675 365	674 980	-0,1
1410	Kunnskap om klima og miljø	1 178 393	1 106 179	1 122 539	1,5
1411	Artsdatabanken	70 897	69 623	70 473	1,2
1412	Meteorologiformål	487 333	522 774	489 712	-6,3
	Sum kategori 12.10	2 391 886	2 373 941	2 357 704	-0,7

Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	290 566	294 508	292 111
21	Spesielle driftsutgifter	79 615	66 985	75 973
50	Heilskapleg profilering, grønne løysingar	10 514	10 785	10 757
51	Den naturlege skulesekken	10 169	10 432	5 000
70	Frivillige klima- og miljøorganisasjonar samt klima- og miljøstiftelsar	52 541	52 541	53 907
71	Internasjonale organisasjonar	80 677	91 774	88 814
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	5 002	5 162	5 296
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	126 179	143 178	143 122
	Sum kap. 1400	655 263	675 365	674 980

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Den foreslåtte løyvinga på 292,1 mill. kroner dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er nødvendige for at Klima- og miljødepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld lønn til fast tilsette i departementet. Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, mellom anna drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IKT-utgifter dei største. Løyvinga under posten er redusert med om lag 1,6 mill. kroner grunna ny premiemodell for betaling av pensjonspremie og om lag 0,7 mill. kroner grunna gevinstuttak på grunn av forventede lågare reiseutgifter, sjå nærare omtale under del I kap 3.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 4400 post 02, jf. forslag til vedtak II.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Lønn til mellombels tilsette

som er knytte til faglege prosjekt, kan òg førast over posten. Posten dekkjer heile ansvarsområdet til miljøforvaltninga.

Klima- og miljøpolitikken står overfor store utfordringar, og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagd opp. Det er difor viktig at Klima- og miljødepartementet har nok ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere klima- og miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

Det er foreslått ei løyving på 76 mill. kroner. Samla sett er løyvinga auka med 9 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2021. Det er foreslått å flytte 9,5 mill. kroner frå kap. 1400 post 76, som gjeld oppfølging av den nasjonale strategien for sirkulær økonomi, og som skal utbetalast til statlege mottakarar. Det blir òg foreslått å rammeoverføre 2 mill. kroner til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, til arbeidet direktoratet gjer med offentlege innkjøp. Reduksjonar på posten kjem av omdisponering av midlar til andre postar fordi tidsavgrensa prosjekt er avslutta. I 2022 blir det foreslått ei løyving på om lag 12,5 mill. kroner til nye tidsavgrensa tiltak som omfattar mellom anna Klimautvalet 2050 og utgreiing om farleg avfall.

Rapport 2020

I 2020 vart midlane på posten nytta til tiltak knytte til alle resultatområda, hovudsakleg innanfor klima, forureining og naturmangfald.

Post 50 Heilskapleg profilering, grønne løysingar

Posten vart oppretta i 2018 for å profilere norske grønne løysingar internasjonalt. Formålet er å auke eksport og trekkje investorar ved å posisjonere Noreg som ein pioner for grønne løysingar i internasjonale marknader. Tiltaket skal medverke til å løfte fram fleire gode gründerar, vekstkraftige bedrifter og innovative næringsmiljø som utviklar grøn teknologi og produkt tilpassa lågutslepps-samfunnet.

Det grønne skiftet byr på både utfordringar og moglege utviklingsområde for næringslivet. På fleire område har Noreg gode føresetnader for å ta ei leiarrolle i teknologiutvikling og løysingar for det grønne skiftet. Dette gjeld mellom anna produkt frå prosessindustrien og produksjon av fornybar energi og lågutsleppsløysingar i transportsektoren. Noreg er allereie verdsleiande på teknologi for nullutsleppsløysingar i maritim transport. Berekraftig havbruk er eit anna mogleg vekstområde. Bioøkonomi, sirkulærøkonomi og smarte bygg og byar er andre moglegheitsområde. Regjeringa ønskjer å gje ekstra draghjelp til næringslivet som leverer grønne løysingar, og som har moglegheiter internasjonalt.

Satsinga skal sjåast i samanheng med det arbeidet Innovasjon Noreg gjer med profilering for å medverke til auka internasjonalisering. Innovasjon Noreg skal leggje til rette for eit samarbeid med privat næringsliv, som skal inviterast til å delta i både utforming og vidare finansiering av satsinga.

Det er foreslått ei løyving på om lag 10,8 mill. kroner for 2022.

Rapportering 2020

I 2018 vart utstillingsvindauget The Explorer utvikla i samarbeid med næringslivet, og i mai 2019 vart det lansert. The Explorer er ei nettside der internasjonale kjøparar og investorar kan sjå norske grønne løysingar i eit digitalt utstillingsvindaug og enklare komme i kontakt. Kvar månad i 2020 hadde The Explorer over 100 000 besøkjande i gjennomsnitt. I slutten av 2020 hadde The Explorer 400 løysingar frå norske bedrifter. Ei av fire norske bedrifter opplyser at dei har fått

nye kontaktar ved å vere på plattformen. To gonger i året møtest eit strategisk råd samansett av leiande representantar for næringsliv, organisasjonsliv og styresmakter for å bli orienterte om The Explorer og for å diskutere relevante tema.

Post 51 Den naturlege skulesekken

Midlane under posten er knytte til alle resultatområda bortsett frå polarområda.

Den naturlege skulesekken (DNS) har vore eit samarbeidstiltak mellom Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Frå og med 2022 er tiltaket berre i regi av Klima- og miljødepartementet. Tiltaket er leidd av Miljødirektoratet, medan gjennomføringa skjer gjennom Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Naturfagsenteret) ved Universitetet i Oslo.

Posten er av omsyn til det samla budsjettopp- legget redusert med 5,4 mill. kroner frå 2021, og foreslått løyving er 5 mill. kroner. Løyvinga skal nyttast til tilskot til skular, administrasjon og rettleiing, formidling av erfaringar frå satsinga til skular og eksterne aktørar og til kjøp av tenester hos eksterne aktørar som samarbeider med DNS-skular.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til at lærarar og elevar får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og klima- og miljøutfordringane på kloden og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida.

Den naturlege skulesekken legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samanheng med realfag, samfunnsfag, kroppsøving og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og eksterne aktørar, til dømes frivillige miljø- og friluftslivsorganisasjonar, og støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket. Eit berande pedagogisk prinsipp er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokalsamfunnet. I *Den naturlege skulesekken* står varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet sentralt.

Kriterium for måloppnåing

Den naturlege skulesekken skal koordinere læringsressursar innanfor dei aktuelle områda og skape eit profesjonelt nettverk av foreiningar og organisasjonar som driv skuleretta verksemd.

Den naturlege skulesekken skal medverke til å utnytte nærmiljøet til skulen som læringsarena og bruke ulike lokale, regionale og nasjonale ressursar i tillegg til å medverke til å styrkje samfunnsfaglege og naturfaglege metodar.

Tildelingskriterium for skulane

Den enkelte skulen kan søkje på årleg utlyste utviklingsmidlar. Kriterium for å få tildelt støtte er at dei planlagde undervisningsopplegga skal nytte nærmiljøet til skulen som læringsarena, ha høg fagleg kvalitet og femne om to eller fleire fag. Minst eitt av desse faga skal vere naturfag eller samfunnsfag, og skulane bør samarbeide med ein ekstern aktør. Undervisningsopplegga skal ha som mål å utvikle nyfikne hos elevar og lærarar og auke kunnskapen deira om natur og samfunn og medvitet om berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på grunnleggjande dugleikar i læringsprosessane, og utforskande metodar skal vere ein viktig måte å arbeide på.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk av Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo. Undervisningsopplegga blir vurderte for publisering på nettstaden www.natursekken.no, slik at dei kan delast med andre. Det blir utarbeidd årlege rapportar om heile prosjektet frå Naturfagsenteret.

Rapport 2020

I 2020 fekk 144 skular midlar til å utvikle undervisningsopplegg i skuleåret 2020/2021. Totalt har 756 skular gjennomført skuleprosjekt i *Den naturlege skulesekken* i perioden 2009–2020/2021. Skulane som deltek, får pedagogisk rettleiing gjennom regionale nettverk ved universitet og Naturfagsenteret.

Det er ti regionkontaktar ved fem universitet, i tillegg til staben på Naturfagsenteret som i 2020 har vore ein full stilling og fem deltidsstillingar som prosjektmedarbeidar og/eller regionkontakt. Det er oppretta lærarnettverk i regionane, og det blir årleg arrangert regionale samlingar rundt

om i landet. Det er òg oppretta eit eige nettverk med elleve eksterne aktørar som alle er i samarbeid med kvar sin skule. Naturfagsenteret følgjer opp dette nettverket med fleire nettverkssamlingar i året, som i 2020 var digitale.

Naturfagsenteret arrangerer årleg ein nasjonal konferanse for deltakarskulane i februar. Konferansen samlar kvart år 300–400 lærarar, skuleleiarar, lærarutdannarar og eksterne aktørar. Den nasjonale konferansen var i 2020 digital.

Post 70 Frivillige klima- og miljøorganisasjonar og klima- og miljøstiftelsar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Det er foreslått ei løyving på 53,9 mill. kroner for 2022. Posten har fått priskompensasjon og er auka med om lag 1,4 mill. kroner. Forskrifta knytt til ordninga blei endra i 2021, hovudsakeleg små endringar knytt til tildelingskriterium og presiseringar for betre å oppnå målet med tilskotsordninga

Mål

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for klima- og miljø saker og stimulere til klima- og miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tilskotsordninga gjeld for landsdekkjande frivillige organisasjonar, stiftelsar og paraplyorganisasjonar som har nasjonal innverknad, og med eit hovudformål for verksemda som ligg innanfor ansvarsområdet til miljøforvaltninga.

Tildelingskriterium

Fordeling av tilskot er berekna etter forskrifta knytt til ordninga. 77 pst. av løyvd beløp på posten går til frivillige klima- og miljøorganisasjonar, medan 23 pst. går til paraplyorganisasjonar og klima- og miljøstiftelsar. For dei frivillige organisasjonane blir tilskota berekna etter kriterium som er gjorde greie for i forskrifta. For klima- og miljøstiftelsane og paraplyorganisasjonane er tilskota berekna med grunnlag i løyvinga dei fekk førre året.

Tabell 8.1 Fordeling av tilskot til organisasjonar i 2021 og 2022 (i 1000 kr)

Organisasjon/stiftelse	Rekneskap 2020	Løyving 2021	Løyving 2022
<i>Klima- og miljøorganisasjonar</i>			
Den Norske Turistforening	6 658	6 670	6 440
Forbundet Kysten	4 563	4 513	4 458
Fortidsminneforeninga	3 877	3 954	4 507
Framtida i våre hender	4 700	4 513	4 706
Noregs Jeger- og Fiskarforbund	4 895	4 900	4 541
Noregs Naturvernforbund	7 637	7 650	7 265
Besteforeldrenes Klimaaksjon	0	0	1 981
<i>Barne- og ungdomsorganisasjonar</i>			
Natur og Ungdom	5 131	4 390	4 095
Miljøagentane	2 996	3 866	3 517
<i>Paraplyorganisasjonar</i>			
Sabima	1 541	1 367	1 402
Kulturvernforbundet	1 541	1 367	1 402
Regnskogfondet	1 541	1 367	1 402
Norsk Fyrhistorisk Forening	0	1 367	1 402
<i>Klima- og miljøstiftelsar</i>			
Miljøstiftelsen Bellona	1 917	1 700	1 744
Norsk Kulturarv	1 052	933	958
WWF Noreg	2 822	2 502	2 567
Zero	1 252	1 110	1 139
Norsk klimastiftelse	418	371	381
Sum	52 541	52 540	53 907

Oppfølging og kontroll

Bruken av midlar blir følgd opp mellom anna ved å kontrollere søknad med årsrapport og årsrekneskap som tilskotsmottakarane sender inn. Departementet kan føre tilsyn med at tilskotsmottakarane oppfyller krava i forskrifta, at opplysningane i søknaden er riktige, og at organisasjonane blir drivne i medhald av vedtektene sine. Riksrevisjonen kan også gjennomføre slik kontroll.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Det er foreslått ei løyving på 88,8 mill. kroner for 2022. Samla er posten redusert med om lag 3 mill. kroner som følgje av endra valutakursar. Det er ein generell auke av fleire kontingentar og ein priskompensasjon på posten.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar, avtalar, kon-

vensjonar og sekretariat som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar, avtalar, konvensjonar og sekretariat der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følge av at Noreg har ratifisert avtalar med budsjettbindingar, eller at regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gjevne bidrag til FN's miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar, avtalar, konvensjonar og sekretariat får bidrag:

- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- FN's miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Interimssekretariat for konvensjonen om vern av våtmarker (Ramsar-konvensjonen)
- Konvensjonen om internasjonal handel med trua artar (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande artar av ville dyr (Bonn-konvensjonen)
- Vassfuglavgifta under Bonn-konvensjonen (AEWA)
- Albatrossavtalen under Bonn-konvensjonen (ACAP)
- Flaggermusavtalen under Bonn-konvensjonen (EUROBATS)
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)
- Protokoll om genmodifiserte organismar (Cartagena-protokollen)
- Nagoya-protokollen under konvensjon om biologiske mangfald om tilgang til genressursar og ei rettferdig og likeverdig fordeling av fordelar som følgjer av bruken av slike ressursar
- Konvensjonen om vern av ville europeiske plantar og dyr og leveområda deira (Bern-konvensjonen)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wien-konvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montreal-protokollen)
- FN's klimapanel (IPCC)
- FN's rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC)
- Protokoll som skal redusere utslepp av skadelege klimagassar (Kyoto-protokollen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)

- Fellessekretariat for Oslo- og Paris-konvensjonen og Bonn-avtalen (oljeforureining)
- Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (LRTAP-konvensjonen)
- Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Basel-konvensjonen)
- Konvensjonen om persistente organiske sambindingar (Stockholm-konvensjonen)
- Konvensjonen om notifikasjon og førehandssamtykke ved eksport av kjemikaliar (Rotterdam-konvensjonen)
- Konvensjonen om kvikksølv (Minamata-konvensjonen)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Oppfølging av REACH-regelverket på kjemikaliar
- Konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, deltaking i avgjerdsprosessar og høve til klage- og domstolsprøving på miljøområdet (Århus-konvensjonen)
- Protokoll om forureina utslepp og utsleppsregister under Århus-konvensjonen (PRTR)
- Espoo-konvensjonen om grenseoverskridande miljøkonsekvensutgreiingar
- Kontingent til Unescos Verdsarvfond

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonar, avtalar, konvensjonar og sekretariat skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i partsmøte, generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga på 5,3 mill. kroner er retta mot resultatområdet polarområda. Posten er auka med 0,1 mill. kroner.

Mål

Målet med løyvinga er å sikre kunnskap om miljøsituasjonen i Arktis gjennom programmet for arktisk miljøovervaking, Arctic Monitoring and Assessment Programme (AMAP). AMAP er ei arbeidsgruppe under Arktisk råd som skal kartlegge nivå og effektar av forureining og klimaendringar på arktiske økosystem. Noreg, som vertsland for AMAP-sekretariatet, har teke på seg ei internasjonal forplikting til å ta hand om drifta

av arbeidsgruppa. Stiftelsen Sekretariatet til den arktiske miljøovervåkings- og vurderingsprogrammet AMAP vart oppretta av Klima- og miljødepartementet for dette formålet.

Oppfølging og kontroll

Klima- og miljødepartementet nemner opp styret i stiftelsen og får årsrapportar, rekneskapar og revisjonsmeldingar.

Rapport 2020

AMAP-sekretariatet har hatt stor fagleg produksjon i 2020 og har lagt ned stor innsats for å følgje opp oppdrag frå Arktisk råd knytte til overvaking, vurderingar og samanstilling av informasjon om miljøtilstand og klimaendringar i Arktis. I 2020 har AMAP-sekretariatet klargjort sju leveransar til Arktisk råds ministermøte i 2021, inkludert fem vitenskaplege utgreiingsrapportar. Desse omhandlar klimaendringar i Arktis, kortliva klimaforureiningar, samverke mellom klimaendringar og miljøgifter, endring i kvikksølvnivå og helseeffektar av forureining. AMAP-sekretariatet har i tillegg brukt mykje tid og ressursar på formidlingsaktivitetar. Covid-19-pandemien har ikkje forårsaka større forseinkingar eller svikt i leveransane. AMAPs arbeid er viktig for å dokumentere tilstanden for det arktiske miljøet, som grunnlag for tilrådingar om tiltak og som bidrag til internasjonale prosessar som Stockholm-konvensjonen, Minamata-konvensjonen og FN's klimapanel.

Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Tilskotsordninga skal medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller dei internasjonale forpliktingane sine for naturmangfald, klima og forureining og nasjonale mål innanfor alle resultatområda. Tilskotsordninga skal òg medverke til å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og til å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Posten er delt mellom alle resultatområda, jf. omtale under.

Forslag til løyving er 143,1 mill. kroner, om lag det same som i 2021.

Naturmangfald og friluftsliv

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på naturmangfalds- og friluftslivsområdet.

Mål

Posten skal medverke til at Noreg oppfyller dei nasjonale og internasjonale forpliktingane sine innan naturmangfalds- og friluftsområdet.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområda naturmangfald og friluftsliv.

I 2022 gjer ein framlegg om å gje tilskot til

- FN-organet GRID-Arendal (4,5 mill. kroner)
- SABIMA (3 mill. kroner), til drift av kartleggingskoordinatorar og gjennomføring av kartlegging i artsobservasjonar
- Norsk institutt for vassforskning (NIVA), for deltaking i European Topic Center for Water (0,45 mill. kroner)
- Norsk deltaking i Naturpanelets ekspertgrupper (2,2 mill. kroner)
- Stiftelsen Norsk Naturarv (0,75 mill. kroner)
- Sekretariat for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS) (0,2 mill. kroner)
- Foreininga Norges nasjonalparkkommuner (1,0 mill. kroner)
- Driftsstøtte til Nordhordland Biosfæreområde (0,5 mill. kroner)
- Maridalens venner (0,3 mill. kroner). Foreininga sitt formål er å bevare Maridalens noverande busetnad og miljø, og foreininga arbeider blant anna med å oppretthalde kulturlandskapet i Maridalen landskapsvernområde gjennom skjøtselstiltak. Foreininga har ein utfordrande finansiell situasjon på grunn av eit uventa inntektsbortfall. Tilskotet blir gjeve som ein mellombels overgangsstønad for at foreininga kan yte i skjøtelsarbeid i det statlege verneområdet.

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Rapport 2020

På det internasjonale området er det gjeve driftsstøtte til GRID-Arendal. Støtta til GRID-Arendal er eit generelt basistilskot til drifta og utgjer knapt 10 pst. av GRID-Arendals samla inntekter. GRID-Arendal har som hovudformål å støtte arbeidet til FN's miljøprogram gjennom utvikling, innhenting og bruk av vitenskapleg basert miljøinformasjon og

er ein viktig aktør i den globale innsatsen for å redusere marin plastforsøpling og plastforureining og styrkje kunnskapen om blå skog og blått karbon.

0,45 mill. kroner vart utbetalte til NIVA, knytt til det internasjonale arbeidet i samband med European Topic Center for Water.

I 2020 fekk Miljødirektoratet totalt 9 søknader om tilskot til deltaking i ekspertgrupper under Naturpanelet/IPBES på til saman 3,5 mill. kroner. Den totale potten på 2,2 mill. kroner vart delt på dei ulike søknadene.

Kulturminne og kulturmiljø

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på kulturmiljøområdet, jf. resultatområdet kulturminne og kulturmiljø.

Kriterium for måloppnåing

Alle midlane på posten blir gjevne til øyremerkte formål og disponerte til oppfølging av etablerte samarbeidsavtalar og målretta utviklingstiltak.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområdet kulturminne og kulturmiljø.

I 2022 blir det innanfor kulturmiljøområdet foreslått å gje tilskot til

- Verdsarvsenter (14,2 mill. kroner)

Dei seks verdsarvsentera ved verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap (Geiranger), Vegaøyen, Bergkunsten i Alta, Røros bergstad og Circumferensen, industriarven Rjukan-Notodden og Urnes stavkyrkje får årlege driftstilskot. Sentera er autoriserte som verdsarvsenter etter ei felles autorisasjonsordning for besøks-senter på bakgrunn av gjevne krav til drift og innhald i sentera. Ordninga blir administrert av Miljødirektoratet. Den totale ramma for ordninga utgjer i 2021 13 mill. kroner.
- Mellombels omdisponering av midlar verdsarv (4,3 mill. kroner) – nasjonalt og internasjonalt

Nasjonalt: Eingongsløyving på 3,3 mill. kroner til arbeidet med Basisutstillingen for de norske autoriserte verdensarvsentrene. Formålet er å styrkje framdrifta ved å bidra til at basisutstillinga kjem raskast mogleg på plass ved dei etablerte autoriserte verdsarvsentera. Internasjonalt: Eingongsløyving på 1 mill. kroner til å støtte opp om Unescos arbeid med oppfølginga av Haag-konvensjonen og Annen proto-

koll, der formålet er retta mot kulturmiljø som er trua av krig og konflikt.

- Foreininga Freda (0,2 mill. kroner)

Foreininga Freda vart etablert i 2006 som ein landsdekkjande interesseorganisasjon for private eigarar av hus og eigedom freda etter kulturminnelova.
- Bygg og Bevar (3,9 mill. kroner)

Bygg og Bevar er ein nettportal mellom det offentlege, næringslivet og dei private eigarane. Tilskotet går til Byggenæringens Landsforbund (BNL). Bygg og Bevar er ei kommunikasjonsplattform for kunnskap og kompetanse på freda og verneverdige bygningar, ein sentral møteplass for eigarar av kulturhistoriske eigedommar og kvalifisert handverkskompetanse.
- Arbeid med brearkeologisk sikringsarbeid i Innlandet (0,5 mill. kroner)

Midlane til dette formålet går til sikring av dei kulturhistoriske verdiane som kan gå tapt ved at funn som kjem fram ved smelting av snøfonner og isbrear, blir utsette for nedbryting. Den globale oppvarminga fører til at isen i høg-fjellsområda gradvis smeltar. Frå 2011 har eit brearkeologisk sikringsprogram, under leing av Kulturarveininga ved Innlandet fylkeskommune, berga arkeologiske funn frå isen. Det brearkeologiske sikringsprogrammet i Innlandet har sidan 2006 samla inn meir enn 3 500 funn frå 53 funnstader, noko som utgjer meir enn halvparten av funna globalt og meir enn 85 pst. nasjonalt. Dei arkeologiske funna frå isen gjev eit sjeldan blikk inn i ei fortidsverd. Nasjonale og internasjonale klimaaktørar samarbeider rundt koplinga mellom funna og klimaet i fortid og notid.
- Kulturminnedagen (0,6 mill. kroner)

Noregs Kulturvernforbund er ein paraplyorganisasjon for frivillige organisasjonar som arbeider innanfor områda historie og kulturminnevern. Noregs Kulturvernforbund har koordineringsansvaret for den årlege markeringa av kulturminnedagen, og tilskotet går til dette formålet. Som del av tilrettelegginga for Frivilighetens år 2022 blir tilskottet styrkt med 200 000 kroner.
- Etter- og vidareutdanning (EVU) (1,5 mill. kroner)

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) bachelorprogrammet i Tradisjonelt Bygghåndverk. Tilskotet skal medverke til å sikre tilgang på kvalifiserte handverkarar som kan setje i stand den freda bygningsmassen.
- Fortidsminneforeininga (5 mill. kroner)

Fortidsminneforeninga er den eldste kulturvernorganisasjonen i landet, stifta i 1844, og har som mål å sikre verneverdige bygnings- og kulturmiljø. Foreninga er ein stor eigedomsforvaltar. Foreninga eig eigedommar rundt omkring i landet, mellom anna åtte stavkyrkjer, Steinvikholm festning, to mellomalderloft, to gardar på Røros og lystgarden Vøienvolden i Oslo. Dei fleste av eigedommane er opne for publikum, og foreninga driv ei form for museumsverksemd. Foreninga får 5 mill. kroner øyremerkte til museumsdrift.

- Overføring av statens eigedommar på Røros (8,2 mill. kroner)

Forvaltninga av statens eigedommar, som vart kjøpte i 1980 etter koparverket på Røros, vart frå 2018 overført til Statsbygg. Dette skal sikre at byggverka blir i samsvar med krav frå styresmaktene, at staten etterlever forpliktingane etter verdsarvkonvensjonen, og at vidare bruk og bevaring av eigedommane er i tråd med fredingsformålet. Bygningsvernsenteret ved Rørosmuseet i Musea i Sør-Trøndelag as (MiST) skal utføre antikvarisk istandsetjing og vedlikehald på eigedommane som ledd i forkinga, dokumentasjonen og formidlinga av bergverksverksemda som museet driv. Tilskotet skal dekke dei årlege forvaltningskostnadene.

- Norges Verdensarv (1 mill. kroner)

Norges Verdensarv er ein organisasjon om tek vare på interessene til dei åtte norske verdsarvområda. I dag er 19 kommunar og 7 fylkeskommunar medlemmer.
- Rassikring Øvre Stortvart (3 mill. kroner)

Midlane er til prosjektering og tiltak for sikring av dei øvre og svært grunne gruvegangane under freda bygg på Øvre Stortvart, som inngår i eigedommane staten har på Røros. Sikringa tener òg omsyn til publikum og personell i eit populært friluftsområde. Delar av gruvegangane kollapsa i 2018 som følgje av erosjon.
- Frivillighetens år 2022 (2,5 mill. kroner)

Som del av markeringa av Frivillighetens år 2022 vil det gjennomførast ei særskild satsing retta mot regionale og lokale aktørar for å bidra til å løfte fram det frivillige kulturmiljøarbeidet. «Lokalhistoriske vandreruter» vil inngå som del av satsinga, og formålet er å leggje til rette for auka engasjement og gjere rutene meir synlege. Dette vil utgjere eit supplement til det etablerte nasjonale prosjektet «Historiske vandreruter», som blir gjennomført i samarbeid mellom RA og DNT. Midlane og satsinga blir administrerte av Riksantikvaren.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2020

Desse tiltaka fekk tilskot i 2020: Internasjonal verdsarv, kapasitets- og kompetansebyggingsaktivitetar i regi av Unescos rådgjevande organ IUCN og ICCROM som oppfølging av Noregs internasjonale engasjement under verdsarvkonvensjonen, og dei seks autoriserte verdsarvsentera (Vega, Vestnorsk fjordlandskap, Alta, Røros og Circumferensen, Industrieren Rjukan-Notodden og Urnes). Besøksenter verdsarv i Geiranger og Vega Verdensarvsenter vart reautoriserte som besøksenter i 2020. I tillegg fekk desse tiltaka tilskot i 2020: Foreninga Freda, Etter- og vidareutdanning (EVU), Bygg og Bevar, Klimapark 2469, Fortidsminneforeninga, Kulturminnedagen, Norges Verdensarv og Bygningsvernsenteret ved Rørosmuseet i Musea i Sør-Trøndelag as (MiST).

Forureining

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på forureiningsområdet.

Mål

Posten skal

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter innan forureiningar
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt
- medverke til ein meir grøn og sirkulær økonomi

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområdet forureining.

- I 2022 blir det foreslått å gje tilskot til
 - Matvett AS til arbeidet med reduksjon av matsvinn og for deira medverknad til oppfølginga av avfallsstrategien (0,8 mill. kroner)
 - Norsk Institutt for Luftforskning (NILU) (5,0 mill. kroner). NILU vil frå 2022 leie «European Topic Centre on Human Health and the Environment» under The European Environ-

- ment Agency (EEA). NILU vil òg vere deltakar i «European Topic Centre on Climate Change Mitigation». Vidare vil NILU leie «Forum for Air Quality Modelling» (FAIRMODE) under EU-kommisjonens Joint Research Centre (JRC).
- Meteorologisk institutt (0,3 mill. kroner)
 - Sekretariat for *Conservation of Arctic Flora and Fauna* (0,22 mill. kroner)
 - Sekretariat for avtalen om vern av isbjørn (0,3 mill. kroner)
 - GRID-Arendals arbeid med marin forsøpling (5 mill. kroner)
 - Tilskot til NHO – til nasjonalt program for leverandørutvikling for klimasmarte offentlege anskaffingar (0,25 mill. kroner)
 - Tilskot til European Forum of Judges for the Environment (0,4 mill. kroner)
 - Styrking av det internasjonale kjemikaliearbeidet (2,5 mill. kroner)
 - Tilskot til internasjonale og nasjonale organisasjonar som arbeider med marin forsøpling globalt (7 mill. kroner)
 - NILU og NIVAs internasjonale og nasjonale arbeid med effektar av luftforureining under konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (NILU 0,29 mill. kroner og NIVA 2,26 mill. kroner)
 - PAME-sekretariatet (0,27 mill. kroner)
 - Oppfølging av strategien for sirkulær økonomi (20,5 mill. kroner) som fordeler seg slik:
 - 3,65 mill. kroner til Matvett for å styrkje arbeidet mot matsvinn i forbrukarleddet og offentlig sektor
 - 1,4 mill. kroner til KS for å utarbeide rettleiing for korleis kommunar og fylkeskommunar kan ta del i sirkulær-økonomi-arbeidet
 - 4 mill. kroner til Virke for å heve kompetansen om sirkulær økonomi i handelsnæringa
 - 4 mill. kroner til Stiftelsen Miljømerking for å styrkje arbeidet og utvide nedslagsfeltet til også å omfatte dei meir sirkulære og samansette forretningsmodellane og løysingane i framtida
 - 3,8 mill. kroner til Standard Norge for å styrkje standardiseringsarbeidet innanfor sirkulær økonomi og til arbeid med allmenne standardar innanfor bioøkonomien
 - 1,25 mill. kroner til Samordningsrådet for digitalisering i BAE-sektoren (bygg, anlegg og eiendom) for å gjennomføre pilotprosjekt og hauste erfaring knytt til utvikling og flyt av digitale produktdata for byggjevarer
 - 0,5 mill. kroner til Eyde-klyngja til utvikling og ivaretaking av drifta av den utvikla data-

basen for materialstraumar i prosessindustrien

- 1,3 mill. kroner til LOOP for å bidra med nasjonal informasjon og tiltak om minimering og sortering av avfall
- 0,6 mill. kroner til NILU for å delta og koordinere arbeid med sirkulær økonomi i EEA

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskappar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2020

Det er gjeve støtte til Matvett AS for arbeid med å kartleggje og redusere matsvinn som ei oppfølging av avfallsstrategien og betalt kontingent til NHO for at Klima- og miljødepartementet skal medverke til leverandørutviklingsprogrammet.

Conservation of Arctic Flora and Fauna (CAFF) er Arktisk råds arbeidsgruppe for bevaring av arktisk biodiversitet. Klima- og miljødepartementet har gjeve støtte til drifta av det internasjonale CAFF-sekretariatet i Akureyri på Island.

Vidare er det gjeve tilskot til institutt som arbeider internasjonalt innanfor resultatområdet til departementet. Institutta har viktige internasjonale oppgåver og representerer Noreg i ulike samanhengar. Meteorologisk institutt har rolla som internasjonalt meteorologisenter under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining og Det europeiske samarbeidsprogrammet for overvaking og måling av luftforureiningar (EMEP)*. Norsk institutt for luftforskning (NILU) arbeider som European Topic Centre on Air Pollution and Climate Change Mitigation under The European Environment Agency (EEA). Instituttet er valt ut til arbeidet for EEA i konkurranse med liknande institutt i andre europeiske land. EEA har som føresetnad at institutta kan finansiere delar av kostnadene som Topic Centre nasjonalt. Tilskotet frå Klima- og miljødepartementet dekkjer delar av kostnadene ved NILUs arbeid for EEA. Arbeidet Meteorologisk institutt og NILU utfører for EMEP og EEA, utgjer òg eit viktig grunnlag for utvikling av lovgjeving i EU på desse fagområda.

Midlane til internasjonale tiltak på miljøgifter vart i 2020 utbetalte til dei internasjonale konvensjonane på kjemikaliar.

- Det er òg gjeve støtte til det globale arbeidet mot marin forsøpling, mellom anna eit tilskot til GRID-Arendal.

Klima

Klimaområdet er delt inn i to underområde, nasjonalt og internasjonalt.

Nasjonalt

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på det nasjonale klimaområdet.

Mål

Posten skal

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller dei internasjonale pliktene sine innanfor klima og nasjonale mål innanfor dette resultatområdet
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområdet klima.

I 2022 blir det foreslått innanfor det nasjonale klimaområdet å gje tilskot til

- Reisestøtte i samband med internasjonale klima- og miljømøte (0,35 mill. kroner)
- FNs klimapanel (IPCC) 6. hovudsyklus (7,5 mill. kroner)
- Nasjonalt senter for berekraftig omstilling (NABO) (0,5 mill. kroner)
- ForUM for Utvikling og Miljø (0,55 mill. kroner)
- Tilskot til NHO – Grønt Landtransportprogram (2,0 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskappar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2020

Det vart gjeve tilskot til Nasjonalt senter for berekraftig omstilling (NABO) på 0,5 mill. kroner. Midlane har mellom anna blitt brukte til å støtte etableringa av nye nabolagsnettverk som arbeider med lokale berekraftsløysingar.

ForUMs verksemd i 2020 var i tråd med handlingsplanen deira. ForUM lagar samstemte og

koordinerte innspel frå norsk sivilsamfunn til regjeringa og Stortinget og er bindeledd mellom sivilsamfunn og norske styresmakter under fleire internasjonale prosessar. I 2020 arbeidde dei mellom anna på nasjonale og internasjonale prosessar knytte til naturmangfald og klima og på FNs miljøforsamling. I 2020 gav Klima- og miljødepartementet 0,45 mill. kroner i driftsstøtte til ForUM.

Det vart gjeve tilskot til etablering av Grønt Landtransportprogram i 2020 på 1 mill. kroner. 0,5 mill. kroner vart overført til 2021. Midlane har gått til etablering og oppstart av programmet, irekna rekruttering og konsulenttenester.

Det vart ikkje gjeve reisestønad til ulike norske ideelle organisasjonar for deltaking i møte mellom anna i dei internasjonale klimaforhandlingane, da dei vart utsette til 2021. Noreg har støtta arbeidet med rapportar i tilknytning til FNs klimapanel 6. hovudrapport, i form av tilskot til institusjonar som har medlemmer i forfattarteam til dei ulike arbeidsgruppene, og byrået til FNs klimapanel.

Det vart i 2020 gjeve tilskot til Standard Norge, Sintef og RISE Fire Research på totalt 0,2 mill. kroner i samband med CENs standardiseringsarbeid. Midlane har blitt brukte til påverknadsarbeid under CEN/TC 295 for å ta hand om norske interesser med tanke på utslepp frå vedomnar.

Internasjonalt

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på det internasjonale klimaområdet.

Mål

Posten skal styrkje arbeidet og internasjonale prosessar på klimaområdet som er viktige for Noreg, og få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor klimaområdet der styrkt internasjonalt samarbeid er heilt nødvendig for å møte klimautfordringa og oppnå det langsiktige temperaturmålet.

I 2022 blir det foreslått innanfor det internasjonale klimaområdet å gje tilskot til

- Climate and Clean Air Coalition, (CCAC) (6,0 mill. kroner), Noregs bidrag til Koalisjonen for klima og rein luft sitt Trust Fund under UNEP for arbeidet med å redusere utslepp med klimaeffekt på kort sikt og negative helseeffektar

- internasjonalt klimaarbeid som støttar opp under utvikling av forpliktande internasjonalt samarbeid under Parisavtalen (7,4 mill. kroner) (støtte til konferansar, møte, seminar, tilskot til internasjonale organisasjonar osv.)

Vidare skal midlane nyttast til

- Klimasekretariatets arbeid med å støtte gjennomføring av Parisavtalen og Klimakonvensjonen (10,0 mill. kroner)
- FNs klimapanel (IPCC) (3,0 mill. kroner)
- Globalt arbeid, irekna bilateralt samarbeid – Sekondering Verdensbanken (3,0 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2020

Klima- og miljødepartementet gav i 2020 støtte på 6 mill. kroner til Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC) sitt arbeid med å redusere utslepp med

klimaeffekt på kort sikt, hovudsakleg metan, hydrofluorkarbon og svart karbon. Innsatsen er retta mot kunnskapsutvikling og tiltak i sektorar som mellom anna avfall, olje og gass, tungtrafikk og landbruk.

Det vart gjeve støtte til internasjonale prosessar for å styrkje internasjonalt klimasamarbeid. Klima- og miljødepartementet har mellom anna prioritert prosessar som støttar opp om gjennomføring og regelverksutvikling under Parisavtalen, og har gjeve støtte til eit partnerskap for å fremje nasjonale mål under Parisavtalen, klimaarbeid under OECD, arbeid for å fremje marknadssamarbeid under Parisavtalen, utvikling av virtuell kapasitetsbygging, og den uformelle forhandlingsdialogen under C2ES. Tilskot har også blitt gjeve til aktivitetar som støttar arbeid i den sjettede hovudsyklusen til FNs klimapanel, mellom anna til førebunde arbeid til utvikling av metodikk for kortliva klimadrivarar og delfinansiering av ei teknisk støtteining i Sør-Afrika. Det vart òg gjeve støtte/tilskot til ymse møte i samband med internasjonalt klimaarbeid der Klima- og miljødepartementet har ei sentral rolle.

Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Ymse inntekter	650	470	482
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	31 470	34 046	29 585
	Sum kap. 4400	32 120	34 516	30 067

Post 02 Ymse inntekter

Det er budsjettert med om lag 0,5 mill. kroner frå diverse inntekter. Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter. Prosjektmidlar frå Nordisk ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gjev grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 29,6 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN), Konvensjon om internasjonale handel med trua artar, FNs klimasekretariat, FNs rammekonvensjon om klimaendringar, Montrealprotokollen og FNs miljøprogram, som alle er utgiftsførte over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar. Reduksjonen i løyvinga kjem av endra valutakursar.

Kap. 1410 Kunnskap om klima og miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Miljødata	271 730	276 890	414 306
22	Miljøkartlegging	122 143	130 180	
23	MAREANO, <i>kan overførast</i>	53 071	46 754	47 730
50	Grunnløyvingar under Noregs forskingsråd til miljøforskningsinstitutta	230 961	220 552	221 190
51	Forskningsprogram under Noregs forskingsråd	449 753	379 503	385 690
53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	7 083	7 267	7 419
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	38 507	39 723	40 756
72	Tilskot til NORCE – Senter for biotryggleik	5 145	5 310	5 448
	Sum kap. 1410	1 178 393	1 106 179	1 122 539

Kap. 1410 Kunnskap om klima og miljø omfattar midlar til å utvikle eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag på tvers av resultatområda. Dette omfattar mellom anna miljødata, basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta, forskningsprogram i Noregs forskingsråd og andre tilskot til miljøforskningsinstitutta. Kapittelet rettar seg mot alle resultatområda.

Klima- og miljøpolitikken skal vere kunnskapsbasert. I Klima- og miljødepartementets nye kunnskapsstrategi 2021–2024 er kunnskapsystemet for klima og miljø nøkkelordet. Systemet består av mange byggjesteinar og ulike aktørar. Strategien definerer mål, delmål og konkrete tiltak. Strategien peiker òg på viktige kunnskapsbehov framover og behovet for strategisk arbeid med kunnskapsproduksjon, samanstilling og formidling. Eit godt felles kunnskapsgrunnlag føreset eit godt samarbeid mellom dei ulike sektorane.

For å få kunnskap om korleis miljøtilstanden utviklar seg, treng vi tidsseriar med overvakingsdata samla over lang tid. Vi treng òg overvaking av klimaendringar, forureiningar og andre viktige faktorar som påverkar miljøet.

Forskning er nødvendig for å sikre best moglege metodar for innsamling av overvakingsdata. Kompetansen i forskingsmiljøa er òg sentral når overvakingresultat skal tolkast. Miljøforvaltninga skal sikre bruk av ny teknologi og kostnads-effektive løysingar i kartleggings- og overvakingsarbeidet. Der det er relevant og formålstenleg, skal anskaffingar vere «teknologinøytrale» og baserte på ytings- og funksjonsspesifikasjonar.

Regjeringa sin *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028* (Meld. St. 4 (2018–2019)) inneheld tiårige mål og prioriteringar og tre opptappingsplanar for perioden 2019–2022. Det grøne skiftet har ein sentral plass i langtidsplanen. For nærmare omtale av forslaget frå regjeringa til oppfølging av langtidsplanen i 2022 og den samla FoU-innsatsen, sjå del III kap. 5 i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

Alle postane under kap. 1410 har fått priskompensasjon.

Post 21 Miljødata

Posten 21 og post 22 er frå 2022 foreslått slått saman til ny felles post 21 med namnet Miljødata, som dekkjer både miljøovervaking og kartlegging. Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda. Det er foreslått ei samla løyving på om lag 414,3 mill. kroner for 2022. Posten er samla sett foreslått auka med om lag 7,2 mill. kroner frå saldert budsjett 2021. Det er flytta 1 mill. kroner til posten frå kap. 1420 post 22 for å samle midlane til overvaking av økosystem i store innsjøar på éin post. Til styrkt overvaking av rovvilt er det flytta 3 mill. kroner frå kap. 1420 post 71 og 2 mill. kroner frå kap. 1420 post 73. Innanfor området marin forsøpling er det flytta 6 mill. kroner frå kap. 1420 post 71 til overvaking av mikroplast.

Posten dekkjer utgifter til å hente inn miljødata og skaffe kunnskap ved å utføre kartlegging og overvaking av tilstand, påverknader og effektar av desse på miljøet. Posten inneheld òg midlar til

infrastruktur for miljødata, inkludert etablering og drift av ulike databasar. Oversikt over status og utvikling for indikatorar for dei nasjonale klima- og miljømåla går fram av Miljøstatus.no.

Miljøovervaking gjev grunnlag for å setje mål for miljøpolitikken og vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde, og kva slags miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtar å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden. Noreg deltek òg i ei rekkje internasjonale overvåkingsprogram. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtar og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. Overvåkingsprogramma må difor gå over fleire år for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for tiltak og politikkutvikling for å nå nasjonale mål.

Naturovervakinga omfattar overvaking av status og utvikling for artar og naturtypar. Døme på dette er sjøfuglprogrammet SEAPOP (inkludert SEATRACK), arealrepresentativ naturovervaking (ANO), bestandsovervaking av rovvilt og overvaking av verneområde og tareskog. Overvaking av påverknader og effektar omfattar mellom anna overvaking av forureiningar og farlege kjemikaliar og effektar av klimaendringar. Nokre midlar går òg til overvaking av kulturminne og kulturmiljø.

Ein stor del av midlane frå posten blir nytta til innhenting av ny kartfesta miljøinformasjon, i hovudsak gjennom kartlegging av naturtypar baserte på Natur i Norge-systemet (NiN) i område med stor aktivitet og stort utbyggingspress. Midlar frå posten går òg til innhenting av andre typar kartfesta miljøinformasjon, mellom anna artar, landskapstypar og landskapsøkologiske samanhengar (grøn infrastruktur), og ulike typar miljøvariablar. I tillegg dekkjer posten utgifter til å drifte digital infrastruktur for innsamling og formidling av denne kartfesta miljøinformasjonen, inkludert drift og nødvendig utvikling av portal for økologiske grunnkart.

Data frå miljøkartlegging er, som data frå miljøovervaking, ein viktig del av grunnlaget for Miljøstatus.no.

Rapport 2020

Midlane på posten vart i 2020 nytta til ei rekkje langsiktige overvåkingsprogram som dekkjer ulike miljøtema som naturmangfald, klima, forureining og miljøgifter i tillegg til kulturminne.

Overvakinga blir koordinert av direktorata, og resultatane blir rapporterte til departementet. Lange tidsseriar og data frå miljøovervakinga inngår i nasjonale miljøindikatorar og blir formidla på Miljøstatus.no og nettsidene til direktorata. Resultat frå overvakinga blir òg publiserte gjennom fagrapportar som blir gjevne ut av direktorata og dei institutta og forskingsmiljøa som gjennomfører overvakinga. Miljødirektoratet koordinerer overvaking som gjeld natur, klima og forureining. Dette omfattar overvaking av luft, terrestrisk miljø, ferskvatn og kystvatn. Hausten 2019 starta Miljødirektoratet arbeid med evaluering av miljøovervakinga til direktoratet. Denne gjennomgangen er no utført, og direktoratet er i sluttfasen med å anskaffe miljøovervakinga for fem nye år. Gjennomgangen viste at overvåkingsprogramma samla sett svarer godt på målsetjinga om å ha god oversikt over miljøtilstanden i norsk natur. Sjølv om Miljødirektoratets overvaking generelt sett er god, har gjennomgangen avdekt kunnskapshøl og nokon større manglar. Direktoratet meiner det ikkje er forsvarleg å setje i gang store kostnads-krevjande nye aktivitetar. Slike nye aktivitetar ville gått ut over eksisterande overvaking som ikkje kan avsluttast. Trass dette har Miljødirektoratet funne midlar til å styrkje overvåkingsporteføljen med ny klimaeffektovervaking og overvaking av mikroplast. Polarinstituttet koordinerer polarovervaking, og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik koordinerer overvaking knytt til radioaktivitet. Riksantikvaren koordinerer overvakinga av kulturminne og kulturmiljø.

Relevante overvåkingsdata frå naturovervaking blir nytta som grunnlag for Naturindeks for Noreg, som er ein hovudindikator for det nasjonale målet om at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Overvåkingsdataa blir oppdaterte kvart år, medan ei samla oppdatering av heile naturindeksen skjer kvart femte år. Overvåkingsdataa frå naturovervakinga er òg grunnlag for indikatorsystemet knytt til fagsystem for fastsetjing av økologisk tilstand.

Post 22 Miljøkartlegging

Posten er frå 2022 foreslått slått saman med post 21 til ny felles post med namnet Miljødata.

Rapport 2020

Ein stor del av midlane vart nytta til kartlegging av naturtypar på land som er raudlista eller har sentrale oppgåver i eit økosystem, og til kartlegging av artane i desse naturtypene. Feltbiologar

kartla på oppdrag frå Miljødirektoratet eit samla areal som er meir enn fem gonger større enn Oslo kommune i 2020. Område frå nord til sør som er utsette for utbyggingspress, vart prioriterte. Statsforvaltaren medverka i å velje ut område. Midlar frå posten har òg gått til å vidareutvikle tekniske verktøy knytte til kartlegginga av naturtypar.

Ekspertgrupper har jobba med å utvikle kartleggingsinstruksar for kartlegging av naturtypar både i marine område og ferskvassområde etter Natur i Norge-metoden.

I 2020 vart det brukt midlar frå posten til Artsdatabankens arbeid med å utvikle ein portal for økologiske grunnkart, som vart lansert i slutten av 2020. Direktorsgruppa for økologisk grunnkart bidrog med å peike ut kva kart som bør inngå i portalen. Eit sentralt kart i portalen er kartet som viser resultatane frå kartlegginga av naturtypar.

Det vart òg nytta midlar til å kartleggje natur ved hjelp av fjernmålings- og modelleringsteknikkar. Resultat frå slik kartlegging vil etter kvart inngå i portal for økologisk grunnkart. Nokre midlar vart nytta til vedlikehald og vidareutvikling av Natur i Norge.

Post 23 MAREANO, kan overførast

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Det er foreslått ei løyving på posten på 47,7 mill. kroner for 2022. Posten er auka med om lag 1 mill. kroner.

Posten dekkjer Klima- og miljødepartementets del av utgiftene til MAREANO-programmet. MAREANO-programmet kartlegg havbotnen i norske havområde gjennom systematisk innsamling av data om djupn og om geologi, landskap, naturmangfald og forureining på havbotnen. Formålet med kartlegginga er å medverke til ei kunnskapsbasert forvaltning av dei havbaserte næringane og dei marine økosystema. MAREANO-programmet set ein ny standard for kunnskap om havbotnen og har vekt internasjonal merksemd. Det er opna for at MAREANO-programmet frå 2021 også gjennomfører noko kartlegging inn mot kysten.

Rapport 2020

Frå starten og til og med 2020 har MAREANO-programmet djupnemålt totalt cirka 287 660 km² (det blir i tillegg nytta djupnedata frå andre aktørar). Djupnemålingane dannar grunnlaget for planlegging og kartlegging av geologisk, biologisk og kjemisk miljøtilstand på sjøbotnen, og

totalt 229 613 km² sjøbotn er kartlagd i felt med omsyn til geologi, biologi og kjemi. I 2020 prioriterte MAREANO-programmet å samle inn djupnedata frå Spitsbergenbanken i Barentshavet, og til saman 3 708 km² vart djupnekartlagde. Kartlegging og innsamling av geologiske, biologiske og kjemiske data vart gjorde på midtnorsk sokkel, i områda Frøyabanken, Sula, Haltenbanken, Sklinnattransektet, Trænabanken og Trænadjupet. Kartleggingsarealet for geologi, biologi og kjemi i 2020 var totalt 11 333 km².

MAREANO har mellom anna produsert nye djupne- og terrengkart, geologiske og biologiske kart som inkluderer botntypar, landskap, naturtype- og biotopkart, sårbare biotopar, marint søppel, trålspor, produktivitets- og artsdata. Rapporteringa av resultat skjer gjennom www.mareano.no og Noreg digitalt (www.geonorge.no). Terreng- og kornstorleikskart er gjorde tilgjengelege for bruk om bord på fiskefartøy. Fleire metodeprosjekt vart òg ferdigstilte i 2020, mellom anna knytt til karbon i marine sediment.

Post 50 Grunnløyvingar under Noregs forskingsråd til miljøforskningsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Det er foreslått ei løyving på posten på om lag 221,2 mill. kroner for 2022.

Posten er samla sett auka med om lag 0,6 mill. kroner. Posten dekkjer grunnløyvinga til fordelingsarena for miljøinstitutta. Det blir ikkje lenger øyremerkte midlar til fisk- og viltforskning frå Statens fiskefond og Viltfondet som del av grunnfinansieringa av miljøinstitutta, og løyvinga er difor redusert med 4 mill. kroner. Midlane vil i staden bli brukte til konkrete fiske- og vilttiltak, under dette auka kunnskap om fisk og vilt, jf. omtale under kap. 1425 i denne proposisjonen og kap. 1140 i Landbruks- og matdepartementets budsjettproposisjon for 2022.

Kunnskapsdepartementet har justert det statlege grunnfinansieringssystemet for institutt som mottek grunnfinansiering frå Forskningsrådet. Delar av grunnløyvinga skal framleis vere resultatbasert og tildelast ut ifrå skåren institutta får på indikatorar for kvalitet og relevans, men indikatorane og utrekningsmåten er noko endra.

Frå og med 2018 vart 10 pst. av grunnløyvinga omfordelt etter oppnådde resultat på resultatindikatorar som vitenskapleg publisering, samarbeid med universitet og høyskular, internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter.

Mål

Fordelingsarenaen for miljøinstitutta inkluderer Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO), Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center), Transportøkonomisk institutt (TØI) og NORCE (Miljø og klima). Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøforvaltninga, og dei skal innanfor områda sine tilfredsstillende behovet samfunnet har for å løyse problem på kort og lang sikt.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane frå Noregs forskingsråd, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Som oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med Forskingsrådet og det enkelte instituttet for drøftingar av kunnskapsbehovet i miljøforvaltninga.

Rapport 2020

Midlane på posten vart nytta til å dekkje grunnløyvinga til fordelingsarena for miljøinstitutta.

Post 51 Forskingsprogram under Noregs forskingsråd

Midlane under posten er retta mot forskingsprogram innanfor alle resultatområda. Midlane under posten blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd.

Mål for miljøforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøarbeid med stor vekt på relevans og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøforskninga skal gje eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgåver, for avgjerder i politikkkutforming og som grunnlag for internasjonalt miljør samarbeid.

Hovudvekta er lagd på forskning om klimaendringar og klimaomstilling, inkludert forskning på biologiske og samfunnsvisse effektar av klimaendringar. Forskingsinnsatsen inkluderer også forskning for omstilling til eit lågutsleppsamfunn, med særleg vekt på å utvikle løysingar i ikkje-kvotepliktige utsleppssektorar, og forskning og innovasjon for grøn omstilling.

Det er foreslått ei løyving på posten på om lag 385,7 mill. kroner for 2022. Posten er samla sett auka med om lag 6,2 mill. kroner. Regjeringa foreslår å bevilge 40 mill. kroner til ei eiga forskings- og utveklingsinnsats på nullutsleppsløysingar for store skip som opererer over lengre strekningar («Maritime zero 2050»). Det blir foreslått å rammeoverføre 10,6 mill. kroner til kap. 288 post 73 under Kunnskapsdepartementet for deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa.

Regjeringa foreslår å omprioritere 22 mill. kroner frå avsetningane i Forskingsrådet til forskning på sirkulær økonomi. Sjå ytterlegare omtale under kap. 285 i Kunnskapsdepartementets Prop. 1 S (2021–2022).

Mål for Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Regjeringa har fastsett fem mål for Forskingsrådet. Måla er

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskningssystem
- god rådgjeving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit styringsystem for departementa si styring av Forskingsrådet. Samla resultat av verksemda til Noregs forskingsråd i 2020 er omtalt i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

Oppfølging og kontroll

Departementet har styringsmøte med Noregs forskingsråd kvart halvår.

Rapport 2020

I 2020 vart løyvinga nytta til finansiering av aktivitetane Miljøforsk, Marinforsk, Klimaforsk, Energiforsk, Bionær, Bedre helse, Polarforskningsprogram, Romforsk og Transport. Forskingsrådets departementsvise årsrapport for Klima- og miljødepartementet gjev meir detaljert rapportering om bruken av midlane.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Det er foreslått ei løyving på om lag 7,4 mill. kroner på posten for 2022. Posten er auka med om lag 0,2 mill. kroner.

Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA). IIASA er eit internasjonalt forskingsinstitutt som mellom anna medverkar med analysar til arbeidet med internasjonale miljøavtalar. Instituttet medverkar til internasjonale forhandlingar om klima og luftforureiningar med kompetanse innanfor scenarioutvikling, integrert vurdering av langsiktig policy for utsleppsreduksjonar på tvers av land og utvikling av strategiar for å redusere effektane av klimaendringar. Bidrag frå instituttet er eit nødvendig grunnlag for dei internasjonale forhandlingane om reduksjon av sur nedbør og andre konsekvensar av luftforureiningar. Instituttet spelar òg ei sentral rolle som rådgjevar i EUs arbeid med klima og luftforureiningar.

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd, som tek hand om den norske medlemskapen.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskinsinstitutta

Det er foreslått ei løyving på posten på 40,8 mill. kroner for 2022.

Posten er samla sett auka med om lag 1 mill. kroner.

Mål

Målet er å syte for at Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (Cicero) og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har ressursar til fagleg rådgjeving til miljøforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjonale og internasjonale organ ved behov, til informasjons- og databasetenester overfor forvaltninga,

inkludert vedlikehald av relevante nasjonale databasar, og driftstilskot til ulike forskingsstasjonar.

Det ligg òg inne 5,2 mill. kroner i driftsstøtte til Forskingssenter for miljø og samfunn (CIENS) som har ansvaret for å drifte Miljøprøvebanken.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at institutta drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med relevante etatar og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2020

I 2020 vart løyvinga mellom anna nytta til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjonale og internasjonale organ, databasetenester, til å halde oppe algesamling som nasjonal referansesamling, til nasjonal beredskap for konservering av kulturhistorisk viktige gjenstandar, til driftsstøtte for målestasjonane på Zeppelinfjellet og Trollhaugen i polarområda, til referanselaboratorium for målingar av luftforureining og atmosfærisk korrosjon og til vidareutvikling og drift av Miljøprøvebanken.

Post 72 Tilskot til NORCE – Senter for biotryggleik

Det er foreslått ei løyving på posten på 5,4 mill. kroner for 2022. Posten er auka med om lag 0,1 mill. kroner.

Mål

Fagmiljøet ved GenØk – Senter for biotryggleik vart hausten 2021 oppretta som eit kunnskaps- og kompetansesenter i NORCE. Løyvinga skal støtte utviklinga av fagmiljøet ved tidlegare GenØk – Senter for biotryggleik som eit kompetansesenter på genteknologi i NORCE. Fagmiljøet skal drive forskning, informasjon og rådgjeving om helse- og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering for å sikre trygg bruk av genteknologi. Fagmiljøet skal drive forskning som bidreg til kunnskap om miljø, helse og samfunn og ha eit tverrfagleg og heilskapleg perspektiv innan genteknologifeltet. Fagmiljøet skal framleis vere lokalisert i Tromsø.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at dei beste organisatoriske vilkår blir lagde til grunn, slik at fagmiljøet kan utvikle ny og verdifull kunnskap på tvers av fagområde, og slik at fagmiljøet kan vidareutviklast som eit uavhengig kompetansesenter på biotryggleik innan genteknologi. Det er ein føresetnad at styringsdialogen med Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet held fram, og at representantar frå fagmiljøet ved Senter for biotryggleik deltek. Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med fagmiljøet for å drøfte faglege prioriteringar.

Rapport 2020

I 2020 vart løyvinga nytta i GenØk – Senter for biotryggleik til fagleg rådgjeving til miljøforvaltninga, mellom anna i form av innspel til Miljødirektoratet i samband med GMO-høyringar, til rådgjeving om antibiotikaresistente genar/bakteriar, til arbeidet med operasjonalisering av etikk-kriteriet i genteknologilova og til forskingsprosjekt for å utvikle vidare kunnskapsgrunnlaget for vurdering av helse- og miljøkonsekvensar av genmodifiserte organismar. Dette er prosjekt innan mikro- og molekylærbiologi, immunepidemiologi og økologi, virologi, økotoksikologi og økosystem og samfunnsvitskaplege aspekt ved moderne bio- og nanoteknologi.

Kap. 1411 Artsdatabanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	31 569	32 715	32 658
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	13 554	10 242	10 656
70	Tilskot til artar og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	25 774	26 666	27 159
	Sum kap. 1411	70 897	69 623	70 473

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank om naturmangfald i Noreg. Artsdatabankens viktigaste oppgave er å gjere oppdatert kunnskap om naturtypar, artar og populasjonar lett tilgjengeleg for samfunnet. Mellom anna lagar Artsdatabanken raudliste for artar og raudliste for naturtypar, dei gjer risikovurderingar for framande artar i Noreg, utviklar type- og beskrivingsystem for natur (Natur i Norge) og har viktige oppgaver i arbeidet med å drifte og vidareutvikle det økologiske grunnkartet.

Artsdatabanken er ein fagleg uavhengig og bruttobudsjettert etat med eige styre. Det faglege sjølvstendet og ansvar og oppgaver styret har, er nedfelte i Artsdatabankens mandat.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområdet naturmangfald.

Det er foreslått ei løyving på posten på om lag 32,7 mill. kroner for 2022. Posten er totalt sett redusert med om lag 0,1 mill. kroner.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene for Artsdatabanken. Resten av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, mellom anna drift og utvikling av IT-anlegget, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling.

Rapport 2020

Om lag tre firedelar av løyvinga vart nytta til lønn.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Midlane under posten er retta mot resultatområdet naturmangfald. Det er foreslått ei løyving på posten på om lag 10,7 mill. kroner for 2022. Posten er auka med om lag 0,4 mill. kroner

Posten dekkjer utgifter til mellom anna Artsdatabankens kjøp av tenester til risikovurderingar av framande artar, Artsprosjektet, Artsobservasjonar, kommunikasjon og Artsorakelet.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 4411 post 02.

Rapport 2020

I 2020 vart løyvinga nytta til kjøp av tenester til arbeidet med ny raudliste for artar og metodeutvikling for dørstokkartar, til systemutvikling av Artsobservasjonar og til kommunikasjon. Midlar har òg vore nytta til arbeidet med DNA-strekkoding i Nor-BOL-nettverket, noko som har løfta kunnskapsgrunnlaget om norske artar vesentleg, og vidare til Forskarskulen i biosystematikk (ForBio), som har styrkt og vidareutvikla kompetansen og kapasiteten i dei taksonomiske fagmiljøa i Noreg.

Post 70 Tilskot til artar og naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane under posten er retta mot resultatområdet naturmangfald.

Det er foreslått ei løyving på posten på om lag 27,2 mill. kroner for 2022. Posten er auka med om lag 0,5 mill. kroner.

Posten dekkjer tilskot til kunnskapsoppbygging om artar og naturtypar i Noreg.

Mål

Tilskotsordninga skal styrkje kunnskapen om mangfaldet av artar i Noreg til beste for allmenta, forvaltning og forskning slik at vi i framtida er betre rusta til å forvalte naturmangfaldet.

Kriterium for måloppnåing

Det skal leggjast særleg vekt på kartlegging og dokumentasjon av dårleg kjende artar og artsgrup-

per i Artsprosjektet. Tilskotsordninga kan òg nyttast til å byggje kunnskap om naturvariasjon basert på Natur i Norge (NiN), styrkje kompetansebygging innanfor naturmangfald og styrkje formidling av artar og naturtypar i Noreg. Tilskot kan vidare nyttast til å fremje brukarstøtte og kvalitetssikring av artsfunn i Artsobservasjonar og til å medverke til at data om artar og naturtypar blir tekne i bruk.

Tildelingskriterium

Midlane til Artsprosjektet er særleg retta mot vitenskaplege institusjonar. For andre formål kan institusjonar, stiftelsar, føretak og frivillige organisasjonar også få tilskot.

Oppfølging og kontroll

Alle tilskotsmottakarar leverer rapportar som syner den kunnskapsproduksjonen som tilskotet har finansiert, og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt. Det blir stilt krav om open datadeling og bruk av opne lisensar for datadeling og gjenbruk.

Rapport 2020

Størstedelen av midlane vart nytta som tilskot til kartlegging og dokumentasjon av dårleg kjende artar og artsgrupper i Artsprosjektet. Også i 2020 har Artsprosjektet komme med mykje ny kunnskap om dårleg kjende artar. Frå 2009 til 2020 er det funne over 3 500 nye artar for Noreg.

Artsobservasjonar er framleis ein stor suksess, mellom anna som plattform for folkeforskning. Databasen har no passert 25 mill. observasjonar og er den største enkelt databasen for artar i Noreg. Artsdatabanken har i 2020 lagt stor vekt på arbeidet med kvalitetssikring av artsfunna og nytta midlar frå posten til dette.

Kap. 4411 Artsdatabanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Ymse inntekter	526	420	429
	Sum kap. 4411	526	420	429

Post 02 Ymse inntekter

På posten er det ført ymse inntekter, primært inn-

tekter frå eksterne oppdragsgjevarar. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte under kap. 1411 post 21.

Kap. 1412 Meteorologiformål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Meteorologisk institutt	342 154	379 917	360 612
70	Internasjonale samarbeidsprosjekt	145 179	142 857	129 100
	Sum kap. 1412	487 333	522 774	489 712

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt (MET) står for den offentlige meteorologiske tenesta for sivile og militære formål i Noreg. Arbeidet til Meteorologisk institutt med å overvake og varsle vêr er ein kritisk samfunnsfunksjon. Instituttet har ei viktig rolle i arbeidet med tryggleik og beredskap og deltek jamleg i øvingar med Forsvaret og andre etatar der vêr og klima spelar ei rolle.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingsentralane i Tromsø, Bergen og Oslo og Yr. MET sitt observasjonsnettverk dekkjer Noreg, havområda våre og Svalbard. Meteorologisk institutt er blant dei fremste kunnskapsmiljøa i Noreg på klimaendringar. Instituttet har ei viktig rolle i å førebu Noreg på eit endra klima, mellom anna gjennom leiinga av KlimaserVICESENTERET (KSS). Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen og sikrar i så måte norsk nærvær og støtte til søk og redning.

Forskningsverksemda til MET har som formål å utvikle samfunnsnyttige tenester. Forskinga blir raskt operasjonalisert, og tilbakemeldingar frå både interne og eksterne brukarar skal drive forskninga framover. Det er utbreidd nasjonalt og internasjonalt samarbeid på forskings- og utviklingsområdet.

Foreslått løyving på posten i 2022 er 360,6 mill. kroner.

I 2021 vart det løyvd 27,8 mill. kroner til utbygginga av ny vêrradar på Finnmarksvidda, i Kautokeino kommune. Dette var ei eingongsinvestering, og løyvinga er redusert med 25,8 mill. kroner. Midlar til vedlikehald og oppgradering blir liggjande.

Mål

Meteorologisk institutt overvaker og varslar vêret med høg kvalitet og regularitet og bereknar kli-

maet i notid og framtid for at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og befolkninga kan sikre liv og verdiar og verne miljøet.

Meteorologisk institutt driv forskning og utvikling på alle fagområda sine, så instituttet kan yte tenester i verdsklasse.

Rapport 2020

Samla sett er kvaliteten på varsla for temperatur, vind og nedbør stadig betre. For temperatur, vind og nedbør er varselkvaliteten på same høge nivået som i 2018 og 2019. Varslingsmodellane til MET er svært gode, og tilgangen til observasjonar, reknekraft og god kompetanse gjer det mogleg å gje svært lokale vêr- og havvarsel av gjennomgåande høg kvalitet.

Meteorologisk institutt hadde eitt resultatkrav som ikkje vart nådd i 2020: å fullføre automatisering av observasjonsinnhentingane på Jan Mayen og begynne på automatisering av observasjonar på Bjørnøya. Det har vore utfordringar med robotsonden som vart montert på Jan Mayen i 2019. Inntil MET er sikre på at robotsonden på Jan Mayen fungerer godt, har det ikkje vore aktuelt å byrje arbeidet med å setje opp ein robotsonde på Bjørnøya.

Prioriterte område for MET i 2020 var mellom anna prosjektet med å oppdatere rapporten *Klima i Norge 2100* basert på den nye generasjonen globale klimamodellar og ei fireårig satsing på jordsystemmodellering. Prosjektet om jordsystemmodellering skal sørge for betre kopling mellom vatn i atmosfære og vatn på bakken (hydrologi). Forbetra kopling vil kunne bidra vesentleg til kvaliteten av vêrvarsling.

Prosessen med å få ISO-sertifisering av informasjonstryggleik etter standarden ISO 27001 hadde høg prioritet i 2020, og MET lykkast i å oppnå sertifisering tidleg i 2021.

Samarbeidet mellom dei meteorologiske institutta i Noreg, Sverige, Finland og Estland om ope-

Boks 8.1 Farevarslinga

Dei siste åra har MET og NVE samarbeidd om å fornye farevarslinga. I 2020 har varselet mellom anna blitt etablert som «styrtregn» mot tidlegare kraftige regnbyer. Det har fått eige ikon og blir presentert på Yr, halo.met.no, varsom.no og på NRK av TV-meteorologane.

Den kraftigaste hendinga med styrtregn i 2020 var i Vestfold 21. august. Det vart observert 64,4 millimeter nedbør i løpet av ein time på Gjekstad i Sandefjord kommune, og på 15 minuttar kom det 33,4 millimeter nedbør på Nøtterøy-Vestskogen. Begge er noregsrekord. Det var òg fleire tilfelle av ekstremt høg og svært høg vasstand i 2020, mellom anna ekstremvêra Didrik og Elsa.

rasjonell numerisk vêrvarsling (MetCoOp) fungerer svært godt. Samarbeidet effektiviserer modellutviklinga og produksjonen av varsel, gjev betre beredskap og ein stordriftsfordel innanfor tungrekning.

Vêrtenesta Yr blir stadig betra, og bruken av tenesta er framleis høg og aukande. I juli 2020 vart det sett ny rekord med 11,3 mill. unike brukarar på Yr. I gjennomsnitt var det 8,8 mill. brukarar per veke i 2020, det same som i 2019. For 15. året på rad vart MET kåra til den statsetaten i Noreg som har best omdømme blant publikum, og Yr vart for tiande året på rad kåra til vêrtenesta flest nordmenn (63 pst., ein auke på 3 prosentpoeng frå 2019) har størst tiltru til i Ipsos si omnibusundersøking for 2020.

Post 70 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Løyvinga på posten går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i internasjonale meteorologiorganisasjonar.

Regjeringa foreslår ei løyving på 129,1 mill. kroner. Nedgangen kjem av at langtidsbudsjettet for enkelte program i EUMETSAT er redusert, og at valutakursen har endra seg.

Mål

Målet med løyvinga er å medverke til å dra nytte av utvikling og betring av meteorologiske tenester gjennom internasjonalt samarbeid.

Kriterium for måloppnåing

Kriteriet for måloppnåing er at Noreg innfrir forpliktingane sine ved å delta i definerte internasjonale meteorologiske organisasjonar og samarbeidsprosjekt i samsvar med inngåtte avtalar. I tillegg skal deltaking i organisasjonane og samarbeidsprosjekta bidra til utvikling og dra nytte av meteorologiske tenester.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Eventuelle overskot av kontingentinnbetalningar til EUMETSAT blir overførte til eit fond, Working Capital FUND (WCF). Fondet er heimla i EUMETSATs statuttar.
- Det europeiske senteret for mellomlange vêrvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET og ECOMET er dei største samarbeidsnettverka)
- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)

Noreg er medlem i EUMETSAT, ECMWF og WMO gjennom å ha slutta seg til internasjonale konvensjonar. Budsjettvedtak i dei styrande organa er dermed forpliktande for Noreg. Det prosentvise bidraget frå eit land til budsjettet er proporsjonalt med bruttonasjonalinntekta i landet. Når det gjeld dei andre internasjonale organisasjonane, er det Meteorologisk institutt som er medlem.

Storleiken på løyvinga på posten er òg avhengig av svingingar i valutakursane og aktivitetsnivået i dei ulike organisasjonane. Mesteparten av utgiftene er knytte til den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT).

Oppfølging og kontroll

Meteorologisk institutt peiker ut norske delegatar til dei styrande organa i organisasjonane, unna teke for WMO. For WMO nemner utanriksministeren opp norske delegatar til styrande organ etter forslag frå Permanent Representative of Norway with WMO. Budsjettdokument, rekneskapar, revisorstadfesting, årsrapportar og andre rapportar blir lagde fram og vedtekne i samband med verksemda til organisasjonen/samarbeids-

prosjektet. Dette inneber at Meteorologisk institutt utfører kontroll med at utført arbeid er i samsvar med formåla organisasjonen/samarbeidsprosjektet har vedteke.

Rapport 2020

Samla forbruk under kap. 1412 post 70 var på 145,2 mill. kroner i 2020, og dekte i 2020 medlemskontingenten i dei internasjonale organisasjonane som er lista opp under «Tildelingskriterium» over.

EUMETSAT er den største og viktigaste samarbeidsorganisasjonen, og i 2020 var bidraget frå Noreg på 121 mill. kroner. EUMETSAT driftar ei rekkje ulike satellittar for meteorologiske data. Særleg polarbanesatellittane er viktige for varslinga av vêret i Noreg. Eit nytt polarbanesatellittprogram (EPS-SG) vart starta i 2015. Første nye satellitten i dette programmet skal etter planen sendast opp i oktober 2023 og den andre satellitten eitt år seinare. Viktig er òg det geostasjonære satellittprogrammet METEOSAT, som no førebur tredje generasjons satellittar (MTG). Det har vore nokre forseinkingar i programmet, og første nye satellitten i dette programmet skal etter planen skytast opp i 1. kvartal 2023. Noreg er eitt av 23 medlemsland i det europeiske reknesenteret ECMWF. I tillegg har elleve land status som samarbeidsland og dermed tilgang til produkt frå ECMWF. ECMWF har dei beste globale tidøgnvarsla i verda og er leiande på utvikling av numeriske berekningsmodellar for vêrvarsling. ECMWF har òg ei sentral rolle i det europeiske Copernicus-samarbeidet. I 2020 var bidraget frå Noreg på 15 mill. kroner.

Datasenteret til ECMWF har flytta frå Reading i England til Bologna i Italia. I 2020 vart det avgjort at ECMWF skal etablere eit forskingssenter i Bonn i Tyskland, med full tilgang til relevante forskingsprogram i EU.

EUMETNET er eit nettverk mellom dei nasjonale meteorologiske institutta i Europa for å nytte ressursane mest mogleg effektivt. EUMETNET driv felles program innanfor det europeiske meteorologiske observasjonssystemet. For å nå måla sine er MET heilt avhengig av europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta. 2020 var bidraget frå Noreg på 2,2 mill. kroner. EUMETNET, saman med EUMETSAT og ECMWF, spelar ei viktig strategisk rolle som overbygning for den meteorologiske infrastrukturen i Europa og som kontaktpunkt overfor EU når det gjeld meteorologi.

ECOMET syter for at observasjonane og dei numeriske prognosane frå dei nasjonale meteorologiske institutta i Europa er tilgjengelege for private kommersielle aktørar, og for at den kommersielle aktiviteten i dei nasjonale meteorologiske institutta oppfyller konkurranselovgevinga.

FN-organisasjonen WMO syter for global utveksling av meteorologiske observasjonar i nær sanntid mellom dei 193 medlemslanda og -territoria. Vitskaplege nyvinningar innanfor varsling av vêr blir òg i stor grad gjorde tilgjengelege for alle dei meteorologiske institutta i verda gjennom WMO.

WMO har mellom anna satsingar for å bygge ut observasjonsnettverket og klimatenester i «least developed countries». Tilskotet frå Noreg til WMO i 2020 var på 6 mill. kroner.

Programkategori 12.20 Klima, naturmangfold og forureining

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld resultatområda Naturmangfold, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Programkategorien omfattar verksemda til Miljødirektoratet, Enova, Senter mot marin forøpling og noko av verksemda til Sjøfartsdirektoratet og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik.

Oppfølginga av dei tre nasjonale måla for naturmangfold skjer i hovudsak med utgangspunkt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold*. Regjeringa vil arbeide for å nå ambisjonane i Aichi-måla og følgje opp naturmangfoldmeldinga i tråd med Stortingets innstilling. Prioriterte tiltak i 2022 er å føre vidare satsinga på å betre kunnskapen om artar og økosystem, auke arealet av verna skog og marine verneområde og vidareutvikle ei økosystembasert forvaltning. Arbeidet med å setje mål for tilstanden i økosystema er høgt prioritert. I *Naturstrategi for våtmark* har regjeringa sette mål for tilstanden i dette økosystemet og prioriterer å følgje opp strategien for å nå målet. Vidare vil regjeringa i 2022 prioritere å følgje opp Heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden og tiltaksplanane mot framande artar og for pollinerande insekt. Arbeidet med å ta vare på trua natur og verdiane i verneområda vil halde fram. Vi er inne i FN sitt tiår for naturrestaurering og regjeringa følgjer i 2022 opp med ekstra midlar til restaurering av naturtypar ein ikkje før har restaurert, til dømes sanddyner og open kalkmark. Restaureringstiltak i myr og anna våtmark og i område som er prioriterte i vassforvaltningsplanane vil halde fram i 2022. Arbeidet med å etablere eit nytt globalt rammeverk for bevaring av naturmangfold er forseinka på grunn av covid-19-pandemien, men vil etter planen vedtakast våren 2022. Arbeidet er høgt prioritert. Andre viktige prioriteringar i 2022 er å ta vare på vill laksefisk, mellom anna gjennom tiltak mot pukcellaks og ein storstilt aksjon for å fjerne lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* frå Driva-vassdraget. Regjeringa vil føre vidare rovviltarbeidet, følgje opp kvalitetsnorma for villrein, rettleie kommunane i arbeidet med å

ta vare på naturmangfold og gjennomføre verneplanprosessar for å ta vare på verdifull natur.

Regjeringa er oppteken av å ta vare på Noregs sterke tradisjonar for friluftsliv med utgangspunkt i allemannsretten til ferdsel og opphald i utmark. Arbeidet med å følgje opp handlingsplanen for friluftsliv vil halde fram i 2022, i nært samarbeid med friluftslivsorganisasjonane og friluftsråda. Stortingsmeldinga og handlingsplanen utgjer saman grunnlaget for statens arbeid med friluftsliv. I tillegg er regjeringa sin handlingsplan for fysisk aktivitet eit viktig grunnlag i arbeidet med friluftsliv i nærmiljøet.

For å motverke og redusere forureining blir det grunnleggjande og langsiktige arbeidet med forvaltning av nasjonalt regelverk, internasjonale avtalar og løyvingar til tiltak vidareført. Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan for ein giftfri kvardag og legg vekt på å arbeide for å redusere spreiding av miljøgifter. Noreg har ei viktig rolle i det internasjonale samarbeidet om dette. Av særleg foreslåtte prioriterte tiltak i 2022 er opprydding av forureina sjøbotn i Store Lungegårdsrvann i Bergen. Arbeidet med å førebygge og rydde opp i plastforureining nasjonalt og internasjonalt har høg prioritet. Internasjonalt vil Noreg halde fram med leirolla si for å få på plass ein ny global avtale, og eit vedtak om å starte forhandlingar fram mot ein ny avtale frå FN's femte miljøforsamling i februar er høgt prioritert, samstundes som arbeidet med nasjonale tiltak held fram. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for ein sirkulær økonomi som vil medverke til betre utnytting av plast som ressurs, samstundes som det vil vere med på å redusere plastforureininga. Regjeringa arbeider også for sirkulær økonomi på andre område enn plast, slik at produkt varer lenger, kan brukast om att, reparerast og materiala vinnast att. Meir effektiv bruk av ressursar reduserer klimagassutslepp, bremsar tapet av naturmangfold og reduserer forureiningsbelastninga. Regjeringa la sommaren 2021 fram både strategien sin for ein grøn, sirkulær økonomi og ein heilskapleg plaststrategi.

Klima er ei av hovudprioriteringane til regjeringa. For å redusere utsleppa, auke CO₂-opptaket og omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn i tråd med klimalova forsterkar regjeringa stadig verke-

middelbruken. Av særleg prioriterte tiltak i 2022 er auke av CO₂-avgifta og satsinga på grøn skipsfart. Som del av satsinga på grøn skipsfart foreslår regjeringa å føre vidare ordninga for innfasing av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale samband med ei ramme for nye tilsegn på 40 mill. kroner i 2022. Regjeringa er oppteken av å styrkje det lokale og regionale klimaarbeidet og foreslår å føre vidare tilskotsord-

ninga Klimasats i 2022 med ei ramme for nye tilsegner på 200 mill. kroner.

Regjeringa har også spissa Enova som klimaverkemiddel i ny fireårig styringsavtale. Enova er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å fremje innovasjon og utvikling av nye klima- og energiløysingar og i oppfølginga av klimaplanen for 2021–2030.

Resultatområde

Tabell 8.2 Resultatområde under programkategori 12.20

Resultatområde	Nasjonale mål
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> – Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. – Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast. – Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> – Friluftslivet sin posisjon skal takast vare på og utviklast vidare gjennom varetaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stiumulering til auka friluftslivsaktivitet for alle. – Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.
Forureining	<ul style="list-style-type: none"> – Forureining skal ikkje skade helse og miljø. – Bruk og utslepp av kjemikaliar på prioritetslista skal stansast. – Eksponering av menneske og miljø for radioaktiv forureining skal haldast så låg som mogleg. – Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten. – Materialattvinning av avfall skal auke. – Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir desse nivåa sette på som trygg luft: <ul style="list-style-type: none"> – Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³ – Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³ – Årsmiddel NO₂: 30 µg/m³ – Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999. Talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå, skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005. Målet er under revisjon.
Klima	<ul style="list-style-type: none"> – Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. – Noreg har under Parisavtalen teke på seg ei forplikting til å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. innan 2030 samanlikna med 1990. – Noreg skal vere klimanøytralt frå og med 2030. – Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. – Medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog gjev eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og ei meir berekraftig utvikling – Det er eit politisk mål at samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for naturmangfald

Kunnskap om natur

I 2021 er dei første nasjonale vurderingane for tilstand i enkelte økosystem gjennomførte. Samstundes skal fagsystemet for vurdering av økologisk tilstand vidareutviklast. Dette arbeidet er basert på naturvitskaplege metodar for å fastsetje ei samla kunnskapsbasert vurdering av tilstand i norske hovudøkosystem og vil gje eit viktig kunnskapsgrunnlag til bruk for økosystembasert forvaltning av natur.

Artsdatabankens kartportal Økologiske grunnkart er open for brukarar, og innhaldet blir jamleg oppdatert. Dei økologiske grunnkarta gjev kunnskap om mellom anna kvar ulike typar natur finst, og annan relevant informasjon knytt til forekomst av natur. Dei økologiske grunnkarta er eit felles verktøy på tvers av sektorane som gjev kunnskap for meir heilskapleg arealforvaltning og dermed betre avgjerdsprosessar.

Artsdatabanken legg fram dei tre listene Norsk raudliste for artar, Norsk raudliste for naturtypar og Framandartslista kvart sjette år. I november 2021 blir ei ny Raudliste for artar lagd fram.

Heilskapleg forvaltning av økosystema på land

Det går fram av naturmangfaldmeldinga at regjeringa vil setje mål for økologisk tilstand i økosystema og innrette forvaltninga mot å nå måla. For våtmark er dette gjort i *Naturstrategi for våtmark* som vart lagd fram i juni 2021. Måla til regjeringa som kjem fram i strategien, er å «(1) bremse dagens nedbyggingstakt for våtmark og (2) forbedre den økologiske tilstanden i våtmark». I 2022 vil regjeringa følgje opp strategien, mellom anna ved å greie ut tiltaka og vurdere kva tiltak som skal bli innførte for å nå måla for våtmark.

Regjeringa vil i 2022 greie ut om ei ordning som sørgjer for arealnøytralitet, kan vere eit tenleg tiltak for særleg viktige våtmarkstypar, der den som byggjer ned eller ved annan bruk øydelegg areal med slike viktige våtmarkstypar, blir stilt overfor kostnaden for tiltak ved at tilsvarande våtmarksareal blir restaurert. Det kan hindre at arealet med verdifull våtmark blir stadig mindre.

Det er ikkje tilstrekkeleg datagrunnlag til å kunne setje eit tal på kor mykje av våtmarksareala som er forringa eller som bør bli restaurerte, jf. Aichi-mål 15. Forbetring av kunnskapsgrunnlaget er eit sentralt tiltak i naturstrategien, og regjeringa vil følgje dette opp i 2022. Regjeringa vil elles halde fram med å restaurere fleire typar

natur kommande år etter faglege prioriteringar av Miljødirektoratet.

Naturstrategien for våtmark vil bli evaluert etter seks år og revidert etter tolv år. Behovet for eventuelle nye mål og verkemiddel vil da bli vurdert. Regjeringa vil i 2022 også halde fram med arbeidet med å følgje opp naturmangfaldmeldinga knytt til å setje mål for tilstanden i dei andre økosystema på land og å rette tiltak og verkemiddelbruk inn mot å nå måla.

I naturmangfaldmeldinga står det òg at regjeringa vil klargjere kva som er tilstanden i økosystema. I 2021 blei tilstandsvurdering basert på fagsystemet for økologisk tilstand presentert for økosystema skog, arktisk tundra, Barentshavet og Nordsjøen, medan vurderinga for fjell vil bli presentert ved årsskiftet. I 2022 vil tilstand bli vurdert for Norskehavet. I tillegg vil arbeid med å styrke faggrunnlaget for alle økosystem fortsette i 2022.

Heilskapleg vassforvaltning

Regjeringa vil fortsetje med arbeidet med å styrkje den heilskaplege vassforvaltninga etter vassforskrifta. Vassforskrifta gjennomfører EUs vassdirektiv i norsk rett. Med vassforskrifta har vi eit system for å forvalte vassmiljø heilskapleg på tvers av sektorar med felles definisjon av ønskt tilstand og berekraftig bruk. Vassforvaltningsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram er viktige verktøy for å nå måla om godt vassmiljø i ferskvatn, kystvatn og grunnvatn i Noreg. Det er framleis store utfordringar med å tette gapet mellom dagens tilstand og miljømåla i vassdirektivet, og det vil framleis bli gjennomført ei rekkje tiltak for å nå måla, mellom anna revisjonar av vassdragskonsesjonar, ei betydeleg oppgradering av avløpsanlegg og revisjon av gjødselregelverket.

Vassforvaltningsplanane blir no reviderte. Departementet vil i 2022 godkjenne oppdaterte planar for planperioden 2022–2027. Å nå målet om godt vassmiljø i heile landet krev at alle ansvarlege sektorstyresmakter gjennomfører tiltak for å nå måla i oppdaterte planar. Ein føresetnad for gode resultat av tiltaka er god kunnskap om vassførekomstane. Overvakinga av vassførekomstane i Noreg vil halde fram i 2022.

Heilskapleg forvaltning av havområda

Noverande og framtidig havbasert verdiskaping er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i Noregs kyst- og havområde. Gjennom forvaltningsplanane for havområda er det fastsett heilskaplege rammer og tiltak for

berekraftig bruk og bevaring av økosystema. Formålet med forvaltningsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursane og økosystemtenestene i havområda og samstundes halde oppe strukturen, verkemåten, produktiviteten og naturmangfaldet til økosystema. Dei gjeldande forvaltningsplanane for Barentshavet–Lofoten, Norskehavet og Nordsjøen–Skagerrak går fram av Meld. St. 20 (2019–2020).

Arbeidet med det faglege grunnlaget for forvaltningsplanane er organisert gjennom dei rådgivande gruppene Overvakingsgruppa og Fagleg forum for dei norske havområda, leia av høvesvis Havforskningsinstituttet og Miljødirektoratet. Mandata for Overvakingsgruppa og Fagleg forum blei oppdaterte i 2021 for å sikre større faglegheit og meir effektiv ressursbruk. Det faglege grunnlaget for forvaltningsplanane vil bli oppdatert og vidareutvikla fram mot neste melding til Stortinget i 2024. Havpanelets forskning og konklusjonar så vel som rapportane frå Naturpanelet og FNs klimapanel er viktige i dette arbeidet.

Miljøtilstanden i dei produktive og ressursrike norske havområda er i mange samanhengar god, men blir i aukande grad påverka av klimaendringar. Denne påverknaden er tydeleg når vi ser på tilstanden i økosystema i Nordsjøen og i Barentshavet. Den vidare utviklinga av havforvaltninga i Noreg må byggje på ei forståing av korleis klimaendringar og andre storskala endringar påverkar og vil forandre Noregs havområde og måten vi bruker dei på.

Regjeringa vil styrkje kunnskapsgrunnlaget om marine økosystem og korleis dei blir endra som følgje av auka menneskeleg aktivitet, klimaendringar og forureining. Regjeringa vil også styrkje kunnskapsgrunnlaget om kva rolle havøkosystema har for den globale klimautviklinga. Det er kunnskapsbehov mellom anna knytt til korleis klimaendringar og havforsuring påverkar økosystema, nedgangen i sjøfuglbestandar og sukkertareskog, om samanhengar i dei marine økosystema og om tilførselar og spreiding av miljøgifter. Det trengst auka kunnskap om naturtypar på havbotnen som har viktige funksjonar som leveområde. Det er òg behov for kunnskap om kor sårbare dei marine botnøkosystema er for påverknader, og kva toleevne dei har for samla belastning. Dette er mellom anna basert på kunnskap som blir opparbeidd gjennom havbotnkartlegginga i MAREANO-programmet. MAREANO har gjeve monaleg ny kunnskap om marin natur. Kartleggings- og overvakingsprogrammet for sjøfugl, SEAPOP med arealmodulen SEATRACK, har

gjeve mykje ny kunnskap som er viktig for forvaltninga av sjøfugl. Begge programma vil bli førte vidare i 2022.

Det er òg behov for vidare forskning knytt til forvaltningstiltak for å styrkje naturlege bestandar og auke potensialet for hausting. Døme på slike forvaltningstiltak er marine verneområde og bevaringsområde for hummar og kysttorsk.

Heilskapleg plan for Oslofjorden

Regjeringa ønskjer at Oslofjorden skal vere rein, rik og tilgjengeleg for alle. Det er eit problem i dag at miljøet i fjorden er trua. Regjeringa vil difor leggje til rette for at Oslofjorden skal få god miljøtilstand og vere attraktiv for friluftslivet slik at enda fleire får gode opplevingar frå fjorden. Med bakgrunn i oppmødingsvedtak (575 (2017–2018)) frå Stortinget la regjeringa i april 2021 fram ein heilskapleg plan for Oslofjorden, *Helhetlig tiltaksplan for en ren og rik Oslofjord med et aktivt friluftsliv*. Planen viser dei viktigaste prioriteringane regjeringa har for Oslofjorden framover, i første omgang fram mot 2026.

Felles innsats på tvers av sektorar ligg til grunn for planen. Til saman 63 tiltakspunkt skal oppfyllest av ulike ansvarlege styresmakter i åra framover, mellom anna tiltak mot forureining frå jordbruk og avløp, tiltak for å ta vare på trua og nær trua artar og tiltak for å betre tilgangen til strandsona. Det er etablert eit Oslofjordråd leidd av klima- og miljøministeren som skal følgje opp planen. Regjeringa vil i 2022 prioritere å følgje opp den heilskaplege tiltaksplanen.

Tiltak mot framande artar

Regjeringa vil i 2022 halde fram med å følgje opp *Tiltaksplan 2020–2025 om bekjempelse av fremmede skadelige organismer*. Planen skal bidra til å redusere negativ påverknad på naturmangfaldet. I 2022 vil regjeringa halde fram med eller ferdigstille fleire av dei 28 tiltaka i planen. Dette gjeld mellom anna tiltaka knytte til prioritering av kva for artar som skal nedkjempast ut ifrå ei kostnyttevurdering, utvikling av ei rettleiing for handtering av massar som kan innehalde framande skadelege organismar, og eit tettare samarbeid om tilsyn og grensekontroll mellom Miljødirektoratet og Mattilsynet.

Det vil vidare bli utarbeidd nye retningslinjer for behandling av søknader etter forskrift om fremmede organismer.

Bruken av utanlandske treslag til skogbruksformål er regulert i ei eiga forskrift. Regjeringa

har fått utgreidd utkast til nye reglar for å redusere bruken og spreinga av sitkagran og andre utanlandske treslag med høg eller svært høg økologisk risiko. Departementet tek sikte på at ei ny forskrift om dette er sett i verk i løpet av 2022.

Regulering av genmodifiserte organismar (GMO)

Genteknologiutvalet vart sett ned hausten 2020. Utvalet skal gjere ein brei fagleg gjennomgang av spørsmål knytte til framstilling og bruk av genmodifiserte organismar (GMO) og oppdatere kunnskapsgrunnlaget om genteknologi. Utvalet skal òg vurdere tilrådingane frå Bioteknologirådet om ei oppmjuking av genteknologilova og foreslå endringar i norsk lov og praksis der utvalet finn det nødvendig eller formålstenleg. Regjeringa vil i løpet av sommaren 2022 få levert tilrådingane frå utvalet.

Vidare har regjeringa gått inn for endringar i finansieringa av uavhengig og tverrfagleg forskning på genteknologiområdet. Midlane har tidlegare gått til GenØk – senter for biotryggleik, som driv forskning, informasjon og rådgeving om helse- og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering. Kompetansesenteret i GenØk vart hausten 2021 innlemma i forskingskonsernet NORCE. Regjeringa ser positivt på dette og meiner endringane gjev moglegheiter for vidareutvikling, synergjar og tverrfagleg samarbeid. Løyvinga i statsbudsjettet over kapittel 1410 post 72 blir vidareførte til kompetansemiljøet GenØk i den nye organisasjonen.

Tiltak for å ta vare på trua artar og naturtypar

Det er mange verkemiddel i bruk for å ta vare på og betre utviklinga for trua natur. Departementa har blitt einige om ein oppfølgingsplan for arbeidet med trua natur. I 2022 vil regjeringa halde fram med å følgje opp planen. Oppfølgingsplanen er utarbeidd med bruk av kriterium gjevne i naturmangfaldmeldinga og omhandlar 23 artar og 12 naturtypar. Planen beskriv korleis forvaltninga vil bruke verkemiddel som prioritert art, utvalde naturtypar, områdevern og ulike verkemiddel i sektorane. Planen inneheld også tiltak for å skjømte leveområde, restaurere øydelagd natur og fjerne framande artar. Ofte er det nødvendig å bruke ein kombinasjon av ulike verkemiddel. I 2022 vil det også bli arbeidd med å oppdatere avgjerdsgrunnlaga for 13 naturtypar som førebels ikkje inngår i oppfølgingsplanen. Departementet vil i 2022 i tillegg sjå nærmare på korleis ein best

kan ta vare på og betre utviklinga for trua natur som ikkje inngår i oppfølgingsplanen.

Rovviltforvaltning

Regjeringa gjennomfører ei forvaltning av rovviltet som er i samsvar med Bernkonvensjonen, naturmangfaldlova, rovviltforlika frå 2004 og 2011, Stortingets fleirtalsvedtak om ulv frå 2016 og andre føringar frå Stortinget. Regjeringa vil sikre rovviltbestandane, samstundes som tap av husdyr og tamrein til rovvilt skal haldast på eit lågast mogleg nivå. Tydeleg soneforvaltning og den todelte målsetjinga om å ha både rovvilt og beitedyr er sentrale prinsipp i rovviltpolitikken. Ei kunnskapsbasert forvaltning med høg beredskap er eit viktig element for å lykkast best mogleg. Klima- og miljødepartementet vil styrkje det nasjonale overvåkingsprogrammet for rovvilt ytterlegare i 2022.

Samspelet med dei lokale skadefellingslaga skal først vidare, og regjeringa vil følgje opp dei tre vedtaka frå Stortinget i mars 2021 som omhandla dette temaet.

Pollinerande insekt

Regjeringa vil halde fram med å følgje opp *Tiltaksplan for ville pollinerende insekter*, som vart fremja sommaren 2021. Tiltaksplanen er ei oppfølging av Nasjonal pollinatorstrategi. Planen skal bidra til å sikre levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt for å halde ved lag pollinering i matproduksjon og naturlege økosystem. Dei tre hovudinnsatsområda er auka kunnskap, gode leveområde og formidling. Tap og øydelegging av leveområde blir sett på som den største trusselen mot pollinerande insekt, og tiltak som reduserer denne trusselen har høgast prioritet. Klima- og miljødepartementet vil i 2022 styrkje arbeidet med å følgje opp tiltaksplanen.

Villrein

Regjeringa vil i 2022 følgje opp kvalitetsnorma for villrein. Klima- og miljødepartementet vil i samråd med andre aktuelle departement framover vurdere planar for korleis kvaliteten kan bli nådd for dei villreinområda som i 2021 vart klassifiserte til dårleg tilstand.

I 2020 vart skrantesjuka (CWD) oppdaga hos villreinstamma på Hardangervidda. Etter råd frå Mattilsynet og Miljødirektoratet set regjeringa i verk nødvendige tiltak for å avgrense og utrydde denne svært alvorlege sjukdommen. Regjeringa

vil halde fram med å overvake og forske vidare på sjukdommen og hindre at villrein frå Hardangervidda flyttar seg til andre villreinområde. Villreinbestanden er teken ut i Nordfjella sone 1 som eit ledd i kampen mot skrantesjuka. Det må ikkje komme inn ny villrein i området under brakkleggingsperioden. Regjeringa vil leggje til rette for reetablering av villrein i Nordfjella sone 1.

Sjøfugl

Fleire av sjøfuglartane har vore i kontinuerleg tilbakegang sidan overvakinga av dei starta. Regjeringa vil etter planen fremje ein handlingsplan for sjøfugl i 2022. Handlingsplanen blir eit viktig strategi- og planleggingsverktøy for å koordinere tiltak på tvers av sektorar. Målet med planen er å bidra til ein betre tilstand for norske sjøfuglbestandar.

Forvaltning av vill laksefisk

Regjeringa har nyleg lagt fram ein handlingsplan for å oppfylle kvalitetsnorma for villaks. Oppfølginga av planen vil bli prioritert i 2022.

Regjeringa vil halde fram med å kalke vassdrag som er råka av forsureing. Tiltaka mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* vil bli vidareførte i tråd med faglege tilrådingar. Ei stor satsing i 2022 vil vere behandling av Driva-regionen. I 2021 blir det gjennomført ei storskala prøvebehandling med klor i Driva. Dersom denne blir vellykka, vil klor truleg bli nytta som hovudkjemikalie ved behandlinga av Driva-regionen i 2022 og 2023.

Departementet vil også arbeide med ei forskrift om særleg beskyttelse av laksen i nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar. Forskrifta skal etter planen regulere mellom anna laksefiske, kultivering av anadrome laksefisk og innlandsfisk, akvakultur, vassdragstiltak og andre tiltak som kan innverke på laksen. Føringar i St.prp. nr. 32 (2006–2007) *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder* vil med dette bli forskriftsfesta.

Nedkjemping av pukkellaks

Fram til 2017 har det vore avgrensa med pukkellaks i norske vassdrag. Frå 2017 har det vore ein urovekkjande trend med eksponentiell vekst i talet på pukkellaks. Dette toppa seg med ein invasjon i 2021. Utfordringa er særleg stor i Aust-Finnmark. Stoda er mange stader kritisk, og dersom utviklinga held fram, vil pukkellaks bli den domi-

nerande laksefisk i Troms og Finnmark i år med invasjonar.

Framtidige invasjonar av pukkellaks vil truleg ha stor negativ effekt på stadeigen laksefisk, vasskvalitet og biologisk mangfald i Noreg. Det er behov for omgåande tiltak for å førebu og sikre ei effektiv utfisking. Klima- og miljødepartementet vil styrkje innsatsen mot pukkellaks i 2022 og foreslår midlar til innkjøp, etablering og røkt av flyteristfeller i prioriterte vassdrag, og gytefiskteljningar og yngelteljningar. Departementet har og gitt Miljødirektoratet i oppgåve å opprette ei nasjonal kompetansegruppe for pukkellaks. Ei slik kompetansegruppe vil bidra med koordinering av fangstuttak på regionnivå og hjelpe til med tilråding av utstyr og fangstmetodar.

Skogvern

Skogvern er eit viktig verkemiddel for å nå nasjonale mål for naturmangfald, særleg fordi mange trua artar og naturtypar finst i skog, og fordi skogvernet hittil ikkje dekkjer eit representativt utval av norsk skognatur.

Regjeringa vil i 2022 halde fram med å følgje opp Stortingets mål om å verne 10 pst. av skogen gjennom frivillig vern av privateigd skog og vern av offentleg eigd skog.

Frivillig vern av privateigd skog er venta å føre til vern av viktige skogareal og i 2022. Vern av skog eigd av Statskog er og venta i 2022, som ei oppfølging av Stortingets oppmodingsvedtak om å gjennomgå eigedommane til Statskog SF med sikte på å verne aktuelt areal. Miljødirektoratet vil følgje opp Statskogs sal av eigdommar ved å vurdere å bruke forkjepsretten på areal som er viktige for vern eller for makeskifte. Tiltak vil bli vurderte slik at viktige skogområde på statsallmenning kan vernast.

Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* legg opp til å intensivere kartlegginga for å finne dei viktigaste areala for trua artar og naturtypar, slik at skogvernet er kostnadseffektivt. Miljødirektoratet vil i 2022 vidareutvikle slik treffsikker kartlegging i skogvernet.

Bevaring av verdifull natur

Regjeringa vil bevare verdifull natur. Områda som er verna i dag, inneheld ikkje i tilstrekkeleg grad dei ulike naturtypene i Noreg. Særleg natur i lågtliggjande område i Sør-Noreg under 300 moh. er ikkje godt nok representert. Verneområda dekkjer heller ikkje i tilstrekkeleg grad natur som er trua av utrydding. For å nå dei nasjonale måla for

naturmangfold og FNs berekraftsmål nr. 15 *Liv på land* er det difor nødvendig å supplere dei eksisterande verneområda, slik det òg er varsla i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. For å dekkje desse manglane er det nødvendig å verne om lag 600 km². I 2022 vil prosessen for å verne desse områda halde fram. Desse nye verneområda skal ikkje omfatte skog eller marine område. Vern av slik natur skjer gjennom egne prosessar.

Verneplanprosessane skal vere gode og inkluderande. Alle dette gjeld, kan på vanleg måte uttale seg i breie, opne høyringar, og det blir gjort grundige avvegingar mellom verneinteresser og andre samfunnsinteresser før eit eventuelt vedtak om vern blir gjort. Sametinget og andre relevante samiske interesser blir konsulterte der det er aktuelt. Lokal forankring er viktig for eit godt resultat i vernarbeidet.

I prosessen med å finne fram til lokalitetar for å dekkje manglar i eksisterande vern har det også komme forslag til område som kan egne seg for å bli nasjonalpark eller landskapsvernområde. Miljødirektoratet har vurdert naturverdiane i desse områda og hatt dialog med alle aktuelle kommunar. I 2022 vil regjeringa gjennom Miljødirektoratet og statsforvaltaren gjennomføre vidare prosessar med sikte på vern i områda der direktoratet har vurdert at det er tilstrekkeleg verneverdiar og mogleg å få lokal aksept for vern. Det blir lagt vekt på lokal forankring. Dei aktuelle områda er fire heilt nye verneområde – Sunnmørsalpane, Hornelen, Masfjordsfjella og Øystesefjella. Seks område kan bli gjort om frå landskapsvernområde til nasjonalpark – Lyngsalpan, Sylan, Trollheimen, Ålftobreen, Oksøy-Ryvingen og Flekkefjord-Listastrendene. I tillegg er det ei rekke større og mindre utvidingar av noverande verneområde. Bevaring av fleire av desse store, samanhengande naturområda som vi har att i Noreg, er viktig av mange grunnar. Det sikrar samanhengande landskap, gjer at nokre artar kan tole klimaendringane betre, og bevarer økologiske nettverk av naturområde.

Marine verneområde

Våren 2021 la regjeringa fram ei melding til Stortinget om heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur. Meldinga omhandlar ein plan for det vidare arbeidet for å ta vare på viktig natur i havet gjennom etablering av marine verneområde og andre effektive arealbaserede bevaringstiltak.

Gjennom meldinga har regjeringa mellom anna vedteke å føre vidare arbeidet med marin

verneplan frå 2004 og supplere denne med nye område. Marint vern skal medverke til at eit utval av representative, særigne, sårbare eller trua marine naturtypar og naturverdiar blir tekne vare på for framtida. I arbeidet med marine verneplan går det for seg verneprosessar for 12 av dei 36 områda som vart foreslåtte som marine verneområde i 2004, medan 17 område er verna. I 2022 vil det bli arbeidd vidare med å etablere nye marine verneområde. Eit viktig oppfølgingspunkt i meldinga er å vurdere om det er behov for å styrkje lovgjevinga utanfor 12 NM, der vi ikkje har heimel til å opprette marine verneområde etter naturmangfaldlova.

Regjeringa vil òg hente meir erfaring med bevaring og restaurering av økosystem og kartleggje område som er viktige for karbonlagring. I meldinga blir det vidare varsla ein prosess for å gå gjennom dei internasjonale forpliktingane våre for marin bevaring og korleis desse skal oppfyllest.

Sikring av verdiane i verneområda

Regjeringa vil halde fram med arbeidet for å betre forvaltninga av dei eksisterande verneområda.

Langsiktig forvaltning av områda er avgjerande for å nå det nasjonale målet om at eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar. Innsatsen i 2022 vil følgje prioriteringane i Miljødirektoratets strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde for perioden 2020–2025. I 2022 vil regjeringa halde fram med å prioritere skjøtsel av verneområde for å motverke gjengroing og spreining av framande artar, som er dei største truslane mot verneverdiane. Uttak av framande treslag frå verneområde vil frå 2022 gå over frå ein pilotfase til ein ordinær driftsfase.

Regjeringa legg til rette for at nasjonalpark- og verneområdestyra gjennom besøksstrategiar kan planleggje for auka besøk i nasjonalparkar og andre store verneområde der naturen toler det. Nokre nasjonalparkar manglar framleis besøksstrategiar, og det vil bli arbeidd vidare med dette i 2022. Regjeringa vil halde fram med å prioritere tilrettelegging, med mellom anna skilting og vedlikehald av stiar. All informasjon om nasjonalparkar og andre store verneområde skal ha høg kvalitet, mellom anna ved å følgje merkevara Noregs nasjonalparkar og vere i tråd med besøksstrategien for området. Utvikling av nettstaden Norgesnashjonalparker.no vil halde fram i 2022.

Besøkssenter er viktige formidlarar av norsk natur. Regjeringa vil i 2022 halde fram med å støtte utviklinga av senter som gjev gode opple-

vings- og læringsarenaer og møteplassar for samarbeid mellom forvaltning, naturoppsyn, næringsliv, skular, barnehagar, frivillige organisasjonar og andre aktørar. I 2022 vil eit nytt besøksenter for Oslofjorden og eitt for skogvern, bli autorisert.

Ordninga med lokal forvaltning av nasjonalparker og andre store verneområde og forsøksordninga med grunneigar- og partssamansette verneområdestyre er evaluerte (NF-rapport nr.: 1/2021 og NF-rapport nr.: 9/2020). Klima- og miljødepartementet vurderer rapportane og vil avklare den nærmare oppfølginga av dei.

Kulturlandskap

Gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane blir det arbeidd med klima- og miljøvennlige verkemiddel. Dette medverkar til at vi kan nå dei nasjonale klima- og miljømåla.

Regjeringa vil i 2022 halde fram arbeidet med å ta vare på kulturlandskap. Ordninga for utvalde kulturlandskap i jordbruket blir finansiert over Klima- og miljødepartementets og Landbruks- og matdepartementets budsjett og omfattar no totalt 46 område. Ordninga skal sikre verdier knytte til landskap, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø. Sekretariatet for ordninga har levert ei tilråding om innlemming av ytterlegare tre til fem område i ordninga. Dei to departementa vil i løpet av 2022 bestemme kva for nye område som skal innlemmast i ordninga i perioden 2022–2025.

For å redusere dei negative effektane av gjengroing i kulturlandskap på naturmangfaldet og for ytterlegare å redusere tapet av sau til rovvilt er det sett i verk eit pilotprosjekt for å ta i bruk gjengrodde gardsnære beiteressursar i område prioriterte til jerv. Arbeidet blir følgt opp i 2022.

Internasjonalt samarbeid for å ta vare på naturmangfaldet

Tapet av natur går raskare enn nokon gong. Det internasjonale naturpanelet (IPBES) anslår at bortimot 1 mill. artar kan døyt ut, og at leveområda stadig blir mindre. Vi treng ei felles løysing på eit globalt problem. Landa i verda forhandlar no om eit nytt globalt rammeverk for bevaring av natur under konvensjon om biologisk mangfald (CBD). Arbeidet er forseinka på grunn av covid-19-pandemien, men skal etter planen vedtakast våren 2022. Regjeringa vil kort tid etter at det globale rammeverket er vedteke, komme til Stortinget med ein plan for korleis Noreg skal følgje opp dei nye måla.

Noreg deltek aktivt og samarbeider tett med ei rekkje land for å sikre ei forpliktande løysing som kan snu den negative trenden med tap av natur. Semje om eit sett med ambisiøse mål er ein viktig del av rammeverket, men det er også avgjerande å få på plass effektive verktøy som medverkar til at landa gjennomfører måla. Gradvis opptrapping av innsats over tid, jamleg rapportering og transparens i dei nasjonale strategiane landa har, er viktige element. Det nye rammeverket må leggje til grunn ei heilskapleg forståing der bevaring av biologisk mangfald blir sett i samanheng med reduksjon i klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringar. Naturpanelets hovudrapport om tilstanden til naturen er, saman med Klimapanelets 1,5-gradarsrapport og spesialrapport om klimaendringar og landareal, eit heilt sentralt kunnskapsgrunnlag for det nye rammeverket.

Noreg leier styringsgruppa for den Nordiske satsinga på naturbaserte løysingar i Norden. Nordisk ministerråd har løyvd 26 mill. DKK til det fireårige programmet som skal auke kunnskapen om naturbaserte løysingar og korleis dei bidreg til betre måloppnåing for klima, klimatilpassing og biologisk mangfald i dei nordiske landa.

International Maritime Organization (IMO) er i gang med ein revisjon av retningslinjene for tilgroing på skip med sikte på å unngå overføring av framande artar frå eitt farvatn til eit anna. Dette er viktig for å unngå å øydeleggje naturmangfaldet gjennom introduksjon av framande artar som kan skade naturverdier i sjøen. Noreg har ei nøkkelrolle i arbeidet med revideringa av retningslinjene.

Miljøkriminalitet

Arbeidet med å følgje opp stortingsmeldinga om miljøkriminalitet vil halde fram i 2022. Meldinga har totalt 97 tiltak for å styrkje innsatsen mot miljøkriminalitet. Nasjonalt omfattar tiltaka informasjons- og haldningsskapande arbeid, tilsyn/kontroll, sanksjonar og auka bruk av teknologi. Arbeidet i 2022 omfattar oppfølging av vanleg høyring om ulike lovendringar for å bidra til å nedkjempe miljøkriminalitet. Regjeringa vil òg føre vidare ein styrkt tilsynsinnsats for å motverke og avdekkje miljøkriminalitet.

Internasjonalt er det viktig å få global merksemd om at miljøkriminalitet er ei grenseoverskridande og alvorleg form for organisert kriminalitet som må sjåast i samanheng med økonomisk kriminalitet som korrupsjon, kvitvasking, dokumentfalsk, skatteunndraging og tollsvindel. Tiltaka her omfattar utvikling av internasjonal politikk, inter-

nasjonal rettsutvikling, utviklingspolitiske verkemiddel, arbeid i internasjonale organisasjonar og sivilsamfunn, bruk av teknologi, verdikjedesporing og handelsavtalar og motverking av ulovleg netthandel.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for friluftsliv

Sikring, ivaretaking og tilrettelegging av friluftslivs-område

Ein sentral del av den heilskapelege tiltaksplanen regjeringa har for Oslofjorden, er å betre tilgangen til fjorden for friluftsliv og rekreasjon. Det er ei utfordring at allmenta er hindra tilgang til delar av fjorden som følgje av hytter, hus og andre installasjonar i strandsona. Det er viktig at allmenta sin lovlege ferdsel og opphald i strandsona ikkje blir hindra av ulovlege stengsel og installasjonar. I 2022 foreslår regjeringa difor å opprette ei tilskotsordning med midlar til juridisk bistand til kommunane langs Oslofjorden for å bidra til å halde allemannsretten i hevd.

Ferdselsåreprosjektet, som regjeringa starta i 2019, vil bli prioritert også i 2022. I 2022 vil det bli arbeidd vidare med sikte på at alle kommunar har utarbeidd eller påbegynt arbeidet med ein plan for ferdselsårene i friluftslivet.

Arbeidet med bevaring av viktige friluftslivs-område gjennom sikring vil halde fram i 2022. Bevaring av friluftslivsområde i nærmiljøet som kan nyttast av mange, vil bli prioritert. Landfaste område i strandsona og område langs vassdrag med lett tilgjenge har òg høg prioritet.

Motivering til friluftsliv

Regjeringa vil halde fram med å prioritere motivering til friluftsliv for heile befolkninga. Regjeringa vil i 2022 halde fram med å prioritere tiltak som særleg kan rekruttere barn, unge, personar som er lite fysisk aktive, og personar med innvandrarbakgrunn til friluftslivsaktivitet.

Allemannsretten

Regjeringa vil saman med eksterne aktørar halde fram med å informere om rettane og pliktene som allemannsretten gjev. Regjeringa vil òg innhente oppdatert kunnskap om allemannsretten og korleis allemannsretten blir etterlevd.

Motorferdsel i utmark

Stortinget har bede regjeringa om å fremje forslag om revidering av lov om motorferdsel i utmark og

vassdrag. Siktemålet er «økt lokalt selvstyre og redusert byråkrati knyttet til praktiseringen av loven, samtidig som hensyn til natur og friluftsliv blir ivaretatt». Med bakgrunn i vedtaket har Kongen i statsråd 3. september 2021 sett ned eit offentleg utval som skal gjennomgå regelverket om motorferdsel i utmark og vassdrag og foreslå endringar i dette. Vedtaket gjev sentrale føringar for arbeidet til utvalet. Mandatet frå regjeringa opnar for ein brei gjennomgang av regelverket, og utvalet står fritt til å foreslå endringar i motorferdsellova eller ei heilt ny lov. Utvalet skal leggje vekt på å skape klare reglar som er enklare å praktisere. Formålet i motorferdsellova om å «ut fra et samfunnsmessig helhetssyn [...] regulere motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen», jf. § 1, ligg fast. Utvalet skal levere utgreininga si innan 1. desember 2023.

Omfanget av ulovleg motorferdsel er for høgt. Ulovleg motorferdsel er mellom anna ei utfordring for vilt og anna naturmangfald og for friluftslivet. Den forsterka innsatsen frå naturoppsynet knytt til kontroll av lovleg og avdekking av ulovleg motorferdsel vil difor bli vidareført.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for forureining

Forureining til vatn, jordsmonn, luft og vegetasjon har ofte alvorlege følgjer for helse og miljø. Regjeringa er særleg oppteken av å redusere spreieing av miljøgifter og hindre at miljøgifter blir samla opp i næringskjeda. Dei viktigaste verkemidla er forureiningslova og produktkontrolllova.

Forureiningslova skal medverke til å verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining og til å redusere avfallsmengda og fremje betre avfallshandtering. Formålet er å sikre at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader evna naturen har til produksjon og sjølvfornyng. Lova bygger mellom anna på prinsippet om at forureinaren betaler, og prinsippet om føre var og set eit generelt forbod mot forureinande utslepp. Verksemdar kan søkje miljøstyresmaktene om utsleppsløyve. I slike løyve blir det sett vilkår for utsleppa.

Produktkontrolllova skal førebyggje at produkt og forbrukartenester gjev helseskade eller miljøforstyrning, mellom anna gjennom å fremje effektiv bruk av energi i produkt. Lova inneheld mellom anna ei plikt om aktsemd for alle som har å gjere med produkt som kan medføre helseskade eller miljøforstyrning, og eit krav om at ei verksemd må vurdere kjemikaliebruken sin og nytte

mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Til både forureiningslova og produktkontrollova er det fastsett ei rekkje krav i forskrifter. Det er òg fastsett forskrifter med heimel i fleire lover der formålet er å regulere helse- og miljøskadeleg forureining samstundes som ein regulerer andre faktorar som påverkar miljø og samfunn. Forskrift om rammer for vannforvaltning er eit slikt døme.

Tilsyn blir nytta for å avdekkje eventuelle brot på regelverket. Miljøstyresmaktene gjennomfører risikobasert tilsyn ved at dei prioriterer område der påverknad eller risiko for påverknad av miljøet er størst, og der det er stor risiko for brot på miljøregelverket. Når dei finn brot på regelverket, vil miljøstyresmaktene vedta sanksjonar av ulike slag. Miljøstyresmaktene kan mellom anna nytte gebyr ved brot på reglane, og strafferamma for alvorlege brot vart heva frå 1. juli 2019 for å styrkje kampen mot miljøkriminalitet.

Andre viktige verkemiddel i forureiningspolitikken er regelverk som er forvalta av andre styresmakter, avgifter som reflekterer dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved utsleppa, og som stimulerer til redusert forureining, tilskot over statsbudsjettet og kunnskap om utslepp, spreining og effektar av forureining.

Forureining kryssar landegrensar. Eit ambisiøst EU/EØS-regelverk og internasjonale avtalar der landa tek på seg å redusere utsleppa sine, er difor viktige for å redusere forureining som skader miljøet og helsa til menneske.

Kjemikaliar

Kjemikaliepolitikken skal redusere risiko for skade på helse og miljø knytt til utslepp og bruk av kjemikaliar generelt. Førre-var-prinsippet skal brukast når kunnskapen om risiko for helse og miljø er usikker. Miljøgifter og andre stoff som er rekna for å utgjere eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø, blir sette på den norske prioritetslista³ – som for tida omfattar 68 stoff og stoffgrupper. Regjeringa arbeider for å redusere spreinga av slike stoff. Prioritetslista spesifiserer kva stoff som skal reduserast vesentleg med sikte på at stoffa skal fasast ut, og gjev føringar om at nasjonalt og internasjonalt arbeid med desse stoffa skal prioriterast. Utsleppa av stoffa på lista blir reduserte gjennom streng regulering av produkt både

nasjonalt og internasjonalt, gjennom tiltak for opprydding av forureining og gjennom krav til industriutslepp og avfallshandtering. Ein viktig del av arbeidet vidare er å følgje opp prioritetslista nasjonalt og internasjonalt og å identifisere fleire miljøgifter som skal omfattast av prioritetslista. I arbeidet med nye prioriterte stoff blir ikkje berre enkeltstoff vurderte, det er òg lagt vekt på å vurdere grupper av stoff med like eller nærliggjande eigenskapar som potensielt kan takast i bruk som erstatningar for kvarandre. På den måten kan ein unngå til dømes uheldige erstatningar med like farlege, nesten like stoff.

Prioritetslista vart presentert første gong i 1997. Dei to stoffa hydrogenert terfenyl og TBPH (bis(2-etyl-1-heksyl)tetrabromftalat) er vurderte å oppfylle kriteria for prioritetslista, og desse stoffa blir no inkluderte i lista – sjå nærmare omtale i boks 8.3.

Miljøskadelege kjemikaliar blir transporterte over lange strekningar med luft- og havstraumar, gjennom handel med produkt og gjennom avfallsstraumar. Difor er arbeid på både nasjonalt, europeisk og internasjonalt nivå svært viktig og ein føresetnad for å handtere utfordringane vi står overfor. Nasjonalt er forureiningslova og produktkontrollova med tilhøyrande forskrifter sentrale verkemiddel. Etter produktkontrollova er det mellom anna fastsett eit omfattande forskriftsverk om helse- og miljøskadelege kjemikaliar som er i stadig endring og utvikling. Produkt blir omsette internasjonalt, og norske forbod og andre reguleringar må vere i samsvar med Noregs internasjonale plikter om produktregulering og handel. Kjemikalierregelverket i Noreg og EU er harmonisert gjennom EØS-avtalen. Hovudregelen er såleis at dei same krava skal gjelde i Noreg og i EU. Noreg medverkar aktivt i arbeidet for å styrkje og gjennomføre EU sitt regelverk på kjemikalieområdet.

EU har eit omfattande regelverk for registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikaliar (REACH) og for klassifisering, merking og emballering av helse- og miljøfarlege stoff (CLP). Vidare utvikling av desse regelverka er svært viktig i kjemikaliepolitikken.

Noreg har òg felles reglar med EU om produkt med biocid som blir nytta til å øydeleggje uønskte organismar. Noreg gjev godkjenning til biocidprodukt for den norske marknaden.

Det europeiske kjemikaliebyrået ECHA (European Chemicals Agency) er navet i ei omfattande kunnskapsutveksling og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for EUs kjemikaliarbeid.

Noreg arbeider aktivt og er ein pådrivar for globale tiltak for å redusere forureining og sikre

³ Ei oversikt over stoffa og stoffgruppene på prioritetslista og status for utslepp og utsleppsreduksjonar finst på <http://www.miljostatus.no/prioritetslisten> og lenkjer vidare derifrå.

Boks 8.2 To nye stoff til prioritetslista

Det er eit nasjonalt mål at bruk og utslepp av kjemikaliar på prioritetslista skal stansast, og formålet med prioritetslista er å gje føringar for arbeid med utfasing av desse farlegaste stoffa. Stoffa hydrogenert terfenyl og TBPH (bis(2-etyl-1-heksyl)tetrabromftalat) blir i liten grad brotne ned i miljøet og hopar seg såleis opp i levande organismar. Å halde fram med bruken og utsleppet av stoffa vil utgjere risiko for skade på helse og miljø på lang sikt.

Hydrogenert terfenyl er ei kompleks stoffblanding som består av fleire kjemiske sambindingar. Det blir mellom anna brukt som varmeoverføringsmedium, for å regulere temperaturar i industriprosessar, i drivstoffprodukt og til overflatebehandling av plast, lim og harpiksprodukt, i hovudsak av profesjonelle aktørar. Stoffet finst også i produkt til forbrukarar, mellom anna lim. Hydrogenert terfenyl er påvist både i menneske, innemiljø og ytre miljø, inkludert høge nivå i fisk. Stoffet blir brote ned svært sakte i miljøet og hopar seg svært lett opp i levande

organismar. Hydrogenert terfenyl blir inkludert på prioritetslista på dette grunnlaget.

TBPH (bis(2-etyl-1-heksyl)tetrabromftalat) blir brukt som flammehemjande stoff og plastrmjukingsmiddel i mellom anna madrassar, isolasjonsmateriale og byggjemateriale. Stoffet er eit alternativ til det bromerte flammehemjande stoffet pentaBDE, som er forbode globalt. TBPH blir brukt i polyuretanskum og annan type plast og kan finnast i møbelstopp, isolasjonsmateriale, leidnings- og kabelisolasjon, belagde tekstilar, byggjemateriale, tettemiddel og lim. TBPH er ikkje kjemisk bunde i plast, og stoffet kan difor leke ut under bruk eller i avfallsfasen. Stoffet er funne i miljøet og dyr, både i Noreg og i resten av verda. TBPH er også funne i husstøv og er påvist i plasma og morsmjølk hos ammande kvinner. Stoffet blir brote ned svært sakte i miljøet og hopar seg svært lett opp i levande organismar. TBPH blir inkludert på prioritetslista på dette grunnlaget.

meir forsvarleg handtering av kjemikaliar og avfall, til dømes under Stockholmkonvensjonen om persistente organiske forbindelser, Baselkonvensjonen om grensekryssande transport av avfall, Rotterdamkonvensjonen om handel med farlege kjemikaliar, Minamatakonvensjonen om kvikksølv og miljøgiftprotokollane under FNs økonomiske kommisjon for Europa. Noreg arbeider kontinuerleg for global regulering av fleire stoff under Stockholmkonvensjonen. Noreg deltek også i forhandlingane om eit nytt globalt rammeverk for miljøforsvarleg handtering av kjemikaliar og avfall for tida etter 2020. Forhandlingane har blitt utsette fleire gonger på grunn av pandemien. Målsetjinga er at landa skal bli samde om det nye rammeverket våren 2023.

Kunnskap gjennom forskning, gjennom kartlegging av potensielt skadelege stoff i produkt, avfall og utslepp og gjennom miljøovervaking er svært viktig i kjemikaliararbeidet. Betre kunnskap om miljøgifter i Arktis er av stor strategisk vekt for å få på plass regionale eller globale avtalar fordi det er utbreidd internasjonal semje om at stoff som blir funne att i Arktis, langt frå utsleppskjeldene, utgjere alvorlege problem.

Mål om nullutslepp frå petroleumsverksemda

Utsleppa frå petroleumsverksemda av miljøfarlege tilsette kjemikaliar, stoff som finst naturleg, inkludert dispergert olje, og radioaktive stoff som finst naturleg, har totalt sett auka dei siste åra. Det er difor behov for å føre vidare arbeidet og framleis følgje opp nullutsleppsmålet for petroleumsverksemda. Det blir vurdert om det er behov for å gjere enkeltvedtak om risikoreduksjon på enkelte felt.

Gammal forureining i grunn og sjøbotn

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kan føre til skade på helse og miljø og vere ei kjelde til spreiding av helse- og miljøskadelege kjemikaliar. Arbeidet med forureina grunn i Noreg har gått føre seg i fleire tiår, og kvart år blir eit stort tal lokalitetar i Noreg undersøkte, registrerte og, ved behov, sanerte. Totalt er det no drygt 13 000 lokalitetar i databasen Grunnforurensning, irekna 900 med alvorleg grunnforureining. Oppryddinga har i hovudsak skjedd etter pålegg med heimel i forureiningslova, retta mot ansvarleg forureinar eller grunneigar.

Hittil har mykje av arbeidet vore konsentrert om kartlagde, prioriterte forureina lokalitetar og tiltak i barnehagar. I dag er opprydding av alvorleg blyforureining ved Forsvarets skyte- og øvingsfelt og opprydding av perfluorerte stoff (PFAS) frå brannøvingar ved norske lufthammer høgt prioriterte. Dei fleste andre oppryddingstiltaka i forureina grunn blir gjorde i tilknytning til at bygge- og gravearbeid eller terrenginngrep skal gjennomførast i forureina område, og blir i hovudsak behandla av kommunane.

Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn følgjer føringane i handlingsplanen om forureina sediment frå 2006 (jf. St.meld. nr. 14 (2006–2007) *Sammen for et giftfritt miljø*). I fleire år har hovudvekta av arbeidet på dei prioriterte områda med forureina sjøbotn vore tiltak i innleiande fasar med undersøkingar, pilotprosjekt og liknande. Arbeidet er no komme over i ein fase der fleire område i åra framover blir klare for tildekking og mudring og deponering av forureina sjøbotn. Dette er det mest kostnadskrevjande i arbeidet.

Av dei 17 høgast prioriterte områda, som er omtalte i handlingsplanen om forureina sediment, er 7 område nær eller ferdig rydda. I tillegg er nokre delområde ferdige. Av nyare arbeid vart arbeidet med å rydde opp i forureina sjøbotn i Hammerfest hamn påbegynt i 2021 og er forventa å vere ferdig i 2023. Forutan dei 17 områda er det mellom anna også rydda opp i Horten hamn.

I statsbudsjettet for 2022 blir det foreslått å løyve midlar til oppstart av opprydding i forureina sjøbotn i Store Lungegårdsvann i Bergen. Oppryddinga skjer i tilknytning til Renere havn Bergen-prosjektet og er planlagt å skje gjennom tildekking av sjøbotnen med reine massar. Sjøbotnen i fjordområdet er betydeleg forureina av aktivitetar frå tidlegare tider og utgjer i dag ein risiko for helse til menneske og for økosystemet. Forureininga i fjordområdet utgjer også ein risiko for rekontaminering av sjøbotnen i Puddefjorden, som vart rydda i 2017–2018.

Handlingsplanen for forureina sediment inneheld også mål om undersøkingar og tiltak i forureina sjøbotn ved prioriterte skipsverft, store hamner og småbåthamner. Miljødirektoratet og statsforvaltarane arbeider med å syte for at områda blir kartlagde, og at det blir rydda opp der det er nødvendig.

Opprydding i forureina grunn og sjøbotn er kostbart og tidkrevjande, og hovudregelen er at prinsippet om at forureinaren betaler, skal leggjast til grunn ved opprydding av forureina område. I nokre tilfelle vil likevel statlege styresmakter medverke med finansiering. Statleg

medverknad kan til dømes vere aktuelt og nødvendig der den ansvarlege av ulike årsaker ikkje kan identifiserast eller ikkje kan stå for ei god opprydding, eller der det vil vere urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene, jf. omtale av tildelingskriterium for oppryddingspostane kap. 1420, post 39, 69 og 79.

Farleg avfall

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Farleg avfall på avvegar kan føre til at miljøgifter blir spreidde og hopar seg opp i naturen. Difor må dette avfallet samlast inn og behandlast forsvarleg. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall, men handterast for seg. Det skal takast forsvarleg hand om og anten gå til materialattvinning eller energiutnytting eller vere sikra god nok nasjonal sluttbehandlingskapasitet. Det er òg strenge reglar som skal hindre at slikt avfall blir eksportert til land utan kapasitet til å behandle det forsvarleg. Auka materialattvinning av farleg avfall som kan skje utan ukontrollert spreining av miljøskadelege stoff, er i tråd med intensjonen om sirkulær økonomi og norsk avfallspolitikk.

Farleg avfall oppstår i landbasert industri, i petroleumsindustri og bergverksdrift, i hushalda og ved avfallsforbrenning. I 2019 vart det ifølgje SSB levert 1,61 mill. tonn farleg avfall i Noreg til godkjend behandling. Dette er ein liten auke frå året før, men ei dobling frå mengda i 2003. Auken frå 2003 kan dels forklarast med auka aktivitet i industrien, dels med at meir avfall frå petroleum-sindustrien til havs har blitt ført til land. I tillegg har strengare regelverk både i EU og i Noreg ført til at fleire avfallstypar er klassifiserte som farleg avfall. Det blir òg produsert og omsett stadig fleire produkt, og mange av desse inneheld helse- og miljøfarlege stoff. For å medverke til å førebyggje farleg avfall er det viktig å arbeide for at det blir utvikla meir miljøvennlege produkt.

Dagens deponi for uorganisk farleg avfall på Langøya har lenge vore anslått fullt innan få år. NOAH, som driv anlegget, har i mai 2021 søkt Miljødirektoratet om løyve til å gjennomføre tiltak som vil kunne forlengje deponikapasiteten på Langøya potensielt fram til 2030. Søknaden blir no behandla i Miljødirektoratet.

Det er i utgangspunktet industrien som sjølv har som ansvar å sikre forsvarleg behandling av avfallet sitt, også farleg avfall. Samstundes er det viktig at Noreg held oppe ein nasjonal behandlingsskapasitet for farleg avfall i samsvar med dei internasjonale pliktene som følgjer av Baselkon-

vensjonen og EUs rammedirektiv om avfall. Klima- og miljødepartementet følger difor utviklinga med etablering av ny behandlingsskapasitet for farleg avfall.

1. mars 2021 publiserte Miljødirektoratet *Vedlegg om farlig avfall, inkludert avfallsforebyggingsprogram* til den nasjonale avfallsplanen som kom i 2019. Vedlegget beskriv status for farleg avfall, forventta utvikling av mengdene, førebygging og materialattvinning og behov for ny infrastruktur.

Klima- og miljødepartementet er òg oppteke av å sjå på korleis mengdene farleg avfall kan reduserast, og korleis kunnskapsoppbygging knytt til FoU og innovasjon kan bidra til dette. Forskingsrådet fekk i 2021 i oppdrag å greie ut moglegheiter og hindringar for korleis forskning og innovasjon kan bidra til reduksjon og auka materialattvinning av farleg avfall i Noreg.

Avfall og sirkulær økonomi

Dei seinaste åra har det vakse fram ei erkjenning av at dersom ein skal nå målet om at avfallsveksten skal vere lågare enn den økonomiske veksten, må ein gjere noko med måten ein produserer og forbruker varer på. Det er heilt sentralt i ein sirkulær økonomi at vi aukar utnyttinga av ressursane i avfallet ved at desse ressursane blir haldne i krinsløpet lengst mogleg og kjem til nytte som råvarer for nye produkt. Å leggje om på avfallspolitikken er ein heilt sentral premiss for ein meir sirkulær økonomi.

Stortingsmeldinga frå regjeringa om avfallspolitikk og sirkulær økonomi, Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs*, ligg til grunn for den politikken regjeringa fører. Regjeringa la sommaren 2021 fram ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi og ein plaststrategi. Hausten 2021 la regjeringa fram ein handlingsplan for å auke delen av klima- og miljøvennlege anskaffingar og grøn innovasjon i offentlege anskaffingar. Noreg er ein del av den indre marknaden og arbeider aktivt saman med og overfor EU i aktuelle prosessar. Døme på dette er utvikling av avfallspolitikken, produktpolitikken og produsentansvarsordningar. Eit felles europeisk miljøregelverk vil gje størst miljømessig gevinst.

Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane knytte til avfallsbehandling på lang sikt vil auke om ein ikkje lykkast med å førebyggje avfall. Over tid har strengare krav til deponi og forbrenningsanlegg og bruk av meir miljøvennleg teknologi medverka til store reduksjonar i utslepp til luft og vatn frå sluttbehandling av avfall. Dei store grepa i avfallspolitikken er difor ikkje lenger

knytte til utsleppa frå sluttbehandling av avfall, men til å redusere avfallsmengdene gjennom produktdesign for auka levetid og moglegheit for reparasjon, auka ombruk av produkt og auka materialattvinning. På den måten reduserer vi utsleppa frå uttak av ressursar og frå produksjonen og transporten av nye produkt.

Avfallspolitikken blir gjennomført i eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel: forureiningslova og forskrifter gjevne i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtalar og informasjonstiltak og kombinasjonar av desse. Verkemidla skal sikre ein samfunnsøkonomisk og miljøvis god balanse mellom det som blir attvunne som materiale, og det som blir energiutnytta eller deponert. Regjeringa legg opp til tiltak og verkemiddel som skal styrkje rolla avfallspolitikken har som drivkraft for ein sirkulær økonomi i heile verdikjeda. Nøkkelen er eit tett samspel mellom avfalls- og produktpolitikken.

EU vedtok våren 2018 nytt avfallsregelverk. Endringane medfører mellom anna langt meir ambisiøse mål om materialattvinning for avfall frå hushalda og liknande avfall frå næringslivet og av emballasjeavfall. For slikt avfall er det krav om 55 pst. materialattvinning innan 2025, 60 pst. innan 2030 og 65 pst. innan 2035. For emballasjeavfall er det ulike delkrav om materialattvinning for dei ulike materialsлага for 2025 og 2030. For all emballasje er det eit samla krav om 35 pst. materialattvinning i 2025 og 70 pst. i 2030. Det nye avfallsregelverket vil bli gjeldande også for Noreg. Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet analysert tiltak for førebuing til ombruk og materialattvinning av hushaldningsavfall og liknande avfall frå næringslivet. Rapport frå Miljødirektoratet vart levert våren 2021. Analysen peiker også på verkemiddel som bør vurderast nærmare for å utløyse tiltak. Analysen fortel oss at det vil bli svært krevjande å nå måla, men at fleire tiltak kan gje innsparingar for kommunale og private verksemder. Klima- og miljødepartementet ser no på aktuelle verkemiddel for å nå dei nye måla. Miljødirektoratet skal også vurdere korleis produsentansvarsordningar kan styrkjast for å underbyggje ein meir sirkulær økonomi.

Klima- og miljødepartementet følgjer arbeidet i EU tett og arbeider for at regelverksutviklinga i størst mogleg grad er i tråd med norske posisjonar.

Dei neste åra er det fleire område innan avfallspolitikken og sirkulær økonomi som blir viktige. Klima- og miljødepartementet vil følgje opp relevante delar av nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi. Klima- og miljødepartementet vil

jobbe for å finne gode løysingar for mellom anna tekstilavfall, avfall frå bygg og anleggsnæringa og emballasje. Det blir stadig viktigare å sjå på korleis produkt blir designa og utforma, da dette spelar ei avgjerande rolle for handteringa i avfallsfasen til produktet. Nye måtar å regulere produkt på, som til dømes forslag til ny batteriforordning og revidering av økodesigndirektivet, understrekar behovet for framover å sjå avfallspolitikken meir i samheng med produkt- og kjemikaliepolitikken. Også den kommande revisjonen av regelverket for eksport og import av avfall blir viktig for overgangen til ein meir sirkulær økonomi. Det same gjeld bruk av offentlege innkjøp som verkemiddel for å nå klima- og miljømåla og som ledd i det, ein meir sirkulær økonomi.

Å førebyggje matsvinn held fram med å vere ei viktig prioritering for regjeringa. Bransjeavtalen om reduksjon av matsvinn er regjeringa sitt fremste verktøy for å halvere matsvinnet innan 2030, jf. FN's berekraftsmål på området. Det blir viktig å fortsetje det gode arbeidet under bransjeavtalen og styrkje matsvinnarbeidet meir generelt.

Nasjonal avfallsplan inkludert avfallsførebyggingsprogram vart oppdatert i 2019 og inneheld status og planar for avfallshandtering i perioden 2020–2025.

Særleg om plast og plastforureining

Marin plastforsøpling og tilførsel av mikroplast til havet er ei av dei mest alvorlege globale miljøutfordringane. Dette er ei omfattande og kompleks problemstilling som krev tiltak på mange område, både nasjonalt og internasjonalt. Det er såleis ei særskild prioritering for regjeringa å finne gode løysingar for alle fasar i heile livsløpet til plasten, for å utnytte ressursane betre og hindre at plast kjem på avvegar i naturen.

Regjeringa la i 2021 fram ein oppdatert plaststrategi. Det er første gongen heile plastpolitikken blir samla under eitt, og strategien tek ei heilskapleg tilnærming til plastforsøpling og plastforureining. Plaststrategien er oppdatert i tråd med EUs politikk for sirkulær økonomi og viser kor viktig det er å sjå på tiltak i heile livsløpet til plasten for både å utnytte ressursane betre og leggje til rette for at plast ikkje forureinar og hamnar i miljøet. Opprydding av marin forsøpling blir òg grundig omtalt. Strategien gjer greie både for tiltak som er iverksett, og nye tiltak som regjeringa vil gjennomføre. Plaststrategien er regjeringa sin handlingsplan mot marin forsøpling som etterspurd av Stortinget. Den er utarbeidd mellom anna med bakgrunn i Miljødirektoratets siste opp-

daterte tiltaksvurderingar for både marin forsøpling og mikroplast. Strategien må sjåast i samheng med strategien om sirkulær økonomi. Regjeringa vil i 2022 leggje vekt på å følgje opp og gjennomføre tiltaka i strategien. Nokre av tiltaka er kort beskrivne under.

Regjeringa arbeider mellom anna for å redusere bruken av eingongsartiklar i plast. Den 3. juli 2021 vart det innført forbod mot å bringe i omsetning og krav til merking av enkelte eingongsartiklar av plast.

Departementet har òg starta eit samarbeid med næringslivet for å redusere miljøkonsekvensar av eingongsartiklar av plast som ikkje skal bli forbodne, og der ein skal redusere forbruket. Departementet vil oppfordre partane i arbeidslivet til å vere med på å utvikle ei norsk «plastpakt», der reduksjon av forbruk av enkelte eingongsprodukt og haldningsskapande arbeid skal vere ein viktig del.

Regjeringa vil innføre produsentansvarsordningar for fleire plastprodukt, irekna for fiskeri- og akvakulturutstyr. Regjeringa vil gjennomføre EUs reviderte skipsavfallsdirektiv, irekna innføre eit generelt avfallsgebyr for fiskefartøy òg, i tillegg til å styrkje tilsyn med skip. Ordninga Fishing for Litter fortset inntil vidare.

Nedbryting av plastavfall i havet er ei stor kjelde til mikroplast. Difor er tiltak for å redusere marin forsøpling eit viktig bidrag til å redusere tilførselen av mikroplast til det marine miljøet. I tillegg medverkar fleire landbaserte og sjøbaserte kjelder til utslepp av mikroplast. I Noreg er mellom anna dekkslitasje, gummigranulat frå kunstgrasbanar, måling og tekstilar identifiserte som viktige kjelder til spreieing av mikroplast.

Klima- og miljødepartementet har fastsett forskrift om drift og utforming av kunstgrasbanar med verknad frå 1. juli 2021. Departementet vurderer òg tiltak for å redusere spreieing av mikroplast frå småbåthamner.

Det er viktig at produktreguleringar skjer på europeisk nivå, og Noreg følgjer opp EUs arbeid med ulike tiltak retta mot utslepp av mikroplast. Til dømes vil Noregs forslag om filter i vaskemaskinar bli vurdert i den kommande revisjonen av økodesignregelverket i EU.

EUs kjemikaliebyrå har utarbeidd eit restriksjonsforslag under kjemikalierregelverket REACH om ei rekkje ulike kjelder til tilsett mikroplast i produkt som til dømes kroppspeieprodukt og vaskemiddel. Noreg har aktivt medverka i EUs prosess på dette området og vil følgje arbeidet nøye. EU-kommisjonens vedtak er venta i 2021/2022,

men med ulike ikrafttredingstidspunkt for ulike kategoriar.

Ei regulering av mikroplast på EU-nivå vil òg gjelde for Noreg gjennom EØS-avtalen.

Senter for oljevern og marint miljø blir frå 1. januar 2022 eit reindyrka senter mot marin forsøpling som eit statleg organ underlagt Klima- og miljødepartementet. Senteret skal få oppgåver som vil styrkje samordninga og tilrettelegginga for eit effektivt og godt oppryddingsarbeid i Noreg. Vidare utvikling og bruk av dei digitale verktyøya Rydde og Reint Hav med kartfesta informasjon om opprydding vil vere sentralt. Senteret mot marin forsøpling skal òg ha oppgåver knytte til kunnskap i arbeidet mot marin forsøpling frå sjøbaserte kjelder.

Regjeringa vil fortsetje å leggje til rette for frivillige i arbeidet med opprydding gjennom mellom anna tilskot til oppryddingsaksjonar. Regjeringa vil evaluere tilskotsordninga mot marin forsøpling mellom anna i lys av utviklinga i oppryddingsarbeidet og behovet for føreseielege vilkår for aktørane. Regjeringa vil òg vurdere korleis frivillig rydding i sjø og på land best kan støttast opp om, og vurdere behov og moglege tiltak for å leggje til rette for transport, levering og mottak av avfall. Regjeringa vil i 2022 halde fram med å rydde og i og fjerne fleire forlatne blåskjelanlegg og utvide oppreinskinga av attglymde og tapte fiskereiskapar i kyst- og fjordområde.

For å lykkast med å motverke forsøpling av verdshava krevst det eit sterkt internasjonalt samarbeid. Noreg er initiativtakar og globalt leiande i arbeidet i FNs miljøforsamling (UNEA) mot marin forsøpling og mikroplast og har som mål at verda skal bli samd om ein ny global rettsleg bindande avtale mot plastforsøpling og plastforureining. I 2017 fekk Noreg tilslutning til eit vedtak som mellom anna inneheld ein nullvisjon mot vidare tilførsel til havet. Dei nordiske miljøministrane var dei første til å ta tydeleg til orde for ein ny global avtale på møtet deira i Reykjavík i 2019. Mange land går no inn for ein ny global avtale mot plastforsøpling og plastforureining. Saman med andre land arbeider Noreg for at FNs miljøforsamling i 2022 skal vedta å setje i gang forhandlingar fram mot ein ny global avtale. Noreg ønskjer at avtalen skal forplikte alle landa til å motverke plastforsøpling og plastforureining, men at landa blir gjevne fleksibilitet i korleis dei best kan gjennomføre pliktene sine. Dei nordiske landa har òg ei satsing på plastforureining som vil bidra til å føre vidare ei nordisk leiarrolle i det globale arbeidet i 2022, noko som vil vere ei viktig prioritering under norsk formannskap.

Noreg bidreg til å styrkje arbeidet med plastavfall under Baselkonvensjonen om grensekryssande transport av avfall. På partsmøtet til Baselkonvensjonen i 2019 vart partane etter forslag frå Noreg samde om strengare kontroll med grensekryssande handel med plastavfall og eit partnerskap mellom styresmakter, næringsliv og miljøorganisasjonar for betre behandling av plastavfall. Reglane tredde i kraft i Noreg i januar 2021. Ei positiv følgje av det er òg at det blir lettare å bygge opp ein attvinningsindustri for plast i Europa og gjennom det styrkje den sirkulære økonomien. Noreg arbeider òg for høgare standardar for miljøforsvarleg handtering av plastavfall globalt under Baselkonvensjonen. Noreg vil føre vidare ei leiarrolle også i dette arbeidet i 2022.

I 2018 oppretta regjeringa eit bistandsprogram mot marin forsøpling og mikroplast med varigheit til 2024. Programmet gjev stønad til tiltak i utviklingsland med store utfordringar knytte til avfallshandtering, men òg til tiltak for å styrkje globale og regionale regelverk, bidra til meir berekraftig forbruk og produksjon, kunnskapsinnhenting og informasjonsarbeid. Tiltak for å redusere forsøpling frå fiskeri og skipsfart, til dømes tiltak for hamnemottak i utviklingsland, er òg omfatta gjennom stønad til Glo-Litter Partnerships. Glo-Litter vart oppretta i 2019 og blir drive av FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) i samarbeid med FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO). Glo-Litter Partnerships er eit av Noregs tiltak for å bidra til gjennomføring av handlingsplanen mot plastforsøpling frå skip under IMO.

Samarbeid med andre utvalde land og regionar, både bilateralt og gjennom multilaterale og regionale forum, vil stå sentralt. I våre havområde gjeld dette særleg overfor EU, gjennom det nordiske og det norsk-russiske samarbeidet, det regionale havmiljøsamrådet under OSPAR og Arktisk råd. Under Arktisk råd er det nyleg vedteke ein handlingsplan mot marin forsøpling, og i OSPAR skal det no utarbeidast ein ny handlingsplan. Gjennom regjeringa sitt bistandsprogram mot marin forsøpling og mikroplast er det prioritert tiltak i store utsleppsland i Søraust-Asia og Afrika og for små øystatar hardt råka av problemet.

Næringssalt og organisk materiale som forureinar vassdrag og kystområde

For mykje næringssalt (fosfor og nitrogen) og organisk materiale er blant dei tre største påverknadene på vassdraga og kystområda våre. Næringssalt endrar tilstanden i vatn og påverkar

algevekst og oksygenforhold for plante- og dyreliv. Dei største landbaserte kjeldene til utslepp av nærings salt er jordbruk og kommunalt avløp. I tillegg blir nærings salt frakta frå Europa til den norske kysten med havstraumar.

Til forureiningslova er det fastsett ei rekkje krav i forskrifter for å redusere utsleppet frå avløp og frå jordbruk. Desse omfattar mellom anna krav til utslepp av avløpsvatn i forureiningsforskrifta og krav til lagring og bruk av gjødsel i forskrifta om organisk gjødsel, som skal redusere avrenninga av næringsstoff til vatn frå jordbruket. Desse regelverka er viktige verkemiddel for å nå vassmiljømåla i vassforvaltningsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram etter vassforskrifta. For å nå miljømåla i vassforskrifta må innsatsen styrkjast. Det er no om lag 290 innsjøar og over 850 elvar som ikkje når miljømålet for fosfor.

Vassmiljømåla i forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta) seier mellom anna at alt vatn i utgangspunktet skal ha god tilstand. I vassforvaltningsplanane er det sett konkrete miljømål for alle elvar og innsjøar, kystvatn og grunnvatn i Noreg. Det er òg laga tiltaksprogram der det mellom anna er foreslått tiltak for å redusere tilførsel av nærings salt og organisk materiale som forureinar vassdrag og kystområde. Desse tiltaka skal vurderast og følgjast opp av den ansvarlege sektorstyresmakta. Planane og tilhøyrande tiltaksprogram skal oppdaterast kvart sjetten år fram til 2033. Dette arbeidet er no i gang i vassregionane, og planane blir godkjende av Klima- og miljødepartementet våren 2022.

Alle avløpsanlegga i den enkelte kommunen skal oppfylle reinsekrava i forureiningsforskrifta, slik at vi kan nå miljømåla innan 2027 og seinast innan 2033.

Når det gjeld jordbruk, skal statsforvaltaren og kommunane innføre nye eller strengare krav i område der eksisterande krav eller frivillige tiltak for å redusere avrenning av næringsstoff ikkje er nok til å nå miljømålet om god tilstand. Dette inneber at statsforvaltarane skal stille krav til bestemte rutinar for jordarbeiding eller tiltak for jord etter delegert heimel for dette etter jordlova, og kommunane skal stille strengare krav til lagring og bruk av gjødsel etter heimlar for dette i forskrift om organisk gjødsel. Næringsrike innsjøar i låglandet på Austlandet, Jæren og i Vestland i tillegg til ved Oslofjorden er høgt belasta område som bør få særleg merksemd, sidan det har vore negativ utvikling eller for svak positiv utvikling i fleire av desse områda dei siste åra. I tillegg er forskrifta om organisk gjødsel, irekna krava til lagring og bruk av gjødsel, under revisjon.

Radioaktiv forureining

Nivået på radioaktiv forureining generelt er lågt. Utslepp og avfall er nær knytte til aktiviteten i ulike sektorar. Radioaktive stoff er nytta til mellom anna behandling av pasientar på sjukehus og i forskning og utdanning. Det er òg radioaktive komponentar i enkelte forbrukarprodukt, til dømes røykvarslarar. Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan oppstå som eit biprodukt i ulike typar prosessindustri og ved utvinning av mineral og graving i alunskiferhaldig grunn. Forureining og avfall følgjer òg av oppkonsentrasjon av naturlige radionuklidar som finst i berggrunnen, som ved utvinning av olje og gass og ved framstilling av radioaktive stoff.

Radioaktiv forureining av norske land- og havområde skjer vidare frå internasjonale kjelder, som historiske atomsprengingar i atmosfæren og Tsjernobyl-ulykka. Ulykker knytte til anlegg i nærområda våre, i særleg grad dei gamle atomkraftverka i Russland, vil kunne ha store konsekvensar for Noreg.

Ein nasjonal strategi for handtering av radioaktivt avfall blir no utarbeidd. Strategien vil gje føringar som avfallsaktørar må ta omsyn til når dei utarbeider planar og strategiar for handtering av det avfallet dei har ansvar for.

I 2022 vil det bli arbeidd vidare med å planlegge dekommisjonering av atomanlegga i Halden og på Kjeller i samband med andre styresmakter. Det er viktig at det i dette arbeidet blir lagt til rette for lagrings- og deponikapasitet for radioaktivt avfall, inkludert brukt atombrensel.

Langtransportert luftforureining

Det internasjonale arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining er framleis viktig for å redusere tilførsel av sur nedbør og andre forureiningar til Noreg. Arbeidet skjer innanfor ramma av UNECEs konvensjon om langtransportert grenseoverskridende luftforurensning, som vart vedteken i 1979. Landa som deltek i samarbeidet under denne konvensjonen, har i Göteborgprotokollen av 1999 teke på seg talfesta forpliktingar om å redusere dei årlege utsleppa sine av svovel (SO_2), nitrogenoksid (NO_x), flyktige organiske sambindingar utanom metan (nmVOC), ammoniak (NH_3) og små helseskadelege partiklar ($\text{PM}_{2,5}$). Ved endring av protokollen i 2012 tok partane på seg nye forpliktingar om å redusere utsleppa. Endringa inneber at det er teke eit nytt viktig steg i det internasjonale samarbeidet om å redusere langtransportert luftforureining som

skader menneskehelse, økosystem, avlinger og materiale.

Dei nye pliktene er uttrykte som ein prosentvis reduksjon av dei årlege utsleppa samanlikna med utsleppa i 2005, gjeldande for 2020 og åra deretter. Noreg har teke på seg å gjennomføre følgjande utsleppsreduksjonar frå 2005: SO₂: 10 pst., NO_x: 23 pst., nmVOC: 40 pst., ammoniakk: 8 pst. og PM_{2,5}: 30 pst.

Noreg nyttar ei rekkje juridiske og økonomiske verkemiddel for å redusere utsleppa av desse stoffa i tråd med forpliktingane i Göteborgprotokollen. Statistisk sentralbyrå publiserte 8. juni 2021 førebels utsleppstal for 2020.

Noreg har redusert eller ligg godt an til å redusere dei samla årlege utsleppa av svoveldioksid, nitrogenoksid, flyktige organiske sambindingar og små helseskadelege partiklar (PM_{2,5}) i tråd med dei nye internasjonale forpliktingane i Göteborgprotokollen.

For utslepp av ammoniakk må verkemiddelbruken forsterkast for at Noreg skal overhalde forpliktinga i protokollen. Landbruks- og miljøstyresmaktene samarbeider no om å vurdere tiltak og verkemiddel for ytterlegare reduksjon av ammoniakkutsleppa.

For partiklar (PM_{2,5}) var utsleppa i 2019 reduserte med 35 pst. frå 2005. Noreg overheld med det den nye plikta for utslepp av partiklar. For dei nærmaste åra er det likevel risiko for at utsleppa enkelte år kan overskride denne forpliktinga dersom ein kald vinter gjev unormalt høgt forbruk av ved.

Arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining er basert på omfattande kunnskap gjennom overvaking, forskning og analysar av utslepp, tilførselar og effektar av luftforureiningar og gjennom modellscenario som viser moglege strategiar for å redusere utslepp i tråd med felles miljømål på tvers av landa i Europa. Norske fagmiljø som *Meteorologisk institutt*, *Norsk institutt for luftforskning* og *Norsk institutt for vassforskning* medverkar i vesentleg grad til kunnskapsutviklinga gjennom funksjonane sine som internasjonale fagsenter under *konvensjon om langtransportert grenseoverskridende luftforurensning*.

Det er viktig å medverke til at fleire av landa i Sør- og Aust-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia sluttar seg til Göteborgprotokollen. Noreg har medverka til finansiering av kapasitetsbygging for å setje desse landa i stand til å ratifisere og implementere protokollen. Arbeidet skjer i regi av FN's økonomiske kommisjon for Europa (UNECE).

Globalt er luftforureining sett på som ein av dei største miljørelaterte truslane mot helsa vår.

Helseeffektane av luftforureining medfører store samfunnsøkonomiske kostnader i form av mellom anna for tidleg død, behandlingkostnader og sjukefråvær. Noreg tek del i fleire internasjonale samarbeidsforum som har som oppgåve å betre kunnskapen om effektane luftforureiningar har på menneskehelsa og å overføre erfaringar frå arbeidet under UNECEs luftkonvensjon til andre regionar og hjelpe til med å greie ut og gjennomføre tiltaksstrategiar for å redusere luftforureiningane.

Noreg har ein pådrivarrolle i FN's sjøfartsorganisasjon (IMO) sitt arbeid med å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten.

Lokal luftforureining

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for å nå måla om lokal luftkvalitet og ei koordinerande rolle mot andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere luftforureining. Noreg deltek òg aktivt i relevante prosessar på EU-nivå om endringar og innstrammingar i EUs regelverk for lokal luftkvalitet.

Kommunane er lokal forureiningsstyresmakt etter forureiningsforskrifta kapittel 7, som er det sentrale verkemiddelet for lokal luftkvalitet. Forureiningsforskrifta kapittel 7 følgjer opp krava i EUs luftkvalitetsdirektiv, som er bindande for Noreg gjennom EØS-avtalen.

Samanlikna med ein del andre land i Europa har Noreg få som døyr for tidleg av luftforureining, men også i norske byar og tettstader fører luftforureining til meir sjukdom og høgare dødelegheit. 1 400 menneske er berekna å ha døydd for tidleg i Noreg i 2018 på grunn av eksponering for fint svevestøv (PM_{2,5}). Luftforureining, som nitrogendioksid og svevestøv, kan føre til eller forverre både luftvegssjukdommar og hjarte- og karlidingar. Barn, eldre og personar med luftvegssjukdommar og hjarte- og karlidingar er spesielt utsette for luftforureining.

Noreg har hatt strengare grenseverdier for svevestøv enn EU frå og med 2016. Miljødirektoratet, Statens vegvesen, Vegdirektoratet og Folkehelseinstituttet (med bidrag frå Meteorologisk institutt) kom i 2020 med ei tilråding om å skjerpe grenseverdiane for svevestøv i forureiningsforskrifta ytterlegare. Regjeringa har sendt forslaget på høyring. I høyringa blir grenseverdien for årsmiddel PM₁₀ foreslått endra frå 25 til 20 mikrogram per kubikkmeter og for årsmiddel PM_{2,5} frå 15 til 10 mikrogram per kubikkmeter. I tillegg blir det foreslått å skjerpe talet på tillatne overskridingar av døgnmiddelgrensa for PM₁₀ frå maksimalt

30 til maksimalt 25 overskridingar av 50 mikrogram per kubikkmeter. Regjeringa foreslår nye, strammare grenseverdier for svevestøv frå 1. januar 2022.

Både nasjonale og lokale styresmakter har over fleire år jobba aktivt for å betre luftkvaliteten i byar og tettstader, og nivåa av luftforureining har gått nedover. Det skjer framleis brot på grenseverdiene enkelte år. Brota er gjerne knytte til for høge nivå av svevestøv, der vegtrafikk og vedfyring er dei viktigaste lokale kjeldene. Nokre stader kan utslepp frå lokal industri gje brot. Nivåa av luftforureining blir bestemte av meteorologiske forhold, variasjon i lokale utslepp, langtransportert luftforureining og av kva slags tiltak som blir sette i verk for å forbetre luftkvaliteten frå år til år. Fleire av desse faktorane kan variere frå år til år.

Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet utarbeidd forslag til endringar i forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftkvalitet. Formålet med endringane er å auke gjennomføringsevna til aktørane og å betre etterlevinga av regelverket. Det viktigaste grepet er å forenkle og omstrukturere forskrifta for å gjere ho meir brukarvennleg. I tillegg er det mellom anna foreslått å gje statsforvaltaren ei rolle innan lokal luftkvalitet, å utvide moglegheita kommunane har til å sikre at nødvendige tiltak blir gjennomførte, og å gje Miljødirektoratet fleire styringsverktøy for å sikre at regelverket blir følgt opp. Forslaget til forskriftsendringar vart sendt på høyring i juli 2021 med høyringsfrist 1. oktober 2021.

Luftsamarbeidet, som består av Miljødirektoratet, Statens vegvesen, Meteorologisk institutt, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet, har dei siste åra utarbeidd ei rekkje tenester som gjer informasjon om luftkvalitet meir tilgjengeleg for befolkninga, og som har som mål å lette arbeidet for kommunane i arbeidet deira med lokal luftforureining. Luftvarslingstenesta Luftkvalitet i Noreg, (<https://luftkvalitet.miljodirektoratet.no>), gjev folk i heile Noreg tilgang til informasjon om luftkvaliteten der dei er, i sanntid og tre dagar fram i tid. Tenesta inneheld helseråd, og kommunane kan formidle lokal informasjon om luftkvaliteten gjennom nettsida. Tenesta er unik i europeisk skala. Ei fagbrukarteneste (<https://www.miljodirektoratet.no>) med historisk informasjon, som til dømes måledata og berekna forureiningskart, vart lansert i 2020. Det vart òg ein tiltakskalkulator (<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/tiltakskalkulator-for-luftkvalitet/>) der ein

kan teste effekten av ulike tiltak på luftkvaliteten i alle norske kommunar. Desse tenestene skal gje støtte til det arbeidet kommunane gjer med å setje inn treffsikre langsiktige tiltak for å betre luftkvaliteten. Ei teneste der ein kan hente ut utsleppstal for lokal luftforureining i høg tid- og romoppløysing, vart lansert som testversjon i 2021 (<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/luftforureining-utslippssystem-og-database/>). Denne tenesta leverer data til modellen som blir brukt i dei andre tenestene til Luftsamarbeidet, og vil òg vere nyttig for forskarar og konsulentar.

Støy

Regjeringa vil arbeide for å redusere støyplager gjennom å følgje opp krav i nasjonalt regelverk og i EU-regelverk. Miljøstyresmaktene følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt. Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for støy og ei koordinerande rolle overfor andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere støyplager. Dei ulike sektordepartementa har hovudansvaret for å sikre at støyplaga blir redusert innanfor sin samfunnssektor, og å medverke til å nå det nasjonale målet for støy.

Dei fastsette nasjonale måla for reduksjon av støyplaga blir ikkje nådde i dag. Klima- og miljødepartementet, Samferdselsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet har gjeve etatane sine i oppdrag å greie ut ein ny måleindikator for støy som legg vekt på søvnforstyrning, og å tilrå i prioritert rekkjefølgje dei mest kostnadseffektive tiltaka for å redusere støy. Utgreiinga er under oppfølging i departementa.

Forureiningsforskrifta kapittel 5 stiller krav om at anleggseigarar gjennomfører støyreduserande tiltak ved eller på bustader der innandørs støy overstig 42 dB. EUs rammedirektiv for støy er òg teke inn i forureiningsforskrifta, og i tråd med dette skal anleggseigarar og dei største bykommunane kartleggje støy og utarbeide handlingsplanar for å redusere støy.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og bygningslova er eit viktig, og kostnadseffektivt, verkemiddel for å førebyggje støyproblem og ta i vare stilla som grunnlag for friluftsliv og rekreasjon. Det er gjeve felles retningslinjer (T-1442/2021) for behandling av støy i plansaker, med vekt på dei største støykjeldene. Retningslinjene blei reviderte i 2021 for å gjere dei enklare å forstå og bruke.

Politikk for å nå dei nasjonale klimamåla

Regjeringa fører ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk som byggjer på forvaltaransvaret og føre-var-prinsippet. Regjeringa legg vekt på å styrkje Noregs konkurransekraft og skape grøn vekst og nye grønne arbeidsplassar. Det er nødvendig med ei omstilling til eit moderne, berekraftig lågutsleppssamfunn. Noreg har høg kompetanse, teknologi og tilgang på kapital som gjer det mogleg å medverke sterkt til denne omstillinga. Klimakonvensjonen og Parisavtalen legg grunnlaget for norsk klimapolitikk. Informasjon om internasjonalt klimaarbeid, inkludert Parisavtalen, finn ein i Programkategori 12.70 (Internasjonalt klimaarbeid).

Vi vil oppfylle målet vårt om 30 pst. utsleppsreduksjon i 2020 samanlikna med 1990 gjennom forpliktinga vår under Kyotoprotokollen om å redusere utsleppa med i gjennomsnitt 16 pst. i 2013–2020.

Noregs klimamål under Parisavtalen er å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. i 2030 samanlikna med nivået i 1990. Regjeringa ønskjer å oppfylle det forsterka målet saman med EU. Gjennom klimaavtalen med EU har Noreg allereie forplikta seg til å samarbeide med EU om å redusere utsleppa med minst 40 pst. innan 2030 samanlikna med 1990-nivået. Regjeringa la i 2021 fram ei melding til Stortinget om ein klimaplan for 2021–2030 om korleis regjeringa planlegg oppfylle Noregs forplikting under Parisavtalen om utsleppskutt på minst 50 pst. og opp mot 55 pst. i samarbeid med EU. Ein sentral del av planen er konkrete verkemiddel for korleis innanlandske ikkje-kvotepliktige utslepp kan reduserast med 45 pst.

Regjeringa vil følgje opp målet om at Noreg skal vere klimanøytralt frå og med 2030, og medverke til at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn i 2050. I august sette regjeringa ned eit offentleg utval som skal vise korleis Noreg kan bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Utvalet skal gjere ei heilskapleg utgreiing om vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet for 2050. Utvalet skal sjå på korleis utsleppsreduksjonar og omstillinga kan skje på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte med effektiv ressursbruk og eit konkurransedyktig næringsliv. Omstillinga må òg medverke til ei utvikling som sikrar naturmangfaldet og ei berekraftig velferdssamfunn. Utvalet skal levere sin rapport innan 1. november 2023. Sjå nærmare omtale av oppfølging av klimamåla for 2030 og 2050 og klimatilpassing i del IV.

Regjeringa vel verkemiddel ut frå kriteriet om at forureinaren skal betale, og at ein skal nå klimamåla til lågast mogleg kostnad og med størst mogleg tryggleik, og vil halde fram arbeidet med grønt skattesifte. Dei viktigaste verkemidla i norsk klimapolitikk er CO₂-avgifta og EUs kvotesystem, som set ein pris på utslepp av klimagassar. Om lag 80 pst. av dei samla norske utsleppa er omfatta av desse verkemidla. Regjeringa vil innføre flat CO₂-avgift for alle sektorar og trappe denne opp med 5 pst. årleg fram til 2025. Miljødirektoratet har ansvaret for kvotesystemet og den norske kvoterekneskapen under Kyotoprotokollen. Nærmare detaljar om CO₂-avgifta står i Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* frå Finansdepartementet.

I tillegg er andre verkemiddel viktige for å auke CO₂-opptaket og redusere klimagassutsleppa, mellom anna direkte regulering, standardar, avtalar og tilskot til utsleppsreducerande tiltak. Klimagassutsleppa er mellom anna regulerte i forureiningslova, plan- og bygningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging har mellom anna som mål at utbyggingsmønster og transportsystem skal fremje kompakte byar og tettstader og leggje til rette for klima- og miljøvennleg transport.

Regjeringa vil støtte utvikling og spreing av nullutsleppsløysingar og medverke til å skape marknader for nullutsleppsteknologi. Enova er eit viktig verkemiddel, og regjeringa har spissa Enova som klimaverkemiddel i ny fireårig styringsavtale. Enovas formål er å *medverke til å nå Noregs klimaforpliktingar og til omstillinga til lågutsleppssamfunnet*. Regjeringa set, med den nye avtalen, Enova i stand til å halde fram med å støtte omstilling til lågutsleppsteknologi i alle sektorar. Miljødirektoratet forvaltar ei tilskotsordning, Klimasats, til kommunar, fylkeskommunar og Longyearbyen lokalstyre for å redusere utslepp av klimagassar og medverke til omstilling til lågutsleppssamfunnet. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å føre vidare Klimasats-ordninga. Noregs forskingsråd har ei rekkje verkemiddel som medverkar til omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Ein stor del av innsatsen er innretta for å utvikle ny lågutsleppsteknologi, og Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Siva har både breie og tematiske ordningar som medverkar til å støtte opp om utviklinga av climateknologi.

Det er sett ambisiøse måltal for å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren. For at Noreg skal nå desse måla, må bruken av null- og

lågutsleppsløysingar i næringstransporten auke kraftig. Dette føreset tilgang på teknologisk modne løysingar i tilstrekkeleg omfang som kan takast i bruk i ulike delar av transportsektoren. Noreg er avhengig av både den globale utviklinga av kostnadseffektive null- og lågutsleppsteknologiar og eit raskt, storskala skifte til bruk av null- og lågutsleppstransport i Noreg. Norsk næringsliv har difor ei viktig rolle i å spørje etter og ta i bruk låg- og nullutsleppsteknologiar i transportsektoren etter kvart som dei blir tilgjengelege.

Regjeringa la i 2019 fram ein handlingsplan for grøn skipsfart. Handlingsplanen skal medverke til å realisere den ambisjonen regjeringa har om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030 og å stimulere til null- og lågutsleppsløysingar i alle fartøykategoriar.

I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å løyve 40 mill. kroner til forskning og utvikling på nullutsluppsløysingar for større skip som opererer over lengre strekningar. Regjeringa foreslår òg å føre vidare ordninga med øyremerkte midlar til innfasing av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale samband med ei ramme for nye tilsegner på 40 mill. kroner i 2022.

Biodrivstoff er viktig for å erstatte fossilt drivstoff og redusere utsleppa frå eksisterande køyretoy og fartøy. Frå 1. januar 2021 auka omsetningskravet for biodrivstoff til vegtrafikk til 24,5 pst. Delkravet til avansert biodrivstoff vart auka til 9 pst. Avansert biodrivstoff er framstilt av avfall og restar og aukar i utgangspunktet ikkje presset på tropisk avskoging. Eit eige omsetningskrav for 0,5 pst. avansert biodrivstoff til luftfart tok til å gjelde frå 1. januar 2020.

Regjeringa signerte i 2019 ein intensjonsavtale med organisasjonane i jordbruket om reduksjonar i klimagassutslepp og auka opptak av karbon i perioden 2021–2030. Det er etablert ei gruppe som skal skaffe eit faggrunnlag. Dette faggrunnlaget skal informere partane (Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og staten) om progresjonen og utviklinga i arbeidet med utsleppsreduksjonar og opptaket av karbon i jordbruket. Gruppa består av representantar for avtalepartane og blir leidd av LMD. Sekretariatet blir leidd av Miljødirektoratet og består i tillegg av representantar frå Landbruksdirektoratet, SSB, NMBU og NIBIO.

Klimatilpassing

Klima- og miljødepartementet har ansvar for å leggje til rette for det heilskaplege arbeidet med kli-

matilpassing i regjeringa. Miljødirektoratet har sidan 2014 vore den fagetaten som støttar Klima- og miljødepartementet i dette arbeidet og koordinerer det heilskaplege klimatilpassingsarbeidet. Midlane til klimatilpassing på Klima- og miljødepartementets budsjett blir foreslått vidareførte frå 2020 til 2021 under Miljødirektoratet. Det er sett av 6,4 mill. kroner til ei tilskotsordning for kommunar. Sjå nærmare omtale av arbeidet med klimatilpassing under del IV.

Klimaavtalen med EU

Noreg har inngått ein klimaavtale med EU. Gjennom klimaavtalen med EU har Noreg forplikta seg til å samarbeide med EU om å redusere utsleppa med minst 40 pst. innan 2030 samanlikna med utsleppsnivået i 1990. Ein slik avtale mellom Noreg og EU inneber at Noreg vil medverke til gjennomføring av utsleppsreduksjonar på 43 pst. samanlikna med 2005 innanfor EUs kvotesystem (kvotepliktig sektor). Noreg vil òg medverke til utsleppsreduksjonar i ikkje-kvotepiktig sektor, der dei samla utsleppa i EU skal kuttast med 30 pst. frå 2005 til 2030. Innsatsen som er nødvendig for å få til dette, skal fordelast mellom landa gjennom bindande utsleppsmål. Noreg har gjennom avtalen fått eit bindande mål om å redusere dei ikkje-kvoteplicative utsleppa med 40 pst. samanlikna med 2005-nivået. Gjennom EUs regelverk for skog- og arealbruk (LULUCF-forordninga) har landa ei forplikting om at utslepp ikkje skal overskride opptaket i sektoren. Forordninga inneheld reglar for korleis opptak og utslepp frå skog- og arealbrukssektoren skal reknast inn mot utsleppsforpliktinga for sektoren.

I desember 2020 melde EU inn eit forsterka klimamål under Parisavtalen. Målet er å redusere nettoutslepp med minst 55 pst. innan 2030 samanlikna med referanseåret 1990. Europakommisjonen la i juli 2021 fram ein omfattande pakke med forslag til lovverk som skal sikre at EU oppfyller det forsterka klimamålet sitt for 2030. Det må bli einigheit mellom Europakommisjonen, Europaparlamentet og Rådet før regelverket kan bli vedteke og sett i verk. Regjeringa er i gang med å vurdere Kommisjonen sine forslag til regelverk og vil medverke til regelverksutviklinga i EU. Sjå nærmare omtale av klimaavtalen med EU i del IV Klimalovrappinga.

Nærmare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på om lag 10,3 mrd. kroner i 2022. Tabellen under

syner at dette er ein auke på 5,2 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2021.

Budsjettmidlar til arbeidet med å betre kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging og for-

sking) er omtalte under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1420	Miljødirektoratet	5 123 816	6 365 688	6 771 724	6,4
1422	Miljøvennleg skipsfart	58 633	40 092	41 293	3,0
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	28 229	28 799	36 907	28,2
1424	Senter mot marin forsøpling			24 643	100,0
1425	Fisketiltak	15 106	16 060	17 043	6,1
1428	Enova SF	5 208 134	3 315 744	3 384 013	2,1
	Sum kategori 12.20	10 433 918	9 766 383	10 275 623	5,2

Kap. 1420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	725 243	720 734	725 138
21	Spesielle driftsutgifter	306 299	326 044	317 333
22	Statlege vassmiljøtiltak	259 870	240 627	274 449
23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overførast</i>	139 452	147 386	149 508
30	Statlege tileigningar, bevaring av viktige friluftslivs- område, <i>kan overførast</i>	23 753	30 167	30 891
31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	87 827	90 419	93 419
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	712	540	1 025
33	Statlege tileigningar, nytt landbasert vern, <i>kan overførast</i>	519	950	6 700
34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overførast</i>	16 099	2 053	2 256
35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overførast</i>	455 687	435 101	435 727
36	Statlege tileigningar, marint vern, <i>kan overførast</i>	2 194	6 200	1 231
37	Skogplanting, vidareføring av pilotprosjekt for stadeigne treslag, <i>kan overførast</i>	1 075	5 000	5 120
38	Restaurering av myr og anna våtmark, <i>kan overførast</i>	15 302	17 090	21 090

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	11 595	12 483	12 483
60	Tilskot for å vareta naturmangfald i kommuneplanlegging		1 000	3 026
61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overføres</i>	116 782	224 244	222 838
62	Tilskot til grøn skipsfart, <i>kan overføres</i>		13 820	87 157
63	Returordning for kasserte fritidsbåtar		1 000	700
64	Skrantesjueprøver frå fallvilt	843	1 200	1 200
65	Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold	20 560	20 560	20 560
66	Tilskot til kommunar for å betre tilgangen til strandsona langs Oslofjorden			3 000
69	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	63 931	92 962	125 962
70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overføres</i>	40 390	42 792	47 905
71	Marin forsøpling, <i>kan overføres</i>	60 031	70 290	50 290
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	131 834	145 885	144 548
73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overføres</i>	74 823	80 426	79 575
74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	1 434 653	2 567 000	2 800 000
75	Utbetaling for vrakpant og tilskot til kjøretøy og fritidsbåtar, <i>overslagsløyving</i>	513 230	534 000	528 000
76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	175 570	141 000	175 500
77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	19 716	16 416	16 843
78	Friluftsførmål, <i>kan overføres</i>	208 661	177 776	181 798
79	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	885	450	450
81	Naturarv og kulturlandskap, <i>kan overføres</i>	66 771	67 933	69 527
82	Tilskot til trua artar og naturtypar, <i>kan overføres</i>	45 507	42 806	43 919
83	Tilskot til tiltak mot framande artar, <i>kan overføres</i>	17 185	4 000	4 104
84	Internasjonalt samarbeid	5 460	5 508	5 651
85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overføres</i>	81 357	79 826	82 801
Sum kap. 1420		5 123 816	6 365 688	6 771 724

Midlane under budsjettkapittelet er retta mot alle resultatområde med unntak for resultatområda Kulturminne og kulturmiljø og for Polarområda.

Miljødirektoratets rolle og oppgåver

Miljødirektoratet er Klima- og miljødepartementets sentrale rådgjevande og utøvande fagorgan

innan klima, naturforvaltning, forureining og friluftsliv. Hovudoppgåvene er å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfaldet og sikre den naturlege produksjonsevna, hindre forureining og leggje til rette for friluftsliv. Dette inneber mellom anna å leggje til rette for å ta vare på naturen, berekraftig bruk og verdiskaping.

Omsynet til miljø og berekraftig utvikling og dei nasjonale miljømåla gjev hovudramma for arbeidet i Miljødirektoratet. Funksjonane til etaten er å skaffe og formidle miljøinformasjon, utøve forvaltningsmynde, styre og rettleie regionalt og kommunalt nivå, gje faglege råd og delta i internasjonalt miljøarbeid. Direktoratet har eit sektorovergripande ansvar i alle funksjonane.

Arbeidet som Miljødirektoratet utfører, er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal klima- og miljøpolitikk og å få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

På klimaområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med tiltaksanalysar for reduksjon i klimagassutslepp, utvikling og rapportering av klimagassrekneskapan til FN, utvikling og rapportering av klimagassrekneskapan for kommunar, utsleppsreduksjon og omstilling til lågutslepps-samfunnet i kommunar og fylkeskommunar, overvaking av klimaendringar og verknader av klimaendringar på naturmangfaldet. Direktoratet deltek i dei internasjonale forhandlingane under klimakonvensjonen, særleg med spørsmål knytte til utsleppsrapportering, kvoteregisteret, forskning og overvaking. Vidare er direktoratet Noregs nasjonale kontaktpunkt for FNs klimapanel og koordinerer alle prosessar knytte til arbeidet klimapanelet gjer.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å leggje til rette for det heilskaplege arbeidet til regjeringa med klimatilpassing, og Miljødirektoratet er fagetaten til departementet på dette området. Direktoratet hjelper departementet i oppfølginga av stortingsmeldinga om klimatilpassing, medverkar til at arbeidet til regjeringa på området blir følgt opp av forvaltninga og i samfunnet, og støttar departementet i det internasjonale arbeidet med klimatilpassing under dette i klimaforhandlingane.

På naturforvaltningsområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med å sikre ei kunnskapsbasert forvaltning der økosystema har god tilstand og leverer økosystemtenester, etablering og forvaltning av verneområde og forvaltning av trua artar og naturtypar, under dette etablering og forvaltning av prioriterte artar og utvalde naturtypar. Andre viktige oppgåver er forvaltning av rovvilt, vassforvaltning, heilskapleg havforvaltning, marin

naturforvaltning og forvaltning av villaks, innlandsfisk og villrein. Miljødirektoratet er òg fagestat for viltartar, både haustbart og ikkje-haustbart vilt. Haustbart vilt blir styrt frå Landbruks- og matdepartementet etter at dette ansvaret vart flytta dit i 2018. På same måten som på klimaområdet deltek etaten i dei internasjonale forhandlingane under Konvensjon om biologisk mangfold. Direktoratet er Noregs nasjonale kontaktpunkt for Det internasjonale naturpanelet (IPBES) og koordinerer alle prosessar knytte til Naturpanelets arbeid. Ei teknisk støtteining for kapasitetsbygging er etablert i Miljødirektoratet.

Etaten medverkar vidare til at det blir teke omsyn til langsiktig disponering av naturressursane i arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Statens naturoppsyn er ein del av Miljødirektoratet og har med heimel i lov om statleg naturoppsyn ansvar for å føre tilsyn med naturtilstanden, ha oppsyn med at reglane i miljølovgevinga blir følgde, og avdekkje og førebyggje miljøkriminalitet. Statens naturoppsyn er òg kompetansemiljø for gjennomføring av skjøtsels- og tilretteleggings-tiltak i verneområda.

Tilrettelegging for friluftsliv, motivering av befolkninga til å drive med friluftsliv og sikring og forvaltning av friluftslivsområde er òg viktige oppgåver for Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet samordnar det sektorovergripande arbeidet på forureiningsområdet og samarbeider med sektorane om faktagrunnlag, analysar og vidareutvikling av tiltak og verkemiddel. Viktige oppgåver på forureiningsområdet er arbeidet med å redusere marin forsøpling og mikroplast, redusere og førebyggje bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, reinske opp i forureina sjøbotn og forureina grunn, hindre forureining i vassdrag og langs kysten, førebyggje og hindre oljeforureining, redusere luftforureiningar og auke ressursutnyttinga og redusere miljøproblemet frå avfall. Direktoratet er aktivt involvert i internasjonalt samarbeid på desse områda. Etaten har vidare ansvar for å gjennomføre risikobaserte tilsyn.

Miljødirektoratet har rolla som nasjonalt samordningsorgan for miljødata og ansvar for å samle miljødata på tvers av sektorar til Miljøstatus.no. Miljødirektoratet har brei oversikt over naturtilstand og forureining i Noreg og formidlar dette til resten av miljøforvaltninga, andre sektorar og allmenta mellom anna gjennom Miljøstatus.no.

Etaten har òg fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavingane hos statsforvaltarane.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til verksemda ved Miljødirektoratets to hovudkontor i Trondheim og Oslo og dei lokale kontora til Statens naturoppsyn rundt omkring i landet. Meir spesifikt dekkjer posten lønn til fast og mellomtids tilsette, husleige, reiser, IKT-utgifter, informasjon, formidling og drift av miljøinformasjonssystem og ulike nettstader. Posten dekkjer òg drift av CO₂-kompensasjonsordninga og Klimasatsordninga. For ei vidare utgreiing om kva slags formål løyvinga går til, viser vi til omtalen under «Miljødirektoratets rolle og oppgåver» over. Utgifter knytte til felles administrative tenester i miljøforvaltninga og oppdrag som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog, er dekte av posten. Inntektene for desse er førte under kap. 4420 post 01.

Posten er samla sett auka med 4,4 mill. kroner til ei løyving på 725,1 mill. kroner.

Posten har fått 17,6 mill. kroner til å dekkje kostnadene ved lønnsoppgjering i staten i 2021 og i tillegg ei prisjustering på 3,7 mill. kroner. Det er flytta 1 mill. kroner frå post 21 til saksbehandling og drift av Klimasatsordninga. Det er flytta 0,6 mill. kroner frå post 85 for å dekkje kostnader ved autorisering og reautorisering av besøkssenter og gjennomføring av nettverkssamling for desse. I tillegg er det flytta 0,1 mill. kroner frå post 23 til kostnader knytte til merkjepliktig vilt og kontroll av naturforvaltningsvilkår i saker om vasskraftkonsesjonar. Tilhøyrande inntekter ligg under kap. 4420 post 01.

Løyvinga under posten er redusert med 12,8 mill. kroner grunna ny premiemodell for betaling av pensjonspremie og med 2,2 mill. kroner grunna gevinstuttak på grunn av forventna lågare reiseutgifter, sjå nærmare omtale under del I kap 3. Posten er redusert med 3,6 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektivitetsreforma.

Av løyvinga er 1,2 mill. kroner finansierte av fiskaravgifter som blir inntektsførte i Statens fiskefond. Fondet overfører midlar til inntektssida i statsbudsjettet over kap. 5578 post 72. Midlane dekkjer Miljødirektoratets utgifter knytte til forvaltning av tilskotsordningar for fisketiltak under kap. 1425 post 70.

På same viset er 3,281 mill. kroner av løyvinga finansierte av jeger- og fellingsavgifter som blir inntektsførte i Viltfondet. Viltfondet overfører midlar til inntektssida i statsbudsjettet over kap.

5576 post 72 under Landbruks- og matdepartementet. Midlane dekkjer utgifter knytte til Miljødirektoratets forvaltning av tilskotsordningar for vilttiltak under kap. 1140 post 71.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 4420 post 01.

Rapport 2020

Av rekneskapsførte utgifter i 2020 vart om lag 80 pst. nytta til lønn. Resten gjekk til husleige, energi, drift og vedlikehald av IKT, reiseutgifter og kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten finansierer tiltaksretta forvaltningsoppgåver innanfor resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten finansierer fleire av oppgåvene direktoratet har innan klima. Dette gjeld til dømes arbeid knytt til FN's klimapanel (IPCC), utvikling og drift av utsleppsrekneskapskapen for klimagassar og langttransportert luftforureining, utgreiing for å støtte etaten i arbeidet med tiltak mot klimagassutslepp og kortliva klimadrivarar, restaurering av våtmark, utvikling av verktøy for lokal klima- og energiplanlegging og utvikling av verktøy for å rekne ut lokal luftkvalitet. Posten dekkjer òg finansiering av ulike oppgåver innan klimatilpassing og Klimasatsordninga, til dømes satsing på innføring av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar, støtte til Klimaservicesenteret og andre tiltak for auka kunnskap og kompetanse.

Posten dekkjer kostnader med prosess og utgreiingar for gjennomføring av vern som Stortinget har slutta seg til, inkludert delar av utgiftene hos aktuelle statsforvaltarar. I tillegg dekkjer posten kostnader til nasjonalparkstyre og tilsynsutval, utarbeiding av forvaltningsplanar, planarbeid ved restaurering av myr og våtmark, uttak av framande treslag i verneområde og innføringa av merkevare- og besøksstrategi for nasjonalparkane og andre verneområde.

Ein del av tenestekjøp av oppsynsoppgåver som Statens naturoppsyn gjer hos fjellstyra, blir dekte over posten. Miljødirektoratet vil, som i tidlegare år, kjøpe slike tenester etter behov og tilgjengeleg budsjetttramme.

Posten dekkjer òg ymse utgifter knytte til nasjonal koordinering av Skjærgårdstjenesten og utgifter knytte til arbeidet med prosjektet Friluftslivets ferdselsårer.

I samband med forvaltning av rovvilt dekkjer posten drift av dei regionale rovviltneimndene og

sekretariata. Posten dekkjer òg midlar til tenestekjøp og forskingsaktivitet i regi av direktoratet og rovviltneemdene.

Posten dekkjer utarbeiding og oppfølging av avgjerdsgrunnlag og handlingsplanar for trua artar og naturtypar. Midlane blir òg nytta til tenestekjøp av kompetanse knytt til identifisering, søk og gjennomføring av tiltak for å ta vare på trua artar og naturtypar. Slike tiltak kan til dømes vere aktiv skjøtsel, restaurering, biotopforberande tiltak og fjerning av framande skadelege organismar. Dette høyrer nær saman med arbeidet med å følgje opp oppfølgingsplanen for å ta vare på ei rekkje kritisk og sterkt trua ansvarsartar og trua naturtypar. Etablering av eit nasjonalt overvåkingsprogram for insekt, inkludert pollinerande insekt, blir dekt av posten. Posten dekkjer vidare tenestekjøp knytte til Naturindeks for Noreg og tenestekjøp knytte til etablering av klassifiseringsystem for økologisk tilstand og gjennomføring av klassifisering av økologisk tilstand.

Fagsystem for nasjonal styring og rapportering og driftsutgiftene til direktoratet i oppfølginga av internasjonale konvensjonar blir òg dekte av posten.

Avtalen med Vitskapskomiteen for mat og miljø om risikovurderingar knytte til framande organismar, genmodifiserte organismar, internasjonal handel med trua artar og mikroorganismar blir òg dekt over posten.

Posten blir brukt til kjøp av spisskompetanse for å vurdere helse- og miljøfare ved stoff som Noreg foreslår for reguleringar i EU og globalt. Han blir òg brukt til å få fram betre kunnskap om ulike kjelder til spreining av miljøgifter som eit ledd i å nå dei nasjonale måla på miljøgiftområdet og til å sikre eit brukarvennleg elektronisk system for deklarerer av kjemikaliar til Produktregisteret.

På avfallsområdet dekkjer posten utgifter til utgreiningar og til å utvikle og drifte refusjonssystemet for spillolje. Vidare dekkjer posten utgifter direktoratet eventuelt får ved å måtte fjerne eigarlaus farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu, farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, eller andre typar avfall som må fjernast raskt, til dømes som følgje av luktproblem, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Posten er samla sett redusert med 8,7 mill. kroner, og foreslått løyving er 317,3 mill. kroner.

Til posten er det lagt inn ei prisjustering på 8,2 mill. kroner, 1 mill. kroner til oppfølging av tiltaksplan for ville pollinerande insekt og 2 mill. kroner til utgreiingsoppdrag knytte til arbeidet med plast og innsatsen for å redusere marin forsøpling. Det er vidare flytta 0,6 mill. kroner frå post 78 for å dekkje kostnader knytte til friluftslivsstatistikk.

Av omsyn til det samla budsjettopplegget har regjeringa redusert posten med 10,6 mill. kroner. Dette vil føre til ein viss reduksjon i utgreingar og andre forvaltningstiltak. Det vil i prosessen med utarbeiding av tildelingsbrev til Miljødirektoratet bli teke stilling til kva slags utgreingar og andre forvaltningstiltak som blir reduserte.

Det er flytta 3 mill. kroner til post 31. Desse midlane vart flytta andre vegen i 2019 til administrasjon av eit treårig prosjekt som no er ferdig, med fjerning av framande treslag i Vestland. Vidare er posten redusert med 1,6 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektivitetsreforma. Det er teke ut 1,3 mill. kroner som i 2021-budsjettet vart lagt inn til oppgåver innan naturmangfald, og 1,3 mill. kroner som har vore avsette til etablering av felles arkiv for miljøforvaltninga. Midlane er flytta til vernepostane for å møte venta utbetalingar i erstatningssaker. Frå posten er det flytta 1 mill. kroner til post 01, øyremerkt arbeidet med Klimasats, og av prosessmidlane til marint vern er det teke ut 1 mill. kroner. Løyvinga er redusert med 0,7 mill. kroner som følgje av at pensjonspremien det er forventa at direktoratet skal betale til Statens pensjonskasse, er redusert, inklusive arbeidsgjevaravgifta av premien. Sjå nærmare omtale under del I kap. 3.

Rapport 2020

Midlane på posten vart i 2020 nytta til tiltak knytte til forvaltning av nasjonalparkar og andre verneområde, kamp mot framande artar, forvaltning av trua artar, utvalde naturtypar og rovvilt. Midlane vart vidare nytta til å starte arbeidet med første klassifisering av økologisk tilstand for utvalde økosystem, å oppdatere naturindeksen for Noreg og arbeid knytt til klima og forureining.

Ein del av midlane er òg nytta til kjøp av naturoppsynstenester. Vel ein tredel av løyvinga på posten vart fordelt vidare til statsforvaltarane til bruk i dei enkelte fylka.

Post 22 Statlege vassmiljøtiltak

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
22.1	Kalking	259 870	72 483	73 936
22.2	Anadrome laksefisk		106 781	133 446
22.3	Generell vassforvaltning		61 363	67 067
	Sum post 22	259 870	240 627	274 449

Midlane under posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald.

Posten dekkjer ulike vassmiljøtiltak som ikkje er tilskot, inkludert midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk (laks, sjøaure og sjørøye) og heilskapleg vassforvaltning. Tilskot til dei same formåla blir dekte over post 70.

Underpost 1 dekkjer tiltak som er omtalte i revidert handlingsplan for kalking for perioden 2021–2026: kalking i laksevassdrag, innsjøar og bekker.

Underpost 2 dekkjer tiltak, forskning og utvikling knytte til forvaltning av anadrom laksefisk, inkludert tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* og bevaring i genbank.

Underpost 3 dekkjer midlar til heilskapleg vassforvaltning etter vassforskrifta og anna arbeid med generell vassforvaltning. Underposten skal framleis dekkje tiltak knytte til storaure og krypsiv. Frå denne posten blir det òg fordelt midlar til vassregionstyresmaktene og arbeidet i vassområda.

Foreslått løyving er på 274,4 mill. kroner, ein auke på 33,8 mill. kroner. Underpost 2 er auka med 15,3 mill. kroner til tiltak mot pukcellaks. Vidare er det lagt inn 9 mill. kroner til ein storaksjon for å fjerne lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* frå Driva-vassdraget.

På underpost 3 er det lagt inn 5,5 mill. kroner til oppfølging av den heilskapelege tiltaksplanen for Oslofjorden.

Frå posten er det flytta 1 mill. kroner til kap. 1410 post 21 for å samle midlar til økosystemovervaking i store innsjøar på éin post. Posten er auka som følgje av prisjustering med 6,2 mill. kroner og er blitt redusert med 1,2 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektivitetsreforma.

Rapport 2020

Miljødirektoratet og statsforvaltaren brukte 260 mill. kroner til ulike statlege vassmiljøtiltak i 2020. Om lag 30 pst. av midlane har vore nytta til kalking av vassdrag. Om lag 50 pst. har vore nytta til forvaltning av og tiltak for å ta vare på anadrom laksefisk, inkludert tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Om lag 20 pst. av midlane er nytta til generell vassforvaltning.

Kalking

Kalking av forsura laksevassdrag og kalking av forsura innsjøar og bekker (innlandsvassdrag) er gjennomført i tråd med Handlingsplan for vassdrag for 2016–2021, og 23 lakseførande elvar er kalka. Vidare er det lagt til rette for oppstart av kalking i eit nytt vassdrag, Otravassdraget. Kalkingsaktiviteten er tilpassa forsuringforholda (optimalisering), ein sentral del av arbeidet for å gjere kalkinga så målretta og effektiv som mogleg.

I dei elvane der laksen har gått tapt på grunn av sur nedbør, er det etablert nye laksestammar. Det har vore godt laksefiske i mange av dei kalka elvane, med ein årleg totalfangst på 40–60 tonn (12–15 pst. av all laks fanga i norske elvar).

Enno er om lag 8 pst. av arealet i Noreg skadd av forsuring, og fram mot 2030 er det berre venta små betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i Noreg må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa ned med meir enn målsetjingane i Göteborgprotokollen.

Anadrom laksefisk

Eit avgrensa forsøk med klor som tiltak mot *Gyrodactylus salaris* vart gjennomført etter planen. Forsøket var svært vellykka og gav resultat over det

som var venta. Det vil bli arbeidd vidare med å utvikle klormetoden. Drifta av fiskesperra i Driva, mellom anna oppflytting av sjøaure, held fram. Førebuing av tiltak mot lakseparasitten i Drammensregionen vart gjennomført etter planen. Genbankarbeidet er framleis omfattande som følgje av at historisk mange bestandar er tekne vare på og under reetablering i vente på, eller etter, nedkjempingstiltak mot *Gyrodactylus salaris*. Etablering og drift av genbank for laksefisk frå Hardanger har i hovudsak gått som planlagt. Løyvinga er òg brukt til arbeidet med å følgje opp ny avtale om forvaltning av Tanavassdraget. Innsatsen på bestandsovervaking av villaks var stabil, og eit opplegg for særskild overvaking for sjøaure er utvikla vidare. Det vart i Prop. 127 S (2019–2020) om økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet (covid-19-pandemien), jf. Innst. 360 S (2019–2020), gjeve ekstraløyving som er brukt til opprusting av genbankstasjonar og bygging av fisketrapp i Nausta.

Generell vassforvaltning

Den viktigaste milepålen for vassforvaltninga i 2020 var ferdigstillinga av forslag til oppdaterte regionale vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram, som er på høyring i 2021.

Gjennom overvaking vart kunnskapsgrunnlaget for vassforvaltninga og utviklinga av klassifiseringssystemet for ferskvatn og kystvatn vidareførte. Ei samanstilling av kunnskapsgrunnlaget om tilstanden og utviklinga i utvalde jordbrukspåverka vassdrag vil danne grunnlag for vidare arbeid med eutrofi-problematikken. Eutrofi skjer når næring frå menneskeleg aktivitet, som frå jordbruket, renn ut i bekker og anna vatn med til dømes regnvatnet og endrar næringsinnhaldet og dermed levekåra der. Restaurering av vassdrag er eit nytt satsingsområde i 2020 i forkant av FN's tiår for restaurering av natur. Målet med satsinga er å auke mengda restaurerte vassførekomstar, kunnskaps- og erfaringsutveksling og sikre nødvendig samarbeid og koordinering av restaureringa av vassdrag. Forslag til ein strategisk plan for restaurering av vassdrag for perioden 2021–2030 er utarbeida.

Løyvinga er òg brukt til å utarbeide forslag til forvaltningsstrategi knytt til storauretiltak og tiltak og innhenting av kunnskap knytt til krypsiv.

Post 23 Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, kan overførast

Løyvinga er knytt til utgifter som direktoratet har ved gebyrfinansiert verksemd, og til utgifter ved oppdrag finansierte frå andre instansar. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Forureining og Klima.

Posten er samla sett auka med 2,7 mill. kroner til 149,5 mill. kroner.

Posten er auka som følgje av prisjustering med 3,8 mill. kroner og redusert med 0,7 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektivitetsreforma. Posten er redusert med 0,3 mill. kroner grunna netto endringar under korresponderande inntektspostar på kap. 4420. I tillegg er det flytta 0,1 mill. kroner til post 01, jf. nærmare omtale under denne.

Med heimel i fleire forskrifter utfører direktoratet oppgåver som er gebyrfinansierte i samsvar med prinsippet om at forureinaren betaler. Inntektene til desse gebyra er førte under kap. 4420 post 04.

På same viset utfører statsforvaltarane oppgåver i samband med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova. Gebyrinntekter for dette arbeidet er førte under kap. 4420 post 06. Inntektene blir tilbakeførte til statsforvaltarane.

Til utgiftene ved kontroll og verifisering av kvotepliktige verksemd er det i samsvar med EUs reglar knytte gebyr som er førte under kap. 4420 post 07.

Arbeid i samband med gebyrrelatert verksemd på naturforvaltningsområdet har tidlegare vore budsjettert under posten, men denne kostnaden vil frå 2022 bli ført under kap. 1420 post 01.

Posten dekkjer òg utgifter ved internasjonale oppdrag som direktoratet får refunderte over kap. 4420 post 09, hovudsakleg frå andre statsinstansar.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4420 postane 04, 06 og 09, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2020

Om lag 5,3 mill. kroner av midlane vart i 2020 nytta av fylkesmennene, i hovudsak knytt til gebyrfinansierte tiltak på forureiningsområdet. Utgifter til internasjonal verksemd var om lag 42 mill. kroner. Ein vesentleg del av desse vart nytta til lønn og direkte kostnader. Resten av midlane på posten vart nytta til lønn og driftskostnader knytte til dei ulike gebyrordningane.

Post 30 Statlege tileigningar, bevaring av viktige friluftslivsområde, kan overførast

Midlane på posten er retta mot resultatområdet Friluftsliv. Midlane blir nytta til å bevare viktige friluftslivsområde, anten ved offentleg erverv eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale med grunneigar). Foreslått løyving er på 30,9 mill. kroner, ein auke på 0,7 mill. kroner grunna prisjustering.

Kommunane og dei interkommunale friluftsråda kan søkje Miljødirektoratet om økonomisk medverknad til å bevare viktige friluftslivsområde gjennom sikring. Miljødirektoratet kan òg i samarbeid med kommunane overta friluftslivsareal frå andre statlege etatar som ikkje lenger har behov for desse i verksemda si. I tillegg kan kommunale friluftsområde vederlagsfritt gjerast om til sikra friluftslivsområde. Slike område blir tinglyste som sikra friluftslivsområde.

Midlane på posten kan òg nyttast til grunnleggjande istandsetjingstiltak i samband med at nye område blir sikra. Midlane på posten kan òg nyttast til istandsetjing av statleg eigde bygningar på dei sikra områda, inkludert utarbeiding av forvaltningsplanar og istandsetjing av freda og verna bygningar på sikra område.

For friluftsområde med nasjonal og regional bruk kan staten medverke med inntil 100 pst. av kostnadene, og for område med i hovudsak lokal bruk kan staten medverke med inntil 50 pst. av kostnadene. Område som er prioriterte i arbeidet med å bevare viktige friluftslivsområde, er friluftsområde i og ved bustadtette område, inkludert område i nærmiljøet, landfaste område i kystsona som har lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala, og sentrale område ved innlandsvassdrag.

Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak frå dette er bygningar som anten skal rivast eller nyttast i friluftslivssamanheng i området.

Hovudregelen er at staten ikkje skal bli eigar av nye område som blir sikra. Unntak frå dette kan vere friluftslivsareal som blir overtekne frå andre statlege etatar som ikkje lenger har behov for desse i verksemda si, og som med dette blir sikra friluftslivsområde.

Midlane på posten kan òg dekkje utgifter knytte til dei sikra områda, til dømes grenseopp-gangar, frådelingar og tinglysingar. Investeringsmidlane blir utbetalte når Miljødirektoratet har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført, og at vilkåra til staten er oppfylte.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 55 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2020

Det vart sikra 36 nye friluftslivsområde gjennom statleg medverknad med midlar frå posten i 2020. To tredelar av områda kan definerast som nærområde til bustadområde. Områda som vart sikra i 2020, ligg i sju ulike fylke (etter samanslåing av fylka). Dei siste åra er det i langt større grad enn tidlegare blitt sikra friluftslivsområde nær bustadområde. Desse områda har jamt over høgare sikringskostnader enn område utanfor bustadområda. Både kommunar og interkommunale friluftsråd har initiert sikringsprosessane og vil stå for vidare drift og tilsyn i områda framover.

I tillegg til gjennomført sikring søkte kommunar og friluftsråd om statleg medverknad til å sikre nye område, og 53 nye område vart innvilga i 2020. Kommunane og friluftsråda arbeider no med å gjennomføre sikring av desse områda og med tilrettelegging av areala.

Post 31 Tiltak i verneområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og andre typar tiltak i og i nær tilknytning til verneområde. Midlane går til tiltak som er nødvendige for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er nødvendige før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stiar, klopping og merking for å betre tilgjengelet i verneområda, men samstundes styre ferdselen i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane blir vidare nytta til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltnings- eller skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten blir òg nytta til båtinvesteringar for Statens naturoppsyn. På grunn av alder og slitasje har Statens naturoppsyn behov for utskifting og fornying av båtar for å tilfredsstille krav til eigen tryggleik og stabil drift. Til materiellbestillingar (hovudsakleg båtkjøp) er det behov for ei bestillingsfullmakt på 8 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Posten er auka med 3 mill. kroner til 93,4 mill. kroner. Auken kjem av at det er flytta 3 mill. kro-

ner frå post 21. Midlane vart flytta andre vegen i 2019 til administrasjon av eit treårig pilotprosjekt med fjerning av framande treslag. Piloten blir avslutta i 2021, og arbeidet går over i ordinær driftsfase.

Rapport 2020

Midlane er brukte til tiltak og investeringar for å ta vare på og halde ved lag verneverdiane i verneområde over heile landet. Mange hundre tilretteleggings- og informasjonstiltak vart gjennomførte i 2020, mellom anna opparbeiding av stiar, klopning og merking for å betre tilgjenge til verneområda og samstundes styre ferdselen i og rundt sårbar natur. Tiltak i verneområde der verneverdiane er trua, blir prioriterte.

Framande artar er ein av dei største truslane mot verneverdiane. Det treårige pilotprosjektet for uttak av framande treslag i verneområda (2019–2021) har så langt gjeve gode resultat. Vi har i 2020 fått rydda ulike naturtypar for framande treslag, mellom anna edellauvskog og kystlynghei, slik at desse områda på noko sikt får att det naturlege artsmangfaldet. Dei mange og til dels omfattande hogstane har òg gjeve verdifulle erfaringar om val og bruk av ulike metodar i arbeidet, mellom anna bruk av taubane og lekter. Blant mange hogstar vart det som døme i 2020 gjennomført større uttak i Åsane naturreservat i Vestland, i Brenslfjellet naturreservat i Møre og Romsdal og i Oksøy-Ryvingen landskapsverneområde i Agder. Statsforvaltaren jobba i 2020 fram regionale rammeavtalar for arbeidet og knytte til seg kunnige og erfarne entreprenørar.

Som ei følgje av covid-19-pandemien fekk fleire av verneområda meir besøk i 2020 enn tidlegare år. God informasjon og tilrettelegging for publikum i område som toler besøk, er særskild viktig, og tilrettelegging ved innfallsporten til Forollhogna nasjonalpark kan stå som eit døme på eit slikt tiltak.

Merkevara Noregs nasjonalparker blir nytta i stadig aukande grad, ettersom mange nasjonalparker og andre verneområde no har ferdige besøksstrategiar.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald.

Posten dekkjer utgifter til gjennomføringa av planen for fylkesvise tematiske verneplanar, slik det er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81)

Vern av norsk natur, og einiskilde tilleggsområde. Desse er alle ferdig verna, sett bort frå nokre få som ikkje er gjennomførte grunna avveging mot andre interesser. Av dei som er verna, står det att erstatningsoppgjær for nokre få. Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtalar eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på posten dekkje andre kostnader som er direkte knytte til etableringa av dei konkrete verneområda.

Posten er auka med 0,5 mill. kroner til 1 mill. kroner grunna venta erstatningsutbetalingar. Det er behov for ei bestillingsfullmakt på 0,4 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2020

I 2020 var hovudtyngda av utbetalingar over posten knytt til erstatningsoppgjæret for Gaulosen naturreservat i Trøndelag, grensemerking og kostnader for områda i verneplan for Tyrifjorden og grensemerking av einiskildområde, mellom anna i Vestland fylke.

Post 33 Statlege tileigningar, nytt landbasert vern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald og omfattar alt nytt landbasert vern som ikkje er skogvern.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nytt landbasert vern utover det som er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81) *Vern av norsk natur* og St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Posten skal òg dekkje utgifter til bevaring av verdifull natur (omtalt som supplerande vern i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*).

På posten blir det ført utgifter i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtalar eller ved rettslege skjønn. Posten kan òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar.

Forutan erstatning og kjøp av område skal midlane på posten dekkje andre kostnader som er direkte knytte til etableringa av dei konkrete verneområda, inkludert registrering og vurdering av verneverdiar.

Utviding av Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark m.m. vart gjennomført i 2020. Utgiftene i samband med vernet vil i hovudsak komme etter 2021.

Posten er auka med 5,8 mill. kroner til 6,7 mill. kroner for å dekkje venta utbetalingar i 2022. Størstedelen av auken er gjort mogleg ved flytting av midlar frå post 36.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt på 5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2020

I 2020 var hovudtyngda av utbetalingar over posten knytt til erstatningar, kostnader og grensemerking i nasjonalparkane Raet og Jomfruland.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparkar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald.

Posten dekkjer utgifter til gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*, og einskilde tilleggsområde, i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Områda i planen er alle ferdig verna, sett bort frå nokre få som ikkje er gjennomførte grunna avveging mot andre interesser. Av dei som er verna, står det att erstatningsoppgjær for nokre få. Posten kan òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Erstatningar blir i hovudsak fastsette ved minnelege avtalar. Nokre få saker går til rettsleg skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på posten dekkje andre kostnader som er direkte knytte til etableringa av dei konkrete verneområda i nasjonalparkplanen.

Løyving er auka med 0,2 mill. kroner til 2,3 mill. kroner grunna venta erstatningsutbetalingar.

Rapport 2020

Det vart ikkje gjennomført vern av nye nasjonalparkar i 2020. Hovudtyngda av utbetalingar i 2020

var knytt til erstatningsoppgjæret for dei tidlegare verna nasjonalparkane Dovrefjell-Sunndalsfjella og Reinheimen med tilgrensande landskapsvern-område o.a.

Post 35 Statlege tileigningar, skogvern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv. Foreslått løyving er på 435,7 mill. kroner, omtrent som for 2021.

Posten dekkjer utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova og markalova, jf. erstatningsreglane i lovene. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettslege skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova og markalova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtaking av innkjøpte eigedommar, erstatningsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, grensemerking og utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene.

For å følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak om vern av skog på Statskog SFs areal og sikre god framdrift i skogvernet er det behov for ei bestillingsfullmakt på 351,3 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2020

Hovudtyngda av utbetalingane er knytt til erstatningar i samband med frivillig vern av skog, der 385,6 mill. kroner er utbetalte i erstatningar og vederlag. Det er òg utbetalt om lag 7,4 mill. kroner i erstatning for vern på grunn som Statskog SF eig.

Post 36 Statlege tileigningar, marint vern, kan overførast

Posten er knytt til resultatområdet Naturmangfald og omfattar marint vern.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av marint vern som omtalt i St.meld. nr. 43 (1998–1999) *Vern og bruk i kystsona*, Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*, Meld. St. 20 (2019–2020) *Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havom-*

rådene og Meld. St. 29 (2020–2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur*.

På posten blir det ført utgifter i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og retts-havarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtalar eller ved rettslege skjønn. Posten kan òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp av område skal midlane på posten dekkje andre lovpålagde kostnader som er knytte til etablering av dei konkrete verneområda, inkludert registrering og vurdering av verneverdiar. Posten dekkjer òg utgifter til konsekvensutgreiing, og kan vidare nyttast til kartlegging som grunnlag for forvaltning av område. Foreslått løyving er på 1,3 mill. kroner på posten for 2022. Posten er redusert med 5,1 mill. kroner som er flytt til kap. 1420 post 33.

Verneprosessane for Ytre Hardangerfjord, Krossfjorden, Børgin, Rauerfjorden, Kråkvåg-Bjugn fjorden (tidlegare omtalt som Grandefjæra) og Lophavet er venta fullførte i 2021. For desse områda er utgiftene venta å komme etter 2021. Det er planlagt vernevedtak for områda Dalsfjorden, Stadt, Giske, Griphølen, Remman og transekt frå Andfjorden i 2022. Vernevedtak for dei resterande områda er planlagde i 2023 eller seinare.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt på 2,8 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2020

Vernevedtak vart gjorde i 2020 for områda Innervisten, Nordfjorden, Karlsøyfjorden, Kaldvåg fjorden og Innhavet, Ytre Karlsøy, Rossfjordstrau- men, Rystraumen, Lurefjorden og Lindåsosane og Skarnsundet. Hovudtyngda av utbetalingar på posten var knytt til konsekvensutgreiingar for del- område i marin verneplan (kandidatområda Griphølen, Remman og Andfjorden). Dette er nødvendig for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjerda om oppretting av verneområde.

Post 37 Skogplanting, vidareføring av pilotprosjekt for stadeigne treslag, kan overførast

Pilotordninga for skogplanting er avslutta, og sluttrapport vart levert til Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet våren

2019. Etter avtalar mellom grunneigarar og kom- munar skal kostnader til etterarbeid på skogplan- tingsfelt inntil fem år frå tidspunktet for planting dekkjast av prosjektet. Forslag til løyving på pos- ten er på same nivå som i 2021. Midlane går til vidareføring av pilotprosjekt for stadeigne treslag. Det er avgjerande å gjennomføre ein effektiv og målretta skogpolitikk for å auke karbonbindinga i Noreg og å utvikle stadeigen skog og drive fram fleire skogplantar av lauvskog også for klimatil- passing og for å ta i vare artsmangfald betre i eit klima i endring. I tillegg til skogplanting og påsko- ging hos private skogeigarar er det viktig å gjere arealkartlegging og utvikle samarbeidet med planteskular og aktørar innan planteproduksjon.

Rapport 2020

Pilotordninga for skogplanting var i gang i perio- den 2015–2018 og hadde ei årleg finansiering på 15 mill. kroner i 3 år. Dei første åra var det lagt vekt på å utarbeide rettleiingsmateriale for plan- ting i pilotfasen, å kartleggje areal for planting og å setje plantar i produksjon. Dei første plantefelta vart realiserte i 2016. I 2017 var det i hovudsak planting i pilotfylka, og frå sentralt hald vart det prioritert å etablere rutinar for saksbehandling i pilotfylka og å planleggje intern og ekstern evalue- ring av ordninga. I 2018 vart pilotordninga avslutta i pilotfylka. Alle fylka leverte sluttrapport frå pilotfasen, og dei siste trea vart planta ut haus- ten 2018. Miljødirektoratet og Landbruksdirekto- ratet har arbeidd med å følgje opp pilotfylka i avslutningsfasen. Sluttrapportering og evaluering av ordninga vart levert til Klima- og miljødeparte- mentet og Landbruks- og matdepartementet våren 2019. Etter 2019 er midlar brukte til å dek- kje kostnader til etterarbeid på skogplantingsfelt.

Post 38 Restaurering av myr og anna våtmark, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda Klima og Naturmangfald. Posten skal dekkje utgifter til til- tak for å restaurere myr og anna våtmark, planleg- ging og oppfølging av desse tiltaka. Posten kan nyttast til restaurering både inne i og utanom ver- neområde og til å gjennomføre nødvendig overva- king av effektane av gjennomførte tiltak. Posten kan òg nyttast til ei insentivordning for å få til fri- villige avtalar for restaurering av myr og anna våt- mark på privat grunn utanfor verneområde. Om det etter tildelingar til restaurering av våtmark blir midlar til overs, kan desse bli nytta til restaurering

av andre naturtypar eller innhenting av kunnskap knytt til slik restaurering.

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet har samarbeidd om restaurering av myr og anna våtmark i perioden 2016–2020 etter ein plan dei to direktorata utarbeidde i 2016. Arbeidet har vore retta inn slik at det medverkar til å oppfylle målsetjinga regjeringa har om reduserte klimagassutslepp, tilpassing til klimaendringane og betring i økologisk tilstand. Døme på tiltak er tetting av grøfter i myr og større restaureringstiltak som å leggje om elva slik at ho får bukter seg frå side til side igjen (i såkalla meandrar). Kostnadseffektive tiltak skal prioriterast, og restaurering skal skje etter avtale med grunneigarar og rettshavarar. Ein revidert plan for perioden 2021–2025 vart ferdigstilt av Miljødirektoratet og skal følgjast opp i dei kommande fem åra.

Restaurering av myr har mellom anna til formål å redusere klimagassutslepp frå drenerte myrar. Tetting av grøfter fører grunnvatnet tilbake til det naturlege nivået og hindrar at torvlaget i myra med høgt innhald av karbon blir ytterlegare nedbrote. Slik restaurering er ifølgje FN's klimapanel eit kostnadseffektivt tiltak for å redusere klimagassutsleppa i jordbrukssektoren. Restaurering av myr og anna våtmark kan vere eit tiltak for klimatilpassing fordi intakte våtmarker mellom anna kan dempe flaumtoppar. Restaurering vil òg betre den økologiske tilstanden i myr og anna våtmark og betre og auke tilgangen på leveområde for ei rekkje trua artar.

Løyvinga er på 21,1 mill. kroner, ein auke på 4 mill. kroner. Auken skal gå til restaurering av natur i andre økosystem enn myr og anna våtmark, slik som skog, fjell og ope lågland, for å møte Stortingets oppmodingsvedtak frå 2016 om å restaurere minst 15 pst. av forringa økosystem før 2025. Naturrestaurering er nødvendig for å stoppe tapet av naturmangfald og under dette verknader av klimaendringar. Vi er no inne i FN's tiår for restaurering (2021–2030). Midlane skal nyttast til å gjennomføre konkrete restaureringsprosjekt prioriterte av Miljødirektoratet. Til grunn for prioriteringa ligg mellom anna ei utgreiing frå direktoratet med tilråding om konkrete og prioriterte restaureringsprosjekt som kan setjast i verk raskt med grunnlag i kjend metodikk.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt på 0,9 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2020

I perioden 2016–2020 vart det gjennomført restaureringstiltak i meir enn 80 myrar, dei fleste i verneområde.

I 2020 vart det òg restaurert myr på areal som ikkje er verna. Avtalen mellom Statskog SF og Miljødirektoratet om restaurering av myr og anna våtmark på deira grunn utanfor verneområde vart følgd opp, og fleire myrar vart restaurerte i samarbeid med Statskog.

Den femårlege overvakinga av klimagassar i Regnåsen-Hisåsen naturreservat held fram. I 2021 skal ei av dei overvakte myrane restaurerast, medan den andre vil fungere som ei referansemyr. Ein vil da etter kvart kunne følgje utviklinga i gassfluksar for dei to myrane.

Det er framleis mange høgmyrar som blir restaurerte – myrar som er sterkt trua på *Norsk raudliste for naturtypar* (Artsdatabanken, 2018). Desse myrane har djupe lag med torv, der mykje karbon er lagra. Ein ser at vasstanden raskt blir heva i myrane etter restaurering, og dei viktige torvmossane etablerer seg att.

For nokre av restaureringsprosjekta er ulike grupper av artar overvakte. I 2020 vart det mellom anna dokumentert eit stort oppsving av augnestikkarar etter restaurering av myr i Møre og Romsdal, og observasjonar av hekkande par av den trua svarthalespoven vart sett i samanheng med vellykka restaurering av myr i Nordland.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79

Posten er knytt til resultatområdet Forureining. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same formål under postane 69 og 79.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i grunnen på land og i botnen i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i tilknytning til opprydding i forureina sjøbotn og til arbeidet med å rydde opp i forureina jord. Opprydding i forureina sjøbotn gjeld i hovudsak oppfølging av 17 prioriterte område. Foreslått løyving er på 12,5 mill. kroner på posten for 2022, det same som for 2021.

Posten kan òg nyttast til planvis kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureiningssituasjonen, til undersøkingar og utgreiingar for å leggje til rette for målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeid og til anna kunnskapsoppbygging.

Prinsippet om at forureinaren betaler, ligg til grunn for arbeidet med oppryddinga, og det ligg til grunn for alle tre postane. Så langt det er rimeleg, vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltninga dekkjer heile eller delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak, til dømes

- der staten ved miljøforvaltninga er den ansvarlege for forureininga
- der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding
- der det av miljøgrunnar hastar å få rydda opp. Staten kan forskotere oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang og krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant.
- der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling
- der det er nødvendig for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område
- der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene

Mange av dei store oppryddingsprosjekta i forureina sjøbotn er delfinansierte av kommunar og andre aktørar. Ettersom prosjekta strekkjer seg over fleire år, er det nødvendig å kunne inngå forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gje tilsegn om tilskot utover gjeven løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak. Ut frå behovet blir det fremja forslag om ei slik fullmakt på 28,9 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII.

Rapport 2020

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2020 er samla under post 79.

Post 60 Tilskot for å vareta naturmangfald i kommuneplanlegging

Tilskotsordninga er knytt til resultatområdet Naturmangfald.

Posten er oppretta som følge av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald*, der det går fram at regjeringa vil leggje til rette for at kommunane betrar kompetansen om naturmangfald. Som ei oppfølging av dette gjennomførte Miljødirektoratet eit pilotprosjekt i 2016–2018. Erfaringane frå pilotprosjektet

var gode, og tilskotsordninga er oppretta med bakgrunn i dette. Midlane skal gje støtte til kommunar i arbeidet med å lage kommunedelplan om natur. Løyvinga for 2022 er 3 mill. kroner, ein auke på 2 mill. kroner samanlikna med 2021. Ordninga har vore populær, og slik kan fleire kommunar få tilskot.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje den kommunale naturforvaltninga. Det er ønskjeleg at kommunane har større medvit om eigne naturverdiar, slik at dei kan gjere politiske val på eit betre kunnskapsgrunnlag tidleg i planprosessane. Dette kan gje meir effektive planprosessar og kompetanseløft i kommunane, i tillegg vil det skape eit lokalt engasjement for naturen og betre ivaretaking av naturmangfald.

Kriterium for måloppnåing

Midlane må brukast på å lage og vedta kommunedelplanar for naturmangfald i tråd med plan- og bygningslova.

Tildelingskriterium

Kommunar kan søkje om midlar.

Oppfølging og kontroll

Alle kommunar som får tilskot, må rapportere til Miljødirektoratet om korleis midlane er brukte, og om resultatet.

Rapport 2020

Tilskotsordninga er ny frå 2021.

Post 61 Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, kan overførast

Posten er knytt til resultatområdet Klima.

Løyvinga på posten for 2022 er samla sett på 222,8 mill. kroner og omfattar dei to tilskotsordningane Klimasats (ordning for tilskot til kommunale klimatiltak for å kutte utslepp av klimagassar) og tilskot til klimatilpassingstiltak i kommunane. Regjeringa foreslår å føre vidare tilskotsordninga Klimasats i 2022 med ei ramme for nye tilsegn på 200 mill. kroner, kor 10 mill. kroner er løyving i 2022 og 190 mill. kroner er tilsegnfullmakt. Utbetalingane strekkjer seg over fleire år, så resten av løyvinga i 2022 er knytte til utbetalingar til kom-

munane for tilsegn til prosjekt som er gjevne tidlegare år. Løyvinga må sjåast i samanheng med tilsegnfullmakta på posten.

For 2022 blir det fremja forslag om ei tilsegnfullmakt på 400,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI. Det er sett av 3 mill. kroner til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01, og 2 mill. kroner under kap. 1420 post 21 til kjøp av tenester for å spreie kunnskap og erfaring frå prosjektet.

Til klimatilpassingstiltak i kommunane blir ei løyving på 6,4 mill. kroner vidareført.

Ordninga under Klimasats med øyremerkte midlar til utvikling av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar er frå 2021 vidareført på eigen budsjettpost (sjå kap. 1420, post 62).

Klimasats

Mål

Formålet er å fremje klimatiltak i kommunar, fylkeskommunar og Longyearbyen lokalstyre ved å støtte prosjekt som medverkar til reduserte utslepp av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Delmåla til tilskotsordninga er å bidra til

- at kommunen, fylkeskommunen og Longyearbyen lokalstyre integrerer klimaomsyn i aktivitetane sine
- at kommunen, fylkeskommunen og Longyearbyen lokalstyre styrkjer rolla som samfunnsutviklar og pådrivar som legg til rette for samarbeid på klimaområdet mellom ulike aktørar

Kriterium for måloppnåing

Midlane skal gå til dei prosjekta som i størst grad bidreg til klimagassreduksjon og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Midlane skal fortrinnsvis utløyse tiltak, men delar av midlane kan gå til planlegging og utgreiing av tiltak. Dei kan òg gå til nettverksbygging og erfaringsdeling.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til mange ulike formål, til dømes: klimavennleg areal- og transportplanlegging, meirkostnader i anskaffingar, klimavennleg transport, forprosjekt for klimagassreducerande tiltak og interkommunale nettverk for kompetanseheving og deling av erfaring. Longyearbyen lokalstyre kan søkje om tilskot frå 2021.

Kommunar og fylkeskommunar kan få tilskot til tiltak som oppfyller følgjande tildelingskriterium:

Boks 8.3 Om ordninga

- Klimasats-prosjekta utgjer ein stor kunnskapsbank. Formidling av erfaringar gjennom rettleiing, nettseminar og samlingar er ein sentral del av Klimasats.
- Kommunane har sendt vel 2 500 søknader om Klimasats-midlar i perioden 2016–2021. Samla søkjesum er over 2,6 mrd. kroner.
- Søknadene er politisk forankra og set klima på dagsordenen i Kommune-Noreg.
- I underkant av 1 500 ulike prosjekt har fått tilsegn om til saman 1 005 mill. kroner i perioden 2016–2021.
- Mange prosjekt involverer fleire kommunar og fylkeskommunar.
- Nokre prosjekt gjev utsleppskutt straks, andre tiltak initierer ei langsiktig omstilling til lågutsleppssamfunnet.
- Det er stor breidd i tiltaka, og mange klimatiltak blir prøvde ut, ofte i dialog med næringslivet.
- 262 kommunar har i 2021 søkt støtte til deltaking i interkommunale klimanettverk. Talet på kommunar som søker slik støtte, har auka kvart år sidan 2016. Interkommunalt samarbeid er viktig i omstillinga til lågutsleppssamfunnet.

- Tiltaket skal bidra til reduserte klimagassutslepp, løysingar som kan bidra til omstilling til lågutsleppssamfunnet, eller til begge delar.
- Søknaden skal vere politisk forankra i fylkeskommunen/kommunen.
- Tilskotet skal vere utløysande for at tiltaket blir gjennomført.
- Søkjar må bidra med eigeninnsats.

I 2022 skal Miljødirektoratet særleg prioritere tiltak som bidreg til meir varige omstillingstiltak, systemendring og innovasjon i kommunane. Detaljerte opplysningar finst på www.miljodirektoratet.no/klimasats.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapport med resultat, dokumentasjon og stadfesta rekneskap. Dei ulike prosjekta har individuelle rapporteringskrav og fristar, slik at ein får formålstenleg rapportering. Endringar i prosjektet blir melde inn undervegs.

Langvarige prosjekt har krav om årleg delrapport. Enkelte prosjekt har òg krav om etterrapportering, der dei skal gjere greie for erfaringane når tiltaket har fått verka ei stund.

Tilskotsbeløpet blir utbetalt i etterkant av utgifter som har oppstått, og for langvarige prosjekt er det delutbetalingar på grunnlag av rekneskapar.

Ordninga er følgjevaluert frå 2016 til 2019. Menon Economics finn at Miljødirektoratets prioriteringar er godt i samsvar med hovudformålet for Klimasats. Ifølgje kommunane medverkar ordninga òg til kompetanseheving og til identifikasjon og realisering av ytterlegare klimatiltak.

Rapport 2020

I 2020 fekk Miljødirektoratet 580 søknader om til saman 661 mill. kroner til den ordinære Klimasats-ordninga. I tillegg kom det ni søknader om støtte til innfasing av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar. Til saman 357 prosjekt fekk støtte. Seks av desse fekk øymerkte hurtigbåtmidlar.

Klimasats-støtta har i 2020 mellom anna utløyst arbeid med nullutslepp i vegvedlikehald, biokolanlegg, kommunalt pådriv for utsleppsfri tungtransport, fleire utsleppsfrie byggjeplassar, kartlegging av klimatiltak tidleg i byggje- og anleggsprosjekt, gjenbruk og sirkulære materiale i bygg.

Klimatilpassing

Mål

Tilskotsordninga skal fremje arbeidet med klimatilpassing i kommunar og fylkeskommunar ved å medverke til å auke kunnskap om korleis klimaendringane råkar dei, og kva tiltak som må setjast i verk for å måle klimaendringane. Dette omfattar kunnskap om korleis klimaendringane kan verke inn på ansvarsområda til kommunane og fylkeskommunane, og utgreiingar om kva slag tiltak kommunane må setje i verk for å møte klimaendringane.

Kriterium for måloppnåing

Midlane må brukast på tiltak som gjer samfunnet betre rusta mot klimaendringane.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til kunnskapsoppbygging og til utgreiing

av konkrete tilpassingstiltak. Midlane kan ikkje brukast til gjennomføring av fysiske klimatilpassingstiltak.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging av tilskot til klimatilpassing skjer ved at det blir følgt opp at tilskotsmottakarane nyttar midlane som føreset, og at tiltaka blir gjennomførte. Kontroll av bruken av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon i sluttrapport innsend av tilskotsmottakaren.

Rapport 2020

I 2020 fekk Miljødirektoratet 39 søknader for til saman 21 mill. kroner på ordninga tilskot til klimatilpassing. Av desse fekk 18 prosjekt til saman 7,26 mill. kroner i støtte. Av dette er 860 000 kroner som vart trekte inn frå 2019 frå prosjekt som ikkje vart gjennomførte, og lagt til løyvinga på 6,4 mill. kroner for 2020.

Midlane for 2020 vart fordelte mellom små og store kommunar i heile landet til prosjekt om mellom anna klimatilpassing i idretts- og friluftsanlegg, overvasshandtering i forureinande område og indikatorar for klimatilpassing av bygg og infrastruktur.

Post 62 Tilskot til grøn skipsfart, kan overførast

Posten er knytt til resultatområdet Klima. Regjeringa foreslår å føre vidare ordninga for innfasing av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale samband med ei ramme for nye tilsegner på 40 mill. kroner i 2022. Desse midlane er fordelte med ei løyving på 25 mill. kroner og ei tilsegnsmakt på 15 mill. kroner i tråd med forventningstakt. Den totale løyvinga på posten, 87,2 mill. kroner varetar i tillegg utbetaling av tidlegare gitte tilsegn på 62,2 mill. kroner. Som følge av at tilskot blir utbetalt på etterskot, er det behov for ei samla tilsegnsmakt på 117 mill. kroner til posten, jf. forslag til vedtak VI.

Mål

Ordninga har som formål å auke bruken av null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale hurtigbåtsamband.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan få tilskot til tiltak som oppfyller følgjande tildelingskriterium:

- Tiltaket skal bidra til reduserte klimagassutslipp, løysingar som kan bidra til omstilling til lågutsleppssamfunnet, eller til begge delar.
- Søknaden skal vere politisk forankra i fylkeskommunen/kommunen.
- Tilskotet skal vere utløysande for at tiltaket blir gjennomført.
- Søkjar må bidra med eigeninnsats.

Detaljerte opplysningar finst på www.miljodirektoratet.no.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskot-smottakarane leverer sluttrapport med resultat, dokumentasjon og stadfesta rekneskap. Dei ulike prosjekta har individuelle rapporteringskrav og fristar, slik at ein får formålstenleg rapportering. Endringar i prosjektet blir melde inn undervegs. Fleirårige prosjekt har krav om årleg delrapport. Enkelte prosjekt har òg krav om etterrapportering, der dei skal gjere greie for erfaringane når tiltaket har hatt noko verknadstid. Tilskot kjem som regel til utbetaling når prosjektet er gjennomført, og på grunnlag av sluttrapporten og rekneskapen deira.

Rapport 2020

Posten er ny i 2021. Sjå rapportering på kap. 1420 post 61.

Post 63 Returordning for kasserte fritidsbåtar, kan overførast

Posten gjev tilskot til kommunale anlegg for behandling av kasserte fritidsbåtar. Tilskot til private behandlingsanlegg og til kommunale og interkommunale verksemder som er organiserte som sjølvstendige rettssubjekt, blir utbetalte frå post 75. Ordninga rettar seg mot resultatområdet Forureining. Posten er redusert med 300 000 kroner frå 2021. Foreslått løyving er på 700 000 kroner på posten for 2022.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å stimulere båteigarar til å levere kasserte båtar til godkjend returplass, slik at fritidsbåten kan takast hand om på

ein forsvarleg måte og materiala frå han kan vinnast att. Posten dekkjer utbetaling av tilskot for kostnader ved behandling ved ein kommunal eller interkommunal behandlingsskjema.

Frå 1. oktober 2017 blir det utbetalt tilskot til kasserte fritidsbåtar over denne posten. Det blir utbetalt eit beløp per kilo båt som blir levert inn til behandlingssystemet, for å dekkje kostnadene kommunane har ved å behandle båtvraka.

Kriterium for måloppnåing

Tilskotsordninga skal medverke til å auke innlevering av fritidsbåtar som skal vrakast, slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte og ikkje blir etterlatne i naturen, ulovleg senka eller brende.

Tildelingskriterium

Miljødirektoratet betaler ut tilskot til behandlingsanlegg for behandling av kasserte fritidsbåtar. Tilskotet i kroner per båt er basert på kostnadene ved å behandle fritidsbåtane. Tilskot til private behandlingsanlegg og kommunale og interkommunale verksemder organiserte som sjølvstendige rettssubjekt blir utbetalte frå post 75.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet kontrollerer dokumentasjon frå behandlingsanlegget i samband med at kasserte fritidsbåtar blir behandla.

Rapport 2020

Ordninga vart vedteken i statsbudsjettet for 2017 og var verksam frå 1. oktober 2017. I 2020 vart det levert totalt om lag 13 900 kasserte fritidsbåtar over både post 63 og post 75. Det var inga utbetaling til kommunale anlegg på post 63 i 2020.

Post 64 Skrantesjueprøvar frå fallvilt

Tilskotsordninga er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Skrantesjue er ein sjukdom som er dødeleg for hjortedyr. Det er påvist to typar skrantesjue i Noreg. I Nordfjella sone 1 og på Hardangervidda er det påvist éin smittsam type skrantesjue. Ein annan type skrantesjue, såkalla atypisk skrantesjue, er funnen hos fleire elgar og éin hjort i Noreg. For å auke kunnskapen om skrantesjue skal det gjennomførast målretta kartlegging av hjortevilt felt under jakt i alle områda der sjukdommen er funnen. I tillegg skal

all vaksen villrein felt i alle villreinområda testast, og elg og hjort i eit utval kommunar skal testast.

Skrantesjuka kan påvisast i prøvar frå hjerne og lymfeknutar. Dette krev tilgang til døde dyr og relativt ferske prøvar. Tilgangen til døde hjortevilt og høvet til å ta ut prøvar av hjerne og lymfeknutar er størst i samband med jakt. I tillegg skal fallvilt som er eitt år og eldre, av alle artar hjortevilt testast for skrantesjuka i alle kommunar og villreinområde i Noreg. Ettersøkspersonellet i kommunen er den gruppa som er mest i kontakt med fallvilt, og det er difor ofte formålstenleg at dei tek ut nødvendige prøvar. For å auke kunnskapen om korleis sjukdommen opptrer i ulike aldersgrupper, sender frå og med 2020 også utvalde kommunar inn kjevar frå fallvilt for aldersbestemming. Kommunen skal alltid registrere fallvilt i Miljødirektoratets database Hjorteviltregisteret, inkludert om det er teke skrantesjukeprøve. Prøvetaking av fallvilt kan føre til ekstra utgifter for kommunen. Posten er oppretta for å dekkje utgifter kommunar har i samband med kartlegging av skrantesjuka hos fallvilt.

Målsetjinga med tilskotsordninga er kartlegging av mogleg spreiding av skrantesjuka.

Foreslått løyving er på 1,2 mill. kroner, uendra samanlikna med 2021.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til auka kartlegging av skrantesjuka hos fallvilt.

Tildelingskriterium

Det er oppretta eit eige skjema i Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter der kommunar kan søkje om tilskot i etterkant av den årlege rapporteringsfristen for fallvilt. Søknadssenteret hentar automatisk så mange skrantesjukeprøvar som kommunen har registrert frå fallvilt i Hjorteviltregisteret. Det blir gjeve ein fast sats per registrerte prøve og ein fast sats per kjeve. Summen blir utbetalt som tilskot til kommunane.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet gjennomfører oppfølging og kontroll gjennom Elektronisk søknadssenter og Hjorteviltregisteret.

Rapport 2020

Rapportering av fallvilt følger jaktåret (1. april–31. mars), og for jaktåret 2019–2020 søkte til saman 127 kommunar om tilskot for 1 685 prøvar til ein samla sum på 0,843 mill. kroner. Det var ein stor auke i talet kommunar som søkte samanlikna med førre året, trass nedgang i talet på fallvilt. Dette tyder på at arbeidet med skrantesjuka er meir prioritert og tilskotsordninga meir kjend, men framleis er det mykje fallvilt det ikkje blir søkt om tilskot for. Det blir arbeidd fortløpande for å få inn fleire prøvar frå fallvilt.

Post 65 Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold

Tilskotsordninga er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Foreslått løyving er på 20,6 mill. kroner, det same som i 2021.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til konfliktdeping i kommunar med ulverevir.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til konfliktdeping.

Tildelingskriterium

Ordninga gjeld for kommunar innanfor dei tidlegare fylka Hedmark, Akershus og Østfold som har eitt eller fleire ulverevir per 1. juni. Tilskotet blir fordelt likt på kommunane.

Kommunane skal disponere tilskotet vidare på tiltak som medverkar til å oppfylle formålet med ordninga. Kommunane skal sjølve avgjere kva konfliktreduserande tiltak som skal finansierast.

Kommunane står fritt til å disponere tilskotet og velje tiltak, under dette å tilgodesjå aktuelle næringsinteresser, organisasjonar eller privatpersonar. Bruken av tilskotet skal vere knytt til tiltak og arbeid med tilpassing til det å ha eit ulverevir i kommunen.

Oppfølging og kontroll

Kommunar som blir tildelte tilskot, skal innan 1. mai rapportere til Miljødirektoratet om korleis tilskotet er brukt, og i kva grad bruken har medverka til å nå målet for ordninga. Miljødirektoratet vurderer tilskotsordninga årleg.

Rapport 2020

Totalt 22 av dei 24 kommunane som kunne få tilskot, søkte om tilskot i 2020. Det vart tildelt til saman 20,56 mill. kroner. Inntil 20 pst. av midlane kunne nyttast til forskning og utgreiing frå og med 2020. 17 av dei 22 kommunane søkte midlar til slike formål. To kommunar (Rendalen og Trysil) søkte berre om midlar til forskning og utgreiing, og desse to fekk tildelt eit tilskot på 0,7 mill. kroner. Dei andre kommunane fekk tildelt 0,958 mill. kroner. Andre tiltak som har fått tilskot, er informasjonstiltak, rovviltgjerder, beskyttelsesvestar for hund, friluftsliv, belysning for skulebarn, kompensasjon av tapte jaktrettar med meir.

Post 66 Tilskot til kommunar for å betre tilgangen til strandsona langs Oslofjorden

Tilskotsordninga er knytt til resultatområde Friluftsliv. Foreslått løyving på posten er 3 mill. kroner.

Posten finansierer ei ny tilskotsordning som gjev midlar til kommunane langs Oslofjorden til juridiske avklaringar i arbeidet med å klargjere grensene mellom innmark og utmark langs strandsona og arbeidet med fjerning av ulovlege stengsel og hindringar i strandsona. Etablering av tilskotsordninga er ein del av oppfølginga av den heilskaplege tiltaksplanen for Oslofjorden.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å betre tilgangen for allmenta til ferdsel og opphald langs Oslofjorden gjennom å gje midlar til juridisk bistand til kommunane i arbeidet deira med å fjerne ulovlege stengsel og hindringar til og langs Oslofjorden og arbeidet med klargjering av grensene mellom innmark og utmark.

Kriterium for måloppnåing

Betre moglegheiter for allmenta til å utøve friluftsliv langs Oslofjorden i form av at tidlegare ulovleg privatiserte eller utilgjengelege areal blir tilgjengelege for friluftsliv.

Tildelingskriterium

Oslo kommune, kommunar i Viken og i Vestfold og Telemark med grense til Oslofjorden kan søkje om midlar.

Oppfølging og kontroll

Alle kommunar som får tilskot, må rapportere til Miljødirektoratet om korleis midlane er brukte, og om resultatet.

Rapport 2020

Tilskotsordninga er ny frå 2022.

Post 69 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same formål under postane 39 og 79. Midlane er retta mot resultatområdet Forureining. I dei fleste områda som får støtte, stammar forureininga frå langt tilbake i tid, og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79, er difor nødvendige for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Elles vil den samla løyvinga på postane 39, 69 og 79 gå til vidareføring og gjennomføring av alle-reie vedtekne oppryddingstiltak, inkludert tiltak der det er blitt gjeve finansieringstilsegn frå miljøstyresmaktene, og til ei rekkje mindre tiltak, særleg innanfor forureina sjøbotn.

Foreslått løyving er på om lag 126 mill. kroner på posten for 2022. Det er ein auke til framhaldet av oppryddinga av miljøgifter i forureina sjøbotn i Hammerfest hamn. Oppryddinga starta i 2021 og er planlagd over 3 år, og det statlege tilskotet er berekna til totalt 128,5 mill. kroner. I 2022 er det òg foreslått ein auke på 23 mill. kroner for å starte opprydding i Store Lungegårdsvann i Bergen. Oppryddinga skal foregå i to år med ei statleg stønad på tilsaman 107,3 mill. kroner. For dei tre oppryddingspostane er det behov for ei fullmakt til å pådra forpliktingar for framtidige år på til saman 28,9 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunane har til å undersøkje og gjennomføre oppryddingstiltak i grunnen på land og i botnen i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruken av midlane knytt til det nasjonale målet «forureining skal ikkje skade helse og miljø» og

målet «utslepp av helse- og miljøskadelege stoff skal stansast».

Tildelingskriterium

I dei prioriterte tiltaksplanområda for forureina sjøbotn vil kommunen ofte stå for førebuing og gjennomføring av oppryddingstiltak. Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt i kommunal regi og der fleire aktørar er med på å finansiere tiltaket. Kommunen må normalt medverke med midlar sjølv òg. Sjå òg omtale under kap. 1420 postane 39 og 79.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruken av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsend av tilskotsmottakaren.

Rapport 2020

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2020 er samla under post 79.

Post 70 Tilskot til vassmiljøtiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70.1	Kalking	40 390	3 767	3 865
70.2	Anadrom laksefisk		15 457	19 859
70.3	Generell vassforvaltning		23 568	24 181
	Sum post 70	40 390	42 792	47 905

Tilskotsordningane under posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald.

Posten samlar alle tilskotsmidlane til ulike vassmiljøtiltak. På same viset som post 22 er delt inn i midlar til kalking, anadrom laksefisk og generell vassforvaltning, er post 70 delt inn etter dei same formåla. Foreslått løyving på posten er 47,9 mill. kroner, ein auke på 5,1 mill. kroner. Av dette er 1,1 mill. kroner prisjustering, medan 4 mill. kroner er lagt inn på underpost 2 til mogleg tilskot til den delen av drifta av Tanavassdragets fiskeforvaltning som ikkje kan finansierast gjennom sal av fiskekort grunna nye restriksjonar på fiske i dette grensevassdraget med Finland.

På underpost 3 er 1,3 mill. kroner øyremerkte til vasskoordinatorstilling i Sabima.

Kalking

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å redusere dei negative effektane av sur nedbør på naturmangfaldet i vassdrag.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av handlingsplanen for kalking.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gjeve til kjøp, transport og spreiding av kalk, til informasjon om effektar av tiltak som er gjennomførte, og til rettleiing om kalking i vassdrag. Det kan ytast tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsureing er overskriden, og der det kan påvisast eller er sannsynleg at skadar på naturmangfaldet kjem av forsureing. I område der tolegrensa ikkje lenger er overskriden, men der tidlegare forsureing har ført til at det opphavlege mangfaldet er borte, kan det bli gjeve tilskot til å setje i stand opphavleg naturmangfald. Det blir ikkje gjeve tilskot til naturleg sure lokalitetar. Ved tildeling av midlar kan det stillast vilkår om at fisket i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gjevne av miljøstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering eller arbeidsinnsats.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarane går for seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2020

Det meste av midlane under ordninga vart i 2020 brukt til kalking av innsjøar og bekker, hovudsakleg i Agder. Det vart òg gjeve tilskot til Voss klekkeri og informasjonstiltak, mellom anna til bladet *pH-status*.

Anadrom laksefisk

Mål

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for bevaring og forvaltning av vill anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er å medverke til å nå måla for viltlevande anadrom laksefisk.

Tildelingskriterium

Det kan bli gjeve tilskot til tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye, inkludert bevarings- og kultiveringstiltak, og til bruksretta FoU-verksemnd og overvaking som grunnlag for mellom anna lokal forvaltning av lakse- og sjøaurebestandar. Det kan òg bli gjeve tilskot til tiltak for å betre tilgangen til og høvet til å fiske for allmenta.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2020

Midlane vart i 2020 nytta til tiltak i regi av organisasjonar og til informasjonstiltak og formidling av kunnskap. I tillegg vart det gjeve tilskot til overvaking av bestandssituasjonen for laks og sjøaure og til forskning og utvikling innan arbeidet med nedkjemping av *Gyrodactylus salaris*. Samla har dette medverka til betre forvaltning og styrkt kunnskapsgrunnlag knytt til anadrom laksefisk.

Generell vassforvaltning

Mål

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for god økologisk og kjemisk tilstand i vatn, jf. vassforskrifta. Restaureringstiltak vil ha høg prioritet, mellom anna som del av den norske satsinga i FN's tiår for restaurering av økosystema 2021–2030.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tiltaka medverkar til at måla om god økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstane blir nådde. Lokal involvering vil òg vere eit viktig kriterium. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av vassforskrifta og dei regionale vassforvaltningsplanane og tiltaksprogramma.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gjeve til tiltak som betrar miljøet i vassområde med særskilde utfordringar. Restaureringstiltak vil bli særleg høgt prioriterte. Det kan òg bli gjeve tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon knytt til arbeidet i vassområde og vassregionar og til utgreiingar og andre tenestekjøp knytte til særskilde utfordringar i vassområda.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2020

Midlane vart i 2020 nytta til tiltak i regi av kommunar, interkommunale vassområde og organisasjonar, til både konkrete tiltak og utgreiing av tiltak

for å betre vassmiljøet. Restaureringstiltak har hatt hovudprioritet. Det vart gjeve tilskot til tiltak over heile landet.

Det vart òg gjeve tilskot til organisasjonar som har medverka i vassforvaltningsarbeidet. Samla har dette medverka til satsinga på restaurering av vassdrag og betre vassmiljø lokalt.

Post 71 Marin forsøpling, kan overførast

Posten er retta mot resultatområdet Forureining og delt opp i to tilskotsordningar. Foreslått løyving er på om lag 50 mill. kroner på posten for 2022. Det er foreslått omdisponert til saman 20 mill. kroner frå denne posten. For å kunne målrette arbeidet med opprydding av marin forsøpling og evaluere effekten av oppryddinga, blir 8 mill. kroner omdisponert til overvaking og utgreiing av mikroplast. Det resterande beløpet blir nytta til andre presserande oppgåver på Miljødirektoratets budsjett. Det er behov for ei tilsegnsmakt på denne posten på 15 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Tilskot til SALT Lofoten for arbeid med Fishing for Litter

Fishing for Litter er ei ordning der eigarlaust marint avfall frå fiskeflåten kan leverast vederlagsfritt. Ordninga vil omfatte 11 hamner og er på om lag 2,4 mill. kroner i 2022.

Tilskot til tiltak for å redusere marin forsøpling

Mål

Ordninga skal gå til tiltak for å redusere marin forsøpling gjennom å dekkje utgifter knytte til opprydding av marint avfall og til førebyggjande arbeid. Stor merksemd skal rettast mot strandsona og rydding av marint avfall på sjøbotnen. Opprydding av avfall langs elvar, vatn og innsjøar er også omfatta av ordninga. Prinsippet om at forureinaren betaler, skal liggje til grunn for arbeidet. Opprydding der det finst ein ansvarleg for avfallet, er ikkje omfatta av ordninga. I slike tilfelle kan styresmaktene gje pålegg om opprydding, og utgiftene skal dekkjast av den ansvarlege forureinaren.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at midlane er knytte til det nasjonale målet om at «veksten i mengda

avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialattvinning og energitnytting».

Tildelingskriterium

Det er utarbeidd ei forskrift med kriterium for bruken av ordninga. Denne tredde i kraft 1. januar 2019. Følgjande tiltak kan støttast:

- opprydding av marin forsøpling og koordinering av slike prosjekt
- prosjekt for å førebyggje marin forsøpling

Følgjande kriterium skal vektleggjast ved vurdering av tiltak:

- at prosjektet samlar aktørar, har mange deltakarar og dekkjer større geografiske område
- at tiltaket sikrar ein effektiv bruk av midlane med godt dokumenterte utgiftspostar
- at tiltaket medverkar i stor grad med eigenfinansiering eller medfinansiering frå andre kjelder
- at tiltaket inneheld konkrete og realistiske/gjennomførlege planar for gjennomføring av prosjektet
- at søkjaren har spesiell kompetanse innanfor tiltaket det er søkt om støtte til

Årlege satsingsområde og prioriteringar blir kunngjorde av Miljødirektoratet i utlysingsteksten for tilskotsordninga, som blir kunngjord i fjerde kvartal 2022.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruken av midlane skjer mellom anna gjennom sluttrapport innsend av tilskotsmottakaren. I tillegg kan Miljødirektoratet og Riksrevisjonen utan forvarsel føre kontroll med at tilskotet er eller blir nytta etter føresetnadene.

Rapport 2020

Det vart i 2020 tildelt 68,2 mill. kroner til 50 ulike søknader (totalt 149 søknader). Om lag 66 mill. kroner gjekk til oppryddingsprosjekt og førebyggjande arbeid. 2,4 mill. kroner gjekk til vidareføring av prøveordninga *Fishing for Litter*.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
72.1	Erstatning for husdyr	131 834	57 584	53 951
72.2	Erstatning for tamrein		88 301	90 597
	Sum post 72	131 834	145 885	144 548

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Posten omfattar erstatningar for husdyr og tamrein som er drepne eller skadde av rovvilt. Erstatningane kan variere frå år til år, mellom anna på grunn av naturgjevne forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er difor budsjettert som overslagsløyving.

Foreslått løyving er 144,5 mill. kroner, ein reduksjon på 1,3 mill. kroner samanlikna med 2021. Fordi vi dei siste åra har sett ein nedgang i rovviltsskadar på husdyr, er posten nok ein gong redusert, denne gongen med 5 mill. kroner. Så har posten fått ei prisjustering på 3,7 mill. kroner.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for rovviltsskadar på husdyr og tamrein som er dokumenterte og sannsynlege, slik dette er nedfelt i naturmangfaldlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga sikrar den lovfesta retten dyreeigaren har til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsaka til tap av dyr.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med forskrift om rovvilterstatning for husdyr, fastsett 30. mai 2014, og forskrift om rovvilterstatning for tap av tamrein, fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgatte for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjon av rovviltsskadane, som blir gjennomført av Statens naturoppsyn, er eit viktig grunnlag for erstatning. Bestandregistreringa er òg betra dei siste åra gjennom felles metodikk mellom Noreg og Sverige, betra høve for publikum til å

melde inn rovviltobservasjonar og auka ressursar for Statens naturoppsyn.

Rapport 2020

Erstatningsoppgjeret for husdyr og tamrein er gjennomført i medhald av gjeldande reglar. Det er framleis stor variasjon i tapsutviklinga i ulike område, men på nasjonalt nivå er det god samheng mellom auka innsats på førebyggjande tiltak og reduksjon i sauetapa. For reinnæringa ser ein ikkje nokon tilsvarande samheng. For denne næringa er det vanskelegare å finne eigna tiltak, og tapsforholda varierer i større grad med naturgjevne forhold knytte til klima, beitegrunnlag og anna.

Post 73 Tilskot til rovvilttiltak, kan overførast

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdepande tiltak i rovviltforvaltninga, inkludert godtgjersle til lokale fellingslag og tilskot til Norges Jeger- og Fiskerforbund for rovvilttiltak som ei oppfølging av rovviltforliket av 2011. Løyvinga på posten kan òg nyttast til tiltak for å auke kunnskapsgrunnlaget som kjem den todelte målsetjinga til gode. Foreslått løyving er 79,6 mill. kroner, ein reduksjon på 0,9 mill. kroner samanlikna med 2021. Posten har fått delvis prisjustering med 1,1 mill. kroner, og så er det flytta 2 mill. kroner til kap. 1410 post 21 for å utvide og forbedre metodikken i rovviltovervakinga. Innanfor posten er det sett av 10 mill. kroner til omstillingstiltak.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltsskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Midlane skal òg nyttast til omstillingstiltak for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald som

over eit lengre tidsrom har hatt omfattande roviltskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd knytt til landbrukseigedomen. Vidare skal midlane nyttast til godtgjersle ved forsøk på skadefelling av rovvilt og medverke til å dempe konflikhtar og auke verdiskapinga knytt til førekomstar av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003–2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003–2004) og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010–2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikhtar knytte til førekomstar av rovvilt i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Vidare er det eit kriterium for måloppnåinga at tilskotsordninga gjev omstillingar der dette fører til reduserte tap og konflikhtar.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak blir fordelte etter ei forskrift fastsett i 2013, medan forskrifta som handlar om omstillingstiltak, vart fastsett i 2015. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltneemnene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltningsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gjev eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber mellom anna at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til nødvendige driftstilpassingar. Dei regionale rovviltneemnene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltningsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Midlane til omstilling skal fordelast av Miljødirektoratet etter innspel frå regionale og lokale miljø- og landbruksstyresmakter.

Auka beitebruk med sau i rovviltprioriterte område skal ikkje stimulerast. For å medverke til

ei tydelegare soneforvaltning skal midlar til førebyggjande og konfliktdempande tiltak normalt prioriterast slik at ordninga ikkje medverkar til fleire beitedyr i rovviltprioriterte område. På same måten skal nyetablert beitebruk med sau i rovviltprioriterte område prioriterast lågt.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar, følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidd.

Rapport 2020

I 2020 vart det behandla i alt 497 søknader om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 189 søknader om tiltak for å dempe konflikhtar kring rovvilt. Det kom inn 84 søknader om akutte tiltak, og det vart gjennomført omstillings-tiltak for to bruk som hadde opplevd vesentleg rovviltskade i besetningane over fleire år. Det kan ut frå statistikk over erstatningsutbetaling for skade og tap av sau sjå ut til at tapa går ned med ein auke i avsette midlar til tiltak. Reduksjonen i tap kan òg henge saman med den geografiske differensieringa av både rovviltførekomstar og prioritering av tiltak.

Brukarar sender søknad elektronisk, og alle rapportar kan sendast inn på same viset. Dette fører til betre oversikt over oppnådde resultat og korleis brukarane vurderer måloppnåinga ved dei enkelte tiltaka. Rapportane er tilgjengelege i søknadsarkivet til søknadssenteret.

Post 74 CO₂-kompensasjonsordning for industrien

Posten er knytt til resultatområdet Klima. Det er løyva 2 800 mill. kroner til posten for 2022-budsjettet. Dette er ein auke på om lag 230 mill. kroner frå saldert budsjett 2021. Det må understrekast at kostnadsestimata for 2022 er basert på ei rekkje føresetnadar og difor er svært usikre. Endelege kostnadar vil mellom anna avhenge av korleis ny forskrift om CO₂-kompensasjon vil sjå ut og kor mykje dei støtterettkomne verksemdene produserer og bruker av kraft i løpet av 2021. Det vil også vere meir krevjande å estimere kostnader for ordninga framover, ettersom kostnadene no er knytte til det løpande kraft- og produksjonsvolumet til

verksemdene framfor historiske kraft- og produksjonsvolum. Dei årlege utbetalingane er også tett knytte til utviklinga av kvoteprisane.

Kompensasjonen blir utbetalt etterskotsvis. Det betyr at løyvinga for 2022 gjeld for støtteåret 2021.

Mål

CO₂-kompensasjonsordninga kompenserer norsk industri for auka kraftprisar som følgje av EUs kvotesystem for CO₂-utslepp. Formålet med ordninga er å redusere faren for karbonlekkasje frå Europa og slik hindre auke i globale utslepp som følgje av utflytting av industri til land med mindre stram klimapolitikk. Ordninga er basert på ESAs retningslinjer for CO₂-kompensasjon, som opnar for statsstøtte til utvalde industrisektorar som er vurderte som særleg utsette for karbonlekkasje. ESAs retningslinjer svarer til EUs retningslinjer. Den tidlegare CO₂-kompensasjonsordninga vara fram til 31. desember 2020. Regjeringa vil vidareføre den norske CO₂-kompensasjonsordninga for perioden 2021–2030 og arbeider med å vurdere korleis ei ny forskrift om CO₂-kompensasjon for industrien kan innrettast i Noreg. Regjeringa tek sikte på å sende eit utkast til ny forskrift på høyring i løpet av 2021.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga reduserer faren for karbonlekkasje.

Tildelingskriterium

Ordninga omfattar industriverksemdar i 10 sektorar og 20 undersektorar som det etter EUs retningslinjer er mogleg å gje støtte. Dette inkluderer mellom anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling. I tillegg arbeider regjeringa for å få inkludert ytterlegare to sektorar i den norske ordninga, det vere seg produksjon av andre organiske kjemiske råvarer og produksjon av gjødsel, nitrogensambindingar og vekstjord. Regjeringa er i dialog med ESA om dette.

Ordninga gjeld for perioden frå 1. januar 2021 til 31. desember 2030. EU-kommisjonen og ESA kan endre retningslinjene for CO₂-kompensasjon når dei ser det nødvendig. Ei endring i retningslinjene kan bety at den norske forskrifta må endrast tilsvarande.

Oppfølging og kontroll

Ordninga blir administrert av Miljødirektoratet, som i behandlinga av søknadene kontrollerer om dei enkelte verksemdene fyller vilkåra for utbetaling av kompensasjon. Det blir årleg rapportert om bruken av midlar til EFTAs overvåkingsorgan ESA og til Stortinget i samband med budsjettet.

Rapport for støtteåret 2020

Fristen for å rapportere mellom anna produksjonstal og elektrisitetsforbruk for 2020 var 1. mars 2021. Basert på innrapporterte tal for 2020 har Miljødirektoratet i 2021 utbetalt 2 526 mill. kroner for støtteåret 2020.

Post 75 Utbetaling for vrakpant og tilskot til køyretøy og fritidsbåtar, overslagsløyving

Ordninga rettar seg mot resultatområdet Forureining. Tilskot til kommunale anlegg for behandling av kasserte fritidsbåtar ligg under post 63 Returordning for kasserte fritidsbåtar. Post 75 er justert ned med 6 mill. kroner frå statsbudsjettet for 2021. Foreslått løyving er på 528 mill. kroner på posten for 2022.

Mål

Målet med vrakpantordninga for køyretøy er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass, slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og materiala frå det kan vinnast att. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte kjøretøy gjev produsentar og importørar ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er ein del av avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte køyretøy.

Vrakpantordninga vart frå og med 1. januar 2018 utvida til å gjelde nye køyretøygrupper som tidlegare ikkje var omfatta av ordninga, under dette mopedar, lette og tunge motorsyklar, lastebilar, bubilar og campingvogner. For desse køyretøygruppene blir panten utbetalt som eit tilskot til behandlingsanlegget der eigaren får ein fastsett del av beløpet for å levere køyretøyet til vraking hos ein godkjend biloppsamlar, medan ein del av beløpet går til behandlingsanlegget for å dekkje kostnadene anlegget har med å miljøsane vraket. Ordninga vart vedteken av Stortinget under behandlinga av statsbudsjettet 2017. Det har vore nødvendig å greie ut ei rekkje problemstillingar

for å få eit godt system på plass, og ordninga vart sett i verk frå 1. januar 2018.

I statsbudsjettet for 2017 vart det òg vedteke ei tilskotsordning for å stimulere til innlevering av kasserte fritidsbåtar. Frå 1. oktober 2017 vart det utbetalt tilskot til kasserte fritidsbåtar over denne posten. Det blir utbetalt eit beløp på 1 000 kroner per båt til båteigaren. Samstundes blir det utbetalt eit tilskot til verksemda som handterer båtane. Dette beløpet er eit tilskot per kilo båt som blir handtert, og skal dekkje kostnadene med miljøsonering av båten, handtering, attvinning av det som er aktuelt å vinne att, og levering av avfallet frå båten til eit anlegg for avfallsbehandling. I dei tilfella båten blir handtert av eit kommunalt anlegg som ikkje er sjølvstendig rettssubjekt, blir handteringstilskotet betalt ut over post 63.

Kriterium for måloppnåing

Tilskotsordninga skal medverke til auka innlevering av køyretøy og fritidsbåtar som skal vrakast, slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte.

Tildelingskriterium

Vrakpanten for køyretøy blir utbetalt av Skatteetaten på vegne av Miljødirektoratet mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling. Ordinær vrakpant for 2021 er 3 000 kroner. Vrakpant til dei nye køyretøygruppene og tilskot til handteringsanlegg for desse gruppene blir òg utbetalte av Skatteetaten.

Tilskot til båteigar og tilskot til handtering av kasserte fritidsbåtar blir utbetalte av Miljødirektoratet. Tilskot til kommunale anlegg for handtering av fritidsbåtar blir utbetalte frå post 63.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at det kasserte køyretøyet har rett til vrakpant eller tilskot, blir vrakmeldinga for køyretøy kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. For varebilar og fritidsbåtar blir dokumentasjon frå behandlingsanlegget sjekka av Miljødirektoratet. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Rapport 2020

I 2020 vart det samla inn i overkant av 134 200 bilvrak, som er ein liten nedgang frå året før. Talet på

vrak svingar frå år til år, men har vore relativt stabilt dei siste åra, frå 143 000 i 2017 og 141 200 i 2018, til 142 600 i 2019. Det var samla inn 1 009 lastebilar i klasse N2 (1 175 i 2019), 819 lastebilar i klasse N3 (825 i 2019), 5 025 mopedar og motorsyklar (4 725 i 2019), 3 990 campingvogner (4 144 i 2019) og 254 bubilar i 2020 (265 i 2019).

Det vart utbetalt tilskot til om lag 13 090 båteigarar i 2020, det vil seie om lag 13,1 mill. kroner. I 2019 vart det utbetalt tilskot til om lag 9 800 båteigarar. Det er ved utgangen av 2020 etablert 250 handteringsanlegg for små kasserte fritidsbåtar, medan det er 74 handteringsanlegg for større kasserte fritidsbåtar over 15 fot. I 2019 var det 72 slike anlegg. Det er utbetalt om lag 43,5 mill. kroner til behandling av kasserte fritidsbåtar i 2020, medan det vart utbetalt 33,4 mill. kroner i 2019. Ordninga vart utvida til å omfatte aluminiumsbåtar og kjølar og ballast i metall frå 1. januar 2020, etter at ordninga var evaluert i 2019. Kostnaden er neglisjerbar, men det får ordninga til å fungere betre. Evalueringa peiker òg på at mangelen på eit register over fritidsbåtane gjer det vanskeleg å føre kontroll med at det faktisk er båteigaren som leverer båten. Det har vore døme på misbruk.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområda Forureining og Klima. Posten er auka med 34,5 mill. kroner til 175,5 mill. kroner.

Samla er det til refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK) budsjettet med om lag 105 mill. kroner, og til refusjonar for spillolje er det budsjettet med om lag 70,5 mill. kroner i 2022.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjend behandling. Spillolje er brukt smørjeolje og transformatorolje og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagd smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, kap. 5542 post 71.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er totalt innsamla kvantum av spillolje.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljar (transformatoroljar og anna) med tilsvarende eigenskapar, med unntak av mellom anna spillolje som kjem frå større skip (større enn 76 meter / 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Miljødirektoratet. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakaren har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte opp mot førehandstilsegna.

Refusjonssatsen blir fastsett årleg av Miljødirektoratet med utgangspunkt i nivået på smørjeoljeavgifta.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet bruker ein tredjepart til å kvalitetssikre og kontrollere søknadene om refusjon. Miljødirektoratet gjennomfører tilsyn ved nokre refusjonsanlegg kvart år. Ved kontroll av mottaksanlegga dei siste åra er det konstaterert enkelte brot på ordninga for refusjonar. Miljødirektoratet følger opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Rapport 2020

Innsamlingsgraden for spillolje (med og utan rett til refusjon) har vore stabil dei siste åra og er berekna til i underkant av 90 pst. I 2020 vart det totalt samla inn i underkant av 27 000 m³ olje som har krav på refusjon. Det vart i 2020 utbetalt om lag 67,2 mill. kroner i refusjon. Refusjonssatsen var på 2,57 kroner per liter.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 8. Hydrofluorkarbon (HFK) blir i første rekkje nytta i kjøle- og fryseanlegg, varmpumper og mobil luftkondisjonering.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til luft av HFK og PFK. Gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med

Parisavtalen. Ordninga med avgift og refusjon skal medverke til meir bruk av miljøvennlege kuldemedium og mindre bruk av dei HFK- og PFK-gassane som har høgast klimaverknad (globalt oppvarmingspotensial), stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for refusjonsordninga er aktørar som har avfallsgass eller kassert utstyr som HFK- eller PFK-gass.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva mengd og typar av HFK og PFK som er leverte og forsvarleg destruerte.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent anlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere like dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-Ø3. Mengda HFK og PFK som blir samla inn og send til destruksjon, varierer mykje frå år til år. Grunnen er spesielt at hos den største aktøren som nyttar ordninga, blir gassen innsamla på store tankar. Når ein tank er full, blir han send til forsvarleg destruksjon. Kvar tank som blir send til destruksjon, utløyser med dagens avgiftssats 15–21 mill. kroner i refusjon, avhengig av samansetjinga av gassane i tanken.

Rapport 2020

I 2020 vart sju tankar med gass leverte til destruksjon med eit samla refusjonsbeløp på om lag 112,8 mill. kroner. I tillegg er det utbetalt refusjon for innhald i hushaldskjølemøblar der HFK-gassen blir tappa av på same anlegget som destruerer gassen, men dette er berre mindre mengder. Utbetaling av refusjonar har auka sterkt dei siste åra fordi avgiftssatsen har auka, og som eit resultat av at meir gass, særleg av dei med høg avgiftssats, har blitt samla inn og destruert.

Innhaldet i tankane er i all hovudsak ulike blandingar av HFK-gassar, da PFK-gassar er svært lite brukte i Noreg. Ressursbruken under

ordninga var i 2020 retta mot dei nasjonale måla under resultatområdet Klima.

Post 77 Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.

Posten er tredelt, jf. omtale under. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima. Løyvinga er grunna prisjustering auka med 0,4 mill. kroner til 16,8 mill. kroner. Til ordninga for frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet er det sett av knappe 6,3 mill. kroner, til ordninga for miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon er det sett av 3,9 mill. kroner, og til ordninga for naturfaglege organisasjonar er det sett av 6,7 mill. kroner.

Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde i gang eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med arbeid mot forureining som formål, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Målet er òg å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett mellom anna ut frå ei vurdering av aktivitetsnivået til organisasjonane nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Ordninga omfattar tilskot til

- Norsk vannforening (387 000 kroner)
- Norsk forening mot støy (1,2 mill. kroner)
- LOOP (559 000 kroner)
- Foreininga Hold Norge Rent (2,073 mill. kroner)
- Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja (1,851 mill. kroner)
- Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN), (205 000 kroner)

Det er ein føresetnad at organisasjonane og stiftelsane sender inn søknad om tilskot. Det blir fort-

løpande vurdert om organisasjonane og stiftelsane tilfredsstillar kriteria for å ta imot støtte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar bli følgde opp for å kontrollere at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går for seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Rapport 2020

Midlane er brukte til grunnstøtte til drift, opplæringstiltak og informasjonstiltak og førebyggjande arbeid generelt i dei ulike organisasjonane.

Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Mål

Gjenbruk, miljømerking og standardar for miljøleing, produkt og tenester er viktige verktøy i ein førebyggjande miljøpolitikk. Standardisering inneber utarbeiding av krav og spesifikasjonar for varer, tenester, prosessar og verksemder. Miljømerking skal gje informasjon til og gjere forbrukarar, næringsliv og offentlege verksemder medvitne om miljøvennlege val. Dei offisielle miljømerkeordningane som Svana og Blomen er eit viktig supplement til lovpålagde krav og medverkar til redusert bruk av prioritetslistestoff. Merkeordningane er nærmare omtalte i Barne- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon. Gjenbruk er eit godt miljøtiltak for å redusere avfall og forbruk og bidreg til måloppnåing for fleire av FN's berekraftsmål. Posten omfattar driftstilskot til Stiftelsen Miljømerking (1,231 mill. kroner) og Standard Norge (1,642 mill. kroner). Tilskot til Omatt – Bransjeforeningen for idéelle gjenbruksaktører (1,026 mill. kroner) blir vidareført.

Kriterium for måloppnåing

Klima- og miljødepartementet føreset at midlane blir nytta til å intensivere arbeidet med verkemiddel som fremjar prioriterte miljø- og berekraftsmål. Innan standardiseringsarbeidet er det viktig med arbeid knytt til europeiske og internasjonale standardar som er særleg relevante for miljøleing og klima- og miljøsinn i produkt og tenester. For miljømerking er det sentralt med utvikling av miljøkriterium, slik at fleire produktgrupper blir merkte. Det skal særleg leggast vekt på å utvikle og vidareutvikle kriteriesett for produktgrupper

som medfører stor miljøbelastning. Det skal òg leggjast vekt på tiltak for å få fleire produsentar til å søkje om merket innanfor områda der det er utvikla kriterium, og for å gje forbrukarar informasjon om spekteret av miljømerkte produkt på marknaden.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på resultata organisasjonane hadde føregåande år, og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskaps-oversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2020

Midlane til Stiftelsen Miljømerking er brukte til å utvikle miljømerkingskrav for nye produktområde, skjerpte krav for eksisterande produktområde og til å auke kunnskapen om, kjennskapen til og aksepten av miljømerkinga. Midlane til Standard Norge er brukte til arbeid knytt til europeiske og internasjonale standardar som er særleg relevante for klima- og miljøomsyn i produkt og tenester. Midlane til Omatt – Bransjeforeningen for idéelle gjenbruksaktører er brukte til å gjennomføre kurs for frivillige medarbeidarar om drift av gjenbruksbutikkar og til lover og avtaleverk som er relevante for slik verksemd.

Naturfaglege organisasjonar

Mål

Ordninga skal medverke til å halde i gang eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar innanfor naturområdet for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett mellom anna ut frå ei vurdering av aktivitetsnivået til organisasjonane nasjonalt og lokalt, økonomien deira

og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Det er rekna med tilskot til

- Foreningen Våre Rovdyr (368 000 kroner)
- Norsk Biologforening (298 000 kroner)
- Norsk Botanisk Forening (298 000 kroner)
- Norsk entomologisk forening (289 000 kroner)
- Norsk Ornitologisk Forening (2,291 mill. kroner)
- Norges sopp- og nyttevekstforbund (2,862 mill. kroner, inkludert 2,5 mill. kroner til soppkontroll)
- Norsk Zoologisk Forening (263 000 kroner)

Tilskot til den enkelte organisasjonen blir utbetalt etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgde opp med kontroll av at midlane blir nytta som føresett, og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går for seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar. I tillegg kjem fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2020

Midlane vart nytta til grunnstøtte til drift, informasjonsverksemd og prosjekt i dei ulike organisasjonane.

Post 78 Friluftslivsformål, kan overførast

Posten er retta mot resultatområdet Friluftsliv.

Foreslått løyving er på 181,8 mill. kroner, ein auke på 4 mill. kroner frå 2021. Posten har fått ei prisjustering på 4,6 mill. kroner. Frå posten er det flytta 0,6 mill. kroner til post 21 for løpande utarbeiding av friluftslivsstatistikk. Dette skal gje oppdatert informasjon om utviklinga i deltakinga i friluftsliv innanfor alle aldersgrupper og innanfor ulike delar av befolkninga.

Til posten ligg fleire tilskotsordningar som er omtalte under.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 3 mill. kroner til anskaffingar i samband med kjøp og reparasjonar av båtar i Skjærgårdstjenesten, jf. forslag til vedtak VI.

Friluftslivsaktivitet

Tilskot til friluftslivsaktivitet har ei ramme på 46,1 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområdet Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftsansjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gjeve tilskot til friluftslivsaktivitet. Det er òg mogleg å få støtte til enkelt materiell og utstyr når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til. Det kan dessutan bli gjeve tilskot til informasjonstiltak om rettar og plikter etter allemannsretten. Det blir ikkje gjeve midlar til kostnadskrevjande utstyr, utstyrssentralar eller supplering av utstyrslager.

Desse typane aktivitetar blir prioriterte:

- aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper
- tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader
- tiltak som inkluderer ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuelle målgrupper
- tiltak som medverkar til auka deltaking i friluftsliv over tid

Personar som er lite fysisk aktive, barn, unge og barnefamiliar og personar med nedsett funksjonsevne er prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotmottakarar blir følgde opp med kontroll av at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotmottakarar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2020

Totalt vart det i 2020 gjeve 51,5 mill. kroner i tilskot til lag og organisasjonar som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv. Av dette fekk landsomfattande friluftslivsorganisasjonar 25,7 mill. kroner direkte frå Miljødirektoratet, medan lokale og regionale lag og organisasjonar fekk 25,7 mill. kroner frå fylkeskommunane.

Totalt kom det inn 795 søknader om statleg støtte frå posten, og det totale søknadsbeløpet var på 138,4 mill. kroner.

Midlane er i all hovudsak brukte til å støtte tiltak for barn, unge og barnefamiliar, tiltak som stimulerer nye grupper til å delta i friluftslivsaktivitetar, til dømes personar med nedsett funksjonsevne og etniske minoritetar i Noreg, og tiltak som medverkar til å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminne. Døme på tiltak som fekk tilskot frå Miljødirektoratet, er Friluftsrådene Landsforbunds prosjekt «Læring i friluft» og «Friluftsliv og folkehelse» og Norsk Friluftslivs prosjekt «Friluftslivets uke». Det er òg gjeve tilskot til Norges sopp- og nyttevekstforbund til «Soppens dag», til Norsk Botanisk Forening sitt arrangement «Villblomstenes dag», til Norges Naturvernforbunds prosjekt «Opplev naturen – livsgrunnlaget vårt» og til Mental Helse Ungdom sitt tiltak «Frisk Pust og Mestring». 13 mill. kroner vart tildelte Norsk Friluftsliv, som fordelte dette vidare til sine egne medlemsorganisasjonar.

Friluftslivsaktivitet for personar med innvandrarakgrunn

Ordninga har ei ramme på 10 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for personar med innvandrarakgrunn og gjennom dette medverke til å auke integreringa av personar med innvandrarakgrunn i befolkninga elles.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområdet Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftsansjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gjeve tilskot til friluftslivsaktivitet. Det kan òg løyvast støtte til enkelt utstyr og materiell når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til. Det blir ikkje gjeve midlar til kostnadskrevjande utstyr, utstyrssentralar eller til supplering av utstyrslager.

Desse typane aktivitetar blir prioriterte:

- tiltak som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege
- tiltak som fører til auka integrering av personar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles
- tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader
- tiltak som inkluderer ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor målgruppa
- tiltak som medverkar til auka deltaking i friluftsliv over tid

Barn, unge og barnefamiliar er prioriterte i ordninga.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgde opp med tanke på at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2020

Ordninga hadde ei ramme på 10 mill. kroner i 2020. Totalt var det 19 søkjarar som til saman søkte om 17,6 mill. kroner. 19 lag og organisasjonar vart tildelte tilskot.

Tiltaka omfatta tilbod om turar og aktivitetar, men òg tiltak for inkludering og opplæring av personar med innvandrarbakgrunn til å bli leiarar i lag og organisasjonar. Leiarar med innvandrarbakgrunn er viktige for vidare rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn.

Døme på tiltak er Wild Xs ungdomsprosjekt «Wild X aktivitetsprogram» med opplæring og tilbod om turar knytte til jakt, fiske og anna friluftsliv, Friluftsrådenes Landsforbunds prosjekt «Friluftsrådenes friluftstiltak for innvandrer», Norsk Friluftslivs prosjekt «Integrering gjennom friluftsliv», Den Norske Turistforenings prosjekt «Nøkkeln til inkludering», Raudekrossens prosjekt «Til Topps lokalt» og Skiforeningens tiltak «Friluftsglede for alle».

Driftsstøtte til friluftslivsorganisasjonar

Ordninga har ei ramme på 39,02 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje interessa for deltaking i friluftsliv i allmenta gjennom det arbeidet som skjer i dei store friluftslivsorganisasjonane og deira lokale lag og foreningar.

Friluftsrådenes Landsforbund (FL) er paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda. Det er for tida 28 interkommunale friluftsråd. Det er sett av 16,95 mill. kroner i administrasjonsstøtte til FL og dei interkommunale friluftsråda. Det er eit mål at flest mogleg kommunar er med i eit interkommunalt friluftsråd.

Norsk Friluftsliv er paraplyorganisasjon for 18 friluftslivsorganisasjonar med til saman over 950 000 medlemmer. Det er sett av 5,57 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Norsk Friluftsliv.

FL, Norsk Friluftsliv og Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN) har etablert fylkesvise samarbeidsnettverk for natur og friluftsliv (FNF – Forum for natur og friluftsliv). Til FNF er det sett av 13,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte.

Organisasjonen Wild X tilbyr friluftslivsaktivitetar med personar med innvandrarbakgrunn i alderen 12–25 år som hovudmålgruppe. Det er sett av 1,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Wild X.

Tjukkasgjengen driv med lågterskeltilbod innanfor friluftsliv og fysisk aktivitet, og hovudmålgruppa er personar som er lite fysisk aktive. Det er sett av 1,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Tjukkasgjengen.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområdet Friluftsliv.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgde opp med tanke på at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar og gjennom eit årleg kontaktmøte med kvar organisasjon.

Rapportering om bruk av tilskotsmidlar skjer i årlege kontaktmøte med FL, Norsk Friluftsliv, FNF, Wild X og Tjukkasgjengen.

Rapport 2020

I 2020 vart det løyvd 35,6 mill. kroner i statleg driftsstøtte til 6 nasjonale friluftslivsorganisasjonar. Totalt vart det tildelt 15,55 mill. kroner til FL og interkommunale friluftsråd i 2020. Midlane er nytta til drift, til å styrkje arbeidet i FL og til å utvide FL sitt engasjement geografisk. Det er stor interesse for interkommunalt samarbeid om friluftsråd, og i 2020 var det 28 interkommunale friluftsråd med 237 medlemskommunar. Friluftsråda

femner no over 75 pst. av befolkninga i heile landet.

Det vart i 2020 inngått avtale med grunneigarar om 138 km med nye turstiar, skiløyper og turvegar, og friluftsråda har saman med medlemskommunane arbeidd med å sikre 10 nye friluftsområde. Det er tilrettelagt 171 km med nye turstiar og mellom anna bygd 11 nye toalett, 9 nye bryggjer og 6 nye parkeringsplassar.

Trass i koronasituasjonen i 2020 har FL og friluftsråda hatt stor aktivitet. Friluftsråda har hatt opne turar med 8 700 deltakarar, tiltak for barn og ungdom med 29 000 deltakarar og tiltak for personar med minoritetsbakgrunn med 4 300 deltakarar. I tillegg har over 33 000 personar vore med på turar der friluftsråda har vore medarrangørar. Friluftsråda har framleis stor innsats retta mot friluftsliv og bruk av naturen i læringsarbeidet i barnehage og skule, og 3 600 lærarar og barnehagetilsette var på kurs i regi av FL og friluftsråda i 2020. Friluftsråda engasjerer seg også i arbeidet med å ta vare på arealgrunnlaget for friluftsliv, gjennom deltaking i fylkesvise Forum for natur og friluftsliv og gjennom fråsegner i ulike arealsaker. Friluftsråda har tilrettelagt 3 800 turmål som 83 700 deltakarar har brukt, og til saman har dei gått 1,4 mill. turar. I arbeidet med forsøpling har friluftsråda engasjert 18 800 frivillige som har samla inn 777 tonn søppel. Turregistreringsopplegga har vore ein stor suksess i koronaåret 2020 med ein vekst på om lag 70 pst.

Friluftsråda forvaltar 593 offentleg eigde friluftsområde med omfattande oppgåver knytte til mellom anna skjøtsel, vask av toalett og bosshandtering og forvaltar over 2 570 km turstiar, 171 km turvegar og 176 km skiløyper.

Norsk Friluftsliv vart tildelt 5,07 mill. kroner i administrasjonsstøtte. Norsk Friluftsliv får dessutan aktivitets- og prosjektmidlar frå Miljødirektoratet for vidare tildeling til sentralledda i Norsk Friluftsliv sine medlemsorganisasjonar. Arbeidet omfattar i stor grad påverknads- og informasjonsarbeid overfor offentlege styresmakter og andre organisasjonar med sikte på å skape best mogleg vilkår for friluftslivet.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) vart i 2020 tildelt 12 mill. kroner i administrasjonsstøtte via sekretariatet med sentral leiing av organisasjonen. Arbeidsgjevaransvaret er plassert sentralt for alle tilsette. FNF har ved utgangen av 2020 16 lokale FNF med i alt 18 fulltidsstillingar som koordinatarar og ei stilling sentralt som dagleg leiar. FNF-koordinatorane gjer eit stort og viktig arbeid for natur- og friluftinteressene i dei enkelte fylka.

Wild X fekk i 2020 utbetalt 1,5 mill. kroner i driftsstøtte. Organisasjonen er under stadig utvikling, mellom anna med oppretting av fleire lokalag.

Tjukkasgjengen fekk i 2020 utbetalt 1,5 mill. kroner i driftsstøtte. Organisasjonen arbeider særleg med å motivere og støtte lokale «chapter».

Tiltak i statleg sikra friluftslivsområde

Ordninga har ei ramme på 32,6 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til naturvennleg fysisk tilrettelegging og skjøtsel i friluftslivsområde som er bevarte gjennom statleg sikring, og i område verna som friluftsområde etter markalova, slik at områda blir tilgjengelege og attraktive.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområdet Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftslivsområde.

Tildelingskriterium

Det blir tildelt tilskot til tilrettelegging som har eitt eller fleire av følgjande mål:

- minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftslivsaktivitet for alle
- ta vare på opplevingskvalitetane i området og leggje til rette for gode naturopplevingar
- hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyring av plante- og dyrelivet, kulturminne og kulturmiljø

Tilskot kan berre bli gjevne der tiltaket inngår i ein gjeldande og godkjend forvaltningsplan knytt til tilrettelegging av sikra friluftslivsområde. For område verna som friluftslivsområde etter markalova er det eit vilkår at tiltaka er i tråd med verneforskrift og eventuell forvaltningsplan for området.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgde opp med tanke på at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottaka-

rar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll i fylkeskommunane av innsende rapportar.

Rapport 2020

Budsjettet for 2020 var 34 mill. kroner, som vart tildelt fylkeskommunane for vidare tildeling til kommunar og interkommunale friluftsråd. Fordelinga vart utført på grunnlag av omfanget av sikra friluftslivsområde og om det låg føre forvaltningsplanar for friluftslivsområda som dokumenterte behov for tiltaksmidlar. I gjennomsnitt vart fylka i 2020 tildelte 3,09 mill. kroner. Eit fylke vart tildelt 8,1 mill. kroner, medan det fylket som fekk minst, vart tildelt 0,530 mill. kroner. I alt fekk 6 fylke tildelt meir enn 2 mill. kroner. I tillegg vart det løyvd 8 mill. kroner som ekstra tilskotsmidlar til 8 av fylkeskommunane litt seinare på året. Desse midlane vart overførte frå 2019. Midlane gjekk til tiltak som ikkje hadde fått tilskot i første tildelingsrunde i 2020, og i alt 36 nye tiltak fekk slikt tilskot.

Totalt fekk fylkeskommunane 260 søknader frå kommunar og interkommunale friluftsråd, og totalt søknadsbeløp var 102,8 mill. kroner. Tiltaka var kostnadsberekna til over 200 mill. kroner, noko som viser at mange søkjarar medverkar sjølve med eigne midlar og dugnadsinnsats. Det vart i 2020 gjeve statleg støtte til 193 ulike tiltak. Ein stor del av tiltaka omfatta universell tilrettelegging slik at fleire grupper av befolkninga får høve til å nytte områda. Dei fleste tilretteleggingstiltaka stimulerer til aktivitet, til dømes etablering og merking av turveggar og stiar.

Døme på tiltak som fekk statleg støtte i Viken i 2020, er turløype i Karlshussskogen i Råde kommune, nytt toalettbygg på Øketangen i Sarpsborg kommune, støtte til tiltak i Semsvannet friluftslivsområde i Asker kommune, støtte til tiltak på Åsanden friluftslivsområde i Hurdal kommune, til oppgradering av turveg i Nedre Sandøra friluftslivsområde i Øvre Eiker kommune og støtte til tiltak i Breivoll friluftslivsområde i Ås kommune. I Oslo fekk Bymiljøetaten støtte til informasjons- og skjøtsels tiltak i tre ulike friluftslivsområde. I Innlandet fekk Elverum kommune midlar til Bergesjøen friluftslivsområde. I Vestfold og Telemark fylke fekk Drangedal kommune eit stort tilskot til ymse tiltak i Kåsmyra friluftslivsområde, Horten kommune fekk støtte til fleire tiltak i Hortenskogen, Færder kommune fekk tilskot til toalett på Randineborg, og Bamble kommune fekk midlar til servicebygg på Ivarsand, og Kragerø kommune fekk midlar til å oppgradere badeplassen på Nepa friluftslivsområde. I Aust- og Vest-Agder fekk Flek-

kefjord kommune støtte til stinettet i Åna-Sira friluftslivsområde, Risør kommune støtte til tilrettelegging i Hollenderhagen, Arendal kommune fekk midlar til bryggje på Tromlingene, Midt-Agder friluftsråd fekk midlar til skjøtsel og tilrettelegging i Friluftsparken i Søgne, Kristiansand kommune fekk tilskot til ny servicebryggje på Dvergsøya, og Farsund kommune fekk midlar til toalett i Varnes friluftslivsområde. I Rogaland fekk Friluftsrådet Vest midlar til toalett på Hustveit, Ryfylke Friluftsråd fekk midlar til tiltak i Brimse friluftslivsområde, og Eigersund kommune fekk midlar til nytt toalett på Gyarhamn. I Vestland fylke fekk Bergen og Omland Friluftsråd støtte til fleire formål, mellom anna ymse tiltak i Geitvika friluftslivsområde, på Håøya og til skjøtselstiltak i fleire område. Friluftsrådet Vest fekk midlar til toalettbygg på Valøya friluftslivsområde, og Kinn kommune fekk midlar til skjøtsel og ymse tiltak i Moldøen friluftslivsområde. I Møre og Romsdal fekk mellom anna Sunnmøre friluftsråd midlar til ymse tiltak i Sula-Bolvika og Sula-Langevågsholmane, Molde kommune fekk tilskot til nytt toalettbygg på Julneset, og Kristiansund kommune fekk midlar til å oppgradere Atlanten friluftslivsområde. I Trøndelag fekk Skaun kommune midlar til Saltnesstranda friluftslivsområde, og Selbu kommune fekk støtte til Vikaengene friluftslivsområde. Nordland fylkeskommune løyvde midlar til tiltak i Baåneset friluftslivsområde i Vefsn kommune og til Vågan kommune til servicebygg i Børvågan friluftslivsområde. I Troms og Finnmark fylke fekk Senja kommune støtte til nytt servicebygg i Ersfjordstranda friluftslivsområde, Ishavskysten friluftsråd fekk støtte til ymse tiltak i Sandørneset friluftslivsområde, og Nordreisa kommune fekk tilskot til ymse tiltak i fleire av friluftslivsområda i kommunen.

Skjærgårdstjenesten

Ordninga har ei ramme på 35,5 mill. kroner.

Mål

Ordninga gjev statlege budsjettmidlar til drift av Skjærgårdstjenesten, inkludert kjøp og større reparasjonar av båtar knytte til tenesta og Skjærgårdstjenestens arbeid med tiltak mot marin forøpling.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområdet Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert mellom anna ut frå talet på friluftslivsområde som er drifta i dei enkelte driftsområda, kor mange dagsverk dei enkelte driftsområda har brukt til fjerning av marin forsøpling, og kor mange dagar dei enkelte driftsområda har brukt til hjelp til Statens naturoppsyn.

Tildelingskriterium

Fordelinga til dei ulike driftsområda i 2022 står i tabellen under. Midlane blir fordelte til fylkeskommunane.

Miljødirektoratet kan i samband med overføring konkretisere vilkår og føresetnader knytte til dei statlege driftstilskota.

Tabell 8.3 Fordeling til driftsområde i Skjærgårdstjenesten

Driftsområde som midlane blir fordelt til	(i 1 000 kr)
Ytre Oslofjord Øst (Viken fylkeskommune)	3 125
Indre Oslofjord (Viken fylkeskommune)	3 225
Ytre Oslofjord Vest (Vestfold og Telemark fylkeskommune)	3 365
Telemark (Vestfold og Telemark fylkeskommune)	3 420
Aust-Agder (Agder fylkeskommune)	3 295
Vest-Agder (Agder fylkeskommune)	4 210
Vestkystparken (Vestland fylkeskommune)	5 120
Møre og Romsdal (Møre og Romsdal fylkeskommune)	1 380
Sum	27 140

5 mill. kroner av løyvinga er øyremerkt til arbeidet med fjerning av marint søppel. Midlane til dette blir fordelte til dei einingane i Skjærgårdstjenesten som søker om å få øyremerkte midlar til fjerning av marint søppel. Tildelinga blir samordna med dei ordinære tilskotsmidlane til tiltak mot marin forsøpling.

Andre midlar på posten er øyremerkte til båtinvesteringar og opplæring.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar sende til fylkeskommunane.

Rapportering om bruk av tilskotsmidlar blir òg teke opp i møte mellom Miljødirektoratet/fylkeskommunen og Skjærgårdstjenesten i dei tre regionområda, og det skal rapporterast i samband med søknader om tilskot kommande år.

Rapport 2020

Skjærgårdstjenesten fekk i 2020 gode resultat i alle driftseiningar. Det vart ikkje teke i bruk nye arbeidsbåtar i 2020. Skjærgårdstjenesten har også i 2020 gjennomført ytterlegare tiltak for å utvikle tenesta vidare. Mellom anna er det gjennomført fleire tiltak på kompetansesida, tiltak for oppfølging av nye forskrifter for bygging av mindre lasteskip, tiltak for å styrkje styrings- og rapporteringsrutinane og opplæring av fylkeskommunane for at dei skal kunne overta dei regionale styringsoppgåvene frå statsforvaltarane. I 2020 vart det òg oppretta ei ny driftseining i regi av Fjordane Friluftsråd.

Andre friluftslivstilskot

Det er sett av 6 mill. kroner til Miljødirektoratets ferdselsåreprosjekt, som har som mål å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av ferdselsårer for friluftsliv i kommunane. Ei prioritert oppgåve i 2022 vil vere å medverke til at kommunane utarbeider ein plan for friluftslivets ferdselsårer.

Det er sett av 1,2 mill. kroner til Norsk Friluftslivs prosjekt «Integrering gjennom friluftsliv».

Midlane skal gå til lønn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 2 mill. kroner til Den Norske Turistforening, øymerkte drift og vidareutvikling av den digitale turplanleggjaren UT.no.

Det er sett av 5 mill. kroner til utvikling av blågrøn infrastruktur i områdesatsingane i Oslo. Dette omfattar Groruddalssatsinga, områdesatsing i Oslo sør og områdesatsing i Oslo indre aust. Områdesatsingane er eit samarbeid mellom Oslo kommune og staten.

Det er sett av 2,2 mill. kroner til Norsk Friluftslivs prosjekt med mål om å fremje friluftsliv i skulen. Prosjektet omfattar mellom anna drift og vidareutvikling av Forum for friluftsliv i skolen. 1 mill. kroner av løyvinga er øymerkt oppfølging av det igangsette prosjektet med mål om å vidareutvikle eit utval eksisterande, vellykka satsingar innanfor natur og friluftsliv retta mot barn og unge i pedagogiske institusjonar som barnehage, skulefritidsordning og skule. Midlane skal gå til lønn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 1,17 mill. kroner til Den Norske Turistforening for å drifte og vidareutvikle prosjektet «Historiske vandreruter». «Historiske vandreruter» har som mål å auke bruken av gamle ferdselsruter med kulturhistoriske og friluftslivsmessige kvalitetar. Midlane skal gå til lønn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 1 mill. kroner til Oslofjordens Friluftsråds arbeid for å betre miljøet og fremje friluftsliv i og langs Oslofjorden.

Under kap. 1420 post 66 er det sett av 3 mill. kroner til ei tilskotsordning som gjev juridisk bistand til kommunar langs Oslofjorden i arbeidet med å klargjere grensene mellom innmark og utmark i strandsona og arbeidet med å fjerne ulovlege stengsel og hindringar i strandsona.

Rapport 2020

Miljødirektoratet starta i 2019 eit ferdselsåreprosjekt. Prosjektet har som mål å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av ferdselsårer for friluftsliv i kommunane. I 2020 vart det fordelt 6 mill. kroner i tilskot til dei fylkeskommunane som har ei sentral rolle i prosjektet. Fylkeskommunane etablerer regionale prosjekt for å stimulere kommunane til å utarbeide planar for ferdselsårene til friluftslivet. Planen skal utarbeidast etter Miljødirektoratets rettleiing M-1292 frå 2019, «Plan for friluftslivets ferdselsårer». Så langt i prosjektet har 143 kommunar starta arbeidet med å lage eigne planar. 117 kommunar har gjennomført kartlegging og

registrering av eksisterande ferdselsårer i sin kommune. 14 kommunar har vedteke eller vil snart vedta ein plan for ferdselsårene i friluftslivet i sin kommune.

Miljødirektoratet har også i 2020 delteke på møte i programstyret for nærmiljø i Groruddalssatsinga i Oslo og har utbetalt prosjektmidlane for dette prosjektet til Oslo kommune. Det er rapportert for tildelte midlar gjennom den samla rapporteringa for arbeidet til programstyret.

Post 79 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same formål under postane 39 og 69. Midlane er retta mot resultatområdet Forureining. I dei fleste områda som får støtte, stammar forureininga frå langt tilbake i tid, og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Foreslått løyving er på cirka 0,5 mill. kroner. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79, er difor nødvendige for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunale og interkommunale selskap og verksemdar, private verksemdar og privatpersonar har til å undersøkje og gjennomføre oppryddingstiltak i grunnen på land og i botnen i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og for forureina grunn er bruken av midlane knytt til dei nasjonale måla «Forureining skal ikkje skade helse og miljø» og «Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansast».

Tildelingskriterium

Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt. Prinsippet om at forureinaren betaler, ligg til grunn ved vurderinga av om det skal gjevast tilskot. Sjå òg omtale under kap. 1420 postane 39 og 69.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruken av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsend av tilskotsmottakaren.

Rapport 2020

Det blir her rapportert samla for oppryddingsarbeidet finansiert frå postane 39, 69 og 79.

Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn går framover. Fram til no er undersøkingar gjennomførte i dei fleste av dei prioriterte områda, og i fleire av områda har dei viktigaste oppryddingstiltaka starta eller blitt gjennomførte. Arbeidet held òg fram for opprydding i forureina grunn der det trengst. Av dei viktigaste gjennomførte tiltaka i 2020 var ferdigstilling av arbeidet med å rydde opp sjøbotnen i Horten indre hamn. I tillegg er det mellom anna arbeid i samband med tilreiingsverket til nedlagde Killingdal gruve i Trondheim og forbetringar på grunnforureiningsdatabasen.

Post 81 Naturarv og kulturlandskap, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten er auka med om lag 1,6 mill. kroner til 69,5 mill. kroner, noko som kjem av prisjustering.

Desse sju ordningane får tilskot frå posten: naturskjøtsel i verdsarvområde (12,1 mill. kroner), tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket (23 mill. kroner), tiltak i kulturlandskapsområde registrerte som verdifulle kulturlandskap (1,1 mill. kroner), tiltak for ville pollinerande insekt (3,2 mill. kroner), verdiskaping basert på naturarven (8,9 mill. kroner), villreinfjella som verdiskapar (8,5 mill. kroner) og Nasjonale turiststiar (12,7 mill. kroner).

Naturskjøtsel i verdsarvområde

Mål

Målet med tilskot til forvaltningstiltak i norske verdsarvområde med viktige naturverdiar er å sikre at naturverdiane som låg til grunn for innskriving av områda på Unescos liste, blir bevarte og overførte til kommande generasjonar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om tilstanden til naturverdiane er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus og forvaltningsplanane for områda.

Tildelingskriterium

Dei aktuelle verdsarvområda er Vegaøyen, som vart innskrevet i Unescos verdsarvliste i 2004, og

Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden, som vart ført på lista i 2005. Mottakarar er stiftelsane Vegaøyen Verdsarv, Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Posten dekkjer òg tilskot til Foreininga Noregs verdsarv til gjennomføring av arrangementet Verdsarvforum.

Midlane må sjåast i samanheng med midlar til verdsarvområda i Noreg under kap. 1429 post 79 Tilskot til verdsarven og med midlar til autoriserte verdsarvsenter i Geiranger og Vega under kap. 1400 post 76.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet for å sjå til at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2020

Oppfølginga av norske verdsarvområde med naturverdiar er organisert gjennom ideelle stiftelsar på staden som blir tildelte tilskot til drift og gjennomføring av forvaltningstiltak innanfor rammer sette i forvaltningsplanar og retningslinjer for oppfølging av verdsarvkonvensjonen. Midlane har i 2020 medverka til gjennomføring av tiltak og satsingar på ulike tema for verdsarvforvaltning i verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap. Desse omfattar mellom anna forvaltningsplanlegging, besøksforvaltning, nettverksbygging, lokal involvering og organisering av samarbeid. Det er lagt vekt på samarbeid og samfinansiering med andre aktørar i gjennomføringa av tiltak. Forpliktingane knytte til formidling og informasjon om kultur- og naturverdiar er tekne hand om og vidareutvikla gjennom tiltak retta mot barn, unge og besøkjande. Gjennomføring av arrangementet Verdsarvforum 2020 vart utsett til 2021 grunna covid-19.

Tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Ordninga omfattar midlar til oppfølging av den frivillige ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Dette er ei felles satsing mellom landbruks- og miljøstyresmaktene frå 2009. Talet på område i ordninga har stige i takt med auka budsjett og omfatta i starten av 2020 46 kulturlandskap fordelt over heile Noreg. På oppdrag frå departe-

menta leverte Landbruksdirektoratet, Riksantikvaren og Miljødirektoratet hausten 2020 ein plan for perioden 2020–2025 der behovet for å styrkje områda som allereie er med i ordninga, og moglegheitene for å ta fleire kulturlandskap inn i ordninga vart vurderte.

Mål

Målet med tilskotet er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap som inngår i den frivillige ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Tildelingskriterium

Eit nasjonalt sekretariat leidd av Landbruksdirektoratet, saman med Miljødirektoratet og Riksantikvaren, følgjer forvaltninga av områda i samarbeid med fylka. Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap gjeld frå 1. januar 2020. Kommunane fekk frå same tidspunkt ansvaret for administrasjon, tilskotsforvaltning og prioritering av tiltak i samråd med områdeutval i dei enkelte områda. Midlane blir tildelte med grunnlag i godkjende forvaltningsplanar. Landbruks- og miljøvernavingane hos statsforvaltarane, i samarbeid med regional kulturmiljøforvaltning, er framleis sentrale faglege rådgjevarar for ordninga. Landbruksavdelingane koordinerer fylkesvise budsjettinnspel og rapportering frå ordninga til nasjonale styresmakter.

Oppfølging og kontroll

I forvaltningssystemet for tilskot (Agros) har Landbruksdirektoratet i 2020 utvikla ei ny løysing for søknadsbehandling og rapportering knytt til ordninga for Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Kommunane behandlar søknader og tildeler midlar, medan statsforvaltaren kontrollerer og rapporterer til nasjonale styresmakter. Kontrollen av tilskotsmottakarar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Fylkesvis rapportering utgjer grunnlaget for årleg rapport for ordninga frå dei tre samarbei-

dande direktorata til Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Rapport 2020

I 2020 var dei samla løyvingane til arbeidet med utvalde kulturlandskap på 37,3 mill. kroner (15,5 mill. kroner gjennom jordbruksoppgjæret og 21,8 mill. kroner over budsjettet til Klima- og miljødepartementet).

Midlane til utvalde kulturlandskap blir fordelte på tiltak innanfor planlegging og prosess, skjøtsel og andre typar tiltak for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø, biologisk mangfald og landskapsverdiar, overvaking og dokumentasjon, formidling, tilrettelegging og tiltak som held oppe landbruksdrift i områda (næringsutvikling, seterdrift m.m.). I 2020 gjekk 28 pst. av midlane til kulturminne- og kulturmiljøtiltak, 28 pst. til landskapskjøtsel, 8 pst. til målretta tiltak for å ta vare på biologisk mangfald og 9 pst. til næringsretta tiltak. Dei resterande 27 pst. vart nytta til tiltak knytte til ferdsel og friluftsliv, planlegging, kartlegging og dokumentasjon og formidling. Særskild årsrapport for ordninga utarbeidd av Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren gjev nærmare oversikt over fordeling av midlane på ulike formål og informasjon om viktige utviklingstrekk i områda.

Tiltak i kulturlandskapsområde registrerte som verdifulle kulturlandskap

Mål

Målet med ordninga er å sikre berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap som inngår i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om tiltaka sikrar naturmangfaldet i kulturlandskapsområde med store naturverdiar.

Tildelingskriterium

Det er utvikla eit eige sett med kriterium for tildeling med ei liste over prioriterte område som kan søkje om tilskot. Blant søknader som gjeld tilskot til tiltak i kulturlandskapsområde registrerte som verdifulle kulturlandskap, vil dei som er forankra i ein skjøtelses- eller tiltaksplan, bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp med tanke på at midlane blir nytta som føresett, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar skjer gjennom generell formalia- og sannsyns-kontroll av innsende rapportar.

Rapport 2020

Det vart innvilga 34 søknader i 2020, hovudsakleg til tiltak for å hindre gjengroing, gjennomføre skjøtsel i biologisk viktige areal og gjennomføre andre tiltak for å ta vare på naturverdiar knytte til verdifulle kulturlandskap.

Tiltak for ville pollinerande insekt

Mål

Målet med ordninga er å medverke til å sikre eller betre leveområda for ville pollinerande insekt.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om tiltaka sikrar gode leveområde for ville pollinerande insekt.

Tildelingskriterium

Søknader som gjeld areal med førekomst av mange artar eller artar på raudlista, vil bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Mottakarane av tilskot blir følgde opp med tanke på at midlane blir nytta som føresett, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av inn-sende rapportar.

Rapport 2020

Om lag 2,5 mill. kroner vart fordelte gjennom fylkesmennene til skjøtels-, restaurerings- og tilretteleggingstiltak i felt for å betre kvaliteten på leveområde for pollinerande insekt og til regionale kunnskaps- og informasjonstiltak. Om lag 0,5 mill. kroner vart tildelt to nasjonale kunnskapsformidlingstiltak: fagleg rådgjevingsteneste ved etablering og skjøtsel av blomsterrike areal (NIBIO) og kunnskapsformidling om humler og ville bier tilrettelagd for skulen (NTNU Vitskapsmuseet).

Verdiskaping naturarv

Mål

Målet med ordninga er å medverke til at verneverdiane i verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping som har ein langsiktig positiv effekt på natur, lokalsamfunn og næringsutvikling.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping der natur, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Kommunar, regionråd, frivillige organisasjonar, verksemder, grunneigarar, naturinformasjonssenter, tilsynsutval og verneområdestyre kan få tilskot til tiltak for å kanalisere ferdsel, tiltak for å utvikle besøksforvaltning av nasjonalparker, naturfagleg kompetanseheving i reiselivsverksemder, tiltak for å betre samarbeidet mellom naturforvaltning, næring og lokalsamfunn og til ulike typar av informasjon og leiing av prosjekt som fell inn under desse tiltaka.

Tilskot kan også bli gjeve til implementering av merkevare- og kommunikasjonsstrategien for nasjonalparker i regi av nasjonalparkkommunar godkjende etter nye kriterium, nasjonalparklandsbyar og nasjonalparksenter. Det er krav om minst 50 pst. eigeninnsats (økonomiske midlar eller arbeidsinnsats).

Regionalparkane ved organisasjonen deira Norske parkar blir tildelt 5 mill. kroner. Midlane skal gå til drift og utvikling av organisasjonen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av fortløpande kontakt mellom Miljødirektoratet og prosjekta som får tilskot. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar og av revisorstadfesta årsrekneskap.

Rapport 2020

Det kom inn 40 søknader i 2020. 14 av søknadene vart tildelte midlar. Det vart gjeve tilskot til ulike typar av informasjons- og formidlingstiltak og tilrettelegging av turstiar, utkikkspunkt og andre

attraksjonar for å fremje naturopplevingar og auke verdiskapinga i nasjonalparkkommunar og -landsbyar og andre område. Desse fekk tilskot i 2020: Birkenes bygdemuseum. Bjåen Fjellstove, Frøya kommune, Skarvan og Roltdalen og Sylan nasjonalparkstyre, Færder kommune, Hemnes kommune, Magma Geopark AS, Stiftelsen Nordland nasjonalparksenter, Nordreisa kommune, foreininga Norges nasjonalparkkommuner, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Røyrvik kommune.

Villrein fjellet som verdiskapar

Mål

Målet er å stimulere til brei verdiskaping knytt til dei ti nasjonale villreinområda, særleg retta inn mot ulike delar av reiselivet. Ordninga skal medverke til god gjennomføring av dei regionale planane for villreinområda og til å utvikle og spreie kunnskap om villreinen og villrein fjellet til ulike målgrupper.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at dei nasjonale villreinområda blir del av ei brei verdiskaping der villrein, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelte til prosjekt i samsvar med den fastsette programplanen. Prosjekta skal omfatte fleire ulike tiltak og må vere knytte til eit geografisk område eller eit tema innanfor dei kommunane som er omfatta av dei nasjonale villreinområda. Det er utvikla eit eige sett med søknadskriterium der det mellom anna blir lagt vekt på god samanheng med handlingsprogramma knytte til dei regionale planane. Det blir òg lagt vekt på at prosjekta skal ha geografisk spreining og dekkje ulike tema og problemstillingar knytte til dei ulike nasjonale villreinområda. Prosjekta skal femne både miljøvis, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping. Det er krav om minst 50 pst. eigeninnsats i form av arbeid eller andre økonomiske midlar.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av jamleg kontakt mellom Miljødirektoratet og dei prosjekta som får tilskot, og ved at statsforvaltaren deltek i dei styrande organa for prosjekta. Kontroll skjer

gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar og av revisorstadfesta årsrekneskapar. Norsk villreinsenter har ei viktig rolle i fagleg oppfølging og rådgjeving for prosjekta og arrangerer òg årlege nettverkssamlingar for alle prosjekta i samarbeid med Miljødirektoratet.

Rapport 2020

Følgjande prosjekt fekk tilskot i 2020: Kunnskapsformidling om villrein fjell (Verneområdestyret for Setesdal Vesthei), Villreinløypa (Gudbrandsdalsmusea / Lesja kommune), Dovrefjellaksen – samarbeid om formidling (Trøndelag fylkeskommune), Forollhogna – det hele fjellet (Forollhogna nasjonalparkstyre), Mennesket og reinen (Viken fylkeskommune), Villrein og istid (Norsk institutt for naturforskning mfl.), Tradisjon og destinasjon (Norsk villreinsenter Sør mfl.), DNT i villrein fjellet (Den Norske Turistforening), Budeiene og villrein fjellet (Rjukan Næringsutvikling), Heiplanen – handlingsprogram (Rogaland fylkeskommune). Vidare var det løyvd midlar til mindre tilleggsprosjekt til prosjekta Villreinløypa og Forollhogna. Alle prosjekta er knytte opp mot dei regionale planane for nasjonale villreinområde, og dei har ført til brei mobilisering til samarbeid mellom ulike aktørar lokalt og regionalt. Prosjekta har også ført til at det er etablert gode koplingar til arbeidet med besøksstrategiar for verneområda. Det er oppretta eigne temasider for prosjekta på nettstaden til Norsk villreinsenter, villrein.no.

Nasjonale turiststiar

Mål

Tilskotsordninga Nasjonale turiststiar gjev midlar til stiar med ekstraordinært stort besøk og der internasjonale turistar utgjer ein stor del av dei besøkjande. Tilstrøyminga fører til stor slitasje på stiane og naturen rundt, utfordringar med søppel/avfall, behov for informasjon både før og under besøket og utfordringar med tryggleiken til dei besøkjande. Gjennom ulike tiltak kan desse utfordringane reduserast i stor grad.

Ordninga skal ikkje leggje til rette for meir utbygging og tiltak enn det som er nødvendig, og alle tiltak skal vere innanfor rammene av allemannsretten og norsk friluftslivstradisjon. Eventuelle byggje- og anleggstilltak skal vere tilpassa landskapet, ha minst mogleg omfang og ta omsyn til natur- og opplevingskvalitetane i området.

Det kan autoriserast inntil 15 Nasjonale turiststiar. Stiar med ekstraordinært stort besøk og der

internasjonale turistar utgjer ein stor del, kan bli autoriserte. Vidare må noverande situasjon og framtidige planar i nærområdet til stiane ta omsyn til naturmangfald, friluftsliv, tryggleik og landskapskvalitetar for at stiane skal kunne bli autoriserte. Dei autoriserte stiane skal ha stor opplevingsverdi og attraksjonskraft og skal vere eit utval av stiar og turmål som gjennom heilskapleg besøksforvaltning toler mange besøkjande utan at natur- og kulturverdiar blir forringa, og der opplevinga for dei besøkjande er viktig. Vidare skal tryggleiken vere godt teken i vare på desse stiane. God lokal forankring av arbeidet og langsiktig planlegging gjennom heilskapleg besøksforvaltning som skal munne ut i ein besøksstrategi, er eit krav for å bli autorisert som Nasjonal turiststi.

Stiar som er autoriserte som Nasjonal turiststi, blir prioriterte ved tildeling av midlar frå ordninga, men å vere autorisert er ikkje eit krav for å få midlar frå ordninga. Stiar som er autoriserte, vil i tillegg få eit årleg grunntilskot på 300 000 kroner, slik at desse stiane får ei føreseieleg forvaltning. Grunntilskotet blir utbetalt frå og med året etter autoriseringa og kan berre nyttast til tiltak som gjev rett til midlar i tilskotsordninga. Dei autoriserte stiane kan i tillegg søkje om midlar i den ordinære søknadsprosessen.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet medverkar til redusert slitasje og færre ulykker og utrykkingar frå hjelpemannskap i samband med ferdsel på stiane, og om tilskotet medverkar til å halde oppe naturverdiar og miljøverdiar på og i tilknytning til stiane. I tillegg vil det bli lagt vekt på om ordninga medverkar til brei lokal verdiskaping.

Tildelingskriterium

Destinasjonsselskap, kommunar, kommunale eller interkommunale føretak, stiftelsar, frivillige organisasjonar og verneområdestyre kan søkje på ordninga. Søknader med breie samarbeidsrelasjonar mellom reiseliv, frivillige, kommune og forvaltning vil bli prioriterte.

Tilskot blir gjeve til prosjekt som handlar om turstiar med store opplevingskvalitetar der internasjonale turistar utgjer ein stor del av dei besøkjande.

Det skal liggje føre ei prosjektbeskriving for stien og området som det blir søkt om tilskot til. Prosjektbeskrivinga skal vise omfanget av besøk på den aktuelle stien, gjere greie for kva som er

utfordringane for det aktuelle området, og innehalde ein plan der ein syner kva tiltak som kan ta hand om desse utfordringane. Kva stien har å seie for lokalt reiseliv, skal òg inngå i prosjektbeskrivinga.

Alle fysiske tiltak som får tilskot, skal i utgangspunktet vere opne for allmenta. Alle bygge- og anleggstiltak skal vere tilpassa landskapet og natur- og opplevingskvalitetane i området.

Tildelte midlar skal i utgangspunktet brukast til tiltak på og i tilknytning til stiane. Det kan òg bli gjeve tilskot til enkelte andre tiltak, til dømes informasjonstiltak og forprosjekt og prosjektleiing knytt til besøksforvaltning som førebuing til å søkje om autorisasjon. Det blir ikkje gjeve tilskot til drift knytt til stiområda.

Det blir berre gjeve tilskot til søkjarar som medverkar med minst 25 pst. eigeninnsats (økonomiske midlar eller arbeidsinnsats som kan dokumenterast).

Prioriterte tiltak:

- tilrettelegging og merking av sti
- sikringsbuer og andre beredskapstiltak
- tilrettelegging av tilkomstsoner
- toalett/sanitæranlegg
- søppelhandtering
- prosjektleiing og planlegging knytt til besøksforvaltning
- informasjonstiltak, under dette også fjellvaktteneste, stipatroljar og vertskap ved til dømes startområdet for stien

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp med tanke på at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2020

Det kom inn 21 søknader i 2020, og 16 søkjarar fordelte på 7 fylke fekk tildelt midlar. Mange stiar er rusta opp med mellom anna drenering av vatn og steinlegging. Ulike sikrings- og beredskapstiltak, under dette fjellvaktordning, vart finansierte. Viktige informasjonstiltak vart gjennomførte, og enkelte startpunkt vart tilrettelagde. Desse fekk tilskot i 2020: Segla på Senja, Kjerag og Preikestolen i Lysefjorden, Dronningruta i Vesterålen, Trolltunga og Dronningstien i Ullensvang, Bondhusdalen i Kvinnherad, Romsdalseggen i Rauma, Rødøyløva i Rødøy, Kvalvika-Ryten i Lofoten, Engabreen i Meløy, Besseggen i Vågå, Gaustatop-

pen i Tinn og Hjartdal kommunar, Aurlandsdalen i Aurland, Kongevegen i Lærdal og Fosseråsa i Geiranger.

Post 82 Tilskot til trua artar og naturtypar, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
82.1	Tilskotordning – trua artar	45 507	13 107	13 448
82.2	Tilskotordning – trua naturtypar		29 699	30 471
	Sum post 82	45 507	42 806	43 919

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Posten er delt i to underpostar, ein for trua artar og ein for trua naturtypar. Underposten for trua artar omfattar mellom anna tilskot til prioriterte artar og dei økologiske funksjonsområde deira og artar som er klassifiserte som trua på Norsk raudliste for artar. Tiltak for å bevare hubro er òg inkluderte i posten med vekt på tiltak mot elektrokusjon (at fugl kjem nær to straumførande leidningar samstundes og døyr). Underposten for trua naturtypar omfattar tilskot til tiltak for utvalde naturtypar og naturtypar som er klassifiserte som trua på Norsk raudliste for naturtypar.

Posten er auka med 1,1 mill. kroner i prisjustering til 43,9 mill. kroner.

Trua artar

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak for å ta vare på trua plante- og dyreartar, under dette artar som er valde ut som prioriterte artar. Ordninga inkluderer òg økologiske funksjonsområde for prioriterte artar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytte til trua artar. Måloppnåinga for hubro blir vurdert ut frå talet på stolpar og konstruksjonar som er sikra mot skade på hubro, og utvikling i hubrobestanden i desse områda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelte til konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehald, biotopforbehold, restaurering, aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak

som er nødvendige for å ta vare på eller rette opp økologiske funksjonsområde for trua og prioriterte artar, gjerding, nødvendig utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging knytt til tiltak og tiltak for å hindre at hubro døyr som følgje av at dei bruker straumstolpar som sitjeplass.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp med tanke på at midlane blir nytta som føreset, og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2020

Det kom inn 289 søknader i 2020. Det vart søkt om 30,6 mill. kroner, og totalt tildelte Miljødirektoratet og statsforvaltaren om lag 17,2 mill. kroner til slike søknader. Midlane er gjevne til konkrete tiltak som til dømes skjøtsel av lokalitetar, styrking av bestandar og informasjon. Av dette er det samla gjeve om lag 1,4 mill. kroner til 6 tiltak for hubro for å unngå at arten døyr som følgje av elektrokusjon. Dei ulike nettselskapa nyttar i tillegg eigne midlar på dei same strekningane.

Trua naturtypar

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å ta vare på utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova kap. VI og trua naturtypar, jf. definisjon av trua naturtypar i Norsk raudliste for naturtypar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå målsetjingane for å ta vare på naturtypar i dei enkelte handlingsplanane, under dette talet på lokalitetar som blir tekne vare på, og talet på tiltak knytte til førekomst av trua og utvalde naturtypar.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til restaurering, skjøtsel og vedlikehald, tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av landbruksføretak, gjerding, kartlegging og overvaking knytt til tiltak, utarbeiding av skjøtelses- eller tiltaksplan, nødvendig utstyr til tiltak og informasjon om naturtypane.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane rapporterer korleis midlane blir nytta, og om gjennomførte tiltak og resultat. Kontrollen går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar frå tilskotsmottakarar til statsforvaltaren.

Rapport 2020

Det kom inn 1 120 søknader i 2020, mot om lag 1 027 i 2019 og 1 050 i 2018. Det kom inn søknader for tiltak i 19 ulike naturtypar. Talet på søknader er framleis størst innanfor naturtypane slåttemark (729 søknader), kystlynghei (169 søknader) og hule eiker (71 søknader). Om lag 980 søknader omfatta skjøtsel og vedlikehald. I tillegg kom det inn søknader om tilskot til gjerding, informasjonstiltak, kartlegging og overvaking knytt til tiltak, tilpassa drift på areal som inngår i drifta av landbruksføretak, og innkjøp av utstyr til skjøtsel.

I 2020 vart det søkt om 63,5 mill. kroner til tiltak for å ta vare på trua og utvalde naturtypar, mot 51,5 mill. kroner i 2019. Den tilgjengelege budsjetttramma var om lag 28,8 mill. kroner. Miljødirektoratet tildelte det meste av dette til statsforvaltaren for vidare tildeling, med unntak av 0,435 mill. kroner, som Miljødirektoratet tildelte to informasjonstiltak for dei utvalde naturtypane kystlynghei og hol eik.

Handlingsplanar for naturtypar legg det faglege grunnlaget og dei overordna rammene for ein stor del av tiltaka som blir gjennomførte med støtte frå tilskotsordninga for trua og utvalde naturtypar. Talet på skjøtelsesplanar som er utarbeidde for enkeltområde, stig jamt. Det gjer òg talet på langsiktige avtalar med grunneigarar om

skjøtsel. Dette er viktige verkemiddel for å motivere grunneigarar til å søkje om tilskot og drive skjøtsel. Det er flest skjøtelsesplanar og avtalar for slåttemark og kystlynghei.

Post 83 Tilskot til tiltak mot framande artar, kan overførast

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å hindre negativ påverknad på naturmangfaldet frå framande skadelege artar. Foreslått løyving er på 4,1 mill. kroner, en auke på 0,1 mill. kroner som skuldast prisjustering.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om tiltaka som får støtte frå posten, medverkar til at trusselen frå framande skadelege organismar blir mindre.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til tiltak for å nedkjempe framande skadelege organismar, informasjonstiltak og kartlegging og overvaking knytt til konkrete tiltak.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane rapporterer korleis midlane blir nytta, og om gjennomførte tiltak og resultat. Kontrollen går for seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar frå tilskotsmottakar.

Rapport 2020

I 2020 vart løyvinga auka med 13,3 mill. kroner etter Stortingets vedtak om økonomiske tiltak i samband med virusutbrotet (covid-19-pandemien). Desse midlane skulle gå direkte til konkrete tiltak for å fjerne skadelege framande artar over heile landet. Den totale løyvinga på posten i 2020 var dermed 17,3 mill. kroner. Det kom inn 135 søknader til ordninga på til saman 27,6 mill. kroner. Det vart tildelt midlar til 71 prosjekt.

Post 84 Internasjonalt samarbeid

Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområda Naturmangfald og Forureining, men òg til Friluftsliv, Klima og Polarområda. Foreslått løyving er 5,7 mill. kroner.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor, i det internasjonale arbeidet for vern av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar og å setje Miljødirektoratet og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimeleg grad medverkar til at dei kan utføre oppgåvene sine, og at Miljødirektoratet og anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Naturpanelet (Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services, IPBES)
- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUROPARC)
- Conseil International de la Chasse (CIC)
- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den europeiske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)
- Working Group on Harmonization of Regulatory Oversight in Biotechnology (WGHROB) under Biosafety-programmet til OECD
- Konvensjon om langtransportert luftforureining (LRTAP-konvensjonen), kjerneoppgåver som ikkje blir omfatta av bidraget til EMEP-protokollen
- Common Forum on Contaminated Land
- The European Union Network for the Implementation and International Transaction Log (IIL)
- Enforcement of Environmental Law (IMPEL)
- Organization of Economic Co-operation and Development (OECD)
- Det internasjonale ressurspanelet (The international Resource Panel)

Posten skal òg dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen. Vidare skal posten dekkje utgifter Noreg har som følge av plikter i grensevassdrag til Finland og Sverige.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av målsetjingane til organisasjonane og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtalar og av kva nytte Miljødirektoratet har av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i dei styrande organa i organisasjonane, der det blir teke avgjerder mellom anna om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Miljødirektoratet på møte i styrande organ i organisasjonane der det blir teke avgjerder mellom anna om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Rapport 2020

Midlane dekte i 2020 medlemskontingenten i dei internasjonale organisasjonane som er lista opp under «Tildelingskriterium» over, i tillegg til eit avgrensa tal oppfølgingsprosjekt.

Post 85 Naturinformasjonssenter, kan overførast

Midlane er i hovudsak retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Besøkssenter for natur skal formidle kunnskap av høg kvalitet om nasjonalparkar, villrein, våtmark, rovvilt, fugl og villaks til lokalbefolkninga og tilreisande. Barn og unge er spesielt prioriterte.

Posten er samla sett auka med 3 mill. kroner til 82,8 mill. kroner. Posten har fått ei prisjustering på 2,1 mill. kroner. Til nytt naturinformasjonssenter for Oslofjorden er det lagt inn 1,5 mill. kroner. Til post 01 er det flytta 0,6 mill. kroner for å dekkje driftskostnader i samband med autorisering/reautorisering av besøkssenter og gjennomføring av nettverkssamling.

For 2021 vart det løyvd 1,2 mill. kroner til forprosjekt knytt til eit nytt nasjonalt naturinformasjonssenter i Trillemarka-Rollagsfjell naturreservat. I 2022 vil desse midlane gå til autorisasjon av eit nytt skogvernssenter. Trillemarka-Rollagsfjell og andre senter kan søkje på dette.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til drift, utvikling og etablering av naturinformasjonssenter (besøksenter for natur).

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for sentera blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar der sentera viser at dei fyller autorisasjonskrava.

Tildelingskriterium

Autoriserte besøksenter natur kan søkje om eit årleg grunntilskot til aktivitet knytt til administrasjon, planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak, naturrettleiing og anna. Grunntilskotet blir for 2022 på 1,116 mill. kroner per senter. Autoriserte senter kan i tillegg søkje om tilskot til ekstra publikumstiltak og kompetanseheving. Både autoriserte senter, andre som arbeider med naturinformasjon (til dømes museum og stiftelsar), og senter som ikkje er autoriserte, kan søkje om tilskot til utstillingar og informasjonstiltak.

Tabell 8.4 Type senter

Tema for senter	(i 1 000 kr)
Besøksenter nasjonalpark	34 642
Norsk villreinsenter	8 979
Besøksenter våtmark	7 481
Besøksenter rovdyr	8 517
Naturrettleiing	7 105
Det nasjonale villakssenteret	8 781
Besøksenter for skogvern	1 222
Besøksenter for Oslofjorden	1 500
Runde Miljøenter	3 458
Atlantehavsparken	1 116
Sum	82 801

Naturrettleiing vil seie formidling av kunnskap om naturen og samanhengar i naturen, med det formål å styrkje innsikt, respekt, engasjement og omsorg for natur- og kulturmiljøet. Naturrettleiingstenester blir utførte av ein person, naturrettleiaren, som i hovudsak gjev deltakarane direkte opplevingar ute i naturen. Mottakarar av tilskot til naturrettleiing er Norsk villreinsenter (Hjerkinn og Skinnarbu), besøksenter for rovdyr i Flå og Namsskogan og besøksenter Nordland, Færder og Hardangervidda (Skinnarbu), besøksenter våtmark Ilene og Museene i Akershus avdeling Fetsund lense (Nordre Øyeren).

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer årsmelding, revidert rekneskap, budsjettforslag, plan for verksemda og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Sentera rapporterer om tal på besøkjande, aktivitetar og naturrettleiing, sal av logoprodukt, resultat frå brukarundersøkingar og eventuelle evalueringar av innhald og aktivitet ved senteret og om andre forhold som var sentrale for å få tildelt tilskotet. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, mellom anna ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gjeve støtte til.

Runde Miljøenter, Atlantehavsparken i Ålesund og Det nasjonale villakssenteret må rapportere om bruken av midlane på den same måten som dei autoriserte sentera.

Rapport 2020

Det vart gjeve grunntilskot til 15 autoriserte besøksenter nasjonalpark, fire autoriserte besøksenter rovdyr og seks autoriserte besøksenter våtmark. Det vart òg gjeve grunntilskot til Stiftelsen Norsk villreinsenter, som har ei utvida rolle som informasjons- og kompetansesenter og har driftseiningar på Hjerkinn og Skinnarbu, under dette besøksenter villrein på Hjerkinn. I tillegg vart det gjeve driftstilskot til Stiftelsen nasjonalt villakssenter, Runde Miljøenter og Atlantehavsparken og etableringstilskot til besøksenter Lofotodden og Raet nasjonalparkar.

Besøksentera Raet nasjonalpark og Lofotodden nasjonalpark vart autoriserte, medan besøksenter Ytre Hvaler nasjonalpark, Hardangervidda nasjonalpark, Skinnarbu og kompetansedelen av Stiftelsen Norsk Villreinsenter vart reautoriserte i 2020.

Det vart etter søknad gjeve tilskot til utvikling av forvaltningsknutepunkt i Alta. Det vart vidare etter søknad gjeve tilskot til fornying av utstillingar, informasjonstiltak og kompetanseheving til besøkssenter.

Desse sentera fekk tilskot i 2020: Stiftelsen Norsk villreinsenter, Stiftelsen nasjonalt villaksenter, besøkssenter rovdyr: Bardu, Flå og Namskogon, besøkssenter nasjonalpark: Hardangervidda, Eidfjord, Øvre Pasvik, Stabbursdalen, Reisa, Lierne, Femundsmarka, Folgefonna, Færder, Ytre Hvaler, Jotunheimen Jostedalsbreen

Oppstryn og Jostedalen og besøkssenter nasjonalparkane i Nordland, Klimapark 2469, Norsk Tindesenter, Vollan Gard – Kvikne nasjonalpark, Sázza Senja naturhus & museum – Midt-Troms museum, Museene i Akershus avd. Fetsund lenser, Balsfjord Fjordmuseum og våtmarkssenter – Midt-Troms museum, Dokkadeltaet våtmarkssenter, besøkssenter våtmark Ilene, besøkssenter våtmark Jæren, besøkssenter våtmark Oslo, besøkssenter våtmark Lista, Trondheimsfjorden våtmarkssenter, besøkssenter våtmark Ørland.

Kap. 4420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Oppdrag og andre ymse inntekter	9 804	7 766	8 028
04	Gebyr, forureiningsområdet	49 655	46 950	49 270
06	Gebyr, statsforvalterembetas miljøvernavdelingar	35 118	37 784	37 595
07	Gebyr, kvotesystemet	8 761	8 712	5 980
08	Gebyr, naturforvaltningsområde	38	672	
09	Internasjonale oppdrag	38 286	46 665	47 878
	Sum kap. 4420	141 662	148 549	148 751

Post 01 Oppdrag og andre ymse inntekter

På posten er det budsjettert med ulike oppdragsinntekter, sal av tenester knytte til felles administrative funksjonar i miljøforvaltninga og overføringer frå andre til tidsavgrensa prosjekt. Oppdragsinntektene er hovudsakleg knytte til tenester som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog. På posten blir det òg ført ymse inntekter, frå sal av rapportar utarbeidde av Miljødirektoratet og enkelte andre produkt. Posten er auka med 0,3 mill. kroner til 8 mill. kroner. Av auken er 0,2 mill. kroner prisjustering.

Frå 2022 vil også inntekter i samband med merkjepiktig vilt og kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftskonsesjonar budsjetterast her. Posten er auka med 0,1 mill. kroner i høve til dette. Det er merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilkjem Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om handtering av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepiktig vilt frå Viltfondet, skal betale eit gebyr. Gebyret blir vidareført på same nivået som i tidlegare år, det vil seie 450 kroner. Innbetalte gebyr blir nytta til drift

og vedlikehald av ein sentral database for å ta vare på informasjon om individa. I tillegg krev Miljødirektoratet refusjon for utgifter det har knytt til kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftkonsesjonar. Gebyret er heimla i vassdragsreguleringslova § 12 punkt 19, i vassressurslova §§ 57–58 og i den enkelte konsesjonen. Dei tilsvarande utgiftene til desse inntektene er budsjetterte under kap. 1420 post 01 Driftsutgifter.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 04 Gebyr, forureiningsområdet

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innanfor forureiningsområdet.

Posten omfattar Miljødirektoratets inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr frå dei som får utferda sertifikat under ei sertifiseringsordning for bedrifter og personell som handterer fluorerte klimagassar (produktforskrifta kapittel 6 a). Ordninga er ein del av

- EØS-avtalen som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom krav til mellom anna dokumenterte kvalifikasjonar for teknisk personell og bedrifter som utfører arbeid på utstyr med nokre av desse gassane. Den praktiske gjennomføringa av sertifiseringsordninga blir i dag utført av Isovator AS (HFK i kuldeanlegg o.a.) og Incert AB (SF₆ i høgspenbrytarar). EU vedtok 16. april 2014 ei revidert forordning som utvidar sertifiseringsordninga til også å gjelde personell som handterer kjølebilar/-tilhengjarar og GIS-anlegg. Den reviderte forordninga er implementert i Noreg gjennom produktforskrifta kap. 6 a og tredje i kraft 14. desember 2018.
- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forureiningsforskrifta
 - gebyr for tilsyn og kontroll med importørar og produsentar av kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av deklareringsforskrifta, inkludert vedlikehald og vidareutvikling av Produktregisteret som verktøy for effektiv kjemikaliekontroll
 - årsgebyr for godkjende biocidprodukt og gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidaktive stoff og biocidprodukt, i medhald av biocidforskrifta. Gebyret skal dekkje alle kostnader til søknadsbehandling og tilsyn og kontroll med at forskrifta og vedtak gjorde i medhald av forskrifta blir overhaldne, inkludert drift, utvikling og vidareutvikling av tiltak og system for forbetring og effektivisering av saksbehandling og søknadsevaluering.
 - gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemdar som leverer farleg avfall, skal fylle ut eit deklarasjonskjema med opplysningar om opphavet til, innhaldet i og eigenskapane til avfallet. Det er fastsett eit gebyr for denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Miljødirektoratets kostnader ved drift og utvikling av systemet inkludert kjøp av tenester.
 - gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret) i medhald av avfallsforskrifta. EE-registeret vart i 2019 erstatta av Produsentansvar, som er det nye registeret for EE-produkt og EE-avfall. Alle som importerer og produserer elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg, pliktar å vere medlem av eit godkjent returselskap. Returselskapa finansierer drifta og utviklinga av dette registeret gjennom eit gebyr som er avhengig av marknadsdelen deira.
 - gebyr for eksport og import av avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemdar som importerer eller eksporterer meldepliktig avfall, må innhente samtykke til dette. Gebyret er basert på Miljødirektoratets timebruk og timekostnad til behandling av søknader om eksport og import av avfall.
- I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar.

Tabell 8.5 Budsjettet for 2022 fordeler seg slik på dei ulike gebyrordningane:

Gebyrordning	Budsjett inntekt 2022 (tal i tusen kroner)
Sertifisering for fluorerte klimagassar	7 000
Konsesjonsbehandling etter forureiningsforskrifta	8 350
Tilsyn etter forureiningslova	9 325
Kvotetilsyn	345
Tilsyn med kjemikalier	5 525
Deklarasjon av farleg avfall	7 200
Drift av produsentansvar	1 000
Eksport og import av avfall	6 900
Godkjenning av biocid, biocidprodukt og årsgebyr for godkjent biocidprodukt	3 625
Totalt kap. 4420 post 04	49 270

Samanlikna med 2021 er posten auka med 2,3 mill. kroner.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 06 Gebyr, miljøvernavingane i statsforvaltarembeta

Posten omfattar inntekter til statsforvaltaren frå gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og tilsyn. Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 07 Gebyr, kvotesystemet

Miljødirektoratet forvaltar klimakvoteforskrifta. Verksemdar som er omfatta av kvoteplikta, må ha løyve frå Miljødirektoratet til kvotepliktige utslepp i tillegg til å ha eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei årlege utsleppsrapportane frå kvotepliktige verksemdar blir kontrollerte og verifiserte av Miljødirektoratet.

I tråd med føresegnene i kap. 39 i forureiningsforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved utarbeiding av løyve til kvotepliktige utslepp finansierast av gebyr.

I tråd med føresegnene i kap. 9 i klimakvoteforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved saksbehandling og kontroll finansierast av gebyr.

Dette er i samsvar med EUs reglar. Miljødirektoratet har òg ansvaret for å drifte det elektroniske kvoteregisteret.

Forventa gebyrinntekt i 2022 er 5,98 mill. kroner. Inntektene er 2,7 mill. kroner lågare enn i 2021 og skuldast at inntektene i 2021 var høge knytt til innføring av fase 4 av klimakvotestystemet, og gebyr for behandling av søknader om tildeling for 2021 – 2025.

Post 08 Gebyr, naturforvaltningsområde

Posten er lagt ned grunna mindreinntekt over fleire år. Anteken resterande inntekt på 0,1 mill. kroner er flytta til post 01 Oppdrag og andre ymse inntekter. Sjå omtale under denne.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten kjem frå andre statsinstansar og frå internasjonale organisasjonar, og dei skal finansiere Miljødirektoratets utgifter under kap. 1420 post 23 til internasjonalt miljø-samarbeid og bistandsarbeid, til dømes institusjonsbygging i samarbeidsland. Posten er auka med 1,2 mill. kroner i prisjustering til 47,9 mill. kroner.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Spesielle driftsutgifter	7 533	7 904	8 268
70	Tilskot til private, <i>kan nyttast under post 21</i>	51 100	32 188	33 025
	Sum kap. 1422	58 633	40 092	41 293

Miljøvennleg skipsfart er eit prioritert innsatsområde i klimapolitikken og i den maritime strategien til regjeringa. Bruk av meir klima- og miljøvennleg drivstoff og energieffektive skip er nøkkelfaktorar i å redusere utsleppa frå skipsfarten. Noreg er i dag leiande i utvikling og bruk av mellom anna gassdrivne skip og batteridrivne ferjer – eit fortrinn som kan utnyttast og utviklast vidare.

Regjeringa har i handlingsplanen for grøn skipsfart identifisert fleire grep for å medverke til å redusere utsleppa frå skipsfarten. For å utløyse

potensialet for utsleppsreduksjonar frå skipsfarten må både styresmaktene og næringa investere, og regjeringa vil difor òg leggje opp til ei styrking av Sjøfartsdirektoratets kompetanse på nye klima- og miljøvennlege løysingar for skipsfarten, med mål om ein effektiv prosess for styresmaktbehandling av skip som blir bygde med ny klima- og miljøvennleg teknologi. Sjøfartsdirektoratet skal òg auke merksemda på tiltak mot marin forsøpling frå internasjonal og nasjonal skipsfart.

Sjøfartsdirektoratets rolle og oppgåver

Sjøfartsdirektoratet er underlagt Klima- og miljødepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljøet, og utfører viktig arbeid innanfor dette området. Arbeidet omfattar mellom anna utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører oppgaver knyttet til internasjonalt miljør samarbeid under FN's sjøfartsorganisasjon (IMO), EU, Nordsjøsamrådet og det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av hovudmåsetjingane sine å medverke til at skipsfarten er ei klima- og miljøvennleg transportform. Direktoratet skal òg medverke til god sikring mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Forureining og Klima.

Det er lagt inn ein priskompensasjon på posten. Foreslått løyving er på om lag 8,2 mill. kroner på posten for 2022.

Posten medverkar til å dekkje lønn til fast og mellombels tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av SO₂, NO_x og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjennomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreining av framande artar i ballastvatn. Posten dekkjer òg midlar knytte til utgreiingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relaterte til miljøspørsmål.

Rapport 2020

Midlane til Sjøfartsdirektoratet har mellom anna gått til nasjonalt og internasjonalt arbeid med å redusere klimagassutslepp frå skipsfarten, redusere eller hindre forureining til luft og sjø, føre-

byggje spreining av framande organismar, opphoging av skip, arbeid med forvaltningsplanar for havområda og eit eige arbeid med å sjå nærmare på miljøbelastninga frå cruisetrafikk i norske fjordar.

Post 70 Tilskot til private, kan nyttast under post 21

Om lag 7,4 mill. kroner er løyvde til statens del i det offentleg-private samarbeidet Grønt Skipsfartsprogram. Desse skal i hovudsak brukast til å utvikle grønne løysingar for fleire fartøykategoriar. I 2022 foreslår regjeringa å løyve om lag 25,6 mill. kroner til vidareføring av Grønt Skipsfartsprogram sitt arbeid med å realisere grøn flåtefornyning av lasteskip. Gjennom grøn flåtefornyning vil lasteskip kunne ta i bruk null- og lågutsleppsløysingar. Foreslått løyving er på om lag 33 mill. kroner på posten for 2022.

Rapport 2020

Midlane har vore retta inn mot å støtte arbeidet til Grønt Skipsfartsprogram, som har 61 private og 10 offentlege deltakarar frå heile den maritime verdikjeda. Arbeidet i programmet har bidratt til å stimulere til samarbeid i næringa for å realisere nye låg- og nullutsleppsløysingar i skipsfarten og fjerne barrierar mot introduksjon av slike løysingar. Programmet har siden oppstarten i 2015 totalt initiert 32 pilotprosjekt der fleire er knytte til bygging av nye skip. I 2020 blei seks prosjekt ferdigstilte og seks prosjekt er sette i gang. Prosjekta som er sette i gng handlar mellom anna om bruk av nye nullutsleppsdrivstoff for skip, autonomi innan grøn skipsfart og CO₂-fangst om bord på skip. Arbeidet med grøn flåtefornyning rettar seg både mot reiarlag og mot vareeigarar. Det er svært stor interesse for denne ordninga. Ved utgangen av 2020 var det 50 prosjekt under denne ordninga. 22 av desse retta seg mot vareeigarar, og 28 prosjekt for grøn flåtefornyning retta seg mot reiarlag.

Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	28 229	28 799	36 907
	Sum kap. 1423	28 229	28 799	36 907

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområdet Forureining. Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4423 post 01. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under denne posten, jf. forslag til vedtak II. Posten dekkjer utgifter som Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) har til lønn og godtgjersle for fast og mellombels tilsette. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til oppdragsverksemd, ordinære driftsutgifter og utgifter knytte til den samla utgreiings- og rådgjeivingsverksemda etaten driv på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet. Posten blir frå 2022 auka med 7,5 mill. kroner for å styrkje DSAs kapasitet i arbeidet med dekommisjonering av dei norske atomanlegga.

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik er Klima- og miljødepartementets direktorat på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet og forureiningsstyresmakt etter forureiningslova.

Direktoratets fremste oppgåve er å utøve forvaltningsmynde, skaffe fram informasjon og kunnskap og gje faglege råd. Dette omfattar forvaltning og kartlegging av radioaktivt avfall og avfallsstrumar med heimel i forureiningslova.

Verksemder som er omfatta av DSAs forvaltningsmynde, er mellom anna petroleumsvksemd, sjukehus og forskning, avfallsdeponi, atomanlegga i Halden og på Kjeller og noko prosess- og mineralindustri.

Atomreaktorane på Kjeller og i Halden er permanent nedstengde, og overgangen mot avviklings- og oppryddingsfasen (dekommisjoneringa) er påbegynt. Overgangen krev eit betydeleg utgreiings-, planleggings- og kartleggingsarbeid og vil krevje ei rekkje pålegg og løyve frå DSA og skaper nye oppgåver og utfordringar både for operatør og for DSA som forvaltnings- og tilsynsstyresmakt.

Det er planlagt ei ansvarsoverføring for atomanlegga frå IFE til NND (Norsk nukleær dekommisjonering) ved at NND søker om å få konsesjon for anlegga. DSA skal gje råd til departementa og rettleie IFE og NND i arbeidet med avvikling og opprydding av norsk nukleær sektor. DSA rettleier også departementa i arbeidet med dekommisjonering og handtering av avfall frå atomanlegga.

Konsesjonsinnehavar har ansvaret for å sikre sikker og tilstrekkeleg lager- og deponikapasitet for avfall frå atomanlegga, særleg knytt til handtering av avfall frå ein framtidig dekommisjonering av forskingsreaktorane. Dette omfattar også løys-

ingar for det brukte brenselet frå reaktorane og etablering av nytt lager for radioaktivt avfall. DSA vil rettleie og informere om regelverk og rammer for behandling, lagring og deponering av radioaktivt avfall inkludert brukt brensel – dette slik at usikkerheiter hos forslagsstillar og/eller konsesjonsinnehavar blir reduserte og bidreg til framdrift i prosessar som skal sørge for trygg og miljømessig forsvarleg handtering av radioaktivt avfall.

DSA har laga fagleg grunnlag til ein nasjonal strategi for radioaktivt avfall.

DSA har ansvar for å støtte og gje råd i oppfølginga av beredskapsansvaret til departementet. DSA har òg ansvar for fagleg utgreiingsverksemd og tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet, i samarbeid med andre relevante institusjonar og fagmiljø. DSA deltek òg i arbeidet med forvaltningsplanane for norske havområde.

Overvaking av radioaktiv forureining skal gje oppdatert informasjon om miljøtilstanden og medverke til å oppdage eventuelle nye utslepp. Vidare skal overvakinga medverke til kunnskap om tilførsalar og langtidsutvikling av forureininga. Det nasjonale overvakingsprogrammet for marint miljø er sentralt i vurderingane av måloppnåing i Oslo-Paris-konvensjonen (OSPAR), rapportering til AMAP og for det bilaterale samarbeidet med Russland om overvaking.

Arbeidet med å medverke til at utslepp av radioaktive stoff blir unngåtte eller minimerte frå dei ulike kjeldene, er sentralt, i tillegg til arbeid med miljøutfordringar i nord- og polarområda, vurdering av norsk oppfyling av OSPARs mål, formidling og beredskap.

DSA deltek og leier arbeidet i radioaktivitetskomiteen til OSPAR, i tillegg til å leie ekspertgruppa for radioaktiv forureining under Den norsk-russiske miljøvernkommissjonen. Samarbeid mellom styresmakter, overvaking av miljøtilstanden, konsekvens- og risikovurderingar knytte til sokne og dumpa objekt i Barentshavet og planlegging av nye felles tokt er sentrale element i samarbeidet i 2022. I 2022 vil DSA følgje opp resultat frå tokt i 2019 og 2021.

DSA følgjer opp Espoo-konvensjonen og deltek i ekspertgruppa som skal utarbeide retningslinjer for korleis ein skal informere naboland om forlengingar av drifta på eldre atomkraftverk.

DSA arbeidde med å vareta Noregs forpliktingar etter felleskonvensjonen om radioaktivt avfall under IAEA (Joint Convention) for å sikre at for-

pliktingane i konvensjonen er tekne i vare i norsk regelverk og forvaltningspraksis.

Det skal byggjast eit protonalegg i Oslo innan 2023 og i Bergen innan 2025. Anlegga må ha utsléppsløyve etter forureiningslova. Det kan oppstå store mengder radioaktivt avfall når anlegga skal avviklast, som må vere sikra deponikapasitet. DSA følgjer opp planlegginga av utbygging av anlegga og har gjeve innspel i planleggingsprosessen for å sjå til at det blir nytta materiale i anlegga som reduserer mengda radioaktivt avfall ved nedlegging og avvikling.

I samband med nytt klinikkbygg på Radiumhospitalet skal utsléppsreducerande tiltak for radioaktive stoff installerast. DSA bidreg i eit pilot-samarbeid med Sykehusbygg med oppfølging og rettleiing som kan bidra til å etablere best mogleg praksis og sikre erfaringsutbytte.

DSA ser behov for meir kunnskap om eksponeringssituasjonen i avløpssystemet og oppførselen til dei radioaktive stoffa i Oslofjorden og planlegg å gjennomføre ei miljøkartlegging i løpet av 2022. Kartlegginga vil gje auka kunnskapsgrunnlag om radioaktiv forureining frå helsesektoren og forureiningsituasjonen i Oslofjorden.

Rapport 2020

DSA skal sikre effektiv forvaltning av forureiningslova på sitt område gjennom informasjon, handheving og tilsyn. DSA har gjeve betydeleg rettleiing knytt til planlegging av dekommissjonering av atomanlegga og handtering av brukt brensel.

DSA har gjennom arbeidet i Overvakingsgruppa bidrege til utarbeidinga av statusrapport for Barentshavet 2020 og har delteke i møte i Faglig forum som jobbar med det vidare arbeidet med neste revisjon av faggrunnlaget for forvaltningsplanane for norske havområde.

EU-prosjektet CONCERT vart avslutta sommaren 2020. DSA deltek også i samarbeidet i dei europeiske strålevernplattformene som er sentrale i utviklinga av strategiske forskingsagendaer (SRA) for strålevern. DSA deltek i fleire prosjekt ved Senter for framifrå forskning (CERAD) og bidreg i arbeidsgrupper som skal identifisere behov for kunnskap og kompetanse nasjonalt innan dekommissjonering og radioaktivt avfall. DSA deltek i eit prosjekt under Miljøgiftflaggskipet i Framsenteret i 2020. Prosjektet samlar kunnskap om utslépp og spreining av radionuklidar som finst naturleg i det marine miljøet, og skal styrkje forvaltninga av petroleumsindustrien.

UV-nettverket har vore operativt i 25 år. Det er behov for nye instrument som vil gje betre data i ein større del av det optiske spekteret.

DSA har bidrege inn i arbeidet med utvikling av ny OSPAR-strategi og med å vurdere om ein har oppfylt noverande strategi.

DSA følgjer opp samarbeidet med russiske styresmakter om forvaltning av utslépp og avfall med radioaktive stoff som finst naturleg (NORM).

Den norsk-russiske ekspertgruppa under miljøvernkommissjonen (radioaktivitetsgruppa) har i vår diskutert resultat frå felles tokt til atomubåten «Komsomolets» og vidare samarbeidd om nytt tokt i 2021. Det er ein god bilateral dialog med britiske styresmakter, og det har våren 2020 vore jobba vidare med å få på plass varslingsprosedyrar under den bilaterale varslingsavtalen. Varslingsprosedyrar for avtalen med Ukraina og ein ny varslingsavtale med Kviterussland nærmar seg òg ferdigstilling.

DSA har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet følgd opp arbeidsgruppa under Espookonvensjonen om vurdering av levetidsforlenging for kjernekraftverk. DSA har også følgd opp ordinære Espoo-saker på det nukleære området.

For å redusere risiko for forureining frå utlandske kjelder har DSA løpande dialog med relevante styresmakter for å auke kunnskap og beredskap rundt transport av radioaktivt avfall og trafikk av reaktordrivne fartøy i nærrområda våre. Dette blir mellom anna gjort som del av deltakinga vår i Arktisk råds AMAP- og EPPR-arbeidsgrupper der vi leier ekspertgruppene innan radioaktivitet.

DSA har utarbeidd miljøovervakingsprogram for anløpsstadene og kontrollerer i tillegg rutinemessig miljøprøvar ved kvart hamneanløp av reaktordrivne fartøy i samarbeid med Forsvaret.

Det nasjonale miljøovervakingsprogrammet blir gjennomført som planlagt, med basis i samarbeidet med Havforskningsinstituttet, NINA og UiO. Det norsk-russiske miljøovervakingssamarbeidet held fram i 2020, og det er utarbeidd eit nytt arbeidsprogram for overvåkingsverksemda i det generelle miljøet som skal dekkje 2021–2023.

DSA samarbeider med Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i fleire enkeltsaker for å sikre ei god forvaltning av forureiningslova. Dette er saker mellom anna knytte til petroleumsverksemd, handtering og deponering av alunskifer og digitalisering. Det har så langt ikkje blitt gjennomført stadleg tilsyn etter forureiningslova i år. Dette er ein konsekvens av covid-19-situasjonen. DSA har gjeve 34 løyve til utslépp av radioaktiv forureining og handtering av radioaktivt avfall, fordelte

på petroleumsverksemd, irekna både offshore og landbasert verksemd, sjukehus og deponi. Dette er både nye løyve og endringar i eksisterande løyve.

DSA følgjer kontinuerleg opp etableringa av protonterapianlegg med omsyn til utslepp og avfallshandtering. Den formelle søknadsprosessen etter forureiningslova for anlegget ved Oslo

universitetssjukehus startar når søknad om utsleppsløyve blir oversend DSA, men miljøaspektet skal vurderast i tidleg fase av prosjektet. DSA hjelper med rettleiing knytt til søknad om løyve til utslepp av radioaktive stoff. For protonanlegget i Oslo er det planlagt å starte drift med pasientar i april 2023, og byggjearbeidet tok til i mai 2020.

Kap. 4423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2022
		2020	Saldert budsjett 2021	
01	Gebyr, radioaktiv forureining	711	1 026	1 048
	Sum kap. 4423	711	1 026	1 048

Posten dekkjer inntekter som Direktoratet for strålevern og atomtryggleik har i samband med gebyr forankra i forureiningslova § 52 a, forskrift

om avgrensa utslepp kapittel 39. Kap. 1423 post 01 kan overskridast tilsvarande eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1424 Senter mot marin forsøpling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2022
		2020	Saldert budsjett 2021	
01	Driftsutgifter			23 643
21	Spesielle driftsutgifter			1 000
	Sum kap. 1424			24 643

Regjeringa har avgjort at formålet med Senter for oljevern og marin miljø skal endrast, slik at senteret frå 1. januar 2022 blir eit nasjonalt senter dedikert til arbeidet mot marin forsøpling underlagt Klima- og miljødepartementet. Oppgåvene senteret har innanfor oljevern, blir frå same datoen overførte til Kystverket.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområdet Forureining. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarande meirinntekt under kap. 4424 post 01, jf. forslag til vedtak II. Posten dekkjer utgifter som Senter mot marin forsøpling har til lønn og godtgjersle for fast og mellombels til-

sette. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til oppdragsverksemd, ordinære driftsutgifter, og til utvikling og drift av dei digitale verktøya Rydde og Reint Hav med kartfesta informasjon.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområdet Forureining. Løyvinga på posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar.

Resultatrapport 2020

Vi viser til Samferdselsdepartementets Prop. 1 S (2021–2022) for rapportering av resultat for 2020.

Kap. 1425 Fisketiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Spesielle driftsutgifter	103	100	300
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	15 003	15 960	16 743
	Sum kap. 1425	15 106	16 060	17 043

Kap. 1425 Fisketiltak omfattar utgifter til fiske-tiltak og delar av fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er primært retta mot resultatområdet Naturmangfald, men involverer òg resultatområdet Friluftsliv gjennom tilrettelegging for fiske.

Samla sett er løyvinga under kap. 1425 auka med 1 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2021. Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgift på fiske, som saman med utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01 korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet post 72 Fiskaravgifter.

For nærmare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1425, 1420, 5578 og inntektene til fondet viser vi til omtale under kap. 5578.

Lønn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Statsforvaltarane.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samanheng med at arbeidet er basert på driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå den same målsetjinga.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til drift av betalingstenesta for fiskaravgiftene, informasjonstiltak og faglege prosjekt og oppdrag. Løyvinga er auka med 0,2 mill. kroner til 0,3 mill. kroner grunna omlegging av betalingstenesta for fiskaravgiftene.

Rapport 2020

Løyvinga er nytta til drift av betalingstenesta for fiskaravgift.

Post 70 Fiskeformål, kan overføres

Tilskotsordninga er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv. Løyvinga er auka med 0,8 mill. kroner til 16,7 mill. kroner. Auken er mogleg fordi Statens fiskefond ikkje lenger skal øyremerkje midlar til grunnfinansieringa av miljøinstitutta, jf. omtale under kap. 5578 post 72. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokale og sentrale tiltak.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å sikre og utvikle bestandar av vill anadrom laksefisk og leggje til rette for og motivere til fiske etter anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga medverkar til å nå målsetjingane for anadrom laksefisk. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje målast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Tiltak som kan få tilskot, er tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye, under dette kultiveringstiltak, driftsplanlegging, bruksretta forskning og overvaking. Det kan vidare bli gjeve tilskot til tiltak som betrar tilgangen på og høvet til fiske for allmenta, og tiltak retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap.

Det blir gjort ein generell formalia- og sannsyns-kontroll av rapportane og rekneskapane.

Rapport 2020

I 2020 vart det gjeve tilskot til tiltak i regi av landsdekkjande organisasjonar knytte opp mot informasjon og forvaltning av anadrom laksefisk, til tiltak retta mot rekruttering og stimulering til fiske og til utbetring av laksetrappar. Det er vidare gjeve tilskot til bruksretta forskning og overvaking.

Ein stor del av tilskotsposten er disponert av statsforvaltarane for å støtte tiltak som informasjon, bruksretta forskning og overvaking, tilrettelegging og arrangement, kultiveringstiltak og driftsplanlegging. Samla har dette medverka til betre forvaltning av laks, sjøaure og sjørøye og ei meir berekraftig hausting av desse fiskeressursane. Tilskota har òg medverka til å styrkje kunnskapsgrunnlaget, til informasjon og formidling av tilstand og utfordringar knytte til anadrom laksefisk, og dei har medverka til å auke interessa for friluftsliv og fiske, særleg blant barn og unge.

Kap. 1428 Enova SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Overføring til Klima- og energifondet	5 208 134	3 315 744	3 384 013
	Sum kap. 1428	5 208 134	3 315 744	3 384 013

Statsføretaket Enova forvaltar midlane frå Klima- og energifondet og er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å fremje innovasjon og utvikling av nye klima- og energiløysingar. Formålet til Enova og Klima- og energifondet er å medverke til å nå Noregs klimaforpliktingar og medverke til omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Enova skal rette aktiviteten mot seinfase teknologiutvikling og tidleg marknadsintroduksjon, med sikte på å oppnå varige marknadsendingar slik at løysingar tilpassa lågutsleppssamfunnet på sikt blir føretrekte utan stønad. Enova er lokalisert i Trondheim og hadde om lag 80 årsverk i 2020.

Regjeringa har gjennom fleire budsjett auka løyvingane til Klima- og energifondet og foreslår for 2022 ei samla løyving på 3 384 mill. kroner, inkludert påslaget på nettarriffen. Det inneber ein auke på 1,7 mrd. kroner sidan 2013. Med dette set vi Enova i stand til å halde fram med å forsterke satsingane i dag og medverke monaleg til utsleppsreduksjonar og til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Vi har ambisiøse mål i klimapolitikken og skal på kort tid omstille oss til eit lågutsleppssamfunn. Vi har samstundes avgrensa midlar til å utløyse dei nødvendige endringane. Enova er difor sett opp for effektivt å kunne bruke dei midlane som er stilte til rådvelde. Hovudelementet er ei overordna styring gjennom fireårige styringsavtalar mellom departementet og Enova om forvaltninga av midlane frå Klima- og energifondet.

Avtalen legg rammer for verksemda til Enova, set mål for aktiviteten og stiller krav til rapportering. Avtalen skal sikre at midlane frå fondet blir forvalta i samsvar med dei måla og føresetnadene som ligg til grunn for Stortingets vedtak om oppretting av fondet og andre rammer som gjeld for bruken av midlane i fondet. Styringsavtalen gjev Enova langsiktige økonomiske rammer og stor fagleg fridom. Styringsmodellen gjev Enova høve til å utnytte effektivt dei ressursane som er stilte til rådvelde.

Departementet underteikna i desember 2020 ein ny avtale for fireårsperioden 2021–2024. Avtalen byggjer på dei gode erfaringane frå tidlegare avtalar og dreg nytte av Enovas faglege kompetanse og erfaring med verkemiddelutforming. Regjeringa har i den nye avtalen spissa Enova som klimaverkemiddel. Det nye formålet speglar av behovet for handling både på kort og på lang sikt og at arbeidet med å nå 2030-måla våre må skje på ein måte som også lèt oss nå 2040- og 2050-måla våre.

Formålet blir i avtalen utdjupa og konkretisert gjennom delmål om å medverke til a) *reduserte ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp mot 2030* og b) *teknologiutvikling og innovasjon som medverkar til utsleppsreduksjonar fram mot lågutsleppssamfunnet i 2050*. Avtalen reflekterer òg at Enova skal finne gode løysingar som tek omsyn til behovet for eit effektivt energisystem, då det er lagt til grunn at det er ei tett kopling mellom energisystemet og

utsleppsreduksjonane som må til for omstillinga til lågutsleppssamfunnet. For å nå klimamåla våre og greie omstillinga til lågutsleppssamfunnet krevst det omfattande elektrifisering, ikkje minst i transportsektoren.

Gjennom å forsere tidleg marknadsintroduksjon av klimavennlege teknologiar og løysingar med sikte på å gjere dei føretrekte utan stønad på sikt, vil Enova vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med å redusere dei ikkje-kvotepliktige klimagassutsleppa våre. Transportsektoren vil utgjere ein stor del av Enovas aktivitet på grunn av store utslepp, stort behov for teknologiutvikling i dei tyngre segmenta og etter kvart stadig fleire køyretøy og fartøy som er klare for marknadsintroduksjon. Enova vil òg vere eit viktig verkemiddel for stønad til infrastruktur for nullutsleppsdrivstoff for køyretøy og fartøy i den tidlege fasen der det er nødvendig med offentleg stønad.

Vi er avhengige av teknologiutvikling og innovasjon i alle sektorar for å redusere utsleppa våre og greie omstillinga til lågutsleppssamfunnet utan reduksjon i velferda. Dette gjeld så vel innanfor transportsektoren som i industrien. I kvotepliktig industri er det til dømes behov for vedvarande innsats retta mot teknologiutvikling for å omstille sektoren. Utviklingsløpa her er til dels svært lange og må setjast fart på no. Teknologiutviklinga i åra framover er avgjerande for å ha riktig utgangstempo frå 2030 og dermed halde fram med å redusere utslepp også etter 2030.

Vi er òg avhengige av ei tilstrekkeleg teknologiutvikling i ikkje-kvotepliktig sektor for å gjere det mogleg å redusere utsleppa fram mot 2030. Mykje utvikling og pilotering står til dømes att før nullutsleppsløysingar er klare for marknaden i dei tyngre transportsegmenta og i skipsfarten.

Avtalen inneheld òg to målindikatorar, som reflekterer dei to delmåla, ein utsleppsindikator og ein innovasjonsindikator. Målindikatorane skal saman med anna kvalitativ og kvantitativ rapportering gje *indikasjon* på måloppnåinga til Enova undervegs i avtaleperioden og vil utgjere ein del av grunnlaget for styringsdialogen mellom departementet og Enova. Formål, delmål og resterande føringar i avtalen vil vere førande for korleis Enova innrettar aktiviteten sin. Nivået på målindikatorane er 1,2 mill. tonn ikkje-kvotepliktige CO₂-ekvivalentar for utsleppsindikatoren og 6 mrd. kroner i utløyst innovasjonskapital for innovasjonsindikatoren. I tillegg til målindikatorar ønskjer departementet å leggje til rette for ei breiare og meir tilgjengeleg rapportering om aktiviteten til Enova. Dagens årsrapportar er informative

og gode, men det er til dømes rom for å utnytte meir av den informasjonen som finst digitalt.

Innanfor rammene av avtalen har Enova stor fagleg fridom til å rette innsatsen mot dei områda der sjansane for å påverke utviklinga er størst, og mot teknologiar og løysingar som er tilpassa lågutsleppssamfunnet. Denne faglege fridommen og fleksibiliteten i avtalen har gjort det mogleg for Enova å snu seg raskt etter nye moglegheiter og tillate Enova å støtte dei prosjekta og dei sektorane *der* moglegheitene har vist seg, *når* moglegheitene har vist seg.

Fagleg fridom og overordna styring inneber lite øyremerking av midlar eller aktivitetar. Øyremerking gjer Enova mindre fleksibel og vil medverke til mindre effektiv måloppnåing. Det er dessutan vanskeleg å føresjå i dag kva som treng kor mykje stønad i morgon. I lys av uvissa rundt farten på teknologiutviklinga i forskjellige sektorar vil fleksibiliteten innanfor rammene av avtalen vere enda viktigare i åra framover. Vi har store utfordringar framfor oss dei neste åra.

Enova er som verkemiddel retta mot seinfase teknologiutvikling og tidleg marknadsintroduksjon. Seinfase teknologiutvikling inneber at den viktigaste forskingsaktiviteten er avslutta og løysingane er modne for å utprøvast i større skala. Stønad skal medverke til å auke tempoet og omfanget av pilotering, demonstrasjon og fullskala testing, slik at nye teknologiar og løysingar kjem raskare ut på marknaden. Dersom løysingane skal medverke til utsleppsreduksjonar, må dei takast i bruk i tilstrekkeleg omfang, noko som avheng av om dei kan konkurrere med fossile løysingar. Enovas aktivitet skal difor innrettast med sikte på å oppnå varige marknadsendingar, slik at løysingar tilpassa lågutsleppssamfunnet på sikt blir føretrekte utan stønad. Etter at Enova har medverka til tidleg marknadsintroduksjon av ei løysing, til dømes elektriske varebilar gjennom Nullutsleppsfondet, tek andre verkemiddel som prising av utslepp og regulering over for å fremje utbreiinga av løysingane i marknaden.

Resultatrapport 2020

Det blir vist til Enovas årsrapport, tilgjengeleg på Enovas heimeside, enova.no, for ei utdjupande rapportering frå verksemda i 2020.

I 2020 rekneskapsførte Enova eit administrasjonstilskot på 139,8 mill. kroner. Enova hadde eit årsresultat på om lag 6,8 mill. kroner. Annan eigenkapital var om lag 28,7 mill. kroner per 31. desember 2020.

Enova skal vere ein liten og fleksibel organisasjon som forvaltar offentlege ressursar på ein mest mogleg effektiv måte. Enova har dei siste åra retta stor innsats mot digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar som gjev ei meir effektiv saksbehandling og det nødvendige handlingsrommet til å behandle eit aukande tal søknader. I fleire av programma som er lanserte dei siste åra, til dømes Enovatilskotet og stønad til elektriske varebilar, har Enova teke i bruk del- eller heilautomatiserte løysingar. Som følgje av at Enova er opp-teke av effektiv drift, behandlar Enova no fleire søknader og tildeler meir stønad per krone administrasjonskostnad enn tidlegare.

Enova gav i 2020 tilsegn om støtte på om lag 3,5 mrd. kroner til 3 852 store og små prosjekt og over 9 000 tiltak gjennom Enovatilskotet. Desse prosjekta er forventa å utløyse i underkant av 7 mrd. kroner i investering frå marknaden. Dette vil gje ei samla investering på om lag 10,5 mrd. kroner i prosjekt vedtekne i 2020.

Enova fekk i 2020, som ein del av den grøne omstillingspakken til regjeringa, ei ekstraløyving på 2 mrd. kroner som skal forsterke satsinga på teknologiutvikling i industrien og hjelpe til grøn omstilling på vegen ut av krisa. Første grep for å oppnå dette var at støttetilbodet Energi- og klimasatsingar i industrien vart justert med lågare terskel for å få støtte, fleire søknadsfristar og fleire tema og tiltak å søkje på – deriblant utgreiingsstønad for å hjelpe industrien i gang. Verkemidla har medverka til å gje potensielle søkjarar tryggleik for at det finst midlar når prosjekta kjem. Enova hadde allereie ei monaleg satsing på teknologiutvikling, men dei ekstra midlane har gjort det mogleg å initiere fleire og større prosjekt. At desse midlane er tilgjengelege, medverkar til at potensielle søkjarar med store satsingar opplever Enova som relevant og kjem til dei med prosjekta sine. Enova ser allereie dette tydeleg gjennom dei potensielle prosjekta det no blir arbeidd med. Enova følgjer eit stort tal løp med ambisjonar om søknader innanfor ei tidsramme på eitt til tre år.

Noreg slutta seg i 2020 til den europeiske satsinga for innovasjons- og industrisamarbeid (IPCEI) for hydrogen, og Enova fekk ansvaret for å forvalte deltakinga nasjonalt. Norsk deltaking i IPCEI for hydrogen gjev norske selskap moglegheit til å ta del i den europeiske satsinga. Dette vil kunne vere ein viktig møtearena for samankopling og koordinering av europeiske hydrogenprosjekt. Enovas forvaltning skal skje på ein måte som er i tråd med rammene, måla og prioriteringane i styringsavtalen. Eventuell støtte til norske prosjekt

blir dekt innanfor eksisterande finansielle rammer.

2020 var det siste året av fireårsavtalen 2017–2020 mellom Enova og Klima- og miljødepartementet. Enova og Klima- og energifondets formål var i perioden 2017–2020 å *bidra til reduserte klimagassutslepp og styrkt forsyningstryggleik for energi, og teknologiutvikling som på lengre sikt også medverkar til reduserte klimagassutslepp*. Styringsavtalen sette opp tre delmål som presiserer formålet nærmare:

a. *Reduserte klimagassutslepp som medverkar til å oppfylle Noregs klimaforblikting for 2030*

Enova skal prioritere prosjekt som gjev reduserte klimagassutslepp. Transportsektoren står for over halvparten av ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp. Enova har difor mykje merksemd retta mot teknologiar og løysingar som kan redusere transportutslepp.

På land støttar Enova tiltak som drivstoffinfrastruktur, produksjon av biogass og innkjøp av tyngre yrkeskøyretøy med nullutslepp. På sjø støttar Enova tiltak som medverkar til ein grønarare maritim sektor med lågare utslepp, mellom anna batterihibridisering, infrastruktur for landstraum og innovative energi- og klimavennlege løysingar.

Til saman gav Enova tilsegn om tilskot på om lag 2 mrd. kroner til 3 154 prosjekt i transportsektoren i 2020, mange av dei knytte til stønadsordninga til kjøp av elektrisk varebil som vart lansert i 2019. På land støtta Enova til dømes Ruter med 126 mill. kroner til elektrifisering av bussar. Dette er ein del av ei større satsing på tyngre køyretøy, til saman sidan 2016 har Enova gjeve stønad på over 500 mill. kroner berre til elektrifisering av bussar, inkludert nesten 60 turbussar. Enova ser monaleg bevegelse i marknaden for nullutsleppsløysingar. 2020 har til dømes markert overgangen til mindre serieproduksjon av elektriske lastebilar, Enova støtta i 2020 34 ellastebilar.

På sjøen støtta Enova i 2020 ei rekkje prosjekt, til dømes batteriinstallasjon og landstraum, og lanserte i løpet av året nye ordningar for begge segmenta. Det vart mellom anna lettare og raskare å få stønad til installasjon av batteri. Enova hadde innan utgangen av 2020 støtta batteriinstallasjon og energieffektive tiltak på skip med om lag 1,4 mrd. kroner som har medverka til å drive teknologi- og marknadsutviklinga framover, ei utvikling som har ført fram så langt i 2021, med støtte på nesten 700 mill. kroner til nesten 100 fartøy. Over same tida har Enova støtta over 90 land-

straumprosjekt med over 700 mill. kroner og medverka til at det blir stadig meir vanleg å kople skipa til straum når dei ligg ved kai.

I industrien har Enova i 2020 mellom anna støtta 29 prosjekt for spillvarmeutnytting som reduserer behovet for fossile brensel. Sidan oppstarten har Enova medverka til ei positiv utvikling i utnyttinga av spillvarme med stønad til over 250 prosjekt. Enova held fram med å medverke til å flytte teknologifronten, òg i bruk av høgttemperatur varmpumper som etter kvart kan ta over for noko av bruken av olje og gass i oppvarming i industrien. Enova ventar etter kvart å sjå den same utviklinga for varmpumper i industrien som ein har sett i bygg, at dei blir konkurransedyktige i stadig fleire segment.

- b. Auka innovasjon innanfor energi- og klimateknologi tilpassa omstillinga til lågutsleppssamfunnet

Utvikling av ny energi- og klimateknologi er essensielt for å få til den nødvendige omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Gjennom rådgjeving og finansiell støtte reduserer Enova risikoen for aktørane og aukar takta på utvikling og testing av innovative, meir klimavennlege og energieffektive teknologiar. Med dette er Enova med på å leggje grunnlaget for eit meir energieffektivt og klimavennleg næringsliv i framtida. Målet med teknologiprojekta er å hauste erfaringar som medverkar til kompetanseutvikling, innovasjon og spreiding av teknologi både nasjonalt og internasjonalt.

I 2020 gav Enova tilsegn om støtte på om lag 1,1 mrd. kroner til teknologiprojekt som er venta å utløyse 1,6 mrd. kroner av innovasjonskapital i marknaden. Over heile avtaleperioden har stønad til teknologiprojekt utløyst innovasjonskapital på i overkant av 10 mrd. kroner, sjå figur 8.1.

I 2020 støtta Enova ei rekkje hydrogenprosjekt, til dømes Topeka AS sitt fullskalaprojekt med to hydrogenelektriske frakteskip som skal gå i rutefart mellom Bergen og Stavanger. Dei to vil gå på flytande hydrogen. I tillegg har Enova støtta reiarlaget Østensjø's fire offshore-servicefartøy som er klargjorde for hydrogen. På landsida støtta Enova eit pilotanlegg for utsleppsfri hydrogenproduksjon frå naturgass med integrert CO₂-fangst. Det er stor vilje i næringa til å ta i bruk og demonstrere nye hydrogenløysingar, og Noreg etablerer seg som leiande innan denne teknologiutviklinga. I tillegg samarbeider verkemiddelapparatet om støtteordningar til hydrogenprosjekt gjennom

HEILO. Full liste over dei støtta prosjekta finst på enova.no/heilo.

- c. Styrkt forsyningstryggleik gjennom fleksibel og effektiv effekt- og energibruk

Enova skal stimulere til auka innovasjonstakt og ei utvikling som underbyggjer og forsterkar forsyningstryggleiken. Svært mange klimatiltak inneber bruk av elektrisitet i staden for fossile energibærarar, og eit robust, effektivt og fleksibelt energisystem er ein føresetnad for omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Tiltak som medverkar til å avgrense belastninga på nettet, er viktige for å sikre at omstillinga til lågutsleppssamfunnet ikkje dreg med seg store kostnader i energisektoren og unødvendige naturinngrep.

I 2020 har Enova medverka til auka innovasjon og teknologiutvikling i heile energiverdikjeda. Det gjeld til dømes stønad til løysingar som tek ned kostnader for flytande havvind, nye marknadsplassar for fleksibilitet, mikronett i samspel med kraftnettet, lokal ressursutnytting gjennom kraft-/energiproduksjon, lagringsløysingar og digitaliseringsprosjekt gjennom smartare styringssystem.

I 2020 har Enova til dømes gjort endringar i pilotprogrammet for å medverke til auka innovasjon gjennom reell utprøving og møtt positiv respons frå marknaden. Fleksibilitet inneber òg utnytting av andre energiressursar, og Enova har over fleire år hatt vore oppteke av å auke bruken av både spillvarme og fjernvarme. I 2020 fekk 26 fjernvarmeprosjekt stønad på til saman 206 mill. kroner.

Særlege vilkår

Styringsavtalen stiller òg opp særlege vilkår på enkelte område, som Enova skal følgje opp gjennom sine program. Enova skal

- bidra til utvikling av drivstoffinfrastruktur for utsleppsfri land- og sjøtransport, under dette el og hydrogen.
- tilby ei ordning for offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur for elbil. Støtta skal ikkje gjelde for privatpersonar.
- opprette eit nullutsleppsfond for næringstransport med formål om å redusere klimagassutslepp frå næringstransport og medverke til omstillinga til lågutsleppssamfunnet gjennom ein raskare marknadsintroduksjon og -vekst av batteri-, hydrogen- og biogassløysingar i næringskøyretøy og -fartøy. Enova skal fram til utgangen av 2020 stille minimum 1 000 mill. kroner til disposisjon til eit nullutsleppsfond.

Eventuelt udisponerte midlar i det enkelte året skal leggjast til ramma for påfølgjande år.

- tilby ei rettsbasert ordning for enøktiltak i hushald. Ordninga skal vere knytt til skattesystemet, slik at brukarar også kan velje å få utbetalt støtta som ein del av det årlege skatteoppgjeret. Enova skal årleg stille til disposisjon minimum 250 mill. kroner til denne ordninga.
- ha eit landsdekkjande tilbod av informasjon og rådgjevingstenester.
- ta hand om drifta og utviklinga av energimerkeordninga og ordninga for energivurdering av tekniske anlegg.

Enova har brei aktivitet retta mot drivstoffinfrastruktur for utsleppsfri land- og sjøtransport, irekna el og hydrogen, og tildelte i 2020 om lag 335 mill. kroner i støtte til slike prosjekt. Enova støttar mellom anna områdeutbygging av ladeinfrastruktur for elbilar, landstraum til skip, hydrogeninfrastruktur og nødvendig infrastruktur i samband med støtte til innkjøp av tyngre nullutslpps- og biogasskøyretøy. Denne støtta skal byggje opp under ei marknadsdriven utbygging av infrastruktur og medverke til å skape varig marknadsending.

Enova har gjennom konkurransar om områdeutbygging av offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur i 2020 støtta utbygging av 50 hurtig- og lynladarar på 25 ladestader med over 65 mill. kroner. I 2021 har Enova støtta utbygging av 12 ladestader i Namdal og Nordland med 14,8 mill. kroner. Til saman sidan 2015 har Enova støtta utbygginga av ein grunnleggjande hurtigladeinfrastruktur for elbilar med om lag 150 mill. kroner fordelt på 237 hurtigladeestader.

Over dei to åra 2019 og 2020 har Enova disponert totalt 1,6 mrd. kroner til prosjekt under Nullutslppsfondet, fordelt ganske jamt mellom sjø og land. Stønad til elektriske varebilar med tilhøyrande ladar utgjer om lag 600 mill. kroner.

Enova har gjennom den rettsbaserte ordninga Enovatilskotet støtta norske bustadeigarar med 158 mill. kroner til over 9 000 energitiltak i 2020. På Enovas nettsider kan ein fortløpande følgje

med på statistikken for Enovatilskotet. Over avtaleperioden har Enova utbetalt 930 mill. kroner gjennom Enovatilskotet.

Sjølv om mykje av læringa er knytt til førebuing og gjennomføring av prosjekt, har Enova òg ei brei satsing på informasjon og rådgjeving. Samla medverkar dette til auka kunnskap i samfunnet om høva til å ta i bruk energieffektive og klimavennlege løysingar. Mellom anna har Enova lansert «Enova kunnskap», der dei har samla nyttig informasjon og rettleiing for bedrifter som ønskjer å komme i gang med energileiing. «Enova svarer» er ei nasjonal svarteneste for hushald og profesjonelle aktørar. Svartenesta svarte på om lag 35 000 førespurnader i 2020.

Måлиндikatorar

I tillegg til andre rammer i avtalen er det utarbeidd fire måлиндikatorar som undervegs i avtaleperioden skal gje indikasjon på Enovas måloppnåing og utgjere eitt av fleire grunnlag for styringsdialogen mellom departementet og Enova. For avtaleperioden 2017 til 2020 er det lagt til grunn at følgjande nivå indikerer god måloppnåing:


- klimaresultat tilsvarande 1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i ikkje-kvotepliktig sektor, auka frå 0,75 i 2019
- energiresultat tilsvarande 4 TWh
- effektresultat tilsvarande 400 MW
- innovasjonsresultat tilsvarande utløyst innovasjonskapital på 4 mrd. kroner

I 2020 gav Enova tilsegn til prosjekt med klimaresultat på 0,28 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, energiresultat på 1,6 TWh, effektresultat på 179 MW og innovasjonsresultat på 1,6 mrd. kroner i privat innovasjonskapital. Enova gav tilsegn om tilskot til om lag 3 800 små og store prosjekt og om lag 9 000 energitiltak i hushalda. Resultata er venta årleg resultat frå prosjekt som har fått tilsegn om støtte. Støtta blir utbetalt etter kvart som støtte-mottakaren kan dokumentere framdrift i prosjektet.

Tabell 8.6 Klima- og energifondets resultat og disponeringar i 2020, korrigert for kanselleringar

Område	Disponerte midlar (mill. kroner)	Klimaresultat (kilotonn CO ₂ -ekv.)	Energiresultat (GWh/år)	Effektresultat (MW)	Innovasjonsresultat (mill. kroner)
Industri	652	48	329	12	700
Transport	1 970	212	898		619
Energisystemet	369	14	344	166	192
Bygg og eigedom	316	4	36	2	109
Bustad og forbrukar	158	2	42		
Internasjonalt	3				
Rådgiving og kommunikasjon	38				
Eksterne analysar og utviklingstiltak	53				
Administrasjon	187				
Sum disponerte midlar og resultat	3 747	279	1 649	179	1 620

Som det kjem fram av figur 8.1, nådde Enova nivået på alle målindikatorane over avtaleperioden.



Figur 8.1 Utvikling i målindikatorar over avtaleperioden 2017–2020

Post 50 Overføring til Klima- og energifondet

Løyvinga omfattar samla overføringar til Klima- og energifondet, inkludert inntekter frå påslag på nettatariffen, jf. kap. 5578 post 73.

Det er foreslått ei løyving på 3 384 mill. kroner og ei fullmakt til å gje tilsegn på inntil 400 mill. kroner utover gjeven løyving, jf. forslag til vedtak VI. Inntektene frå påslaget på nettatariffen utgjer 690 mill. kroner.

Tildelings- og oppfølgingskriterium

Enova har fullmakt til å utforme verkemiddel i samsvar med rammene i styringsavtalen med departementet, oppdragsbrev, føresegner og statlege regelverk. Midlane frå Klima- og energifondet skal forvaltast på ein slik måte at måla blir nådde og pålagde oppgåver utførte mest mogleg kostnadseffektivt. Verkemidla som blir nytta, skal utformast for å utløyse tiltak som elles ikkje ville ha blitt realiserte, og skal ta sikte på å oppnå varige marknadsendringar. Enovas verkemiddel skal ikkje intervjere i allereie velfungerande marknader.

Enovas tildeling av midlar frå Klima- og energifondet skal skje etter objektive og transparente kriterium. Kriterium for kvart enkelt verkemiddel eller ordning skal publiserast.

EFTAs overvåkingsorgan (ESA) er ansvarleg for å overvake at norske styresmakter overheld reglane om offentleg støtte i EØS-avtalen. Notifisering av ordninga Enova har for støtte til demonstrasjonsprosjekt, føreset at Enova nyttar lån på vilkår som verkemiddel for store demonstrasjonsprosjekt. Dersom eit demonstrasjonsprosjekt er

vellykka, beheld mottakaren verdien av teknologien. Ved å gje lån på vilkår unngår ein å overkompensere industrien. Det er lagt opp til at Enova kan gje tilsegn om inntil 60 pst. av godkjende kostnader i lån. Renter på lån skal ikkje vere lågare enn marknadsrentene i tråd med ESAs retningslinjer. I dei tilfella der teknologien lykkast, skal lån frå Enova nedbetalast når den teknologiske risikoen i prosjektet er avklart.

Venteleg vil ikkje alle demonstrasjonsprosjekt oppnå ønskt resultat, og enkelte lån på vilkår må gjerast om til tilskot som følgje av at teknologiar ikkje lykkast. Det er difor foreslått at Enova får fullmakt til å gjere om lån på vilkår til tilskot etter førehandsdefinerte og føreseielege vilkår, jf. forslag til vedtak XII.

Søknader om lån skal behandlast etter dei same kriteria og rutinane som i dag gjeld for tilskot. Søknad om tilskot eller lån skal innehalde informasjon som fortel korleis tiltaket vil underbygge relevante delmål og tilfredsstille dei krava som er stilte til resultatrapportering. Enovas utlysingar under kvart enkelt verkemiddel skal spesifisere ytterlegare kva opplysningar som er påkravde knytte til det enkelte programmet, ordninga eller verkemiddelet.

Styringsavtalen pålegg Enova å sikre at dei ikkje unødig forstyrrar dei marknadene dei rører ved med verkemidla sine, men heller rettar opp marknadssvikt og byggjer ned barrierar. Enova skal nytte tredjepartsvurderingar framfor å byggje opp særleg kredittvurderingskompetanse.

Tilsegn om tilskot, lån og andre forpliktingar må haldast innanfor disponibel ramme og fullmakter for Klima- og energifondet. Midlar frå tilbakebetalte eller refinansierte lån skal resirkulerast i fondet.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
72	Fiskaravgifter	17 289	18 254	18 264
73	Påslag på nettatariffen til Klima- og energifondet	713 684	690 000	690 000
	Sum kap. 5578	730 973	708 254	708 264

Post 72 Fiskaravgifter

Fiskaravgiftene som blir innbetalte til Statens fiskefond, er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten. Foreslått løyving er som i 2021 på 18,3 mil. kroner.

Nærmare om Statens fiskefond

Fiskaravgift til staten skal betalast for fiske i vassdrag med anadrom laksefisk. Det skal òg betalast avgift for fiske med faststående reiskap i sjøen. Det er innført visse unntak, mellom anna for fiske

i medhald av reindriftslovgjevinga, til undervisnings- eller behandlingsformål og til tidsavgrensa arrangement for rekruttering.

Bruken av midlane blir fastsett gjennom statsbudsjettet.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond kjem frå fiskaravgift på fiske etter anadrom laksefisk. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvaltninga retta inn mot anadrome fiskeartar, for ein stor del er baserte på brukarfinansiering.

Årsavgiftene for fiske etter anadrom laksefisk gjeld frå og med 1. januar til og med 31. desember og vart sist justerte i 2021. For 2022 gjer ikkje regjeringa framlegg om å endre avgiftene. Årsavgifta for fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag i 2022 er 286 kroner for enkeltpersonar, medan familieavgifta er 456 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefellar/sambuarar med eventuelle barn mellom 18 og 20 år.

Personavgifta for fiske med faststående reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli blir på 713 kroner, medan satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli, blir 433 kroner.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettet med ein kapitalstrøm i Statens fiskefond som vist i tabellen nedanfor.

Tabell 8.7 Berekning av kapital til Statens fiskefond i 2022

	(i 1 000 kr)
Saldo pr. 31.12.20:	4 068
Budsjettert innbetalt i 2021 ¹ :	18 264
Budsjettert refusjon i 2021 (utbetalningar frå fondet):	-18 264
Budsjettert saldo pr. 31.12.21:	4 068
Budsjettert innbetalt i 2022 ² :	18 264
Budsjettert refusjon i 2022 (utbetalningar frå fondet):	-18 264
Budsjettert saldo pr. 31.12.22	4 068

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Statens fiskefond blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Inntektene over kap. 5578 post 72 finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (post 21 og 70) og kap. 1420 (post 01). Frå og med 2022-budsjettet vil ikkje fondet lenger bidra til grunnfinansieringa av miljøinstitutta over kap. 1410 post 50. I staden blir omfanget av fisketiltak under kap. 1425 post 70 auka, under dette tiltak for auka kunnskap.

Tabell 8.8 Samla ressursbruk av inntekter til Statens fiskefond i 2022

	(i 1 000 kr)
Formål	
Prosjekt, utgreiingar (kap. 1425.21)	300
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	25
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	16 743
Sum under kap. 1425:	17 068
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420.01)	1 196
Totalsum	18 264

Spesielt om lokale tiltak

I fordelinga av fondsmidlane, frårekna nødvendige driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meinte å gje effekt for eit avgrensa område, eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak sjølv om dei er initierte og administrerte av offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Post 73 Påslag på nettтарiffen til Klima- og energifondet

Omsetningskonsesjonærar som tarifferer for uttak av elektrisk energi, skal i samband med fakturering leggje eit påslag på tariffen til alle sluttbrukarar på alle nettnivå.

For hushaldsbruk skal påslaget utgjere 1 øre/kWh. For andre sluttbrukarar enn hushald skal påslaget utgjere 800 kroner/år per målepunkt-ID.

Bidraget omsetningskonsesjonærar skal betale til Klima- og energifondet, er 1 øre/kWh multiplisert med den energimengda som er fakturert hushaldsbruk, og summen av påslag per målepunkt-ID som er fakturert andre sluttbrukarar enn hushald, i gjeldande termin. Enova står for innkrevjing og oppfølging av påslaget mot nettselskapa som blir innbetalt til Klima- og energifondet.

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Endre omgrepet «nullutslepp» i alle statlege mål og planar til «nullutslepp og biogass»

Vedtak 1007, 27. mai 2021

«Stortinget ber regjeringa om å endre bruken av begrepet nullutslipp i alle statlege målsettingar og planar til nullutslipp og biogass, dette i den hensikt å likebehandle biogass med elektrisitet og hydrogen, og denne begrepsbruken skal gjelde allerede vedtatte og fremtidige planar.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:231 S (2020–2021) *Representantforslag om å fjerne de statlege barrierene for produksjon og bruk av biogass*, jf. Innst. 468 S (2020–2021).

Regjeringa legg til grunn at intensjonen med vedtaket er å kutte i klimagassutsleppa gjennom å leggje til rette for å auke bruken av biogass. Dette er i tråd med politikken til regjeringa, jf. Meld. St. 13 (2020–2021). Å nytte avfall og restar til biogassproduksjon er god ressursutnytting som bidreg til

ein sirkulær økonomi. Bruken av biogassen kan erstatte bruk av fossil energi og på den måten bidra til reduserte klimagassutslepp.

Regjeringa fremjar biogass gjennom generelle verkemiddel, slik som CO₂-avgifta, kvotesystemet, reglar for behandling av avfall og stønad gjennom Enova. I tillegg finst det visse stønadsordningar som er spesifikt retta mot å auke produksjonen av biogass.

Samstundes legg regjeringa til rette for å utvikle og ta i bruk nullutsleppsteknologiar, til dømes batteri- og hydrogenelektriske køyretøy og fartøy. Ein del av hensikta med verkemiddelbruken for nullutsleppsteknologiar er å utvikle marknadene slik at slike teknologiar etter kvart blir konkurransedyktige utan stønad. Nullutsleppsteknologiar er teknologiar som ikkje fører med seg utslepp i bruksfasen.

Bruken av biogass fører med seg både utslepp av klimagassar og utslepp som påverkar den lokale luftkvaliteten. Utsleppa av CO₂ frå bruken av biogass er biogene, det vil seie at dei inngår i det naturlege karbonkrinsløpet og difor blir rekna som null i utsleppsrekneskapa. Biogass er ein energiberar og teknisk sett same produktet som naturgass, det vil seie at han kan nyttast i dei same motorane og kjelane som naturgassen. Det er ikkje mogleg ved kontroll å skilje mellom biogass og naturgass. Gjennom klimapolitikken gjev regjeringa insentiv til å fase ut fossile brensel, irekna naturgass, og erstatte desse med fornybar energi, irekna biogass. Gassmotorar og kjelar er i stor grad moden teknologi. Verkemiddelbruken for å fremje biogass skal for det første stimulere til at avfall og restar blir nytta til biogassproduksjon, og for det andre til at biogassen blir brukt slik at han erstattar fossil energi. Det overordna målet med verkemidla både for nullutsleppsteknologiar og biogass er å kutte utsleppa av klimagassar, men det er ulikt kva som er barrierane, og kva for verkemiddel som er best eigna for å adressere desse.

Omgrepet «nullutslepp» blir nytta på same måten i EUs politikk som i Noreg. Politikken på EU-nivå legg på den eine sida opp til å redusere utsleppa frå nye køyretøy, mellom anna ved å auke delen nullutsleppskøyretøy, og på den andre sida til å erstatte fossile drivstoff med fornybare drivstoff, slik som biogass.

I omstillinga til lågutsleppssamfunnet er vi avhengige av ulike energiberarar. Nokre fordelar med biogassen er at han er energitett og kan erstatte naturgass utan at det er behov for vesentlege investeringar. Det gjer at biogass særleg kan vise seg å bli viktig for å erstatte fossil energi i større skip, dei tyngste køyretøya (trekkvogner)

og visse prosessar i industrien. Per i dag er det potensial for å auke både produksjonen og bruken av biogass. På lengre sikt er potensialet for bruk av biogass truleg større enn potensialet for produksjon av biogass basert på avfall og restar. Det betyr at på lengre sikt kan produksjonspotensialet avgrense kor mykje biogass vi kan bruke. Verkemidla for å fremje bruken av biogass må ta omsyn til dette. Først og fremst bør biogass nyttast i segment der overgangen til nullutsleppsløysingar ligg langt fram i tid.

Vedtaket peiker ikkje på kva for konkrete mål og planar som bør endrast. Regjeringa har gjort følgjande vurdering av kva for mål og verkemiddel som kan vere relevante, og kva ei likebehandling av biogass og nullutsleppsløysingar kan innebere:

Vedtaket inneber for det første at biogass skal inkluderast i målsetjingar som inneheld omgrepet «nullutslepp». Dette omgrepet er nytta i måltala frå nasjonal transportplan 2018–2029, her er omgrepet «nullutslepp» i høg grad kopla til køyretøyskategoriar. Måltala er desse:

- Nye personbilar og varebilar skal vere nullutsleppskøyretøy i 2025.
- Innan 2030 skal nye tyngre varebilar, 75 pst. av nye langdistansebussar og 50 pst. av nye lastebilar vere nullutsleppskøyretøy.
- Innan 2030 skal varedistribusjonen i dei største bysentruma tilnærma vere nullutslepp.
- Nye bybussar skal vere nullutslepp eller bruke biogass frå 2025.

Her har regjeringa gjort eit tydeleg skilje mellom nullutsleppskøyretøy og køyretøy som nyttar biogass. I denne samanhengen er det eit viktig poeng at *biogasskøyretøy* ikkje er å identifisere som ein eigen køyretøykategori, men at det snarare er tale om køyretøy i den tekniske kategorien *gasskøyretøy* som på eit visst tidspunkt bruker biogass. Same køyretøya kan på eit anna tidspunkt like gjerne bruke naturgass. Biogass er trekt fram som eit eigna drivstoff i bybussar. Det er likevel ikkje mogleg å fastslå i kor stor grad nye gasskøyretøy vil nytte biogass. Ei endring av omgrepet «nullutslepp» til «nullutslepp og biogass» i desse måltala, baserer seg slik regjeringa ser det, på ein føresetnad om at det er mogleg å sikre at nye gasskøyretøy ikkje bruker naturgass. Eventuell bruk av naturgass ville svekkje formålet med måltala som eit bidrag til å redusere klimagassutsleppa. Da det ikkje er mogleg ved kontroll å skilje mellom biogass og naturgass, brest denne føresetnaden.

Å inkludere biogass i måltala vil ikkje gje auka utsleppsreduksjonar samanlikna med slik måltala

er formulerte i dag, og kan potensielt gje lågare utsleppsreduksjonar. Det er fordi ein ved å endre ordlyden i måltala frå «nullutslepp» til «nullutslepp og biogass» treng færre nullutsleppskøyretøy for å nå måltala. For dei måltala som er sette til 100 pst. av nye køyretøy, kan utsleppsreduksjonen ved å inkludere biogass i måltala i prinsippet bli den same som for 100 pst. nullutsleppskøyretøy, men det føreset at gasskøyretøya berre bruker biogass, og at biogassen er klimanøytral. I dei tilfella der måltala er lågare enn 100 pst., vil ein trenge færre nullutsleppskøyretøy, utan at ein nødvendigvis treng fleire gasskøyretøy, for å nå måltala. Det kjem av at det blir selt ein del gasskøyretøy sjølv om desse per i dag ikkje blir rekna inn i måloppnåinga. Viss desse skal reknast inn i måloppnåinga, kan dei da komme i staden for, og ikkje i tillegg til, nullutsleppskøyretøya. Da vil utsleppsreduksjonen ved å oppnå måltala bli mindre enn det som ligg til grunn i dag. Viss gasskøyretøya i nokon grad bruker naturgass, svekkjer det utsleppsreduksjonen ytterlegare.

Regjeringa har dessutan merka seg at Stortingsfleirtalet ved handlinga av Nasjonal transportplan 2022–2033 i juni 2021 viste til av måltala for nullutsleppskøyretøy blir vidareførte (jf. Innst. 653 S 2020–2021).

Vedtaket viser, i tillegg til målsetjingar, til «statlege planar». Regjeringa har difor vurdert korleis vedtaket kan forståast og eventuelt gjennomførast når det gjeld verkemiddelbruken. Omgrepet «nullutslepp» er mellom anna brukt i ei rekkje «regjeringa vil»-punkt i klimaplanen til regjeringa (Meld. St. 13 (2020–2021)). Dette gjeld fleire punkt om offentlege innkjøp og låg- og nullutsleppskrav til nye køyretøy og fartøy. Det gjeld også «regjeringa vil»-punkt om framleis å gje insentiv til å fase inn nullutsleppsløysingar i nybilsalet og moglegheita for å innføre nullutsleppssoner. Så lenge hensikta med vedtaket er «å likebehandle biogass med elektrisitet og hydrogen», er det òg relevant å sjå på andre verkemiddel som fremjar nullutsleppsteknologiar. Regjeringa legg til rette for nullutsleppsteknologiar gjennom ei rekkje ulike verkemiddel, slik som tilrettelegging for utbygging av ladeinfrastruktur og fordelar for elbilar (avgiftsfri-tak og bruksfordelar).

Det vil vere særskilt krevjande å inkludere biogass i alle verkemidla nemnde ovanfor. Fleire av verkemidla som blir brukte for å fremje nullutsleppskøyretøy, føreset at sjølve køyretøyet kan identifiserast eintydig som nullutsleppskøyretøy. Det vil ikkje vere mogleg for køyretøy og fartøy som bruker biogass, i og med at desse like gjerne kan bruke naturgass. Innføring av nye avgiftsfor-

delar vil ha budsjettkonsekvensar og kan i tillegg vere administrativt krevjande. Vidare er den gjeldande ESA-godkjenninga av verkemidla for nullutsleppskøyretøy basert på ein definisjon av nullutslepp som omfattar batterielektriske og hydrogendrivne køyretøy. Ei nærmare vurdering av korleis biogass eventuelt kan inkluderast i dei einskilde verkemidla, og kva for konsekvensar det vil ha, vil vere eit omfattande arbeid.

Regjeringa meiner det ikkje er formålstenleg med ei generell føring om å bruke dei same verkemidla for å fremje biogass som for å fremje nullutsleppsteknologi. Somme verkemiddel, slik som CO₂-avgifta og kvotesystemet, bidreg til å fremje både nullutsleppsløysingar og biogass. Somme verkemiddel, slik som Enovas støtte til produksjonsanlegg for biogass og tilskot til å levere husdyrgjødsel, er retta mot biogass aleine. Andre verkemiddel, særleg dei som er spesifikt retta mot å stimulere til å utvikle og ta i bruk nullutsleppsløysingar, er ikkje nødvendigvis eigna til å fremje bruken av biogass. Målrretta verkemiddel gjer det mogleg å redusere dei viktigaste barrierane for dei ulike løysingane.

Det kan vere aktuelt å inkludere biogass i visse krav om låg- og nullutsleppsteknologi. Til dømes har Statens vegvesen, på vegner av Samferdselsdepartementet, sendt på høyring eit forslag om at ved offentlege innkjøp av bybussar skal det frå 2025 stillast krav om nullutslepp, men at ein kan få unntak ved bruk av biogass. Ved vurderingar av nye eller endra krav vil regjeringa i det einskilde dømet vurdere om det er formålstenleg å inkludere biogass.

Viss bruken av naturgass i transport blir redusert, slik at ein går i retning av at den gassen som blir brukt, er tilnærma 100 pst. biogass, vil det

vere enklare å inkludere køyretøy som bruker gass, i visse verkemiddel. Departementet er kjent med at bransjen arbeider med eit system for å dokumentere delen biogass i den totale gassbruken i landtransporten, og vil følgje dette arbeidet med interesse.

Oppsummert meiner regjeringa at ei likebehandling av biogass med nullutsleppsløysingar i alle statlege målsetjingar og planar ikkje er formålstenleg så lenge intensjonen er å kutte i klimagassutsleppa gjennom å auke bruken av biogass. Når det gjeld målsetjingar, meiner regjeringa at ein ikkje bør endre omgrepet «nullutslepp» til «nullutslepp og biogass» i måltala for nullutsleppskøyretøy fordi det ikkje vil føre til auka utsleppskutt og potensielt kan føre til lågare utsleppskutt enn slik måltala er formulerte i dag.

Når det gjeld «statlege planar», meiner regjeringa at det oftast vil vere betre å fremje bruken av biogass gjennom verkemiddel som er retta mot biogass som energiberar, enn gjennom verkemiddel som er retta mot nullutsleppsteknologiar. På den måten kan verkemidla rettast inn mot dei viktigaste barrierane, slik at verkemidla i størst mogleg grad bidreg til kostnadseffektive utsleppsreduksjonar. Regjeringa utelukkar likevel ikkje at det i einskilde tilfelle kan vere aktuelt å utforme verkemidla slik at ein likebehandlar biogass med nullutsleppsløysingar, og regjeringa vil løpande vurdere dette. Effekten på klimagassutsleppa av å gjennomgåande likebehandle biogass med nullutsleppsløysingar i verkemiddelbruken er uviss. Vedtaket vil i tillegg vere særskilt krevjande å gjennomføre.

Regjeringa rår difor Stortinget til å oppheve vedtak 1007 (2021–2021), jf. forslag til vedtak XIII.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Hovudinnhald og prioriteringar

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområdet *Kulturminne og kulturmiljø*. Løyvingane omfattar verksemda til Riksantikvaren og Kulturminnefondet. Bruken av løyvingane skal vere i tråd med Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold (kulturmiljømeldinga)*.

Riksantikvaren fordeler tilskot til freda kulturminne og kulturmiljø, inkludert verna og freda fartøy. Dette blir gjort ved at Riksantikvaren fordeler tilskot til kvar fylkeskommune som deretter fordeler tilskota til enkeltprosjekt i fylket etter søknad. Riksantikvaren fordeler òg tilskot til arbeid med kulturarv i kommunane, til verdskapsprosjekt og til verdsarvområda. Kulturminnefondet er ei reindyrka tilskotsordning for verneverdige kulturminne og kulturmiljø i privat eige.

Dei nasjonale måla er forankra i Meld. St. 16 (2019–2020). Det er utarbeidd indikatorar for desse måla.

Dei nasjonale måla er knytte til omgrepa «engasjement», «bærekraft» og «mangfold». Dei nasjonale måla legg vekt på kor viktig kulturarven er for samfunnet og for arbeidet med å nå FNs berekraftsmål. Med desse måla skal kulturmiljøforvaltninga bli målt på samfunnsbidraget. Kulturmiljøet skal framleis sikrast, og arbeidet for å redusere tap og skade skal halde fram.

Dei historiske spora er eit viktig grunnlag for å forstå vår tid, og dei er dermed ein del av løysinga på samfunnsutfordringane. Kulturmiljøpolitikken er ein sentral og integrert del av klima- og miljøpo-

litikken. I oppfølginga av stortingsmeldinga skal det mellom anna utarbeidast bevaringsstrategiar for utvalde tema, og det skal utarbeidast forslag til ei ny kulturmiljølov.

Regionreforma inneber at fylkeskommunane har fått meir mynde og i hovudsak har førstelinjeansvaret for behandling av saker etter kulturminnelova. Som ein indirekte konsekvens av regionreforma har òg Sametinget fått meir mynde og fleire oppgåver. Riksantikvaren har eit overordna ansvar for gjennomføring av den nasjonale kulturmiljøpolitikken. Regionreforma inneber og at Riksantikvaren skal vidareutvikle si rolle som fagdirektorat. Å «styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven i verda» er eit eige delmål under FNs berekraftsmål 11 *Berekraftige byar og lokalsamfunn*, men kulturmiljø medverkar òg til å nå fleire av dei andre berekraftsmåla. Vidareføring av den internasjonale innsatsen på kulturmiljøfeltet er viktig for å styrkje arbeidet for ei berekraftig utvikling nasjonalt og globalt. Noreg legg særleg vekt på arbeidet med kapasitetsbygging for å ta vare på verdsarven og vil føre vidare dei norske prioriteringane frå medlemskapet (2017–2021) i Unescos verdsarvkomité.

Dei ti bevaringsprogramma er knytte direkte opp mot dei tidlegare nasjonale måla (2020-måla), men blir vidareførte inntil dei nye bevaringsstrategiane er klare.

Med verknad frå tilskotsåret 2022 er det vedteke forskrifter for tilskotsordningar under postane 70, 71, 72, 73, 74, 75, 77 og 79 for kap. 1429. Tilskot frå kap. 1432 post 50 blir behandla etter forskrift om vedtekter for Norsk kulturminnefond.

Resultatområde

Tabell 8.9 Resultatområde under programkategori 12.30

Resultatområde	Nasjonale mål
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> – Alle skal ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. – Kulturmiljø skal medverke til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging. – Eit mangfold av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for kulturminne og kulturmiljø

Engasjement

Kulturmiljø er eit felles gode og eit felles ansvar. Regjeringa har ambisjon om at fleire skal føle eigarskap til og ta ansvar for kulturmiljø. Dette er òg i samsvar med Europarådets rammekonvensjon om kulturarvens verdi for samfunnet, Faro-konvensjonen, som slår fast at alle har rett til å ta del i den kulturarven som dei sjølve vel, samstundes som dei skal respektere rettane og fridomane til andre. Noreg ratifiserte Faro-konvensjonen i 2008.

Private eigarar av kulturminne og kulturmiljø og frivillige gjer ein uvurderleg innsats for å bevare ein viktig del av kulturarven i landet, også på vegner av fellesskapet. Denne innsatsen medverkar sterkt til arbeidet med å nå dei nasjonale måla og er utslagsgjevande for at kulturmiljø blir brukte og tekne vare på. Sjølv om hovudansvaret for å ta vare på eigen eigedom ligg hos eigaren, skal offentlege verkemiddel medverke til at eigarane er i stand til å ta sin del av ansvaret for å sikre eit mangfald av kulturmiljø. Staten har ulike støt-teordningar der eigaren kan få dekt meirkostnader som følgje av krav frå kulturmiljøforvaltninga.

Regjeringa ønskjer auka deltaking og vil betre rammevilkåra for eigarar og forvaltarar av kulturmiljø. Bevaringsstrategiar vil vere ei sentral ramme for eit slikt samarbeid. *Riksantikvarens strategi for samarbeid med frivillige organisasjonar 2018–2021* skal òg reviderast som eit ledd i oppfølginga av Meld. St. 16 (2019–2020). Året 2022 er gjeve status som Frivillighetens år og vil bli markert over heile landet. Departementet vil som del av feiringa av Frivillighetens år styrkje innsatsen på området både gjennom tilskot til Kulturminnedagene som blir koordinerte av Kulturvernforbundet, og gjennom midlar til å stimulere til lokale og regionale tiltak.

Kunnskap om tradisjonshandverk og materialkunnskap er heilt avgjerande for å ta vare på freda og verneverdige bygningar, anlegg, fartøy og annan kulturarv. Fartøyvernsenters, bygningsvernsenters og andre rådgjevingstenester for kulturmiljø har mykje å seie for det praktiske istandsetjings-, skjøtsels- og vedlikehaldsarbeidet. Dei fungerer som eit lett tilgjengeleg tilbod for både eigarar og handverkarar og spelar ei viktig rolle for å sikre tilgang til kompetanse innan tradisjonshandverk. I oppfølginga av kulturmiljømeldinga vil oppstarttilskot for å stimulere til utvikling av regionale rådgjevingstenester for private eigarar av kulturmiljø bli vurderte.

Kulturminnefondet forvaltar tilskotsordningar retta mot private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Fondet har vist seg å vere eit godt og viktig verkemiddel både for å ta vare på eit mangfald av verneverdige kulturmiljø og for å gje private eigarar betre høve til å engasjere seg og ta ansvar. Regjeringa satsar framleis på Kulturminnefondet og leggje opp til at midlane til fondet skal medverke strategisk for å nå dei nasjonale kulturmiljømåla.

Bygg og Bevar vart oppretta i 2009 og er eit samarbeidsprogram mellom Klima- og miljødepartementet og Byggenæringens Landsforening (BNL). Nettportalen *Bygg og Bevar* gjev mellom anna informasjon om handverkarar med rett kompetanse, produkt- og bransjeinformasjon om materiale, restaurering og riktig energirehabilitering, utan at kulturhistoriske verdiar går tapt. Bygg og bevar er vidareført i ein ny samarbeidsavtale med BNL frå 2021 til 2024.

Berekraft

Målet «Kulturmiljø skal medverke til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging» viser kor viktig samfunns- og arealplanlegginga er for å sikre kulturmiljø, og korleis kulturmiljø kan bidra til dei tre dimensjonane av berekraftig utvikling: miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Målet understrekar samstundes Noregs ansvar for og regjeringa sine ambisjonar om å følgje opp FN's berekraftsmål og Agenda 2030. Det vil bli utvikla indikatorar som måler korleis kulturmiljø medverkar til å nå berekraftsmåla i Noreg.

By- og stadutvikling er ein del av løysinga for ei berekraftig utvikling. Kulturarv kan brukast som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Transformasjon og ny bruk av eksisterande bygningsmasse kan vere med på å bevare og vitalisere dei historiske byområda. God arkitektur, historiske bygningar og bymiljø medverkar til stadidentitet og positive opplevingar, og er ressursar som bør utnyttast for å utvikle levbare og attraktive byar og stader. Riksantikvaren har utarbeida ein bystrategi med anbefalingar for god kulturmiljøforvaltning i byane. Bystrategien vart revidert i 2021. Direktoratet har i 2021 òg lansert ein klimastrategi for kulturmiljøforvaltning.

Regjeringa ønskjer å fremje bruk, ombruk, gjenbruk og transformasjon av hus og bygningsmiljø gjennom koordinert verkemiddelbruk. Regjeringa vil òg vurdere kor godt eigna dagens lovverk er til å verne kulturmiljø ut frå eit klimaperspektiv. Samstundes bør det offentlege bruke

rolla som eigar av mange kulturhistoriske eigedomar til å vere ein aktiv pådrivar og gje gode døme på bruk, ombruk og gjenbruk av den historiske bygningsmassen.

Målet med verdiskapingsarbeidet er å dokumentere betydninga kulturmiljø har i dagens samfunn ved å tydeleggjere kulturmiljø som innsatsfaktor i lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Kulturmiljø er ein viktig attraksjon for produksjon av opplevingsprodukt og andre næringar. Samstundes veit vi at kulturmiljø, kunnskapen dei representerer, og kulturhistoriske forteljingar betyr mykje for enkeltmenneska og livet i lokalsamfunna. Kulturmiljø inngår som ein ressurs på mange felt, knytt til mellom anna dialog, samhandling og økonomisk verdiskaping. Riksantikvaren har laga ein eigen handlingsplan for verdiskaping for åra 2021–2022. Formålet er å få fram signalprosjekt om næringsutvikling, distriktsutvikling og omstilling i lokalsamfunn slik at betydninga som kulturmiljøa har for brei samfunnsutvikling, inngår som ein del av verktøykassen til fylkeskommunane og kommunane. Kulturmiljø vil dermed bidra positivt til samfunnsutviklarrolla, slik ho er definert i regionreforma.

Mangfald

Med nye nasjonale mål som femner breiare og i større grad legg vekt på kor viktig kulturmiljøet er for samfunnet, er det behov for å justere på korleis bevaringsarbeidet er innretta. For å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø vil regjeringa utarbeide bevaringsstrategiar for prioriterte tema der all verkemiddelbruk skal sjåast i samanheng. Dette inneber mellom anna satsingar og tiltak for å forbetre tilstand og vedlikehaldsnivå og tiltak for å redusere tap og skade. Bevaringsstrategiane skal også ta høgd for at det finst mange ulike måtar å ta vare på mangfaldet av kulturmiljø på. Vidare er kunnskap, opplevingar, bruk og engasjement sentrale verdiar som må sikrast i utforminga av bevaringsstrategiane. Som ein del av bevaringsstrategiane bør det utarbeidast heilskaplege oversikter for relevante kulturmiljøkategoriar eller tema, slik at både forvaltningsmiljøa og forskingsmiljøa har eit felles kunnskapsgrunnlag. I samsvar med Stortingets vedtak 707 (2019–2020) og 208 (2019–2020) skal det i samband med bevaringsstrategiane bli fremja forslag om korleis staten kan stimulere private eigarar av kulturminne og kulturmiljø til jamt, godt vedlikehald gjennom skatte- og avgiftsinsentiv. Det skal òg leggjast til grunn at ein av dei nye bevaringsstrategiane skal handle om

kyrkjer, og at det i den samanheng blir lagt til grunn ei målsetjing om at alle steinkyrkjer frå mellomalderen skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2030. Klima- og miljødepartementet vil samarbeide med Barne- og familiedepartementet om dette. Riksantikvaren vil ha ei viktig rolle i utforminga av bevaringsstrategiane og skal i dette arbeidet sikre eit godt sektorsamarbeid, mellom anna betre koordinering av verkemiddelbruken.

Riksantikvaren utarbeidar oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Riksantikvaren reviderer NB!-registeret (Kulturmiljø av nasjonal interesse i byar og tettstader) og utarbeider eit KULA-register (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse). Riksantikvaren skal òg utarbeide eit register over kulturmiljø i tettstader, fiskevær, uthamner og industrimiljø.

Riksantikvaren har dei siste 15 åra utarbeidd fleire fagstrategiar, mellom anna for bymiljø, for arkeologiske kulturminne og for arbeid med kulturarv i kommunane. Desse fagstrategiane vil framleis vere viktige, men enkelte av dei må reviderast slik at dei blir tilpassa dei nye nasjonale måla og arbeidet med bevaringsstrategiar.

I 2006 fekk Riksantikvaren, Statens landbruksforvaltning (no Landbruksdirektoratet) og Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) eit felles oppdrag som enda i satsinga *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* i 2009. I 2020 inngår 46 landskap i ordninga. Frå og med 2020 er forvaltninga av denne tilskotsordninga lagd til dei aktuelle kommunane. Samarbeidet om ordninga skal først vidare, og i løpet av 2021 blir nye område vurderte innanfor denne ordninga.

Prosjektet *Statens kulturhistoriske eigedommar* (SKE-prosjektet) vart starta opp i 2002 og er eit døme på korleis sektoransvaret medverkar til at departement og underleggjande etatar og verksemder tek ansvar for å nå miljømål innanfor eigne ansvarsområde. Etter nesten 20 år er det behov for å evaluere dei statlege landsverneplanane og forvaltninga av dei generelt. SKE-prosjektet har vore eit nybrottsarbeid som har gjeve eit breitt erfaringsgrunnlag knytt til forvaltning og dispensasjonspraksis. I 2020 overtok regionane forvaltningsstyresmakta for desse eigedommane, med unntak av bygningar og anlegg som er oppførte på Riksantikvarens liste.

Kulturarvpolitikken er delt mellom fleire departement. Klima- og miljødepartementet arbeider med å etablere eit kulturarvforum for samarbeid mellom departementa. Det skal gjere det lettare å sjå forvaltninga av den materielle og immaterielle kulturarven i samanheng.

Kunnskap og forskning

Miljøovervaking inneber ei systematisk innsamling av data med metodar som kan etterprøvast, basert på hypotesar om samanhengen mellom årsak og verknad. Data frå miljøovervakingssystema vil vere viktige for å følgje opp dei nye nasjonale måla. Eksisterande program vil bli gjenomgånne og behov for nye program vurderte.

Riksantikvarens nye verksemdsstrategi vektlegg kunnskapsfeltet i større grad enn tidlegare. Verksemdsstrategien har som ei av fleire strategiske satsingar at Riksantikvaren skal bidra til å utvikle og formidle kunnskap om kulturmiljø og bruke kunnskapen målretta i forvaltninga.

Riksantikvarens nye FoU-strategi skal leggje til rette for heilskap og langsiktig tenking i arbeidet og prioriteringane til direktoratet knytte til forskning og utvikling. Strategien inneheld konkrete forslag til mål og satsingar med utgangspunkt i Riksantikvarens verksemdsstrategi på kunnskapsfeltet og Klima- og miljødepartementets kunnskapstrategi 2021–2024.

Internasjonalt forskingssamarbeid er viktig for å løyse mange samfunnsutfordringar. I Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028* er det eit sentralt mål å auke norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon.

Samarbeid mellom europeiske land om forskingsprogram gjennom *Joint Programming Initiatives, JPI*, har frå 2010 medverka til å samordne offentleg finansierte forsking i Europa innanfor ti område, området kulturmiljø er eitt av desse. Noregs deltaking er med på å styrkje det norske forskingssystemet og mobilisere nye forskingsmiljø og brukargrupper på kulturmiljøfeltet.

Det europeiske jordobservasjonsprogrammet for klima- og miljøovervaking, *Copernicus*, er med på å auke forståinga av naturen, klimaforandringar og miljø. I 2020 vart det lagt fram ein rapport om å optimalisere tenestene *Copernicus* leverer for kulturmiljøforvaltninga. Noreg har delteke i arbeidsgruppa.

Verdsarv (Unesco)

Det går fram av Meld. St. 27 (2008–2019) *Norges rolle og interesser i multilateralt samarbeid* at regjeringa vil bruke FN og andre relevante multilaterale institusjonar aktivt for å sikre ei god handtering av globale miljøutfordringar og oppfølging av berekraftsmåla, under dette ein ambisiøs politikk på mellom anna kultur- og naturarvområdet.

Verdsarvkonvensjonen har som mål å verne kultur- og naturarv som har framstående universell verdi. Statar som har ratifisert konvensjonen forpliktar seg til å samarbeide internasjonalt, identifisere verdsarv i eige territorium, verne og formidle verdsarven. Klima- og miljødepartementet har hovudansvaret for å følgje opp konvensjonen.

Noreg har høge ambisjonar for forvaltninga av verdsarvområda og har som mål at verdsarvområda skal utviklast til fyrstårn for god natur- og kulturmiljøforvaltning når det gjeld tilstand, forvaltning og formelt vern. Riksantikvaren og Miljødirektoratet arbeider saman for å betre forvaltninga av verdsarvområda, mellom anna gjennom forvaltningsplanar, betre lokal organisering og formidling. Fylkeskommunane og kommunane har ei viktig rolle i å oppfylle forpliktingane.

Forvaltninga av dei norske verdsarvområda inneber forpliktingar for alle sektorar. God forvaltning av verdsarvområda avheng òg av betre samordning mellom dei sektorane som påverkar utviklinga i områda. Aktuelle departement deltek difor i eit eige tverrdepartementalt verdsarvforum. Klima- og miljødepartementet leier forumet, som vart etablert i 2018.

Noreg har dei siste åra styrkt innsatsen for forvaltninga av dei åtte norske verdsarvområda. Ambisjonen er at det skal etablerast verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Klima- og miljødepartementet har utarbeidd ein plan for prioriteringar av dette arbeidet for perioden 2017–2026, og det er autorisert verdsarvsenter ved seks av dei. Departementet ser behov for å justere planen basert på framdrift i arbeidet ved dei ulike stadenene og tilgjengelege budsjettmidlar. Formålet er å gje god informasjon om verdsarven og styrkje den lokale forankringa. Basisutstillinga om verdsarven globalt og i Noreg er no i produksjon. Haussten 2021 blir utstillinga installert på verdsarvsenteret på Vega, og i 2022 er planen at utstillinga kjem på plass i Alta og Geiranger. Den vidare målsetjinga er å sikre ei framdrift som bidreg til basisutstillingane ved dei andre autoriserte verdsarvsentera (Røros, Rjukan/Notodden og Urnes), så snart forholda ligg til rette for det. Noreg var i perioden 2017–2021 medlem av Unescos verdsarvkomité. Ei av hovudprioriteringane for den norske innsatsen i komiteen har vore å styrkje institusjonar, ekspertar og lokalsamfunn slik at dei kan ta vare på verdsarven, sikre dei universelle verdiane til verdsarven. Noreg har òg arbeidd for å endre prosessen for å fremje nominasjonar til verdsarvlista med det som mål å sikre at nye oppføringar på verdsarvlista i større grad tilfredsstillar krava som følgjer av konvensjonen.

Reforma vart vedteken i Noregs medlemsperiode. Noreg har vidare gått aktivt inn i arbeidet med å etablere etiske retningslinjer for statspartane og komitémedlemmene i arbeidet deira med oppfølging av konvensjonen. Noreg legg prioritertingane frå komitéarbeidet til grunn for det vidare arbeidet med verdsarven internasjonalt.

Kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen er eit viktig innsatsområde både nasjonalt og internasjonalt. Noreg medverkar til denne satsinga gjennom kapasitetsbyggingsprogrammet World Heritage Leadership. Dette er eit seksårig samarbeidsprogram (2016–2021) med International Union for Conservation of Nature (IUCN) og International Centre for the Study of the Preservation and Restoration of Cultural Property (ICCROM). Arbeidet er av langsiktig karakter, og inneverande fase av programmet blir slutført i løpet av 2022. Ei midtvegsevaluering av programmet vart ferdigstilt hausten 2020 og danner grunnlaget for ei eventuell vidareføring frå 2023.

Som ledd i oppfølginga av Noregs prioriteringar for arbeidet i verdsarvkomiteen vart det i 2019–2021 årleg løyvd 30 mill. kroner over Utanriksdepartementets budsjett for å styrkje verdsarvarbeidet i Afrika med særleg vekt på naturområde. Det blir lagt til grunn at innsatsen blir vidareført i 2022.

Europeisk og nordisk samarbeid

Dei siste åra har kulturarvfeltet fått stadig større merksemd i EU. Dette har mellom anna komme til uttrykk gjennom markeringa av det europeiske kulturarvåret i 2018 og i EUs oppfølging etter dette. Eit av resultata er ein ny europeisk handlingsplan for kulturarv, *European Framework for Action on Cultural Heritage*. I handlingsplanen er det etablert fire prinsipp og fem satsingsområde for handling der EU ønskjer å medverke. Her er verdien kulturarven har for eit inkluderande, berekraftig, tilpassingsdyktig og innovativt Europa og for eit sterkare globalt partnerskap framheva. Handlingsplanen og satsingsområda er i stor grad samanfalle med dei nye nasjonale måla for kulturmiljøpolitikken og slik kulturmiljøarbeidet i Noreg er innretta. Gjennom handlingsplanen er det etablert ei ekspertgruppe som skal drøfte og utveksle erfaringar for å kunne utforme ein berekraftig og deltakande kulturarvpolitikk i Europa. Regjeringa meiner det er eit stort potensial for erfaringsutveksling og gjensidig støtte og prioriterer difor norsk deltaking i ekspertgruppa *Commission Expert Group on Cultural Heritage* og arbeidet med å følgje opp handlingsplanen.

Noreg deltek i Europarådets mellomstatlege komité for kultur, kulturarv og landskap (CDCPP), der både Kulturdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Klima- og miljødepartementet er representerte. Gjennom ei rekkje tiltak medverkar Europarådet til å fremje mangfald og dialog gjennom tilgang til kulturarv og til å skape ei forståing av identitet, felles minne og forståing mellom folkegrupper. Fleire av desse tiltaka har innverknad for Noreg, slik som *European Heritage Strategy for the 21st Century*, dei europeiske kulturminnedagane, *Cultural Routes*, i tillegg til ei rekkje faglege nettverk og strategiar. Europarådet er òg ein viktig møteplass for medlemsstatane, både for å drøfte felles løysingar og for politikktvikling. Noreg deltek og medverkar aktivt i slike samanhengar. Dette arbeidet vil bli ført vidare. Regjeringa vil leggje særleg vekt på arbeidet med å sjå kulturarv, menneskerettar, demokrati og berekraftsmåla i samanheng.

Strategien *Norge i Europa* frå regjeringa framhevar EØS-midlane som det viktigaste finansielle verkemiddelet i europapolitikken. Gjennom kultur- og kulturarvprogramma under EØS-midlane har norsk kulturmiljøsektor høve til å tileigne seg ny kunnskap ved å diskutere felles utfordringar med europeiske kollegaer.

Nordisk ministerråd er det offisielle samarbeidsorganet til dei nordiske regjeringane. Statsministrane i Norden har gjennom ein deklarasjon frå 20. august 2019 vedteke som visjon at Norden skal bli den mest berekraftige og integrerte regionen i verda fram mot år 2030. Samarbeidet i Norden skal byggje opp under denne visjonen. I ein deklarasjon frå 30. oktober 2019 oppfordrar dei nordiske kulturministrane sektorane til å integrere kultur og kulturarv som ein viktig premis for arbeidet med FN's berekraftsmål. Ei arbeidsgruppe under dei nordiske miljøministrane, arbeidsgruppa for biologisk mangfald, har lyst ut midlar for 2022 til prosjekt som ser på sosial berekraft i samanheng med mellom anna kulturmiljø.

Regionreforma

Fylkeskommunane og Sametinget har førstelinjansvaret for dei fleste typane kulturminne og kulturmiljø. I samband med regionreforma fekk fylkeskommunane ansvaret for dei fleste automatisk freda kulturminna som arkeologi, skipsfunn, fartøy, dei fleste forskriftsfreda eigedommane, fleire teknisk-industrielle anlegg og dei ikkje-kyrkjelege mellomalderhusa. Frå hausten 2020 overtok fylkeskommunane saksbehandlinga av søkna-

der innanfor dei fleste tilskotsordningane. Ei følgjeevaluering for å klargjere effektar og gevinstar av overføringa av auka mynde til fylkeskommunane og endringane i ansvars- og oppgåvefordelinga er sett i gang. Første delrapport kom i 2021.

Som følgje av regionreforma vidareutviklar Riksantikvaren rolla si som fagdirektorat, men har framleis det overordna ansvaret for gjennomføringa av den nasjonale kulturmiljøpolitikken.

Bevaringsprogramma

Ei av dei viktigaste strategiske satsingane i arbeidet med å nå dei tidlegare nasjonale måla var å etablere ti bevaringsprogram. Hovudinnsatsen i bevaringsprogramma har sidan oppstarten i 2007 vore retta mot å forbetre vedlikehaldsnivået for utvalde kulturminnekategoriar.

Andre viktige verktøy har vore Riksantikvarens fredingsstrategi og KIK-satsinga (kulturminne i kommunane). Fredingsstrategien skal sikre betre geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig representativitet i fredingsporteføljen. KIK-satsinga har medverka til kompetanse om kulturmiljøforvaltning i kommunesektoren og at det har blitt laga mange kulturminneplanar. Erfaringar har vist at bevaringsprogramma har vore ein effektiv måte å strukturere bevaringsarbeidet på. Både bevaringsprogramma, fredingsstrategien og arbeidet med kulturminne i kommunane har vore tett kopla til dei eksisterande nasjonale måla, der reduksjon av tap, forbetra vedlikehaldsnivå og auka representativitet har vore dei overordna prioriteringane. Denne typen grunnleggjande forvaltning av kulturhistoriske verdier skal framleis vere ein viktig del av prioriteringane i kulturmiljøforvaltninga. Bevaringsprogramma var opphavleg direkte knytte til dei tidlegare nasjonale måla (2020-måla), som no er avløyste av nye nasjonale mål. Nye bevaringsstrategiar er under utarbeiding, men bevaringsprogramarbeidet blir ført vidare inntil desse er klare. Sjå elles nærmare omtale under delkapittelet «Mangfald».

Kort om dei enkelte bevaringsprogramma – mål og status

1. Freda bygningar i privat eige

Målet for bevaringsprogrammet har vore at alle freda bygningar i privat eige skal vere sette i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå.

Bevaringsprogrammet omfattar rundt 3 400 bygningar. Det har sidan starten av bevaringsprogramma vore ei positiv utvikling. Om lag 38

pst. av bygningane har ordinært vedlikehaldsnivå (TG1), medan 32 pst. har eit moderat behov for istandsetjing (TG2). Om lag 13 pst. har behov for omfattande istandsetjingsarbeid (TG3). Resterande bygningar har anten ukjend tilstand eller har ikkje blitt tilstandsregistrert dei siste ti åra og har fått TG9 (ukjend tilstand).

2. Samiske kulturminne

Målet for bevaringsprogrammet har vore at automatisk freda, samiske bygningar skal vere kartlagde innan 2017, og prioriterte bygningar skal sikrast og setjast i stand.

Gjennom ein revisjon av kulturminnelova i 2018 er det etablert ei fast fredingsgrense. Det inneber at samiske kulturminne frå 1917 eller eldre er automatisk freda. Om lag 900 automatisk freda samiske bygningar vart kartlagde. Sametinget skal utarbeide ein forvaltningsplan for dei freda bygningane.

3. Stavkyrkjene

Målet for bevaringsprogrammet har vore at dei 28 stavkyrkjene skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2015.

Målet for stavkyrkjeprogrammet vart nådd i 2015. Stavkyrkjeeigarane skal sørge for det nødvendige tilsyn og vedlikehald etter avslutninga av programmet. Dette er i varierende grad gjennomført, og det er difor behov for å følgje kyrkjene opp noko tettare framover. På grunn av klimaendringane, med større fare for ekstremvêr, er det etter 2015 gjennomført risikovurderingar ved alle stavkyrkjene.

Treskurden på stavkyrkjene er i liten grad tilstandsundersøkt, trass i at dette er mellomalderske utskjeringar utandørs og innandørs, til dels eksponert for klimapåverknader og turisttrykk.

4. Verdsarven

Målet for bevaringsprogrammet har vore at dei norske verdsarvområda skal utviklast som fyrtårn for den beste praksisen innan natur- og kulturminneforvaltning når det gjeld tilstand, forvaltning og formelt vern.

Dei åtte verdsarvområda er av svært ulik karakter og omfang og med variasjon i den tekniske tilstanden. Mange bygningar er sette i stand, skjøtsel og formidling er forbetra, men mykje står att. Fleire av kulturminna innanfor kvart av verdsarvområda høyrer også inn under andre bevaringsprogram.

5. Tekniske og industrielle kulturminne

Målet for bevaringsprogrammet har vore å sikre, setje i stand og halde ved like eit utval prioriterte anlegg.

Bevaringsprogrammet omfatta ved oppstarten ti anlegg. I ettertid er fem lagde til, slik at det i dag er femten anlegg som er definerte som nasjonalt prioriterte anlegg. Ti av anlegga er rekna som sette i stand.

6. Brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer

Målet for bevaringsprogrammet har vore å halde brannsikringa av stavkyrkjene på eit høgt nivå og medverke til brannsikring av rundt 180 tette trehusmiljø med gammal verneverdig trehusbusetnad. Om lag 60 pst. av dei tette trehusområda har laga brannsikringsplanar som grunnlag for vidare arbeid med sikring mot områdebrann.

Det er eit høgt tryggleiksnivå ved alle dei 28 stavkyrkjene, og det blir gjennomført årleg service av tekniske anlegg.

7. Fartøy

Målet for bevaringsprogrammet er å bevare og sikre eit representativt utval bevaringsverdige fartøy for framtida og løfte verneflåten til eit ordinært vedlikehaldsnivå.

Det er i dag om lag 250 historiske fartøy på Riksantikvarens verneliste. 14 av fartøya er freda, dei andre har status som verna skip.

19 pst. av fartøya har eit ordinært vedlikehaldsnivå. Av dei andre har 25 pst. eit moderat behov for tiltak, medan 56 pst. har stort behov for tiltak og utbetring.

8. Ruinar

Målet for bevaringsprogrammet har vore at eit utval ruinar skal sikrast og gjerast tilgjengelege for publikum.

Bevaringsprogrammet omfattar 58 av totalt 122 ruinar etter kyrkjer, klosteranlegg og borg-

og festningsanlegg frå mellomalderen. 27 av ruinane er ferdig konserverte. Det er gjennomført konserverings- og skjøtselstiltak for 11,8 mill. kroner i 2020. I tillegg er det gjennomført forskning, kompetanseutvikling og formidling for til saman 1,3 mill. kroner.

9. Bergkunst

Målet for bevaringsprogrammet har vore at eit utval bergkunstlokalitetar skal dokumenterast, sikrast og gjerast tilgjengeleg for publikum.

Det er registrert meir enn 2 100 bergkunstlokalitetar i Noreg, og alle inngår i bevaringsprogrammet. Per 1. januar 2021 har ein nådd det realitetsjusterte målet om at 500 prioriterte lokalitetar skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå i 2020. 110 av lokalitetane er og tilrettelegde for publikum med ønskt standard.

10. Utvalde arkeologiske kulturminne

Målet for bevaringsprogrammet har vore at eit representativt utval arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom skjøtsel og gjerast tilgjengeleg for publikum.

Per 1. januar 2021 har ein nådd det realitetsjusterte målet om at 45 prioriterte arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå i 2020. 345 av lokalitetane er og tilrettelegde for publikum med ønskt standard.

Nærmare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2022 på om lag 790,1 mill. kroner på utgiftssida. Dette er ein reduksjon på 29,6 mill. kroner, eller 3,6 pst., samanlikna med saldert budsjett for 2021.

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1429	Riksantikvaren	710 482	700 101	668 797	-4,5
1432	Norsk kulturminnefond	126 292	119 614	121 340	1,4
	Sum kategori 12.30	836 774	819 715	790 137	-3,6

Kap. 1429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	146 530	146 187	151 693
21	Spesielle driftsutgifter	34 883	32 477	31 155
22	Fleirårige prosjekt kulturminneforvaltning, <i>kan overførast</i>	29 600	31 085	23 734
60	Kulturminnearbeid i kommunane	8 600	8 600	8 824
70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	57 255	41 064	39 026
71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>	159 965	159 015	142 759
72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	57 607	58 045	58 554
73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	70 676	57 575	59 072
74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	64 028	76 672	70 605
75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overførast</i>	14 888	16 459	15 557
77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminne- område, <i>kan overførast</i>	5 320	8 232	8 446
79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>	61 130	64 690	59 372
	Sum kap. 1429	710 482	700 101	668 797

Rolle og oppgåver for Riksantikvaren

Riksantikvaren, direktoratet for kulturmiljøforvaltning, er Klima- og miljødepartementets rådgjevar og skal setje i verk kulturmiljøpolitikken til regjeringa og gje faglege innspel i arbeidet med politikktutvikling. Riksantikvaren har vidare eit ansvar for utvikling av rettleiingsmaterieil, digitale tenester med meir, som sikrar ei einskapleg kulturmiljøforvaltning. Dei skal òg forvalte sentrale data om kulturmiljø i offentleg forvaltning.

Sjølv om ein del av oppgåvene til direktoratet er overførte til regional kulturmiljøforvaltning, som ein del av regionreforma, er Riksantikvaren framleis fredings-, motsegn- og klagestyresmakt og har også ansvar for den nasjonale fordelinga av tilskotsmidlar mellom fylkeskommunane. Riksantikvaren er òg dispensasjonsstyresmakta for nokre utvalde kulturminne. Dette gjeld dei fire store mellomalderbyane og enkelte bygningar og anlegg. Riksantikvaren skal òg inntil vidare ha forvaltninga av freda og listeførte kyrkjebygg.

Det er i kgl.res. den 13 august 2021 vedteke forskrifter om tildeling i samsvar med Stortingets budsjettvedtak for kap. 1429 post 70, 71, 72, 73, 74, 75, 77 og 79. Postomtalaner er av den grunn kortare enn førre året.

Post 01 Driftsutgifter

Hovuddelen av løyvinga dekkjer lønn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IKT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer i tillegg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt og utgreiingar, under dette kostnader knytte til Riksantikvarens drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga. Inntekter knytte til dette blir førte under kap. 4429 post 02 og 09.

Det foreslås at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4429 post 02 og 09, jf. forslag til vedtak II.

Det er foreslått ei løyving på 151,7 mill. kroner på posten for 2022. Posten har totalt auka med om

lag 5,5 mill. kroner. Auken kjem av ei ompostering frå 22-posten på 8 mill. kroner. Posten er redusert med 4,2 mill. kroner i samband med regionreforma og at oppgåver gradvis blir overførte frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Løyvinga under posten er redusert med 1,4 mill. kroner grunna ny premiemodell for betaling av pensjonspremie og om lag 0,3 mill. kroner grunna gevinstuttak på grunn av forventta lågare reiseutgifter, sjå nærmare omtale under del I kap 3.

Rapport 2020

Størsteparten av midlane er lønnskostnader, som utgjer om lag 56 pst. av dei samla driftsutgiftene.

Driftskostnadene har vore reduserte over tid som følgje av effektivisering av drift, reduksjon i arealleige, bortfall av driftsoppgåver, reduserte innkjøp og anna.

Rapport 2020

I 2020 vart 34,9 mill. kroner nytta innan post 21.

Aktivitet	
Lønn, reise og kompetansemidlar knytte til prosjekt	6 014
Husleige til Kongsvoll fjellstove	3 052
Kjøp av tenester ¹	25 817
Sum	34 883

¹ Digitalisering, Kunnskapsløftet, konsulentar, forskings- og utviklingsmidlar m.m.

Fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltningen set opp ti prioriterte tema for nye fredingar, slik at fredingslista vår skal bli meir representativ, både tematisk og geografisk. Betre framdrift i fredingssakene er òg eit viktig tema i strategien. Det vart vedteke 13 fredingar i 2020. Målrettinga av fredingsarbeidet etter dei føringane som vart lagde i fredingsstrategien, gjev effektar. Stadig fleire eldre fredingssaker blir slutførte, og nye fredingssaker blir starta opp i medhald av strategien. Talet fredingssaker som er sette i gang, er no på eit nivå som kan handterast for både fylkeskommunane og Riksantikvaren. Dette gjer at nye fredingssaker blir behandla raskare og betre, noko som er til fordel for eigarane òg.

Med forankring i *Fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltningen* er det brukt midlar til satsing på dei nasjonale minoritetane sine kulturminner. I 2020 starta prosjektet på jødiske kulturminne i tett samarbeid med representantar frå den jødiske minoriteten. Kartlegging og utval av

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Post 21 dekkjer prosjektmidlar til fagleg samarbeid med andre land i samsvar med norske prioriteringar, medlemsutgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtalar og utgreiingsarbeid. Midlar til det internasjonale kurset i konservering av tre (ICWCT – International Course on Wood Conservation Technology) blir òg dekte over denne posten. Midlane blir elles nytta til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltningsansvar for.

Riksantikvaren kan lyse ut forskings- og utviklingsmidlar innanfor denne potten og bestiller utgreiingar mellom anna på klima- og energifeltet.

Det er foreslått ei løyving på 31,2 mill. kroner på posten for 2022.

kulturminne etter historia til den jødiske befolkninga blir gjennomført i 2021.

Forslag om freding av Henningsvær kulturmiljø har vore på høyring. Kommunestyret i Vågan kommune har behandla forslaget og gjeve ei støtte til fredingssaka på visse vilkår. Det er dialog med kommune og fylkeskommune, og saka blir følgd opp fram til ny behandling i kommunestyret før spørsmålet om freding blir endeleg avgjort. Organiseringa av kulturmiljøfredinga følgjer tilrådingane i evalueringsrapporten om dei freda kulturmiljøa i Noreg som vart utførte i 2017.

Post 22 Bevaringsoppgåver, kan overførast

Tunge nasjonale bevaringsoppgåver er det i visse tilfelle verken formålstenleg eller mogleg å gjennomføre ved å dele ut tilskot til lokale prosjekteigarar. I desse tilfella må Riksantikvaren fungere som prosjekteigar. Sidan dette er prosjekt som i dei fleste tilfella går over fleire år, og det ikkje alltid lèt

seg gjere å gje overslag over det eksakte utbetalingsbehovet kvart enkelt år, er midlane plasserte på post 22, der dei kan overførast. Dette gjeld fleire store prosjekt, som brannsikring av stavkyrkjer og grunnvassmåling under Bryggen i Bergen, som er avhengig av fleirårige avtalar med leverandørar.

Riksantikvaren kjøper tenester knytte til drift og vedlikehald av brann- og sikringsanlegg ved stavkyrkjene. Drift og vedlikehald av sikringsanlegg omfattar mellom anna løpande periodiske kontrollar (eigenkontrollar og eksterne kontrollar), aksjon ved alarmer, reparasjonar og service for å rette mindre feil og planlagde vedlikehaldsoppgåver for sikringsanlegg.

Behovet kulturmiljøforvaltninga har for teknisk og praktisk bygningskunnskap, er veksande i ein situasjon med meir vekt på klimaendringar og kva konsekvensar dette har for kulturminna. Kulturminne blir raskare brotne ned, frekvensen på vedlikehald aukar, og det kjem til spørsmål om nye metodar. Auka merksemd på klimavennleg byggingenæring, grønne val og gjenbruk kan gjere marknaden for tradisjonsbasert handverk større. Riksantikvaren har sett i gang eit toårig prosjekt, om ivaretaking av kompetanse innanfor tradisjonelt handverk og ivaretaking av arbeid med kunnskapsutvikling og rådgjeving om vedlikehald av dei eldste tømmerkonstruksjonane som blir påverka av klimaendringar i eit varmare og våtare klima.

Det er foreslått ei løyving på 23,7 mill. kroner på posten for 2022.

Rapport 2020

Det har vore god framdrift i utbetringa av brannsikringsanlegg på stavkyrkjene.

Det er brukt 10,2 mill. kroner til stavkyrkjesikring over post 22 i 2020.

Det er i 2020 utført sikringsarbeid på sju stavkyrkjer. Det er lagt planer om sikringstiltak på ytterlegare fem kyrkjer i 2021. Riksantikvarens prosjekt om tradisjonelt handverk og klimaendringar har resultert i iverksetjing av fagleg forum, arbeid med materialbank og deltaking i fagrådet i fagskulen. Riksantikvaren har også sett i gang eit prosjekt med Byggmesterforbundet og vidaregåande skular.

Post 60 Kulturminnearbeid i kommunane

Det blir gjevne tilskot til kommunar som ønskjer å setje i gang, nyleg har sett i gang eller vil rullere eksisterande kulturminneplan. Tilskot blir òg gjevne til utvikling og drift av ulike kompetanse- og samarbeidsmodellar som styrkjer arbeidet lokalt. Dette gjeld samarbeid mellom fylkeskommunar,

kommunar, museum, Sametinget og frivillige. Det blir øyremerkt 2 mill. kroner til Murbyen Oslo.

Det er foreslått ei løyving på 8,8 mill. kroner på posten for 2022.

Rapport 2020

375 kommunar har fram til og med 2020 fått tilskot (100 000 kroner) til å utarbeide eller rullere kulturminneplan.

Ved utgangen av 2020 var det berre rundt 30 kommunar utan vedtatt kulturminneplan eller igangsatt arbeid med ein slik plan. Det er òg gjevne tilskot til kompetansedokumentar i kommunar og fylkeskommunar, til dømes til samarbeid mellom fleire kommunar som nyttar felles kompetanse for å lage kulturminneplan eller samarbeid mellom kommunar og museum.

Riksantikvaren bidreg med rettleiing i arbeid med kulturminneplanar og for å styrkje kulturmiljøkompetansen i kommunesektoren. Riksantikvaren arrangerer mellom anna Utviklingsnett der byggesak og kulturminnedata er nokre av tema.⁴

Murbyen Oslo er eit bygningsvernsenter for historiske murgårder i Oslo. Senteret har eit nasjonalt ansvar som einaste bygningsvernsenter som fokuserer på kunnskap om tradisjonelle materialar og metodar i murarfaget. Senteret bidreg med råd og rettleiing overfor eigarar, og arrangerer seminar og kurs.

Post 70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, kan overførast

Det er foreslått ei løyving på 39 mill. kroner på posten for 2022. Løyvinga reduserast noko som følgje av bortfall av eingongsutgifter til undersøkinga av Gjellestadskipet i 2021.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til forvaltning, sikring, restaurering, skjøtsel, tilrettelegging, formidling og dokumentasjon av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til dekning av heile eller delar av utgiftene til arkeologisk arbeid i samsvar med

⁴ Utviklingsnett er Riksantikvarens sitt kompetansetilbod/seminarrekke som tek opp aktuelle kulturminnefaglege tema. Tilbodet er gratis og opent for alle interesserte. Seminara er òg ein viktig møteplass for kulturmiljøforvaltninga på alle nivå og andre fagmiljø og sektorar.

forplikningane til staten omtalte i kulturminnelova § 8, § 9 og § 10. Delar av midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) og for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK). Posten dekkjer òg tilskot til arkeologiske museum, sjøfartsmuseum og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU). Posten er òg nytta til finnarlønn.

Forslag til løyving på posten er til saman 39 mill. kroner. Innanfor dette samla løyvingsforslaget blir det lagt opp til at inntil 20 mill. kroner blir nytta til dei lovpålagde oppgåvene på området (refusjon av utgifter knytte til mindre private tiltak og særlege grunnar). Resterande 19 mill. kroner skal nyttast til tilskot til bevaringsprogramma BERG og BARK, tilskot til museum og NIKU og finnarlønn. Ved særskilde høve kan det bli aktuelt å avvike frå denne fordelinga av løyvinga.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir brukte som føreset, og innsende rapportar og rekneskap blir kontrollerte. Dei tilskota som gjeld statleg kostnadsdekning ved tiltak som

krev arkeologiske arbeid, blir gjevne til den institusjonen som utfører arbeidet, og denne rapporterer om bruken.

Rapport 2020

Det er utført tiltak innan dokumentasjon, skjøtsel og sikring av bergkunstlokalitetar over heile landet i regi av Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) i 2020. Arbeidet er utført av fylkeskommunane, Sametinget og dei arkeologiske forvaltningsmusea, ofte i samarbeid med lokale krefter.

I 2020 er det sett i verk nye tiltak innan skjøtsel og tilrettelegging på meir enn 160 bergkunstlokalitetar, og det går òg føre seg arbeid med mange prosjekt som er vidareførte frå tidlegare år. Det er i tillegg utført metodeutvikling innan dokumentasjon og formidling. På bestilling frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren gjort ei evaluering av programmet for perioden 2011–2020.

Totalt er det gjeve 6,4 mill. kroner i tilsegn om tilskot til nye tiltak innanfor BERG i 2020, og det vart utbetalt 7,7 mill. kroner. Resten av tiltaka held fram i 2021.

Tabell 8.10 Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)

Bergkunst i Askeladden	Talet på lokalitetar	Kommentar
Bergkunstlokalitetar totalt	2 159	Status per 06.05.21 for automatisk freda lokalitetar
Enkeltminne bergkunst totalt	3 217	Status pr. 06.05.21 for automatisk freda lokalitetar
Nye skjøtselstiltak i 2020	161	Tilskot 2020
Nye tilretteleggingstiltak i 2020	45	Tilskot 2020
Nye dokumentasjonstiltak i 2020	33	Tilskot 2020
Tilfredsstillande bevarings-/vedlikehaldsnivå	564	Rapportert totalt i programmet
Tilrettelagt for publikum med tilfredsstillande bevarings-/vedlikehaldsnivå	110	Rapportert totalt i programmet

I løpet av 2020 er det gjennomført skjøtsel og tilrettelegging for publikum i regi av Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) over heile landet. Det omfattar 54 lokalitetar i Askeladden.

Eit BARK-prosjekt (tilretteleggingsprosjekt) omfattar i dei fleste tilfella ei gruppe kulturminne som utgjer ein samanheng. Fleire lokalitetar i Askeladden kan difor inngå i eit prosjekt i BARK. I 2020 vart det sett i gang skjøtels- og tilretteleggingstiltak i 17 slike BARK-prosjekt. Arbeidet blir

utført av fylkeskommunar og Sametinget i samarbeid med kommunane og andre lokale krefter. Så langt i programmet er nær 150 slike skjøtels- og tilretteleggingsprosjekt fullførte. På bestilling frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren gjort ei evaluering av programmet for perioden 2011–2020.

Totalt vart det gjeve 2,1 mill. kroner i tilsegn om tilskot til tiltak innanfor BARK i 2020, og det vart utbetalt 3 mill. kroner.

Tabell 8.11 Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)

Skjøtsel og tilretteleggingstiltak	BARK prosjekt og kommunar	Kommentar
Nye tiltak	17 (54 lokalitetar)	Tilskot 2020
Fullførte prosjekt totalt	150	I perioden 2012–2020
Kommunar der det er utført eller går føre seg BARK-tiltak	175 kommunar	I perioden 2012–2020
Tilfredsstillande bevarings-/ vedlikehaldsnivå	470	Rapportert totalt i programmet
Tilrettelagt for publikum med tilfredsstillande bevarings-/vedlikehaldsnivå	345	Rapportert totalt i programmet

Det er gjennomført mange arkeologiske undersøkingar i 2020 knytte til ordningane der staten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar i samband med mindre, private tiltak og dersom det ligg føre særlege grunnar. Nesten 10 mill. kroner vart gjevne i tilsegn om tilskot til ei rekkje ulike

tiltak i landbruket, mellom anna drenering, nydyrking og ulike driftsveggar.

Post 70 vart auka med 15,6 mill. kroner til undersøking av Gjellestadskipet frå vikingtid i Halden.

Tabell 8.12 Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2020

Tiltak	Tal på saker	Tilskot (i 1000 kr)	Merknader
Mindre private tiltak. Tilsegn om tilskot til – arkeologiske granskingar.	37	23 186	Midlane blir betalte ut til den – institusjonen som gjennomfører utgravinga
Særlege grunnar. Tilsegn om tilskot til arkeologiske granskingar.	19	17 345	Midlane blir betalte ut til den – institusjonen som gjennomfører utgravinga
Sikring av arkeologiske kulturminne og vitskapleg kjeldemateriale	12	6 921	
Andre prioriterte styresmakt-oppgåver ved dei arkeologiske forvaltningsmusea		1 000	
Saksbehandling ved sjøfartsmusea		6 650	
Finnarlønn	140	312	
Øyremerking (Gjellestad)		15 600	
Øyremerking (Klemenskyrkja)		3 224	
Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG). Tilsegn om tilskot.		6 450	Sjå ovanfor
Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK). Tilsegn om tilskot		2 110	Sjå ovanfor
Sum		82 798	

Post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap, kan overførast

Det er foreslått ei løyving på 142,8 mill. kroner på posten for 2022. Dette inneber ein samla reduksjon i løyvinga på 16,3 mill. kroner. Av omsyn til det samla budsjettopplegget blir det foreslått å redusere løyvinga med 15 mill. kroner. Vidare er tilskotet til samisk bygningsvern på 2 mill. kroner etter planen teke ut, da dette tilskotet var tidsavgrensa til tre år (2019–2021). Elles er posten prisjustert med 3,8 mill. kroner, og 3 mill. kroner er flytta til post 70 for å ta i vare lovpålagde oppgåver.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å bevare freda kulturminne og kulturmiljø i privat eige og å bidra til at slike blir sette i stand etter antikvariske retningslinjer. Tilskotsordninga skal sikre verdien kulturminne og kulturmiljø har som kjelde, og at føresetnadene for å gje opplevingar blir tekne i vare, og leggje til rette for berekraftig verdiskaping og bruk.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til istandsetjings- og vedlikehaldstiltak av kulturminne og kulturmiljø som er freda, mellombels freda, eller der ei fredingssak er under behandling. Tilskot skal dekkje meirkostnader, heilt eller delvis, som følgjer av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel. Det kan i særlege tilfelle tildelast tilskot til ikkje-freda kulturminne dersom dette blir gjort med forankring i nasjonale strategiske satsingar.

Oppfølging og kontroll

Detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjevne i dei enkelte tilskotsbrev. Kontrollen av tilskotsmottakar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar og rekneskap. Oppfølging på staden kan vere særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet blir utført i samsvar med antikvariske retningslinjer. Regionalforvaltninga rapporterer til Riksantikvaren.

Rapport 2020

I 2020 vart freda kulturminne i privat eige tildelte totalt 159,0 mill. kroner i tilskot, inkludert tilsegn. Av dette vart 152 mill. kroner tildelte fylkeskom-

munane. Dei resterande 7 mill. kroner vart nytta av Riksantikvaren til strategiske satsingar på nasjonalt nivå, til dømes minoritetsprosjektet. I fordelinga fekk dei fleste fylka om lag 50 pst. av søknadssummen.

Tilskot over post 71 har gjeve god effekt slik at private eigarar har kunna setje i stand freda bygningar og anlegg. Fleire bygningar og anlegg har fått bedra tilstandsgrad.

Det har vore stadig meir klart at det er behov for handverkarar med kompetanse innan antikvarisk bygningsvern. Ein effekt er at det har blitt teke initiativ til etablering av bygningsvernsenter og fagmiljø i Noreg, som jobbar med tradisjonsbygg og kulturminne. Dette har gjeve auka kunnskap om antikvarisk bygningsvern. Dette sikrar god kvalitet på gjennomførte istandsetjingsarbeid.

I 2020 har 38 pst. av dei registrerte bygningane eit ordinært vedlikehaldsnivå (TG 1), som er 5 pst. auke frå året før, medan 13 pst. har behov for omfattande utbetringar (TG 3). Bygningar med eit moderat behov for utbetringar (TG 2) har auka med 6 pst. frå 27 til 32 pst. samanlikna med året før. 17 pst. har ukjend tilstandsgrad (TG 9). Samla er det fleire bygg med ordinær tilstand og moderat vedlikehaldsbehov. Delen bygg med ukjend tilstand er redusert frå 27 pst. til 17 pst. Denne tilstanden blir registrert automatisk dersom det er over ti år sidan tilstanden til bygningen sist vart registrert.

Som oppfølging av Riksrevisjonens rapportar har Riksantikvaren arbeidd med å styrkje tilskotsforvaltninga i direktoratet og i regionalforvaltninga. Erfaring frå tilsyn og oppfølging av bevaringsprogrammet er innlemma i arbeidet med utforming av digitalt søknads- og saksbehandlingssystem.

Post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, kan overførast

Det er foreslått ei løyving på 58,6 mill. kroner på posten for 2022.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å setje i stand og halde ved like tekniske og industrielle kulturminne (TIK) for å bidra til kunnskap, opplevingar, bruk og verdiskaping.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne til sikring;

istandsetjing; vedlikehald; kulturminne- og tilstandsregistrering; dokumentasjon; moglegheitsstudiar; lønn til stillingar som er direkte knytte til forvaltning, drift og vedlikehald.

Oppfølging og kontroll

Detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjevne i dei enkelte tilskotsbrev. Kontrollen av tilskotsmottakar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar og rekneskap. Oppfølging på staden kan vere særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet blir utført i samsvar med antikvariske retningslinjer. Regionalforvaltninga rapporterer til Riksantikvaren.

Rapport 2020

Per 31. desember 2020 har 10 av 15 prioriterte anlegg status som istandsette. «Istandsett» må i denne samanhengen ikkje forståast som «ferdig» eller «slutført». Tekniske og industrielle kulturminne vil også etter at dei har nådd eit normalt vedlikehaldsnivå, ha behov for tilskot til løpande vedlikehald og istandsetjing. Dei fem anlegga som har status ikkje-istandsett, utgjer i stor grad dei

siste anlegga som er komne med i bevaringsprogrammet etter 2010. Dette gjeld Bredalsholmen verft, Haldenkanalen, Odda smelteverk og Rjukanbanen. I tillegg har Riksantikvaren gjort om statusen til Klevfos Cellulose- og Papirfabrik frå *istandsett* til *ikkje istandsett*. Dette vart gjort i 2019 på bakgrunn av at fabrikkbygningen er i aksele- rerande forfall som følgje av den tidlegare kjemikaliebaserte produksjonen ved anlegget. Det er sett i verk eit eige kunnskapsprosjekt som skal gjere tekniske vurderingar av tilstand, utarbeide strategiar for bremsing av nedbrytinga, sikre dokumentasjon av anlegget og fremje alternativ for langsiktig bevaring.

Framdrifta mot måloppnåing er noko svekt dei siste åra, som følgje av sær store kostnader ved både Rjukanbanen (istandsetjing av slippen på Tinnoset) og Odda (Omn 3) og igangsetjing av eit kunnskapsprosjekt for Klevfos. Slippen på Tinnoset vart ferdigstilt i 2020, medan det framleis står att store behov i samband med tømning av Omn 3 på Odda smelteverk og uavklarte behov på Klevfos Cellulose- og papirfabrik.

Arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag og forarbeid for verneplan/bevaringsstrategi for teknisk-industrielle kulturminne vart starta opp i 2020.

Tabell 8.13 Oversikt over status for istandsetjing av teknisk-industrielle anlegg og fordeling av tilskot 2020

Anlegg	Innskrive	Status	Tilskot (i 1000 kr)
Odda smelteverk	2013	Ikkje istandsett	9 736
Tyssedal kraftverk	1997	Istandsett	805
Sjølingstad Uldvarefabrik	1997	Istandsett	3 885
Salhus Tricotagefabrik	1997	Istandsett	3 766
Bredalsholmen Dokk	2015	Ikkje istandsett	4 307
Kistefos Træsliberi	2002	Istandsett	2 356
Spillum Dampsag og Høvleri	1997	Istandsett	5 595
Atlungstad Brenneri	2013	Istandsett	2 200
Neptun Sildoljefabrikk	1997	Istandsett	1 898
Rjukanbanen	2011	Ikkje istandsett	5 189
Haldenkanalen	2013	Ikkje istandsett	5 955
Næs jernverkmuseum	1997	Istandsett	1 609
Folldal gruver	2002	Istandsett	3 104
Klevfos Cellulose- og Papirfabrik	1997	Ikkje istandsett	2 749
Fetsund Lenser	1997	Istandsett	3 340

Tilskot

I 2020 var budsjettet for post 72 på 58 mill. kroner. 56,5 mill. kroner av desse vart gjeve til anlegga i bevaringsprogrammet.

Riksantikvaren har i 2020 gjeve ein mindre del av tilskotsposten til kulturminne utanfor bevaringsprogrammet. Sjå fordelinga av tilskot i tabell 8.14.

Tabell 8.14 Oversikt over deling av tilskot for anlegg utanfor bevaringsprogrammet

Kulturminne	Tilskot i 1000 kr
Fagerli kraftstasjon, Fauske, Nordland	214
Hagevik tønnefabrik, Kinn, Vestland	262
Nes gardssag, Kvam, Vestland	89
Sellevåg treskofabrik, Gulen, Vestland	259

Post 73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, kan overførast

Det er foreslått ei løyving på 59,1 mill. kroner på posten for 2022.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre bevaring, istandsetjing og konservering av stavkyrkjer, kyrkjekunst og bygg, anlegg og ruinar frå mellomalderen som unike kjelder til bygningshistoria og kunsthistoria i Noreg og å bidra til brannsikring av bestemte tette trehusmiljø. Tilskotsordningane skal sikre kjeldematerialet og bidra til berekraftig bruk og formidling av historia desse kulturminna og kulturmiljøa fortel.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til vedlikehald, konservering, dokumentasjon og sikring av stavkyrkjer; konservering av ruinar frå mellomalderen; istandsetjing

av freda mellomalderhus frå før 1537; brannsikring av tette trehusområde av kulturhistorisk verdi og mellomalderkyrkjer i stein; konservering av kunst og interiør i kyrkjer.

Oppfølging og kontroll

Detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjevne i dei enkelte tilskotsbrev. Kontrollen av tilskotsmottakar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar og rekneskap. Oppfølging på staden kan vere særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet blir utført i samsvar med antikvariske retningslinjer. Regionalforvaltninga rapporterer til Riksantikvaren.

Rapport 2020

Post 73 omfattar totalt fem ulike tilskotsordningar. Dette er brannsikring og sikring av stavkyrkjer, brannsikring steinkyrkjer frå mellomalderen, istandsetjing av profanhus frå mellomalderen, konservering av mellomalderruinar og brannsikring av tette trehusmiljø.

Brannsikring stavkyrkjene

Tabell 8.15 Oversikt over brannsikringstiltak i stavkyrkjer 2020

Tiltak	Talet på stavkyrkjer
Utviding/ombygging sløkkjeanlegg	2
Klargjering for videoanlegg	3
Nytt videoanlegg	5
Nytt sløkkjeanlegg inne og ute	1
Passiv sikring	1
Optimalisere utvendig innbrotsanlegg	1
Utvendig deteksjon	1

I 2020 vart det gjeve tilskot til 33 enkelttiltak. I sikringsarbeidet ligg mykje arbeid i å fremje og jobbe for gode organisatoriske tiltak. Dette kan vere lokalt ved stavkyrkjene og andre som har ansvar, irekna brannvesen, teknisk etat, politi med meir.

Av tekniske forbetringar er det først og fremst tilfredsstillande sløkkjeanlegg innvendig og utvendig som er i fokus. Det blir arbeidd med å optimalisere utvendig deteksjon og med klargjering og installering av nye videoanlegg.

Brannsikring av tett trehusbusetnad

Riksantikvaren gjev tilskot til kommunane til arbeidet med å brannsikre tette trehusmiljø. Tilskota har i hovudsak gått til tekniske sikringstiltak som alarm- og sløkkjeanlegg, til dømes loft- og fasadesprinklar og utvendige brannslangar. Det er også gjeve tilskot til å utarbeide brannsikringsplanar.

I 2020 vart det gjeve tilskot på til saman 9,65 mill. kroner til 30 trehusområde, fordelt over 20 kommunar i 9 fylke. I tillegg til brannsikringsplanar og deteksjon vart det også gjeve tilskot til sløkkjetiltak i område som ligg langt frå brannvesen.

Meir merksemd på brannsikringsplanar for tette trehusmiljø har gjeve ein auke frå ingen slike planar i år 2000 via 25 pst. dekning i 2014 til 60 pst. dekning i 2020. Brannsikringsplanane er eit nødvendig grunnlag for det vidare kontinuerlege brannsikringsarbeidet.

Ruinar

Målet med bevaringsprogrammet er å sikre eit utval av dei rundt 100 mellomalderruinane vi har i Noreg, og gjere dei tilgjengelege for publikum. 27 ruinar er konserverte. Dei ferdig konserverte ruinane er i stor grad mellomstore og mindre anlegg. Dei største anlegga, til dømes Selje, Steinvikholm, Tautra, Hovedøya og Lyse kloster, er framleis under arbeid. 25 pst. har eit ordinært vedlikehaldsnivå (TG 1), 22 pst. har moderat vedlikehaldsbehov (TG 2), 25 pst. har betydeleg vedlikehaldsbehov (TG3), og delen ruinar med ukjend tilstand (TG 9) er 28 pst.

Ved sida av dei ferdig konserverte ruinane er kompetansenettverket kanskje det mest verdifulle som har blitt oppnådd gjennom prosjektet.

Programperioden vart formelt avslutta 31. desember 2020, men arbeidet med sikring, tilrettelegging og formidling av mellomalderruinar held fram. Resultatet ser ein først og fremst i form av 27 ferdig konserverte ruinar (TG1) og ei markant heving av tilstanden på ikkje ferdig konserverte anlegg (TG2).

Post 74 Tilskot til fartøyvern, kan overførast

Det er foreslått ei løyving på 70,6 mill. kroner på posten for 2022. Av omsyn til det samla budsjett-opplegget har regjeringa redusert posten med om lag 6 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at verna og freda fartøy kan bli vedlikehaldne og sette i stand etter antikvariske retningslinjer og bli nytta som ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling. Tilskotsordninga skal medverke til å stimulere kompetansen til og innsatsen frå frivillige i verdiskaping lokalt og regionalt, og til å halde ved lag kunnskapen om eldre handverk og teknikkar i tilknytning til tre- og stålfartøy og fagmiljø med slik kunnskap.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til sikring, vedlikehald, istandsetjing og restaurering av freda og verna fartøy. Eigargar og forvaltarar av freda eller verna fartøy kan få tilskot. Det same gjeld organisasjonar, foreiningar og prosjekt som opererer innanfor formålet med tilskotsordninga.

Oppfølging og kontroll

Detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjeven i dei enkelte tilskotsbrev. Kontrollen av tilskotsmottakar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar og rekneskap. Oppfølging på staden kan vere særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet blir utført i samsvar med antikvariske retningslinjer. Regionalforvaltninga rapporterer til Riksantikvaren.

Rapport 2020

For 2020 kom det søknader frå 127 fartøy, 7 SAVOS-fylke, 3 SAVOS-kommunar, Norsk Forening for Fartøyvern og Norsk Industriarbeidermuseum på nærmare 273 mill. kroner. Riksantikvaren hadde rundt 63 mill. kroner til fordeling. Dette dekkjer omtrent 23 pst. av den samla søknadssummen. Det gjer at 2020, som tidlegare år, har vore prega av arbeid med sikring og vidareføring av prosjekt som allereie er i gang framfor å prioritere oppstart av nye prosjekt eller prosjekt med drift og stor frivillig innsats.

Nasjonal verneplan for flytande kulturminne

Riksantikvaren har utarbeidd revidert nasjonal verneplan for flytande kulturminne for perioden 2019–2024. Verneplanen er ei vidareføring av 2010–2017-planen:

Å finne gode og langsiktige løysingar som gjer det mogleg å ta vare på eit representativt utval fartøy for framtida.

Som følge av regionaliseringa av fartøyvernet er kompetanse om forvaltingsansvaret for verna og freda fartøy no etterspurd, og arbeidet med tilrettelegging, rettleiing og opplæring vil difor tilta dei nærmaste åra.

Post 75 Tilskot til fartøyvernssenter, kan overførast

Det er foreslått ei løyving på 15,6 mill. kroner på posten for 2022. Formålet blir også teke i vare av forslag til løyvingar på Kulturdepartementets budsjett.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å vareta og føre vidare kunnskap om handverk knytte til antikvarisk istandsetjing og vedlikehald av verna og freda fartøy. Målet er vidare å medverke til å skape solide fagmiljø gjennom å stimulere til samarbeid mellom dei nasjonale fartøyvernssentera og andre aktørar.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til dei nasjonale fartøyvernssentera og andre aktørar med relevant kompetanse. Tilskot kan gjevast til innsamling av kunnskap, forskning og dokumentasjon; rådgjeving og målretta kunnskapsdeling; nødhamn, mellombels sikring for fartøy som er freda eller verna; formidling av materiale og delar til antikvarisk istandsetjingsarbeid. I samsvar med Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* er ikkje tilskotsmidlane støtte til drift. Tilskotet blir gjeve til fellestenester omkring dokumentasjon, kompetansebygging og andre tenester som det ikkje er venta at ordinære verft utøver.

Oppfølging og kontroll

Detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjevne i dei enkelte tilskotsbrev. Oppfølging på staden og i kvartalsvise samarbeidsforum med dei tre fartøyvernssentera er viktig. Kontrollen av tilskotsbruken skjer i samsvar med økonomireglementet, gjennom møte, generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernssentera.

Rapport 2020

I 2020 er 15,9 mill. kroner fordelte til dei tre fartøyvernssentera Nordnorsk Fartøyvernssenter og Båtmuseum i Gratangen, Hardanger fartøyvernssenter i Nordheimsund og Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter.

Fellestenester i fartøyvernssentera er fagutviklingsaktivitetar som har som mål å samle inn, sikre og auke kunnskap om eldre handverk og teknikkar. Tilskota har finansiert arbeidstimar knytte til løysing av oppgåver under fellestenestene, under dette dokumentasjonsarbeid i samband med istandsetjing av fartøy som Riksantikvaren gjev tilskot til. Tilskota har vidare medverka til generell rådgjeving, opplæring og kompetansebygging ved sentera og overfor fartøyeigarar. Fartøyvernssentera har i tillegg motteke og utført oppdrag som til dømes produksjon og publisering av faktaark, synfaringar, og teknisk-historisk dokumentasjon av fartøy på vegner av Riksantikvaren.

Riksantikvaren har prioritert tett oppfølging av fartøyvernssentera i etterkant av evalueringa i 2017–2018. Forvaltningsarbeidet har vore retta mot å sikre god og målretta bruk av tilskot frå post 75. Resultatet av kompetansekartlegginga ved fartøyvernssentera i 2020 gav Riksantikvaren betre grunnlag for målretting og prioritering av tilskot. Kartlegginga gav også fartøyvernssentera eit betre grunnlag for utvikling av eiga rolle og kompetanse og samarbeid sentera imellom.

Post 77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overførast

Det er foreslått ei løyving på 8,4 mill. kroner på posten for 2022.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at kulturmiljø blir tekne i bruk som ein ressurs, og medverke til at kulturmiljøfeltet får ei tydelegare rolle i lokal og regional utvikling.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til prosjekt der offentlege og private aktørar inngår forpliktande samarbeid om formidling og tilrettelegging for berekraftig bevaring og bruk; kompetanseutvikling, nettverk og samarbeid; næring-, stads- og lokalsamfunnsutvikling.

Oppfølging og kontroll

Detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjevne i dei enkelte tilskotsbrev. Kontrollen av tilskotsmottakar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar og rekneskap.

Rapport 2020

I 2020 er det gjeve tilskot til 17 større og mindre prosjekt som tek i bruk kulturmiljø som ressurs i samfunnsutviklinga. Totalt har det i 2020 vore aktivitet i 21 prosjekt med tilskot frå post 77. I åtte av dei er fylkeskommunane prosjekteigarar, ni blir leidde av kommunar, medan museum mv. er ansvarlege for dei fire siste prosjekta.

Prosjekta medverkar til at kulturmiljø blir tekne i bruk som ressurs for reiseliv og næringsutvikling, bu- og livskvalitet, friluftsliv, folkehelse, utdanning og kultur.

Nokre av prosjekta er større regionale, fleirårige fellessatsingar med koordinering av verkemiddel frå alle tre forvaltningsnivåa. Fylkeskommunane i nord har gått saman om å revitalisere Fote- farminna, til saman over 100 kulturmiljø, for å auke tilgjengelegheita, betre formidlinga og ta dei i bruk i lokal samfunnsutvikling.

Andre døme er Møre og Romsdals satsing på utvikling av historiske ferdselsårer i prosjektet *Ein bit av historia* for å stimulere til folkehelse, næring og gode lokalsamfunn langs desse historiske ferdselsårene. Program for *kulturarvopplevingar i Buskerud* med mål om å utvikle kommersielle reiselivsprodukt skal evaluerast i 2021. Rogaland og Vestland fylkeskommunar vil utvikle reiselivstilbod gjennom prosjektet *Kraftturisme – Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet*. Trøndelag fylkeskommune vil gjere helleristninga *Bølareinen* meir tilgjengeleg og utvikle lokal næring som ein del av den regionale Bergkunsttreisa. Agder fylkeskommune og Kvinesdal kommune har partnerskap om gjenbruk og reiselivsutvikling i det gamle gruvesamfunnet *Knaben*. Innlandet fylkeskommune jobbar med kompetanseutvikling og mobilisering i lokalsamfunn med grunnlag i tre lokale prosjekt.

Stadutviklingsprosjekta i Levanger og Trondheim viser at kulturhistorie og kulturminne er ein faktor for attraktivitet, forretningstilbod og levande lokalsamfunn. Prosjektet *Træna 365* viser korleis kulturmiljøarbeid kan takast i bruk i omstillingsarbeid. *Fossil* på Svalbard er eit prosjekt for gjenbruk av det gamle kraftverket, men har òg utvikla seg til eit prosjekt for næring og stadutvikling. Målet er i tråd med reiselivsstrategien for Svalbard å gjere Longyearbyen meir attraktiv for turistane.

Tabell 8.16 Tilskot til verdiskaping i 2020

Tiltak/område	Tilskot (i 1 000 kr)
Regionale samarbeidsprosjekt	2 500
Andre prosjekt	2 820
Sum	5 320

Post 79 Tilskot til verdsarven, kan overføres

Det er foreslått ei løyving på om lag 59,4 mill. kroner på posten for 2022.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å oppfylle forpliktingar Noreg har etter Unescos verdsarvkonvensjon av 1972. Ordninga skal òg medverke til at verdsarvområda blir utvikla som fyrstårn for den beste praksisen innan natur- og kulturmiljøforvaltning når det gjeld tilstand, forvaltning og formell sikring.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gjevast til fylkeskommunar, kommunar, museum, organisasjonar, bedrifter og privatpersonar. Tilskot kan gjevast til prosjekt og tiltak som er knytte til områda i Noreg som er innskrivne på Unescos verdsarvliste, med tilhøyrande buffersoner. I særlege tilfelle kan det gjevast tilskot til prosjekt og tiltak i område som er oppførte på Noregs tentative liste.

Oppfølging og kontroll

Detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gjeven i dei enkelte tilskotsbrev. Kontrollen av tilskotsbruken skjer gjennom generell formalia-

og sannsynskontroll av innsende rapportar og rekneskap. Oppfølging på staden kan vere særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet blir utført i samsvar med retningslinjer og vilkår. Regionalforvaltninga rapporterer til Riksantikvaren.

Rapport 2020

I 2020 vart det frå post 79 samla brukt 70,237 mill. kroner på verdsarv. Av dette vart 65,1 mill. kroner brukte på dei 8 norske verdsarvstadene.

I tillegg er det i enkelte tilfelle gitt støtte til tiltak i verdsarvområda også frå andre postar.

Tabell 8.17 Tilskot til verdsarvområda i 2020 frå post 79

Verdsarvområda	Tilskot (i 1 000 kr)
Bryggen i Bergen	14 400
Røros bergstad og Circumferensen	13 200
Bergkunsten i Alta	4 200
Vegaøyen	4 000 ¹
Vestnorsk fjordlandskap	5 000 ¹
Urnes stavkyrkje	1 850
Struves meridianboge	1 565
Rjukan–Notodden industriarv	18 200
Foreninga Norges Verdensarv	1 122 ²
Sum	63 537

¹ I tillegg kjem tilskot frå Miljødirektoratet, kap. 1420 post 81, og tilskot gjennom verdsarvsatsinga over Landbrukets utviklingsfond (LUF).

² Norges Verdensarv har fått tilskot til Verdensarvforum og arbeidet med Basisutstillinga

Kap. 4429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Refusjonar og ymse inntekter	1 204	2 808	2 721
09	Internasjonale oppdrag	4 393	3 529	3 420
	Sum kap. 4429	5 597	6 337	6 141

Post 02 Refusjonar og ymse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m.m., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt og driftsvederlag frå Kongsvoll fjellstove. Meirinntekter under pos-

ten gjev grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarande utgiftene til internasjonale oppdrag. Meirinntekter under posten gjev grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	126 292	119 614	121 340
	Sum kap. 1432	126 292	119 614	121 340

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Norsk kulturminnefond er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Midlane skal nyttast til kulturminnetiltak og til drift av administrasjonen og styret.

Kulturminnefondet har i hovudsak ansvaret for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Det er foreslått ei løyving på om lag 121,3 mill. kroner på posten for 2022.

Mål

Medverke til å styrkje arbeidet med å bevare verneverdige kulturminne og kulturmiljø og til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Gjennom målretta og systematisk oppfølging legg Kulturminnefondet vekt på «vern gjennom bruk», da dette er den beste forvaltninga av kulturminna. Prosjekta medverkar til utvikling av lokalsamfunn og lokalt næringsliv. Satsing på kulturminne som ressurs medverkar til positiv utvikling av byar og stader.

Den siste brukarundersøkinga viser at 83 pst. av alle søkjarane er tilfredse med kontakten med kulturminnefondet og meiner den faglege oppfølginga av prosjekta som kulturminnefondet tilbyr, er svært viktig. Fire av fem prosjekt som har fått tilsegn om midlar, ville ikkje blitt realiserte utan støtta frå fondet. Ein kan etter dette grovt sett rekne med at 5 000 prosjekt over heile landet

neppe hadde blitt sette i stand utan støtta frå Kulturminnefondet.

Tilskot frå Kulturminnefondet løyser ut stor privat innsats i bevaringsarbeidet. I eit gjennomsnittleg prosjekt kjem 28 pst. av midlane frå staten gjennom Kulturminnefondet. 72 pst. av kjem frå eigaren sjølv i form av eigne midlar eller eigen innsats i prosjektet. Menon Economics har i evalueringa «Kulturminnefondets samfunnsnytte» funne at for kvar krone som blir løyvd frå Kulturminnefondet, blir det brukt 3,5 kroner på istandsetjing av kulturminnet. Dei dokumenterer samstundes at dei fleste kulturminna som blir sette i stand, ofte får ein ny bruk, og at det dermed blir etablert både verdiskaping og næringsverksemd som følgje av istandsetjing av kulturminne.

I 2021 har styret i Kulturminnefondet vedteke eit prøveprosjekt med støtte til rullande og rørlige kulturminne, dette sett i lys av Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*. Ordninga vil bli evaluert.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak retta mot verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av styret i Kulturminnefondet etter søknad. Kulturminnefondet skal vere eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota

blir i hovudsak tildelte istandsetjings- og sikringsprosjekt. Tilskot til prosjekt som fremjar verdiskaping, handverk, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet, er prioriterte. Dette gjeld òg prosjekt som gjev synergieffektar, og som løyser ut private midlar eller mykje eigeninnsats. Samarbeid med eigarane av kulturminne og kulturmiljø er den viktigaste strategien for arbeidet i Kulturminnefondet.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer overfor tilskotsmottakarane gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I mange tilfelle er det aktuelt med kontroll på

staden for å sikre at tiltaka er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Rapport 2020

Kulturminnefondet behandla 1236 søknader fortløpande gjennom året i 2020. Av desse var 31 søknader om tilskot til fag- og handverksseminar. Samla søknadssum frå private eigarar av verneverdige kulturminne var på 331 mill. kroner. Det er stabilt stor interesse for å søkje Kulturminnefondet om støtte til istandsetjing av verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda. Programkategorien omfattar verksemda til Norsk Polarinstitutt, Svalbards Miljøvernfond, Kings Bay AS, Bjørnøen AS og Fram – nordområdesenter for klima- og miljøforskning.

Løyvingane vil gå til forvaltninga av miljøet på Svalbard, miljøsam arbeidet under Arktisk råd, til miljøforvaltninga i Antarktis, til forskning og miljøovervaking og til drift av den polare forskingsinfrastrukturen vår i både nord og sør.

Regjeringa har som eit av dei overordna måla for svalbardpolitikken å ta vare på den særlege villmarksnaturen på Svalbard. Dei spesifikke miljømåla for Svalbard går fram av Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*. Der er det mellom anna slått fast at innanfor dei rammene traktats- og suverenitetsomsyn set, skal miljøomsyn vege tyngst ved konflikt mellom miljøvern og andre interesser.

Klimautfordringane får allereie konsekvensar, og vil få større konsekvensar, både for økosystema som blir meir sårbare for ferdsel, for kulturmiljø og for befolkninga på Svalbard. Hovudprioriteringane for miljøarbeidet på Svalbard i 2022 er å sjå til at ferdsel og anna aktivitet skjer innanfor rammene som sikrar at samla miljøbelastning ikkje blir for stor.

Forskning og høgare utdanning er eit av dei viktigaste satsingsområda for norsk aktivitet og nærver på Svalbard. Norsk Polarinstitutt har den norske vertskapsrolla i Ny-Ålesund og ansvaret for å implementere og følgje opp forskingsstrategien for Ny-Ålesund i dialog med Forskingsrådet og relevante departement og aktørar. Kings Bay AS skal sørge for ei mest mogleg effektiv drift, vedlikehald og utvikling av Kings Bay sin eigedom, bygningsmasse og infrastruktur, slik at Ny-Ålesund blir utnytta best mogleg som ei norsk plattform for internasjonal, naturvitskapleg forskingsamarbeid i verdsklasse.

Av Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis* går det fram at eit av dei overordna måla for norsk Antarktis-politikk er at

Noreg skal vere ein pådrivar for å verne om miljøet og tryggje dette området som eit referanseområde for forskning. Noreg skal gjennom aktiv deltaking i arbeidet under Antarktis-traktaten med tilhøyrande miljøprotokoll og forskingsinnsats medverke til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis både i havet og på land.

Aktivitetar i Antarktis skal vidare planleggjast og gjennomførast på ein sikker og sjølvforsynt måte, og Noreg har medverka til å setje den aukande flytrafikken i Antarktis på dagsordenen.

Noreg skal gjennom Norsk Polarinstituttts forskning medverke til den internasjonale kunnskapsutviklinga i og om Antarktis og om kor viktig Antarktis er for globale klimaspørsmål.

Noreg deltek òg aktivt i arbeidet med nye marine verneområde i Antarktis, og det er ei prioritert oppgåve å styrkje kunnskapen om økosystema i Weddelhavet / Kong Haakon VII hav utanfor Dronning Maud Land.

Den norske heilårlege forskingsstasjonen Troll i Dronning Maud Land er den sentrale plattformen for norsk forskning i Antarktis. Utgiftene til drifta aukar, mellom anna på grunn av internasjonale marknads- og valutaforhold. Ettersom stasjonen no er 15 år gammal, aukar også utgifter til drifta knytt til vedlikehald og utskifting av utstyr. Statsbygg, som er eigar av bygningane på stasjonen, har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet sett i gang ei konseptvalutgreiing for framtidig oppgradering, for at Trollstasjonen skal kunne vere ei effektiv, trygg og driftssikker plattform for heilårleg norsk nærver i Antarktis også dei kommande åra.

Miljø og klima er sentrale samarbeidstema i Arktisk råd. Noreg er ein pådrivar for dette samarbeidet og deltek aktivt i prosjektsamarbeidet i alle arbeidsgruppene i rådet. Innanfor Arktisk råd er spesielt prioriterte tema for Noreg klimændringar, tiltak mot utslepp av kortliva klimafureiningar, bevaring av arktisk biodiversitet, heilskapleg havforvaltning, marin forsøpling, tiltak mot forureining og miljøovervaking i Arktis.

Miljøvernssamarbeidet med Russland vil bli ført vidare innanfor Den norske-russiske miljøvernkommissjonen og Barentssamarbeidet. Bilateralt er samarbeidet om forvaltning av miljøet i Barentshavet og grenseområda prioritert. Innan-

for havmiljøsamarbeidet er samarbeid om økosystembasert forvaltning av Barentshavet og samarbeid med Russland om kartlegging og reduksjon av marin forsøpling dei viktigaste sakene. Miljøovervaking i grenseområda vil halde fram, mellom anna for å avdekkje kva verknad nedlegginga av nikkelproduksjonen på russisk side vil ha for miljøet. Innan Barentssamarbeidet er bevaring av naturmangfaldet, forvaltning av grensevassdrag og samarbeid om klimaspørsmål sentrale oppgå-

ver, i tillegg til løysinga av dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen.

I 2020 vart det fastsett ny organisatorisk struktur og leing for Framsenteret i Tromsø, for å leggje til rette for effektiv styring og dynamisk vidareutvikling av det faglege samarbeidet der. I 2022 blir oppfølginga av strategiske tema knytte til forskingssamarbeidet, dei fem forskingsområda og formidlinga ei viktig oppgåve.

Resultatområde

Tabell 8.18 Resultatområde under programkategori 12.60

Resultatområdet	Resultatområdet
Polarområda	<ul style="list-style-type: none"> – Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet. – Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning. – Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal reduserast.

Politikk og verkemiddel for å nå dei nasjonale måla for polarområda

Svalbard

Miljøarbeidet på Svalbard skal leggje vekt på å beskytte villmarksområda på Svalbard med naturverdiar, biologisk mangfald og kulturminne i ein situasjon med raske endringar i klimaet, der både natur og kulturminne er meir sårbare for belastninga av ferdsel. Forvaltninga vil sjå til at ferdsel og anna lokal verksemd skjer innanfor rammer som sikrar at den samla miljøbelastninga ikkje blir for stor framover, og skjer i tråd med dei miljømåla som er sette i Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*. Mellom anna vil ei framleis utvikling av miljøregelverket og utarbeiding av forvaltningsplanar vere viktige oppgåver. Miljøstyresmaktene skal òg sikre at forvaltningsverktøy er tilpassa den nye kunnskapen vi har fått, effektar av klimaendringane og ei forvaltning av artane i eit økosystembasert forvaltningsperspektiv i tråd med miljømåla på Svalbard. Det visast blant anna til at det basert på tilstandsvurderingar presenterte i rapporten *Norwegian Arctic tundra: a panel-based assessment of ecosystem condition* og på rapporten *Panel-based assessment of ecosystem condition (PAEC) as a knowledge platform for ecosystem-based management of Norwegian Arctic tundra* blir tilrådd å utvikle overordna forvaltningsstrategiar som vurderer kva høve forvaltninga har til å påverke utviklinga til desse sårbare økosystema.

Oppryddingsarbeidet etter avviklinga av gruveaktivitetane i Svea er i siste fase, og miljøstyresmaktene vil følgje opp føresegner om opprydding i svalbardmiljølova og vilkår for opprydding frå miljøstyresmaktene.

Det er ei prioritert oppgåve for miljøstyresmaktene å redusere lokale kjelder til forureining og avfall på Svalbard. Sysselmeisteren vil rettleie og følgje opp krava i forskrift om forureining og avfall som tredde i kraft 1. januar 2021. Miljøforvaltninga jobbar med å auke kunnskap om moglegheit og utfordringar knytt til sirkulær økonomi på Svalbard og vil halde fram med dette i 2022.

Sysselmeisteren har i 2021 begynt å jobbe med ein strategi for å redusere marin forsøpling på Svalbard. Arbeidet knytt til marin forsøpling vil halde fram i 2022.

Naturverdiar og kulturminne som ligg nær lokalsamfunna, er særleg viktige for reiselivet og lokalbefolkninga. For å bevare dei verdiane som skaper opplevinga, må dei vernast om. Skjøre kulturminne må sikrast. Nokre kulturminne er solide tekniske konstruksjonar etter gruveverksemd, medan andre er skjøre og lause gjenstandar og leivningar som er utsette for ulovleg tråkk og plukk. Miljøstyresmaktene er i nær dialog med lokale aktørar om dette. Prioriterte kulturminne skal sikrast med utgangspunkt i kulturminneplanen for Svalbard for 2013–2023. Miljøstyresmaktene arbeider med å revidere kulturminneplanen for Svalbard, og det vart i 2021 utarbeidd indikatorar for

rapportering, slik at ein kan rapportere på det nasjonale miljømålet for kulturminne på Svalbard.

Klimaendringane fører til auka fare for flaum og skred. Ei viktig oppgåve for miljøforvaltninga framover blir difor å sjå til at areal- og samfunnsplanlegging tek omsyn til klimaendringane og til natur- og kulturminne innanfor planområdet.

Antarktis

Noreg vil delta aktivt i arbeidet med oppfølging av Antarktistraktat-systemets klimahandlingsplan.

Det er aukande flytrafikk i Antarktis, og arbeidet med å vurdere nye reguleringar av flytrafikken av omsyn til miljø og tryggleik vil halde fram.

Områdebaserte tiltak, som marine verneområde, er eit viktig element for å ta vare på og sikre berekraftig bruk av marine ressursar og økosystem. Noreg deltek òg aktivt i arbeidet med nye marine verneområde i Antarktis. For å styrkje kunnskapen om økosystema i Weddelhavet / Kong Haakon VII hav utanfor Dronning Maud Land vart data innhenta under det omfattande toktet til Antarktis sørsommaren 2019 med det nye forskingsfartøyet «FF Kronprins Haakon». Norsk Polarinstittutt vil i 2022 arbeide vidare med kunnskapen basert på data frå toktet.

På grunn av covid-19 vart det konsultative møtet under Antarktistraktaten avlyst i 2020. Arbeidet under traktaten har likevel halde fram, og eit nettbasert møte vart gjennomført i juni 2021. Samarbeidet om vern og andre tiltak for å avgrense menneskeleg påverknad, drøftingar av konsekvensane av global oppvarming, auka forskning og overvaking av miljøet og sjøkartlegging, i tillegg til arbeidet med kunnskap om effektane av turismen og vidare utvikling av retningslinjer for besøkjande, vil halde fram i 2022.

Spesialrapporten om hav og is frå FN's klimapanel (*Special Report on the Ocean and Cryosphere in a Changing Climate*) frå september 2019 peiker på at vi treng meir kunnskap om Antarktis og kva endringane der vil ha å seie for det globale klimaet og havnivået i framtida. Det er mellom anna viktige kunnskapsutfordringar knytte til havsirkulasjon, havforsuring og marine og kryosfæriske økosystem.

Norsk Polarinstittutt har ei nøkkelrolle i norsk antarktisadministrasjon, og det har òg som viktig oppgåve å skaffe fram forskingsbasert kunnskap som medverkar til at Noreg på best mogleg måte oppfyller forpliktingane sine som traktatpart. Noreg skal òg gjennom Norsk Polarinstittutts forskning medverke til den internasjonale kunnskapsutviklinga i og om Antarktis. Det er ei prioritert

forskningsoppgåve å få meir kunnskap om samspelet mellom isbremmane, innlandsisen og havet i Antarktis og kva dette inneber for framtidig havnivåstigning og andre globale klima- og miljøspørsmål. Mellom anna på grunn av klimaendringane og arbeidet med marine verneområde i Antarktis er denne oppgåva svært viktig.

Arktisk råd

Regionalt samarbeid er avgjerande for å handtere utfordringane i Arktis. Noreg vil framleis arbeide for at Arktisk råd skal vere den sentrale møteplassen for det regionale klima- og miljøsamrådet. Noreg vil halde fram med å spele ei aktiv rolle i Arktisk råd og i arbeidsgruppene i rådet, der samarbeid om klima og miljø står sentralt. Arktisk råd har ei viktig rolle i å setje saman og vurdere vitenskapleg kunnskap om klimaendringane og miljøet i Arktis. Dette er viktig som grunnlag for samarbeid om forvaltning av miljøet i Arktis og for internasjonale avtaler som gjeld forureining og klima. Rådet har konkrete samarbeidsprosjekt som gjeld bevaring av naturmangfaldet og det marine miljøet i Arktis, og tiltak for å redusere kjelder til forureining. Tiltak for å redusere klimaendringane er det viktigaste vi kan gjere for å ta vare på det arktiske miljøet, og tiltak for å redusere utslepp av svart karbon (sot) vil ha særskilt stor betydning i Arktis. Arktisk råd har vedteke eit kollektivt reduksjonsmål for svart karbon, og landa skal rapportere resultat annakvart år (sjå omtale i programkategori 12.70). Rådet arbeider òg med å styrkje samarbeidet mellom dei arktiske landa om å ta vare på dei arktiske havområda og har utvikla ein regional handlingsplan mot marin forsøpling i Arktis. Noreg er ein pådrivar i rådet sitt arbeid for å redusere utslepp av svart karbon, styrkje havsamarbeidet og dokumentere effektane av klimaendringar på økosystema i Arktis. Vurderingar av klimaendringar og forureining i Arktis, bevaring av biologisk mangfald og heilskapleg forvaltning av det marine miljøet vil framleis stå sentralt for Noregs arbeid i Arktisk råd i 2022. Noreg vil medverke aktivt i Arktisk råds arbeid med prosjekt og oppfølgingsplanar på desse områda og leggje til rette for at kunnskap og tilrådingar som blir skaffa fram, blir tekne i bruk og implementerte i forvaltninga.

Miljøvernssamarbeidet med Russland

Samarbeidet innanfor Den norsk-russiske miljøvernkommissjonen og miljøvernssamarbeidet i Barentsregionen blir ført vidare.

I Den norsk-russiske miljøvernkommisjonen er samarbeid om eit fagleg grunnlag for forvaltningsplanar for Barentshavet høgt prioritert. Eit samordna norsk-russisk program med overvaking av miljøet i Barentshavet og presentasjon av felles resultat i miljødataportalen Barentsportal er viktige element i samarbeidet. Samarbeid med Russland om kartlegging og reduksjon av marin forsøpling i Barentshavet er òg ei høgt prioritert oppgåve.

Smelteverket i Nikel nær grensa til Noreg vart lagt ned i desember 2020. Det betyr at ei stor kjelde til lokal luftforureining i grenseområda er vekk. Miljøovervaking i grenseområda saman med russiske partnarar vil halde fram for å dokumentere effekten av reduserte utslepp og for å gje god miljøinformasjon til lokalbefolkninga. Andre viktige samarbeidsområde er tiltak for betre miljøtilstand i Pasvikvassdraget og Grense Jakobselv og samarbeid om forvaltning av verneområda ved grensa.

I miljøarbeidsgruppa under Barentsrådet står samarbeid om grensekryssande vassressursar og naturmangfaldet i regionen, reduksjon av forureining og klimaspørsmål sentralt. Ei høgt prioritert oppgåve er å medverke til å løyse dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen, såkalla *hot spots*.

Forskning og miljøovervaking i nord- og polarområda

Situasjonen i polarområda gjev nye kunnskapsutfordringar knytte til miljø og klima. Å utvikle kunnskap og forståing av korleis miljø i Arktis og Antarktis blir påverka av klimaendringar, havforsuring, forureining og auka aktivitet, er difor ein sær viktig del av både det nasjonale arbeidet og det internasjonale samarbeidet i nord- og polarområda. Grunnlaget for Noregs bidrag til dette

samarbeidet er den nasjonale satsinga på kunnskap om klima og miljø.

Sentrale verkemiddel med omsyn til polar kunnskapsproduksjon er Norsk Polarinstittutt, Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning og infrastrukturen vår for polarforskning, inkludert det isgåande forskingsfartøyet F/F «Kronprins Haakon» og forskingsstasjonane Ny-Ålesund og Troll.

Det blir arbeidd med å betre parametarar for miljøovervaking av kulturminna.

Svalbard er ei sær viktig plattform for internasjonalt samarbeid om naturvitskapleg forskning i Arktis. Polarinstittuttet har ansvaret for å implementere og følgje opp forskingsstrategien for Ny-Ålesund i dialog med Forskringsrådet og relevante departement og aktørar.

Ein internasjonal evalueringskomité kom i 2019 med ei rapport som viser at Framsenteret har vore ei svært vellykka satsing i nord som har nådd måla med høg produksjon av tverrfagleg forvaltningsrelevant forskning på klima og miljø i nordområda. Den faglege satsinga i Framsenteret vil bli ført vidare, og arbeidet med strategisk vidareutvikling av forskningssamarbeidet ved senteret blir styrkt gjennom den nye styringsmodellen som vart innført i 2020.

Nærmare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2021 er på 447,0 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på om lag 4,9 mill. kroner, eller 1,1 pst., samanlikna med saldert budsjett for 2021. Dette kjem av både inntekter og utgifter til Svalbards Miljøvernfond er redusert på grunn av innreise-restriksjonar på Svalbard som følgje av pandemien som vi også trur vil gjelde for delar av 2022.

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1471	Norsk Polarinstittutt	381 606	341 911	345 488	1,0
1472	Svalbards miljøvernfond	5 191	20 658	10 329	-50,0
1473	Kings Bay AS	70 093	36 010	36 946	2,6
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	51 768	53 321	54 268	1,8
Sum kategori 12.60		508 658	451 900	447 031	-1,1

Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	261 339	241 105	242 578
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	119 745	100 271	102 364
50	Stipend	522	535	546
	Sum kap. 1471	381 606	341 911	345 488

Rolle og oppgaver for Norsk Polarinstitutt:

Norsk Polarinstitutt er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis*, Meld. St. 33 (2014–2015) *Norske interesser og politikk for Bouvetøya*, fagleg og strategisk rådgjevar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgjevar for Miljødirektoratet og Sysselmeisteren i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse på område der miljøforvaltninga har eit direkte forvaltningsansvar i nord- og polarområda eller har ei heilt sentral pådrivarrolle både nasjonalt og i internasjonale prosessar. Det omfattar klimaprosessar og klimaendringar og effektane av desse på naturen og viltforvaltning, område- og habitatvern og miljøgift-/foreiningsproblematikk.
- forvalte og formidle forskings- og miljødata frå polarområda
- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norske biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle, revidere og leie overvåkingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard gjennom å samarbeide om forskingsprosjekt og gje tilgang til instituttets infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport, mot dekning av kostnadene instituttet får
- følgje opp og gjennomføre norsk miljølovgeving i Antarktis
- medverke til å ta hand om kunnskapsbehovet forvaltninga har

- fremje miljøforskning og forvaltningsrådgjeving innan det bilaterale norsk-russiske miljøsamarbeidet
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- delta i Fagleg forum for økosystembasert forvaltning av norske havområde
- representere Noreg i internasjonale samarbeidsforum og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Framsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane og universitet
- formidle utovervend informasjon om polarområda i alle relevante kanalar
- vere vertskap og ha ansvaret for å setje i verk forskingsstrategien for Ny-Ålesund

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda. Foreslått løyving er på om lag 239,9 mill. kroner på posten for 2022, som er ei auke på 1,5 mill. kroner samanlikna med 2021. Løyvinga under posten er redusert med 2,7 mill. kroner grunna ny premiemodell for betaling av pensjonspremie, 0,9. mill. kroner grunna gevinstuttak knytt til forventta lågare reiseutgifter, sjå nærmare omtale under del I kap 3, samt 1,2 mill. kroner grunna avbyråkratiserings- og effektivitetsreforma. Vidare er posten auka som følge av lønnsoppgjering i staten i 2021 og prisjustering.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstitutt har til lønn og godtgjersler for fast og mellomtids tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmålestasjon i Ny-Ålesund og fartøy og utgifter knytte til den samla forskings- og ekspedisjonsverksemda til instituttet.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd. Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarande meirinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2020

Polarinstituttet har i 2020 brukt om lag 37 pst. av løyvinga si til lønns- og driftsutgifter knytte til administrasjon, kommunikasjon, drift av bygningar på Svalbard og i Tromsø, drift av forskingsfartøyet F/F «Kronprins Haakon» og andre felleskostnader. Dei resterande 63 pst. er lønn og andre utgifter knytte til forskingsavdelinga og programområda Polhavet, Ny-Ålesund, Antarktis og Svalbard og miljø- og kartavdelinga.

Av forbruket på denne posten korresponderer om lag 87 mill. kroner med inntekter på kap. 4471. Dette er nesten alt saman knytt til ekstern finansiering av forskingsaktivitet frå mellom anna Forskingsrådet og EU.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultatområdet Polarområda. Foreslått løyving er på om lag 102,4 mill. kroner på posten for 2022, ei auke på 2,0 mill. kroner samanlikna med 2021.

Posten dekkjer utgifter til vitskapleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbeidet og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud land Air Network). Noregs forskning i Antarktis medverkar til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområdet i verda.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat. Dei tilsvarande inntektene er førte under kap. 4471 post 21. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarande meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2020

Av midlane på denne posten vart om lag 95 pst. brukte til lønn til dei som arbeider på Troll-stasjo-

nen og drift av bygningar i Antarktis, fartøyleige, helikopterleige og andre logistikkutgifter. Den resterande delen av løyvinga, cirka 5 pst., går til forskning. Av forbruket på denne posten korresponderer om lag 23 mill. kroner med inntekter på kap. 4471.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda Forureining, Klima og Polarområda. Foreslått løyving er på om lag 0,5 mill. kroner på posten for 2022.

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innanfor den norske polarforskninga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforskning på Svalbard. Støtte blir primært gjeven til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstrautgifter ved opphald i felt.

Kriterium for måloppnåing

Talet på hovudfagsoppgåver og doktorgradar med polarforskning som emne.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Kravet er rekneskapoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

Rapport 2020

Av 103 søknader vart 58 finansierte med totalt 3,7 mill. kroner. Av dette var 0,5 mill. kroner midlar frå Norsk Polarinstitutt.

Dei viktigaste norske institusjonane som fekk støtte, var Universitetssenteret på Svalbard (16), Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (13), UiT Noregs arktiske universitet (7), Universitetet i Oslo (6) og Norsk Polarinstitutt (6).

Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Sals- og utleigeinntekter	5 672	6 674	6 814
03	Inntekter frå ymse tenesteyting	82 934	65 438	66 804
21	Inntekter, Antarktis	23 024	14 619	14 924
Sum kap. 4471		111 630	86 731	88 542

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilette og publikasjonar, medan utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, mellom anna utleige av forskingsfartøy, og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarande eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne

posten gjev grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av utgifter Norsk Polarinstitutt har for andre land og verksemder knytte til Antarktis-samarbeidet. I hovudsak gjeld dette refusjon av driftsutgiftene ved TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gjev grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1472 Svalbards miljøvernfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Overføringar til Svalbards miljøvernfond	5 191	20 658	10 329
Sum kap. 1472		5 191	20 658	10 329

Svalbards miljøvernfond gjev tilskot til tiltak for å verne om naturmiljø og kulturminne på Svalbard, i samsvar med svalbardmiljølova, forskrift om tilskot frå Svalbards miljøvernfond, vedtekta til fondet og det årlege tildelingsbrevet. Fondet får i hovudsak inntekter frå ei miljøavgift på 150 kroner for reisande til Svalbard, jf. forskrift om miljøavgift for tilreisande til Svalbard. Sysselmeisteren er sekretariat for fondet. Vedtak om tildelingar blir gjorde av eit styre som er oppnemnt av Klima- og miljødepartementet. Både fondskapitalen og avkastninga blir nytta til skjøtsel, vedlikehald og gransking av kulturminne, informasjons- og opp-

læringstiltak og prosjekt med formål om å undersøkje eller gjenreise miljøtilstanden.

Fondet skal ikkje brukast til å dekkje forvaltninga sine ordinære administrative utgifter, oppgaver eller drift.

På grunn av situasjonen rundt virusutbrotet vil inntekta også i 2022 bli lågare enn i 2019, som følgje av færre tilreisande til Svalbard, men vil truleg bli noko høgare i 2022 enn prognosen for 2021. Regjeringa foreslår for 2022 ei løyving på kap. 1472, post 50 Svalbards miljøvernfond på 10,3 mill. kroner.

Rapport for 2020

I 2020 vart det gjeve 18 tilsegner til ulike prosjekt på til saman 2,467 mill. kroner. Informasjon om desse prosjekta finst på heimesida til fondet: <https://www.miljoevernfondet.no/>. Sidan fondet vart operativt i 2007 og til og med 2020, er det gjeve støtte til over 710 prosjekt med ein samla sum på 172 mill. kroner.

Post 50 Overføringar til fondet

Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond. Posten er redusert med om lag 10,3 mill. kroner fordi talet på besøkjande til Svalbard er minka sidan koronapandemien byrja.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond	6 197	20 670	10 341
	Sum kap. 5578	6 197	20 670	10 341

Post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond

Denne posten blir nytta til avgifter som, i samsvar med svalbardmiljølova, skal overførast til Svalbards miljøvernfond. Miljøavgift for reisande til Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men under denne posten blir det òg budsjettert med

sal av jakt- og fiskekort med meir. Løyvinga på denne posten er òg redusert med om lag 10,3 mill. kroner, sjå også kap. 4472 post 50.

Meirinntekter under kap. 5578 post 70 gjev grunnlag for tilsvarende meirutgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1473 Kings Bay AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Tilskot	70 093	36 010	36 946
	Sum kap. 1473	70 093	36 010	36 946

Midlane under denne posten er retta mot resultatområdet Polarområda. Tilskotet skal gå til investeringar og drift i Kings Bay AS og nødvendige utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS. Posten er auka som følge av prisjustering. Foreslått løyving på posten er på om lag 36,9 mill. kroner for 2022.

Kings Bay AS eig grunnen og dei fleste bygningane i Ny-Ålesund og har ansvar for drift og utvikling av infrastruktur på staden. Selskapet er 100 pst. eigd av staten, og Klima- og miljødepartementet utøver statens eigarinteresser. Målet med den statlege eigarskapen er å syte for mest mogleg effektiv drift, vedlikehald og utvikling av Kings Bay AS' eigedom, bygningsmasse og infrastrukt-

tur, slik at Ny-Ålesund blir utnytta best mogleg i samsvar med forskingsstrategien for Ny-Ålesund. Driftskonseptet til selskapet er å leige ut fasilitetar til forskarar og tilby kost og losji i tillegg til ei rekke andre tenester under opphaldet. Rundt 20 institusjonar har kvart år forskingsprosjekt i Ny-Ålesund. Selskapet er avhengig av tilskot over statsbudsjettet for å utføre dei samfunnsoppgåvene som det er pålagt. Tilskotet skal dekkje investeringar, eventuelt driftsunderskot i Kings Bay AS og nødvendige utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS.

I mai 2018 la regjeringa fram ein strategi for forskning og høgare utdanning på Svalbard. Strate-

gien legg vekt på at forskinga i Ny-Ålesund konsekvent utnyttar det særeigne ved staden som eit reint, naturvitskapleg laboratorium. Vidare fastset strategien at utvikling og forvaltning av bygningsmasse, infrastruktur og tenestetilbod i Ny-Ålesund skal byggje opp under prioriterte, heilskaplege satsingar. Noregs forskingsråd la i mai 2019 fram ein eigen forskingsstrategi for Ny-Ålesund.

I 2022 er vidareutvikling og tilrettelegging av selskapets bygningsmasse og infrastruktur i samsvar med forskingsstrategien for Ny-Ålesund ei viktig oppgåve for selskapet. Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med Norsk Polarinstittutt, som har oppgåva med å gjennomføre forskingsstrategien for Ny-Ålesund.

Rapport 2020

Covid-19-pandemien førte til reduksjon av forskardøgn frå 15 115 i 2019 til 8 127 i 2020. Refundamentering av Service- og administrasjonsbygget på grunn av nedsigingssskadar har gått som planlagt, arbeidet er ferdig, og bygget vart offisielt opna av Klima- og miljøministeren i juni.

Bygget er viktig for å fremje felles bruk av bygningar og infrastruktur blant forskarar. Selskapet har i arbeidet med klimavennleg energileveranse sett i verk tiltak som har redusert dieselforbruket betydeleg. Selskapet har, saman med Norsk Polarinstittutt, hatt dialog med fleire universitet for å fremje bruken av Ny-Ålesund forskingsstasjon.

På grunn av koronapandemien svikta inntektene frå besøkande forskarar i Kings Bay AS i 2020 og 2021, slik at selskapet ikkje kunne dekkje dei løpande kostnadene utan å få tilført ekstra midlar til drift. Både i revidert nasjonalbudsjett for 2020, ny saldering for 2020 og i ekstraordinær koronaproposisjon i 2021 fekk selskapet tilført ekstra midlar, men det er likevel eit etterslep i planlagde investeringar og vedlikehald.

I 2020 har Kings Bay samarbeidd med Norsk Polarinstittutt om ein ny kommunikasjons- og merkevarestrategi for Ny-Ålesund. Formålet er mellom anna å synleggjere plassen, aktivitetane og høvet til å drive forskning og miljøovervaking i Ny-Ålesund. Selskapet har òg eit målretta arbeid for å sikre at aktivitetane i Ny-Ålesund er i tråd med miljøregelverket og tek omsyn til sårbar natur og kulturminne på staden.

Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>			247
50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	26 627	24 509	25 020
70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	25 141	28 812	29 001
	Sum kap. 1474	51 768	53 321	54 268

Midlane under dette kapittelet skal gå til å styrkje og skaffe framifrå ny kunnskap om klima og miljø og om miljøkonsekvensar av ny næringsverksemd i nord. Kunnskapen skal setje oss i stand til å forvalte hav- og landområda våre i nord og dei ressursane som finst der, på ein enda betre måte, og sikre at ny næringsverksemd på dette området skjer innanfor miljøforsvarlege rammer. Betre kunnskap om klima og miljø har avgjerande verdi for ressursforvaltning, klimatilpassing, samfunnsplanlegging og beredskap i nord.

Det vart etablert ein ny organisering for Framsenteret i 2020 med ei styringsgruppe

som det leiande organ. Styringsgruppa fastsette ein ny strategi for forskingssamarbeidet i Framsenteret i 2021, og den faglege aktiviteten vil frå 2022 gå føre seg innanfor fem forskingsområde.

Dei fem forskingsområda er:

- Miljøendringar i Polhavet
- Samla belastning og multi-stress i nordområdas økosystem
- Areal under press og berekraftig utvikling
- Klimaendringa og andre påverknader på koplinga mellom økosystem på land og vann
- Nye verktøy for forskinga i nord

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under postane 50 og 70

Foreslått løyving på posten er 0,2 mill. kroner og dekkjer lønns- og reiseutgifter til leiar av styringsgruppa for Framsenteret.

Post 50 Tilskot til statlege mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 70

Foreslått løyving på posten inklusiv prisjustering er på om lag 25 mill. kroner.

Mål

Midlane skal gå til dei statlege partnarane i Framsenteret, med mål om å gjennomføre forvaltningsrelevant klima- og miljøforskning av høg kvalitet i nasjonale og internasjonale nettverk og til å delta i og utvikle vidare både nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskingssamarbeid. Midlane skal òg gå til aktiv formidling av forskingsresultat frå klima- og miljøforskning i nord til næringsliv, skuleverk, forvaltningsnivå og eit breitt publikum.

Kriterium for måloppnåing

- skaffe fram og publisere ny kunnskap av framifrå kvalitet
- medverke til etablering av forskarutdanning og mastergradutdanning gjennom samarbeid med relevante institusjonar innan høgare utdanning innanfor klima og miljø
- etablere fagleg forskingssamarbeid mellom relevante nasjonale institusjonar, fyller «kunnskapshøl» og gje nasjonal meirverdi
- etablere gode forskingsretta nettverk nasjonalt og internasjonalt og samarbeide med dei andre FoU-miljøa i landsdelen
- fleirfaglege og tverrfaglege samarbeidsprosjekt mellom institusjonane og forskarar med naturvitskapleg, teknologisk og samfunnsvitenskapleg kompetanse
- formidle forskingsresultat til brukarane, til dømes forvaltninga, næringslivet, skuleverket,

andre relevante brukarar og eit breitt publikum

Tildelingskriterium

Prosjekta må liggje innanfor dei vedtekne faglege satsingsområda, må vere tverrfaglege, forvaltningsrelevante for nordområda og vere eit samarbeid mellom medlemmene i senteret.

Oppfølging og kontroll

Leiarane for kvar av dei faglege satsingsområda er pålagde saman med dei andre deltakarane i forskingsområdet å rapportere årleg om forskingsaktivitet som er sett i gang, og oppnådde resultat innan 30. november.

Post 70 Tilskot til private mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 50

Midlane skal gå til dei ikkje-statlege partnarane i Framsenteret, til dei same formåla som for post 50, og kriterium for måloppnåing, rapportering og tildeling, oppfølging og kontroll er dei same. Foreslått løyving er på om lag 29 mill. kroner på posten for 2022. Sjå elles omtalen under post 50 ovanfor. Posten dekkjer òg driftstilskot til Framsenteret AS.

Rapport 2020

Framsenteret har vore involvert i stor nasjonal og internasjonal forskingsaktivitet i 2020. Det vart løyvd midlar til 68 forskingsprosjekt .

Forskringsresultat vart publisert gjennom 84 publikasjonar og artiklar i internasjonale tidskrift. I tillegg vart forskingsresultat publiserte i Framsenterets eigen rapportserie og formidla på Framsenterets nettside og gjennom ei rekkje kanalar, inkludert sosiale medium. Årets utgåve av Fram Forum vart produsert og gjeve ut på engelsk i elektronisk utgåve med global distribusjon. Hausten 2020 gjennomførte Framsenteret ein serie webinarer med gode sjåartal.

Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.70 gjeld resultatområdet Klima. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet med kjøp og sal av kvotar og arbeidet departementet gjer med Klima- og skoginitiativet.

Klimautfordringa kan berre løysast gjennom eit globalt samarbeid. Noreg skal vere ein pådriver i det internasjonale klimaarbeidet. Klima- og skoginitiativet er Noregs største internasjonale klimasatsing og saman med kjøp av klimakvotar det viktigaste bidraget vårt til å redusere utslepp i utviklingsland. Andre hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet – Parisavtalen, klimafinansiering, utviklinga av internasjonale karbonmarknader og utfasing av subsidiar til fossile brensel, utslepp frå internasjonal transport og kortliva klimaforureiningar – er også omtalte i dette kapitlet. Covid-19-pandemien har prega alle land i 2020 og vil òg gjere det i 2021. Det vil påverke det internasjonale samarbeidet særskilt. Den økonomiske nedgangen som følgjer av pandemien, saman med helseutfordringane han gjev, set utviklingslanda under eit særleg stort press.

Budsjettmidlar knytte til Parisavtalen og kortliva klimaforureiningar er omtalte under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m. Mykje av det internasjonale klimaarbeidet som er omtalt i dette kapitlet, er finansiert over Utanriksdepartementets budsjett.

Parisavtalen

Parisavtalen var eit vendepunkt for internasjonalt samarbeid på klimaområdet og representerer saman med klimakonvensjonen eit solid rammeverk for global klimainnsats. 191 partar har ratifisert avtalen. USA er tilbake i Parisavtalen etter at dei melde seg ut av Parisavtalen, det har i 2021 gjeve ein positiv stimulans til arbeidet under Parisavtalen.

Det overordna formålet med Parisavtalen er å styrkje den globale innsatsen mot klimaendringane. Målet er å halde den globale temperaturauken til godt under 2 gradar samanlikna med førindustrielt nivå og å søkje å halde oppvarminga

til 1,5 gradar. Dessutan skal evna til å handtere skadeverknadene av klimaendringane styrkjast i landa. Det er òg eit formål at finansstraumar skal bli meir i samsvar med ei klimarobust lågutsleppsutvikling. Med Parisavtalen tek alle statar på seg å utarbeide, melde inn, halde ved lag og rapportere på suksessive nasjonalt fastsette bidrag (*Nationally Determined Contributions*) og å setje i verk nasjonale tiltak med sikte på å nå dei.

I 2020 skulle landa melde inn nye eller oppdaterte nasjonalt fastsette bidrag under Parisavtalen. Da COP 26 vart utsett, har arbeidet med forsterka mål halde fram inn i 2021, Noreg melde inn eit slikt forsterka mål den 7. februar 2020. Noreg var det tredje landet i verda som melde inn eit forsterka mål til FN. Målet er å redusere utsleppa med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. innan 2030, samanlikna med 1990-nivået. Noreg har allereie forplikta seg til å samarbeide med EU om å redusere utsleppa med minst 40 pst. innan 2030. Vi ønskjer òg å oppfylle forsterkinga saman med EU. EU melde inn eit mål om å redusere netto utslepp med 55 pst. innan 2030 i desember 2020. USA har meldt inn eit nytt mål om å redusere utsleppa med 50–52 pst. innan 2030 samanlikna med utsleppa i 2005, og innan 2050 er målet at USA har netto null utslepp. Storbritannia, Japan og Canada har òg meldt inn ambisiøse forsterka klimamål under Parisavtalen. Mange andre land har òg forsterka måla sine. Forsterka utsleppsmål frå mange av dei store utviklingslanda har ikkje kome. Kina har sett eit mål om karbonnøytralitet i 2060, og det er eit positivt signal, men dei har ikkje forsterka målet sitt under Parisavtalen.

Dei nasjonalt fastsette bidraga som no ligg til grunn for Parisavtalen, er likevel langt unna den utviklingsbanen som er i tråd med temperaturmålet i avtalen. Det er difor stort behov for å auke ambisjonane. Ifølgje Parisavtalen vil dei suksessive nasjonalt fastsette bidraga frå landa utgjere ein progresjon ut over gjeldande nasjonale bidrag og vere uttrykk for den høgast moglege ambisjonen i landa. For å nå måla i Parisavtalen er det nødvendig at enda fleire land, særleg blant dei store utsleppslanda, forsterkar dei nasjonale måla sine under Parisavtalen.

Landa er blitt samde om eit utfyllande regelverk til Parisavtalen som vil medverke til å styrkje avtalen ved å gjere det lettare å samanlikne bidraga frå landa, summere bidraga og måle framgang. Dette var viktig for å gjere Parisavtalen operasjonell. Det er førebels ikkje semje om regelverket for marknadssamarbeid, det vil seie samarbeid der land kan kjøpe og selje utsleppsreduksjonar. Usemja gjeld mellom anna korleis føresegnene i Parisavtalen om at utsleppsreduksjonar som ikkje skal teljast dobbelt, skal handterast i den nye FN-mekanismen. Før det blir semje om det utfyllande regelverket for marknadssamarbeid, vil det ikkje vere mogleg for land å samarbeide under den felles FN-mekanismen, men det kan samarbeidast i ramma av det generelle høvet til slikt samarbeid.

Partsmøtet under britisk leiing i 2020 vart utsett til 2021 på grunn av covid-19. Arbeidet i klimaforhandlingane skjer gjennom virtuelle møte. I juni 2021 vart det arrangert formelle virtuelle møte i arbeidsgruppene under Klimakonvensjonen, Parisavtalen og Kyotoprotokollen, og dette var eit godt bidrag til å førebu partsmøtet COP 26, men mykje arbeid må gjerast for at COP 26 vil vere i stand til å levere til dei store forventningane verda har til klimatoppmøtet i november.

Klimafinansiering

Norsk klimafinansiering til utviklingsland, utover Klima- og skoginitiativet og kjøp av klimavotar, blir betalt over Utanriksdepartementets budsjett. Klima- og miljødepartementet omtaler likevel klimafinansiering breitt i denne budsjettproposisjonen for å gje ei samla framstilling.

Norsk bistand til klima utgjorde i 2020 6,2 mrd. kroner og brorparten går til utsleppsreduksjonar. Klimafinansieringa vår blir rapportert til OECD og klimakonvensjonen basert på årlege tilskot bilateralt og multilateralt markert med Rio-markørane klimatilpassing eller utsleppsreduksjonar. Desse rapportane blir først laga etter at tilskottet er utbetalt, så difor kan ikkje totaltalet for norsk klimafinansiering lesast direkte ut av forslaget til statsbudsjett. Vi rapporterer òg den private klimafinansieringa vi utløyser gjennom offentleg stønad, sjølv om dette ikkje blir rekna med i totaltalet for norsk klimafinansiering.

Norsk bistand til klima blir styrkt med 1,9 mrd. kroner. Regjeringa etablerer eit nytt klimafond som skal investere i fornybar energi i utviklingsland med mål om å bidra til reduserte klimagassutslepp. Klimainvesteringsfondet vil bli tilført 1 mrd. kroner årleg over statsbudsjettet over 5 år. Norfund, sta-

tens investeringsfond for næringsverksemd, set i tillegg av 1 mrd. kroner årleg av sin eigen kapital til fondet. Norfund får ansvaret for å forvalte fondet. Ambisjonen er at fondet skal mobilisere betydeleg ytterlegare finansiering frå private kjelder. Det blir òg ei styrka satsing på klimatilpassing i 2022. Regjeringa lanserte i april i år ein strategi for å styrkje innsatsen for klimatilpassing, førebygging og kampen mot svolt. Satsinga på klimatilpassing framover skal bidra til å setje i verk innsatsområda i denne strategien, som er varslingsystem og klimatenester, naturbaserte løysingar, klimatilpassa matproduksjon, infrastruktur og innovative finansieringsordningar.

Norsk støtte til klimatiltak i utviklingsland er svært viktig for ei effektiv gjennomføring av Parisavtalen. Noreg har vore eit føregangslan i å innrette klimafinansieringa til utviklingsland på ein langsiktig og føreseieleg måte. Særleg gjeld dette Klima- og skoginitiativet (sjå eigen tekst etter tabell 8.19). Gjennomføring av Parisavtalen og støtte til å iverksette dei innmelde klimaplanane (NDC) frå utviklingsland vil vere ei viktig føring for norsk klimafinansiering framover. Det er sett i gang eit arbeid i regi av Utanriksdepartementet og Norad for å innrette meir av utviklingshjelpa slik at denne er klimarelevant, og for å sikre at støtta mest mogleg effektivt fører til gjennomføringa av måla i Parisavtalen. Klimafinansiering gjennom multilaterale kanalar som Det grønne klimafondet (GCF), Den globale miljøfasiliteten (GEF) og Verdsbanken er også viktig. Regjeringa gjev eit bidrag til Det grønne klimafondet på 800 mill. kroner årleg for perioden 2020–2023. Utanriksdepartementet betaler 700 mill. kroner over sitt budsjett, og 100 mill. kroner blir dekt over Klima- og miljødepartementet og budsjettet til Klima- og skoginitiativet.

Klima- og miljødepartementet har bilaterale miljosamarbeid med Kina, India og Sør-Afrika og støttar internasjonale initiativ for grøn økonomi i utviklingsland. Noreg støtter òg arbeid for å redusere kortliva klimadrivarar gjennom Arktisk råd og Koalisjonen for klima og rein luft. I tillegg støttar Noreg klimatiltak og lågutsleppsutvikling i EU-landa med svakast økonomi gjennom EØS-midlane. Meir informasjon om dette finst under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt samarbeid m.m.

Auka ambisjonar ved bruk av fleksible mekanismar

I Parisavtalen er det opna for at land kan samarbeide om tiltak for å redusere utslepp av globale klimagassar. Marknadssamarbeid inneber at

utsleppsreduksjonar blir kjøpte og selde og blir overførte mellom utsleppsrekneskapane til forskjellige land og/eller private selskap. Slikt samarbeid opnar for at land kan auke ambisjonane sine, og kan såleis bli viktig for å realisere temperaturmålet i Parisavtalen, i tråd med prinsippet for berekraftig utvikling. Noreg har eit mål om å bli klimanøytralt frå og med 2030. Det inneber at frå 2030 skal norske utslepp av klimagassar motsvarast av klimatiltak i andre land gjennom EUs kvotemarknad, internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar, kvotehandling og prosjektbasert samarbeid. Noreg deltek difor i internasjonale karbonmarknader med eit mål om å auke farten og omfanget til dei globale utsleppskutta.

Noreg er ein aktiv pådrivar for å mogleggjere marknadbasert samarbeid med høg miljøintegritet. For perioden etter 2020 er det Parisavtalens artikkel 6 som vil setje ramma for bruk av fleksible mekanismar mellom land. Arbeidet med å utvikle reglar og prosedyrar under artikkel 6 har vore krevjande og har teke tid. Det detaljerte regelverket for marknadbasert samarbeid under Parisavtalen er enno ikkje vedteke.

Klima- og miljødepartementet deltek i Transformative Carbon Asset Facility (TCAF), som vart lansert i samband med klimakonferansen i Paris og erklært operativt i mars 2017. Fondet skal utvikle pilotar for samarbeidsformer tilpassa eit nytt regelverk under Parisavtalen. Formålet med slikt samarbeid er å medverke til varig omlegging i utviklingsland gjennom program som støttar utvikling av lågutsleppsløysingar. Fondet skal medverke til at utviklingslanda aukar ambisjonane sine.

Departementet inngjekk i 2019 ein avtale med Global Green Growth Institute (GGGI) om utvikling av program under artikkel 6 i Parisavtalen. Ein har så langt inngått intensjonsavtalar med Vietnam, Senegal, Indonesia og Marokko. Det kan også vere ønskjeleg å supplere TCAF og GGGI med utprøving av samarbeid gjennom andre kanalar, til dømes bilateralt samarbeid eller samarbeid gjennom ein annan institusjon.

Noreg deltek i Verdsbankprogrammet Partnership for Market Implementation (PMI). PMI arbeider med å hjelpe land med å utvikle og implementere karbonprising og operasjonalisere marknadssamarbeid mellom land innanfor ramma av Parisavtalens artikkel 6. Noreg bidreg med 7 mill. US dollar til PMI. Noreg er også partnar i The Carbon Pricing Leadership Coalition (CPLC), som er eit globalt initiativ leidd av Verdsbanken. Initiativet arbeider saman med styresmakter, aka-

demia, privat sektor og sivilsamfunn for å støtte utviklinga av karbonprising internasjonalt.

Tidlegare bruk av ulike former for marknadssamarbeid har ført til store utsleppsreduksjonar og investeringar i mange utviklingsland. Den grøne utviklingsmekanismen (CDM), som låg til grunn for statens kvotekjøpsprogram i perioden 2008–2020, har ifølgje berekningar gjorde av FN's klimasekretariat (UNFCCC) så langt ført til om lag 2,2 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar i verifiserte utsleppsreduksjonar. Dei faktiske reduksjonane er av UNFCCC utrekna til å vere om lag fire gonger så høge. Bruken av fleksible mekanismar i utviklingsland har ført til store investeringar og grøn omstilling og har vist korleis ein kan gjennomføre tiltak som ikkje berre reduserer utslepp av drivhusgassar, men også har stor utviklingseffekt til dømes gjennom redusert lokal forureining og tilgang på rein energi.

Prising av utslepp og utfasing av subsidiar til fossile brensel

Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet for å setje ein pris på CO₂ og for utvikling av effektive, fungerande internasjonale karbonmarknader. I innmeldingane av nasjonale mål (NDC) til FN's klimakonvensjon er det mange land som opplyser at dei har sett, eller vurderer å setje, ein pris på utslepp av klimagassar. Felles for dei fleste av dei landa som har ein pris på utslepp, er prisar som er for låge til å fremje teknologisk utvikling og omstilling. Ein ny og meir ambisjøs klimapolitikk globalt vil krevje høgare prisar.

Regjeringa arbeider òg for utfasing av subsidiar på fossilt brensel. Globalt har det dei seinare åra ifølgje OECD og IEA blitt brukt opp til 500 mrd. US dollar årleg på subsidiar til produksjon og forbruk. Utfasing av fossile subsidiar er eit viktig tiltak land kan gjennomføre for å medverke til at utsleppa av drivhusgassar går ned. Det er ein aukande tendens til at land i ulike verdsdelar set i gang reformarbeid for fossilsubsidiar. Noreg støttar reform av fossile subsidiar på landnivå mellom anna gjennom eit eige program i Verdsbanken og gjennom Global Subsidy Initiative (GSI). Noreg arbeider òg for å fase ut fossile subsidiar gjennom andre kanalar, slike som Vennegruppa for reform av fossile subsidiar saman med dei andre nordiske landa og Costa Rica, Etiopia, New Zealand, Uruguay og Sveits. Noreg deltek også i forhandlingane om ein ny avtale om klima, handel og berekraft (ACCTS), der utfasing av fossile subsidiar er eit sentralt tema.

Utslepp frå internasjonal transport

Noreg arbeider innanfor FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) og FNs organisasjon for sivil luftfart (ICAO) med å utvikle regelverk for å redusere klimagassutsleppa frå internasjonal transport. I IMO vedtok partsmøtet i 2018 ein strategi som stadfestar målsetjinga om 50 pst. reduksjon i internasjonale utslepp frå skipsfarten innan 2050 samanlikna med 2008. Juni 2021 vedtok IMO nye krav for utsleppsreduksjonar frå skipsfarten i tråd med 2030-målet. Videre vart forslag om forbod mot tungolje i Arktis fra 2024 vedtatt. Noreg har jobba aktivt for begge delar. I tråd med pådrivarmandatet, har Noreg no teke initiativ til vidare prosess for å utarbeide neste generasjons klimakrav til internasjonal skipsfart, som må sikre at utsleppa reduserast i tråd med IMOs mål mot 2050 og eventuelle auka ambisjonar som følgje av revisjonen av IMOs klimastrategi fram mot 2023.

Noreg har hatt og har framleis ei sentral rolle i regelverksutviklinga under IMO. I oktober 2016 vedtok generalforsamlinga i FNs luftfartsorganisasjon (ICAO) å innføre eit marknadsbasert verke-middel for å medverke til at vidare vekst i internasjonal luftfart etter 2020 ikkje aukar netto CO₂-utslepp, såkalla karbonnøytral vekst. På engelsk blir dette verkemiddelet kalla Carbon Offsetting Reduction Scheme for International Aviation (CORSIA). ICAO har vedteke utfyllande føresegner i seinare rådsmøte, mellom anna i juni 2018, november 2018, mars 2019 og juni 2020. Noreg er eitt av over 80 land, inkludert 43 andre europeiske land, som så langt har meldt at vi ønskjer å delta i den frivillige fasen 2021–2026 for ICAO CORSIA. Andre fase, som er obligatorisk for dei fleste land, er frå 2027 til 2035. To norske luftfartøyoperatørar vil vere omfatta av ICAO CORSIA. ICAO CORSIA vart gjennomført i norsk rett i 2019 gjennom endringar i klimakvotelova og klimakvoteforskrifta, jf. Prop. 109 L (2018–2019).

Tabell 8.19 Nasjonale mål under programkategori 12.70

Resultatområde	Resultatområde
Klima	Medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog gjev eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og ein meir berekraftig utvikling

Klima- og skoginitiativet

Klimaet i verda endrar seg. Å hindre øydelegging av regnskogen er heilt sentralt for å avgrense klimaendringane. FNs klimapanel har vist at for å oppnå måla i Parisavtalen krevst det stans i avskoginga nesten med det same, i tillegg til ei enorm restaurering av skog og andre økosystem. Stans i avskoging er eit av FNs berekraftsmål, og redusert avskoging er ein føresetnad for å nå ei rekkje andre berekraftsmål – mellom anna knytt til svolt, klimatilpassing, vasstilgang og fattigdom.

I 2020 justerte Klima- og skoginitiativet hovudmålet sitt til: medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog gjev eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og ei meir berekraftig utvikling. Innhaldet i målet er i stor grad det same som måla for initiativet i perioden 2008–2019. Men gjennom dei første tolv åra har initiativet gradvis utvida innsatsen til å inkludere dei globale drivkreftene bak avskoginga. Hovudmålet er delt inn i to delmål: (i) å medverke til berekraftig skog- og arealforvaltning i utviklingsland og (ii) å medverke til redusert press på tropiske skogareal frå globale marknader. Delmål (i) blir målt på nasjo-

nalt nivå eller delstatsnivå i prioriterte land, medan delmål (ii) blir målt både i særskilde geografiar og globalt. Noreg, gjennom Klima- og skoginitiativet, vil sjølvstekt ikkje kunne oppnå desse globale måla aleine. Gjennom målretta og strategisk innsats skal initiativet *medverke* til at verda skal kunne nå måla. Innsats som mest effektivt medverkar til kostnadseffektive og målbare utsleppsreduksjonar, er prioritert.

Strategien til Klima- og skoginitiativet er laga ut frå at det til sjuande og sist er betre arealpolitikk i skoglanda som vil gjere det mogleg å redusere avskoginga. Dette skjer på nasjonalt nivå gjennom vedteken og gjennomført politikk i skoglanda. Styrkte rettar og betre levekår for urfolk er ein del av ein berekraftig arealpolitikk i landa. Det globale samfunnet kan leggje til rette for landa gjennom å skape effektive internasjonale insentiv for redusert avskoging, mellom anna gjennom internasjonal finansiering. Å skape ein berekraftig arealpolitikk er svært utfordrande, og det blir vanskelegare av at dei globale råvaremarknadene framleis spør etter produkt som er knytte til avskoging. Klima- og skoginitiativet jobbar for at råvaremarknadene og dei globale finansmarknadene skal stimulere til avsko-

gingsfri råvareproduksjon. Mykje av avskoginga som skjer, er ulovleg, og handel med ulovlege råvarer aukar presset på skogen. Ein sentral del av innsatsen til klima- og skoginitiativet rettar seg mot skogkriminalitet. Ein føresetnad for innsatsen til styresmaktene på nasjonalt nivå, og næringslivet i marknaden, er tilgang til data om kvar og korleis skogen forsvinn. Difor satsar Klima- og skoginitiativet på å betre tilgangen til data om skogen og aktørane og finansstraumane som øydelegg han.

Ein meir utførleg omtale av måla, strategien og endringsteorien til Klima- og skoginitiativet finst i Prop. 1 S (2019–2020) for Klima- og miljødepartementet.

Prioriteringar

I 2021 lanserte Noreg, saman med Storbritannia, USA og ei rekkje store private selskap koalisjonen LEAF (Lowering Emissions by Accelerating Forest Finance). Koalisjonen lover i første omgang å bidra med minst 1 mrd. USD til å betale for utsleppsreduksjonar frå skog, og kan potensielt leggje til rette for ein karbonmarknad for skog som kan bidra med titals milliardar til skog i åra framover. Den norsk-støtta organisasjonen Emergent koordinerer koalisjonen, og utsleppsreduksjonane som blir kjøpte, skal vere sertifiserte av den uavhengige Architecture for REDD+ Transaction (ART). Dette sikrar at resultatane har høg miljømessig og sosial integritet. LEAF-initiativet viser at privat næringsliv har ein vilje til å bidra i klimakampen med finansiering, og at det er eit ønske om å etablere ein karbonmarknad for utsleppsreduksjonar med høg miljøintegritet.

For transaksjonar gjennom Emergent stiller Noreg ein prisgaranti overfor skoglanda ved sal av utsleppsreduksjonar målt i tonn CO₂. Det inneber at Noreg kjøper tonna av skogland dersom ikkje private selskap byr ein høgare pris. Norske forpliktingar som blir frigjevne når private selskap kjøper utsleppsreduksjonar, kan dermed brukast til å garantere ein ny kjøpsavtale eller til å betale for tonn utover dei som blir selde til private kjøparar. Oppsettet inneber ei juridisk forplikting om betaling for tonn – dersom dei blir leverte og Noregs prisgaranti slår inn. Dette er innarbeidd i tilsegningsfullmakta på posten, i Klima- og miljødepartementets romartalsvedtak VI.

Sjølv om den største auken i finansiering til skogbevaring framover venteleg kjem frå næringslivet, ser ein òg auka finansiering frå andre land. Storbritannia har lovd å bidra med meir enn 11 mrd. pund (om lag 130 mrd. kroner) i

klimafinansiering fram til 2026, av desse skal 3 mrd. pund (om lag 35 mrd. kroner) brukast på natur. Også Tyskland har lovd auka klimafinansiering og gjev allereie meir enn Noreg til skogbevaring. Utover det tette samarbeidet med Storbritannia og Tyskland på skog er USA no ein viktig partner for Klima- og skoginitiativet på fleire område. Toppmøta om klimaforhandlingane hausten 2021 og om biomangfald våren 2022 vil venteleg mobilisere meir finansiering frå gjevarland, privat sektor og filantropar.

Tilgang til data om skogen og kvar og kvifor han blir øydelagd, er ein føresetnad for at skoglanda skal kunne målrette innsatsen sin, og for å stille dei som står bak, til ansvar. Store delar av den globale avskoginga er ulovleg. Auka transparens kan endre den politiske viljen til å ta tak i dette. Også lovleg avskoging kan reduserast dersom forbrukarar blir klare over kva produktet dei kjøper, har medverka til. Klima- og skoginitiativet har i perioden 2019–2021 blitt styrkt med 200 mill. kroner årleg for å investere i infrastruktur for offentleg tilgjengelege data om skogen. Midlane har vore nytta til eit innkjøp for å gjere høgoppløselege satellittbilete av den tropiske skogen gratis og offentleg tilgjengelege, og til å gjere skogland, organisasjonar og privat næringsliv i stand til å bruke dataa. Sjå omtale av den samla innsatsen for auka transparens i rapporteringa for 2020.

I Brasil har vi sett ein omfattande auke i avskoginga sidan Bolsonaro-regimet fekk makta i 2019. Brasils avgjerder gjorde det nødvendig å fryse Amazonasfondet i 2019. Fondet kan ikkje opne igjen før Brasil igjen tek grep for å redusere avskoginga. Betaling for utsleppsreduksjonar er ikkje aktuelt i nærmaste framtid. Likevel, og trass i tilbakegangen, er avskoginga framleis om lag 40 pst. lågare enn nivået før reformperioden vart innleidd. Verda er spart for fleire milliardar tonn utslepp, og resultatane står seg også i dag. Fleire organisasjonar, urfolk og andre held fram innsatsen for å ta vare på regnskogen i landet. Klima- og skoginitiativet vil også i 2022 prioritere midlar til å støtte desse.

Covid-19-pandemien har prega alle land i 2020 og 2021. Ei særskilt utsett gruppe er urfolk. Dei er særleg sårbare for smitte og alvorlege konsekvensar av sjukdommen, og dei er utsette fordi vernet av urfolksområde i mange land blir svakare. Styresmaktene i skoglanda har svekt kapasitet på grunn av både nedgang i økonomien og nødvendige kutt i budsjett på grunn av omprioritering til helse og smittevern. Klima- og skoginitiativet har omprioritert midlar for å møte dei ekstra utfordringane som covid-19 har skapt, mel-

lom anna gjennom særskild innsats mot urfolk i Brasil, Peru og Colombia.

Støtte til sivilsamfunnsaktørar er ein sentral del av Klima- og skoginitiativets innsats. Sivilsamfunnsorganisasjonar fungerer som «vaktbikkje» og som kunnskapsprodusentar- og formidlarar og aukar forankring på tvers av politiske skiljelinjer og regjeringar. I 2021 har Klima- og skoginitiativet inngått nær 40 nye avtalar om støtte til sivile samfunnsaktørar for perioden 2021–2025. Prioriterte innsatsområde for støtta er urfolk, avskogingsfrie forsyningskjeder og finansmarknader, innsats mot skogkriminalitet og auka transparens, i tillegg til høgare klimaambisjonar og skogvennleg arealpolitikk.

Klima- og skoginitiativet har bilaterale samarbeidsavtalar med dei viktigaste skoglanda der det er politisk vilje til å bevare skogen. I valet av samarbeidsland er det òg lagt vekt på potensial for utsleppskutt, høve til berekraftig arealforvaltning og testing av ulike tilnærmingar og involvering av privat næringsliv.

Risiko

Skogbevaring er heilt sentralt for å redusere risiko for klimaendringar med alvorlege konsekvensar for menneskeslekta. Risiko knytt til Klima- og skoginitiativet er størst ved å ikkje gjere noko. Risikoen som ligg i sjølve innsatsen, er i stor grad den same som han har vore i dei 13 første åra til initiativet, mellom anna låg kapasitet hos styresmakter i skogland, skiftande politisk vilje i skogland, korrupsjon, sterke økonomiske interesser, marknadssvikt og fattigdom. På nasjonalt nivå vil politiske skifte også framover kunne føre til forseinkingar eller endra strategi i samarbeida og korleis dei er innretta. Globalt er marknadskreftene som driv avskoging enorme. Sjølv om skoglanda skulle lykkast med å rasjonalisere arealforvaltninga, er presset sterkt.

Alle skoglanda som Klima- og skoginitiativet samarbeider med, har utfordringar når det gjeld styresett, som bidreg til avskoging. Fleire av satsingane inneber òg betydeleg risiko for økonomisk misleghald. Risikovurderingar og risikohandtering er difor ein sentral del av alle prosjektinitiativet arbeider med. Grundig kvalitetssikring før inngåing av tilskotsavtalar er eitt sentralt element i dette arbeidet. Som for alle bistandsprosjekt er nulltoleranseprinsippet lagt til grunn for økonomisk misleghald, sjå nærmare i omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet.

Også i 2022 er det særleg risiko knytt til konsekvensane av covid-19-pandemien. Den bilate-

rale, politiske dialogen er òg svekt med fleire land, fordi ein ikkje kan reise og ikkje har kunna møte kvarandre fysisk sidan starten av 2020. Innsatsen til dei stadlege ambassadane er òg svekt – i mange tilfelle har dei òg måtta gjere all møteverksemda digitalt. Dette aukar risiko for komplikasjonar og gjer det i nokre tilfelle vanskelegare å finne gode løysingar som begge partar kan einast om. Pandemien og den økonomiske krisa har gjort arbeid mot avskoging utfordrande for skoglanda, både finansielt og praktisk. Framdrifta i ei rekkje prosjekt er svekt på grunn av reiserestriksjonar, andre prioriteringar og å verne om liv og helse til dei som deltek i prosjekta.

Kortliva klimaforureiningar

Noreg har i fleire år prioritert kunnskapsutvikling og internasjonalt engasjement for å redusere utslepp som gjev klimaeffekt på kort sikt, og som gjev tilleggseffektar som betre helse og auka matproduksjon. Dette blir gjort ved å redusere utslepp av kortliva klimadrivarar som metan, svart karbon (BC) og nokre hydrofluorkarbon (HFK) i tillegg til CO₂. Desse har relativt kort levetid i atmosfæren samanlikna med CO₂ og kan difor gje rask klimaeffekt og bremse farten på oppvarminga. Dette vil vere viktig for land som er særleg sårbare for konsekvensane av klimaendringane. Sidan ein del av tiltaka for å redusere desse utsleppa òg har ei rekkje andre fordelar, som betre luftkvalitet, helse og jordbruksproduktivitet, kan vi redusere skadeverknadene av klimaendringane og samstundes medverke til å nå fleire av berekraftsmåla.

Noreg arbeider difor internasjonalt for å redusere desse utsleppa, både gjennom Arktisk råd og Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC). Noreg har sete i styringskomiteen til CCAC mellom 2014 og 2020. Koalisjonen vart oppretta i 2012 og har no over 140 land og organisasjonar som medlemmer. I koalisjonen har Noreg vore særleg engasjert i å utvikle metode for å vurdere tiltak som gjev klimaeffekt, både på kort og på lang sikt, og helsegevinstar.

Under Olje for utvikling-programmet er det innleidd eit samarbeid med CCAC og Global Methane Alliance for å oppmuntre samarbeidslanda til å inkludere reduksjon av metan i klimaplanane sine. Fleire av landa har betydeleg potensial for reduksjon av metan frå olje- og gassproduksjon.

Miljødirektoratet har sidan 2013 gjort fleire utgreiingar og medverka til viktig metodeutvikling nasjonalt og internasjonalt. Våren 2020 publiserte direktoratet ein rapport om klimaeffekt på

kort sikt og tilleggsgevinstar av tiltaka som vart greidde ut i Klimakur 2030.

Utanriksministermøtet under Arktisk råd vedtok i 2017 eit kollektivt mål om å redusere dei samla utsleppa av svart karbon (sot) med mellom 25 og 33 pst. innan 2025 samanlikna med 2013. Det felles målet er ikkje juridisk bindande. Målet kan vurderast på nytt med sikte på å auke ambisjonane ytterlegare. Svart karbon har ein særskilt oppvarmande effekt når det blir sleppt ut i nærleiken til dei arktiske områda, sidan partiklane legg seg på is og snø og hindrar at solstrålane blir reflekterte tilbake til atmosfæren. Dei arktiske landa står for 10 pst. av dei globale utsleppa av svart karbon, men medverkar til 30 pst. av oppvarmingseffekten i Arktis. Arktisk råd samanstillir regelmessig tilgjengeleg kunnskap om utslepp og effektar og gjennomfører ei rekkje konkrete pilotprosjekt for å redusere kortliva klimadrivarar. Noreg har teke i bruk mange verkemiddel som reduserer utslepp av svart karbon. Noreg har hatt ei pådrivarrolle for å få landa med størst utslepp med på eit kollektivt mål for reduksjon av svart karbon.

I oktober 2016 vart det vedteke å fase ned produksjon og forbruk av hydrofluorkarbon (HFK)

under Montrealprotokollen (Kigali-endringane). HFK-gassar blir nytta som erstatning for fleire av dei ozonreducerande gassane og er sterke klimagassar. Dei fleste HFK-gassane har kort levetid i atmosfæren samanlikna med CO₂. Endringane gjeld frå 2019. Noreg ratifiserte Kigali-endringane i september 2017, og revidert norsk produktforskrift tok til å gjelde i desember 2018. For å oppfylle Noregs skyldnader vart eit system for lisensiering av import innført i 2019. Noreg arbeider bilateralt med India for å redusere utsleppa av HFK der.

Nærmare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2022 er på 3,082 mrd. kroner. Dette er ein reduksjon på om lag 280 mill. kroner eller om lag 8,4 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2021.

Overslaget på inntekter frå kvotesal er sett til om lag 1,6 mrd. kroner. Budsjettmidlar knytte til Parisavtalen og kortliva klimaforureiningar er omtalte under programkategori 12.10 Fellesopp-gåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.70 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1481	Klimakvotar	206 963	283 369	102 611	-63,8
1482	Internasjonale klima- og utviklings- tiltak	3 150 682	3 080 765	3 081 854	0,0
	Sum kategori 12.70	3 357 645	3 364 134	3 184 465	-5,3

Kap. 1481 Klimakvotar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		377	3 059
22	Internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar, <i>kan overførast</i>		206 399	280 000
23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overførast</i>		187	310
	Sum kap. 1481		206 963	283 369

Post 01 Driftsutgifter, kan overføres

Posten omfattar utgifter til kjøp av eksterne tenester som kommersiell og juridisk rådgjeving og andre driftsutgifter i samband med arbeidet med kjøp av utsleppsreduksjonar. Det blir foreslått ei løyving på om lag 2,6 mill. kroner på denne posten.

Post 22 Internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar, kan overføres

Posten omfattar utgifter til utvikling av nye kvote-program under Parisavtalen og kjøp av klimakvotar og andre utsleppsreduksjonar.

Klima- og miljødepartementet foreslår at det blir løyvd 100 mill. kroner til utvikling av nye program under artikkel 6 i Parisavtalen og til betaling for kvotar og andre utsleppsreduksjonar som blir leverte i 2022. Overslaget inkluderer mellom anna utbetalingar til fond under Verdsbanken (TCAF og CPF), GGGI og utbetalingar knytte til programutvikling for perioden etter 2021. Forvaltningskostnadene til TCAF og CPF blir også førte på denne posten. Posten omfattar òg bidrag til norsk deltaking i Partnership for Market Implementation, jf. omtale i Prop. 21 S (2019–2020).

I 2019 gav Klima- og miljødepartementet øymerkte midlar til Global Green Growth Institute (GGGI) for å identifisere og utvikle program i utviklingsland som i sin tur kan gje grunnlag for kjøp av utsleppsreduksjonar i perioden 2022–2030. Programmet er no gjennom første fase, og departementet har inngått intensjonsavtale med Indonesia, Marokko, Senegal og Vietnam. For å sikre at GGGI har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å utvikle gode sektor- og policyprogram under Artikkel 6 i åra framover, blir det foreslått ei årleg løyving på 8 mill. kroner i kjernestøtte til GGGI i perioden i 2021–2023 som blir dekt over kapittel 1481, post 22, jf. omtale i Prop. 195 S (2020–2021). Ytterlegare omtale av arbeidet til GGGI finst under Post 73 Klima- og skogsatsinga.

I samsvar med praksis i 2021 og tidlegare år vil Klima- og miljødepartementet også for 2022 be om løyve til å kunne selje kvotar, mellom anna for å tilpasse volumet til oppdaterte overslag over levering og kjøpsbehov. I gjennomføringa av statens kvotekjøpsprogram er det lagt vekt på at Noreg skal overhalde dei internasjonale forpliktingane sine under Kyotoprotokollen. Noreg vil ha eit monaleg overskot av kvotar, men den endelege kvoterekneskapen vil ikkje vere klar før ein har endeleg oversikt over mellom anna utsleppsutviklinga i 2020 og

over kor mange kvotar som faktisk blir leverte under allereie inngåtte avtalar.

Ved utgangen av august 2021 forvalta Klima- og miljødepartementet avtalar om levering av til saman 54 mill. kvotar (tonn CO₂-ekvivalentar). Departementet reknar ikkje med å få levert avtalt volum fullt ut. Forventa levering frå dei inngåtte avtalane er anslått til om lag 42 mill. kvotar, men overslaget er usikkert. I tillegg til avtalar som er inngåtte for levering i perioden 2013–2020, vart det overført om lag 3 mill. kvotar som ikkje vart nytta i den første Kyoto-perioden (2008–2012). Ved utgangen av august 2021 stod det om lag 39 mill. kvotar på statens konto i det internasjonale kvoteregisteret.

Langsiktige avtalar om kjøp av utsleppsreduksjonar blir inngåtte etter fullmakter gjevne av Stortinget. I samsvar med innarbeidd praksis ber Klima- og miljødepartementet om at fullmakta blir fornya, slik at ho dekkjer framtidige skyldnader. Det kan vere seg ønskeleg å supplere TCAF og GGGI med utprøving av samarbeid gjennom andre kanalar, til dømes bilateralt samarbeid eller samarbeid gjennom andre institusjonar. Dette vil kunne styrkje arbeidet med å utvikle program i utviklingsland og medverke til at vi kan dekkje eit behov for utsleppsreduksjonar når Noreg skal bli klimanøytralt frå og med 2030. På denne bakgrunn ber departementet om ei fullmakt på 820 mill. kroner for å dekkje utbetalingar som følgjer i åra etter 2021. I tillegg til avtalar knytte til TCAF, kjernestøtte til GGGI og nye samarbeidsavtalar om utsleppsreduksjonar etter 2021 vil denne ramma òg omfatte betalingar som knyter seg til avtalar inngåtte i tidlegare år som vil gje utbetalingar i 2022 og seinare år, jf. forslag til romartalsvedtak IV.

Post 23 Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, kan overføres

Sidan 2013 har Noreg dekt utslepp frå statstilsette sine flyreiser utanfor EØS-området ved å kjøpe kvotar frå det ordinære kvotekjøpsprogrammet til staten og internavrekne mot flyreisene. Denne ordninga blir avslutta i 2022. Dette blir gjort på bakgrunn av at flyreiser utanfor Europa frå og med 2021 er omfatta av marknadsmekanismen til Den internasjonale organisasjonen for sivil luftfart (ICAO), CORSIA. Noreg deltek i pilotperioden (2021–2023) for CORSIA. Flyreiser innanfor EØS-området er allereie omfatta av EU-ETS, og innføringa av CORSIA fører dermed til at flyreiser både i og utanfor EØS blir dekte av marknadsbaserte verkemiddel for utsleppskutt.

Rapport 2020

Klima- og miljødepartementet har ikkje inngått nye avtalar om kjøp av klimakvotar etter 2017, da ein rekna med at dei allereie inngåtte avtalane ville vere tilstrekkelege for å oppfylle dei norske pliktene under Kyotoprotokollen. Til saman i den andre Kyoto-perioden (2013–2020) har Klima- og miljødepartementet inngått 17 bilaterale avtalar om levering av nær 21 mill. kvotar frå 24 prosjekt i utviklingsland. 2021 blir siste år med utbetalingar til bilaterale prosjekt for utsleppsreduksjonar under Kyoto.

I perioden 2013–2020 vart det òg inngått avtalar gjennom fond i Verdsbanken (Carbon Partnership Facility) og NEFCO (NEFCO Carbon Fund og Norwegian Carbon Procurement Facility) med forventna levering av 25 mill. kvotar. I 2020 vart det levert 5,5 mill. kvotar frå desse fonda. CPF vil fortsetje å levere eit mindre tal på kvotar til og med 2023, når Kyoto-rekneskapen skal gjerast opp. Ei meir detaljert oversikt over inngåtte avtalar ligg på www.carbonneutralnorway.no og på heimesidene til Klima- og miljødepartementet.

Kap. 4481 Sal av klimakvotar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Salsinntekter	8 018 409	1 022 183	1 642 921
	Sum kap. 4481	8 018 409	1 022 183	1 642 921

Post 01 Salsinntekter

EUs reviderte kvotedirektiv, med underordna rettsakter, vart innlemma i EØS-avtalen i juli 2012. Reglane er harmoniserte på EU-nivå, og kvotar som ikkje blir tildelte gratis, skal seljast i den europeiske marknaden. Kommisjonen har fordelt mengda av kvotar som skal seljast, etter ein bestemt fordelingsnøkkel. Noregs del av totalt salsvolum er om lag 0,75 pst.

Å gjere kvotar tilgjengelege i marknaden gjennom auksjonar er eit sentralt element i EU ETS, og frå 2013 skal salet av klimakvotar skje på ei felleseuropeisk auksjonsplattform, for tida energi-børsen European Energy Exchange (EEX) i Leipzig.

Basert på kvoteprisen i marknaden sommaren 2020 er inntekta frå sal av klimakvotane anslått til 1,6 mrd. kroner. Kvoteprisen har auka mykje det siste året, men prisane kan svinge sterkt i denne marknaden, og anslaget er difor usikkert.

Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	102 030	99 222	100 311
73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>	3 048 652	2 981 543	2 981 543
	Sum kap. 1482	3 150 682	3 080 765	3 081 854

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsmidlane knytte til Klima- og skoginitiativet. Posten dekkjer alle driftskostnader til satsinga, under dette lønn, administrasjon, reiseutgifter, informasjonsverksemd, evalueringar

m.m. i Klima- og miljødepartementet, Utanriksdepartementet (med ambassadane) og Norad. I tillegg dekkjer løyvinga kjøp av varer og tenester knytte til drift, slik som utgreiingar, konsulenttenester, seminar og internasjonale møte m.m.

For 2022 er det foreslått ei løyving på 100,3 mill. kroner på posten. I medhald av OECD/DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 01, er godkjend som utviklingshjelp.

Klima- og skoginitiativet er eit internasjonalt nybrottsarbeid. Å drive dette arbeidet framover er krevjande, både politisk og fagleg. Tilgang på variert og høg kompetanse og kapasitet gjennom målretta bruk av eksterne fagmiljø er avgjerande for å lykkast. Dette gjeld både for å drive det globale arbeidet med løysingsutvikling og klimapolitisk konsensusbygging vidare og for å kunne støtte arbeid som partnerland gjer med å utvikle og implementere klima- og skogstrategiane sine.

Rapport 2020

Kap. 1482 post 01 har blitt nytta til lønns- og driftsutgifter for Klima- og skoginitiativet. Midlane dekkjer lønns-, drifts- og reiseutgifter til satsinga i Klima- og miljødepartementet, Norad og ved norske utanriksstasjonar som forvaltar midlar for Klima- og skoginitiativet. Ein stor del av personellressursane i initiativet har vore nytta til å følgje opp dei bilaterale samarbeida og internasjonale prosessar som medverkar til å nå måla om utsleppsreduksjonar frå skog i utviklingsland.

Klima- og skoginitiativet har som mål å medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog gjev eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og meir berekraftig utvikling. Å nå målet krev kompetanse og deltaking i prosessar som ikkje kan dekkjast av norsk forvaltning. Klima- og miljødepartementet har ei rammeavtale for konsulenttenester som gjev tilgang til kompetanse og kapasitet som departementet ikkje kan dekkje. Dette medverkar til auka måloppnåing for Klima- og skoginitiativet.

Klima- og skoginitiativet samarbeider med ei rekkje partnerland og organisasjonar internasjonalt. Dette inneber å delta på og arrangere internasjonale møte og konferansar, og å medverke i prosessar, for å etablere internasjonalt samarbeid, ofte med fleire aktørar. Denne delen av drifta har blitt redusert i 2020 som følgje av covid-19-pandemien. Midlar på posten har vore brukte til å dekkje utgifter knytte til konsensusbygging, utvikle analysar og løysingar m.m. Midlar har òg vore brukte til å innhente eksterne vurderingar av framdrifts- og utsleppsrapportar frå partnerland og til evalueringar av tilskotet.

Post 73 Klima- og skogsatsinga, kan overførast

For 2022 er det foreslått løyvd 2 981,5 mill. kroner på posten. Klima- og skoginitiativet har sidan lanseringa i 2007 inngått ei rekkje samarbeid og partnerskap, i hovudsak med sentrale tropiske skogland, der hovudvekta av finansieringa er sett av til å betale for verifiserte, reduserte utslepp frå skog i løpet av avtaleperioden. Utbetalingane på posten blir tilpassa budsjetttramma.

Det er fremja forslag om ei tilsegnfullmakt på 2 320 mill. kroner på posten, sjå romartalsvedtak VI. Klima- og skoginitiativet inngår langsiktige avtalar om betaling for resultat i skoglanda. Partnerskapa til Klima- og skoginitiativet inneber fleire juridiske forplikingar om fleirårige utbetalningar. Skyldnader blir utløyste når partnerlandet leverer resultat som avtalt i form av verifiserte utsleppsreduksjonar eller når milestolpar i reformer for betra skogforvaltning og redusert avskoging. Fullmakta dekkjer òg Klima- og skoginitiativets juridiske forplikingar til betalingsmekanismen Emergent for utsleppsreduksjonar frå skog, avtalar med organisasjonar som inneber utbetalingsforplikingar over fleire år, og kontrakt om innkjøp av høgoppløyslege satellittbilete som inneber økonomisk forpliking i fleire år. Av fullmakta er 100 mill. kroner knytt til resten av Klima- og miljødepartementets del av den fireårige lovnaden (2020–2023) om norsk bidrag til Det grønne klimafondet (GCF).

I medhald av OECD/DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482 post 73 er godkjend som utviklingshjelp.

Mål

Hovudmål for tilskotet er at det skal medverke til at redusert og reversert tap av tropisk skog gjev eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og meir berekraftig utvikling. Under hovudmålet er det to delmål:

1. å medverke til berekraftig arealforvaltning av tropisk skog i utviklingsland
2. å medverke til redusert press på skogen frå globale marknader

Desse måla skal vere styrande for ressursbruk og prioriteringar og for vedtak om støtte frå posten.

Tildelingskriterium

Tilskotet dekkjer tre kategoriar av tiltak: betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, finansiering av program- og prosjektporteføljar og fondsoppbygging. I tillegg skal tilskotet vere med på å utvikle og å spreie kunnskap som medverkar til å nå måla til Klima- og skoginitiativet. Nedanfor er det gjort greie for kriteria for utbetaling av tilskot i kvar kategori.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar

Det er eit hovudmål for Klima- og skoginitiativet å medverke til reduksjon av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Kriteria for å utløyse tilskotsmidlar er verifiserte reduksjonar av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. I tråd med Stortingets føringar er det eit mål å auke delen av tilskotet som blir utbetalt for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Slike utbetalningar er avhengige av effektive og robuste system for å måle og verifisere resultat, og storleiken på utbetalinga må stå i eit rimeleg forhold til det oppnådde resultatet. Blir det ikkje levert dokumentasjon på reduserte utslepp eller auka klimagassopptak i skog, skal midlane ikkje utbetalast.

Finansiering av program- og prosjektporteføljar

For å nå målet om redusert og reversert tap av tropisk skog er det i mange land behov for førebunde innsats for å starte dei nødvendige prosessane, etablere strategiar og arenaer og støtte program for omlegging til nye forretningsmodellar og produksjonsmetodar i landbruk. Eit godt forvaltningsregime er ein føresetnad for å få resultat av satsinga og sikre framdrift i arbeidet. Klima- og skoginitiativet vil difor føre vidare arbeidet med å styrkje gjennomføringstakta og hindre forseinkingar ved å medverke til reformer og institusjonsbygging i mottakarlanda. Dette vil òg møte forventingar og behov i mottakarlanda og styrkje moglegheiter landa har til varig betra skogforvaltning.

Styresmakter, organisasjonar, næringslivsaktørar og andre aktørar som kan medverke til reformprosessar og til å nå måla til Klima- og skoginitiativet, kan få tilskot frå posten.

Midlane skal nyttast til prosjekt eller program som fremjar institusjonsbygging, planprosessar, kartleggingsarbeid, kompetansebygging, kunnskapsutvikling eller liknande som medverkar til å nå måla for tilskotsposten. Midlar kan nyttast til

tiltak som fremjar samarbeid med privat sektor, og som styrkjer insentiva for privat sektor til å investere i berekraftig og avskogingsfri produksjon av råvarer. Det kan mellom anna gjevast tilskot til private aktørar for å direkte redusere risikoen for investorar knytt til investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon. Sjå romartalsvedtak knytt til posten for unntak frå økonomireglementet i visse tilfelle.

For øyremerkte tilskot til utviklingsretta aktivitetar i regi av FN kan opptil 1 pst. av bidraget brukast til å finansiere FNs stadlege koordinatorsystem (jf. FN-res. 72/279 vedteken i 2019).

Fondsoppbygging for framtidige utbetalningar for verifiserte utsleppsreduksjonar

Varig skogbevaring i utviklingsland krev store investeringar for berekraftig utvikling. Tilgang til føreseieleleg finansiering av REDD+-investeringar er dermed ein føresetnad for å nå måla til Klima- og skoginitiativet. Det kan difor utbetalast midlar frå posten til multilaterale satsingar for framtidig betaling for utsleppsreduksjonar, til dømes Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) i Verdsbanken. I tråd med romartalsvedtak IX kan det òg betalast til finansieringsmekanismen Emergent for vidare betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar frå tropisk skog i tråd med måla for Klima- og skoginitiativet.

Fondsoppbygging gjennom multilaterale satsingar skal vurderast separat for kvart enkelt tilfelle og berre når følgjande kriterium er oppfylte:

- Betaling for resultat. Fondsoppbygging bør avgrensast til initiativ der Noreg medverkar til å byggje opp fond med eksplisitt formål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog.
- Utfall av forhandlingar. Nye unntak skal berre vurderast for initiativ der Noreg må ta omsyn til ein eller fleire andre store bidragsytarar og/eller praksis og behov hos multilaterale samarbeidspartnarar. Noreg skal i forhandlingar først ha prøvd å få gjennomslag for at midlane blir utbetalte til fondet etter at utsleppsreduksjonane er oppnådde.
- Forsvarleg forvaltning. Det må etablerast juridiske rammeverk og styringsstruktur knytte til fonda som sikrar god forvaltning av midlane. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar, skal Noreg prøve å etablere felles forvaltningskrav som sikrar effektiv forvaltning.

Utvikle og spreie kunnskap om måla til Klima- og skoginitiativet

Global oppslutning er ein premis for å nå måla til Klima- og skoginitiativet. For å medverke til dette blir det støtta tiltak for å utvikle og spreie kunnskap som er relevant for målsetjingane til Klima- og skoginitiativet slik dei er beskrivne over. Det kan søkjast om tilskotsmidlar til kunnskapsformidling retta mot endringsaktørar og premissleverandørar globalt eller nasjonalt, mot marknadsaktørar og mot befolkning i skogland, gjevjarland eller globalt. Tiltak med mål om å formidle kunnskap kan få tilskot. Opplæring og kunnskapsproduksjon kan inngå som ein del av prosjektet.

Oppfølging og kontroll

For kvar utbetaling skal det rapporterast på oppnådde resultat i samsvar med dei inngåtte avtalane og måla med tilskotet. Tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismer mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar skjer etterskotsvis. Utbetalingane vil skje til fond, der fondsforvaltaren er tilskotsmottakar. I visse høve vil det vere ønskeleg å betale ein viss del vidare frå fondet på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken. Ved delegert samarbeid om betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar kan forvaltninga delegerast til ein annan donor. Klima- og miljødepartementets oppfølging av midlane blir da teken vare på gjennom avtalen mellom Noreg og den forvaltninga er delegert til. Eit døme på eit slikt delegert samarbeid er REDD Early Movers (REM)-samarbeidet med det tyske KfW. For tilskot til FN-organisasjonar skal regelverket i den enkelte organisasjonen leggjast til grunn for oppfølgings- og kontrolltiltak.

Avtalar om utbetalingar til fond bør gje høve til kontroll og tilbakebetaling av tilskotet innanfor eit rimeleg tidsrom dersom det ikkje er forvalta i tråd med intensjonen. Ved utbetalingar til fond må det avtalast at fondet berre kan bruke norske midlar på tiltak som er godkjende som offisiell bistand (ODA). I tillegg skal avtalane slå fast at tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismer mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar i dei vidare utbetalingane til ODA-godkjende aktivitetar, og at det blir rapportert på oppnådde resultat. Avtalane skal vidare medverke til måla til Klima- og skoginitiativet om reduserte klimagassutslepp, biologisk mangfald og berekraftig utvikling.

Rapport 2020

Meir informasjon om innsatsen under Klima- og skoginitiativet finst på www.nicfi.no.


Måla til Klima- og skoginitiativet er at redusert og reversert tap av tropisk skog medverkar til eit meir stabilt klima, meir bevart naturmangfald og meir berekraftig utvikling. Under hovudmålet er det to delmål: (i) berekraftig arealforvaltning av tropisk skog i utviklingsland og (ii) redusert press på skogen frå globale marknader. Klima- og skoginitiativet utvikla i 2019 eit strategisk rammeverk for innsatsen som viser samanhengen mellom desse måla og set resultatmål som styrer innsatsen til initiativet, sjå figur 8.2.

- Rapporten for Klima- og skoginitiativet for 2020 er strukturert etter rammeverket:
- Rapportdel 1: Resultat opp mot det overordna målet om redusert og reversert tap av tropisk skog
- Rapportdel 2: Gjennomgang av resultat i land der initiativet har eit bilateralt samarbeid om redusert avskoging
- Rapportdel 3: Rapportering på resultat i samsvar med resultatmåla, det nedste nivået i det strategiske rammeverket
- Rapportdel 4: Tverrgående innsats på tvers av resultatmåla i det strategiske rammeverket

Rapportdel 1: Overordna mål om redusert og reversert tap av skog

Trass i ei aukande erkjenning i verda av rolla skogen har i eit stabilt klima og for bevart naturmangfald, går utviklinga i feil retning. Uavhengige analysar av satellittdata gjorde av Global Forest Watch viser at 2020 var det tredje verste året for tropisk naturskog i dette tusenåret. Berre i åra 2016 og 2017 gjekk det tapt større areal med naturskog, ifølgje denne kjelda. I 2020 var tapet av naturskog 12 pst. høgare enn tapet i 2019, og eit område tropisk naturskog på storleik med Sveits vart øydelagt.

Også FN's mat- og jordbruksorganisasjon, FAO, viser at avskoginga held fram. I den femårige rapporten Forest Resource Assessment 2020 blir det slått fast at verda mista 10 mill. ha skog kvart år mellom 2015 og 2020. Det er særleg verdt å merke seg at det etter sterk auke dei siste åra no er Afrika som er verdsdelen med høgast netto avskoging. Ei aukande befolkning og fattigdomsdrive småskalajordbruk fører til meir intensiv bruk av skogen og ekspansjon inn i tidlegare urørt naturskog.



Figur 8.2 Det strategiske rammeverket til Klima- og skoginitiativet

Klima- og skoginitiativet skal medverke til å redusere tapet av tropisk skog, sjå det strategiske rammeverket for initiativet i figur 8.2. Dette skjer gjennom fleire inngangsvinklar (jf. resultatmål i det strategiske rammeverket). I dei landa som har gjort mest framgang i arbeidet med å forvalte areala sine på ein berekraftig måte, betaler Klima- og skoginitiativet land etterskotsvis for dokumenterte reduserte utslepp frå skogen. Ein indikator på måloppnåing for Klima- og skoginitiativet er difor talet på tonn reduserte utslepp initiativet har betalt for. I tillegg støttar Klima- og skoginitiativet innsatsen og investeringane for å redusere utslepp i landa.

Frå Klima- og skoginitiativet starta i 2008 til 2020, har initiativet samla betalt 10 mrd. kroner for 320 mill. tonn reduserte utslepp frå tropisk skog i Brasil, Guyana, Colombia og Ecuador. Det gjev utsleppsreduksjonar tilsvarande meir enn seks års utslepp frå Noreg, til ein gjennomsnittleg pris på 31 kroner per tonn. Noreg har berre betalt for ein brøkdel av dei samla utsleppa landa har gjennomført i perioden, samla utsleppsreduksjonar frå skogen er på over 4 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar. Den største delen er frå brasiliansk Amazonas for resultat i åra 2007–2017. Reduksjonen her utgjer meir enn 70 gonger årlege norske utslepp. Samstundes har vi mekanismar som inneber at når land sluttar å levere utsleppsreduksjonar, slik tilfellet har vore i Brasil dei siste åra, stoppar beta-

lingane opp òg. Likevel har støtta til reformer i Brasil hatt varig effekt: Trass i tilbakegang under Bolsonaro-regjeringa er avskoginga framleis om lag 40 pst. lågare enn nivået før reformperioden vart innleidd.

I 2020 leverte Indonesia og Gabon resultat i form av utsleppsreduksjonar (sjå meir under).

Rapportdel 2: Innsats i Klima- og skoginitiativets partnerland

Bakgrunn og utfyllande informasjon om dei enkelte landsamarbeida er å finne på www.nicfi.no.

Indonesia

Indonesia har hatt ein betydeleg nedgang i avskoginga sidan 2015. Resultata følgjer eit tiår med omfattande reformer og innsats for auka berekraft innan skog- og arealbruk. Noreg inngjekk eit klima- og skogpartnerskap med Indonesia i 2010, og sidan den gongen har dei indonesiske styresmaktene varig verna meir enn 650 000 km² naturskog. Gjennom sanntidsovervaking og strengare regelverk har dei bremsa kraftig øydelegging av torvmyr og våtmarker, samt kutta utslepp frå skog- og myrbrannar. Dei har styrkt både nasjonal lovhandheving og lokal skogforvaltning, samstundes med at viktige regjeringsrøyster over tid har arbeidd for auka miljømedvit i næringsliv

og folket. Innsatsen har verka. Førebelse tal syner ein klart fallande og monaleg årleg avskogingstrend med global relevans, og i 2020 synte den første sjølvstendige verifiseringa at skogresultata for 2016–2017 var på 17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar relativt til det førre tiåret. Ein bilateral protokoll med reglar for resultatbasert utbetaling syner at Indonesia kan få betalt for 11 mill. av desse tonna. Noreg avgjorde i juni 2020 å betale for heile det oppnådde resultatet og lova å betale 530 mill. kroner. Utbetalinga føreset at det nyoppretta miljøfondet Indonesia Environment Fund (IEF) blir operativt. Dette medverkar til å nå Klima- og skoginitiativets overordna mål i 2020 om reduserte og reverserte tap av tropisk skog.

Noreg og Indonesia markerte i 2020 ti års klima- og skogsamarbeid, men pandemien har ført til at fysiske møte med styresmakter og partnarar har blitt avlyste, feltbesøk ikkje vore mogleg og det norske nærværet i Jakarta tidvis redusert. Indonesia har vore hardt råka av pandemien, både helsemessig og økonomisk. Det er framleis uklart korleis gjenoppbygginga vil påverke avskoginga i åra framover.

Det norskstøtta fleirgjevarfondet Forest Carbon Partnership Facility (FCPF), som er drive av Verdsbanken, hadde i 2020 god framdrift i provinsen Aust-Kalimantan. Programmet dekkjer 127 000 km² av provinsen og har mål om å redusere meir enn 86 mill. tonn CO₂-ekvivalentar av brutto utslepp i perioden 2020–2024. Verdsbanken signerte i 2020 ein kjøpsavtale med indonesiske styresmaktar om kjøp av inntil 22 mill. tonn av desse utsleppsreduksjonane. Det var òg framdrift i fleirgjevarfondet Initiative for Sustainable Forest Landscapes (ISFL) i provinsen Jambi på Sumatra, der førebuingane til å inngå ein kjøpsavtale for klimaresultat held fram.

Klima- og skoginitiativet har i 2020 ført vidare støtta til skogrike provinsar med eigne planar om skogbevaring og grøn utvikling. Noreg har saman med andre gjevarar sidan 2018 støtta styresmaktene i provinsane Vest-Papua og Papua gjennom strategiske partnerskap med sivilsamfunnsorganisasjonar. Pandemien har òg forseinka arbeidet i stor grad, der særleg involvering av lokalsamfunn er krevjande med omfattande reiserestriksjonar. Dette gjeld ei rekkje av prosjekta Noreg støttar.

Indonesia har i dag verna permanent 650 000 km² primærskog og innførte i 2018 eit treårig forbod mot nye palmeoljekonsesjonar. Samstundes utferda presidenten ein instruks om å gå gjennom dei eksisterande konsesjonane for å sjekke lovlegeita og forsvarleg drift. Så langt har regjeringa til-

bakekalla fleire lisensar for planlagde nye plantasar.

Noreg støttar ein lisensgjennomgang i regi av provinsstyresmaktene, lokale styresmakter og anti-korrupsjonsbyrået (KPK) for Vest-Papua. I august 2020 vart den første palmeoljelisensen på 98 km² tilbakekalla i Sorong-distriktet. 78 km² av dette området var framleis intakt regnskog. Den indonesiske sivilsamfunnsorganisasjonen Econusa er sentral i arbeidet i samarbeid med Regnskogfondet.

Noreg har halde fram med å støtte opp om betre handheving av lover for å kjempe mot ulovleg hogst i Indonesia. Samarbeidet med antikorrupsjonsbyrået i Indonesia, KPK, vart vidareført gjennom 2020.

Noreg har sidan 2016 støtta arbeidet til det indonesiske torvmyrbyrået og har mellom anna medverka til skiping av eit eige overvakingssystem for torvmyr, skiping av landsbygrupper for brannførebygging og torvmyrutbetring og testing av nye næringsveggar for lokalsamfunn busett rundt desse våtmarkene. Overvakingssystemet gjer sanntidsovervaking over arealbruksendringar av all indonesisk torvmyr mogleg, medverkar til betre transparens i forvaltninga av torvmyr og gjer det mogleg å komme med rask respons ved brann eller anna form for øydelegging. I desember 2020 vart byråmandatet forlengt for fire nye år. Samstundes vart ansvaret for mangroverestaurering lagt til oppgåvene.

Medan 2019 var prega av tørke og skogbrannane i skog- og myrareal på 15 200 km², gjekk desse tala synleg ned i 2020. Styresmaktene sine eigne tal syner at om lag 3 000 km² var råka av brann i 2020, noko som utgjer ein reduksjon frå 2019 på cirka 81 pst. Fleire torvmyrrike provinsar på Sumatra og Kalimantan stod for mykje av denne nedgangen. Ser ein på enkeltår sidan 2015, er det store årlege variasjonar, medan trenden samla sett for perioden syner ein markant nedgang i utslepp frå brannar.

Eit betydeleg historisk bidrag til avskoginga i Indonesia er låg produktivitet i palmeoljesektoren. Årviss vekst har vore sikra gjennom tilrettelegging for auka plantasjeareal i naturskog og myr. Her har regjeringa endra politikk og praksis og krev at vekst må sikrast på eksisterande areal. Noreg har støtta eit prosjekt gjennom Nebraskauniversitetet kalla Global Yield Gap Atlas, der det i samarbeid med Indonesias landbruksdepartement ser på korleis intensivering av palmeoljeproduksjon på eksisterande småbrukarplantasar kan aukast utan å utvide plantasjearealet. Prosjektet har funne eit mogleg produktivitetsgap på inntil

42 pst. og vil fremje ulike metodar for å auke produktiviteten, inkludert replanting av gamle tre. Noreg bidreg til ei slik omstilling på fleire måtar. Eit prosjekt i regi av Nordic Microfinance Initiative og Norfund skal gje småbønder i provinsen Vest-Kalimantan tilgang på mikrofinans for å auke produktiviteten, mot at dei ikkje medverkar til avskoging. Framdrifta i prosjektet har i 2020 vore forseinka av pandemien. Noreg samarbeider med Indonesia og selskap i palmeoljesektoren om avskogingsfrie verdikjeder via den internasjonale Tropical Forest Alliance.

Det vart utbetalt 410 mill. kroner til innsatsen i Indonesia i 2020. I tillegg støtta Noreg ei rekkje sivilsamfunnsorganisasjonar med til saman 71,5 mill. kroner gjennom Klima- og skoginitiativets sivilsamfunnsportefølje.

Brasil

Brasil var lenge ei suksesshistorie. Partnerskapen med Noreg (frå 2008) medverka til ein reduksjon på nær 80 pst. i avskoginga i Amazonas i forhold til gjennomsnittet for åra 1996–2005. Dette gav utsleppsreduksjonar på fleire mrd. tonn CO₂-ekvivalentar i åra fram mot 2015. Dei norske bidraga gjennom Amazonasfondet støtta mellom anna 100 verneområde, samla på storleik med Frankrike, miljøregistrering av areal i om lag same storleiken og innsats for å slukke brannar. Bolsonaro-regjeringa har freista å snu denne framgangen og lagt til rette for avskoging og åtak på urfolk. Uheldig utvikling i nasjonal politikk er ein reell risiko i all bistand, men trass i krisa har støtta vår til reformer hatt varig effekt: Sjølv om det har vore tilbakegang under Bolsonaro-regjeringa, er avskoginga framleis om lag 40 pst. lågare enn nivået før reformperioden vart innleidd. Vi har frose ubrukne midlar i Amazonasfondet. For å opne fondet på ny må avskoginga ned, Brasil må ha ein truverdig skogpolitikk, og styret i fondet skal reetablerast. Nye utbetalingar til føderale styresmakter er neppe aktuelt under denne administrasjonen. Utbetalingar til Brasil vil dermed vere lågare i den nærmaste tida. Men dei store delstatane i Amazonas engasjerer seg i LEAF-koalisjonen (sjå nedanfor), og norsk støtte til urfolk, sivilt samfunn og delstatar er viktig for å demme opp for utviklinga. USA, Storbritannia og Tyskland er sterke allierte i arbeidet. Saman med desse landa arbeider vi også for å styrkje skoginnsatsen i andre land i Amazonas (40 pst. ligg utanfor Brasil).

Avskoginga i Brasil har auka etter 2015 og har særleg skote fart frå og med skogåret 2018–2019.

Tal frå Brasils institutt for romforskning (INPE) syner ein avskoging på 11 088 km² i 2019–2020, ein ytterlegare auke på 10 pst. frå skogåret 2018–2019.

Dei politiske forholda for skogsamarbeidet i Brasil endra seg drastisk med innsetjinga av Jair Bolsonaro som president 1. januar 2019. Dei siste par åra har miljø- og urfolksinstitusjonar blitt systematisk bygde ned og sivilsamfunn blitt marginaliserte. Det brasilianske miljøpolitiet IBAMA, Biomangfaldsinstituttet ICMBIO og Urfolksdirektoratet FUNAI har alle fått omfattande kutt i budsjetta. Talet på feltoperasjonar for å avdekkje skogkriminalitet har blitt kraftig avgrensa, og talet på bøter for ulovleg avskoging er kraftig redusert. Styresmaktene i Brasil har i 2020 òg foreslått å innføre reguleringar som legaliserer storskala landokkupasjon, og som delvis opphevar avgrensingane på jordbruksproduksjon i delar av Amazonas som nyleg er avskoga. Det ligg føre storstilte planar for nye infrastrukturprosjekt, og forslag om å opne urfolksområde for gruvedrift er fremja for den brasilianske kongressen. Totalbiletet er ei reversering av mange av dei viktigaste tiltaka Brasil har nytta for å få avskoginga ned, og dette trass i at Brasil har potensial til å auke landbruksproduksjonen dramatisk utan avskoging.

Utviklinga sidan januar 2019 viser kor politikkdriven avskoginga er. Når styresmaktene regulerer og overheld lova, går avskoginga ned, men byggjer dei ned overvaking og lovhandheving og signaliserer straffefridom, går avskoginga opp. Dei bilaterale samarbeida Noreg har, inkludert det med Brasil, er godt innretta for å støtte opp om politikk som fungerer, og redusere støtta når politikken går motsett veg. Noreg har – tett koordinert med EU, Tyskland, UK og USA – uttrykt tydeleg uro over utviklinga og parallelt med diskusjonar med styresmaktene også auka støtta til ikkje-statlege aktørar.

Sommaren 2019 kunngjorde Noreg at det ikkje ville vere mogleg å gje fleire bidrag til Amazonasfondet fordi brasilianske styresmakter hadde avvika sentrale delar av styringsstrukturen i fondet. Midlar som ikkje allereie er fordelte til konkrete prosjekt, vart frosne fram til brasilianske styresmakter igjen set i verk tiltak som reverserer den auka avskoginga i Amazonas, utviklar ein ny strategi for korleis avskoginga skal vidare ned, og gjenreiser styringsstrukturen i fondet. Amazonasfondet har i 2020 halde fram med å betale ut kontraktsfesta midlar til den eksisterande prosjektporteføljen. Det har vore diskusjonar om ei mogleg gjenopning av fondet, utan at Brasil og Noreg så langt har komme fram til ei løysing.

Fram til og med 2020 har Amazonasfondet samla fordelt om lag 4,4 mrd. kroner til 103 ulike prosjekt i regi av eit breitt spekter av styresmaktinstitusjonar, universitet og forskingsinstitusjonar, frivillige organisasjonar og urfolksgrupper. Fondet har vore med på å støtte verneområde i Amazonas, registrering av eigedommar, støtte til produksjon og marknadsføring av berekraftige produkt og til å redusere inngrep i urfolksterritorium. Det er gjennomført fleire uavhengige evalueringar av Amazonasfondet. Den hittil siste vart gjennomført i desember 2019 og konkluderte mellom anna med at fondet har vore eit svært viktig instrument for å redusere avskoginga i Amazonas sidan opprettinga i 2008.

Brasil har gjennom heile samarbeidsperioden frå 2008 hatt eit godt utvikla system for måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp frå skog (MRV) i Amazonas-biomet. Noreg har lenge hatt dialog med Brasil om å utvide systemet til å dekkje heile landet, særleg den brasilianske savanneskogen Cerrado. Avskoginga i Cerradoområdet låg vesentleg høgare enn i Amazonas i tiårsperioden fram til 2016. Dei siste åra har avskoginga i Cerradoen falle. Ifølgje det brasilianske rominstituttet (INPE) forsvann 7 340 km² skog frå Cerradoen i 2020. 6 483 km² forsvann i 2019. Allereie no er om lag halvparten av Cerradoen omgjord til jordbruksland.

Noreg har i 2020 ytterlegare styrkt innsatsen for å fremje urfolk sine rettar og sikre berekraftig utvikling i urfolksområde i Amazonas, gjennom støtte til 40 urfolksorganisasjonar og frivillige organisasjonar som støttar urfolk. Dette medverkar til betre styresett i skog- og arealforvaltninga og vil setje organisasjonane i stand til å på sikt kunne ta imot direkte støtte frå Amazonasfondet og andre finansieringskjelder. Noreg har òg medverka til å utvikle nye modellar for å finansiere at urfolk får kontroll over territoria sine, mellom anna gjennom skiping av spesielle urfolksfond. Eit nytt nettverk for urfolk vart i 2020 etablert i samarbeid med den nasjonale paraplyorganisasjon for brasilianske urfolk, APIB, og advokatorganisasjonen Pro Bono. Meir enn 850 000 sider med dokumentasjon om rettane til urfolk og avgrensingsprosessar er i tillegg blitt digitaliserte og katalogiserte. Desse dokumenta skal gjerest tilgjengelege for eit breiare publikum i første halvdel av 2021. Ein treårig avtale vart underteikna med UN Women for å fremje kilombolakvinner (etterkommarar etter rømde slavar) sine rettar.

Utan ein landbruksøkonomi som legg til rette for private investeringar i avskogingsfrie forsyningskjeder, vil det truleg bli vanskeleg å nå Bra-

sils klimamål. Noreg førte vidare og styrkte i 2020 satsinga på meir direkte kontakt med enkelte delstatar og private aktørar om utviklinga av ein grøn økonomi. Norskestøtta initiativ som legg vekt på privat-offentleg samarbeid er og ført vidare. Eitt av desse er det globale initiativet Tropical Forest Alliance (TFA). TFA støttar selskap som har lovd å fjerne tropisk avskoging i eigne forsyningskjeder knytt til viktige globale råvarer, mellom anna soya og kjøtt. Noreg støttar òg sekretariatet til eit nytt initiativ frå ei gruppe progressive investorar med mellom anna Storebrand i spissen, som har innleidd ein policydialog direkte med styresmaktene i Brasil. TFA er saman med det nederlandske berekraftinitiativet IDH særleg aktive i delstaten Mato Grosso. Noreg støttar implementering av berekraftstrategien Produce, Conserve, Include (PCI) i delstaten gjennom IDH og TFA. Mato Grosso kvalifiserte seg tidleg som mogleg mottakar av investeringar frå det norskfinansierte &Green Fund, som investerer i berekraftige forsyningskjeder. I 2020 vart det signert ein låneavtale med selskapet Roncador som vil leggje om til ei meir arealeffektiv drift der soya og kveg blir produserte vekselvis på det same landområdet. Fondet var også i forhandlingar med Marfriq, ein av dei største kjøttprodusentane i verda, om ein mogleg avtale om kjøttproduksjon utan avskoging.

Om lag ein tredel av Amazonasskogen er privateigd, og landeigarar har ofte lovleg rett til å avskoge (typisk opptil 20 pst. av eigedommen). Noreg held i 2020 fram arbeidet med å støtte det brasilianske sivilsamfunnet, academia og privat sektor med å utvikle nye tilnærmingar for å implementere den brasilianske skoglova, redusere *lovleg* avskoging og oppnå berekraftige forsyningskjeder. Det er inngått avtale med sivilsamfunnsorganisasjonen IPAM om å føre vidare eit pilotprosjekt for å kompensere soyabønder for ikkje å hogge skogen dei har lov til å hogge på sine eigne eigedommar, CONSERV. Den same organisasjon tek òg imot midlar frå Noreg for arbeid for å gjere gjennomføringa av den brasilianske skoglova meir effektiv. Det er ført vidare ein avtale med Igarape Institute for å kartleggje og synleggjere miljøkriminalitet i Amazonasskogen. Det er og gjeve midlar til Climate Policy Initiative i Brasil, som går til å forbetre styresmaktene si implementering av skoglova, til å innføre miljøkriterium for jordbruksubsidiar og til å gjere infrastrukturbygging meir berekraftig. Ein avtale med sivilsamfunnsorganisasjonen Imazon om å forbetre varslinga av avskoging og ulovleg hogst med sikte på å auke effektiviteten i lovhandhevinga, er vidareført i 2020.

Det vart i 2020 ikkje utbetalt midlar frå Noreg til Amazonasfondet. Det vart i 2020 utbetalt til saman 53 mill. kroner til urfolksgrupper og andre organisasjonar som er omtalte over. I tillegg vart sivilsamfunnsorganisasjonar støtta med til saman 53 mill. kroner i Brasil gjennom sivilsamfunnsporteføljen som blir forvalta av Norad.

Guyana

Guyana har lykkast med å halde avskoging svært låg sidan Noreg og Guyana inngjekk eit bilateralt klima- og skogsamarbeid i 2009. Pengane som Guyana har tent opp gjennom klima- og skogpartnarskapet, skal brukast til å gjennomføre Guyanas nasjonale strategi for grøn utvikling. Strategien legg vekt på framleis låg avskoging og behov for nye politiske reformer for å sikre auka involvering av mellom anna urfolka som forvaltar skogen. Styresettet i skogsektoren i Guyana er blitt betydeleg betra dei siste åra. Mellom anna har Guyana bygd eit robust skogovervakingssystem av svært god kvalitet.

Det vart i 2019 gjort ei utbetaling på 393 mill. kroner til Guyanas REDD+ Implementation Fund (GRIF). Utbetalinga er basert på resultat for perioden 2013–2016, tilsvarande 43 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Utbetalinga utgjer dei resterande midlane under den bilaterale avtalen frå 2009, og det vart ikkje gjort noka utbetaling for resultat i 2020. Av totalt rundt 1,5 mrd. kroner utbetalt i avtaleperioden, er 1,3 mrd. kroner utbetalt for oppnådde resultat under avtalen. Dei resterande 200 mill. kronene har gått til førebuarande tiltak. Dei utbetalte midlane har gått til å gjennomføre ei rekkje prosjekt knytte til dei ulike milepålane for samarbeidet, mellom anna oppbygging av eit skogovervakingssystem, forbetra skogforvaltning og sikring av landrettane til urfolk. Om lag 600 mill. kroner har vore administrativt plasserte i Den interamerikanske utviklingsbanken, i vente på ei avklaring om korleis midlane kan investerast i prosjekt for å utvikle fornybar energi.

I 2020 var avskoginga på 10 232 ha, ein avskogingsrate på 0,057 pst. I desember 2020 leverte Guyana eit konseptnotat for verifisering av utsleppsreduksjonar for åra 2016–2017 til Architecture for REDD+ Transactions (ART). 2020 var eit år prega av politisk uro i Guyana. Det tok lang tid å få på plass ein ny administrasjon etter presidentvalet i mars, og den nye presidenten Irfaan Ali tiltrådte ikkje før i august. Dei siste åra har det vore funn i Guyana av nokre av dei største olje- og gassreservane i verda, og i desember 2019 starta ExxonMobil opp oljeproduksjon. Den nye presi-

denten og visepresidenten har erklært at det framleis er ønskjeleg med ei grøn økonomisk utvikling for Guyana, inklusive ei vidareføring av skogpartnarskapet med Noreg.

Landet har også vore hardt ramma av covid-19-pandemien. Dette har ført til forseinkingar i budsjettforhandlingane og også i implementeringa av nye prosjekt. Arbeidet med å styrkje landrettar for urfolk har også vore forseinka grunna regjeringskifte og covid-19.

Avtaleinngåing med EU om ein handlingsplan mot ulovleg hogst og handel med tropisk tømmer (Forest Law Enforcement, Governance and Trade) i 2018 har ført til innstramming av lovverk innanfor skogbruket. Vidare har deltaking i Extractive Industries Transparency Initiative (EITI) i 2017 ført til ein meir open prosess i konsesjonstildeling innanfor gruvesektoren, som er den største drivaren bak avskoging i Guyana.

Det vart i 2020 utbetalt om lag 10 mill. kroner til Guyana gjennom organisasjonen Conservation International til arbeid knytt til skogovervakingssystemet i landet. I tillegg vart det utbetalt 25,5 mill. kroner til sivile samfunnsorganisasjonar i Guyana gjennom Norads sivilsamfunnsportefølje.

Colombia

Under klimatoppmøtet i Madrid i desember 2019 vart klima- og skogsamarbeidet mellom Noreg, Colombia, Tyskland og Storbritannia forlenget fram til 2025. I den fornya avtalen set Colombia seg mål om å halvere avskoginga nasjonalt innan 2025. Noreg, Tyskland og Storbritannia har lovd å støtte opp om Colombias ambisiøse mål med opptil 3,3 mrd. kroner. Seint i 2020 vart det oppnådd einigheit om milepålar, indikatorar og styrings- og rapporteringsmekanismar for skogsamarbeidet.

Noreg lovar støtte til Colombia på opptil 400 mill. kroner årleg for reduserte klimautslepp fram til 2025, dersom Colombia lykkast med å redusere avskoginga nasjonalt. I tillegg vil Noreg medverke med opptil 470 mill. kroner fram til 2022 som betaling for gjennomførte reformer og tiltak som står i erklæringa.

Avskoginga auka frå 1 589 km² i 2019 til 1 717 km² i 2020, med andre ord ein auke på 124 km². Amazonas-biomet vart hardast ramma, men også i Andesregionen vart det registrert ein betydeleg auke. Ein auke i avskoginga i 2020 representerer eit brot på den positive utviklinga i 2019 og 2018 da det vart registrert redusert avskoging både på landsbasis og i Amazonasbiomet.

Den auka avskoginga var knytt til endringar i dynamiskar som følgje av fredsprosessen. Illegale

væpna grupperingar og organiserte kriminelle nettverk har klart å få seg større innpass i Amazonasbiomet. Dette har gjort det vanskelegare for sivile offentlege kontrollorgan og for miljø- og bistandsaktørar å operere i regionen. Spesielt alvorleg er situasjonen i enkelte urfolksterritorium i vestlege delar av Amazonas. Effekten vart forsterka av at fleire styresmaktsorgan reduserte feltaktivitetar for å verne eige personell mot koronasmitte og for å forhindre at smitta vart bringa inn til sårbare lokalsamfunn i rurale strøk.

Noreg hadde innan utgangen av 2020 betalt i alt 325 mill. kroner til Colombia for oppnådde reduksjonar i utslepp frå avskoging i colombiansk Amazonas gjennom REDD Early Movers-samarbeidet (REM), som er forvalta av den tyske utviklingsbanken (KFW). Utbetalingane gjeld ein del av Colombias reduserte avskoging i Amazonas i perioden 2013–2016, som til saman gav utsleppsreduksjonar berekna til 41,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Den norske støtta til Amazonasvisjonen har skapt alternative inntektskjelder for lokalbefolkninga som tidlegare har levd av å hogge skogen for å skape beitemark eller dyrke koka. Støtta har også bidrege til å styrkje rettane til urfolk og forbetre styresettet og arealplanlegginga i skogsektoren.

Under den fornya skogavtalen er målet så snart som mogleg å kunne betale Colombia for utsleppsreduksjonar frå redusert avskoging på nasjonalt nivå.

Sjølv om pandemien sette grenser for full operasjonalisering av tiltak for å avgrense avskoging, gjekk arbeidet vidare og leverte viktige resultat. I desember 2020 utvida Colombia to store urfolksterritorium med så mykje som 140 000 ha. Delvis takka vere støtte via Norads sivilsamfunnsportefølje har fire nye område blitt omfatta av Colombias lovgjeving knytt til etablering av urfolkskommunar.

Regjeringa Duque starta i 2020 utrullinga av ei storsatsing innan berekraftig bruk av ressursar i område som er omfatta av ulike typar verneregime og der staten har eigarskap til jorda. Under denne nye ordninga kan småbønder få bruksrett i desse områda – som ikkje omfattar nasjonalparker – mot at dei underteiknar kontraktar der dei forpliktar seg til å beskytte skog og andre naturressursar i området.

Noreg inngjekk i 2020 eit samarbeid med UNODC for å styrkje riksadvokatkontoret med å etterforske, straffeforfølgje og løyse komplekse avskogingssaker. Riksadvokatkontoret har vist stor handlekraft. Dei har for første gong arrestert personar skulda for å finansiere avskogingsopera-

sjonar og tre tidlegare ordførarar som er mistenkte for avskogingsrelaterede aktivitetar.

Colombia presenterte i 2020 eit nytt og forbedra nasjonalt utsleppsmål (NDC) til FN's klimakonvensjon, der utslepp skal reduserast med 51 pst. innan 2030 samanlikna med framskrivingar. Dette er betydeleg meir enn målet om 20 pst. frå 2015. Utslepp frå avskoging, landbruk og andre typar endringar i bruken av areal står for over halvparten av utsleppa til landet.

Trass i positiv og progressiv politikk på fleire område relaterte til klima- og skogsatsinga i Colombia, så er det framleis ei negativ utvikling når det gjeld drap på og truslar mot miljøforkjemparar, urfolksleiarar og afrocolombianske leiarar. Ifølgje ein rapport frå organisasjonen Front Line Defenders vart over halvparten av alle registrerte drap på miljøforkjemparar i heile verda i 2020 gjorde i Colombia.

Noreg utbetalte til saman 87,7 mill. kroner til Colombia i 2020. Gjennom Norads sivilsamfunnsportefølje vart til saman 60 mill. kroner utbetalte til organisasjonar i Colombia.

Peru

Førebelse tal frå 2020 viser at avskoginga auka til over 203 000 ha, ein auke på omtrent 37 pst. Avskoginga er anteken å følgje trendar frå tidlegare år der migrasjon og småskala landbruk er årsakene, men der arbeidsløyse som følgje av pandemien førte til ekstra press på skogen. Peru har så langt klart å unngå vekst i avskoging frå stor-skala plantasar.

Peru vart hardt råka av covid-19-pandemien i 2020. Landet hadde både høge smittetal og opplevde ein nedgang i økonomien. Budsjettkutt førte til mindre ressursar til å beskytte skogen mot truslar som ulovleg avskoging. På grunn av omsyn til smittevern har det også vore vanskeleg å arbeide med lokalbefolkninga som bur i regnskogen, for å gjennomføre tiltak for å stoppe avskoginga. Mange av desse er urfolk, som er særskilt sårbare. Noreg løyvde 15 mill. kroner i 2020 for særskilde tiltak retta mot situasjonen til urfolk under pandemien.

Peruanske styresmakter vidareførte likevel i 2020 ein storstilt aksjon mot ulovleg gruvedrift i Amazonas-fylket Madre de Dios. I dette fylket er gruvedrift hovudårsak til avskoging. Målet var å kjempe mot organisert kriminalitet og samstundes kunne medverke til nye inntektskjelder for lokalbefolkninga og restaurere store område som er blitt totalt raserte etter mange år med ulovleg

mineralutvinning. Nye data estimerer at avskoging i delar av området har gått ned med 78 pst.

Gjennom Interpol, Rhipto og UNODC har Noreg støtta opprettinga av ei ny spesialeining i politiet som etterforskar ulovleg avskoging. Eininga har i 2020 avdekt vidtrekkande korrupsjon og gjort ei rekkje pågripingar i delstatane Loreto og Madre de Dios. Til dømes er tenesmenen mistenkte for å ha utferd falske løyve for transport av ulovleg tømmer.

Peru lanserte i november 2018 ein handlingsplan for felleseklæringa dei har med Noreg og Tyskland. Sjølv om pandemien sette grenser for arbeidet, har denne blitt følgd opp i 2020. Handlingsplanen vart utarbeidd på tvers av fleire sektorar, mellom anna miljødepartementet, landbruksdepartementet og kulturdepartementet (urfolks-spørsmål) og skal rette innsats mot viktige milepålar i felleseklæringa. Til dømes fekk urfolkssamfunn i 2020 landrettar til 500 km², og sidan 2014 har nesten 20 000 km² blitt tilknytte slike rettar. Andre viktige milepålar inkluderer lovhandheving og arealplanlegging.

Skogarealplanar er under utvikling, og gjennom felleseklæringa var San Martin i 2019 første delstat som fekk godkjent ein arealplan for skogen i sitt fylke, på over 45 000 km². I 2020 har delstaten Ucayali følgd i fotspora til San Martin. Dei har gjennomført ulike analysar og utgreiingar som skal førebu delstaten sin eigen skogarealplan. Ein skogarealplan fører til at alle område dekte av skog blir knytte til ein kategori for verne- eller bruksformål med særskild ansvar. Forsking i Peru viser at areal som ikkje er knytta til slike kategoriar har større avskoging.

Peru leverte i 2020 inn eit samandrag til FNs klimakonvensjon for statusen på arbeidet deira med sikringsmekanismar knytte til skog. Det er ei viktig oppfølging av lovverket til klimakonvensjonen, og noko Peru også forplikta å gjere som del av samarbeidet med Noreg.

Noreg støttar gjennom amerikanske USAID eit springssystem for tømmer, som i 2020 vart utvida til delstaten Madre de Dios. I 2020 vart også arbeidet med å knytte ulike informasjonssystem saman vidareført, slik at ein enkelt kan følgje tømmeret via eit serienummer heilt frå hogstkonvensjon til sals- eller eksportpunkt.

Interfaith Rainforest Initiative bidrog i 2020 med mat og medisinar til avsidesliggjande urfolksgrupper og arbeidde for å skape medvit hos politikarane i Lima og i regionane om kor viktig det er at det fortset å vere urfolk i skogen.

Heilt på tampen av 2020 oppjusterte Peru utsleppsmålet sitt for 2030. Medan dei før hadde

lovd å redusere utslepp med 30 pst., auka dei lovnaden til 40 pst.

Det vart utbetalt 35,6 mill. kroner til Peru i 2020, til prosjekt i regi av UNDP, GGGI og USAID. I tillegg vart det utbetalt 44 mill. kroner til peruanske organisasjonar gjennom sivilsamfunnsporteføljen i Klima- og skoginitiativet, forvalta av Norad. Blant desse er Amazon Conservation Association, som publiserer analysar av fersk avskoging avdekt av satellittbilete. Ein av analysane førte til at peruanske styresmakter raskt rykte inn for å slå ned på ulovleg avskoging i tre ulike område i Madre de Dios-regionen.

Sentral-Afrika og Central African Forest Initiative (CAFI)

Sentral-Afrika har den nest største tropiske skogen i verda. Den demokratiske republikken Kongo (DRK) har om lag 60 pst. av skogdekket i regionen, medan resten fordeler seg på Republikken Kongo, Gabon, Kamerun, Den sentral-afrikanske republikken og Ekvatorial-Guinea. Avskoging i regionen har historisk vore relativt låg. Etter gradvis aukande avskoging det siste tiåret, tyder datamaterialet frå Global Forest Watch at avskoging dei siste åra har stabilisert seg på eit høgt nivå. Avskoging er størst i DRK. Den viktigaste årsaka til dette er svijordbruk, etterfølgt av produksjon av trekol rundt dei største byane. Sterk folkevekst (fordobling av folketalet på 20–25 år) og fattigdom er dei viktigaste underliggjande årsakene. Situasjonen i Kamerun har mange fellestrekk med DRK, medan Gabon, Republikken Kongo og Den sentral-afrikanske republikken har langt lågare befolkningspress og relativt låg avskoging. Ein større del av CO₂-utsleppa i desse landa kjem av skogdegradering gjennom selektiv hogst.

I 2015 vart Central African Forest Initiative (CAFI) oppretta som eit regionalt fleirgjevarinitiativ mellom sju gjevarland (EU, Tyskland, Frankrike, Storbritannia, Nederland, Sør-Korea og Noreg) og alle dei seks skoglanda i Sentral-Afrika. CAFI har som formål å medverke til styrkt koordinering og større mobilisering av finansiell støtte til nødvendige tiltak for å redusere avskoging i regionen innanfor ramma av forpliktande partnerskapsavtalar. CAFI er både ei plattform for koordinering og eit finansieringsinstrument (CAFI-fondet). Etter lanseringa i 2015 inngjekk Noreg ein avtale om inntil 2 080 mill. kroner i støtte til CAFI-fondet fram til 2020. I tillegg gav Noreg lovnad i 2019 om ekstra støtte til resultatbasert avtale med Gabon (sjå nedanfor). I 2020 tok

Tyskland over presidentskapet i CAFI etter Frankrike.

Det vart i 2020 utbetalt 400 mill. kroner til CAFI. I 2020 var bidraget frå Tyskland for første gong større enn det norske bidraget til CAFI (67,5 mill. USD mot 44,3 mill. USD).

Det vart òg utbetalt om lag 12 mill. kroner til sivilsamfunnsorganisasjonar i regionen gjennom sivilsamfunnsporteføljen som blir forvalta av Norad.

DR Kongo

Dei norske tilskotsmidlane går gjennom CAFI og vidare til det nasjonale REDD+-fondet i DR Kongo (FONAREDD), som er forvalta av FN. Framgangen mot milepålane i intensjonsavtalen mellom CAFI og DRK vart verifisert for andre gong i 2020. For svært mange milepålar har det vore ei positiv utvikling samanlikna med året før. Framgangen har vore god innan fleire sektorar, inkludert arealplanlegging og nasjonal landreform, medan det står mykje att før handhevinga av gjeldande nasjonale lover og regelverk innan skogbruket er tilfredsstillande.

Etableringa av CAFI/FONAREDDs programportefølje i DRK har teke lengre tid enn planlagt. Dette har samband med fleire regjeringsskifte sidan signeringa av intensjonsavtalen og grunnlege, men tidvis tunge prosedyrar hos implementerande partnerar, delvis som følgje av høgt risikonivå i landet. Ved utgangen av 2020 hadde styret i FONAREDD godkjent totalt 17 program med ei samla CAFI-utbetaling på 171 mill. dollar. Av dette har FONAREDD allereie overført om lag 150 mill. dollar til dei implementerande organisasjonane.

I 2020 har DRK vidareutvikla den nasjonale arealplanleggingspolitikken, og ei arealplanleggingslov er oversend parlamentet. Landreforma finansiert av CAFI blir rekna som vellykka. I reformprosessen har det vore lagt til rette for brei deltaking frå sivilsamfunn, urfolk og kvinner. CAFI har finansiert kompetanse- og kapasitetsutvikling i både arealplanleggingsdepartementet og departementet for landrettar. Eit større program til støtte for reformer i skogsektoren er under oppstart.

Covid-19-pandemien har påverka framdrifta under dei såkalla integrerte provinsprogramma, som investerer i mange ulike sektorar i utvalde provinsar. Likevel har programma i 2020 i fleire provinsar utarbeidd arealplanar på provinsnivå, medverka til betre tilgang på innsatsfaktorar til jordbruket, etablert lokale utviklingskomitear som skal bidra med utvikling av lokale arealfor-

valtningsplanar, og revitalisert lokale jordbrukskomitear. Dette er nødvendige føresetnader for å auke jordbruksproduksjonen lokalt og har medverka til at det i 2020 er etablert fleire titusen ha med berekraftig matproduksjon, avskogingsfri palmeolje og berekraftige treplantasjar for produksjon av brensel til matlaging. Det er også aukande fokus på naturleg regenerering av skog, med 87 000 ha etablert berre i provinsen Mai Ndombe i 2020. Eit nytt, stort familieplanleggingsprogram finansiert av CAFI medverkar til betre tilgang til prevensjon, slik at kvinner i større grad kan bestemme når og kor mange barn dei ønskjer, og dermed medverka til ein demografisk overgang i retning færre barn per kvinne. Trass i dei store utfordringane i 2020 har programmet levert om lag 850 000 Couple Year Protection (dekking av prevensjonsbehovet til eit par i eit år), tilsvarende 56 pst. av det planlagde programresultatet. Samla sett har fleire av dei implementerande organisasjonane brukt til dels lang tid på å komme i gang med programaktivitetane. CAFI har sett i verk fleire tiltak for å bøte på dette (inkludert gradvis overgang til nye partnerar der dette er nødvendig).

Den første intensjonsavtalen mellom CAFI og DRK gjekk ut i 2020 og vil etter planen bli erstatta av ny avtale i 2021. Det er forventa ein del endringar i den nye avtalen. Dei fleste investeringsprogramma som er sette i gang under den første intensjonsavtalen, vil likevel bli vidareførte.

Gabon

I 2017 inngjekk CAFI ein intensjonsavtale med Gabon med ei investeringsramme på 150 mill. kroner, utvida med 100 mill. i 2019. I tråd med intensjonsavtalen har Gabon i 2020 vedteke nye retningslinjer for tildeling av palmeoljekonsesjonar for å kanalisere palmeoljeproduksjonen til område med lite skog og biologisk mangfald, medan arts- og karbonrik skog blir verna. CAFI har støtta Gabon i utviklinga av den første Safeguard Information System-rapporten til landet og av referansenivå for skog til klimakonvensjonen. Eit nytt program godkjent av CAFI i 2020 skal hjelpe Gabon i innføringa av obligatorisk, internasjonalt anerkjend hogstsertifisering.

Under den resultatbaserte avtalen inngått i 2019 innleverte Gabon i 2020 ein resultatrapport til CAFI for resultatåra 2016–2017. Rapporten dokumenterte utsleppsreduksjonar på om lag 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar (3,4 mill. tonn etter fråtrekk av ein buffer), samanlikna med den historiske referanseperioden 2006–2015. Ved utgangen

av 2020 var den uavhengige verifiseringa av resultatata ikkje ferdigstilt.

Republikken Kongo

I 2019 inngjekk CAFI ein intensjonsavtale med Republikken Kongo med ramme på 65 mill. USD. Av dette har Noreg gjennom støtta til CAFI forplakta seg til eit bidrag på inntil 200 mill. kroner. Gjennom intensjonsavtalen forpliktar Republikken Kongo seg til vern om skogen og dei store torvmyrområda i landet. CAFI vil mellom anna gje støtte til arealplanlegging, avskogingsfritt jordbruk, berekraftig skogforvaltning og sterkare sivilsamfunnsdeltaking. Etter brei dialog med CAFI rundt oppsettet for samarbeidet har Republikken Kongo gjennom eit statsministerdekret etablert ein styringsstruktur for klima- og skogsektoren, som også inkluderer sivilsamfunnet. Arbeidet med utvikling og implementering av investeringsprogram er sett i gang.

Etiopia

Den største trusselen mot skogen i Etiopia er menneske som treng brensel og jordbruksland. Dette gjer generell utvikling, mellom anna utvikling av skogvennlege næringar som kan gje levebrød til fleire, saman med berekraftig arealforvaltning, særskild viktig. I mars 2019 vart eit utkast til nasjonale retningslinjer for arealplanlegging utarbeidd og lagt fram for statsministerkontoret. Vidare arbeid med godkjenning og iverksetjing av desse blir særskild viktig for å sikre heilskapleg forvaltning av land i Etiopia og at til dømes ein nødvendig auka jordbruksproduksjon ikkje har negativ effekt på skogen. Retningslinjene låg i 2020 framleis hos statsministerkontoret i vente på godkjenning frå regjeringa.

2020 har vore eit vanskeleg år for Etiopia. Grashoppesvermar har herja landet og jordbruksavlingar, covid-19-pandemien har hatt stor negativ effekt på økonomien, og på tampen av året braut det ut borgarkrig i Tigray. Like fullt har programma og prosjekta som Noreg støttar, hatt relativt god framgang. Det vart i 2020 gjennomført ei midtvegsevaluering av flaggskipprogrammet REDD+ Investment Programme (RIP). Sluttrapporten blir ferdigstilt først i 2021, men førebelse finn syner jamt over gode resultat.

I 2020 heldt etiopiske styresmakter fram arbeidet med skogbevaring. Gjennom RIP fekk 97 lokale kooperativ avgrensa til saman over 2000 km² skog. Dette er eit viktig steg i prosessen fram til juridisk bindande avtalar med styresmaktene

sikrar desse lokalsamfunna bruksrett til skogen, samstundes som dei forpliktar seg til å ta vare på han gjennom såkalla Participatory Forest Management-avtalar. Kooperativa arbeider òg med å utvikle inntektsgevande aktivitetar for å betre levekåra til dei som bur i og rundt skogen.

Skogplantingsagendaen har fått fornya merksemd etter at statsminister Abiy i 2019 lanserte sin Green Legacy-plan med mål om å plante 20 mrd. tre i løpet av 5 år. I 2020 rapporterte prosjektet å ha planta 5 mrd. tre. Det vart planta til saman 129 km² skog gjennom dei to norskestøtta programma RIP og Institutional Strengthening for the Forest Sector Development Programme i 2020. Dei same to programma sørgde for ulike aktivitetar for å rehabilitere om lag 2 400 km² degraderte skogområde.

Ei skogtransformasjonseining, Forest Sector Transformation Unit (FSTU), plassert hos den etiopiske skogkommisjonen med mandat til å utvikle nye løysingar for skogsektoren, inkludert tilrettelegging for berekraftige investeringar, heldt fram med arbeidet sitt i 2020. Ei rekkje program- og prosjektforslag vart utvikla og lagde fram for ulike potensielle samarbeidspartnarar. Det vart i 2020 klart at den koreanske motparten til Norad, KOICA, vil støtte eit bambusprosjekt med budsjett på 7,7 mill. USD. FSTU jobba i 2020 også vidare med eit investeringsfond som tek sikte på å finansiere privatsektor- og lokalsamfunnsprosjekt innan kommersielt skogbruk, restaurering og treforedling. Retningslinjer og prinsipp for fondet vart utvikla og sende på eksperthøyring.

Styresmaktene brukte i 2020 mykje tid på å identifisere manglar i skogovervakingssystema sine og å foreslå tiltak for å operasjonalisere dei. Dette vil betre oversikta styresmaktene har over skogen og verknadene av politikken deira, hjelpe dei med å kunne rapportere skogdata til FN's klimakonvensjon og å kunne ta imot resultatbaserte utbetalingar frå REDD+. Arbeidet med måling, rapportering og verifisering (MRV) vil halde fram med å vere ein prioritet for styresmaktene og samarbeidet dei neste åra. I 2020 sende Etiopia inn eit samandrag av ein oppdatert NDC til Klimakonvensjonen. Det er eit noko auka ambisjonsnivå, som allereie låg høgt på 64 pst. reduksjon i klimagassutslepp innan 2030, samstundes som det er arbeid med å betre datagrunnlaget.

Noreg gav i 2020 støtte til fem sivilsamfunnsorganisasjonar gjennom Klima- og skoginitiativet: World Agroforestry Center (ICRAF), Norwegian Forestry Group (NFG), Farm Africa, Wondo Genet College og Kirkens Nødhjelp. Tematisk støttar dei opp om arbeidet til styresmaktene

beskrive ovanfor. Dei fleste avtalane gjekk opphavleg ut i 2020, men alle avtalane er forlengde ut 2021.

I 2020 har ICRAF arbeidd med å samle inn data for å ferdigstille både eit «klimaatlas for treslag i Etiopia» og ein interaktiv internettportal der ein kan få informasjon om kva for treslag ein bør velje for ulike geografiar og bruksområde, og der ein kan finne kvalitetsfrø av dei ulike artane. I samarbeid med Kirkens Nødhjelp fremjar den ortodokse kyrkja verdien av skogen i samtalen med kyrkjelydane sine. Den ortodokse kyrkja i Etiopia har over 32 mill. medlemmer. I 2020 har prosjektet mellom anna utarbeidd metodologi om kyrkjeskog og grønne korridorar for å skalere opp kyrkjeskogprogramma og anna læremateriale. Dette medverka til at den ortodokse kyrkja utarbeidde ei eiga klimaerklæring i to lokale språk til bruk i seremoniar, liturgi og offentlege samanhangar. I 2020 identifiserte og kartla NFG sitt prosjekt i Amhara meir enn 600 km² med potensial for inngjerding og naturleg gjenvekst i Amhara-regionen. Det vart også utarbeidd lokale vedtekter for desse områda. Arbeidet til Farm Africa i Bale-regionen har ført til kontinuerleg lågare avskoging dei siste åra. Ein viktig del av dette er å skape skogvennlege inntektskjelder. I 2020 heldt Farm Africa fram med arbeidet med lokale kaffi-produiserande bønder med mål om å auke kvantitet og kvalitet og med å kople kaffikoooperativa til den internasjonale marknaden. I 2020 vart som eit resultat meir enn 9,5 tonn med avskogingsfri spesialkaffi av svært god kvalitet selde til marknader i Europa. Dette har i stor grad vore med på å auke gjennomsnittsinntektene til hushalda i området, som har stige frå 17 000 etiopiske birr i 2016 til over 32 000 birr i 2020.

Noreg støttar Verdsbankens program for berekraftige skoglandskap (BioCarbon Fund Initiative for Sustainable Forest Landscape), som samarbeider med Etiopia om å redusere utslepp og skape nye inntekter frå skogen i den største regionen i Etiopia, Oromia-regionen. Oromia er nesten på storleik med Noreg. Gjennom programmet er 18 mill. USD lovde fram til 2022 til førebuande aktiviteter. Samstundes har Etiopia over fleire år jobba med ein søknad som vil kunne gje Etiopia opptil 50 mill. USD dei neste 10 åra, dersom klimautsleppa i Oromia blir reduserte. Søknaden gjekk i 2020 gjennom ei ekstern vurdering av uavhengig tredjepart. Det er forventat at ein kjøpsavtale vil inngåast mellom Verdsbanken og etiopiske styresmakter for kjøp av utsleppsreduksjonar i 2021.

Trass i gode resultat ligg framgangen i klima- og skogsamarbeidet med Etiopia etter planen. I

tida etter oppstarten av samarbeidet har det vore spent fleire stader over lengre periodar, i tillegg har landet den seinaste tida også vore sterkt påverka av borgarkrig, covid-19-pandemi, gras-hoppesvermar, tørke og flaum. Det må òg understrekast at det generelle utviklingsnivået i landet, kapasiteten til styresmaktene, sterk befolkningsvekst og stor arbeidsløyse mellom unge, gjer at det vil krevje langsiktig innsats for å oppnå klare resultat. Trass i utfordringane ser vi politisk vilje til å arbeide vidare med klima- og skogagendaen i landet.

Totalt vart det utbetalt cirka 201 mill. kroner til klima- og skogtiltak i Etiopia i 2020. I tillegg vart 6,7 mill. kroner utbetalte til sivilsamfunnsorganisasjonar i Etiopia gjennom Norads sivilsamfunnsportefølje.

Liberia

Omtrent halvparten av den attverande vestafrikanske regnskogen ligg i Liberia. Dette er ein unik og sterkt trua skogtype med global verneverdi. Noreg har hatt ein avtale om samarbeid for å betre forvaltninga i skogsektoren sidan 2014, med ei finansiell ramme på opptil 1 mrd., avhengig av framdrift og resultat.

Sjølv om Liberia har unike skogar og store naturressursar, er det eit av dei fattigaste landa i verda. Akutte økonomiske utfordringar har prega dagsordenen dei siste åra. Mot slutten av 2019 bidrog ein avtale med det Internasjonale Pengefondet (IMF) til håp om ein meir stabil økonomisk situasjon. Den globale pandemien har likevel medført at kortsiktig krisehandtering framleis blir prioritert føre langsiktig forvaltning. Trass i utfordringar har det vore framdrift mot Klima- og skoginitiativets mål om berekraftig arealforvaltning gjennom i) betre offentleg tilgang til prosessar og dokument knytte til hogstkonsesjonar og betre oppfølging av avvik, ii) styrkt kapasitet og praksis for lokalbasert arealplanlegging, formalisering av dei tradisjonelle rettane lokalbefolkninga har til skog, og forvaltning av denne, iii) oppretting og forvaltning av verneområde og betra levekår for lokalbefolkning nær verneområde. Liberia har også levert og fått «godkjent» sitt nasjonale referansenivå for utslepp knytt til avskoging (Forest Reference Emission Level, FREL) i 2020.

Det vart i 2020 utbetalt 105 mill. kroner til Verdsbanken for investeringar i skogssektoren i Liberia gjennom *Liberia Forest Sector Project*. Det vart i tillegg utbetalt 9,8 mill. kroner til Liberia gjennom Norads sivilsamfunnsportefølje.

Tanzania

Noreg heldt i 2020 fram med støtta til Tanzanias National Carbon Monitoring Centre (NCCM) og styresmaktene sitt REDD+ Readiness-prosjekt ved visepresidentkontoret.

Til saman utbetalte Noreg i underkant av 5 mill. kroner til Tanzania i 2020 frå kap. 1482 post 73.

Rapportdel 3: Rapportering på resultatmålnivå

Styrkte rettar og betre levekår for urfolk og lokalsamfunn

Urfolk forvaltar ein stor del av tropisk skog gjennom tradisjonell kunnskap opparbeidd gjennom tusenvis av år, men manglar ofte anerkjenning og sikre landrettar for å halde fram med å utøve denne rolla frå nasjonale skogstyresmakter. Det inneber høg risiko for at skogen blir utnytta for andre formål, til dømes gjennom tildeling av konsesjonar for hogst, gruvedrift eller plantasjar. Dette misforholdet ligg bak mykje av avskoginga som skjer i tropisk skog. Støtte til urfolk og lokalsamfunn skjer i hovudsak gjennom dei bilaterale samarbeida med skoglanda, gjennom støtta til sivilt samfunn og gjennom strategiske instrument som Tenure Facility. I dei fleste av partnerskapa til Klima- og skoginitiativet står urfolksinnsatsen sentralt.

Tenure Facility har som mål å styrkje landreformer og rettar for urfolk og lokalsamfunn i utviklingsland. Så langt har Tenure Facility medverka til å styrkje landrettane for urfolk og lokalsamfunn til over 14 mill. ha, irekna 4,4 mill. ha i form av offisielt anerkjende landrettar. Dei fleste av resultatane er oppnådde i Klima- og skoginitiativets prioriterte land. I Peru har Tenure Facility bidrege til å sikre 3,5 mill. ha juridisk som urfolksterritorium. Gjennom anerkjenning i lokale reguleringar har over 400 000 ha med urfolksterritorium blitt sikra i fire distrikt i Indonesia. I Liberia har 24 lokalsamfunn gjennomført kartleggingar, eit viktig steg på vegen til formell anerkjenning som landeigarar. Lokalsamfunna dekkjer eit areal på over 500 000 ha.

Som del av skogavtalen med Noreg har Peru så langt sikra urfolkssamfunn juridisk eigedomsrett til område på over 12 000 km². Colombia utvida i 2020 to sentrale urfolksterritorium med 1 400 km². Colombia inkluderte i 2020 fire større nye urfolksområde i prosessen med å etablere urfolkskommunar. Urfolk busette her vil få styrkt rettane sine og meir råderett over landområda sine.

I Ecuador blir det gjeve støtte til urfolkssamfunn gjennom det nasjonale programmet Socio Bosque, der ein inngår avtalar med lokalsamfunn for vern av skogen. I 2020 vart det mellom anna inngått nye avtalar for vern av opp mot 370 km², inkludert mangroveskog. Føreset at avtalane blir haldne, er desse samfunna sikra inntekter dei neste tjue åra. I DR Kongo vart ei lov om rettane til urfolk lagd fram for nasjonalforsamlinga for vedtak i 2021. I tillegg til å styrkje urfolk i Kongo sine kollektive landrettar til store naturskogsområde dei er avhengige av for levestøtte sitt, styrker lova rettane til kvinner særskilt, ettersom dei opplever ei dobbel diskriminering som del av ein undertrykt minoritet. Lova skal òg sikre urfolk helsetenester, utdanning og rettshjelp, men iverksetjing utgjer ei stor utfordring på dette som på andre område i DRK.

I Indonesia held arbeidet fram med å kartlegge områda til urfolk over heile landet, slik at dei kan søkje om å få anerkjent landrettane sine. Det er mellom anna viktig for at dei skal få del i resultatbaserte utbetalingar, slik som for Karbonfondet sitt program på Aust-Kalimantan. Klima- og skoginitiativet har støtta urfolksorganisasjonen AMAN, som var sentral da distriktet Manggarai Timur i Indonesia vedtok ei lov som anerkjenner rettane til urfolk. AMAN har støtta 29 urfolkssamfunn slik at dei har kunna kartlegge landområda sine, som er første steget for å sikre rettar til desse områda. Walhi, Naturvernforbundet sin indonesiske søsterorganisasjon, fekk med seg indonesiske styresmakter på å trekkje tilbake ein palmeoljekonsesjon på 10 000 ha i Riau på Sumatra etter å ha lagt fram bevis på at det aktuelle selskapet braut vilkåra for konsesjonen. Walhi arbeidde så med styresmaktene for å fordele dette området til lokalsamfunn i samsvar med landbruksreforma til styresmaktene.

Arbeidet for å sikre rettane til urfolk i Brasil, som har utgjort ein viktig føresetnad for redusert avskoging, er sett langt tilbake dei siste åra. Dette er eit resultat av nedbygging av urfolks- og miljøforvaltning og handheving av miljølover, oppløysing av styringsstrukturen i Amazonasfondet, stans i anerkjenning av urfolksterritorium og opning for hogst, gruvedrift og etablering av plantasjar i urfolksterritorium og verneområde. Frå norsk side har denne utviklinga vore møtt med auka støtte til urfolksorganisasjonar, mellom anna i form av ei styrking av eit særskild urfolksprogram for kapasitetsbygging, forsterka diplomatisk arbeid og målretta innsats gjennom offentleg-private partnerskap med privat sektor og punktstøtte til særleg utsette delar av miljøforvaltninga.

Noreg søkjer også å motverke eventuelle ringverknader regionalt og globalt gjennom støtte til frivillige organisasjonar som arbeider i fleire land og globalt. Mellom anna har RAISG-konsortiet tilrettelagt for dialog mellom urfolksorganisasjonar og styresmakter frå Brasil, Colombia, Ecuador og Peru om kor viktige landområda til urfolk er for å ta vare på naturskog og evna skogen har til å binde karbon. Bodskapen er underbygd av forskinga RAISG har gjort på feltet. Gjennom Governors Climate and Forest Initiative blir det gjeve støtte til innsats for urfolksrettar på regionalt nivå i fleire sentrale skogland. Rights and Resources Institute (RRI) har medverka til å sikre urfolk og lokalsamfunn deltaking og landrettar i Indonesia, Peru, DR Kongo og Liberia. I Peru bidrog International Work Group for Indigenous Affairs (IWGIA) til at ti nye tiltak vart inkluderte i forskriftene til Framework Law on Climate Change (LMCC), inkludert opprettinga av den første nasjonale klimaplattform for urfolk. Dette er ein viktig siger for urfolk i Peru og ei anerkjening av rolla deira i klimaarbeidet. Global Witness' arbeid medverka til at fleire donorar suspenderte finansiering til DR Kongo da det såg ut til at styresmaktene ville svekkje skoglovene i landet.

Klima- og skoginitiativet medverkar òg til at rettane til urfolk blir tekne vare på og styrkte i dei multilaterale kanalane som initiativet støttar, mellom anna gjennom sikringsmekanismer for bevaring av naturskog og deltaking frå urfolk og lokalsamfunn i arealplanar og nasjonale planar for reduserte utslepp frå skog. Strategiske instrument som Interfaith Rainforest Initiative og Rainforest Journalism Fund speler òg ei viktig rolle i å fremje rettane til urfolk og lokalsamfunn. Urfolk og lokalsamfunn utgjer vidare ein viktig del av dialogen med privat sektor om berekraftige forsyningskjeder, ikkje minst gjennom tiltak for å redusere risiko rundt investeringar i skog- og arealbruk. Dette heng saman med at mange konsesjonar for hogst eller etablering av plantasjar i utgangspunktet blir tildelte utan omsyn til landrettane urfolk har til dei same områda, noko som ofte fører til konflikt, både lokalt og i marknader som spør etter avskogingsfrie produkt. Ikkje minst ser det ut til at private selskap som investerer i karbonmarknader med høgare sosiale og miljømessige standardar, har aukande merksemd om styrking av rettane til urfolk og lokalsamfunn, med sikte på å tryggje investeringane og auke sjansane for at jurisdiksjonane dei investerer i, lykkast med å redusere utsleppa. Med sikre rettar til forvaltning av skog kan urfolk og lokalsamfunn bidra til måling og overvaking av utslepp frå skog,

ei tilnærming som har vore nytta med gode resultat mellom anna i Vietnam og Guyana. Noregs oppkjøp og tilgjengeleggjering av høgoppløyslege satellittdata kan òg setje urfolk og lokalsamfunn i stand til å dokumentere landrettar og varsle ansvarlege styresmakter om ulovleg hogst, gruvedrift og avskoging. Noreg har òg stått sentralt i at det vart skipa ei eiga plattform for urfolk og lokalsamfunn i klimaforhandlingane. Her søkjer urfolk og lokalsamfunn mellom anna å påverke dei nasjonale utsleppslovnadene (Nationally Determined Contributions) som landa melder inn til Parisavtalen, og integrering av den tradisjonelle kunnskapen til urfolk og lokalsamfunn i kunnskapsgrunnlaget for Klimapanelet. Tilsvarande arbeid for å integrere den tradisjonelle kunnskapen til urfolk og lokalsamfunn skjer i Naturpanelet under konvensjonen for biologisk mangfald. Regnskogsfondet og Sametinget bidreg også aktivt i dette arbeidet.

Størstedelen av støtta til urfolk er kanalisert gjennom dei bilaterale avtalane til Klima- og skoginitiativet og gjennom multilaterale fond og organisasjonar. 60 mill. kroner vart utbetalt til Tenure Facility og ytterlegare 34 mill. kroner til innsatsen frå sivilsamfunnsorganisasjonar for urfolk frå Klima- og skoginitiativets sivilsamfunnsportefølje i 2020.

Effektive internasjonale insentivstrukturar

For å sikre høg sosial og miljømessig integritet for REDD+-utsleppsreduksjonar i den frivillige og regulerte karbonmarknaden har Noreg støtta arbeidet med utvikling av ein ny, uavhengig høgkvalitetsstandard for REDD+. I 2020 sende dei første fem landa og delstatane inn konseptnotat til Architecture for REDD+ Transactions (ART), som er det første steget for å kunne registrere seg som leverandørar av utsleppsreduksjonar under ART og TREES-standard (The REDD+ Environmental Excellency Standard). Standarden har blitt godt kjent blant skogland og andre aktørar som er engasjerte i arbeidet med redusert avskoging, og det er tydeleg at aktørane legg merke til og blir påverka av arbeidet gjort i ART, mellom anna når det gjeld miljøintegritet. For å kunne skalere opp kjøpa privat næringsliv gjer av høgintegritetstonn, har Klima- og skoginitiativet støtta utviklinga av ein salsmekanisme for utsleppsreduksjonar frå skog, Emergent. Mekanisamen skal medverke til at tilboda av tonn frå skoglanda blir kopla med etterspurnaden i næringslivet.

Noreg har over fleire år gjeve støtte til ulike multilaterale program gjennom FN's klima- og

skogprogram (UN-REDD), Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) og Verdsbankens Bio Carbon Fund Initiative for Sustainable Forest Landscapes (BioCF ISFL). Noreg har medverka aktivt i utforminga av policy og gjennomføring av programma. Totalt har meir enn 60 skogland delteke i desse initiativa. Det er viktig for Noreg at innsats gjennom multilaterale kanalar har forankring i skoglanda og er retta mot å gje insentiv for varige nasjonale reformer i tråd med Klima- og skoginitiativets strategi, spesielt delmålet om berekraftig arealforvaltning. Den multilaterale satsinga skal hjelpe skogland å setje i verk inkluderande prosessar, å styrkje rettane til urfolk og andre skogfolk, å oppnå større likestilling, ta vare på biologisk mangfald og oppnå utviklingsmål. Multilateralt arbeid er òg viktig for å gje insentiv for tropiske skogland til å redusere avskoging og for auka global merksemd om kor viktig internasjonal innsats er for å bevare regnskogane i verda.

Noreg har støtta UN-REDD sidan 2008. Programmet blir implementert av FN-organisasjonane UNDP, FAO og UNEP, og er todelt. Den første komponenten tilbyr fagleg støtte til UN REDDs medlemsland som ønskjer å redusere utslepp. Den andre komponenten er ein global, tematisk kunnskapskomponent. Meir enn 60 land har fått støtte til ulike aktivitetar knytte til måling av endringar i skogen og betaling for reduserte utslepp av klimagassar frå skogareala. I 2020 har programmet rapportert om bidrag til mellom anna utforming av sosiale og miljømessige sikringsmekanismar i Peru, Myanmar, Elfenbenskysten og Zambia; utvikling/forbetring av nasjonale skogovervakingssystem (NFMS) i Republikken Kongo og Elfenbenskysten; berekning av referansebanar for utslepp (FREL/FRL) i Colombia, Ecuador, Kenya, Honduras og Mexico og til utforming av nasjonale REDD+-strategiar og arealbruksplanar i Myanmar og Peru. Frå og med 2020 vil UN-REDD ha ei særleg rolle i å støtte skogland og jurisdiksjonar med å kvalifisere seg for finansiering av reduserte utslepp frå skog med høg sosial og miljøintegritet, under ART og TREES-standarden nemnd over.

Readiness-fondet under Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) støttar kapasitetsbygging for å førebu land med nødvendige strukturar til å selje utsleppsreduksjonar gjennom REDD+-mekanismar, anten til FCPF's karbonfond eller andre interessentar. FCPF vedtok i 2019 å forlengje levetida til fondet med to år fram til og med 2022. Noreg har støtta fondet med til saman 787 mill. kroner frå 2008 til 2018. Fleire skogland i

Readiness-fondet ønskte forlenginga for å få høve til å fullføre aktivitetane i sine land i regi av FCPF. 25 skogland har fått tilslutning til Readinessplanar og fått tilskot til å jobbe med dei fram mot slutten av levetida til fondet i 2022. Av desse 25 landa har 15 gått vidare til forhandlingar om kjøpekontraktar med Karbonfondet.

I FCPF's Karbonfond er Noreg nest største gjevar etter Tyskland, med rundt ein tredel av midlane i fondet. I 2019 gjennomførte Noreg siste utbetaling til fondet på 245 mill. kroner og har dermed innfridd den norske forpliktinga etter avtalen. Midlane som er sette av til resultatbaserte utbetalningar i fondet som heilskap, er på nesten 883 mill. USD, om lag 7,8 mrd. kroner.

I 2020 skreiv seks av landa i porteføljen under kjøpekontraktar med fondet for sal av utsleppsreduksjonar frå skogsektoren. Desse landa var Costa Rica, Elfenbenskysten, Fiji, Indonesia, Laos og Vietnam. Kjøpsvolumet i desse kontraktane er på 66,3 mill. tonn CO₂ over dei neste fire åra, noko som svarer til over Noregs årlege utslepp i 2020 (som var på 49,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar). Dersom skoglanda leverer utsleppsreduksjonar frå redusert avskoging i tråd med kontraktsfesta volum, vil dei få betalt til saman rundt 330 mill. USD, eller over 2,5 mrd. kroner. Midlar blir utbetalte frå Verdsbanken når landa har verifiserte utsleppsreduksjonar. Første utbetaling for resultat frå fondet er forventa i 2021.

Noreg har sidan 2013 støtta Initiative for Sustainable Forest Landscapes (ISFL) gjennom BioCarbonFund i Verdsbanken. Initiativet har som formål å prøve ut ei landskapstilnærming med vekt på klimasmart landbruk og bevaring av naturskog i tropiske skogland. ISFL har to finansieringsmekanismar: BioCF *plus*, som er tilskot for kapasitetsbygging og teknisk assistanse, og BioCF T3, som inneber resultatbaserte utbetalningar. BioCF ISFL dekkjer jurisdiksjonar i fem land: Etiopia, Indonesia, Mexico, Colombia og Zambia. Til saman dekkjer desse eit landareal på over 1,2 mill. km². I 2020 var landa i fondet prega av covid-19-pandemien, som resulterte i noko forseinka leveransar, spesielt knytt til utvikling og ferdigstilling av programdokument. Programdokumenta beskriv korleis styresmaktene skal redusere avskoging og skogøydelegging og oppnå resultat under fondet. Det er forventa at utkast til alle programdokument blir leverte til fondet i løpet av 2021.

Til saman vart det utbetalt 457,5 mill. kroner til tiltak for effektive internasjonale insentivstrukturar for REDD+ i 2020. Det vart også utbetalt 32,4 mill. kroner frå Norad.

Auka transparens

Auka transparens kring avskoging er eit av hovudsatsingsområda for Klima- og skoginitiativet. Ny teknologi og raskt fallande kostnader for satellittar og satellittinformasjon gjer det mogleg å overvake avskoging i nær sanntid. Saman med informasjon om landrettar, hogstkonsesjonar og handels- og finansstraumar gjev dette styresmaktene nye verktoy for å betre arealpolitikken og handheve lover, for sivilsamfunnsorganisasjonar og urfolk til å drive kampanjar og for bedrifter til å overvake tilbydarane sine og levere på mål om avskogingsfrie forsyningskjeder. Teknologiske plattformer for transparens er òg svært nyttige for at sivilsamfunn og urfolksgrupper – under dette mange støtta av Klima- og skoginitiativet – kan halde styresmakter og selskap ansvarlege for avskoging.

Måling, rapportering og verifisering (MRV) av endringar i skogen og utslepp av klimagassar frå skogareala er ein føresetnad for å kunne få betaling for utsleppsreduksjonar. Betre satellittbilete som reduserer uvisse knytt til berekningane, styrker dette arbeidet og medverkar til å leggje til rette for internasjonale insentivstrukturar for redusert avskoging. Det mogleggjer òg meir effektiv lovhandheving.

I 2020 avslutta Klima- og skoginitiativet ein internasjonal anbodskonkurrans for å sikre allmenn tilgang til høgoppløyslege satellittbilete, jf. ein øyremerktt innsats på området på 200 mill. kroner årleg i perioden 2019–2021. Det vart inngått kontrakt med Kongsberg Satellite Services med underleverandørane Planet og Airbus i september 2020, og tenesta var operativ frå oktober 2020. Dette gjev gratis offentleg tilgang til høgoppløyslege optiske satellittbilete. Kvar månad blir oversiktsbilete over alle tropiske landområda gjorde offentlege, desse kan brukast til oppdage mindre endringar i skogen, til dømes frå ulovleg hogst eller for å spore gjenvekst. Tidlegare var slike bilete underlagde restriktive lisensar og kravde både kompetanse og kjøpekraft for å utnytte. Ved årsslutt 2020 var det 4 000 registrerte brukarar av tenesta frå 120 ulike land. Bileta var også tilgjengelege via tre offentleg tilgjengelege dataplattformer.

Det blir planlagt ytterlegare innsats for å støtte kompetanse og bruk av slike satellittdata. Det vil vere ein særleg innsats mot styresmakter i skogland, men òg mot sivilt samfunn. Prosessen har teke noko meir tid å gjennomføre enn først antekte, dette medfører at noko av investeringane blir skuva på.

Klima- og skoginitiativet arbeider også for auka transparens rundt skogtala landa har sjølve. I 2019 vart det inngått avtale med FAO om støtte til femårige globale oversikter over skogressursane i verda og tilstanden og utviklinga deira, Forest Resource Assessment 2020. Norad forvaltar avtalen. I 2020 vart det gjennomført 22 workshops for å lære opp 567 nasjonale ekspertar frå 79 land, irekna Brasil, Colombia, DR Kongo, Peru og Venezuela, i å bruke og analysere satellittdata om skogareal. Sidan oppstarten av prosjektet har 827 personar frå 125 land fått slik opplæring. FAO har som ein del av prosjektet utvikla ei nettbasert løysing for å dele skogdata frå alle land. I dei bilaterale samarbeida medverkar Klima- og skoginitiativets innsats til å utvikle system for måling, rapportering og verifisering, mellom anna i Indonesia, Guyana, Peru og Etiopia. I tillegg tek skoglanda imot støtte gjennom UN-REDD, spesielt for å møte krava i bokføringsstandarden ART, som beskriven over.

På globalt nivå er Noreg den største gjevaren til prosjektet Global Forest Watch, som gjer uavhengige analysar av skogar i verda gratis tilgjengelege via nettsidene sine. Global Forest Watch har òg vore ein sentral kanal for å gjere satellittbileta tilgjengelege for allmenta. Trafikken på nettsidene deira auka etter at dei høgoppløyslege bileta vart tekne i bruk. Analysar viser òg at område i Afrika som bruker varslingsstenester frå Global Forest Watch, har redusert avskoginga med 18 pst. Ein veksande del av arbeidet til Global Forest Watch er konsentrert om å dekkje behova til kommersielle selskap for å analysere avskogingsrisiko i eigne porteføljar. Dette arbeidet påverkar selskapa til å offentleggjere tidlegare hemmeleg informasjon og gjer at dei ikkje lenger kan orsake seg med manglande informasjon.

Klima- og skoginitiativet støttar òg sekretariatet til Global Forest Observations Initiative, ei plattform for samarbeid og utvikling av støtte til skogland til måling, rapportering og verifisering. På grunn av pandemien vart arbeidet i initiativet lagt om i 2020, og GFOI gjennomførte fleire diskusjonsforum og webinar i 2020 i staden for fysiske møte. Dette har styrkt samhandlinga mellom gjevjarane.

Plattforma Transparency for Sustainable Economies (Trase) medverkar til å auke tilgangen på informasjon om selskap som handlar med dei råvarene som er mest knytte til avskoging i verda. Plattforma dekte ved utgangen av 2020 om lag 60 pst. av global handel med slike råvarer, det vil seie soya, palmeolje, storfekjøtt, kakao m.m., og syner kva slags selskap som importerer frå område med

mykje nyleg avskoging. Informasjonen er kopla med informasjon om konsesjonar og landregistre- ringar og er tilgjengeleg for alle interesserte. Ei tilsvarande plattform som inneheld informasjon om finansstraumar og eigedelar i dei same selskapa, er under utforming. Dialog med sentrale investorar viser at det er stor interesse for tilgang til standardiserte og truverdige data om avskogingsrisiko tilpassa porteføljeforvaltarar. Dette er eit arbeid Klima- og skoginitiativet vil intensivere. I 2020 publiserte Trase ei årbok med eit omfattande samandrag av statistikk og trendar i produksjon, handel og avskoging for sju av dei råvarene som er aller nærast knytt til avskoging.

Det vart i 2020 utbetalt cirka 258 mill. kroner til innsats for auka transparens og betre data om skogen. 180 av desse vart brukte på høgoppløyselige satellittbilete.

Råvaremarknader stimulerer til avskogingsfri produksjon

Meir enn halvparten av all avskoging i dag kjem av produksjon av mat og andre landbruksråvarer. Samstundes aukar mengda menneske på jorda svært raskt, og innan 2050 vil verda måtte dekkje matbehovet til 9–10 mrd. menneske, med høgare gjennomsnittleg levestandard enn i dag. Berekraftig landbruk er difor sentralt for å redusere avskoging i tropiske skogland. Dette kan gjerast mellom anna gjennom effektivisering av og innovasjon i landbruket, god skog- og arealforvaltning, restaurering av landareal med utarma jord, skifte i kosthald og innsats mot matsvinn.

Styresmaktene må leggje til rette gjennom regulering, til dømes gjennom arealplanar, stabile landrettar, lovverk som ikkje tillèt at skogar og torvmyrar blir øydelagde, og målretta insentivordningar. Selskapa som produserer og kjøper råvarer som soya, palmeolje, kjøtt og kakao, må ta ansvar for at produksjonen ikkje medverkar til avskoging. Sluttbrukarane må stille både styresmakter og selskap til ansvar for å få berekraftig produksjon.

Dei siste åra har mange store selskap engasjert seg i kampen mot avskoging. Om lag 500 selskap har teke på seg forpliktingar om å gjere forsyningskjedene sine avskogingsfrie. Det er svært positivt, men det er stor variasjon mellom selskapa når det gjeld gjennomføring. Nokre selskap er i front, medan andre held fram med å vise til komplekse forsyningskjeder og kompliserte forhold i produksjonsregionar. Fleire studiar viser at vi er langt unna å nå Consumer Goods Forums mål om avskogingsfrie verdikjeder innan 2020.

Klima- og skoginitiativet støttar innsats som medverkar til avskogingsfri råvarehandel mellom anna gjennom sivilsamfunnskampanjar, dialog og tilrettelegging globalt og lokalt og gjennom risikokapital (blended finance) til avskogingsfrie forretningsmodellar (sjå også rapportering på Finansmarknader stimulerer til avskogingsfri produksjon).

Klima- og skoginitiativet støtta i 2020 ei lang rekkje sivilsamfunnsorganisasjonar som fremjar strategiar for å få privat næringsliv til å arbeide mot avskoging i forsyningskjedene sine. Desse organisasjonane har medverka til gjennombrøt ved å fremje No Deforestation, No Exploitation-policyar i gummiindustrien, avskogingsfri produksjon av soya og storfe i Latin-Amerika, avskogingsfri forsyning av palmeolje frå Indonesia og Malaysia, auka merksemd om ulovleg tømmerhogst på Papua Ny-Guinea og i DR Kongo, utfasing av avskogingsdrivande biodrivstoff i EU og selskapsrapportering på avskogingsrisiko. Dei siste åra har Indonesia lykkast med å redusere avskoginga frå palmeolje betydeleg.

Noreg er ein aktiv bidragsytar til og deltakar i Tropical Forest Alliance (TFA), som er eit privat-offentleg samarbeid for å bidra til avskogingsfrie verdikjeder for palmeolje, papirmasse, soya og storfekjøtt. Alliansen høyrer til under World Economic Forum-paraplyen og er samansett av deltakarar frå skogland, gjevarland, privat sektor og sivilsamfunn, inkludert urfolk. Fortrinnet til alliansen er at han samlar ulike aktørar til samarbeid på tvers av sektorar rundt felles målsetjingar. I 2020 har TFA jobba tett med Consumer Goods Forum for å heve ambisjonsnivået og betre korleis post 2020-strategien deira er innretta, spesielt den målretta «Coalitions of Actions» for å redusere avskoging i forsyningskjedene for nokre av dei største matråvarane. Mange av dei største og mest kjende matprodusentane og supermarknadkjedene har forpliktet seg til konkrete tidfesta handlingar og milepålar gjennom Coalition of Action, men ein konsistent innsats er nødvendig for å få fleire aktørar med på dette. TFA har også etablert og styrkt samarbeidsplattformer retta mot meir konkrete lokale/regionale problem i både produsentland som Indonesia, Brasil og Peru og importlandet Kina. Plattformene bringar saman grupper med forskjellige interesser for å saman søkje konkrete tiltak for å redusere presset på skogane.

The Sustainable Trade Initiative (IDH) fremjar samarbeid mellom styresmakter, lokalt busette og privat sektor for utvikling av avskogingsfritt jordbruk i viktige område i Brasil, Indonesia og Libe-

ria. Organisasjonen driv innovative program, mellom anna for meir berekraftig storfe- og soyaproduksjon, landsbybasert skogforvaltning og arealplanlegging i ei rekkje område. I 2020 har prosjektet mellom anna medverka til avtalar om berekraftig arealforvaltning på landskaps-/jurisdiksjonsnivå, formalisering av landrettane til småbønder i Liberia og meir effektiv landbruksproduksjon blant småbrukarar. Næringslivssamarbeidet i jurisdiksjonane blir utvikla med tanke på framtidige investeringar gjennom &Green-fondet (omtalt nedanfor). Dette har resultert i fleire konkrete bidrag til &Green-fondet si samling av prosjekt som kan investerast i. Dei to initiativa er komplementære, slik at offentlege reguleringar og private investeringar dreg i lag. Baserte på landskapsarbeidet lanserte IDH i 2020 «SourceUp» som ei plattform for å trekkje globale råvarehandlarar til landskap med program for berekraftig produksjon.

Samarbeid med andre marknader som står for ein stor del av etterspurnaden etter råvarer som fører til avskoging er viktig for å redusere presset på regnskogen. Noreg underteikna difor i 2016 Amsterdamerklæringane om berekraftig palmeolje og avskogingsfrie forsyningskjeder for landbruksvarer til Europa. I oppfølginga av desse erklæringane arbeider Noreg saman med åtte andre ambisiøse europeiske land om å stanse avskoginga som europeisk etterspurnad etter palmeolje, soya, kjøtt, lær og kakao medverkar til, og med å påverke EU til sterkare tiltak for å kutte klimagassutslepp frå skog. I 2019 la EU fram ei ambisiøs melding for å hindre avskoging knytt til import til EU og har varsla at det vil komme ei regulering med aktsemdskrav til selskap som importerer og omset råvarer og produkt på EU-marknaden. Også individuelle EU-land har sett i gang nye tiltak for å redusere bruken av råvarer og produkt med avskogingsrisiko og innfører reglar for dette i offentlege anbod. I lys av den store auken i avskoging i Brasil sende dei åtte europeiske landa eit felles brev til visepresidenten i landet og uttrykte sterk bekymring for auka avskoging, skogbrannar og brot på rettane til urfolk. Dette førte til fleire møte med brasilianske styresmakter. Fleire store kjøttprodusentar har komme med forpliktingar om å få både ulovleg og lovleg avskoging ut av den direkte og indirekte verdikjeda si.

Det vart i 2020 utbetalt til saman om lag 61 mill. kroner til IDH og 27 mill. kroner til TFA frå kap. 1482 post 73. I tillegg betalte Norad samla ut 51 mill. kroner til sivilsamfunnsorganisasjonar som jobbar for avskogingsfri råvareproduksjon.

Finansmarknader stimulerer til avskogingsfri produksjon

Den globale landbruksindustrien er årsak til størsteparten av tropisk avskoging. Andre industrielle drivkrefter for avskoging inkluderer gruvedrift og infrastrukturutbygging. Det meste av denne aktiviteten er avhengig av ei eller anna form for ekstern finansiering for både investeringar og drift. Finansaktørane har dermed moglegheit til å utøve avgjerande påverknad på kva for prosjekt som blir gjennomførte, og korleis dei blir gjennomførte. Dei siste åra har det blitt aukande merksemd om og sterkare krav til rapportering på klimarisiko. Likevel er det framleis berre dei mest progressive aktørane som trekkjer utsleppa frå indirekte avskoging gjennom forsyningskjeder inn i vurderingane sine.

Arbeidet til Klima- og skoginitiativet overfor finanssektoren er basert på ei forventning om at meir kompetanse om systemisk risiko knytt til avskoging, saman med kartlegging og offentliggjerjing av avskogingsrisiko, vil bidra til meir merksemd om problemstillingane og press på bransjen. I kombinasjon med høgare miljøstandardar vil dette gje grunnlag for differensiert kapitalkostnad som kan bidra til å presse fram ei omlegging i berekraftig retning.

I 2020 støtta Klima- og skoginitiativet sivilsamfunnsprosjekt orienterte mot kompetansebygging i næringa, rapportering på avskogingsrisiko og ansvarleggjering av aktørar med høg eksponering. Det er mellom anna produsert informasjonsmateriell for sektoren (Ceres) og verktøy for å knytte avskogingsrisiko til selskap og finansaktørar (Trase). Aidenvironment har gjennom prosjektet sitt Chain Reaction Research bidrege til at finansinstitusjonar har vedteke retningslinjer for avskoging og engasjert seg i berekraftarbeidet til selskapa. Carbon Disclosure Project (CDP) har dokumentert korleis ei rekkje bedrifter handlar i møte med avskogingsrisiko, og gjort dataa tilgjengelege for investorar. I tillegg har Tropical Forest Alliance (TFA) aukande aktivitet retta mot finansnæringa, som ein del av den breiare tilnærminga si til globale råvaremarknader. Noreg argumenterte i 2020 i dialog med partnarar for at indirekte avskogingsrisiko frå forsyningskjeder må gjerast obligatorisk i rapportering på klimarisiko gjennom Task Force for Climate Related Financial Disclosures (TCFD).

I juli 2017 vart &Green-fondet for avskogingsfritt landbruk i tropiske skogland etablert med Noreg som viktig pådrivar og investor. Gjennom å tilby subsidiert delfinansiering, eller risikoavlas-

ting, har fondet som mål å mobilisere privat kapital til investeringar i avskogingsfrie forretningsmodellar. Fondet skal demonstrere at sosialt og miljømessig ansvarleg landbruk er økonomisk lønnsamt, og dermed medverke til å framskande ei grøn omstilling i landbruksindustrien. Noreg har lovd å medverke med opptil 800 mill. kroner. I 2019 gjorde &Green si første investering i ein indonesisk gummiplantasje med ein ambisiøs landskapsplan for bevaring av naturskog på og rundt konsesjonen. I 2020 investerte fondet i eit brasiliansk selskap som kombinerer effektiv produksjon av soya og kveg vekselvis på same areal, og eit indonesisk palmeoljeselskap som skal inkludere lokale småbønder i avskogingsfri produksjon. Klima- og skoginitiativet har så langt utbetalt totalt 500 mill. kroner til &Green. Det var ingen utbetalingar i 2020. Frå sivilsamfunnsporteføljen til Norad vart det betalt om lag 34 mill. kroner til organisasjonar som stimulerer finansmarknaden til avskogingsfri råvareproduksjon.

Redusert skogkriminalitet

Internasjonal skogkriminalitet omfattar hogst og sal av tømmer og treprodukt, inkludert papirmasse, der det har skjedd kriminelle handlingar i heile eller delar av produksjonskjeda. Skogkriminalitet omfattar altså langt meir enn berre hogst av trua treslag eller hogst i verneområde. Det kan vere snakk om brot på nasjonale reguleringar om tømmermengd ein kan ta ut, underrapportering av uttak eller mangelfulle lisensar og løyve. Ofte ser vi at ulovleg og lovleg hogst skjer parallelt, der eit selskap driv noko lovleg verksemd ein stad, medan det driv ulovleg ein annan stad. Internasjonal skogkriminalitet kan omfatte korrupsjon, dokumentforfalsking i lisensutferdingsprosessen, påtvinga og ulovleg arbeid, manglande miljøkonsekvensanalysar og konsultasjonar med lokalsamfunn og urfolk, kvitvasking av pengar og tømmereksport som går utanom skattestyresmaktene.

Ulovleg hogst utgjer ein stor del av den hogsten som skjer i tropiske skogland, og i mange av Klima- og skoginitiativets samarbeidsland er det estimert at opp mot 80–90 pst. av den hogsten som skjer, er ulovleg. Ulovleg avskoging i tropiske skogland er ofte driven av jordbruksekspanjon. Ein nyleg publisert rapport viser at to tredelar av all tropisk avskoging er som følgje av jordbruksekspanjon, og nesten 70 pst. av denne er ulovleg. Størsteparten av tømmeret som blir hogge, går til den nasjonale marknaden, medan rundt ein tredel blir eksportert. Den økonomiske verdien av han-

delen med ulovleg tømmer er stor, og FN og Interpol reknar skogkriminalitet som den største forma for miljøkriminalitet når ein ser på den økonomiske verdien av handelen.

Å kjempe mot ulovleg hogst og handel med ulovleg tømmer er eit viktig tiltak for Klima- og skoginitiativets samarbeidsland som ønskjer å få kontroll over avskoginga si og slik oppfylle utsleppsforpliktingane sine etter Parisavtalen og dei bilaterale skogsamarbeida våre. Klima- og skoginitiativet jobba difor i 2020 med å hjelpe styresmaktene til samarbeidsland med å redusere den ulovlege hogsten og avskoginga og støtta ei rekkje sivilsamfunnsaktørar som også medverkar til dette, mellom anna med å eksponere selskap og individ som profitterer på skogkriminalitet. Initiativet medverka òg til utvikling av ny teknologi og nye verktøy for å spore og avdekkje ulovleg verksemd.

I 2018 lanserte Klima- og skoginitiativet støtte til programmet Law Enforcement Assistance Programme to Reduce Tropical Deforestation (LEAP) for å styrkje evna til politi-, toll- og påtalemakter til å kjempe mot ulovleg avskoging i sentrale samarbeidsland i Asia og Latin-Amerika. Det var sett av 145 mill. kroner over 2,5 år til dette samarbeidsprosjektet mellom i hovudsak Interpol og FN's kontor mot narkotika og kriminalitet – UNODC. Ved utgangen av 2020 fekk partnarane i konsortiumet forlengd avtalen med eitt år, til ut 2021.

Trass i utfordringar knytte til gjennomføringa av planlagde aktivitetar på grunn av covid-19-pandemien klarte LEAP-konsortiumet i 2020 å gjennomføre ei rekkje etterforskingar og operasjonar som medførte beslag, arrestasjonar og rettsfølgjing av selskap og personar som var involverte i ulovleg hogstverksemd.

I Peru har LEAP oppretta ein nasjonal innsatsstyrke som består av ei eining frå det nasjonale politiet. I 2020 gjennomførte denne eininga ein serie politioperasjonar mot kriminelle nettverk som resulterte i arrestasjon av tre bakmenn, korrupte statstilsette, direktørar og tilsette i påtalemakta, for involveringa deira i ulovleg hogst og handel. Det er eit klart mål i LEAP-prosjektet å konsentrere seg om bakmennene, ikkje dei som utfører hogsten eller transporten av tømmeret.

I Papua Ny-Guinea (PNG) har det lenge vore i gang ulovleg hogst og eksport av dette tømmeret ut av landet. Til liks med i Peru har LEAP oppretta ein nasjonal innsatsstyrke som består av mellom anna den nasjonale eininga for etterforsking av økonomisk kriminalitet. I 2020 vart det gjennomført etterforsking av ei rekkje sel-

skap som var mistenkte å drive med skattesvinn i mangemillionklassen og ulovleg hogst. Dette arbeidet resulterte i at to store hogstkonsesjonar vart dømde ugyldige av den nasjonale domstolen. Selskapa trekte seg da ut av området, og avskoginga er redusert betrakteleg i Sandaunprovinsen der konsesjonane var. Analysar av satellittbilete av den aktuelle provinsen tyder på ein 76 pst. reduksjon i avskoginga i Sandaun, som er på nesten 92 000 km², eller eit område med same storleik som Finnmark fylke og Danmark samanlagde. Dette utgjer betydeleg reduserte utsleppsreduksjonar frå regnskogen i tillegg til dei positive konsekvensane dette har på biomangfald og for lokalfolk, dei fleste av dei urfolk, i denne provinsen.

Dei siste åra har tømmerhandelen mellom Kongobassenget og Mekongregionen, inkludert Kina, auka kraftig og knyter nokre av dei siste intakte skogane i verda til eit av dei raskast veksende asiatiske knutepunkta for tømmerforedling. Vietnam er no den nest største importøren av tømmer etter Kina og den femte største eksportøren av foredla produkt frå tømmer, som møblar. Thailand er òg ein viktig importør av tømmer og eksportør av foredla produkt. I 2005 stod Kongo-bassenget for 7 pst. av Vietnams tømmerimport. I 2019 hadde delen auka til 73 pst. Dette er blant utviklingstrekkka eit nytt samarbeid mellom fem land i Mekongregionen skal ta tak i. Gjennom UN REDD, konvensjonen for handel med trua artar (CITES) og den regionale samarbeidsorganisasjonen ASEAN skal Kambodsja, Laos, Myanmar, Thailand og Vietnam samarbeide om betre styresett og meir effektiv handheving av lovverk i skogsektoren, landrettar for urfolk og lokalsamfunn og sporing og sertifisering av tømmer for å styrkje handelsavtalar landa har inngått med EU om stans i ulovleg hogst og handel med tømmer. Dei skal òg dele toll-, finansierings- og avskogingsdata med sikte på auka transparens omkring investeringar og handel med tømmer og skogsprodukt. Det er òg planar for å følgje opp forpliktingar om avskogingsfrie forsyningskjeder som kinesiske tømmerimportørar har teke på seg, i samarbeid med den internasjonale organisasjonen for tømmerhandel (ITTO). Dei viktigaste resultatata så langt er gjennomføring av nasjonale og regionale konsultasjonar med styresmakter, privat sektor og sivilt samfunn. Plattformer for dialog og teknisk samarbeid har blitt etablerte, men det er ulikt kor opent det kan talast om lovbrøt i skogsektoren i dei forskjellige landa. Det har også vore forseinkingar som følgje av covid-19-pandemien.

Klima- og skoginitiativet har gjeve økonomisk støtte til fleire sivilsamfunnsorganisasjonar som jobbar med å avdekkje og rapportere på lovbrøt i skogsektoren eller på anna vis arbeider med å kjempe mot skogkriminalitet i tropiske land. Eitt døme på dette er Environmental Investigation Agency som i 2020, etter fleire års etterforskning av tømmerhandelen mellom Kongobassenget og Vietnam, publiserte ein rapport som dokumenterte denne handelen og eksponerte eit av dei aller største handelsnettverka for ulovleg tømmer mellom Kamerun og Vietnam. Ein annan bistandsmottakar, Global Witness, har gjennom kunnskapsproduksjonen og -formidlinga si bidrege til revidering av den kinesiske skoglova som tredde i kraft i 2020, og som forbyr kjøp, foredling og transport av ulovleg tømmer. Dette er eit viktig steg for å få bukt med importen av ulovleg tømmer til Kina, som er den største marknaden i verda for tropisk tømmer, og der mykje av det illegale tømmeret endar opp.

Det vart utbetalt 31,3 mill. kroner til tiltak mot skogkriminalitet frå Klima- og skoginitiativet i 2020. I tillegg vart det utbetalt 6 mill. kroner gjennom sivilsamfunnsporteføljen forvalta av Norad.

Rapportdel 4: Resultat av tverrgående innsats

Global oppslutning om skogbevaring

Global oppslutning om skogbevaring er eit tverrgående innsatsområde for Klima- og skoginitiativet og er viktig for å få til resultat på tvers av alle resultatmåla. Mellom anna er kunnskap om skog og korleis skogen kan bevarast på ein berekraftig måte, som samstundes medverkar til utvikling, heilt sentralt. Den norske støtta til Food and Land Use Coalition (FOLU) bidrog i 2020 til utvikling av særskilde vegkart for berekraftig arealbruk og matsystem i ei rekkje av Noregs skogpartnarland. FOLUs «synteserapport» *Growing Better* frå 2019 synte korleis mat- og arealbrukssystema i verda gjennom ti transformative grep kan bli berekraftige også i ei tid med ei aukande verdsbefolkning. Bygd på kunnskapsutviklinga frå dette arbeidet vil koalisjonen dei neste åra støtte Indonesia, Colombia, Etiopia, India og Kina i arbeidet deira for berekraftige matsystem og samstundes auke merksemda, kunnskapen og oppslutninga om berekraftige matsystem i desse landa.

Rainforest Journalism Fund er eit journalistisk uavhengig fond drifta og forvalta av Pulitzer Center on Crisis Reporting, som fremjar journalistikk om betydninga av regnskogen og årsakene til avskoginga. Klima- og skoginitiativet har ein tilskotsavtale med fondet med ramme på 49

mill. kroner frå 2018 til 2023, og nedslagsfeltet er dei tre store skoggeografiane Amazonas, Sentral-Afrika og Sørøst-Asia/Indonesia. Fondet er redaksjonelt og journalistisk uavhengig. Frå oppstarten i 2018, der Amazonas-regionen var pilot, har fondet til 2020 finansiert over 400 journalistiske saker fordelt på 130 mediehus lokalt og regionalt, og i leiande internasjonale medium. I 2019 utvida Rainforest Journalism Fund nedslagsfeltet til Asia og Sentral-Afrika med eigne regionale rådgjevande komitear og regionale, fleispråklege koordinatarar. I tillegg til å styrkje den frie og uavhengige journalistikken arrangerer Pulitzer Center årlege journalistkonferansar i kvar skogregion der kunnskapsdeling og lokal kapasitetsbygging står sentralt. Fordi undersøkjande journalistikk kan vere svært farleg, arrangerer Pulitzer Center også omfattande tryggingkurs for journalistar. I 2020 inngjekk Klima- og skoginitiativet ytterlegare ein avtale med Pulitzer Center om etableringa av Rainforest Investigations Network (RIN). RIN er eit treårig prosjekt som skal drive grundig og langsiktig gravejournalistikk lokalt, regional og globalt. RIN skal også samarbeide med ei lang rekkje universitet i Amazonas, Kongobassenget og Sørøst-Asia. RIN har ei totalramme på om lag 43 mill. kroner.

I september 2018 inngjekk Klima- og skoginitiativet ein tilskotsavtale med Climate and Land Use Alliance (CLUA). Formålet er å støtte CLUAs arbeid for reduserte klimagassutslepp gjennom forbetra arealbruk og realisert potensial for skog, på område som fremjar arbeidet og strategiane innanfor Klima- og skoginitiativets strategiske rammeverk. Partnerskapet legg til rette for viktige synergjar mellom sentrale aktørar innanfor den globale klima- og skoginnsatsen. Det er ein styrke for denne strategiske innsatsen at han er knytt tett opp til – og integrert i – andre norskstøtta innsatsar. Ein viktig del av innsatsen er strategiske kommunikasjonstiltak i skoglanda Indonesia og Brasil. Det kommunikasjonsstrategiske arbeidet i desse viktige skoglanda er nyvinnande på mange område, særskilt i sosiale medium. I 2020 vart arbeidet i stor grad vidareført som planlagt, med nokre endringar som følgje av covid-19-pandemien.

Det vart i 2017 inngått avtale om norsk støtte på 50 mill. kroner for perioden 2018–2020 til arbeidet med Interfaith Rainforest Initiative. FNs miljøprogram (UNEP) har forvalta midlane og koordinert arbeidet. Formålet med initiativet har vore å mobilisera trussamfunn, religiøse institusjonar og religiøse leiarar i kampen for vern av tropisk skog

i Indonesia, DR Kongo, Peru, Colombia og Brasil. Interfaith Rainforest Initiative er i dag ei brei internasjonal satsing som mobiliserer trussamfunn, religiøse leiarar og urfolk i kampen for vern av regnskogen i dei viktigaste regnskoglanda i verda, med operative nasjonale nettverk i alle dei fem innsatslanda. Initiativet når ut til nye aktørar og til geografiske område som er vanskeleg tilgjengelege, og har etablert seg som ein viktig kanal for formidling og kommunikasjon. I 2020 har initiativet halde fram med å medverke til å spreie kunnskap om klima, naturmangfald og berekraftig utvikling i dei fem partnarlanda og formidla forskingsbasert kunnskap og kor viktig tropisk skog er for å nå berekraftsmåla og oppfylle Parisavtalen.

Sidan 2013 har Noreg støtta FNs Partnership Action for Green Economy (PAGE). PAGE har i denne perioden støtta utvikling av nye nasjonale tverrsektorielle strategiar for grøn vekst, inkludert Guyanas strategi for grøn utvikling. PAGE er ein del av FNs generalsekretærs tiltakspakke for covid-19, med særleg vekt på grøn gjenoppbygging etter pandemien. PAGE har vore aktive i arbeidet med å lage «Economic Transformation. Cooperation Framework Piece», som gjev retningslinjer og råd til FNs landkontor for korleis dei kan arbeide med økonomisk endring. PAGE har lansert eit «Green Recovery Fund», med godkjende søknader frå Senegal, Argentina, Sør-Afrika, Brasil og Thailand. Fleire andre søknader ligg også til vurdering. Samarbeidet blir avslutta i 2020.

Global Green Growth Institute (GGGI) hjelper styresmakter med å utvikle planar og strategiar for utsleppsreduksjonar og betre klimatilpassing innanfor energi, byutvikling, vassressursforvaltning og skog- og arealforvaltning. I 2020 gjennomførte GGGI totalt 148 enkeltprosjekt i 38 land. I skog- og arealsektoren rettar GGGI særleg merksemda si mot å arbeide saman med nasjonale styresmakter for å fremje breie sektortilnærmingar og å leggje til rette for berekraftige og sosialt inkluderande investeringar frå privat sektor. Innsatsen er kopla til det arbeidet landa driv med for å gjennomføre nasjonalt fastsette forpliktingar under Parisavtalen, og til arbeidet med berekraftsmåla (SDG). GGGI samarbeider tett med privat sektor for å redusere finansiell risiko for private aktørar ved investeringar i grøne prosjekt og medverkar på denne måten til at fleire land har etablert finansieringsmekanismar for klimatiltak som inkluderer REDD+.

Det vart utbetalt 249,6 mill. kroner til tiltak for å fremje global oppslutning om skogbevaring frå

Klima- og skoginitiativet i 2020. I tillegg fekk sivile samfunnsorganisasjonar til saman 47 mill. kroner til innsats for global oppslutning og til konsensus-

arbeid gjennom Klima- og skoginitiativets sivilsamfunnsportefølje.

Del III
Omtale av særlege tema

9 Omtale av sektorovergripande klima- og miljøsaker

9.1 Klima- og miljøpolitikk i departementa

For å nå dei nasjonale klima- og miljømåla må alle sektorar i samfunnet medverke. Regjeringa fører ein brei klima- og miljøpolitikk som omfattar verkemiddel på resultatområda omtalte i kapittel 2 og verkemiddel innanfor ansvarsområda til andre departement.

Dette kapitlet handlar om regjeringa si klima- og miljøinnsats, tiltak og prioriteringar i andre departement.

Klima- og miljøpolitikk er ikkje først og fremst løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar i stor grad avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for statsbudsjettet. Til dømes vil planlegging av arealbruk vere viktig, det same er regulering av tillatne grenseverdier for forureining. Samstundes er statsbudsjettet eit viktig og betydeleg verkemiddel for å nå klima- og miljømåla.

9.1.1 Arbeids- og sosialdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Eit sikkert og seriøst arbeidsliv er eit av hovudmåla for ansvarsområda til Arbeids- og sosialdepartementet, under dette å redusere risiko for storulykker i petroleumssektoren. Dei same faktorane som førebyggjer og reduserer risiko for storulykker, vil ofte òg kunne bidra til å førebyggje forureining. Det er dei enkelte petroleumsselskapa som sjølv er ansvarlege for at helse, miljø, sikkerheit og sikring er tekne vare på. Petroleumsvirksemda er strengt regulert når det gjeld helse, miljø, sikkerheit og sikring. I regelverket er det stilt krav til robust utforming av utstyr og anlegg, som mellom anna inneber krav til barrierar mot ulykker og uønskte hendingar som kan føre til akutt forureining. Det er dessutan stilt strenge krav til HMS-styring for å sikre at tiltak for å førebyggje og stanse ulykker er tilpassa den enkelte verksemda sin eigenart, stadlege forhold og operasjonelle føresetnader. Arbeidsmiljø- og sikkerheitsstyresmaktene sitt tilsyn med petrole-

umsvirksemda på norsk kontinentalsokkel og på enkelte landanlegg blir utført av Petroleumstilsynet. Oppfølginga frå Petroleumstilsynet medverkar til sikkerheit og førebygging mot ulykker for å forhindre, avgrense og stanse ulykker, inkludert akutt forureining. Dette bidreg til å førebyggje akutt forureining til sjø og til luft og samstundes byggje opp om dei nasjonale målsetjingane i klima- og miljøpolitikken.

Rapport 2020

Petroleumstilsynet gjev årleg ut Risikonivå i norsk petroleumsvirksemd, Akutte utslepp (RNNP-AU). Gjennom dette arbeidet overvaker Petroleumstilsynet trendar for uønskte hendingar og ulykker i petroleumsvirksemda som har, eller kunne ha, ført til akutt forureining. Dette arbeidet gjev viktig informasjon for å kunne betre effekten av sikkerheitsarbeid og dermed kunne førebyggje hendingar som kan gje akutt forureining på norsk sokkel. Rapporten for 2020 blir publisert i oktober 2021. Med bakgrunn i totalbiletet frå RNNP-rapportar kombinert med erfaringar frå tilsyn har Petroleumstilsynet dei siste åra retta merksemda si særleg mot tre område: førebygging av brønnkontrollhendingar, førebygging av akutte utslepp av kjemikaliar og førebygging av akutt forureining frå innretningar på havbotnen. I 2020 vart desse prioriteringane lagde til grunn i oppfølginga Petroleumstilsynet gjorde av petroleumsselskapa, og i styresmaktsamarbeidet om tilsyn, regelverksutvikling og forvaltningsplan for Barentshavet. RNNP-AU viser at det samla sett ikkje er noka tydeleg betring når det gjeld førebygging av brønnkontrollhendingar med potensial for forureining på norsk sokkel dei seinare åra. Læring frå brønnkontrollhendingar med potensial for forureining er viktig fordi det gjev kunnskap om barrierar som har innverknad på førebygging av alle typar brønnkontrollhendingar, både dei med potensial for personskadar og dei med potensial for forureining.

Det har vore ei positiv utvikling og ein nedgang i talet på hendingar med kjemikalieutslepp i åra 2015 til 2020. Utviklinga for hendingar som

gjev kjemikalieutslepp over ein kubikkmeter, er òg positiv. Akutte kjemikalieutslepp er den typen utslepp som er mest dominerande, både når det gjeld talet på utslepp og årleg utsleppsmengd. Oppfølginga Petroleumstilsynet gjer av selskapa, bidreg mellom anna til ei meir effektiv førebygging av akutte utslepp av kjemikalier. Det er ofte dei same faktorane som reduserer risiko for menneske, som òg førebyggjer forureining. Det er generelt framleis behov for merksemd på førebygging av akutt forureining i arbeidet med sikkerheit i norsk petroleumsvirksomheit.

Plan for vidare arbeid

Petroleumstilsynet vil arbeide vidare med å utvikle og forvalte tryggleiksregelverket slik at krav til teknologi, operasjonar og styring av verksemdene i petroleumssektoren underbyggjer nasjonale og regionale miljømål og klimapolitikken. Førebygging av akutt forureining er slik eit positivt miljøbidrag som blir følgt opp i tilsyn, i trepartsforum og i samarbeid med andre styresmakter. Petroleumstilsynet vil òg føre vidare eit aktivt samarbeid med andre etatar i samanheng med utvikling og oppfølging av heilskaplege forvaltningsplanar for dei norske havområda.

9.1.2 Barne- og familiedepartementet

Omtale av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Alt forbruk har direkte eller indirekte konsekvensar for miljø og klima. Dei siste tiåra har det samla forbruket til norske hushald auka betydeleg.

Det er eit mål at forbrukarane skal kunne gjere medvitne val i dei marknadene dei handlar i. Informasjon om miljømessige og sosiale aspekt ved varer og tenester kan gjere det enklare for forbrukarane å velje produkt som gjev mindre belastning på miljøet og ressursane. Gjennom etterspurnad av slike produkt kan forbrukarane påverke næringsdrivande til i større grad å ta omsyn til berekraft ved avgjerder om investeringar og produksjon.

Barne- og familiedepartementet (BFD) arbeider for å leggje til rette, forenkle og standardisere informasjon om miljømessige og etiske aspekt ved forbruket. Verkemidla er dei offisielle miljømerka den nordiske Svana og EU-miljømerket (EU Ecolabel), som blir forvalta av Stiftelsen Miljømerking i Noreg.

Rapport for 2020/2021

Frå utgangen av 2019 til utgangen av 2020 auka talet på svanemerkte produkt på det norske marknaden med 3 pst. til 28 245. Miljømerking medverka gjennom arbeidet sitt til at fleire produkt og tenester blir produserte etter strenge miljøkrav. Utvalet av svanemerkte produkt auka i 2020 innanfor fleire produktgrupper. Størst auke var det for tekstilar, møblar, inventar og utemøblar.

Sidan over halvparten av matsvinnet som er kartlagt, kjem frå private hushald, er det viktig for BFD å støtte matsvinnarbeid som er retta mot korleis forbrukarane sjølve kan redusere svinnet sitt. Resultata i forbrukarleddet blir betre dersom alle ledda i verdikjeda for mat samarbeider om å redusere matsvinnet.

I 2017 vart det inngått ein bransjeavtale om matsvinn mellom styresmaktene, mellom anna det daverande Barne- og likestillingsdepartementet, og dei største organisasjonane i matbransjen. Per november 2020 hadde 103 bedrifter skrivne under på ein eigen tilslutningsavtale til bransjeavtalen.

BFD har i 2020 og 2021 støtta organisasjonen Matvett AS, som har som formål å redusere matsvinnet i samfunnet. Støtta frå BFD har gått til tiltak som skal redusere matsvinnet blant forbrukarane. I 2020 og 2021 har Matvett utvikla og lansert eit undervisningsopplegg om matsvinn. Utviklinga av undervisningsopplegget skjedde i samarbeid med Senter for Samarbeidslæring/Høgskulen i Innlandet (INN) og LOOP Miljøskole.

Skulen er ein arena for å skape forståing for ressurs- og klimaproblem og reflekterte haldningar til forbruk. BFD førte i 2020 vidare arbeidet med å fremje undervisning i forbrukaremne som også tok opp spørsmål knytte til nemnde tema. BFD samarbeidde mellom anna med Ungt Entreprenørskap (UE) om eit undervisningsopplegg som skal fremje forståing for berekraftig forbruk. Rundt 3 200 elevar frå ulike delar av landet deltok i opplegget.

Plan for vidare arbeid

BFD vil i 2022 føre vidare arbeidet med å gjere det enkelt for forbrukarane å ta miljømedvitne val. Miljømerka Svana og EU Ecolabel vil framleis vere dei sentrale verkemidla for å formidle standardisert og kvalitetssikra informasjon om varer og tenester som er blant dei minst miljøskadelege på marknaden. Miljømerking, som forvaltar desse ordningane i Noreg, skal arbeide for at talet på

miljømerkte produkt på den norske marknaden held fram med å stige.

BFD vil i 2022 arbeide vidare med å redusere matsvinnet i samfunnet gjennom bransjeavtalen for matsvinn. Bransjeavtalen gjeld fram til 2030 og byggjer på ein felles definisjon av matsvinn og eigne grunnlagsrapportar om statistikk og tiltak. Med utgangspunkt i FN's berekraftsmål 12.3 om matsvinn, som Noreg har forplikta seg til å arbeide for å nå, er det i bransjeavtalen sett eit overordna mål om å redusere matsvinnet i Noreg med 50 pst. innan 2030. BFD vil halde fram med å støtte tiltak som kan leggje til rette for at forbrukarane blir meir medvitne om å redusere sitt eige matsvinn.

Departementet vil i 2022 også arbeide vidare med å fremje undervisning i forbrukaremne, medrekna undervisning om berekraftig forbruk og berekraftig utvikling.

Regjeringa lanserte i juni 2021 strategien for ein grøn, sirkulær økonomi. Sentralt i strategien er å gje forbrukarane betre moglegheiter til å gjere val som sikrar gjenbruk av materiale og ressursar. BFD vil i 2022 bidra i arbeidet med å realisere strategien.

9.1.3 Finansdepartementet

Hovudverkemidla i norsk klimapolitikk er, og skal vere, sektorovergripande verkemiddel i form av klimagassavgifter og omsettelege utsleppskvotar. Om lag 85 pst. av Noregs samla utslepp av klimagassar er allereie ilagt avgift eller kvoteplikt. Det generelle avgiftsnivået på ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar er 591 kroner per tonn CO₂ i 2021, og kvoteprisen er på rundt 600 kroner per tonn CO₂. Både delen utslepp som er prisa, og den karbonprisen forureinarane står overfor er høg samanlikna med andre land.

I Meld. St. 13 (2020-2021) *Klimaplan for 2021-2030* signaliserte regjeringa ei auke i avgiftene på ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar til om lag 2 000 2020-kroner per tonn CO₂ i 2030. Samla auke og konkret nivå kvart år vil ein ta stilling til i dei vanlege budsjettprosessane. Sjå nærare omtale av forslag om endringar i avgiftene på utslepp av klimagassar i Prop. 1 LS (2021–2022).

9.1.4 Forsvarsdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Klima- og miljøutfordringane i forsvarssektoren er spesielt knytte til bruken av materiell, i hovudsak fartøy og fly, for trening, øving og operativ verk-

semd for å halde i hevd den nasjonale forsvarsevna. Verksemda til Forsvaret kan påføre omgjevnadene både støyplager, skadar på natur og miljø og utslepp av klimagassar. Den omfattande bygningsmassen som forsvarssektoren har, medfører dessutan forbruk av energi til drift og oppvarming, som direkte og indirekte medfører utslepp av klimagassar. Samstundes forvaltar sektoren naturområde og kulturminne og kulturmiljø som gjev grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Det er eit overordna mål for Forsvarsdepartementet (FD) at verksemda til forsvarssektoren ikkje skal føre til vesentleg skade på miljøet. Etatane i forsvarssektoren arbeider mellom anna med opprydding i forureina sjøbotn og skytefelt, avfallshandtering og tiltak for å redusere ulemper av støy og klimagassutslepp frå sektoren. Etatane arbeider òg med å ta vare på naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø i område som sektoren eig og bruker. Kystvakta har ei viktig oppgåve med miljø- og ressursoppsyn.

All militær aktivitet vil påverke miljøet i større eller mindre grad. Ei generell opptrapping i Forsvarets aktivitet kan òg ha klima- og miljømessige konsekvensar. Det er ein ambisjon å skape eit godt øvingsutbytte samstundes som ein unngår store, negative konsekvensar for miljøet. Tiltak er baserte på fagleg kunnskapsgrunnlag og vurdering av effekt og kostnadseffektivitet.

Rapport for 2020/2021

Forsvarsdepartementet har retningslinjer for miljøstyring som gjev ansvar, oppgåver og føringar til etatane i forsvarssektoren for å sikre at miljøpolitikken til regjeringa blir følgd i samsvar med sektoransvaret, og at den nasjonale og internasjonale miljølovgjevinga blir overhalden.

Forsvarssektoren er ein betydeleg eigedoms- og investeringsaktør og har jobba systematisk med å finne kostnadseffektive løysingar som tek i vare behova til sektoren, og som samstundes sparer energi og ressursar og spør etter klima- og miljøvennlege varer og tenester. For å ta i vare samfunnsansvaret for klima og miljø skal forsvarssektoren ha eit miljøeiingssystem som samsvarer med den internasjonale standarden ISO 14001.

I løpet av året har Forsvarsbygg innført krav om å bruke miljøoppfølgingsplanar i alle utbyggingsprosjekt og starta eit innovasjonsprosjekt for å kunne byggje meir fleksibelt, berekraftig og ressurseffektivt framover. Prosjektet er støtta av Innovasjon Noreg og Næringslivets hovedorganisasjon (NHO) program for leverandørutvikling. I

2020 oppretta Forsvarsmateriell eit dedikert miljøkontor for å støtte oppfølginga etaten gjer av berekraft og miljø. Forsvarsmateriell har også i 2020 arbeidd med å utvikle nye digitale verktøy for godkjenning og forvaltning av kjemikalier. Når verktøyet er på plass, kan overvakinga av kjemikalier som blir brukte i ulike materiellsystem i Forsvaret, gjennomførast meir effektivt. Samstundes vil innføringa forbetre substitusjonsarbeidet i heile sektoren og på sikt bidra ytterlegare i arbeidet regjeringa og EU gjer for eit giftfritt miljø.

Forsvarsbygg ferdigstilte det største naturresaureringsprosjektet i noregshistoria på Hjerkins i 2020. Målsetjinga med å tilbakeføre 165 kvadratkilometer skytefelt til villmark er nådd, og området er innlemma i Dovrefjells verneområde. Sektoren fullførte også prosjektet Ren indre havn i Horten, der Forsvarsbygg har delteke både fagleg og finansielt saman med Horten kommune og Horten industripark. Forsvarssektoren har også fornya avtalane våre om samarbeid med Riksantikvaren om ansvar for kulturvern.

Forureining ved Forsvaret sine brannøvingsfelt på flystasjonane er kartlagd, og kartlegginga viser forureining etter tidlegare bruk av brannskum som inneheld perfluorerte stoff (PFOS/PFAS) på alle felta. Det er i gang arbeid med å rydde opp i forureining på fleire flystasjonar. Mellom anna vart arbeidet med opprydding av det gamle brannøvingsfeltet ved Ørland flystasjon ferdigstilt i 2020.

Utfasing av fossilt brensel til oppvarming av Forsvarets bygningar er gjennomført med unntak av for Bodø flystasjon, der det er gjeve dispensasjon i samband med at dagens flyplass skal leggjast ned. Bruk av mineralolje utgjorde cirka 0,3 pst. av total energibruk til eigedom, bygg og anlegg i 2020. Vidare har arbeidet med tiltak for energiøkonomisering bygningane til Forsvaret halde fram i 2020 og 2021.

Sektoren gjev vidare eit viktig bidrag til samfunnet ved å ta vare på kulturminne og kulturmiljø og leggje til rette for bruk og formidle verdiar til allmenta. Forsvarssektoren har også gjennomført kartlegging og sikring av kulturminne og naturverdiar i område som er i bruk av Forsvaret, irekna godkjent ein landsverneplan del II for etablisement bygde etter 1945.

Plan for vidare arbeid

Klima- og miljøtiltak i forsvarssektoren er inkluderte i løyvingar til drift og investeringar. I For-

svarsdepartementets budsjett for 2022 er det foreslått å nytte 23,3 mill. kroner til vedlikehald av festningane og 83,5 mill. kroner til tiltak knytte til miljøoppdydding. Det er på nokolunde same nivået som i 2021. I tillegg kjem mellom anna investeringstiltak på Ørland og Evenes for å følgje opp støykrav i reguleringsplanar og andre miljøkrav.

Utsleppa er forventta å auke svakt dei kommande fem åra på grunn av styrkinga av Forsvarets kapasitet med meir materiell i bruk (særleg fly og fartøy) og målsetjingar om auka aktivitetsnivå. Det er difor særleg viktig å sjå nærmare på korleis sektoren på best mogleg måte kan redusere både direkte og indirekte utslepp framover.

Den nye langtidsplanen for forsvarssektoren (Prop. 14 S (2020–2021)) gjev føringar for bidraget frå sektoren til nasjonale målsetjingar for klima og miljø. Offentlege anskaffingar utgjer ein vesentleg del av Noregs totale klima- og miljøfotavtrykk. Anskaffingane forsvarssektoren gjer, skal difor støtte eit grønt skifte, FNs berekraftsmål og implementeringa av sirkulær økonomi. Gjennom å stille relevante miljøkrav til leverandørar, materiell og tenester skal sektoren bidra til meir effektiv og berekraftig bruk av samfunnet sine midlar.

I løpet 2021 blir det utarbeidd ein handlingsplan for klima og miljø i forsvarssektoren. Implementering av handlingsplanen blir eit viktig tiltak for sektoren i 2022. Forsvaret står for over 95 pst. av dei direkte utsleppa frå forsvarssektoren. Forsvaret skal bidra til kutt i klimautslepp samstundes som den nasjonale operative forsvarsevna blir halden i hevd. Vidare er det viktig med eit tett integrert samarbeid mellom Forsvaret og dei andre etatane i forsvarssektoren på klima- og miljøfeltet: Forsvarsmateriell i anskaffing av nye materiellsystem, Forsvarsbygg for klimavennlege bygg og anlegg i tillegg til Forsvarets forskingsinstitutt for å vurdere innovative løysingar og kunne utnytte data frå miljødatabasen til forsvarssektoren. Forsvarssektoren skal i enda større grad nytte moglegheita som ligg i å oppnå klima- og miljøgevinstar gjennom anskaffingar og krav til leverandørar.

Vidare vil sektoren føre vidare tiltak for å følgje opp dei store utbyggingane av Ørland flystasjon og Harstad / Narvik lufthavn Evenes / Evenes flystasjon i tråd med dei vedtekne reguleringsplanane og miljøkrav.

9.1.5 Helse- og omsorgsdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og statsforvaltarane er rådgjevarar for sentrale og lokale helsestyresmakter, greier ut og tek del i overvaking av miljøforureining. Etter folkehelselova har kommunane ansvar for å sikre befolkninga mot skadelege faktorar i miljøet.

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) har direktoratsoppgåver for Klima- og miljødepartementet innanfor området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljøet. DSA har vidare ansvar for fagleg utgreiingsarbeid, for tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet, i tillegg til internasjonale oppgåver.

Mattilsynet arbeider for miljøvennleg produksjon av trygge næringsmiddel og trygt drikkevatt. For å få størst mogleg samfunnsmessig verdiskaping ut av avgrensa ressursar er det vesentleg å leggje vekt på kvalitet, plante- og dyrehelse og omsynet til miljøet.

Helse- og omsorgsdepartementet forvaltar staten sin eigarskap av dei regionale helseføretaka, som igjen er eigar av helseføretaka i landet. Som det blir uttrykt i Meld. St. 8 (2019–2020) *Statens direkte eierskap i selskaper – Bærekraftig verdiskaping*, er staten oppteken av at verksemda til selskapa er ansvarleg. Det inneber å identifisere og handtere risikoen selskapet påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til berekraft og ansvarleg verksemd er reflektert i forventingane staten har til selskapa, og korleis staten følgjer opp selskapa.

Departementet har i styringsbodskapen til dei regionale helseføretaka bede om at spesialisthelsetenesta har ei heilskapleg tilnærming til klima- og miljøutfordringane. Miljøarbeidet i spesialisthelsetenesta blir koordinert gjennom eit samarbeidsutval mellom dei fire helseregionane. Alle dei regionale helseføretaka er representerte med ein medlem i samarbeidsutvalet. I tillegg har Sjukehusbygg HF, Sjukehusinnkjøp HF, vernetenesta og tillitsvalde ein representant kvar. Dei fire regionane har også kvar si miljøfaggruppe der alle helseføretak er representerte.

Rapport for 2020

Det blir årleg utarbeidd ein felles årsrapport for samfunnsansvar i spesialisthelsetenesta, «Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar». Rapporten handlar om klima og miljø, menneske-

rettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon. Rapporten er utarbeidd av interregionalt samarbeidsutval for klima og miljø i spesialisthelsetenesta og omfattar helseføretaka i dei fire regionane i tillegg til dei felleseigde selskapa (Sjukehusbygg HF, Sjukehusinnkjøp HF, Luftambulansetenesta HF, Nasjonal IKT HF, Helsetenestas driftsorganisasjon for nødnett HF og Pasientreiser HF).

Alle helseføretak i landet er miljøsertifiserte i samsvar med NS-EN ISO 14001. Det inneber at ei samla spesialisthelseteneste arbeider systematisk med å forbetre eigen miljøprestasjon. Gjennom rapporten for samfunnsansvar blir det òg lagt fram ein felles klimarekneskap for helseføretaka i landet. Klimarekneskapen medverkar til å setje søkjelyset på å redusere forbruk av ressursar.

Ifølgje perspektivmeldinga 2021 auka delen videokonsultasjonar hos fastlege frå 3 pst. i 2019 til 60 pst. i mars 2020. Redusert transport som følge av ein auke i videokonsultasjonar blir trekt fram som eit tiltak som har store positive klima- og miljøkonsekvensar i Spesialisthelsetenestens rapport for samfunnsansvar i 2018. Covid-19-pandemien har bidrege til ein generell auke i bruken av digitale løysingar for kontakt med helse- og omsorgstenesta. Fastlegar gjennomfører ein stor del av konsultasjonane sine digitalt. Dette kan ha positive vedvarande klimaeffektar også etter at samfunnet normaliserer seg.

9.1.6 Justis- og beredskapsdepartementet

Svalbard

Regjeringas mål om å bevare Svalbards særeigne villmarksnatur ligg til grunn for miljøvernpolitikken på Svalbard. Svalbardmiljølova av 15. juni 2001 med tilhøyrande føresegnar tek vare på denne målsetjinga. Ein stor del av verksemda til Sysselmeisteren på Svalbard er knytt til miljøvernrelatert arbeid. I Sysselmeisterens organisasjon er det samla både politifagleg og miljøvern fagleg ekspertise. Dette legg til rette for ei effektiv etterforskning av miljøkriminalitet og for eit godt fagleg informasjonsarbeid. Lokalt er svalbardmiljølova med føresegn viktige verktøy for å ta vare på miljømåla.

Ei viktig oppgåve for Sysselmeisteren er å halde oppsyn med og avdekkje eventuelle brot på føresegnene om vern av Svalbards natur- og kulturmiljø. Dokumentasjon av utviklinga innan ferdsel og anna verksemd er viktig for å målrette tiltak. Sysselmeisteren legg vekt på rask og effektiv etterforskning og oppklaring av moglege straffbare forhold. Svalbard og Longyearbyen vil på grunn

av auka aktivitet få større betydning som base for beredskap mot forureining.

Kystverket har ansvaret for oljevernberedskapen i området, med Sysselmeisteren som lokal ressurs. Lange avstandar og arktisk klima gjer det vanskeleg å handtere oljeutslepp i området. Førebyggjande tiltak for å unngå slike hendingar er derfor svært viktige, blant annet det innførte forbodet mot bruk av tungolje som drivstoff i territorialfarvatnet. For å redusere risikoen for hendingar med miljøskade til følgje er det ei statleg losteneste for all skipsfart i farvatna på Svalbard på same måte som på fastlandet.

Regjeringa har avgjort at kolkraftverket i Longyearbyen skal bli fasa ut til fordel for eit nytt kraftvarmeverk med ei gradvis og forsvarleg innfasing av meir fornybar energi. Avgjerda er basert på utgreiingar av ulike grunnlastløysingar gjennomført av NVE og Thema/Multiconsult.

Regjeringa sitt forslag til rammer for ein Energiplan i Longyearbyen legg grunnlaget for at kolkraftverket blir avvikla til fordel for ei sikrere og meir klimavenleg energiløysing. Løysninga skal vere basert på eit nytt kraftvarmeverk i kombinasjon med fornybar energi og auka satsing på energieffektivisering.

Ei energiløysning basert på fornybare energikjelder og diesel/multifuelteknologi er etter regjeringa si meining den løysinga som gir høgast forsyningsstryggleik, lågaste kostnader og muliggjør ein trinnvis oppbygging av ein langsiktig, fornybar energiløysing for Longyearbyen. Utprøving av energilagringssmoglegheiter lokalt bør inngå i dette.

Regjeringa har bedt Longyearbyen lokalstyre utarbeide ein konkret energiplan i løpet av 2022. Premissane for planen er at innfasing av fornybar energi skal skje raskast mogleg, med mål om at fornybare løysingar skal utgjere hovudforsyninga. Energiforsyninga skal vere i tråd med og støtte opp under Noreg sine klimamål for 2030 og 2050.

Politi- og lensmannsetaten

Dei viktigaste oppgåvene politiet har innanfor miljøvern, er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, etterforskning med høg kvalitet og adekvat reaksjon. Som det kjem fram i stortingsmeldinga om miljøkriminalitet (Meld. St. 19 (2019–2020)), inneber førebygging på miljøområdet særleg gjensidig informasjonsdeling med relevante samarbeidsaktørar, slik at alle kan setjast i stand til å setje i verk nødvendige tiltak på eige ansvarsområde. Politiets samarbeidspartna-

rar i miljøforvaltninga må difor involverast både lokalt og sentralt.

Når det gjeld avdekking av miljøkriminalitet, vil regjeringa føre vidare felles aksjonar mellom politi og miljøstyresmakter og vurdere bruk av slike aksjonar på fleire miljøkriminalitetsområde enn i dag. Tolletaten vil også måtte inngå i eit slikt samarbeid ved grensekryssande kriminalitet.

9.1.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Beskriving av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Målet med distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert befolkningssamansetjing og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Næringsliv og samfunnet elles skal kunne tilpasse seg endra føresetnader i økonomiske, sosiale, klima- og miljømessige rammevilkår. Måla for Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskot legg vekt på eit vekstkraftig næringsliv og verdiskaping i attraktive arbeidsmarknader over heile landet, regional utvikling over landegrensene og i nordområda og styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for byggje- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. Statsbyggs nye strategiske mål for 2021–2025 vil vere førande for korleis Statsbygg løyser samfunnsoppdraget sitt i åra framover. Dei strategiske måla er å skape meirverdi for brukarar og samfunn, gje staten kostnadseffektive lokale, levere berekraftige løysingar, utvikle byggje- og eigedomsnæringa og byggje kompetanse for framtida. For å kunne realisere måla vil Statsbygg samarbeide med næringa, brukarar, leigetakarar og oppdragsgjevarar.

Regjeringa har i Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* utarbeidd felles klima- og miljøambisjonar for statlege bygg og eigedommar i sivil sektor. Statsbygg arbeider med revitalisering og optimalisering av funksjonar og løysingar i eksisterande bygningsmasse for å kunne utvikle og tilpasse bygga framfor å byggje nytt. Statsbygg har i 2020 utvikla konsept for å løyse nye behov hos brukarane med enkle grep, til dømes å leggje til rette for miljøvennleg transport og tiltak som fremjar biologisk mangfald og sirku-

lærøkonomi. Statsbyggs gigantiske telt frå regjeringskvartalsprosjektet skal brukast på nytt og bli Noregs største sentral for ombruk av materialar. Dette er mogleggjort gjennom samarbeid med Resirqel, Oslo kommune og Pådriv, nettverk for berekraftig byutvikling.

Lokalisering og arealbruk er vesentleg for klimapåverknaden av bygg. Statsbygg gjev råd til oppdragsgjevarane om desse forholda både i statlege byggjeprojekt og når staten skal leige.

Bygningsregelverket skal sørge for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøvennlige.

Statsforvaltarane er viktige for iverksetjinga av nasjonal klima- og miljøpolitikk. Midlane til arbeidet statsforvaltarane gjer med klima og miljø, blir finansierte i hovudsak gjennom Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt kap. 525 Statsforvaltarane, jf. KMDs Prop. 1 S (2021–2022).

Rapport for 2020/2021

Berekraft er omtalt i dei overordna planane og strategiane til fylkeskommunane, til dømes regional plan, som styrer verksemda til fylkeskommunane. Fylkeskommunane og kommunane har gjeve tilsegn for om lag 82 mill. kroner til ulike typar miljøfremjande tiltak frå dei distrikts- og regionalpolitiske tilskota over programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk i 2020.

Innovasjon Noreg (IN) forvaltar bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta på oppdrag av fylkeskommunane. I strategien til selskapet er berekraft spesielt vektlegg. Prosjekt som skal få finansiering frå IN, blir vurderte etter tre berekraftsdimensjonar: økonomi, miljø og samfunnseffektar av prosjektet. IN har laga ei rettleiing for heilskapleg vurdering av berekraft i finansieringssaker. Dersom eit prosjekt er vurdert å ha negativ miljø- eller samfunnseffekt, får ikkje prosjektet finansiering. 49 pst. av innvilga beløp gjekk til prosjekt med positiv miljøeffekt for oppdraga finansierte i 2020. Bioøkonomiordninga i IN skal bidra til auka verdiskaping og berekraftig omstilling av norsk næringsliv ved å utnytte det marknadspotensialet som bionæringane representerer basert på ressursar frå hav, jord og skog. Ordninga er ei oppfølging av bioøkonomistategien til regjeringa. IN rapporterer at det er høg etterspurnad etter verkemiddel innanfor bioøkonomi, og at programmet har resultert i fleire prosjekt som utnyttar biologiske ressursar betre.

Noreg deltek i EUs grenseoverskridande samarbeid gjennom Interreg-programma. Alle Inter-

reg-programma Noreg deltek i, har smart, berekraftig og inkluderande vekst som overordna mål. Cirka 40 pst. av dei norske Interreg-midlane vart i 2020 nytta til innsatsområde knytte til lågkarbonøkonomi, risikohandtering ved klimaendringar, beskyttelse av miljø og berekraftig transport.

Klimagassutsleppa for byggjeprojekt gjennomførte av Statsbygg vart i 2020 reduserte med 36 pst. målt mot minstekrav i byggteknisk forskrift. Utslepp frå materialar til prosjekta og frå energi i drift over det normerte livsløpet til bygga på 60 år er inkludert i berekninga. Etter gjennomføring av utsleppsreducerande tiltak låg det samla klimagassutsleppet for byggjeprojekt i byggjefase i 2020 på 15,4 kg CO₂-ekvivalentar per m² per år.

Som ein konsekvens av pandemien løyde Stortinget i 2020 ein tiltakspakke på Statsbyggs område. Formålet var å stimulere til produksjon og sysselsetjing i bygg- og egedomsbransjen. Tiltakspakken har også bidrege til grønne investeringar gjennom til dømes etablering av solceller ved Halden fengsel, Telemark fengsel og Høgskulen i Østfold og etablering av fleire elbil-ladepunkt ved ulike egedommar.

I 2019 og 2020 har Statsbygg kartlagt potensielle ENØK-tiltak for totalt 500 000 m² av egedomsmassen. Vidare er potensialet for produksjon av solenergi på takflater i bygningsporteføljen kartlagt.

Kommunal- og moderniseringsdepartementets krav til energibruk på 204 kWh/ m² i 2020 vart innfridd, med eit resultat på 189 kWh/m². I tillegg er det oppnådd ein reduksjon i CO₂-utslepp frå egedommane på 23 pst. samanlikna med 2019, som i stor grad blir forklart av redusert aktivitetsnivå, i hovudsak på grunn av pandemien. Delen lokalprodusert fornybar energi er aukande og utgjer 2,5 pst. av samla forbruk i 2020.

Ny forskrift om lån frå Husbanken tredde i kraft 1. januar 2020. Kapittel 2 i forskrifta, Lån til boligkvalitet, skal fremje miljø og tilgjenge i nye bustader. Det kan gjevast lån til oppføring av bustader med godt inneklima og miljøvennlige materialar og byggemetodar. For eksisterande bustader blir det gjeve lån til å fremje bustadkvalitetar som energieffektivitet og tilgjenge.

Forslag om klimabaserte energikrav i byggteknisk forskrift vart sendt på høyring i juli. Energikrava blir utvikla frå passivhusnivå til nesten nullenerginivå ved å supplere dagens krav med krav som bidreg til reduserte klimagassutslepp frå materialar og betre ressursutnytting. Forslaget inneber mellom anna krav om å utarbeide klimagassrekneskap for bustadblokker og yrkesbygg.

Når det er blitt hausta erfaringar med krav om klimagassrekneskap for slike bygg, tek regjeringa sikte på å innføre krav til utslepps nivået for desse bygga og at krav om klimagassrekneskap blir utvida til andre bygningskategoriar, mellom anna i lys av at kostnadene ved å lage slike rekneskap vil minke.

Regjeringa arbeider for å kutte avfallsmengda og klimagassutsleppa knytte til byggjeverksemnd. Å leggje til rette for ombruk av byggjeverer bidreg til dette. Direktoratet for byggkvalitet har laga ei rettleiing med informasjon om kva krav som blir stilte med omsetning og bruk av brukte byggjeverer. Regjeringa vil i tillegg gå gjennom dokumentasjonskrava for byggjeverer slik at desse er betre tilpassa ombruk.

Regjeringa har, i samarbeid med næringa, teke initiativ til å opprette eit samordningsråd for digitalisering. Rådet skal leggje til rette for betre flyt av digitale produktdata, mellom anna gjennom pilotprosjekt for utvalde byggjeverer med særleg potensial for ombruk. Gjennom å leggje til rette for at digitale produktdata flyt godt, frå produsent til sluttbrukar, gjer regjeringa det lettare for næringa å vite kva byggjeverer som kan brukast om igjen.

Midlane til statsforvaltarane i 2020 vart brukte til oppgåver innan naturforvaltning, forureining og klima (legge inn fotnote her: Klima- og miljødepartementets del av kap. 525 post 01 var 346,931 mill. kroner i 2020). Statsforvaltaren har bidrege i arbeidet med bevaring av naturmangfald og utført oppgåver mellom anna knytte til trua natur, rovvilt, laks, forvaltning av verneområde og vassforvaltning. I samarbeid med andre statlege aktørar har statsforvaltarane i 2020 bidrege til arbeid i kommunar og næringsliv med å redusere klimagassutslepp og den samla sårbarheita i samfunnet for klimaendringar. Statsforvaltarane har følgd opp arbeidet til kommunane med klima- og energiplanar, og statsforvaltarane i Oslo og Viken, Vestfold og Telemark, Trøndelag og Troms og Finnmark har hatt ansvar for pilotprosjekt knytte til klimatilpassing. Statsforvaltarane har i 2020 medverka til at kommunane tek klima- og miljøomsyn i plansaker. Dei har halde fram med å levere resultat knytte til marin forsøpling og opprydding i forureina grunn og sjøbotn i prioriterte område. Embeta har halde fram arbeidet med vern av norsk skog og fremja forslag til vern av marine område. Statsforvaltarane har følgd opp bedrifter og verksemder innanfor område der dei er forureiningsstyresmakt.

Plan for vidare arbeid

Interreg-programma er ein arena for å styrkje grenseregionalt samarbeid. I neste programperiode for Interreg VI 2021–2027 er måla a) eit smartare Europa, b) eit grønarare Europa, c) eit Europa som er tettare samanknytt, d) eit meir sosialt Europa og e) eit Europa nærmare borgarane. Noreg har prioritert mål a, b og c.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal følgje opp klimaplanen og sirkulærstrategien innanfor byggje- og eigedoms politikken i statleg sivil sektor.

Ein heilskapleg strategi for bygg og eigedom i statleg sivil sektor skal leggjast fram i 2021. Strategien byggjer mellom anna vidare på klimaplanen og sirkulærstrategien. Den vil gjelde for alle departement i sivil sektor og alle delar av byggje- og eigedomsforvaltninga. Klima, miljø og energi er eit av tema.

9.1.8 Kulturdepartementet

Beskriving av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Mange museum forvaltar handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. Interesse for slik kunnskap er aukande i vår tid, no som berekraft og samspel mellom natur og kultur er sett på dagsordenen for alvor. Musea har ei viktig rolle i dette arbeidet framover, ikkje minst sett i lys av berekraftsmåla. Berekraftsmåla krev felles innsats frå styresmakter, sivilsamfunn, privat sektor og akademia i alle land.

Med tilvising til Kulturmiljømeldinga blir det sagt i museumsmeldinga at musea kan spele ei viktig rolle i arbeidet med å nå målet om å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø som grunnlag for kunnskap, opplevingar og bruk. Undersøkinga om bygningane ved musea som er gjennomført i samband med museumsmeldinga, vil vere del av kunnskapsgrunnlaget for å sikre eit godt samarbeid i forvaltninga om den musealt forvalta bygningsarven. Vidare viser undersøkinga at det er eit stort etterslep på istandsetjing og restaurering av kulturhistoriske bygningar som musea forvaltar.

Rapport for 2020/2021

Meld. St. 23 (2020–2021) *Musea i samfunnet. Til lit, ting og tid*, som vart lagd fram i mars 2021, jf. Innst. 573 S (2020–2021), beskriv museumspolitikken til regjeringa i eit generasjonsperspektiv fram

mot 2050. I meldinga inngår oppfølgingspunkt 5.6.4. «styrke museets arbeid med handlingsbåren kunnskap og annen immateriell kulturarv» og 8.7.4: «Innrette ei særleg satsing for heilskapleg ivaretaking av bygningsarven.»

Planar for det vidare arbeidet innanfor sektoren

Regjeringa meiner at kunnskapen til musea innan materialbruk, tradisjonshandverk og tradisjonelle former for samspel mellom kultur og natur bør utviklast vidare for å komme storsamfunnet til gode på fleire måtar. Musea har eit viktig samfunnsansvar i dette arbeidet. Tradisjonskunnskap knytt både til kultur- og naturarv er kunnskap om fortida, men regjeringa meiner at det ikkje minst er kunnskap til nytte i samtida, i utviklinga mot ei meir berekraftig framtid. Kunnskapen om arbeidet til musea med den immaterielle kulturarven er fragmentert og lite systematisk, og Kulturdepartementet ønskjer at det framover blir lagt til rette for auka kunnskapsutvikling på dette området.

Regjeringa vil vidare innrette ei særleg satsing for ivaretaking av bygningsarven. Som ein del av dette arbeidet må det gjerast grundige prioriteringar på tvers av musea og gjennom regional og nasjonal samordning. Dette må også sjåast i samheng med klimaendringar og konsekvensen av desse på bygningsmassane.

9.1.9 Kunnskapsdepartementet

Målet for Kunnskapsdepartementet (KD) sitt arbeid på klima- og miljøområdet er at utdanning og forskning skal medverke til berekraftig utvikling og omstilling til lågutsleppssamfunnet gjennom utvikling og formidling av kunnskap som bidreg til ny innsikt, gode løysingar og folk med gode dugleikar.

Formidling av kunnskap og gode haldningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skulane. Grunnlaget for gode haldningar blir skapt i oppveksten, og det er difor viktig at natur og miljø også er ein naturleg del av barnehagane og skulane.

I planen til regjeringa for universitets- og høgskulebygg i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028* blir det teke sikte på å oppnå høgare arealeffektivitet og lågare klimagassutslepp. For å stimulere til betre bruk av eksisterande bygg har Kunnskapsdepartementet ei søkbar ordning for midlar til oppgraderingar. I 2021 vart det tildelt 119,1 mill. kroner over ordninga.

Miljøforskning er støtta gjennom ulike satsingar og program i Forskningsrådet. I tillegg finansierer universiteta og høgskulane mykje miljø- og klimarelevant forskning over grunnløyvinga si.

Rapport for 2020/2021

Den naturlege skulesekken skal bidra til at skular får auka kompetanse for å undervise for berekraftig utvikling. Skular som deltek, får eit økonomisk tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å utvikle og teste undervisningsopplegg for berekraftig utvikling. I 2020 vart det brukt 3 mill. kroner til Den naturlege skulesekken over Kunnskapsdepartementets budsjett.

Den målretta forskingsinnsatsen på klima og miljø var om lag 1,7 mrd. kroner i 2020. KD bidreg gjennom fleire av Forskningsrådets verkemiddel, irekna til store program som KLIMAFORSK, ENERGIX og til Senter for Klimadynamikk ved Bjerknessenteret i Bergen.

Oppfølginga av Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning er i 2020 prega av koronapandemien. Krisemidlane har mellom anna vore retta inn mot å bidra til ei raskare grøn omstilling for å komme seg ut av den økonomiske krisa som pandemien har ført til i mange bransjar. Dette inneber at oppfølginga av Langtidsplanen i 2020 i særleg grad er vridd mot målområdet Styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne og dei to langsiktige prioriteringane Hav og Klima, miljø og miljøvennleg energi.

Klima og miljø er sentrale tema i norsk polarforskning. KD finansierer programmet POLARPROG, i tillegg til forskingsinfrastruktur for polarforskning, der forskning på klima og miljø inngår. Det meste av norsk polarforskning skjer i Arktis og særleg på Svalbard og i Barentshavet. Raske klima- og miljøendringar i dei polare områda aukar behovet for kunnskap. Prosjektet «Arven etter Nansen» blir også finansiert over Forskningsrådets budsjett, med tokt i sentrale og nordlege delar av Barentshavet. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom dei sentrale norske forskingsinstitusjonane på feltet og er venta å gje kartlegging og forskning av høg kvalitet. «Arven etter Nansen» er Noregs største marine forskingsprosjekt med eit totalbudsjett på 740 mill. kroner. KDs årlege bidrag er 60 mill. kroner.

Bidrag til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon Horisont 2020 er også viktig, der klima og berekraftig utvikling er eit gjennomgangstema. 35 pst. av budsjettet i Horisont 2020 skal gå til klimatiltak, og minst 60 pst. av budsjettet er forventa å medverke til berekraftig utvikling. Noreg skal

halde fram med å delta i det nye rammeprogrammet frå 2021, Horisont Europa. Det er eit mål at over 35 pst. av budsjettet er sett av til å møte klimautfordringar. I programmet blir det også lansert tverrfaglege og tverrsektorielle samfunnsoppdrag med klare mål for mellom anna tilpasning til klimaendringar inkludert samfunnsendring, klimanøytrale og smarte byer og sunne hav, kyster og sjøer. Samfunnsoppdraga skal bidra til å møte globale utfordringar innan 2030 og til å nå dei politiske målsetjingane i strategiar som mellom anna EUs grønne giv.

Plan for vidare arbeid

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2015–2024 gjev dei politiske føringane for Kunnskapsdepartementets satsing på dette området. Langtidsplanen har tiårige mål og prioriteringar, men meir konkrete mål for innsatsen i den første fireårsperioden, der regjeringa forpliktar seg til å følgje opp prioriteringane i dei årlege statsbudsjetta. I langtidsplanen er klima, miljø og miljøvennleg energi ei av dei fem langsiktige prioriteringane. Utdanning, forskning og innovasjon som kan hjelpe oss å nå klimamåla, er med dette ei viktig prioritering. KD arbeider no med ny revidert langtidsplan som skal leggjast fram i 2022.

9.1.10 Landbruks- og matdepartementet

Beskriving av miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Norsk landbruk tilbyr forbrukarane mat som er produsert på ein helse- og miljøvennleg måte, forvaltar store innmarks- og utmarksområde med tilhøyrande natur-, kultur- og friluftsverdiar og forsyner samfunnet med fornybare byggjemateriale og energi. Berekraftig landbruk er eit av hovudmåla i politikken til Landbruks- og matdepartementet (LMD). Miljøsatsinga i jordbruket skal medverke til å redusere miljøbelastninga frå jordbruket og til å betre miljøtilstanden og auka skjøtsel og istandsetjing av kulturlandskapet frå jordbruket.

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal, medan over 40 pst av landarealet er rekna som godt utmarksbeite. Det er viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjorda. Samstundes må jordvernet balanserast mot behova til storsamfunnet. Regjeringa la i samband med jordbruksopp-gjeret 2021 fram ein revidert nasjonal jordvernstrategi for å redusere omdisponeringa av dyrka jord. Omdisponeringa har gått ned dei siste åra. Aktiv drift i landbruket er den viktigaste føreset-

naden for å ta vare på kulturlandskapet. Kulturlandskap forma av landbruket er viktige for identitet og tilknytning. Kulturlandskapet gjev ei ramme for satsingar på kultur, lokal mat, friluftsliv, buse-tjing og turisme og er leveområde for mange artar av plantar og dyr.

Mangfaldet til og kombinasjonen av natur- og kulturverdiar i jordbrukslandskapet er ein karakteristisk og viktig del av landskapet i Noreg. Variasjonen i kulturlandskapet må haldast ved like, og ei målretta forvaltning kan bidra til å nå målet om å stoppe tapet av biologisk mangfald og ta vare på kulturminne. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksav-talen skal bidra til å nå dei nasjonale måla for det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiane i den kommunale planlegginga og lagar planar som kan ligge til grunn for god forvaltning.

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmid-del er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Vassforskrifta sett mål for god tilstand i vatna og vassdraga våre. I regelverket finst det heimlar som gjev kommunen og statsforvaltaren mogleg-heita til å stille strengare krav til miljøtiltak i sær-leg utsette område. Samla gjennomføring av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal m.m. i korn-områda har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men ikkje tilsvarende det som har vore den venta verknaden av tiltaka. Konklusjo-nane frå analyse av 25 år med overvaksingsdata i JOVA-programmet til NIBIO er at nedbør og tem-peratur er dei viktigaste faktorane som bestem-mer jord- og fosfortap, og at det er effekt av jord-arbeiding på fosfortap og fosforkonsentrasjonar. Effekten er størst når det er mykje nedbør, stor avrenning og store jordtap. Undersøkingar frå NIBIO viser at meir nedbør og ustabile vintrar har gjeve auka avrenning som reduserer verknaden av tiltaka.

All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet baserer difor all jordbrukspro-duksjon seg på omløp av CO₂, vatn og nærings-stoff. Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Det meste av metanutsleppa kjem frå dyra si fordøy-ing, særleg drøvtyggjarane. Resten kjem frå lag-ring og spreining av husdyrgjødsel.

Skogbruket gjev grunnlag for næring og arbeidsplassar over heile Noreg, samstundes som skogen er ein del av løysinga på klimautfordrin-gane. Skogen tek opp omtrent halvparten av dei

samla norske klimautsleppa. Tilveksten i skogen er mykje større enn hogsten, noko som både gjev karbonbinding og auka høve til bruk av ein miljøvennleg og fornybar ressurs.

Mange raudlista artar lever i skog og kulturlandskap. God kunnskap og oversikt over det biologiske mangfaldet er nødvendig, og skog- og miljøkunnskapen gjennom skogbruksplanlegging med miljøregistreringar er hovudplattforma for eit langsiktig og miljøvennleg skogbruk.

Rapport for 2020/2021

Miljøsatsinga i jordbruket er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale verkemiddel for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff, redusere utslepp til luft, hindre attgroing og ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar.

I 2020 vart det gjennomført tiltak på 20 558 føretak for 552 mill. kroner innanfor dei regionale miljøprogramma. Om lag 48 pst. av dei lokale midlane (Spesielle miljøtiltak i jordbruket) vart innvilga til tiltak for å fremje verdier i kulturlandskapet, naturmiljøet, naturmangfaldet og friluftslivet i jordbruket i 2020, medan 52 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureining til vatn og luft. I tillegg samfinansierer landbrukssektoren og miljøsektoren ordninga Tilskudd til utvalgte kulturlandskap i jordbruket. 46 område som er eit representativt utval av verdifulle jordbrukslandskap som inneheld særskilde verdier knytte til naturmangfald og naturmiljø, er valde ut. Liknande samfinansiering er det for verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan, der verdiane i områda mellom anna er knytte til kulturlandskapet frå jordbruket og er avhengige av aktiv jordbruksdrift og skjøtsel. Skjøtsel av utvalde naturtypar som kystlynghei og slåttemark blir finansiert både gjennom miljøordningane i jordbruket og tilskota frå miljøforvaltninga til trua natur.

Utslepp av klimagassar frå jordbruket var i 2020⁵ på 4,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,8 pst. av dei samla norske utsleppa. Utslepp frå jordbruket har blitt redusert med 6,6 pst. frå 1990 til 2020. Redusert bruk av gjødsel og færre storfe grunna auka effektivitet i mjølkeproduksjonen er hovudårsakene til nedgangen i utsleppa frå jordbruket. I 2019 signerte regjeringa og organisasjonane i jordbruket ein intensjonsavtale om kutt i klimagassutsleppa og

auka opptak av karbon frå jordbruket. Det er sett ned ei rekneskapsgruppe som skal følgje opp intensjonsavtalen. Stortinget fastsette i 2015 målet om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal vere under 4 000 dekar, og bad om at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2020 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det vart omdisponert 4 676 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk. Dette er ein auke frå dei tre føregåande åra da ein var under jordvern-målet tre år på rad (ca. 3 900, 3 600 og 3 900 dekar). I 2021 vart det fastsett eit nytt jordvern-mål, som seier at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal vere under 3 000 dekar innan 2025. KOSTRA-tala viser ein betydeleg reduksjon i godkjent areal for nydyrking i 2020, men frå eit høgt nivå dei siste åra. I 2020 vart det gjeve løyve til å nydyrke cirka 21 600 dekar, mot 28 100 dekar i 2019 og 24 900 dekar i 2018. Frå og med 2014 har i gjennomsnitt om lag 22 200 dekar blitt godkjende nydyrka årleg.

Arbeid for å redusere både bruken og risikoen ved bruk av plantevernmiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel (2016–2020) er ein viktig reiskap i dette arbeidet. For 2020 vart det avsett 12 mill. kroner til å følgje opp handlingsplanen.

Som oppfølging av Nasjonal pollinatorstrategi er det utarbeidd ein tiltaksplan for ville pollinerande insekt (2021–2028). Tiltaksplanen beskriv tiltak som er igangsette og nye, for sektorar dette vedkjem.

Ein nasjonal strategi for urbant landbruk, utarbeidd av Landbruks- og matdepartementet i samarbeid med relevante sektorar, vart lagd fram februar 2021.

Bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar er nødvendige for å sikre variasjon og unngå tap av sortar, artar og rasar. Svalbard globale frøkvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikringskopiar av frøa i genbankane i verda. Etter ferdigstillinga av den tekniske oppgraderinga i 2019 som samla gjer frøkvelven betre rusta mot klimaendringar på lang sikt, ønskte statsministeren 35 genbankar velkomne da dei deponerte frø i februar 2020. Erna Solberg og Ghanas president John Dramani Mahama som saman leier FN's pådrivargruppe for berekraftsmåla, signerte samstundes oppropet «Arctic Call to Action for Food Security and Climate Change». I 2020 vart totalt 82 501 nye frøprøvar sikra i frøkvelven, og på slutten av 2020 rommar frøkvelven totalt 1 074 533 frøprøvar frå 87 genbankar.

⁵ Førebelse tal: <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/forurenning-og-klima/statistikk/utslipp-til-luft>

Den nasjonale strategien for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk som vart fastsett hausten 2019, er lagd til grunn for arbeidet med bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar. Det vart i 2020 innvilga 6,8 mill. kroner til 63 prosjekt til tiltak som skal styrkje arbeidet med bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar i jord- og skogbruket. Det blir også innvilga særskilt tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar. Tal frå 2020 viser at det er ein auke i talet på avlsdyr av dei bevaringsverdige husdyrrasane innan storfe, sau, hest og geit.

Landbruks- og matdepartementet gav også i 2020 støtte til vidare forskning og utgreiing i prosjektet Miljøregistreringer i Skog (MiS), som har utvikla eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det vart innvilga 4,550 mill. kroner til dette arbeidet for 2020. Registreringane gjev grunnlag for miljøomsyn i skogbruket.

Stortinget har vedteke at inndelings- og beskrivingsystemet Natur i Norge (NiN), som Artsdatabanken har ansvaret for, skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å gjere greie for variasjon i naturen og sikrar mellom anna eit kunnskapsgrunnlag som er både dokumentert og mogleg å etterprøve, til bruk i vurderingar av bruk og vern. NiN er teke i bruk i skogbruksplanlegginga.

Areal i økologisk drift utgjorde i 2020 om lag 4,2 pst. av det totale jordbruksarealet i Noreg. Landbruksdirektoratet har for åra 2019 og 2020 ikkje utarbeidd fullverdig statistikk for omsetning av økologiske varer i daglegvarekjedene. Arbeidet for å få på plass ein slik statistikk blir vidareført, og det er forhåpningar om ei løysing som gjer at ein har statistikk for 2021. Koronapandemien påverka omsetninga av økologisk mat og drikke gjennom dei ulike salskanalane ulikt i 2020. Omsetninga gjennom serveringsmarknaden og Bondens marked gjekk ned, medan omsetninga gjennom spesialbutikkar, Vinmonopolet og REKO-ringar auka.

Plan for vidare arbeid

Jordbrukspolitikken skal leggjast om i meir miljø- og klimavennleg retning. I jordbruksoppgjæret 2021 vart det gjort ei omfattande styrking av klima- og miljøsertifikeringa i jordbruksavtalen, spesielt vart det prioritert å styrkje investeringar i klimatilstand som skal bidra til utsleppsreduksjonar. Denne satsinga følgjer opp intensjonsavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket og

arbeidet med å nå andre miljømål, til dømes innan kulturlandskap og vassmiljø. Vidare vart areal- og kulturlandskapstilskot og beitetilskota prioriterte. Disse ordningane fører til at vi held ved lag eit variert og levande kulturlandskap og naturmangfald i heile landet. Totalt blir avsetninga til ordningar med klima- og miljøverknad auka med 238 mill. kroner frå 2021 til 2022. Vi viser til Prop. 200S (2020–2021) for detaljar. Intensjonsavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket skal leggjast til grunn for klimaarbeidet i jordbruket framover, også jf. Meld. St. 13 Klimaplan (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*.

Departementet vil følgje opp arbeidet med genetiske ressursar, Svalbard globale frøkvelv og delta aktivt i dei aktuelle internasjonale prosessane under FN's organisasjon for mat og landbruk, FAO (Food and Agriculture Organization) og den Internasjonale traktaten for plantegenetiske ressurser for mat og jordbruk.

Det er tverrpolitisk einigheit i Noreg om å arbeide for å redusere matsvinnet. LMD fører vidare arbeidet med å førebyggje og redusere matsvinn, mellom anna gjennom bransjeavtalen om reduksjon av matsvinn med fire andre departement og matbransjen. Statistikk for matsvinn i landbrukssektoren blir rapportert inn for første gongen i 2020 til den første hovudrapporteringa frå bransjeavtalen. Denne skal leggjast fram i løpet av 2021.

Det blir arbeidd med å revidere Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel. Revidert handlingsplan vil gjelde for ein ny periode på fem år.

LMD har vidareført tilskotsordninga med midlar til verdsarvsatsinga Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap og utvalde kulturlandskap i jordbruket. Innanfor ramma av gjeldande finansiering har underliggjande direktorat vurdert at det er mogleg å auke talet på område med tre til fem innan 2025. Det skal også vurderast om Cirkumferensen ved Røros bergstad kan innlemmast i ordninga om tilskot til skjøtsel i verdsarvområda.

Departementet følgjer opp Nasjonal pollinatorstrategi på fleire måtar i verkemiddelsystemet i jordbruket. Frå 2019 er det tilrettelagt for tilskot til tilsåing og skjøtsel av soner med pollinatorvennlige blommar på jordbruksareal gjennom dei regionale miljøprogramma. Frå 2022 blir det innført tilskot til pollinatorvennlige frøblandingar gjennom å utvide forskrift om tilskudd til frøavl m.m. Det er sett av 2 mill. kroner til formålet i 2022. Element frå strategien blir følgde opp gjennom ordningane Utvalgte kulturlandskap i landbruket, Handlingsplan for plantevernmiddel, regi-

onale miljøprogram, SMIL-ordninga og Klima- og miljøprogrammet. Norsk Landbruksråd gjev formidlar kunnskap om gode tiltak for pollinerande insekt til bønder i heile landet.

Nasjonal strategi for urbant landbruk blir følgd opp med tiltak innanfor dei tre innsatsområda berekraftig by- og stadsutvikling, auka kunnskap om berekraftig matproduksjon og auka berekraftig verdiskaping og næringsutvikling.

Kunnskapsoppbygging gjennom forskning i MiS-prosjektet om biologisk mangfald og miljøregistreringar i skogbruksplanlegginga held fram i 2022. Dette er avgjerande for å få ny kunnskap til bruk i registrering, overvaking og forvaltning av naturmangfaldet. LMD vil halde fram med satsinga på Landsskogtakseringa. Statistikk frå Landsskogtakseringa viser aukande volum av tre i alle dimensjonar og aldersklassar for både gran-skog, furuskog og lauvskog. Mengda død ved aukar òg.

Regjeringa vil føre vidare aktive miljøomsyn i skogpolitikken – tilskotsordningar, miljøregistreringar, miljøtiltak i skog og forskning og kunnskapsoppbygging. Saman med skognæringa si miljøatsing, ikkje minst Norsk PEFC Skogstandard, og verkemidla i naturmangfaldlova gjev dette eit godt grunnlag for at uttaket av biomasse frå skog kan aukast samstundes som det biologiske mangfaldet blir teke vare på.

9.1.11 Nærings- og fiskeridepartementet

Næringsverksemd kan ha miljøkonsekvensar som naturinngrep, tap av naturmangfald, forureining av jord, luft og vatn og utslepp av klimagassar til atmosfæren. Ein god nærings- og miljøpolitikk vil søkje å avgrense miljøkonsekvensane av næringsverksemda innanfor rammene av ei berekraftig utvikling der også omsynet til langsiktig verdiskaping blir teke vare på.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) arbeider for at norsk næringsliv kan utnytte moglegheitene som ligg i auka vektlegging av klima- og miljømål i politikkkutforming og marknader. Ein aktiv innovasjonspolitikkk for å fremje utvikling og kommersialisering av meir miljøvennlege teknologiar og tenester er ein viktig del av dette arbeidet. Utfordringa med å utvikle og ta i bruk meir miljøvennleg teknologi er hovudsakleg ei oppgåve for næringslivet. Oppgåva til styresmaktene er først og fremst å utforme riktige rammevilkår.

Hovuddelen av klima- og miljøinnsatsen innanfor NFDs ansvarsområde går til miljørelatert ressurs- og næringsforskning, tiltak for å stimulere til utvikling av klima- og miljøteknologi, opprydding

etter gruvedrift og industri, stimulering til fornying av den norske skipsflåten slik at vi får meir miljøvennlege skip, tiltak for berekraftig forvaltning av fiskeressursar og berekraftig havbruk, tiltak for sunn og trygg sjømat og til oppbygging av kunnskap om marine ressursar.

Rapport for 2020

I 2020 gjekk 49 pst. av Innovasjon Noregs tilsegner om lån og tilskot, om lag 6,1 mrd. kroner, til miljøretta prosjekt. Tilsvarande tal for 2019 var 51 pst. og 3,4 mrd. kroner.

Det store volumet i 2020 grunna krisepakkar for pandemisituasjonen er ei årsak til at prosenten av samla tilsegn har gått noko ned. Døme på miljøretta prosjekt er kommersialisering av miljøteknologi, betring av miljøkvaliteten på produkt eller at prosjektet fører til at verksemda blir miljøsertifisert.

I tillegg til å gje finansiell stønad til prosjekt med ein miljøprofil medverkar Innovasjon Noreg òg med nettverksaktivitetar og kompetansetenester i prosjekt som først og fremst er innretta mot miljø. Berekraftig utvikling er eit viktig mål for fleire av næringsklyngjene i Innovasjon Noregs klyngjeprogram.

Klima- og miljøspørsmål og kunnskap om årsaker og verknader til problema og løysing av dei er sektorovergripande. Forskingsbasert kunnskapsutvikling på feltet er avhengig av fagleg samarbeid. Klima- og miljørelevant forskning er difor utbreidd i satsingar som har andre hovudformål, og inngår dermed i mange av programma og ordningane som blir finansierte over Nærings- og fiskeridepartement sitt budsjett. Miljøretta forskning innanfor marin og maritim sektor inkluderer forskning både på miljøkonsekvensar av påverknader i marine økosystem og korleis verksemdar innanfor desse sektorane kan drivast meir miljøvennleg.

Når Noregs forskingsråd vel ut prosjekt, blir det gjort ei vurdering av miljøverknadene av prosjekta. I porteføljen til Forskingsrådet utgjorde forskning som kan føre til reduserte klima- og miljøavtrykk, i alt 3 mrd. kroner i 2020. Dette er på same nivået som i 2019.

Over Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjett skjer tildeling til miljø- og klimarelevant forskning i hovudsak gjennom innovasjonsprosjekt i næringslivet og gjennom kompetanse- og samarbeidsprosjekt, i tillegg til løyvingar til institutta og nukleære aktivitetar. Tiltaka gjeld teknologiar som fortrengjer forureinande produkt og prosessar, reduserer forureining ved hjelp av rein-

sing, meir effektiv ressurs-handtering og ressursutnytting og ved utvikling av styringssystem som reduserer miljøpåverknaden.

Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfinansiering AS finansierer FoU-prosjekt som skal bidra til nyskaping, auka verdiskaping og berekraft i sjømatnæringa.

Regjeringa si satsing på grønne jobbar og ein meir berekraftig framtid er mellom anna vidareført gjennom tiltaket Grøn plattform. Plattformen er ein felles konkurransearena i regi av Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Siva. Føremålet med plattformen er å skape samfunnsøkonomisk lønnsamt og berekraftig næringsliv som bidreg til grøn omstilling. Plattformen skal fremja grøn omstilling frå grunnleggjande forskning til kommersialisering og innovasjon.

I 2020 blei det utvikla eit konsept for korleis Grøn plattform skal fungere, og det blei føretatt ei utlysning av forprosjekt som blei godt mottatt. Grøn plattform har so langt i 2021 innvilga totalt 27,8 mill. kroner til 93 føreprosjekt og om lag 1 mrd. kroner til 11 hovudprosjekt.

Reiselivspolitikken til regjeringa har auka verdiskaping og berekraftig utvikling som sentrale mål. I 2020 var 178 mill. kroner av løyvingane til Innovasjon Noreg øyremerkte til reiselivsformål. Sidan reiselivsnæringa er særskilt hardt ramma av koronapandemien, vart det i tillegg oppretta ei tilskotsordning for reiseliv med ei ramme på 250 mill. kroner. Målet med ordninga er å bidra til at reiselivsnæringa gjennomfører omstillingstiltak som gjer det mogleg å halde ved lag eit kundegrunnlag og å tilpasse seg smitteverntiltak og endringar i reiselivsmarknaden. Ordninga er forvalta av Innovasjon Noreg. I vurderinga av søknadene vart det lagt vekt på at verksemdene opererer i tråd med dei ti prinsippa for berekraftig reiseliv.

Regjeringa har ambisiøse klima- og miljømål for den maritime næringa. Regjeringa vil stimulere til grøn vekst ved å leggje til rette for auka utvikling og bruk av låg- og nullutsleppsteknologiar, mellom anna energieffektiviseringstiltak og meir miljøvennleg drivstoff. I 2020 vart det oppretta ei kondemneringsordning for skip i nærskipsfart og ei eiga låneordning for skip i nærskipsfart og fiskeflåten. I budsjettet for 2021 er det oppretta ei kondemneringsordning for offshore-skip. Formålet med ordningane er å stimulere til ei flåtefornyng og utsleppsreduksjonar i maritim næring.

Investeringselskapet Nysnø Klimainvesteringer AS fekk tilført 1,0 mrd. kroner i eigenkapital i 2020 og har i 2021 fått tilført 700 mill. kroner.

Sidan oppstart er selskapet tilført drøyt 2,4 mrd. kroner. Selskapet skal medverke til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringane sine, som i hovudsak er retta mot ny teknologi i overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering. Nysnø hadde per september 2021 investert i elleve selskap og fem fond. Det er krevjande å kvantifisere den endelege effekten på klimagassutslepp, da Nysnø investerer i teknologi og selskap i tidlege fasar. Særleg ny teknologi som får stor utbreiing, kan ha stor effekt i framtida, men det er vanskeleg å talfeste no.

Direktoratet for mineralforvaltning arbeider med tiltak for å avgrense forureininga og overvaking av gjennomførte tiltak etter tidlegare gruvedrift på Løkken, Røros, i Follidal og Sulitjelma. NFD finansierer òg miljøtiltak i Raufoss Industripark, og opprydding etter verksemda ved statsaksjeselskapet AS Norske Bergverk i Søve i Telemark i perioden 1953–1965 er under planlegging.

Gjennom eksportfinansiering tilbyr Noreg, som mange andre land, finansiering til kjøper av varer og tenester med ei tilbakebetalingstid på over to år, ofte til fysiske investeringar. Eksportfinansiering Noreg tilbyr, i hovudsak saman med private bankar og finansinstitusjonar, eksportlån og -garantiar til selskap og land som kjøper frå norske eksportørar. Prosjekta som blir finansierte, kan ha både positive og negative effektar på klima og miljø, avhengig av kva slags type prosjekt det er. Historisk sett har norsk eksportfinansiering i stor grad gått til olje- og gassrelaterte næringar. Trenden har snudd dei siste åra, og i 2020 gjekk heile 43 pst. av nye garantiar til prosjekt innanfor fornybar energi.

I samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2018 vedtok Stortinget å avvikle verksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) knytt til kol i Svea og Lunckefjell. Staten v/Nærings- og fiskeridepartementet eig 100 pst. av aksjane i selskapet. Samstundes vart det bestemt å setje i gang opprydding i området med dotterselskapet Store Norske Spitsbergen Grubekompani AS (SNSG) som ansvarleg byggherre og ved hjelp av underleverandørar. Oppryddinga i Svea og Lunckefjell blir i all hovudsak finansiert av staten. Nærings- og fiskeridepartementet sender årleg eit oppdragsbrev til selskapet som omhandlar mål, rammer og føringar for oppryddingsarbeidet.

Staten har teke ansvar for opprydding etter den norske nukleære verksemda gjennom finansiering av oppryddingsprosjekta og oppretta Norsk nukleær dekommisjonering som eit nasjonalt organ for oppryddinga. Utgreiingar bereknar at

oppryddinga kan koste meir enn 25 mrd. kroner over fleire tiår. Regjeringa la i november 2020 fram Meld. St. 8 (2020–2021) *Trygg nedbygging av norske atomanlegg og håndtering av atomavfall* som gjer greie for problemstillingar og prosessar. Det er løyvd 691 mill. kroner til opprydding og drift av atomanlegga i statsbudsjettet for 2021.

Plan for vidare arbeid

NFD vil medverke til at næringslivet utviklar meir miljøvennlege varer og tenester og tek i bruk miljøteknologi i produksjonsprosessane, mellom anna gjennom miljøteknologiordning til Innovasjon Noreg og Grøn plattform. Tiltaka skal fremje omstilling ved å gje støtte til prosjekt gjennom fleire stadium, frå grunnleggjande forskning til innovasjon og kommersialisering. I perioden mellom 2020 og 2022 er det sett av totalt 1 mrd. kroner til Grøn plattform. I revidert nasjonalbudsjett for 2021 ble plattformen styrkt med 125 mill. kroner. Regjeringa foreslår å styrkje Grøn plattform med ytterlegare 252,7 mill. kroner i 2022. Dette gir ei samla ramme på 585,7 mill. kroner til plattformen i 2022. Grøn plattform er omtalt ytterlegare i Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon.

Innan løyvingane til Noregs forskingsråd vil prosjekt som er venta å ha positiv effekt for klima og miljø, få støtte. Regjeringa gjer framlegg om at forskinga på konsekvensar av klimaendringar for marine økosystem og ressursar blir ført vidare. Det same gjeld den systematiske overvakinga av hav- og kystområde for å kartleggje eventuelle uønskte stoff. Det er òg lagt vekt på å styrkje kunnskapsgrunnlaget om forureining med plast og mikroplast i havet.

Nysnø Klimainvesteringer AS («Nysnø») skal gjennom investeringane sine finansiere ny teknologi som medverkar til det grøne skiftet og til å byggje lågutsleppssamfunna i framtida. Nysnø har i 2021 fått tilført 700 mill. kroner i kapital. For 2022 gjer regjeringa framlegg om at selskapet blir tilført ytterlegare 900 mill. kroner i kapitalinnskott.

Berekraftig utvikling er eit sentralt mål i reiselivspolitikken til regjeringa. Det vil bli lagt særleg vekt på berekraft i samband med restarten av reiselivet etter koronapandemien. I store delar av 2020 og i første halvdel av 2021 har den utanlandske marknaden vore fråverande for reiselivsverksemdene, og dei har innretta seg mot den norske marknaden. Store delar (75 pst.) av klimaavtrykket frå reiseliv er knytt til transport. I samband med gjenopninga vil det mellom anna av omsyn til klimapåverknaden bli lagt vekt på å trek-

kje til seg kundar frå nærmarknadene. Den nasjonale reiselivsstrategien som vart lansert i juni 2021, peiker ut retninga for reiselivsutviklinga framover. Strategien byggjer på premissen om at posisjonen til norsk reiseliv internasjonalt må bli bygd på målgrupper med høg (økonomisk) verdi og lågt klimaavtrykk. Reiselivsnæringa må vurdere kva for klimapåverknad som er akseptabel på lang sikt.

Aukande besøk til norske reisemål har utfordra berekrafta til fleire norske kommunar dei siste tiåra. Regjeringa har difor sett ned eit offentleg utval (NOU) som skal sjå nærmare på problemstillingar knytte til reisemålsutvikling. Målet med utgreiinga er å vurdere rammevilkåra for reiselivsaktivitet lokalt. Utvalet skal mellom anna vurdere om reisemåla har tilstrekkeleg eller for mykje handlingsrom til å handtere lokale utfordringar og ta i bruk dei moglegheitene som finst for reiselivet. Det kan til dømes gjelde i samanheng med cruisetrafikk og finansiering av fellesgode.

Miljø er eit av dei prioriterte områda i den maritime strategien til regjeringa. Handlingsplanen for grøn skipsfart som vart lagt fram i 2019, er eit sentralt verktøy for å nå målet regjeringa har sett om å halvere utsleppa frå sjøfart og fiske innan 2030. Det er gjort framlegg om at den særskilde ordninga med innovasjonslån for nærskipfart og fiskefartøy blir vidareført i 2022 med ei ramme på 400 mill. kroner. Sjøfartsdirektoratet samarbeider med næringa i prosjekt for å utvikle ny miljøvennleg teknologi og er ein pådrivar for strengare internasjonalt klima- og miljøregelverk i FN's maritime organisasjon IMO.

Direktoratet for mineralforvaltning skal arbeide for at Noregs mineralressursar blir forvalta og utnytta til det beste for samfunnet. Dette omfattar òg å syte for forsvarleg og berekraftig forvaltning av mineralressursar og redusere miljømessige konsekvensar av tidlegare mineraluttak. Det er gjort framlegg om å auke løyvinga frå direktoratet til sikrings- og miljøtiltak i 2022.

Nærings- og fiskeridepartementet vil prioritere å leggje til rette for miljømessig berekraftig vekst i havbruk. Det nye regimet for produksjonsregulering i havbruksnæringa skal sikre at den ønskede auken i havbruksproduksjonen skjer innanfor miljømessig akseptable rammer. Det vil bli prioritert å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for estimat av fiskebestandar, og det må sikrast ein tilstrekkeleg kontroll med bestandsuttaket. Det er viktig å utvikle og ta i bruk fiskemetodar som reduserer utkast av fisk og bifangst og gjer mindre skade på botnhabitat. Innsatsen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU fiske) er

særleg viktig for å sikre ei berekraftig hausting av fiskeressursane. Det er òg sentralt kontinuerleg å overvake innhaldet av uønskt stoff og næringsstoff for å sikre at sjømaten er trygg og sunn, og sikre oppdatert kunnskap om samanhengen mellom inntak av sjømat og helse.

I budsjettet for 2022 har regjeringa ei forventning om at utlån under eksportkredittordninga vil auke frå om lag 5 til 6 mrd. kroner. Som nemnt over kan prosjekt der kjøpar tek imot eksportfinansiering, både ha positive og negative effektar på klima og miljø, og dei siste åra har ein sett ei dreining bort frå prosjekt relaterte til olje og gass over til andre næringer. Eksportkredittordninga er ei ordning basert på rett, slik at alle prosjekt som kvalifiserer, får finansiering.

9.1.12 Olje- og energidepartementet

Klima- og miljøutfordringar ved olje- og gassutvinning er knytte til utslepp til luft og til sjø. Vassdragsutbyggingar og andre energirelaterte utbyggingar som vindkraft gjev inngrep i natur og kulturmiljø. Omsynet til miljø og berekraftig utvikling er ein integrert del av den norske petroleums- og energiverksemda. Ei rekkje reguleringar medverkar til at det blir teke omsyn til miljøet i alle fasar av petroleumsverksemda og ved utbygging og produksjon av fornybar energi. Olje- og energidepartementet vil i 2022 følgje opp innsatsområda i klimapolitikken og halde fram med arbeidet for å følgje opp klima- og miljøpolitikk til regjeringa gjennom satsing på forskning og teknologiutvikling, uttesting og energiomlegging på petroleums- og energiområdet.

Rapport for 2020/2021

Departementet medverka i 2020 til effektiv og miljøvennleg forvaltning av energiressursane, ein effektiv og velfungerande kraftmarknad og ei betring av evna samfunnet har til å handtere risiko for flaum og skred. Førebygging av flaum- og skredskadar er gode klimatilpassingstiltak. Arbeidet skjedde i eit nært samarbeid med Noregs vassdrags- og energidirektorat og statsføretaket Statnett.

I 2020 har departementet følgd opp regjeringa sin strategi for arbeidet med CO₂-handtering slik han er presentert i Prop. 1 S (2016–2017) frå departementet. Dette inkluderer forskning, utvikling og demonstrasjon og internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering.

Departementet har teke i vare eigaroppfølginga av Gassnova SF, under dette forvaltning

føretaket har gjort av staten sine eigarinteresser i teknologisenteret for CO₂-fangst på Mongstad (TCM). Anlegget har vore ein arena for å teste teknologiar for CO₂-fangst sidan 2012. Den nye driftsavtalen mellom staten og dei industrielle partnarane Equinor, Shell og Total varer frå august 2020 og ut 2023. Dei tre industrielle eigarane aukar eigardelen sin frå 7,5 til 8,7 pst. Avtalen set eit tak på driftskostnadene for alle partar og føreset ytterlegare tiltak for kostnadsreduksjonar.

Arbeidet med å realisere fullskala CO₂-handtering er gjort i samarbeid med Gassnova. Grunnlaget for forslaget frå regjeringa om eit fullskala demonstrasjonsprosjekt for CO₂-handtering vart ferdig i 2020, og Meld. St. 33 (2019–2020) *Langskip – fangst og lagring av CO₂* vart lagd fram. Prosjektet fekk namnet Langskip. Stortinget vedtok 14. desember 2020 å gje statsstøtte til gjennomføringa av Langskip. Prosjektet skal først realisere fangst av CO₂ ved sementfabrikken til Norcem i Brevik. Fangst av CO₂ ved avfallshandteringsanlegget til Fortum Oslo Varme i Oslo vil òg kunne få støtte, men prosjektet må først få tilstrekkeleg eigenfinansiering og finansiering frå EU eller andre kjelder. Langskip omfattar òg støtte til transport- og lagringsprosjektet Northern Lights, eit samarbeid mellom Equinor, Shell og Total. Northern Lights skal frakte flytande CO₂ med skip frå fangstanlegga til ein mottaksterminal i Øygarden i Vestland. Derifrå vil CO₂ bli pumpa gjennom røyr til eit lager under havbotnen. Tilskotsavtalane med Northern Lights og Norcem tredde i kraft i første halvår 2021, og bygginga er i gang. Fortum Oslo Varme sitt prosjekt gjekk vidare til andre runde av tildelingsprosessen til Innovasjonsfondet til EU. Avgjerda til fondet er venta i andre halvår 2021.

Regjeringa vil fremje effektiv, klima- og miljøvennleg og sikker energiproduksjon og samstundes sikre ei berekraftig forvaltning av naturen. Det er viktig at utbygginga av fornybar energi skjer utan at store verdiar knytte til mellom anna naturmangfald eller landskap går tapt.

I 2020 la regjeringa fram Meld. St. 28 (2019–2020) *Vindkraft på land – Endringer i konsesjonsbehandlingen*. I meldinga foreslo regjeringa fleire tiltak for å stramme inn behandlinga av vindkraftkonsesjonar framover, mellom anna å leggje meir vekt på miljø- og landskapsomsyn ved utbygging av vindkraft.

Ved kongeleg resolusjon vart det i juni 2020 bestemt at områda Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II er opne for søknader om vindkraft til havs med verknad frå 1. januar 2021. Olje- og energidepartementet har sidan da arbeidd med å vidareut-

vikle rammeverket for vindkraft til havs i norske havområde. Departementet har foreslått endringer i havenergilova og havenergilovforskrifta og laga eit utkast til rettleiing for arealtildeling, konsesjonsprosess og søknader for vindkraft til havs. Forslaga var på offentleg høyring sommaren 2021.

Satsinga frå regjeringa på forskning og utvikling i energi- og petroleumssektoren er avgjerande for at Noreg skal vere ein føregangsnasjon innan miljøvennleg energibruk og -produksjon.

Departementet har delteke som observatør i dei porteføljestyra i Noregs forskingsråd som har ansvar for programma PETROMAKS 2, DEMO 2000, ENERGIX og CLIMIT. I tillegg har departementet følgt utviklinga i dei tre forskingssentera for petroleum (PETROSENTER), og aktiviteten i dei elleve forskingssentera for miljøvennleg energi (FME). Dei åtte teknologiske FME-sentera var i 2020 i sitt fjerde driftsår og har alle etablert sterke miljø innan områda sine. I desember 2020 vart det utnemnt eit nytt FME på området vindkraft, med hovudvekt på eksportretta havvind. Olje- og energidepartementet vil løyve til saman 120 mill. kroner over åtte år til senteret gjennom Noregs forskingsråd. 2020 var første fulle driftsår til dei to nye samfunnsvitskaplege FME-ane INCLUDE og NTRANS. INCLUDE skal arbeide med ei sosialt inkluderande energiomstilling, medan NTRANS skal forske på rolla til energisystemet i omstillinga til nullutsleppssamfunnet.

Eit av petroleumsentera er etablert for å utvikla lågutsleppsteknologi for petroleumsverksemda på norsk sokkel. Målet med senteret er å utvikle låg- eller nullutsleppsteknologi som gjer det mogleg at framtidig utbygging og drift av petroleumsførekomstar kan skje med lågast mogleg utslepp av klimagassar. Senteret skal òg utvikle teknologi som kan medverke til ein betydeleg reduksjon av utslepp frå eksisterande installasjonar.

ENERGIX hadde i 2020 sitt åttande driftsår og er godt etablert som eit sentralt verkemiddel for omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Olje- og energidepartementet finansierte programmet med 395 mill. kroner (om lag 70 pst. av budsjettet) i 2020, og 52 nye prosjekt fekk tildeling. Den femte tematisk spissa runden av PILOT-E vart gjennomført i 2020. Tre prosjekt fekk tildeling for å utvikle nye utsleppsfrie havgåande transportløysingar.

Det vart tildelt om lag 88 mill. kroner i støtte til 26 nye prosjekt gjennom CLIMIT-programmet. Lanseringa av Langskip har gjeve ei aukande interesse frå industriaktørar som ønskjer å under-

søke moglegheita for å fange CO₂ og ta i bruk transport- og lagerinfrastrukturen som blir etablerte som ein del av Langskip. I 2020 støtta CLIMIT tolv idé- og moglegheitsstudiar knytte til sluttbrukarprosjekt. Prosjekta har til saman 50 partnerar frå både Noreg og Sverige, og interessa kjem frå ulike næringar som smelteverk, avfallshandtering, oljeproduksjon og petrokjemi.

I 2020 la regjeringa fram sin hydrogenstrategi og styrkte satsinga på hydrogenrelatert forskning og teknologiutvikling i samheng med det. Noreg har slutta seg til arbeidet med Important Project of Common European Interest (IPCEI) for hydrogen, som skal medverke til at Europa blir leiande på utvikling av teknologi på hydrogenområdet. Noreg, ved Olje- og energidepartementet, har også meldt seg inn i Den europeiske hydrogenalliansen for utvikling av verdikjeder for reint hydrogen i EU.

Plan for vidare arbeid

Regjeringa la i Meld. St. 36 (2020–2021) *Energi til arbeid – Langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser* fram sin plan for norske energiresurser gjennom satsingar på nye næringar, som hydrogen og havvind, styrking av straumnett og ei framtidretta olje- og gassnæring med låge utslepp.

Departementet vil bidra til ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av dei fornybare energiresursane. Dette gjeld miljøomsyn ved utbygging av vind- og vasskraftanlegg og ved nettutbygging. Departementet vil òg leggje til rette for miljøforbetring i allereie regulerte vassdrag. Arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkår er òg prioritert i 2021.

Regjeringa la i Meld. St. 36 (2020–2021) *Energi til arbeid – Langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser* fram ein strategi for smart og effektiv elektrifisering som skal sikre at Noreg sitt gode utgangspunkt i kraftforsyninga blir vidareført. Strategien har tiltak som på kort og lang sikt skal bidra til ei balansert utvikling i kraftforsyninga. Dette avheng av tilgangen på ny fornybar kraft og eit godt utbygd overføringsnett, som må avpassast mot omsynet til å avgrensa tapet av natur. På kort sikt skal strategien bidra til å oppfylle Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* og leggje til rette for gjennomføring av modne prosjekt for kraft frå land til norsk sokkel.

Departementet vil følgje opp forslaga i Meld. St. 28 (2019–2020) *Vindkraft på land – Endringer i konsesjonsbehandlingen* i lys av Stortinget si behandling, jf. Innst. 101 S (2020–2021).

Områda Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II er opna for søknader om fornybar energiproduksjon til havs frå 1. januar 2021. Departementet vil leggje til rette for utvikling av vindkraft til havs og opne for at interesserte selskap så snart som mogleg kan søkje konsesjon for å utvikle havvind i dei opna områda Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II.

Departementet vil følgje opp arbeidet Noregs vassdrags- og energidirektorat gjer med å betre evna samfunnet har til å handtere risiko for flaum og skred.

Regjeringa vil leggje til rette for at norsk petroleumsindustri skal fortsetje å vere leiande på helse, miljø og sikkerheit. Kvoteplikt og CO₂-avgift er hovudverkemiddel i klimapolitikken, og regjeringa vil samstundes halde ved lag strenge miljøkrav til norsk oljeproduksjon. Regjeringa har følgt opp oppmodingsvedtak nr. 684 ved å etablere ein plan der vi måler og synleggjer framdrifta i arbeidet til selskapa med å redusere utsleppa frå norsk olje- og gassproduksjon over tid, og vil gje ein status for utsleppsutviklinga i dei årlege budsjettproposisjonane og gje ein breiare gjennomgang kvart tredje år, første gang i 2024. Dersom utsleppsutviklinga viser vesentlege avvik frå 2021-planen, vil regjeringa komme tilbake i 2024 med ei vurdering av behovet for tiltak i samband med prosessen knytt til innmelding av forsterka klimamål og ny klimamelding. Departementet vil stille krav til at selskapa synleggjer klimarisiko i utbyggingsplanane sine.

Regjeringa vil halde fram med å bidra til utvikling av teknologi for fangst, transport og lagring av CO₂. Det vidare arbeidet vil byggje på etablerte verkemiddel og ordningar. Regjeringa vil medverke i utforming av politikk og verkemiddel på europeisk nivå for å leggje til rette for CO₂-fangst og -lagring i Europa, føre vidare CLIMIT og Teknologisenter Mongstad som sentrale verkemiddel i CO₂-handteringsarbeidet, følgje opp gevinstrealiseringa frå Langskip i tett samarbeid med industriselskapa og leggje til rette for at kunnskap, læring og effektivisering frå prosjektet bidreg positivt til utviklinga av CO₂-handtering i Europa og verda. Gjennom auka samarbeid med relevante land i Europa vil regjeringa bidra til at infrastrukturen i CO₂-lageret kan nyttast av andre prosjekt. Regjeringa legg til grunn at eventuelle framtidige CO₂-fangst og -lagersprosjekt i Noreg må konkurrere om investerings- og driftsstøtte frå generelle støtteordningar som Enova og EUs Innovasjonsfond. Staten vil ikkje gå inn i direkte forhandlingar om statsstøtte med enkeltaktørar.

Regjeringa vil følgje opp den nye hydrogenstrategien gjennom det nye vegkartet for hydrogen og samarbeide med EU og andre land for å leggje til rette for utvikling og bruk av hydrogen i Europa.

Satsinga til regjeringa på miljøvennleg energiforskning vil byggje vidare på FME-ordninga, ENERGIX og CLIMIT. FoU-strategien Energi21 gjev styresmaktene og industrien råd om korleis satsinga bør vere innretta. Styret for Energi21 har starta opp arbeid med å revidere strategien. Den nye strategien skal etter planen leggjast fram våren 2022. Offentleg støtte til energiforskning skal medverke til ei effektiv og berekraftig utnytting av nasjonale energiressursar og til ei effektiv, robust og miljøvennleg kraft- og energiforsyning i Noreg. Satsinga skal vere med på å utvikle miljøvennlege produkt, tenester og prosessar, mellom anna nye teknologiar for fornybar energi, energieffektivisering og CO₂-handtering. Den offentlege satsinga på energiforskning skal òg medverke til næringsutvikling og til å byggje opp samfunnsfagleg kunnskap, til dømes om effektar av klimaendringar på energiområdet (auka nedbør, flaum, redusert oppvarmingsbehov osv.).

Offentleg støtte til FoU og kompetansebygging i petroleumssektoren er viktig for å sikre ei effektiv og miljøvennleg utnytting av petroleumsressursane og samstundes medverke til utvikling av den norske petroleumsnæringa. Redusert miljøpåverknad og lågare klimagassutslepp er viktige mål for forskingsprogramma PETROMAKS 2 og DEMO 2000. Dei tre sentera for petroleumsforskning (PETROSENTER), ikkje minst lågutslepps-senteret, står òg sentralt i satsinga.

9.1.13 Samferdselsdepartementet

Eitt av hovudmåla i Nasjonal transportplan 2022–2033 er å bidra til å oppfylle Noregs klima- og miljømål. Ei styrking av klimasatsinga tek utgangspunkt i Klimaplan for 2021–2030 og byggjer opp om halveringsambisjonen. Føringsane frå klimaplanen blir lagde til grunn og består difor i verkeidla regjeringa foreslo vidareførte, endra, og i nokre tilfelle nye verkemiddel. Klimaplanen legg opp til å vurdere nivået og utforminga på dei ulike verkemidla undervegs i perioden i lys av utviklinga i dei faktiske utsleppa og teknologiutviklinga, og arbeidet med mellom anna byvekstavtalane blir vidareført og styrkt. Mellom anna er auka CO₂-avgift i klimaplanen lagd fram som hovudverkemiddelet for å kutte utslepp i tråd med Noregs klimamål og -plikter.

Samferdselssektoren påverkar naturmangfaldet gjennom å vere utbyggjar og forvaltar av infrastruktur med tilhøyrande aktivitet. Det totale arealbeslaget frå samferdselsprosjekt blir redusert gjennom til dømes gjenbruk og optimalisering av vegstrekningar, og det skal arbeidast for å redusere klimautsleppa frå drift og vedlikehald. Støy og redusert luftkvalitet er lokale miljøproblem som kan påverke helsa til folk negativt.

Rapport for 2020

Utsleppa frå transportsektoren har auka med 23,5 pst. i perioden 1990–2019, mot 19,0 pst. før korreksjon. Klimagassutsleppa går nedover, og året 2019 hadde dei lågaste utsleppa sidan 1995.

Førebelse tal frå Statistisk sentralbyrå for 2020 viser at utsleppa frå transportsektoren samla var på omtrent 15,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Utsleppa frå vegtrafikken gjekk ned med 3,9 pst. frå 2019 til 2020 og var totalt 8,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Utviklinga kjem mellom anna av at transportsektoren har blitt hardt påverka av pandemien. Vi har køyrt mindre bil og reist mindre med fly enn i normale år, men klimapolitikken til regjeringa har også medverka til nedgangen. Innblanding av biodrivstoff gjekk ned frå 2019 til 2020, men i 2020 var det 6,1 pst. mindre trafikk på vegane samla sett enn i 2019, og innfasinga av elektriske køyretøy auka med nær 12 prosentpoeng. Gjennomsnittleg CO₂utslepp for alle nye personbilar registrerte i 2020 var 45 g/km, som er 15 g/km lågare enn i 2019.

Klimagassutsleppa frå fiske og innanriks sjøfart var i 2019 på høvesvis 0,795 og 2,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Jernbanetransporten slepper årleg ut om lag 0,05 mill. tonn CO₂, meir enn 80 pst. av togtrafikken i Noreg skjer med elektriske tog.

Innanriks luftfart i Noreg sleppte i 2019 ut om lag 1,2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Utsleppa har vore relativt stabile sidan 2005. Klimagassutsleppa frå utanrikstrafikken, det vil seie frå norske flyplassar til første destinasjon i utlandet, var i 2019 på 1,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Frå mars 2020 gjekk utsleppa drastisk ned som følgje av covid-19-pandemien, og den framtidige utviklinga er usikker.

I Nasjonal transportplan 2018–2029 la regjeringa fram måltala sine for låg- og nullutsleppskøyretøy. Klimaplanen slo fast at desse måltala ligg fast, og verkemidla i planen var innretta for å innfri desse. Det er føresett at dei ulike køyretøysegmenta vil ha ei teknologisk modning slik at nullutsleppskøyretøy blir meir konkurransedyktige

samanlikna med konvensjonelle løysingar. I 2020 var 53 pst. (72 788) av salet av nye bilar nullutsleppskøyretøy, medan delen i 2019 var 41,3 pst. (60 270). Totalt vart det førstegongsregistrert (nye og bruktimporterte) 82 166 personbilar med nullutslepp i 2020, ein auke på 22,5 pst. frå 2019. I 2020 vart det bygd om lag 300 nye ladestasjonar og 922 hurtigladepunkt i Noreg. Det er ein auke på 29 pst. frå året før. Per 31. august 2021 var det i overkant av 400 000 nullutsleppspersonbilar i Noreg (om lag 14 pst.), delen av nye personbilar som er nullutslepp, er 58,3 pst., og i august var delen 70 pst. 30 pst. av alle nyregistrerte personbilar i 2020 var hybrid. Av alle selde nye elektriske varebilar var 14 pst. elektriske i køyretøygruppa varebil under 3 500 kg. Dette er tre prosentpoeng høgare enn i 2019. Sjå kap. 14.2.4.4 «Rapportering på gjennomføringa av klimaplanen» for oversikt over og omtale av korleis dei ulike verkemidla treffer dei ulike køyretøy- og fartøykategoriane, og Samferdselsdepartementets Prop. 1 S (2021–2022), del II, for vidare rapportering av desse måltala.

Auka bruk og utvikling av null- og lågutsleppsteknologi er ein viktig faktor for å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren. Transportverksemdene finansierer og deltek i ei rekkje FoU-prosjekt som ser på nullutsleppskøyretøy/fartøy, lade-/fyllinfrastruktur og bruksområde. Samferdselsdepartementet har utarbeidd fleire handlingsplanar om auka bruk av låg- og nullutsleppsteknologi og biodrivstoff, seinast handlingsplan for fossilfrie anleggsplassar. Transportetatane har stilt krav til låg- og nullutsleppsteknologi i alle anbod når det ligg til rette for dette, mellom anna i alle anbod for riksvegferjedrift. Dette har gjort at det no skjer ei rask utvikling med bruk av elektrisitet, hydrogen og andre teknologiar i maritim sektor. Samferdselsdepartementet har og sendt på høyring forslag til nye krav til nullutslepp i offentlege anskaffingar av personbilar, lette varebilar og bybussar. Krav til personbilar og lette varebilar skal etter planen gjelde frå 2022, mens krav til bybussar er planlagt frå 2025.

Førebelse målingar av luftkvaliteten syner at grenseverdien som er sett i forureiningsforskrifta for svevestøv av storleiken PM₁₀, vart broten ved tre målestasjonar i 2020. Det er ikkje registrert brot for nitrogendioksid (NO₂) eller finkorna svevestøv (PM_{2,5}) ved nokon stasjonar. Naturleg meteorologisk variasjon, den veksande delen elektriske køyretøy og lågare utslepp frå nye køyretøy bidreg til å halde nivåa nede. Reinhald av vegane og redusert piggdekkdel er viktige bidrag til lågare nivå av svevestøv.

I 2019 var rundt 2 mill. nordmenn utsette for betydeleg vegtrafikkstøy (over 55 dB(A)), mot 1,2 mill. i 1999. For jernbane og luftfart var tala for støyutsette om lag 61 900 og 43 800 (SSB, 2021). Det er difor eit særleg behov for tiltak innanfor denne sektoren og spesielt retta mot vegtrafikken. Fleire var utsette for innandørs støy frå vegtrafikk i 2020 enn i 2005. Veksten følgjer den generelle auken i trafikk og av fleire busette i dei mest støyutsette områda. I 2020 gjennomførte Statens vegvesen tiltak for 196 personar som var utsette for støy over 38 dB innandørs. Noreg har delteke i internasjonalt arbeidet med å redusere støybelastninga frå fly og helikopter.

Bygging av transportinfrastruktur inneber i mange tilfelle arealendring og fragmentering som fører til reduksjon av biologisk mangfald og tap av dyrka mark. Konflikta mellom eksisterande infrastruktur og naturmangfald er mellom anna knytte til barriereeffektar spreining av framande artar og bruk av plantevernmidde. Dei viktigaste tiltaka er kontroll og etterleving av miljøkrav og kontroll med utsleppspunkt.

Transportstyresmaktene bidreg og følgjer opp tverrsektorielt arbeid om mellom anna framande skadelege artar og ville pollinatorar.

Regionale planar for vassforvaltning er det viktigaste planverktøyet for betre vassmiljø i Noreg. Transportverksemdene tek del i arbeidet med å rullere regionale planar og tiltaksprogram etter vassforskrifta. Bane NOR har fullført fleire års opprydding av forureina grunn og sjøbotn etter impregneringsverket i Hommelvika. For å redusere bruken av salt har Statens vegvesen sett i verk fleire tiltak dei siste åra, særskilt i driftskontraktar. I sesongen 2020/2021 var saltforbruket på riksveggar som Statens vegvesen har ansvaret for, på 81 000 tonn. Dette er ein ytterlegare nedgang på 15 pst. frå sesongen 2019/2020.

Plan for vidare arbeid

Regjeringa har ein ambisjon om å halvere utsleppa frå transportsektoren innan 2030 samanlikna med 2005. Potensial for klimagassreduksjonar innan transportsektoren er i hovudsak innan utvikling og bruk av nullutsleppsteknologi og biodrivstoff og ei samordna areal- og transportplanlegging. Verkemidla ligg i hovudsak i andre departement. Vi søker å få størst mogleg klimagassreduksjonar til lågast mogleg kostnad.

CO₂-avgifta, omsetningskrav for biodrivstoff, støtte til utviklinga av klimavennlege teknologiar og offentlege anskaffingar er viktige verkemiddel for å redusere utsleppa i transportsektoren i åra

som kjem. Ho gjer det meir attraktivt å velje nullutsleppsteknologi eller å reise med kollektivtransport, sykle eller gå. CO₂-avgifta blir foreslått auka med 28 pst. utover prisjustering neste år.

I budsjettforslaget for 2022 foreslår regjeringa å styrkje klimasatsinga gjennom Samferdselsdepartementets budsjett med mellom anna

- 50 mill. kroner til igangsetjing av pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren
- 30 mill. kroner til oppretting av ei ny tilskottsordning for mindre byområde utanfor byvekstavtalane
- 25 mill. kroner til pilotering og mobilisering av næringslivet gjennom ei opptrapping av satsinga på Pilot-T og opprettinga av Forskingssenter for berekraftig transport
- 82 mill. kroner til vidareføring av støtteordninga for godsoverføring frå veg til bane

Regjeringa vil setje av 50 mill. kroner i statsbudsjettet for 2022 til igangsetjinga av pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren. Det er krevjande å kutte utslepp på anleggsplassar i transportsektoren. Pilotprosjekt kan bidra til raske utvikling, utprøving av nullutsleppsløysingar til bruk i transportsektoren og lågare kostnad for denne teknologien.

Bymiljø- og byvekstavtalane og påskjøningsavtalane vil vere blant dei viktige verktøya for å oppnå at fleire reiser kollektivt, sykklar og går i dei største byområda. Konkret foreslår regjeringa i budsjettet for 2022 ei ny tilskottsordning for mindre byområde utanfor byvekstavtalane. Midlane skal gå til investeringar i gang- og sykkelveggar og til kollektivtiltak. Dei skal leggje til rette for ei klima- og miljøvennleg byutvikling og god framkomst gjennom å styrkje satsinga på kollektivtransport, sykling og gonge i fem mindre byområde.

Samferdselsdepartementet og transportetatane held fram med å nytte innkjøpsregelverket meir for å auke tilbodet av meir miljø- og klimavennleg transport. I NTP 2022–2033 varslar regjeringa ei satsing på pilotering og mobilisering av næringslivet gjennom ei opptrapping av satsinga på Pilot-T (den viktigaste innovasjonssatsinga i inneverande NTP) og opprettinga av Forskingssenter for berekraftig transport. Transportverksemdene arbeider med å redusere utsleppa frå bygging, drift og vedlikehald.

Regjeringa foreslår å føre vidare støtteordninga for godsoverføring frå veg til bane med 82 mill. i 2022 for nå ambisjonen om ei omlegging av transporten frå veg til sjø og bane og styrkjer kon-

kurranssekrafta til klimavennleg godstransport med jernbane. Forsøksordninga har ført til oppretting av godstilbod som elles ikkje ville blitt realiserte. Godsoverføring frå veg til bane kan føre til reduserte utslepp.

Regjeringa varslar i klimaplanen krav til nullutslepp i offentlege kjøp av personbilar og lette varebilar frå 2022 og krav til nullutslepp eller bruk av biogass i bybussar frå 2025. For å gjennomføre kravene har Samferdselsdepartement gitt Statens vegvesen i oppdrag å sende et forslag til ny forskrift om energi- og miljøkrav ved kjøp av kjøretøy til vegtransport på offentlig høyring.

Regjeringa har i dei siste åra satsa på null- og lågutsleppsferjer og hurtigbåtar gjennom auka rammetilskott til fylkeskommunane. I statsbudsjettet for 2018 vart 100 mill. kroner av veksten i dei frie inntektene til fylkeskommunane grunnjevne med mellom anna innfasing av null- og lågutsleppsferjer og hurtigbåtar. I budsjettet for 2021 vart denne satsinga auka med ytterlegare 100 mill. kroner. Begge desse aukane er vidareførte i budsjettforslaget for 2022.

Alle infrastrukturprosjekt vil kunne påverke naturmangfaldet. På same måten som det er vanskeleg å reversere klimapåverknaden, kan det vere vanskeleg å reversere negativ påverknad på naturmangfaldet. For å følgje opp måla i Nasjonal transportplan 2022–2033 på naturområdet har det blitt utvikla ein indikator for påverknaden transportsektoren har på naturmangfald, som i 2022 skal testast ut i samarbeid med relevante styresmakter: *Netto tal på dekar inngrep i naturområde med nasjonal eller vesentleg regional verdi.*

Transportetatane og -verksemdene skal prøve å unngå inngrep i verna naturområde, tyngre inngrep i større samanhengande naturområde, sårbare naturtypar og verdifulle kulturområde. Det skal òg takast omsyn til naturmangfald og økologisk og kjemisk vasskvalitet i planleggingsfasen, byggjefasen og gjennom drift og vedlikehald, slik at god økologisk tilstand blir halden ved lag.

Regionale planar for vassforvaltning er det viktigaste planverktøyet for betre vassmiljø i Noreg. Etatane og selskapa tek del i arbeidet med rulling av regionale planar og tiltaksprogram etter vassforskrifta. Det skal arbeidast vidare for å fase ut og erstatte miljøskadelege kjemikaliar med mindre miljøskadelege kjemikaliar og/eller metodar i tråd med substitusjonsplikta og føre-var-prinsippet.

Statens vegvesen og Nye Veier AS jobbar med å byggje opp kunnskap om å redusere utslepp av mikroplast for å unngå at dette blir spreidd til naturen og spesielt til vassførekomstar ute i natur-

og vassmiljø, og med å avgrense utslepp av plast frå anlegg, drift og vedlikehald.

9.1.14 Utanriksdepartementet

Klimatilpassing, førebygging av klimarelaterte katastrofar og anna klimabistand

Klimaendringane er ein av dei største truslane mot menneskja og har øydeleggjande konsekvensar for menneske, miljø og økonomisk utvikling. Utviklingslanda og dei mest sårbare landa blir ramma særleg hardt. Dei fleste landa i Afrika sør for Sahara er låginntektsland, eller blant dei minst utvikla landa i verda, og har lite ressursar til å møte klimaendringane med. Desse landa ligg svært høgt på den globale indeksen for svolt, samstundes som ein stor del av befolkninga livnærer seg frå jordbruket. Hyppigare tørke- og flaumkatastrofar fører til sviktande avlingar og øydelagd infrastruktur. Klimaendringane kan bidra til å undergrave det som hittil er oppnådd i kampen mot fattigdom og for å nå berekraftsmåla.

Regjeringa la difor fram ein strategi i april 2021, *Klima, sult og sårbarhet*, som legger føringane for ein forsterka norsk innsats for at samfunn som er sårbare for klimaendringar, kan tilpasse seg. Innsatsen på området skal trappast opp i åra framover. Samstundes vil arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp halde fram. Slik vil regjeringa styrkje det norske bidraget til gjennomføringa av Parisavtalen, arbeidet for å nå berekraftsmåla og gjennomføringa av det globale Sendai-rammeverket for katastrofeførebygging.

Den norske støtta til klimatiltak i utviklingsland i 2020 vart gjeven på nasjonalt, regionalt og globalt nivå. Det grønne klimafondet (GCF) under FNs klimakonvensjon fekk 1 mrd. kroner i 2020 og er med det den største mottakaren av norsk klimafinansiering. Halvparten av investeringane til fondet går til utsleppsreduksjonar, og den andre halvparten skal gå til klimatilpassing. Det vart også gjeve betydeleg klimabistand gjennom kjernebidrag og øyremerkte tilskot til dei multilaterale utviklingsbankane.

I 2022 vil arbeidet med klimatilpassing og førebygging av klimarelaterte katastrofar intensive- rast i tråd med den nye strategien.

Miljø

Friske økosystem er ein føresetnad for å nå berekraftsmåla. Eit nytt globalt rammeverk for naturmangfald med mål for perioden 2021–2030 er planlagt vedteke under Konvensjonen om biodi-

versitet på COP15. Regjeringa har auka innsatsen for globale miljøtiltak og vil støtte tiltak i utviklingsland for gjennomføring av det nye globale rammeverket i tillegg til andre globale avtalar på miljøområdet, avfallshandtering og kompetansebygging. Nokre hovudkanalar for dette er Den globale miljøfasiliteten (GEF) og FNs miljøprogram (UNEP). Noreg bidreg også til å fremje samhengane mellom miljø og helse gjennom samarbeid med mellom anna Verdas helseorganisasjon (WHO).

Hav

Klima, miljø, mat frå havet, jobbskaping og utviklinga av berekraftige havnæringar står sentralt i havpolitikken til regjeringa. Regjeringa har styrkt det internasjonale samarbeidet om havpolitiske spørsmål og bidrege til å skape auka internasjonal forståing for samanhengen mellom den økonomiske betydninga havet har, og miljøtilstanden til havet.

Høgnivåpanelet for ein berekraftig havøkonomi (Havpanelet) lanserte hovudkonklusjonen sin i desember 2020. Målet er at alle hav- og kyststatar skal etablere heilskaplege forvaltningsplanar innan 2030. Havpanelets arbeid viser at det hastar med å utvikle god havforvaltning globalt for å oppnå dei miljømessige, økonomiske og sosiale måla i 2030-agendaen om berekraftig utvikling. FNs havforskingstiår (2021–2030) skal bli eit globalt løft for å heve kunnskapen om hava. Noreg er no ein av dei største bidragsytarane til havforskingstiåret. Tiåret skal stimulere og koordinere forskingsinnsatsen nasjonalt og globalt, slik at berekraftsmåla blir nådde.

Marin forsøpling

Noreg bidreg aktivt til den globale innsatsen mot marin forsøpling og plastforureining. Plastforureining i havet er høgt på den internasjonale dagsordenen. Regjeringa arbeider for å få på plass ein global avtale for å kjempe mot marin forsøpling og plastforureining. Vidare har regjeringa oppretta eit bistandsprogram som skal bidra til å forhindre og redusere marin forsøpling i utviklingsland. I 2020 vart om lag 238 mill. kroner utbetalt til 32 prosjekt. Dei som har fått støtte, er mellom anna multilaterale organisasjonar som FN og Verdsbanken, ikkje-statlege organisasjonar og forskingsinstitutt. Dei fleste av desse samarbeider med styresmakter, privat næringsliv, sivilsamfunnsorganisasjonar og/eller lokalbefolkninga. I perioden

2019–2024 har regjeringa sett av 1,6 mrd. kroner til programmet.

Fornybar energi

Tilgang til energi er ein føresetnad for økonomisk og sosial utvikling. Stabil forsyning av elektrisitet er viktig for næringsutvikling og jobbskaping, men energisektoren er også den største kjelda til utslepp av karbondioksid. Det er difor avgjerande at eksisterande energiproduksjon går frå fossil energi til energiproduksjon basert på fornybare kjelder som vasskraft, sol og vind, og at innsatsen på energieffektivisering blir styrkt.

Regjeringa har sett av 10 mrd. kroner over 5 år til eit nytt klimainvesteringsfond som skal investere i fornybar energi med mål om å bidra til reduserte klimagassutslepp særleg i utviklingsland med store utslepp frå kolkraftverk. Finansieringa vil komme frå statsbudsjettet og Norfund, statens investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland. Norfund får ansvaret for å forvalte fondet.

Talet på personar utan tilgang til elektrisitet har sidan år 2000 blitt redusert frå 1,7 mrd. til 759 mill. i 2019. Vellykka program i fleire land har ført til at fleire menneske får tilgang til elektrisitet, men innsatsen må aukast for å nå berekraftsmål 7 – «Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkomeleg pris». Nesten all auke i tilgangen til elektrisitet sidan år 2000 gjeld tilkopling til det nasjonale straumnettet, men desentraliserte løysingar har auka betydeleg dei siste åra. Framleis manglar omtrent 2,6 mrd. menneske tilgang til gode kokeløysingar, med omfattande utviklingsmessige konsekvensar. Regjeringa vil halde fram med innsatsen for å skaffe tilgang til trygge og gode kokeløysingar.

Løyvinga over bistandsbudsjettet til fornybar energi bidreg til auka tilgang til elektrisitet, utbygging av fornybar energi og mobilisering av privat sektor til å delta i slik utbygging i utviklingsland. Dette skjer gjennom kapasitets- og institusjonsbygging, tiltak som reduserer risikoen i tidleg prosjektfase, utbygging av straumnettet og støtte til lokale straumløysingar. Løyvinga er særleg retta mot land i Afrika.

Vatn og sanitær

Mangel på tilgang til trygt drikkevatt og gode sanitærløysingar truar oppnåinga av berekraftsmåla og kampen mot fattigdom. Tre av ti menneske i verda manglar tilgang på reint vatn. Nesten halvparten av befolkninga i verda manglar

tilgang til fungerande sanitæranlegg, og over 80 pst. av det sanitære avløpsvatnet i verda blir ikkje reinsa før det blir sleppt ut i vassdrag og hav. Tilgang til reint vatn og gode sanitærforhold er avgjerande for god folkehelse. Mangel på dette bidreg også til å halde barn, særleg jenter, borte frå skulen. Klimaendringane forsterkar problema med manglande tilgang til vatn og sanitær.

Noreg brukte i 2020 omtrent 100 mill. kroner til vass- og sanitærtiltak i utviklingsland. Det var primært innan humanitær bistand, mellom anna gjennom samarbeid med sivilt samfunn og næringsliv. Eit program for undersøking av djupt grunnvatn i Somalia vart støtta.

Kirkens Nødhjelp er den viktigaste samarbeidspartnaren for regjeringa innan vatn og sanitær og hygiene (WASH). Organisasjonen bidrog til at 1,4 mill. menneske fekk tilgang til vass- og sanitærtenester i 2020. Noreg har også vore ein viktig bidragsytar til FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE) sine prosjekt for å fremje grenseoverskridande vassamarbeid i Aust-Europa, Sentral-Asia og Kaukasus-området.

I samband med UNECE/WHO's protokoll om vatn og helse har Noreg gjennom fleire år støtta prosjekt i Aust-Europa. Noreg bidrog særskilt med kapasitetsbygging til å overvake drikkevatt, vassborne sjukdommar og utbrot, i samarbeid med Kviterussland.

Matsikkerheit

Klimaendringar og landbruk påverkar kvarandre. Endringar i gjennomsnittleg temperatur, nedbørsnivå, ekstremvær, havnivå, konsentrasjon av ozon og CO₂ i atmosfæren er blant dei mange elementa som påverkar landbruket. 95 pst. av landbruksarealet i Afrika sør for Sahara er avhengig av naturleg nedbør og dermed svært sårbart for svingingar i vær og endringar i klima.

Den nye strategien til regjeringa, Klima, sult og sårbarhet, ser på behovet for klimatilpassing også relatert til matsikkerheita av grunnane nemnde over. Klimatilpassing i landbruket vil bidra til gjere lokale samfunn meir robuste og styrkje kapasiteten dei har til å stå imot klimarelaterte kriser.

Strategien støttar opp om handlingsplanen til regjeringa, Mat, menneske og miljø, for bærekraftige matsystemer i norsk utenriks- og utviklingspolitikk som vart lansert i 2019. Planen fremjar heilskapleg arbeid med fleire berekraftsmål samstundes. Noreg satsar med dette meir på matsikkerheit og koplingane mellom mat og

andre utviklingspolitiske satsingar. Ein midtvegs-gjennomgang av planen vart gjennomført i 2021.

EØS-midlane – Rapport 2020 på miljøforvaltning og biologisk mangfald og klimatilpassing og fornybar energi

Miljø, energi, klima og lågkarbonsamfunnet er blant prioriterte hovudsektorar under EØS-midlane for 2014–2021. Støtta til pilaren «Et grønt Europa» omfattar i alt 15 program med ei samla tildeling på om lag 411 mill. euro i tolv land.

Behovet for auka energieffektivisering, meir bruk av fornybar energi og kutt i klimagassut-sleppa har bidrege til at karbonfangst og lagring (CCS) har blitt eit satsingsområde innan EØS-midlane. I 2020 vart sju prosjekt for karbonfangst og lagring tildelte til saman 100 mill. kroner i dei polsk-norske forskingsprogramma under EØS-midlane. Sintef, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) og Universitetet i Stavanger er blant dei norske forskingsinstitusjonane som skal samarbeide med Polen. Også i Tsjekkia og Romania vil det bli finansiert forskingssamarbeidsprosjekt innan CCS med norske partnerar.

EØS-midlane: Plan for vidare arbeid

Dei neste åra er det forventat at mottakarlanda årleg skal produsere i underkant av 900 000 MWh med fornybar energi. CO₂-utsleppet i landa er forventat å bli redusert med om lag 1,4 mill. tonn, og over 150 000 husstandar eller samvirke er forventat å få betra energiforsyning. Om lag 1,2 mill. menneske vil omfattast av ulike informasjonskampanjar for å ta i bruk fornybar energi.

9.2 FNs berekraftsmål

Noregs statsminister underteikna Agenda 2030 med universelle berekraftsmål i september 2015 og har med dette forplikta seg til gjennomføring og implementering av måla. Regjeringa stadfestar dette oppdraget i Granavolden-plattformen 2019 ved å slå fast at «[r]egjeringa anser FNs bærekraftsmål som sentrale for å løse vår tids største globale utfordringer».

I 2016 la Noreg fram den første frivillige nasjonale rapporten til FN om framdrifta og rapporterte for andre gong sommaren 2021. Rapportane syner at politikk og regelverk i Noreg i stort er i samsvar med måla, men at det òg er mål som utfordrar oss til å gjere meir. Noregs modell for oppfølging av berekraftsmåla nyttar det årlege

arbeidet med statsbudsjettet for nasjonal rapportering.

Behovet for ei meir integrert tilnærming til økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn i politikkkutforminga går klart fram av Agenda 2030. Regjeringa ser at berekraftsmåla kan fremje eit breiare samfunnsansvar hos alle aktørar, engasjere fagmiljø på nye vis og betre samarbeidet mellom dei. Regjeringa la i juni 2021 fram Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening — Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*.

Berekraftsmåla framhevar miljø og klima både som eigne mål og prioriterte felt og som tverrgående omsyn. Dei mest sentrale miljømåla er omtalte her. Meir omtale finst i proposisjonane til andre departement og i nasjonalbudsjettet. Styrkt koherens i oppfølginga av måla er eit hovudpoeng.

Mål 17 om finansiering og gjennomføringsmidlar er òg svært relevant for klima- og miljøpolitikken, men blir ikkje omtalt av Klima- og miljødepartementet.

Mål 1 Utrydde alle former for fattigdom i heile verda

Klima- og miljødepartementet medverkar til å nå delmål 1.5 om fattigdom og sårbarheit for klimarelaterte ekstremhendingar. Regjeringa trappar opp støtta til klimatilpassing og lanserte i april i år ein strategi for å styrkje innsatsen for klimatilpassing, førebygging og kampen mot svolt.

Mål 2 Utrydde svolt: Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk

Klima- og miljødepartementet medverkar til fleire delmål under berekraftsmål 2. Det er fleire initiativ som bidreg til berekraftig jordbruk i Noreg for å nå delmål 2.4. Jordbruksavtalen blir dreidd i ei meir klima- og miljøvennleg retning. Regjeringa signerte i 2019 ein intensjonsavtale mellom organisasjonane i jordbruket med mål om å kutte 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar innan 2030. Nasjonale føringar for betre vassmiljø og tilskotsordningar skal til dømes redusere tap av næringsstoff frå gjødsel til vatn. Tiltaksplanar for pollinerande insekt og framande artar med målretta tilskot skal betre leveområde for biologisk mangfald i kulturlandskapet. Ordninga for utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er meir enn dobla sidan 2016 til 46 område over heile landet. Skjøtsel i form av beite og slått av trua naturtypar som kystlynghei og slåttemark tek vare på artsrike areal som også bruker norske fôrressursar og kulturlandskapsverdiar.

Det norske Klima- og skoginitiativet har som hovudmål å medverke til eit stabilt klima, meir naturmangfald og ei berekraftig utvikling. For å nå målet blir innsatsen retta mot å skape reformer i tropiske skogland i retning av berekraftig arealbruk. Å skape ein berekraftig arealpolitikk er svært utfordrande, og det blir vanskelegare av at dei globale råvaremarknadene framleis spør etter produkt som er knytte til avskoging. Klima- og skoginitiativet jobbar for at råvaremarknadene og dei globale finansmarknadene skal stimulere til avskogingsfri råvareproduksjon, og medverkar slik til delmål 2.4 om å sikre berekraftige system for matproduksjon og delmål 2.5 om å ta vare på det genetiske mangfaldet av frø, kulturplanter, husdyr og ville artar som er i slekt med dei. Eit viktig verktøy for delmål 2.5 er Nagoya-protokollen, sjå nærmare omtale under delmål 15.6. Dei genetiske ressursane er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for matsikkerheit og god ernæring i tillegg til klimatilpassing av matproduksjonen.

Mål 3 Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder

Klima- og miljødepartementet bidreg til delmål 3.9 om å «[i]nnan 2030 redusere talet på dødsfall og sjukdomstilfelle på grunn av farlege kjemikaliar og forureina luft, vatn og jord vesentleg».

Menneske kan utsetjast for miljøgifter via produkt vi omgev oss med, drikkevatt og mat eller frå byluft, støv og inneluft. Høge enkeltdosar av kjemiske stoff kan gje effektar akutt, som anten kan vere forbigående eller varige. Det er bekymring for at eksponering også for låge dosar miljøgifter over lang tid kan gje langtidseffektar som kreft og reproduksjonsskadar, eller forstyrre hormonbalansen hos menneske og dyr.

Noreg er blant dei landa i Europa der det er lågast risiko for tidleg død på grunn av lokal luftforureining frå vegtrafikken og andre kjelder.⁶ Lokal luftforureining er redusert dei siste åra, men er framleis ei utfordring enkelte stader.

Ny kunnskap om helseeffektar av luftforureining gjev gode grunnar for å styrkje arbeidet med lokal luftforureining ytterlegare. Nasjonalt mål for årsmiddel for NO₂ blir endra frå 1. januar 2022. Vidare er forslag til skjerpte grenseverdiar for svevestøv (PM₁₀ og PM_{2,5}) i forureiningsforskrifta sendt på høyring. Forslag til endringar i forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftforureining er også på høyring. Sjå nærmare omtale under

⁶ Norges miljøstatus for 2020, Miljødirektoratet 2020.

delmål 11.6. Globalt, regionalt og i Europa er Noreg ein sentral aktør i arbeidet for å hindre helseskadeleg forureining av luft, vatn og jord og eksponering for helse- og miljøfarlege stoff. Sjå også omtale under delmål 12.4.

Mål 6 Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle

Klima- og miljødepartementet bidreg til delmål 6.1–6.4 om *trygt drikkevatt, tilstrekkelege sanitærforhold, betre vasskvalitet og betre utnytting av vatn i alle sektorar*. Utslepp av kjemikaliar og materiale som kan påverke vasskvaliteten og drikkevattnet, er strengt regulerte. Det meste av det sanitære avløpsvatnet blir behandla. Majoriteten av befolkninga er knytt til kommunale reinseanlegg, og rundt 60 pst. av befolkninga er knytt til anlegg med biologisk eller mekanisk reinsing. Det blir arbeidd fortløpande med å redusere utslepp av ureinsa avløpsvatn og oppgradere reinseanlegg som ikkje oppfyller krava i EUs avløpsdirektiv. Det er også behov for å redusere avløpsvatn som følgje av lekkasjar og overløpsituasjonar.

Mykje av det kommunale leidningsnett er gammalt, og låg fornyingstakt er ei utfordring for Noregs måloppnåing. Det er også nødvendig å tilpasse vass- og sanitærssystema til forventna klimaendringar. Kommunal – og moderniseringsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Klima- og miljødepartementet har teke initiativ til ein moglegheitsstudie for å undersøkje og synleggjere potensialet for innovasjon og effektivisering i vass- og avløpssektoren. Studien skal mellom anna sjå nærmare på korleis kommunane kan fornye og renovere leidningsnett raskare og meir kostnadseffektivt. Regjeringa arbeider også med oppfølging av forslaget frå overvassutvalet til verkemiddel i *NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder – som problem og ressurs*.

Klima- og miljødepartementet bidreg til delmål 6.5 om integrert forvaltning av vassressursar på alle nivå. Regionale vassforvaltningsplanar legg til rette for beskyttelse og berekraftig bruk av elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn i tråd med EU sitt vassdirektiv. Samordninga mellom ulike sektorstyresmakter og styresmaktnivå i vassplanarbeidet sikrar ei felles forståing av tilstanden på vassmiljøet og påverknader, rammer for miljømål, prioriteringar og tiltak. Gjennomføring av planane skal vareta evna vassmiljøet har til å levere økosystemtenester som reint drikkevatt, godt badevatn, trygg sjømat, fiske, rekreasjon og turisme, samstundes som det langsiktige grunnlaget for verdiskaping og næringsutvikling blir sikra. Vass-

forvaltningsplanane blir utarbeidde i tråd med vassforskrifta, som er heimla i plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og vassressurslova og gjennomfører EUs vassdirektiv. I 2019 gav Klima- og miljødepartementet i samråd med andre departement nye, ambisiøse nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane. Planane blir oppdaterte kvart sjette år.

Klima- og miljødepartementet bidreg til delmål 6.6 om å *innan 2020 verne og byggje opp att vassrelaterte økosystem, inkludert fjell, skogar, våtmarker, elvar, vassførande bergartar og innsjøar*. Noreg har verna mange område som er viktige for vassrelaterte økosystem. Regjeringa legg fram ein naturstrategi for våtmark våren 2021, sjå nærmare omtale under berekraftsmål 15. Regjeringa har satsa på restaurering av myr og anna våtmark sidan 2015, med gode resultat. Svært mange våtmarker treng restaurering, og arbeidet fortset etter ein oppdatert restaureringsplan som Miljødirektoratet har laga for perioden 2021–2025. Restaurering av myr og anna våtmark er, saman med forbetring av tilstand i tråd med vassforvaltningsplanane, det viktigaste tiltaket til regjeringa for å følgje opp det internasjonale målet om å restaurere minst 15 pst. av forringa økosystem.

Mål 8 Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle

Delmål 8.4 handlar om å bryte koplinga mellom økonomisk vekst og miljøskadar. Utfordringa er å sørgje for at miljøbelastningane går ned til akseptable nivå, på same tida som vi har økonomisk vekst. Dei norske CO₂-utsleppa er lågare enn for 30 år sidan, trass i sterk vekst i BNP. Målt i utslepp per innbyggjar ligg vi likevel høgt over det globale gjennomsnittet. Det er framleis eit stort potensial for å frikople veksten i økonomien frå veksten i klimagassutsleppa, og klimaplanen for 2021–2030 føreset eit temposkifte. I klimapolitikken er dei viktigaste verkemidla avgifter på utslepp og deltaking i EUs kvotehandlingssystem. Mot andre typar av forureining, og i forvaltning og vern av naturmangfaldet, bruker Noreg i hovudsak direkte reguleringar.

Mål 11 Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige

Klima- og miljødepartementet bidreg til å nå delmål 11.4 om å styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven i verda. Noreg har eit velfungerande forvaltningssystem for å ta vare på

natur- og kulturarven, men endringar i areallbruk og klimaendringar legg press på desse ressursane.

Departementet la i 2020 fram Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold* som tydeleggjer at kulturmiljø er ein integrert del av klima- og miljøpolitikken, og at regjeringa vil realisere potensialet kulturmiljøet har for å bidra til ei berekraftig utvikling. I meldinga lanserte regjeringa nye nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken. Det er utarbeidd indikatorar for dei nya måla. Riksantikvaren har følgd opp meldinga mellom anna gjennom å revidere bystrategien og ved å utarbeide ein klimastrategi for kulturmiljøforvaltning.

Norske styresmakter har dei siste åra styrkt innsatsen for forvaltninga av dei åtte verdsarvområda i Noreg. Dei norske verdsarvområda skal vere fyrstær for den beste praksisen innanfor natur- og kulturmiljøforvaltning når det gjeld tilstand, forvaltning og formelt vern. Samarbeid er difor viktig, og regjeringa har mellom anna oppretta eit verdsarvforum for å bidra til god samordning mellom departementa for den beste forvaltninga av verdsarvområda.

Noreg har vore medlem av Unescos verdsarvkomité i perioden 2017–2021. Ei av hovudprioriteringane for den norske innsatsen har vore å styrkje institusjonar, ekspertar og lokalsamfunn slik at dei kan ta vare på verdsarven, sikre verdsarven sine universelle verdiar og gjere landa betre i stand til å reagere og handle når verdsarven blir trua som følgje av krig, konflikt og naturkatastrofar. Arbeidet vil bli vidareført også etter at medlemsperioden går ut. Kapasitetsbygging under Verdsarvkonvensjonen er eit viktig innsatsområde både nasjonalt og internasjonalt. Noreg medverkar til denne satsinga gjennom kapasitetsbyggingprogrammet «World Heritage Leadership Programme» i samarbeid med World Heritage Conservation of Nature (IUCN) og International Centre for the Study of the Preservation and Restoration of Cultural Property (ICCROM). I tillegg har Noreg over fleire år gjeve betydelege midlar til sikring av afrikansk verdsarv, med vekt på naturarv.

Noreg har 40 nasjonalparkar på fastlandet og 7 på Svalbard. Det vart oppretta to nasjonalparkar i 2016, og den førebels siste vart oppretta i 2018. Sidan 2013 er det oppretta 656 nye naturreservat i skog. Det er no i alt verna eit areal på om lag 62 000 kvadratkilometer på fastlandet i Noreg. Klima- og miljødepartementet har utarbeidd ein handlingsplan for å styrkje forvaltninga og ta vare på naturverdiane i nasjonalparkane og andre store

verneområde. Bevaring av natur i byar og tettstader er òg viktig, da det har betydning for både økosystem og trivsel. Naturbaserte løysingar som er bra for både naturmangfald og klimatilpassing, er viktige, sjå omtale av mål 15.

Klima- og miljødepartementet bidreg til delmål 11.6 om å redusere den negative påverknaden på miljøet frå byane og lokalsamfunna, knytt til avfall og forureining. I Noreg blir om lag 40 pst. av det kommunale avfallet materialattvunne, resten blir i hovudsak energiutnytta. Klima- og miljødepartementet har sommaren 2021 lagt fram ein revidert og oppdatert plaststrategi som greier ut om breidda i politikken til regjeringa mot plastforureining nasjonalt og internasjonalt. Det er i budsjettet for 2021 vedteke eit nytt nasjonalt mål om at attvinning av avfall skal auke. I den nasjonale strategien for sirkulær økonomi frå sommaren 2021 blir avfallssektoren framheva som viktig for auka ressurseffektivitet. Lokal luftforureining er redusert dei siste åra, men er framleis ei utfordring enkelte stader. Regjeringa har i år sendt endringsforslag til forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftforureining på høyring, med frist 1. oktober 2021. Formålet med dei foreslåtte endringane og presiseringane er å auke gjennomføringsevna til aktørane og sikre etterleving av regelverket. Endringsforslaga tydeleggjer kva plikter og ansvar aktørane har, i større mon enn det som kan lesast ut av gjeldande forskriftstekst. Det er også foreslått å mellom anna utvide moglegheita kommunane har til å sikre at nødvendige tiltak blir gjennomførte for å sikre betre luftkvalitet. Forureiningsforskrifta fastset juridisk bindande grenseverdiar. Grenseverdiane for partiklar i luft (svevestøv, PM10 og PM2,5) vart først skjerpte frå 1. januar 2016. Regjeringa sende i september i år nye og ytterlegere skjerpte grenseverdiar for svevestøv på høyring. Høyringsforslaget er i tråd med tilrådinga frå eit samla fagmiljø. Regjeringa har også endra nasjonalt mål for årsmiddel for nitrogendioksid (NO₂) frå 40 til 30 mikrogram per kubikkmeter utandørs luft, basert på ein oppdatert kunnskapsstatus. Det nye nasjonale målet gjeld frå 1. januar 2022.

Mål 12 Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

Målet inneber at produsentar og forbrukarar må ta omsyn til kostnader for miljøet av produksjon og forbruk. Norske styresmakter bruker avgifter og andre reguleringar for å fremje berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar. Det er ambisjonen til regjeringa at Noreg skal vere eit

føregangsland i utviklinga av ein grøn, sirkulær økonomi som nyttar resursane betre. Regjeringa la sommaren 2021 fram ein nasjonal strategi for ein grøn sirkulær økonomi som skal medverke til å beskytte miljøet, redusere klimagassutslepp og sikre berekraftig produksjon, jf. indikator 12.1.1. Strategien omhandlar dei områda med størst potensial for grøn konkurransekraft i ein sirkulær økonomi. Regjeringa la òg fram ein revidert plaststrategi i 2021. Målet med strategien er å redusere miljøkonsekvensar av plastforureining og fremje meir berekraftige plastprodukt.

Regjeringa sin bioøkonomistrategi og oppfølginga av denne vil òg bidra til å utvikle ein grøn og sirkulær økonomi og måla for dette arbeidet. Fornybare, biologiske ressursar erstattar i aukande grad petroleumsbaserte ressursar. Gjennom auka satsing på forskning, utvikling og innovasjon er det utvikla prosessar for auka verdiskaping frå restråstoff som oppstår i matproduksjonen, til nye produkt innan mellom anna ernæring og medisin. Regjeringa har starta arbeidet med ein strategi for urbant landbruk. Urbant landbruk vil i framtida kunne medverke til at det er matproduksjon i byane òg.

Eit særleg viktig område for den nasjonale gjennomføringa av berekraftsmål 12 (i tillegg til mål 2 og 14) er å redusere matsvinn. Norske styresmakter underteikna i 2017 ein avtale med aktørane i matverdikjeda om å halvere matsvinn innan 2030, jf. mål 12.3. I perioden 2015–2018 vart matsvinnet redusert med 12 pst. Som ei oppfølging av avtalen blir det utvikla eit rapporteringssystem for betre statistikk som vil medverke til treffsikre tiltak for førebygging og reduksjon av matsvinn. Noreg ligg an til å nå FN-målet om 15 pst. reduksjon innan 2020.

Utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar og utslepp frå behandling av avfall er reduserte gjennom fleire tiår. Noreg arbeider aktivt i Europa og globalt for strengare regelverk for kjemikaliar i produkt og produksjonsprosessar. Nesten alt farleg avfall blir samla inn og behandla på godkjend måte. Mengda farleg avfall følgjer i store trekk den økonomiske aktiviteten. I 2019 produserte Noreg 301 kg farleg avfall per person, inkludert industriavfall, ein auke på 4 pst. frå 2018. 21 pst. vart materialattvunne, 21 pst. energiattvunne og 58 pst. sendt til deponering eller anna sluttbehandling jf. indikator 12.4.2.

Det er eit mål at materialattvinninga av avfall skal auke. Vidare er det eit mål å koble frå veksten i mengda avfall frå veksten i økonomien. Materialattvinninga av avfall (ikkje inkludert farleg avfall) har vore stabil dei siste 25 åra, medan delen mate-

rialattvunne hushaldningsavfall har auka dei siste 5 åra. Dette har medverka til å redusere miljøkonsekvensane av avfall. Når det gjeld indikator 12.5.1, var materialattvinningsgraden av kommunalt avfall i 2018 vel 40 pst.

Offentlege instansar skal leggje vekt på å minimere miljøbelastninga og fremje klimavennelege løysingar ved innkjøpa sine og skal stille klima- og miljøkrav der det er relevant, jf. lov om offentlege anskaffelser, jf. mål 12.7.1. Regjeringa vil utarbeide ein handlingsplan for å auke delen klima- og miljøvennelege offentlege innkjøp og grøn innovasjon.

Reisemål kan marknadsførast som berekraftige som følgje av merkeordninga Berekraftig Reisemål, jf. indikator 12.b.1. Ordninga er ikkje ei sertifisering i den forstand at dei reisemåla som blir tildelte merka, er berekraftige, men eit bevis for at reiselivsaktørane arbeider systematisk og målretta med betringar for at utviklinga skal gå i ei berekraftig retning. Det er stor interesse for ordninga. Merket vart delt ut for første gong i 2013. Etter tre år må dei merkte reisemåla dokumentere ei utvikling i berekraftig retning for å behalde merket. Standarden som ligg til grunn for ordninga, inneheld 42 kriterium og 108 indikatorar som er godkjende av Global Sustainable Tourism Council. Ein overvåkingsdatabase knytt til merkeordninga blir regelmessig oppdatert av reisemåla.

Utdanning for globalt medborgarskap og berekraftig utvikling, inkludert klimaendringar, har vore ein del av undervisninga i Noreg i mange år, jf. indikator 12.8.1 om utdanning. Frå hausten 2020 skal berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring vere tre tverrgående tema i læreplanar der det er fagleg relevant i grunnopplæringa. Dei endelege læreplanane vart fastsette hausten 2019.

I eit internasjonalt perspektiv har Noreg høge avgifter på bruk av fossile brensel. Meir enn 80 pst. av norske klimagassutslepp er underlagt EUs kvotesystem og/eller nasjonal CO₂-avgift. CO₂-avgifta varierer noko avhengig av sektor, men forskjellane er reduserte dei siste åra. Avgifta er generelt høg i internasjonal samanheng.

Norge arbeider for ein ambisiøs ny global avtale mot plastforsøpling og plastforureining og ønskjer at eit styrkt produktrammeverk for plastprodukt skal vere eit sentralt element i ein ny avtale. Under regjeringa sitt bistandsprogram mot marin forsøpling tek ei rekkje ulike aktørar imot stønad til å styrkje avfallshandtering i utviklingsland. Noreg arbeider òg for høgare globale standardar for miljøforsvarleg handtering av plastavfall under Baselkonvensjonen. Globalt og i EU

arbeider Noreg for å fase ut helse- og miljøfarlege stoff, for å sikre tryggare produkt som lettare kan vinnast att.

Mål 12 er krevjande for mange land og er samstundes det målet med flest koplingar til andre berekraftsmål. Framdrift på dette målet er difor viktig for andre mål.

Mål 13 Handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei

Oppfølginga av Parisavtalen dannar grunnlaget for oppfyljing av FN's berekraftsmål 13. For ein kort omtale av korleis Noreg skal nå klimamåla sine, inkludert klimatilpassing, sjå programkategori 12.20. For ein breiare gjennomgang, sjå klimalovrapporteringa i del IV i Klima- og miljødepartementets Prop. 1 S (2020–2021). Sjå òg resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken i del I.

Delmål 13.2 er å innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå. I februar 2020 melde Noreg inn eit forsterka klimamål under Parisavtalen. Noregs forsterka klimamål er å redusere utsleppa med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. samanlikna med 1990-nivået i 2030. Noreg har allereie forplikta seg til å samarbeide med EU om å redusere utsleppa med minst 40 pst. innan 2030. Vi ønskjer også å oppfylle forsterkinga saman med EU som har auka sitt mål til 55 pst.

Vi har eit lovfesta mål om å bli eit lågutslepps-samfunn innan 2050. Regjeringa la i statsbudsjettet for 2020 fram ein lågutsleppsstrategi fram mot 2050. I mai 2021 vedtok Stortinget å forsterke det lovfesta klimamålet for 2050. Målet er at klimagassutsleppa blir reduserte i storleiksordenen 90–95 pst. frå utsleppsnivået i 1990.

I januar 2021 la regjeringa fram ei melding til Stortinget om korleis regjeringa vil redusere klimagassutsleppa i perioden 2021–2030 i tråd med Noregs klimamål og i samarbeid med EU. Stortingsbehandlinga viste at det er fleirtal for hovudgrepa i klimaplanen. Dei viktigaste verkemidla for å redusere utslepp av klimagassar i Noreg er avgifter på utslepp og deltaking i EUs kvotehandlingssystem (EU ETS). Noreg er eit av landa med dei høgaste avgiftene på fossil energi. Over 80 pst. av norske utslepp er prisa, anten gjennom kvoteplikt eller gjennom avgift. Regjeringa vil gradvis auke CO₂-avgifta for alle sektorar og trappe denne opp til 2 000 kroner fram mot 2030. I tillegg til prising blir også direkte reguleringar, standardar og tilskot nytta for å redusere utsleppa. Klimaplanen for 2021–2030 legg fram verkemiddel som vil

kunne oppfylle målet regjeringa har sett om 45 pst. innanlands kutt i ikkje-kvotepliktige utslepp til 2030, det vil seie utslepp frå transport, avfall, jordbruk, bygg og delar av utsleppa frå industri og olje- og gassverksemd. Regjeringa sette i august 2021 ned eit offentleg utval som skal gjere ei utgreiing av vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet for 2050.

Noreg har eit nasjonalt mål om at samfunnet skal førebuast på og tilpassast klimaendringane, jf. delmål 13.1 og 13.3. Klimaendringane kan alt merkast i Noreg. Mykje av infrastrukturen er bygd for det klimaet vi har vore vane med. Vi må førebu oss og tilpasse oss klimaendringane i måten vi innrettar og byggjer samfunnet på. For å styrkje arbeidet i kommunane vart omsynet til klimatilpassing i 2018 innarbeidd i statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Norsk støtte til klimatiltak i utviklingsland (jf. delmål 13a og 13b) er sentralt for å kjempe mot fattigdom og å nå berekraftsmåla. Støtte til arbeidet utviklingslanda gjer med å nå innmelde klimaplanar (NDC), vil vere ei viktig føring for korleis klimafinansieringa blir innretta framover. Det grøne klimafondet er hovudkanalen for klimafinansiering under klimakonvensjonen. Regjeringa gjev eit bidrag til fondet på 800 mill. kroner årleg i perioden 2020–2023. Klima- og skoginitiativet er Noregs største internasjonale klimasatsing. Initiativet har gjort Noreg til eit føregangsland i langsiktig finansiering for å stanse tapet av naturskog og bidra til berekraftig arealforvaltning. Satsinga er forlengd til 2030. Regjeringa trappar opp støtta til klimatilpassing og lanserte i april i år ein strategi for å styrkje innsatsen for klimatilpassing, førebygging og kjempe mot svolt. Noreg bidreg også med betydeleg finansiering gjennom utviklingsbankane, som gjev ein vesentleg og aukande del av midlane sine til klimarelaterte tiltak. For å lykkast i arbeidet med å redusere klimagassutslepp, særleg i Asia, må vi få med annan kommersiell kapital. Regjeringa etablerer difor eit nytt klimafond. Fondet skal investere i fornybar energi i utviklingsland med mål om å bidra til reduserte klimagassutslepp i desse landa. Norfund får ansvaret for forvaltninga. Klimainvesteringsfondet vil bli tilført 2 mrd. kroner årleg over 5 år. Finansieringa vil komme frå statsbudsjettet og frå Norfund sjølv.

For meir informasjon om Noregs internasjonale klimainnsats, sjå programkategori 12.70 internasjonalt klimaarbeid og Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet.

Mål 14 Bevar og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling

Noregs omfattande bruk av havet og ressursane i havet fører med seg eit ansvar for å forvalte havområda på ein langsiktig og ansvarleg måte. Noreg baserer bruken av havet på berekraft og økosystembaserte tilnærmingar.

Forvaltningsplanane for havområda er verktøy for ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning som fremjar både berekraftig bruk og bevaring av økosystema, og har eit heilskapleg perspektiv på miljøtilstand, verdiskaping, påverknader og samla belastning på havområda. Forvaltningsplanane for Barentshavet–Lofoten, Norskehavet og Nord-sjøen–Skagerrak er nedfelte i Meld. St. 20 (2019–2020), med tiltak for berekraftig bruk og vern av økosystema. Framtidig verdiskaping basert på bruk av marine ressursar er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i havet, og å halde ved lag naturmangfald og produktivitet i økosystema er sentralt for at dei marine naturverdiane skal halde fram med å vere fornybare. Forvaltningsplanane for havområda er difor òg eit viktig verktøy for verdiskaping og matsikkerheit. Deling av erfaring og kunnskap frå systemet med forvaltningsplanar for havområda er eit viktig bidrag frå Noreg til integrert og økosystembasert forvaltning internasjonalt. Dei norske havforvaltningsplanane har vore ein modell for arbeidet i Høgnivåpanelet for ein berekraftig havøkonomi (Havpanelet). Samstundes skal forvaltningsplanane for dei norske havområda vidareutviklast fram mot neste oppdatering i 2024. Havpanelets forskning og konklusjonar legg viktige premisser i denne samanhengen.

Kystområda blir forvalta med mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand for alle vassførekomstar innan 2021. For dette formålet er elleve regionale vassforvaltningsplanar vedtekne. Overvaking av den økologiske og kjemiske tilstanden til kystfarvatn er styrkt.

Marine verneområde og andre arealbaserte bevaringstiltak er viktige verktøy for å ta vare på økosystem og naturverdiar, samstundes som det er mogleg å drive berekraftig næringsaktivitet. Det er etablert marine beskytta område og marine verneområde i norske farvatn. Arbeidet med å etablere nye marine verneområde held fram. Regjeringa la våren 2021 fram Meld. St. 29 (2020–2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur* og ser med denne meldinga framover mot vidareutvikling av den delen av havforvaltninga som handlar om bevaring av viktige område for marin natur.

Klimaendringar og havforsuring er vesentlege påverknadsfaktorar som aukar den samla belastninga på artar og økosystem og kan føre til betydelege endringar i grunnlaget for berekraftig bruk av havet og dei marine ressursane. Dette er ei utfordring for forvaltninga av aktivitet som kan påverke miljøverdiane. Noreg vil styrkje kunnskapen om korleis forvaltninga av havområda best kan ta vare på omsynet til å gjere marint naturmangfald og økosystem motstandsdyktige mot negative verkningar av klimaendringar og havforsuring.

Forvaltninga får viktig kunnskap gjennom miljøovervaking, forskning og kartleggingsprogram for mellom anna havbotn (MAREANO-programmet) og sjøfugl (SEAPOPOP/SEATRACK). Desse programma har gjeve verdifull ny kunnskap om naturtypar og artar, så vel som påverknad frå menneskeleg aktivitet. Denne kunnskapen blir brukt til å forbetre forvaltninga av havområda. Regjeringa har i sin langtidsplan for forskning varsla at forskning som grunnlag for god forvaltning av økosystem og ressursar i hav- og kystområda vil prioriterast.

Noreg har eit strengt regelverk for regulering av forureining gjennom forureiningslova. Utsleppa av miljøgifter frå punktkjelder på land er reduserte, men det er framleis tilførselar av miljøfarlege stoff til havområda. Kunnskapen om samla effekt av dei ulike miljøgiftene er avgrensa. Nasjonalt blir det arbeidd med å redusere utslepp frå hav- og landbaserte kjelder.

Regjeringa held fram med å utvikle ytterlegare tiltak for å forhindre og redusere marin forsøpling og mikroplast frå identifiserte kjelder. Plastavfall i verdshava er eit globalt problem. Noreg har teke ein leiarrolle for å få på plass ein ny global avtale for å realisere visjonen om å stanse tilførselen av plastavfall til havet. Det norske bistandsprogrammet, oppretta i 2018, for å motverke marin forsøpling og mikroplast vart vidareført i 2020 med 400 mill. kroner. Sommaren 2021 la regjeringa fram ein revidert plaststrategi som stiller saman breidda av plastpolitikken til regjeringa, og vil vere eit viktig tiltak for å nå mål 14. 1

Internasjonalt er det i gang viktige prosessar som vil vere avgjerande for dei havrettslege og institusjonelle rammene for implementeringa av berekraftsmål 14. Dette knyter seg til regelverk for å beskytte biodiversitet og fordeling av genressursar på ope hav, samspelet mellom globale og regionale mekanismar for implementering, globale mekanismar for tema som til dømes marin forsøpling og mikroplast. Med ei tradisjonelt leiande rolle i det internasjonale arbeidet innan havrett og miljø- og fiskeriforvaltning er det viktig at

Noreg aktivt søker å påverke dei pågåande prosessane på ein mest mogleg einsarta og løysingsorientert måte. FN's sjøfartsorganisasjon utviklar internasjonale standardar for tryggleik og miljø i den globale skipsfarten, og Noreg er ein aktiv pådrivar også i dette arbeidet. Noreg legg vidare vekt på miljør samarbeidet med andre land mellom anna gjennom arbeidet i OSPAR (konvensjonen for vern av det marine miljø i Nordaust-Atlanteren) og i Arktisk råd.

Mål 15 Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke økenskpreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald

Nedbygging og andre arealbruksendringar medfører tap og fragmentering av leveområde og påverkar naturmangfald, jordvern og klima. Andre påverknader kjem frå forureining, framande arter og klimaendringar, som blir stadig viktigare.

Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold* og Stortingets behandling av denne er Noregs viktigaste verkemiddel i arbeidet for å nå Aichimåla frå 2010 om å ta vare på naturmangfaldet. Berekraftsmål 15 er harmonisert med Aichimåla. Det er difor viktig å følgje opp naturmangfaldmeldinga for å oppfylle berekraftsmål 15. Dei tre nasjonale måla for naturmangfald handlar om god tilstand i økosystema, å ta vare på trua artar og naturtypar og om langsiktig vern av eit representativt utval norsk natur. I Noreg har vi gjort mykje for å ta vare på økosystema på land gjennom ei kunnskapsbasert forvaltning. I dag er 17,5 pst. av fastlandsarealet verna etter naturmangfaldlova.

Regjeringa er godt i gang med å følgje opp naturmangfaldmeldinga. Eit hovudgrep i meldinga er å setje tverrsektorielle, nasjonale mål for økologisk tilstand for økosystema og innrette forvaltninga etter desse måla. Regjeringa la mellom anna fram *Naturstrategi for våtmark* i 2021. Strategien omtaler tilstanden i våtmark, og det er vedteke eit mål om at noverande nedbyggingstakt for våtmark skal bremsast og den økologiske tilstanden i våtmark forbetrast. Det er nemnt fleire tiltak og verkemiddel som skal greiast ut vidare for å nå måla på ein måte som samla sett gjev best resultat. Det er òg gjort ekspertvurderingar etter det nye fagsystemet av den økologiske tilstanden i skog og arktisk tundra.

Noreg deltek aktivt i forhandlingane om eit nytt globalt rammeverk for bevaring av natur. Dette skal vedtakast av konvensjonen om biologisk mangfald på det femtande partsmøtet.

Nær 40 pst. av landarealet i Noreg er dekt av skog. Ifølgje Norsk raudliste for artar 2015 lever 1 122 trua artar i skog, og om lag 975 av desse er rekna å vere negativt påverka av tidlegare eller noverande arealendringar knytte til skogbruk. Regjeringa vil auke skogvernet til 10 pst. av skogen, i tråd med mål sette av Stortinget. Politikken til regjeringa for berekraftig forvaltning av skog vart presentert i ei melding til Stortinget i 2016, jf. delmål 15.1 og 15.2. Auka skogbruksaktivitet skal kombinerast med større vekt på miljøomsyn i skogbruket. Berekraftig skogbruk vil medverke til klimatilpassing og gje grunnlag for å fase ut fossile produkt og til å sikre område som er viktige for både naturmangfald, friluftsliv og kulturminne.

Noreg vil òg arbeide for eit styrkt internasjonalt samarbeid om grensekryssande utfordringar på skogområdet og for å sikre berekraftig forvaltning av skog internasjonalt, mellom anna i FN, jf. delmål 15a og 15b. FN-strategien for skog representerer ein milestolpe i dette arbeidet. Noreg støttar måla i planen.

Regjeringa har sett i gang ei rad tiltak for å redusere øydelegginga av habitat og stanse tap av naturmangfald, jf. delmål 15.5. Når det gjeld trua natur, er det utarbeidd ein oppfølgingsplan for korleis vi kan betre tilstanden for den mest trua naturen i Noreg. Arbeidet med planen er ei oppfølging av naturmangfaldmeldinga. I planen er det vurdert aktuelle tiltak for naturtypar og artar som oppfyller kriterium i naturmangfaldmeldinga. Planen inneheld òg prioriteringar av naturtypar og artar fram mot 2035. Regjeringa har som eit ledd i dette arbeidet vedteke ein ny prioritert art og to utvalde naturtypar i desember 2020. Miljødirektoratet skal vidare i 2021 levere ei vurdering og prioritering av arbeid med trua natur som ikkje inngår i oppfølgingsplanen. Det er òg vedteke ein nasjonal strategi for å ta vare på pollinerande insekt i 2018. Som ei oppfølging av strategien vart ein tiltaksplan for ville pollinerande insekt lansert i august 2021.

Regjeringa vil framleis prioritere arbeidet med skogvern og marint vern. For andre økosystem er det sett i gang arbeid med avgrensa supplerande vern. Eit representativt utval av økosystem til fjells er verna. Det er viktig å sikre verneverdiane framover, mellom anna i form av forvaltningsplanar for fjellområda.

Klima- og miljødepartementet bidreg til delmål 15.6 om å fremje tilgang til og rettferdig fordeling av gode ved bruk av genetiske ressursar. Tilgang til norske genetiske ressursar blir regulert av naturmangfaldlova og forskrift om tradisjonell kunnskap knytt til genetiske ressursar. Noreg bidreg årleg til plantetraktatens fond for fordelingsdeling

og gjev tilgang til plantegenetiske ressursar for mat og landbruk i tråd med føresegnene i traktaten.

Regjeringa la i april 2020 fram ei stortingsmelding om miljøkriminalitet. Meldinga presenterer ein heilskapleg politikk for å styrkje innsatsen mot miljøkriminalitet nasjonalt og internasjonalt og dermed redusere den negative påverknaden miljøkriminalitet har på klima og miljø, mellom anna tiltak for å stanse krypskyting og ulovleg handel, jf. delmål 15.7. Arbeidet med å følgje opp meldinga er i gang.

Det er ei utfordring å nå delmål 15.8 om å hindre innførsel og spreining av framande artar. Framande artar er ein alvorleg trussel mot naturmangfaldet. Ifølgje Artsdatabanken er det registrert 1 473 skadelege framande artar i norsk natur (Fastlands-Noreg med havområde) som kan formeire seg under norske tilhøve. 16 pst. av desse utgjer høg eller svært høg risiko for naturmangfaldet. Totalt utgjer 70 pst. av dei framande artane ein økologisk risiko. Ein tverrsektoriell tiltaksplan for å hindre spreining av og kjempe mot og kontrollere framande skadelege artar vart vedteken sommaren 2020.

I det internasjonale samarbeidet for naturmangfald, berekraftig skogforvaltning og miljøkriminalitet bidreg Noreg gjennom utviklingspolitikken, Klima- og skoginitiativet og deltaking i mellomstatleg samarbeid, mellom anna i FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO). Sidan Klima- og skoginitiativet vart lansert i 2007, er det inngått ei rekkje partnarssamarbeid, mellom anna med Indonesia, Brasil, Colombia, Guyana, Peru og Etiopia. Noreg betaler her for verifiserte reduksjonar av utslepp frå skog i løpet av avtaleperioden eller for investeringar som har slike utsleppsreduksjonar som mål. Sidan starten i 2008 har initiativet betalt til saman 10 mrd. kroner for meir enn 320 mill. tonn reduserte utslepp av CO₂ og medverka til ei rekkje reformer for betre skogforvaltning i landa. Gjennom initiativet samarbeider Noreg også med næringslivsaktørar, sivilsamfunnsorganisasjonar og kunnskapsmiljø som medverkar i innsatsen for å bevare regnskogen. Gjennom Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles*

framtid er det vedteke at Klima- og skoginitiativet skal først vidare på eit høgt nivå fram til 2030.

Mål 16 Fremje fredelige og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå

Klima- og miljødepartementet bidreg internasjonalt gjennom Klima- og skoginitiativet til å oppnå delmål 16.4 om å motarbeide organisert kriminalitet ved å støtte innsatsar mot ulovleg avskoging og ulovleg gruvedrift i tropiske skogland. Arbeidet til regjeringa med å følgje opp stortingsmeldinga om miljøkriminalitet, slik det er omtalt for delmål 15.7, er også i stor grad relevant for oppnå delmål 16.4.

9.3 Anna klima- og miljøarbeid i staten

Gode, enkle og effektive miljøeiingssystem, til dømes ISO 14001, EMAS (Eco Management and Audit Scheme) eller Miljøfyrtårn, sikrar at verksemda har oversikt over dei mest vesentlege miljøbelastningane og har målsetjingar og rutinar for kontinuerleg å redusere desse. For dei fleste statlege verksemdene vil tema som anskaffingar, energibruk i bygg, IKT, transport og avfallshandtering stå sentralt. Miljøeiingssystemet skal medverke til kontinuerleg forbetring av den totale klima- og miljøpåverknaden frå departementsfelleskapet. I tillegg til ei meir klima- og miljøvennleg departementsverksemd medverkar arbeidet òg til modernisering og effektivisering.

Departementsfelleskapet har eit miljøeiingssystem sertifisert etter EMAS-krava. Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) koordinerer felles miljømål for departementsfelleskapet og har hovudansvaret for oppfølginga av styringssystemet, men departementa er sjølve ansvarlege for å nå måla i eiga verksemd.

Fleire underliggjande etatar og andre statlege verksemdar har miljøeiingssystem og arbeider systematisk med å redusere miljøbelastningar gjennom anskaffingar og dagleg drift.

10 Samfunnstryggleik og beredskap

Dei måla og prioriteringane som er gjevne i Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, Meld. St. 21 (2012–2013) *Terrorberedskap og Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet*, er utgangspunktet for Klima- og miljødepartementets arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Ei systematisk og heilskapleg tilnærming er sentralt for å vidareutvikle beredskapsarbeidet i sektoren. I denne samanhengen er evaluering av hendingar og øvingar eit viktig moment. Det medverkar til å avdekkje veikskapar og læringspunkt som er avgjerande for dei risiko- og sårbarheitsvurderingane departementet gjer. Resultatet av arbeidet dannar grunnlag for dei vala, prioriteringane og avgjerdene som blir tekne med omsyn til sikring av viktige verdiar og tryggleik i samfunnet.

10.1 Ansvarsområde

Klima- og miljødepartementet skal bidra til å førebyggje at det skjer uønskte hendingar, og redusere konsekvensar av uønskte hendingar innanfor klima- og miljøsektoren. Arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar, overordna risikobilete for sektoren, beredskapsplanverk og øvingar er difor prioriterte oppgåver. Kvar enkelt etat medverkar i dette arbeidet ved mellom anna å gjennomføre eigne analysar over risiko og sårbarheit innanfor sitt område.

Det er ført tilsyn med departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i 2020-2021. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) førte tilsynet på vegne av Justis- og beredskapsdepartementet. DSB sitt inntrykk er at Klima- og miljødepartementet har arbeidd målretta på fleire område for å ta hand om ansvaret sitt, men det er avdekt tre brot på krav. Brota dreier seg om å forklare effekten av tiltak, øvingar, og evaluering av øvingar. Klima- og miljødepartementet vil utarbeide ein oppfølgingsplan for å handtere og rette brota.

Meteorologiske tenester

Meteorologisk institutt (MET) har ei viktig rolle innanfor samfunnstryggleik og beredskap i

Noreg. MET forvaltar kritisk infrastruktur, og meteorologiske tenester utgjer ein kapabilitet som inngår i den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø. Dei er ein aktiv del av totalforsvaret ved at dei leverer utvida meteorologisk støtte etter avtale med dei aktuelle einingane i Forsvaret ved krise og krig og under større militære øvingar. MET overvaker, varslar vêret og bereknar klimaet i notid og framtid for at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og allmenta kan sikre liv og verdiar, planleggje og verne miljøet. METs tenester er forskingsbaserte. Dei operasjonelle tenestene tek i bruk resultatata frå ny forskning, og instituttet driv forskning og utvikling på alle sine fagområde. Sjå omtale av MET i del II og i kap. 10.2 Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø.

Akutt forureining- og atomberedskap

Det er nasjonale mål at forureining ikkje skal skade helse og miljø, og at utslepp av farlege stoff skal stansast. Dei nasjonale måla for forureining omfattar òg radioaktiv forureining.

Klima- og miljødepartementet har ansvar etter forureiningslova dersom eit uhell eller ei ulykke medfører radioaktive utslepp og avfall. Det operative ansvaret ligg hos Direktoratet for strålevern og atomtryggleik. Direktoratet gjer òg tiltak for utslepps- og avfallshandtering og bidreg med utvikling av planverk for miljøforvaltninga på atomberedskapsområdet. Eventuelle klager blir behandla av departementet. Miljødirektoratet kan hjelpe til med målingar og gje råd om konsekvensar som nedfall kan ha på det ytre miljøet. Norsk Polarinstitut kan hjelpe til med avgjerdsgrunnlag som spreingsmodellering og kunnskap om Arktis, mellom anna iskart.

Ved atomulykker har Helse- og omsorgsdepartementet det overordna ansvaret for beredskapen, medan Direktoratet for strålevern og atomtryggleik er fag- og forvaltningsstyresmakt. Den nasjonale atomberedskapen er organisert gjennom *Kriseutvalet for atomulykkeberedskapen* som er leidd av Direktoratet for strålevern og atomtryggleik.

Ansvar for å stille krav til beredskapen kommunar og private verksemdar har mot akutt forureining, og for å kontrollere at krava blir overhaldne, er lagt til miljøstyresmaktene. Miljødirektoratet stiller beredskapskrav og følgjer opp desse gjennom tilsyn. Miljødirektoratet har etablert ein plan for kriseberedskap og spesifikke rutinar for handtering av oppgåvene til etaten knytte til større tilfelle av akutt forureining.

Ansvar for den statlege beredskapen mot akutt forureining er lagt til Samferdselsdepartementet med Kystverket som utøvande etat. Ved ein statleg aksjon mot akutt forureining har miljøforvaltninga ei rådgjevarrolle og ansvar for å skaffe fram informasjon om miljøverdiar og miljøkonsekvensar.

Norsk Polarinstitutt stiller krav om beredskap for akutt forureining og tiltak for å ta vare på tryggleiken for liv og helse ved gjennomføring av aktivitetar i Antarktis og om forsikring for å dekke aktivitetane.

Beredskapsmessige utfordringar knytte til klimaendringar

Det er eit nasjonalt mål at samfunnet skal førebust på og tilpassast klimaendringane. Kvart enkelt departement har ansvar for å ta vare på omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor. Klima- og miljødepartementet har eit spesielt ansvar for å leggje til rette det heilskaplege arbeidet til regjeringa med klimatilpassing. Miljødirektoratet støttar departementet i arbeidet med klimatilpassing. Miljødirektoratet har mellom anna eit ansvar for at departementet har tilgang til det naturvitenskaplege kunnskapsgrunnlaget gjennom nasjonal og internasjonal klimaforskning. Dette kunnskapsgrunnlaget skal brukast i gjennomføringa av arbeidet til departementet med klimatilpassing, medrekna overvatn. Sjå del IV kap. 18 for ytterlegare omtale av klimatilpassing.

Beredskap mot skadar på kulturmiljø

Det er eit nasjonalt mål at eit mangfald av kulturmiljø skal bli teke vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av kulturmiljø i Noreg og samarbeider tett med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og kommunane om beredskap og sikring av kulturmiljø. Samarbeidet handlar mellom anna om branntryggleiken i verneverdig tett trehusbestand og stavkyrkjer. Auka førekomst av ekstremvêrhendingar som flaum, skred, storm og kraftige

nedbørmengder må òg takast omsyn til i samband med forhindring av skadar framover.

Beredskap mot utslepp av GMO

Genmodifiserte organismar er mikroorganismar, plantar og dyr der den genetiske samansetjinga er endra ved bruk av gen- eller celledeteknologi. Klima- og miljødepartementet behandlar søknader om omsetjing og utsetjing av levande GMO i naturen. Miljødirektoratet har koordineringsansvar og ansvar for vurdering av miljørisiko. Mattilsynet har ansvaret for vurderingar knytte til helseisiko.

Etter føresegnene i genteknologilova skal verksemdene syte for nødvendige sikkerheitstiltak for å hindre helse- og miljømessige skadeverknader. Dersom utslepp skjer, skal verksemda straks setje i verk tiltak for å avgrense skadeverknadene. På grunn av rask teknologiutvikling kan det ventast at også privatpersonar på sikt kan genmodifisere og endre mikroorganismar på ein måte som gjer at samfunnet potensielt kan påførast ny helse- og miljørisiko. Kartlegging av omfanget av ein slik framtidig privat aktivitet er såleis eit viktig tiltak.

10.2 Den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø

Arbeidet med å sikre samfunnet mot alvorlege hendingar er eit ansvar som ligg til mange sektorar. I Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn* blir det gjort greie for kva funksjonar som til kvar tid må haldast oppe for å sikre samfunnet, og kva departement som har ansvar for å koordinere og samordne funksjonane. Klima- og miljødepartementet har ansvaret for den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø. Rolla som hovudansvarleg departement inneber mellom anna å sikre nødvendig koordinering og samordning mellom aktuelle departement.

Som ei oppfølging av Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn* rapporterte Klima- og miljødepartementet på Natur og miljø i Prop. 1 S (2019–2020). Tilstanden til den kritiske samfunnsfunksjonen vart vurdert som tilfredsstillande. Klima- og miljødepartementet vil følgje opp rolla som hovudansvarleg departement for Natur og miljø, inkludert i dette prioriterte arbeidet med å sikre eit godt samarbeid mellom aktørane.

Bakgrunnen for den kritiske samfunnsfunksjonen Natur og miljø er behovet for vern av naturen mot påverknad frå menneskeleg aktivitet i form av akutt forureining (forureiningsberedskap) og

vern av befolkninga mot naturfare (meteorologitjenester og flaum- og skredvarsling). Innanfor samfunnsfunksjonen er det definert tre kapabilitetar for å ta vare på tryggleiken for befolkninga: forureiningsberedskap, meteorologitjenester og overvaking av flaum- og skredfare.

I *forureiningsberedskap* inngår privat, kommunal/interkommunal og statleg beredskap mot akutt forureining til lands og i norske farvatn og på norsk kontinentalsokkel som kan skade naturen.

I *meteorologitjenester* inngår METs tenester:

- innsamling, behandling og tilgjengeleggjing av meteorologiske data
- utarbeiding og distribusjon av varsel av betydning for liv og sikkerheit
- utarbeiding av spesielle meteorologiske beregningar og tenester i samband med søk og redningsoperasjonar, kritiske operasjonar og sikkerheitstruande hendingar
- utarbeiding og distribusjon av flymeteorologisk informasjon for sivil og militær luftfart

I Noreg er MET gjeve særskilde oppgåver knytte til meteorologiske tenester. I vedtektene til MET heiter det: «Meteorologisk institutt står for den offentlige meteorologiske tjenesten for sivile og militære formål. Instituttet skal arbeide for at myndigheter, næringslivet, institusjoner og allmennheten blir best mulig i stand til å sikre liv og verdier, planlegge framover og verne miljøet.» MET utviklar og leverer ei lang rekkje nyttige tenester og syter mellom anna for at beredskapsstatane er førebudde på ekstremvær og anna farleg vær.

Overvaking av flaum- og skredfare omfattar dei etablerte systema for overvaking og varsling av flaum i større og mindre vassdrag og av flaumskred og snø-, sørpe-, jord- og fjellskred. Noregs vassdrags- og energidirektorat har ansvaret for den nasjonale flaum- og skredvarslingstenesta og har òg ein døgnkontinuerleg beredskapstelefon for flaum- og skredsituasjonar. Noregs vassdrags- og energidirektorat utarbeider i tillegg vassføringsprognosar for heile landet. Nedbørsvarsel frå MET er òg ein viktig del av grunnlaget for overvaking og varsling av flaum og skredfare.

10.3 Informasjonstryggleik i miljøforvaltninga

I nasjonal strategi for informasjonstryggleik og handlingsplan er det slått fast at fagdepartementa

har eit overordna ansvar for å ta vare på tryggleiken i IKT-infrastrukturen i sektoren. I arbeidet med å følge opp strategien har departementet gjeve underliggjande etatar i oppdrag å få på plass eit styringssystem for informasjonstryggleik som oppfyller krava i ISO 27001-standarden. Meteorologisk institutt, Miljødirektoratet, Norsk Polarinstitut og Riksantikvaren har alle etablert styringssystem for informasjonstryggleik og er no sertifiserte etter ISO-27001-standarden. Norsk kulturminnefond og Artsdatabanken har ikkje fått krav om sertifisering etter ISO 27001-standarden. Begge etatane skal likevel ha etablert eit styringssystem for informasjonstryggleik som er tilpassa storleiken og eigenarten til verksemdene.

10.4 Førebuande sikkerheitsteneste

Lov om nasjonal sikkerhet (tryggingslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Formålet med lova er å tryggje dei nasjonale sikkerheitsinteressene våre og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheitstruande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir tryggja ved at departementa identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemdar av avgjerande betydning for GNF blir underlagde tryggingslova, og nødvendige sikringstiltak for skjermingsverdige verdier blir gjennomførte. For å vareta formålet med lova vil GNF-prosessen vere ein kontinuerleg prosess. Denne prosessen kan føre til endringar når det gjeld identifiserte funksjonar og skjermingsverdige verdier, kva for verksemdar som er av vesentleg og avgjerande betydning, og i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (andre verksemdar). Kva som vil krevjast for å oppnå eit forsvarleg sikkerheitsnivå, kan òg bli endra.

Klima- og miljødepartementet har identifisert følgjande grunnleggjande nasjonale funksjonar i eigen sektor. «KLD GNF 1: Klima- og miljødepartementets virksomhet, handlefrihet og beslutningsdyktighet» omfattar rolla departementet har som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av mynde og styring og oppfølging av underliggjande verksemdar.

Vi arbeider fortløpande med å kartlegge verksemdar som er av vesentleg eller avgjerande betydning for GNF, og identifisere, vurdere, og rapportere moglege avhengigheiter. Identifiserte GNF er innmelde til tryggingsorganet.

11 Fornye, forenkla og forbetre og likestilling og mangfald i miljøforvaltninga

11.1 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

Organisering

Klima- og miljødepartementet er overordna etats- og eigarstyrar for Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Enova, Meteorologisk institutt, Norsk Polarinstitut, Artsdatabanken, Norsk kulturminnefond, Svalbards miljøvernfond, Kings Bay AS og Bjørnøen AS.

Det statlege miljøarbeidet blir regionalt teke vare på av miljøvernavdelingane hos statsforvaltarane, fylkeskommunane og Sysselmeisteren på Svalbard. Etatar som NORAD, Sjøfartsdirektoratet, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik og Folkehelseinstituttet har oppgåver innanfor miljøområdet som Klima- og miljødepartementet styrer.

Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft i departementet

Klima- og miljødepartementet arbeider kontinuerleg med å effektivisere eiga drift.

Regjeringa bestemte at det skulle gjennomførast ein områdegjennomgang av miljøforvaltninga i 2016. Områdegjennomgangen resulterte i 32 tilrådingar om korleis miljøforvaltninga kan bli betre og meir effektiv. Tilrådingane inkluderte òg Klima- og miljødepartementets sektorovergrepande rolle.

Fleire av tilrådingane handla om dei administrative systema. Det vart identifisert fleire moglegheiter for å effektivisere dei administrative områda.

Klima- og miljødepartementet har samla IKT-driftsfunksjonane og etablert felles strategisk innkjøpsfunksjon for miljøforvaltninga. Arkivtenesene i miljøforvaltninga vil vere samordna i løpet av 2022. Vidare skal samvirket maksimerast innan andre administrative funksjonar for å auke kunnskapsgrunnlag for betre planlegging og avgjerder.

Det er i tillegg sett i gang eit strategiarbeid for betre og meir effektive administrative tenester på

tvers av departementa der Klima- og miljødepartementet deltek aktivt i arbeidet.

Digitaliseringsstrategi for miljøforvaltninga

Krava til IKT-løysingar og IKT-tryggleik i offentlig forvaltning blir stadig viktigare og meir omfattande. Digitaliseringsstrategien for miljøforvaltninga legg føringar for korleis IKT skal driftast, sikrast og utviklast vidare i sektoren. Strategien gjeld for perioden 2020–2024 og rettar merksemda mot digitalisering, dataformidling, IKT-tryggleik og samordning og byggjer på nasjonale råd og standardar. Den etablerte felles drifts-eininga for miljøforvaltninga varetek IKT-driftstenester for Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitut, Norsk kulturminnefond og Artsdatabanken. Arbeidet med å betre og vidareutvikle desse driftstenestene vil halde fram i tråd med Digitaliseringsstrategi for klima- og miljøsektoren 2020–2024.

Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft i etatane

Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har i dag mange digitale løysingar som er utvikla og forbetra gjennom fleire år. Tenestene er på fleire område utvikla med bakgrunn i ambisjonen om å sikre ei effektiv og god brukaroppleving for eksterne brukarar, saman med ei påliteleg og effektiv intern saksbehandling.

Det er mellom anna utvikla heildigitale løysingar for betaling av jeger- og fiskeavgifter, for behandling av søknader for tildeling av fallvilt for preparantar og for lisensiering av ringmerke i Ringmerkbasen. Miljøvedtaksregisteret er ei digital innsynsløysing som gjev allmenta fri tilgang til enkeltvedtak og forskrifter på miljøområdet.

Miljødirektoratet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle og digitalisere arbeidsprosessane i tilskotsforvaltningssystemet Elektronisk søknads-senter (ESS), som har medverka til effektivisering både i forvaltninga og for søkjarane.

Medan Miljødirektoratet er i gevinstrealiseringsfasen for fleire etablerte løysingar, til dømes produktregisteret og grunnforureining, er dei i utviklingsfasen på andre område. Bruk av drone-teknologi i overvaking og robotteknologi innanfor rekneskap er døme på ny teknologi som det blir arbeidd med framover.

Riksantikvaren

Riksantikvaren har i løpet av dei siste åra utvikla fleire digitale løysingar som vil bidra til ei einsarta og effektiv kulturmiljøforvaltning. Dette gjeld mellom anna Digisak, som er ein søknadsportal og ei saksbehandlingsløysing for innsending og behandling av tilskots- og dispensasjonssaker. Digisak skal sikre ei enklare og betre brukaroppleving for søkjarar og saksbehandlarar og gje ei effektiv saksbehandling i forvaltninga. Riksantikvaren arbeider kontinuerleg med å forbetre løysinga og utvide Digisak til å inkludere fleire tilskots- og dispensasjonsordningar.

Digitaliserte arkiv gjev god tilgang på informasjon for fylkeskommunar og kommunar. I 2021 har Riksantikvaren lansert ei ny søkjeteneste der kulturmiljøforvaltninga har tilgang til Riksantikvarens digitaliserte arkivmateriale, det vil seie digitaliserte historiske saksdokument, saksdokument frå Riksantikvarens digitale sakarkiv, teikningar og bilete.

Ei anna digital teneste, ADED (Archaeological Digital Excavation Documentation), er utvikla i samarbeid mellom universitetsmusea og Riksantikvaren. Tenesta skal bidra til å betre tilgangen til arkeologisk og vitenskapleg dokumentasjon gjennom mellom anna utveksling av digital informasjon mellom musea og Riksantikvaren.

Kulturminnefondet

Kulturminneadministrasjonen har vidareutvikla og effektivisert arbeidsprosessane og har i samarbeid med Miljødirektoratet innført nye digitale løysingar i tilskotsforvaltninga. Søkjarane kan søkje og rapportere direkte i portalen. Arbeidet med å overføre Kulturminnefondet til IKT-plattformar til miljøforvaltninga held fram i 2022.

Nettstader og portalar

Den viktigaste vêrtenesta til Meteorologisk institutt (MET) er Yr, som er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt og NRK. I tillegg formidlar MET vêret på TV og i radio og i sosiale medium som Twitter og Facebook. For offentlege verk-

semder leverer instituttet vêrtenesta Halo, som er ei innloggingsteneste med spesialiserte produkt.

Meteorologisk institutt sine offisielle datagrunnlag og produkt er også fritt tilgjengelege for publikum for bruk, spreiding og vidare tilarbeiding. Data kan hentast frå instituttet sine nettstader eller programmeringsgrensesnitt, til dømes api.met.no, frost.met.no, threddsmet.no og klimaservicesenter.no.

Både instituttet og samfunnet har gevinst av dei opne dataa og tenestene til instituttet. At tenestene blir gjevne på opne og standardiserte format, gjer det enkelt for andre å integrere vêr- og klimainformasjon i eigne tenester, både bedriftsinterne og til publikum. Dette medverkar på sikt til å forenkle intern tenesteproduksjon ved instituttet.

Miljødirektoratet lanserte ny hovudnettstad – miljodirektoratet.no – i 2019. Den nye hovudnettstaden har medverka til å redusere mengda nettstader, og han støttar opp om målet om meir sjølvbetening gjennom å tilby rettleiing av brukarar.

Miljøforvaltninga har som mål å formidle påliteleg, aktuell og forståeleg miljøinformasjon. Hovudkanalen for informasjon om tilstanden i og utviklinga til miljøet er miljostatus.no, som har ei målsetjing om å vere den viktigaste kjelda til kunnskap om tilstanden og utviklinga til miljøet. I tillegg driftar miljøforvaltninga nettstader for meir spesifikk informasjon og målgruppetilpassing. Døme på dette er askeladden.ra.no, miljokommune.no og klimatilpasning.no. Oversikt over kva mynde og plikter kommunane har, og hjelp til saksbehandling innan miljøtema vart i 2020 flytta frå nettstaden miljokommune.no til miljodirektoratet.no/myndigheter.

[Askeladden.ra.no](http://askeladden.ra.no) inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. På klimatilpasning.no har ein samla aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing på éin stad.

Klima- og miljødepartementet og fleire underliggjande etatar er til stades og kommuniserer aktivt i sosiale medium. På Facebook og Twitter treffer ein både gamle og nye brukarar på nye måtar.

11.2 Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltninga

Miljøforvaltninga er pålagt å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling og mot diskriminering innanfor eiga verksemd. Tabellane 11.1, 11.2 og 11.3 viser kvinnedelen i verksemdene,

totalt og på ulike stillingsnivå, samanlikning av månadleg gjennomsnittsløn for kvinner og menn på ulike stillingsnivå, statistikk for sjukefråværet til menn og kvinner, delen av menn og kvinner på

deltid og i mellombels stilling for 2020. Norsk kulturminnefond og Artsdatabanken har svært få medarbeidarar og er difor ikkje med i oversiktene.

Tabell 11.1 Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltninga

	Totalt	Topplei. ¹	Mellomlei.	Høgtlønte rådg. ²	Saksbeh.	Kontor
Klima- og miljødepartementet (KLD)	61	50	48	62	64	
Miljødirektoratet	55	50	59	53	66	25
Norsk Polarinstitutt (NP)	44	50	33	48	43	53
Riksantikvaren (RA)	63	88	78	61	64	0
Meteorologisk institutt (MET) ³	38	25	32	-	-	-

¹ Toppleiarar omfattar øvste leiar og leiarar av avdelingar (mellomleiarar er leiarar av seksjonar og einingar under avdelingsnivå).

² Høgtlønte rådgjevarar omfattar seniorrådgjevarar, spesialrådgjevarar og tilsvarande stillingar. For KLD er spesialrådgjevarar, fagdirektørar, utgreiingsleiarar, avdelingsdirektørar utan personalansvar og seniorrådgjevarar klassifiserte som høgtlønte rådgjevarar. Rådgjevarar, førstekonsulentar og seniorkonsulentar er klassifiserte som saksbehandlarar.

³ Stillingskategoriane til MET lét seg ikkje klassifisere til rådgjevar, saksbehandlar og kontor. Mellomleiarar er avdelingsleiarar.

Tabell 11.2 Prosentoversikt over gjennomsnittsløn for kvinner og menn i miljøforvaltninga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA		MET ²	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Totalt	92,3	100	99,9	100	95	100	100	97	93,1	100
Topplei. ¹	100	94,2	81	100	81	100	100	98	97,1	100
Mellomlei.	100	99,1	98	100	100	95	100	100	98,6	100
Høgtlønte rådg.	96,9	100	100	99,6	96	100	100	100	-	-
Saksbeh.	100	98,6	100	99,8	98	100	92	100	-	-
Kontor	0	0	100	54	98	100		100	-	-

¹ Toppleiarar i KLD inkluderer berre dei som er på leiarlønskontraktar unnateke departementsråd. For KLD er seniorrådgjevarar klassifiserte som høgtlønte rådgjevarar. Rådgjevarar er klassifiserte som saksbehandlarar.

² Stillingskategoriene til MET lét seg ikkje klassifisere til rådgjevar, saksbehandlar og kontor. Mellomleiarar er avdelingsleiarar.

Tabell 11.3 Prosentoversikt over deltid, mellombels tilsette, legemeldt sjukefråvær og foreldrepermisjon for kvinner og menn i miljøforvaltninga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA		MET	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Deltid ¹	4,3	1,9	4,1	2,6	3,8	1,6	6,3	0	9,4	6,2
Mellombelse ²	3,6	4,6	6,3	6,2	19,6	22,4	14,7	12,7	10,6	9,9
Legem. fráv. 2020	3,0	1,4	2,8	1,5	2,7	1,1	4,0	2,3	2,6	1,3
Prosentdel foreldreperm.	65,0	35,0	61	39	51	49	100	0	58,7	41,3

¹ Prosentdel av kvinner/menn på deltid (av totalt tal kvinner og totalt tal menn) inkludert vikarar ekskludert permisjonar og tilsette på pensjonistvilkår.

² Prosentdel av kvinner/menn i mellombels stilling (av totalt tal kvinner og totalt tal menn) inkludert tilsette på pensjonistvilkår, ekskludert vikarar.

I det følgjande er rapportert status og tiltak i dei enkelte verksemdene.

Klima- og miljødepartementet

Gjennomsnittleg lønnsforskjell mellom kvinner og menn har blitt mindre sidan 2019. Det er framleis ein forskjell, men grunnen til dette er at det er blitt tilsett fleire kvinner i rådgjevar- og førstekonsulentstillingar. Det er fleire kvinner enn menn i rådgjevar- og førstekonsulentstillingar, medan det er noko fleire mannlege avdelingsdirektørar og spesialrådgjevarar. Dette heng truleg saman med at det er ei klar overvekt av kvinnelege søkjarar til førstekonsulent-/rådgjevarstillingar, medan det er jamnare kjønnsfordeling blant søkjarar til andre stillingskategoriar. Men innan kvar stillingskategori er lønnsforskjellen mindre, og kvinner har til dømes høgare lønn enn menn på toppleiar- og mellomleiar nivå. Det er ingen indikasjonar på at det er ufrivillig deltid i departementet.

Rapportar og statistikk med likestillingsrelevante oversikter blir årleg presenterte for toppleiargruppa, arbeidsmiljøutval og tillitsvalde. Likestilling og inkludering vil framover tematiserast årleg i møte med tillitsvalde i departementet.

Oppfølginga av inkluderingsdugnaden til regjeringa er eit viktig innsatsområde for departementet. Klima- og miljødepartementet har justert stillingsannonsane, men arbeider framleis med å gjere tekstane enda betre. NAV gjev hjelp til utforming av stillingsannonsar og med å finne aktuelle kandidatar i målgruppa. Departementet og miljøetatane vart hausten 2019 einige om ein eigen oppfølgingsplan for inkluderingsdugnaden. Planen inneheld mellom anna tiltak som siktar mot betre synleggjering av moglegheitene til å kunne arbeide i miljøforvaltninga. Det er planlagt ein eigen karrieredag, og DFØs leiar kurs i mangfaldsrekruttering skal brukast av verksemdene i miljøforvaltninga. Det er også lagt opp til jamleg erfaringsutveksling mellom alle verksemdene for personalsjefane i miljøsektoren.

Alle stillingar i departementet blir no publiserte på <https://www.jobbforalle.no/>. I rekrutteringsprosessane er det sett søkjelys på måla frå inkluderingsdugnaden allereie ved behovsanalysen. Leiarar som rekrutterer, blir oppmoda til å ta kvalifiserte søkjarar inn på intervju som har kryssa av på nedsett funksjonsevne eller har høl i CV-en.

Departementet har ført vidare ordninga med høve til åtte samanhengande eigenmeldings dagar i IA-avtalen.

Meteorologisk institutt

Likestillingsarbeidet ved Meteorologisk institutt (MET) har som mål å sikre alle like moglegheiter i tilsetjingsforholdet.

MET praktiserer ein lønnspolitikk som ikkje diskriminerer, der alle medarbeidarane skal ha moglegheita til ei lønsmessig utvikling ut frå føresetnadene den enkelte har. Det skal først ein lønnspolitikk som sikrar reell likelønn mellom kvinner og menn. For å avdekkje skeivskapar blir dei ulike lønnsstatistikkane gjennomgånne under førebuingane til lokale lønnsforhandlingar. MET har som mål å auke kvinnedelen i stillingsgrupper der kvinner er underrepresenterte. I 2020 var desse identifiserte til leiarstillingar, forskarar og ingeniørar.

Totalt på MET var kvinnelønn 91,3 pst. av mannlønn i 2020. Dette er ein reduksjon på 0,3 prosentpoeng frå 2019. Utviklinga har i hovudsak to årsaker. I samband med lønnsforhandlingane for året var det berre lokale forhandlingar for Akademikerforeningen, der lønnstillegga vart gjevne med lik prosent til alle. Det var ikkje lønnsforhandlingar etter andre føresegner i HTA i 2020. Forholdet kvinnelønn–mannlønn kan ha blitt forskyvd som eit resultat av nyttilsetjingar. Instituttet har tidlegare kartlagt og samanlikna tilsette i same stillingskategori ut frå alder, kompetanse og ansiennitet og har ikkje funne systematiske lønnsforskjellar.

38,4 pst. av dei tilsette på Instituttet er kvinner. I tre av stillingskategoriane – ingeniørar (hovudsakleg IT-stillingar), leiarar, forskarar – er kvinnedelen under 40 pst. Det vart tilsett 46 medarbeidarar i 2020, av desse 30 kvinner (65 pst.). Cirka 57 pst. av søkjarane var kvinner (37 pst. i 2019). Før stillingar blir kunngjorde, skal utlysningsteksten vurderast med sikte på å unngå formuleringar og krav som kan føre til at kvinner ikkje søker stillinga. Kvinner skal spesielt oppfordrast til å søkje i stillingskategoriar der kvinnene er underrepresenterte. Instituttet praktiserer moderat kjønnskvolter. Der det er tilstrekkeleg tal på kvalifiserte kvinner blant søkjarane, skal minst to innkallast til intervju. Tilsetjingsråda og alle leiarane skal ha kompetanse på likestillingskrava tilknytte tilsetjingssaker. Nye leiarar og tillitsvalde får løpande gjennomgang av tema.

Det vart tilsett i tre leiarstillingar i 2020, av desse ei kvinne. Kvinner søkte i alle tre stillingane, og det vart innstilt kvinner i ei av desse stillingane. Det vart tilsett 13 forskarar i 2020, av desse 6 kvinner. Kvinnedelen i forskarstillingane er 37 pst., 1 prosentpoeng lågare enn i 2019. Det

er overvekt av menn som søker desse stillingane, spesielt i stillingar som også blir utlyste internasjonalt. Det vart tilsett fem i ingeniør/IT-stillingar i 2020, av desse fire kvinner. Kvinnedelen er auka frå 13,1 pst. i 2019 til 14,5 pst. i 2020. Cirka 10 pst. av dei tilsette er mellombels tilsett. Talet har auka noko for både kvinner og menn og er rundt 10 pst. for begge kjønn. Dei mellombels tilsette er i hovudsak knytte til mellombels eksternt finansierte forskingsoppdrag. Instituttet har ikkje stillingar som er baserte på deltid med bakgrunn i behov som instituttet sjølv har. Alle deltidsstillingar er knytte til at medarbeidarar sjølv har behov for redusert stilling. Det er ikkje avdekt andre årsaker til ønsket om deltid.

MET har ingen indikasjonar på at dei nasjonale eller lokale covid-19-tiltaka har påverka likestillingssituasjonen. Rekruttering av nye medarbeidarar er ikkje påverka, og instituttet er svært oppteke av arbeidsmiljøet.

Instituttet har ein handlingsplan for likestilling. Handlingsplanen inneheld overordna mål for rekruttering, lønn, profilering, representasjon i råd og utval, kompetanseutvikling – irekna spesielt for forskarar, nulltoleranse for uønskt kjønnsmessig merksemd/trakassering. Alle avdelingar skal årleg ha HMS-møte der leiarar, tillitsvalde og verneombod deltek. Mobbing/trakassering og mogleg diskriminerande praksis skal vere tema på desse møta.

Miljødirektoratet

Kjønnsfordelinga på etatsnivå i Miljødirektoratet viser noko overvekt av kvinner – med 55 pst. kvinner og 45 pst. menn. Kjønnsfordelinga held seg på same nivået som i fjor. Stillingsgruppa med størst avvik i kjønnsbalansen i 2020 er saksbehandlarar, der det er 34 pst. menn og 66 pst. kvinner. Med unntak av toppleiinga har alle andre stillingsgrupper også noko overvekt av kvinner. Toppleiinga har 50/50 prosentdel av menn og kvinner. Kontorstillingar har overvekt av menn, men her er talet på tilsette svært lågt (n = 8), slik at all ubalanse vil gje ein tydeleg prosentvis skeivskap.

Totalt for verksemda er det nesten ingen lønnsmessig forskjell mellom kjønna, kvinner har berre 0,1 prosentpoeng lågare lønn enn menn. Tidlegare år hadde kvinner 1 pst. lågare lønn. Størst forskjell mellom kjønna er det i toppleiinga, der kvinner tener 81 pst. av lønna til menn. Det er også forskjell på mellomleiarnivå, der kvinner tener 98 pst. av lønna menn får. Når det gjeld kontorstillingar, tener kvinner 54 prosentpoeng min-

dre enn menn, men utvalet er svært lite og inkluderer dessutan lærlingar som får lønna si berekna på ein annan måte. Direktoratet har fortløpande merksemda rette mot arbeidet med å utlikne lønnsforskjellar mellom kjønna. Truleg er forskjellane i lønnsnivå mellom kjønna ikkje er eit resultat av ei systematisk forskjellsbehandling, men kjem av tilfeldig variasjon. Det er framleis ein større del kvinner enn menn som jobbar deltid, sjølv om forskjellen har blitt noko mindre sidan i fjor. 4,1 pst. av kvinnene jobbar deltid, medan det berre er 2,6 pst. menn som gjer det. Over halvparten (53 pst.) av kvinnene som jobbar deltid, jobbar 80 pst. eller meir. 6,3 pst. kvinner var mellombels tilsette i 2020, medan 6,2 pst. menn hadde mellombelse stillingar i 2020 i Miljødirektoratet. Når det gjeld legemeldt sjukefråvær, har kvinner høgare fråvær enn menn, 2,8 pst. mot 1,5 pst. Skilnaden mellom kjønna er redusert sidan 2019.

Miljødirektoratet har rutinar for å sikre likestilling og forhindre diskriminering ved rekruttering. Vi jobbar aktivt med fysisk tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, graviditet og sjukefråvær, og vi har eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta om dette. I begge byane held vi til i moderne lokale med gode moglegheiter for fysisk tilrettelegging. Miljødirektoratet legg til rette for foreldrefråvær og anna omsorgsfråvær og følgjer føresegnene i HTA med omsyn til seniorpolitikk. Tilpassingsavtalen tek i vare dei krava som likestillings- og diskrimineringslova stiller til verksemda.

Det løpande arbeidet med å fremje likestilling og forhindre diskriminering inngår i HR-, HMS- og internkontrollarbeidet til direktoratet. På intranett blir tilsette oppfordra til å seie ifrå dersom ein opplever/kjenner til til dømes diskriminering på arbeidsplassen. Miljødirektoratet har gode, oppdaterte og tilgjengelege rutinar og prosessbeskrivingar for varsling av kritikkverdige forhold. Rutinen vart oppdatert ved årsskiftet 2019/2020, og det var planlagt eit implementeringsløp for 2020. Delar av planen vart gjennomført i løpet av 2020, men enkelte aktivitetar er utsette som følgje av covid-19-pandemien.

Etter at IA-avtalen vart avslutta, er det vedteke nye rammer og prosedyrar for praksisplassar i Miljødirektoratet. Følgjande grupper er vedtekne prioriterte:

- falle ut av arbeidslivet av ulike årsaker/høl i CV på meir enn to år
- nedsett funksjonsevne
- behov for språktrening (med mål om å bestå Bergenstesten)

Inntak av praksisplasskandidatar skjer alltid via HR som også hjelper leiarar med introduksjonsplan og oppfølging/evaluering. Miljødirektoratet har inngått samarbeidsavtale med NAV St. Hanshaugen, NAV Lerkendal og NAV Falkenberg om å hjelpe i å nå 5 pst.-målet i inkluderingsdugnaden og ved behov for bruk av verkemiddel til arbeids-søkjarar.

I 2020 rekrutterte direktoratet éin tilsett med høl i CV og/eller nedsett funksjonsevne. I 2020 har det vore to etterfølgjande personar inne på praksisplass gjennom NAV. For begge vart det inngått avtale om mellombels praksisstilling med delvis NAV-tilskott. Avtalane vart forlengde etter første avtaleperioden. Den siste personen inngår som ein av dei tilsette i direktoratet under inkluderingsdugnaden for personar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en i 2020.

Erfaringa er at svært få søkjarar opplyser at dei har nedsett funksjonsevne og/eller høl i CV-en, i 2020 utgjorde dette berre 3 pst. av søkjar-massen. Av desse er det ein god del som faktisk ikkje tilfredsstillar definisjonane og må vurderast på lik linje med andre søkjarar. Enkelte søkjarar vel også å ikkje gje opp at dei tilhøyrrer desse grup-pene, når dei søker. Miljødirektoratet jobbar aktivt med måla i inkluderingsdugnaden, og vi viser til egne rapporteringar frå dette arbeidet.

Riksantikvaren

I 2020 tener menn 97 pst. av lønna kvinner får hos Riksantikvaren. I 2019 var den prosentvise forde-linga for menn 96 pst. Innanfor kategorien topplei-ning er det 12,5 pst. menn og 87,5 pst. kvinner. Gjennomsnittleg månadslønn for menn er 98 pst. av gjennomsnittleg månadslønn for kvinner. Til-svarande tal for 2019 for menn var 85 pst. Endringa kjem av at vi fram til 1. februar 2020 var i omstilling og hadde fleire som fungerte mellom-bels i leiargruppa i 2019. Den prosentvise forde-linga på lønn for mellomleiarar i 2020 er lik mel-lom kvinner og menn. Denne endringa kjem også av omstillinga frå ein mellombels organisasjon i 2019 til fast frå 1. februar 2020. For høgare lønte rådgjevarar (prosjektleiarar, fagdirektørar og seni-orrådgjevarar) er den prosentvise fordelinga på lønn lik mellom kvinner og menn. For saksbe-handlarar (rådgjevarar og førstekonsulentar) er gjennomsnittleg månadslønn for kvinner på 92 pst. Tilsvarende tal for 2019 var 96 pst. Endringa frå 2019 skriv seg frå at det er færre mannlege før-stekonsulentar enn i 2019 (1 mannleg og 6 kvinne-lege). Ser vi berre på rådgjevar, så er snittlønna for kvinner 96 pst. av snittlønna for menn.

Den kvinnelege prosentdelen blant tilsette hos Riksantikvaren har auka frå 2016 til 2019. I 2020 ser vi likevel ein nedgang for kvinnelege tilsette til 63 pst. Tala for 2019 var 34 pst. menn og 66 pst. kvinner. På mellomleiarnivå er kjønnsfordelinga i 2020 på 22 pst. menn og 78 pst. kvinner. Tilsva-rande tal for 2019 var 23 pst. menn og 77 pst. kvin-ner. Når det gjeld høgare lønte rådgjevarar, har det vore ein auke i talet på menn til høvesvis 39 pst. i 2020 samanlikna med 34 pst. i 2019. For lågare saksbehandlarar er det ein nedgang på menn frå 39 pst. i 2019 til 36 pst. i 2020. For kon-torstillingar er det berre ei stilling, denne er det ein mann som har.

Det var berre kvinner i deltidstillingar hos Riksantikvaren i 2020, eit omfang på 6,3 pst. Av desse var det 2 mellombels tilsette og 4 fast til-sette. Av dei fast tilsette var det to på delvis AFP og to med uføregrad. Talet med redusert stillings-del i 2019 var 8. Dei to mellombelse stillingane var innanfor to ulike fagområde. Ingen av dei to perso-nane har jobba meir enn 50 pst. i stillinga si. I 2020 var det ingen på deltid som er ufrivillig.

Tilrettelegging for tilsette blir iverksett etter behov og er ein del av sjukefråværsoppfølginga hos Riksantikvaren. Tilrettelegging skjer ved å til-passe arbeidstid og arbeidsmengd, eller i form av ordningar via NAV-systemet.

Riksantikvaren har rutine for å gjennomgå søkjarlister med sikte på å vurdere kandidatar med ikkje-vestleg bakgrunn til eventuelt intervju dersom vedkommande er kvalifisert. Gjennom rekrutteringssystemet Webcruiter som Riksanti-kvaren nyttar, kan søkjaren sjølv varsle om ikkje-vestleg bakgrunn. Riksantikvaren legg til rette for at tilsette med minoritetsbakgrunn kan få fri til kulturelle og religiøse høgtidsdagar etter førese-gnene i Statens personalhåndbok. I 2020 var det ein tilsett som nytta denne moglegheita.

Tilrettelegging blir gjort fortløpande og ved behov. Det blir lagt vekt på fleksible løysingar med mellom anna heimekontor ved behov, fysio-te-rapi, tilpassing av arbeidsoppgåver m.m. Behovet blir vurdert i samarbeid mellom den tilsette, leiar og HR.

Avgangsalderen hos Riksantikvaren er, som i tidlegare år, høg. For 2020 var den 68 år. Riksanti-kvaren arrangerer, i samarbeid med Statens Pen-sjonskasse, årleg pensjonsseminar for alle tilsette. I tillegg blir det tilbydd eit eige kurs for dei over 57 år. Kurset inneheld oppdatert informasjon om pensjonsordninga, individuell rådgjeving og even-tuell pensjonsberekning. Alle leiarane blir også inviterte på seminara, slik at dei får nyttig påfyll av kompetanse med seg inn i samtalar som alle seni-

orane blir tilbydde som ein del av medarbeidar-samtalen. Tidleg planlegging av kompetanseoverføring blir også teke i vare i medarbeidarsamtalar og kombinert med tilrettelegging av arbeidsopp-gåver ved behov.

Det blir årleg rapportert frå likestillings- og diskrimineringsområdet i tillegg til andre område på HR hos Riksantikvaren. Desse rapportane blir behandla i leiinga. Riksantikvaren har tidlegare ikkje hatt ein eigen handlingsplan for likestillings-arbeidet. Dette blir utarbeidd og forankra i AMU frå og med 2021.

Dei tiltaka Riksantikvaren har iverksett under covid-19-pandemien, har ikkje påverka likestillings-situasjonen i direktoratet. Tiltak som har vore iverksette, har blitt tilbydd tilsette som har hatt behov, uavhengig av kjønn. Det har blitt informert om alle tiltaka i felles informasjon til alle dei tilsette.

Norsk Polarinstitutt

Utarbeidd lønnsstatistikk for 2020 viser ingen store endringar i forhold til tidlegare år. Ein av grunnane til dette var at det var lite i potten under lønnsoppgjeret i 2020. Ved lønnsoppgjeret hausten 2021 vil instituttet halde fram med arbeidet med likelønn og forsterke innsatsen på området.

Norsk Polarinstitutt har som overordna mål å vere ein arbeidsplass der likestillingsperspektivet er ein integrert del av verksemda på alle nivåa. Målet er å nyttiggjere seg erfaringa og kunnskapen til alle dei tilsette med det formålet å skape ein mest mogleg effektiv arbeidsplass. Plan for likestilling vart vedteken i leiargruppa den 29. november 2017 for perioden 2018–2021, og arbeidet med ny plan starta våren 2021. I arbeidet deltek likestillingskontakt og to tilsette frå administrasjonen. I den nye planen til instituttet er arbeidet med kjønnsbalanse både ved rekruttering og opprykk, kompetanseutvikling i kjønnsperspektiv, ansvar for mangfald, arbeid mot trakassering og diskriminering og informasjonsarbeid internt spesielt vektlagde. Det blir arbeidd med å revidere planen instituttet har for lokal lønnspolitikk, i samarbeid med tillitsvalde, og ny plan skal vere klar i august. Likestillingselementet er vektlagt i utforminga av planen. Eventuelle kjønnsbundne lønnsforskjellar på alle nivåa skal kartleggjast og søkjast jamna ut ved dei lokale lønnsforhandlingane.

Likestilling har ikkje vore tema på leiarsamlingar i 2020. Dette heng saman med pandemien og bruken av heimekontor mesteparten av året. Det har difor berre vore korte digitale leiarsamlingar. Instituttet har arrangert foredrag om *Gruppedyna-*

mikk, samspill og kommunikasjon i februar 2020. Mellom anna var problemstillingar omkring likestilling og kommunikasjon tema. Her deltok leiarar, verneombod, tillitsvalde og likestillingskontakt. Bedriftshelsetenesta vår, Hemis, var ansvarleg for foredraget. Vidare har det vore ført aktiv reklame internt for alle digitale kurs i statleg regi der likestilling, mangfald, diskriminering og rekruttering har vore tema. Instituttet deltek også i regi av Klima- og miljødepartementet på eit nettmøte/webinar til hausten med formål om å fremje mangfald i miljøfamilien. Til dette webinarret har instituttet laga ein film som set ønsket om mangfald i tilsettegruppa i fokus.

Norsk polarinstitutt har utarbeidd plan for universell utforming i 2010 for lokala. Intensjonen med planen er at instituttet skal vere ein arbeidsplass som fremjar like moglegheiter og rettar til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Ved alle innkjøp av nye møblar blir det lagt vekt på å skape eit godt og inkluderande fysisk arbeidsmiljø.

Norsk Polarinstitutt fører ein livsfasetilpassa personalpolitikk som gjer det mogleg med eit livslangt arbeidsliv for alle tilsette, og som sikrar ein god balanse mellom familie, fritid og arbeid. Norsk Polarinstitutt har i 2011 revidert handlingsplan mot seksuell trakassering ved Norsk Polarinstitutt. Det har blitt vurdert at det førebels ikkje er behov for revisjon av denne planen.

Norsk Polarinstitutt skal vore ein likestilt arbeidsplass der kvinner og menn har like moglegheiter til medbestemming, innverknad og avansment i alle delar av organisasjonen. Likestilling skal vere integrert i det daglege arbeidet. Eventuelle kjønnsbundne lønnsforskjellar på alle nivåa skal kartleggjast og søkjast jamna ut ved dei lokale lønnsforhandlingane. Vi jobbar no med å revidere planen vår for lokal lønnspolitikk i samarbeid med våre tillitsvalde, og ny plan skal vere klar i august. Likestillingselementet er vektlagt i utforminga av planen.

Likestillingsekvensar av covid-19-pandemien

Koronakrisa har sett preg på heile samfunnet. Pandemien og tiltaka som er sette i verk for å avgrense smitte og å halde oppe aktiviteten i næringslivet og samfunnet, kan få ulike konsekvensar for ulike personar avhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion og livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet osv.

Som offentleg styresmakt er departementa forplikta til å vurdere likestillingsekvensar i

alt arbeidet sitt, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24 første ledd. Stortinget har i vedtak nr. 537 (2019–2020) bede regjeringa kartleggje effekten av koronakrisa på likestillingsfeltet og komme tilbake til Stortinget med resultat og funn på eigna måte. Klima- og miljødepartementet har ikkje funne likestillingsmessige konsekvensar av koronakrisa så langt i 2020 og 2021 innanfor miljøsektoren.

Kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål

Grunnlaget for denne posten er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar og kan ystast til tiltak som fremjar at fleire kvinner deltek i fiske. Midlar frå denne posten er mellom anna nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunngeven med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Internasjonalt klimaarbeid

Noreg arbeider aktivt for å sikre at vedtak under Klimakonvensjonen fremjar likestilling og ikkje-diskriminering. Noreg fremjar i forhandlingane aktivt posisjonar som skal styrkje involveringa frå og deltakinga til kvinner og urfolk i klimaarbeidet, særleg knytt til klimatilpassing og skog.

I oppbygginga av den internasjonale institusjonelle arkitekturen for klimaarbeid arbeider Noreg for balansert representasjon av kvinner og menn.

Noregs store satsing på å redusere utslepp frå tropisk skog, Klima- og skoginitiativet, arbeider og målretta med å leggje vekt på likestilling. Særleg viktig i Klima- og skoginitiativet er det å ha ei forståing av korleis likestilling kan inkorporerast i nasjonale utviklingsplanar, for slik å få ein effekt under implementeringa av tiltak. I samarbeid med partnerland, slik som Indonesia, er det søkt å inkludere likestilling både i avtaleverk og i utviklinga og i implementeringa av tiltak. Departementet har drive kompetanseheving og utviklingsarbeid innan likestilling og REDD+, mellom anna i samarbeid med Norad og partnerorganisasjonar som FN.

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltninga si og legg vinn på å vere representativ når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen er å femne livet og historia til både kvinner, menn og minoritetar. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale, og like-

stillingsaspektet er difor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, medverke til at det blir sett sterkare søkjelys på mangfaldet i befolkninga. Eit døme er verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I verdiskapingsprogrammet har Riksantikvaren arbeid for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre teke vare på, til dømes gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinner sin innsats og profesjonalisering innanfor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed mellom anna kjønnsrollene i familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus, stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for arbeidet som kvinner har gjort. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

11.3 Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak under Klima- og miljødepartementet

Enova SF

Administrerande direktør Nils Kristian Nakstad hadde ei lønn på 2 248 423 kroner i 2020. I tillegg fekk han 31 374 kroner i anna godtgjersle. Kostnadsførte pensjonsforpliktingar var 157 488 kroner.

Pensjonsordninga til administrerande direktør er basert på Statens pensjonskasses til kvar tid gjeldande reglar for pensjonsalder og aldersgrense, og samla kompensasjonsgrad skal ikkje overstige 66 pst. av lønna, og da avgrensa til 12 G.

Gjensidig oppseiingstid er seks månader. Han har ingen avtale om etterlønn.

Kings Bay AS og Bjørnøen AS

Lars-Ole Saugnes er administrerande direktør for begge selskapa. Selskapet skifta administrerande direktør i løpet av året, samla fekk administrerande direktør 1 524 894 kroner i samla godtgjersle, av dette er 1 424 041 kroner i fastlønn for 2020. Anna godtgjersle utgjorde 100 853 kroner. Selskapet har avtale om innskotspensjon for alle tilsette ut frå minimumskrav i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Del IV
Rapportering etter Lov om klimamål
(klimaloven)

12 Innleiing

12.1 Klimautfordringa

Dei menneskeskapte klimaendringane vil føre til alvorlege og irreversible konsekvensar for dyr, natur og menneske over heile kloden. Endringane skjer allereie, og dei skjer raskt. Dei er synlege i Noreg. Vi må førebu samfunnet og tilpasse oss eit klima i endring. Kampen mot klimaendringane krev at vi saman handlar kraftfullt for å kutte utsleppa av klimagassar i ein global dugnad. Våre handlingar no blir avgjerande for framtida.

Klimautfordringa er global, men utsleppa skjer gjennom handlingar og prosessar lokalt. Noreg har, saman med nesten alle landa i verda, forplikta seg gjennom Parisavtalen til å kutte i utsleppa av klimagassar. Parisavtalen var eit vendepunkt for verdssamarbeidet på klimaområdet og representerer, saman med FN's klimakonvensjon, eit solid rammeverk for den framtidige globale klimainnsatsen. Målet i Parisavtalen er å halde auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2 gradar samanlikna med førindustrielt nivå og arbeide for å avgrense temperaturauken til 1,5 gradar. Evna til å handtere skadeverknadene av klimaendringane skal styrkjast i landa, og finansstramar skal stå meir i samsvar med ei klimarobust lågutsleppsutvikling.

Med Parisavtalen tek alle statar på seg å utarbeide, melde inn, halde ved lag og rapportere på suksessive nasjonalt fastsette bidrag og å setje i verk nasjonale tiltak med sikte på å nå dei nasjonalt fastsette bidraga sine. Samstundes vil måla i Parisavtalen ikkje kunne nåast utan at dei samla nasjonalt fastsette bidraga til landa blir heva samanlikna med det som er meldt inn. Parisavtalen er strukturert slik at land skal melde inn nye eller forsterke dei nasjonalt fastsette bidraga sine kvart femte år. Dette skal medverke til at den globale innsatsen blir styrkt over tid. Dei nye eller oppdaterte nasjonalt fastsette bidraga skal representere dei høgaste moglege ambisjonane i landa og utgjere ein progresjon frå førre målet.

12.2 Noregs klimalov og rapporteringa etter lova

Klimalova tok til å gjelde 1. januar 2018 og skal fremje gjennomføring av Noregs klimamål som ledd i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn i Noreg i 2050. Klimamåla for 2030 og 2050 er lovfesta i lova. I juni 2021 vedtok Stortinget å endre klimamåla for 2030 og 2050 i klimalova. Både klimamålet for 2030 og 2050 vart forsterka. Endringane i klimalova inneber at målet for 2030 er at klimagassutsleppa skal reduserast med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. Vidare vart klimamålet for 2050 endra slik at utsleppa skal reduserast med 90–95 pst.

Klimalova innfører ein syklus med ein gjennomgang av klimamåla kvart femte år etter same prinsippet som Parisavtalen. For å fremje omstillinga til eit lågutsleppssamfunn skal regjeringa kvart femte år leggje fram for Stortinget oppdaterte klimamål. Dette vart gjort for første gongen i 2020.

Lova skal styrkje openheit og brei demokratisk forankring av norsk klimapolitikk, da det er lovfesta at Stortinget regelmessig skal få informasjon om status og framdrift i arbeidet med Noregs klimamål. Ifølgje § 6 i klimalova skal det gjerast greie for desse punkta:

- Korleis Noreg kan nå klimamåla sine
- Utviklinga i utslepp og opptak, framskrivningar og gjennomføring av klimamåla
- Sektorvise utsleppsbanar for ikkje-kvotepliktige utslepp og kva for type tiltak som vil vere nødvendig for å realisere desse
- Status for Noregs utsleppsbudsjett
- Klimaeffekten av framlagt budsjett
- Korleis Noreg førebur seg på og tilpassar seg klimaendringane

Del IV i Prop. 1 S (2021–2022) er den årlege rapporteringa frå regjeringa i tråd med § 6 i klimalova.

Form og innhald ved rapportering etter § 6 i klimalova vil bli utvikla vidare over tid. Det tekniske berekningsutvalet for klima vil mellom anna gje råd om forbetringar av metodane for tiltaks- og

Boks 12.1 Teknisk berekningsutval for klima

Teknisk berekningsutval for klima vart nedsett i juni 2018, og i 2020 vart det vedteke å føre vidare utvalet for perioden 23. juni 2020 til 23. juni 2023. Utvalet har i oppgåve å foreslå metodar for berekning av klimaeffekt av statsbudsjettet og gje råd om forbetringar i metodane for tiltaks- og verkemiddelanalyser. Utvalet har levert tre rapportar. I den første rapporten som vart levert sommaren 2019, såg utvalet først og fremst på metoden for tiltaksanalyser. Den andre rapporten som vart levert sommaren 2020, ser nærmare på metodar for verkemiddelanalyser på klimaområdet og metodar for å berekne klimaeffekten av statsbudsjettet. Den tredje rapporten som vart lagt fram sommaren 2021, samanfatar aktiviteten og råda frå den tredje perioden frå utvalet. I den tredje perioden har utvalet jobba med ein rapport om makroøkonomiske modellar som skal publiserast hausten 2021, ei vidareføring av arbeidet med metodar for utrekning av klimaeffekt av statsbudsjettet og etablert kontakt med relevante modellmiljø i Sverige, Danmark og Finland.

verkemiddelanalyser og foreslå metodar for utrekning av klimaeffektar av budsjettet. Det bør medverke til å forbetre metodane og rapporteringa på sikt. Utvalet la fram sin tredje rapport i juli 2021. Sjå boks 12.1 for meir om dette.

12.3 Kva har skjedd det siste året?

Det siste året har vi sett korleis klimaendringar påverkar oss, både i Noreg og i verda. Sommaren 2021 har vore prega av ekstremvær. Vi har opplevd styrtregn, flaum og tørke. Skogbrannar har herja fleire stader i verda. I august kom FN's klimapanel med ein ny rapport som slår fast at klimaet endrar seg på ein måte vi ikkje har sett maken til på fleire tusen år. Får vi ikkje redusert utsleppa frå verda raskt og kraftig, vil vi sjå meir av ekstremvær, korte vintrar og smeltande isbrear.

Året med ekstremvær og den tydelege rapporten frå FN's klimapanel understrekar alvorlet og viktigheita av at alle landa i verda bidreg med raske og omfattande utsleppskutt. Heldigvis skjer

det også mykje positivt arbeid både globalt og i Noreg for å kutte utslepp av klimagassar.

Fleire store økonomiar har forsterka måla sine under Parisavtalen. I desember 2020 forsterka EU klimamålet sitt for 2030. Dei vil redusere netto utslepp med minst 55 pst. USA, Canada, Japan og Storbritannia har også auka måla sine vesentleg.

EU-kommisjonen har også lagt fram ein ambisiøs klimapakke («Fit for 55») med forslag til regelverk som skal hjelpe EU å nå klimamålet for 2030. Denne inneheld konkrete og nyskapande forslag til korleis Europa skal oppfylle Parisavtalen. Noreg har eit tett klimasamarbeid med EU. Det er positivt at EUs vedtak om å forsterke klimamålet no blir følgt opp med forslag til korleis målet skal gjennomførast.

Nasjonalt har vi fått ein ambisiøs klimaplan som viser korleis Noreg skal oppfylle klimamålet, omstille heile samfunnet fram mot 2030 og samstundes skape grøn vekst. Klimaplanen legg hovudvekta på dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Det vil seie utslepp frå transport, avfall, jordbruk, bygg og delar av utsleppa frå industri og olje- og gassverksemd. Planen omhandlar også EUs kvotesystem der det meste av utsleppa frå industrien og frå olje- og gassverksemda inngår. Planen tek i tillegg for seg CO₂-opptak og klimagassutslepp frå skog- og arealbruk.

Sidan planen vart lagt fram, har det skjedd nokre endringar i utsleppstala som vil ha konsekvensar for korleis vi ligg an til å nå mål for 2030. I samband med SSBs framlegging av statistikken for utslepp til luft retta dei tala for salet av marine gassoljar og autodiesel tilbake til 2012. Utsleppa frå innanriks sjøfart vart seinare retta ein gong til, da tilbake til 1990. Rettingane inneber at utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske og vegtrafikk er høgare enn tidlegare rapportert og høgare enn det som vart lagt til grunn i klimaplanen. Dette er nærmare forklart i kapittel 13.

Ifølgje førebelse tal frå Statistisk sentralbyrå som vart lagde fram 8. juni 2021 (retta 30. juni), var utsleppa i 2020 på 49,3 mill. tonn. Utsleppa er på sitt lågaste nivå sidan 1993. Vi har sidan 2015 sett ein nedgåande trend i utsleppa.

Pandemien har gjeve lågare utslepp frå vegtrafikk og luftfart, og det er ein stor bidragsytar til nedgangen i utslepp i 2020. Klimapolitikken har òg bidrege til utsleppskutt. I 2020 var det fleire elbilar enn nokon gong på norske vegar. Det bidreg til at utsleppa per kilometer vi køyrer, blir mindre. Utslepp frå oppvarming i andre næringar og hushald har gått ned som følgje av forbodet mot bruk av fyringsolje til oppvarming av bygg som regjeringa innførte frå og med 2020. Sjølv om olje-

produksjonen i 2020 var høgare enn i 2019, gjekk utsleppa ned med litt over 4 pst. Nedgangen kjem av lengre opphald i produksjonen og av mindre brenning av gass på sokkelen.

I planen varsla regjeringa at ho i dei årlege klimalovrapporteringane vil gjere greie for gjennomføringa av klimaplanen og framdrift mot klimamålet 2030. Dei årlege klimalovrapporteringane vil framover gje eit bilete av om det er behov for å jus-

tere kursen. Klimaplanen gjeld for åra 2021–2030, og med andre ord er vi i heilt i starten av perioden. Planen til regjeringa vart behandla i Stortinget i mai. Rapporteringa frå korleis planen blir følgd opp, vil innehalde meir informasjon om framgang jo lenger ut i perioden ein kjem, og etter kvart som verkemidla i planen blir implementerte og vi ser effekten av desse.

13 Klimamål for 2030 og 2050

13.1 Innleiing

Ifølgje klimalova § 6 skal det gjerast greie for korleis Noreg kan nå klimamåla, og gjennomføringa av dei, som nemnt i §§ 3–5, også innanfor eit klimasamarbeid med EU om felles oppfyljing av klimamål. Det skal òg ifølgje klimalova gjerast greie for Noregs karbonbudsjett. Med samarbeid med EU får Noreg eit utsleppsbudsjett for ikkje-kvoteplichtige utslepp i perioden 2021–2030. I dette kapittelet er det gjort greie for dette.

13.2 2030-målet

13.2.1 Innleiing

Noregs forsterka klimamål for 2030 under Parisavtalen er å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. i 2030 samanlikna med nivået i 1990. Regjeringa ønskjer å oppfylle det forsterka målet saman med EU. Gjennom klimaavtalen med EU har Noreg allereie forplikta seg til å samarbeide med EU om å redusere utsleppa med minst 40 pst. innan 2030 samanlikna med 1990-nivået (sjå nærmare omtale av klimaavtalen i kapittel 13.2.3 under).

I april la regjeringa fram forslag om å endre klimalova i Prop. 182 L (2020–2021) *Endringar i klimaloven (klimamål 2030 og 2050)*. I juni 2021 vedtok Stortinget å endre det lovfesta klimamålet for 2030 i tråd med målet Noreg har meldt inn under Parisavtalen.

13.2.2 EUs forsterka klimamål for 2030

EU vedtok 11. desember 2020 eit forsterka klimamål for 2030. Det oppdaterte målet vart meldt inn under Parisavtalen 18. desember 2020. Målet er å redusere nettoutsleppet med minst 55 pst. innan 2030 samanlikna med referanseåret 1990. EU har også vedteke eit mål om å vere klimanøytrale i 2050. EUs klimanøytralitetsmål inneber at det skal vere balanse mellom utslepp og opptak av klimagassar frå EUs territorium seinast i 2050. Det vil seie at utsleppet skal vere netto null. Som ein konsekvens av klimanøytralitetsmålet for 2050 har EU


også innretta det nye klimamålet sitt for 2030 som eit mål der alt utslepp og opptak blir rekna inn i referanseåret 1990, og målet om 55 pst. reduksjon i 2030 blir rekna ut frå dette grunnlaget. I EUs førre klimamål var ikkje skog- og arealbruk inkludert i referanseåret 1990, og bidrag frå CO₂-opptak frå skog- og arealbruk vart sett til null i målaåret 2030.

EUs nye mål der CO₂-opptak i skog og andre areal blir inkludert, inneber i praksis at EU kan kutte mindre enn 55 pst. utslepp utanom skog- og arealbrukssektoren. Berekningar frå Kommisjonen viser at EU ligg an til å måtte kutte utsleppa utanom skog- og arealbrukssektoren med mellom 52 og 53 pst. innan 2030 med det målet som no er vedteke.

Noregs forsterka klimamål under Parisavtalen inkluderer ikkje CO₂-opptak frå skog- og arealbruk i referanseåret 1990, og det set i utgangspunktet bidraget frå CO₂-opptak i målaåret 2030 til null. Eit norsk mål om å redusere nettoutslepp med minst 55 pst. i 2030 samanlikna med 1990 ville med EUs reknemåte i det forsterka målet sannsynlegvis innebere at vi berre måtte kutte utslepp utanom skog- og arealbruk med om lag 25 pst. samanlikna med 1990-nivå. Det ville med andre ord halvert ambisjonsnivået for utsleppsreduksjonar i målet vårt om vi hadde eit nettomål til liks med EU. Grunnen er at vi har eit stort forventet nettoopptak av CO₂ samanlikna med dei samla norske utsleppa, og opptaket er aukande samanlikna med 1990.

13.2.3 Klimaavtalen med EU

I mars 2020 tok klimaavtalen mellom EU, Island og Noreg til å gjelde. Klimaavtalen inneber at Noreg tek del i EUs klimaregelverk frå 2021 til 2030. Stortinget har gjeve samtykke til å slutte seg til ein avtale som innlemmar dei relevante klimaregelverka i EØS-avtalens protokoll 31. Å innlemme regelverka i protokoll 31 betyr i praksis at vi ikkje er bundne av regelverka etter 2030. Det vanlege systemet i EØS-avtalen for overvaking, domstolskontroll og tvisteløysing vil gjelde for klimaavtalen. Det inneber at overvaking og dom-



Figur 13.1 Korleis klimamåla til Noreg for 2030 heng saman.

stolskontroll blir utøvde av EFTAs overvåkingsorgan (ESA) og EFTA-domstolen.

EUs klimaregelverk for 2030 består av tre pilarar, sjå figur 13.1. EU-Kommisjonen har foreslått å forsterke dei ulike delane av klimaregelverket, og forslaga skal no behandlast i EU. I det følgjande blir gjeldande EU-regelverket beskrive. Sjå kap. 13.2.4 og boks 13.2 for ei nærmare beskriving av Kommisjonens forslag til forsterka regelverk.

Den første pilaren omhandlar ikkje-kvotepliktige utslipp, som i hovudsak er utslipp frå transport, jordbruk, bygg og avfall, men også energi-produksjon, luftfart, industri og petroleumsverk-

semda har utslipp som ikkje er kvotepliktige. Målet som Noreg har for ikkje-kvotepliktige utslipp, er på 40 pst. utslppsreduksjon innan 2030 samanlikna med 2005-nivå. Klimaavtalen med EU gjev eigne reknereglar for korleis utslppsbudsjettet under innsatsfordelingsforordninga skal fastsetjast. Utsleppsbudsjettet vart i juli 2021 formelt fastsett av EFTAs overvåkingsorgan (ESA) og er eit resultat av ein omfattande revisjon av utslippstala for ikkje-kvotepliktige utslipp frå 2005, 2016, 2017 og 2018. Budsjettet er rettsleg bindande, og etterlevinga blir overvaka og handheva av ESA og EFTA-domstolen. For å rekne om

Boks 13.1 Endring av vektingsfaktorar for å vekte klimagassar

Partane har under FN's klimaforhandlingar bestemt kva gassar som skal rapporterast under Kyotoprotokollen og Klimakonvensjonen. Dette er karbondioksid (CO₂), metan (CH₄), lystgass (N₂O), hydrofluorkarbon (HFK-ar), perfluorkarbon (PFK-ar), svovelheksafluorid (SF₆) og trinitrogenfluorid (NF₃). Partane har også bestemt vektingsfaktorane som skal brukast for å aggregere eller rekne om klimagassar til CO₂-ekvivalentar. Vektingsfaktorane som blir brukte, er ei måleining som heiter globalt oppvarmingspotensial (Global Warming Potential, GWP) og angjev akkumulert oppvarmingseffekt i forhold til CO₂ over 100 år. Vektingsfaktorane er henta frå FN klimapanel's fjerde hovudrapport (AR4) og er dei same som EU-landa no bruker når dei rapporterer utsleppa sine til EU.

Vektingsfaktorane frå den fjerde hovudrapporten vil brukast i Statistisk sentralbyrås (SSB) publiseringar av utsleppsstatistikk til og med 2022 for utslepp 1990–2020. Dei same vektingsfaktorane vil brukast i Miljødirektoratets utsleppsrapportering til FN i 2021 (utslepp 1990–2019) og 2022 (utslepp 1990–2020). Det same gjeld for rapportering frå EU-land under EUs system. Dette vil sikre konsistent rapportering av utslepp under Kyotoprotokollens andre forpliktingsperiode.

Partsmøtet i Katowice i 2018 bestemte regelverket for utsleppsrapporteringa som vil skje under Parisavtalen. Dette gjeld alle land, og det er vektingsfaktorane frå FN klimapanel's femte hovudrapport (AR5) som skal brukast. Når gassar har fått lågare GWP-verdiar, betyr det at oppvarmingseffekten av gassane er svakare enn ein tidlegare trudde. GWP-verdien for lystgass (N₂O) blir redusert med 12 pst., medan for CF₄ og C₂F₆ (PFK-gassar frå aluminiumsproduksjon) blir verdiane reduserte med høvesvis 10 og 9 pst. Når gassar har fått høgare GWP-ver-

diar, betyr det at oppvarmingseffekten av gassane er sterkare enn ein først trudde. GWP-verdien for metan (CH₄) aukar med 12 pst., medan han aukar med 3 pst. for SF₆. I Noreg blir HFK-gassar brukte i kuldeanlegg, luftkondisjonering og varmpumper. Blant dei viktigaste HFK-ane som Noreg slepper ut, aukar GWP-verdien for HFK-143a med 7 pst., medan han blir redusert med 9 pst. for både HFK-125 og HFK-134a. Noreg har ikkje utslepp av NF₃, så den reduserte GWP-verdien for denne gassen får ingen konsekvensar for Noreg.

Rapporteringa under Parisavtalen med vektingsfaktorar frå AR5 vil starte seinast i 2024. For å innfri rapporteringsforpliktingane om årleg rapportering under Klimakonvensjonen vil Noreg rapportere utsleppsregnskap til FN i 2023 med vektingsfaktorane frå AR5. Når SSB i 2022 publiserer utsleppsstatistikk som inkluderer utslepp i 2021, vil tidsserien for 1990–2021 bli berekna med vektingsfaktorar frå AR5.

EU har bestemt at vektingsfaktorane frå AR5 skal brukast til å rapportere utslepp innanfor EUs system. EFTAs overvåkingsorgan (ESA) har berekna og fastsett det norske utsleppsbudsjettet under innsatsfordelingsforordninga. Avgjerda til ESA er i samsvar med det budsjettet regjeringa har lagt til grunn i klimaplanen, Meld. St. 13 (2020–2021). Tala i avgjerda til ESA er likevel litt annleis enn i klimaplanen. Grunnen til dette er at ESAs utsleppsbudsjett er fastsett i dei nyaste verdiane for globalt oppvarmingspotensial (AR5), medan det i Klimameldinga vart brukt dagens verdiar for globalt oppvarmingspotensial (AR4). Som eit resultat blir det samla utsleppsgapet mellom framskrivningane og utsleppsbudsjettet ved eit mål om 40 pst. utsleppsreduksjon redusert med 0,3 mill. tonn CO₂.

dei ulike klimagassane til CO₂-ekvivalentar, blir det brukt ei måleining som heiter globalt oppvarmingspotensial. Det formelle utsleppsbudsjettet som vart fastsett av EFTAs overvåkingsorgan (ESA) i juli 2021, er basert på vektingsfaktorar frå FN klimapanel's femte hovudrapport (AR5). I klimameldinga (Meld. St. 13) og i årets klimalovrapportering er det framleis vektingsfaktorar henta

frå FN klimapanel's fjerde hovudrapport (AR4) som blir brukte. Frå og med 2022 er det dei nye vektingsfaktorane som vil nyttast. For meir informasjon, sjå boks 13.1.

Målet har blitt gjort om til eit bindande utsleppsbudsjett som fortel kor høge utslepp Noreg kan ha i kvart av åra i perioden 2021–2030. Regelverket opnar for at utsleppsbudsjettet frå

kvart av landa kan oppfyllest gjennom utsleppsreduksjonar i heimlandet og gjennom overføring av utsleppseiningar frå andre europeiske land. Regjeringa har eit mål som er meir ambisiøst enn forpliktinga vi har med EU: å kutte dei ikkje-kvotepliktige utsleppa innanlands med 45 pst. Sjå nærare om Noregs utsleppsbudsjett for ikkje-kvotepliktige utslepp i kapittel 14.2.1.

Den andre pilaren omhandlar kvotepliktige utslepp frå industri, petroleum, energiforsyning og luftfart. Kvotemengda blir gradvis redusert til ein reduksjon på 43 pst. i 2030 samanlikna med 2005. Reduksjonen skjer samla for alle verksemdar i Europa som deltek i kvotesystemet.

Om lag halvparten av norske utslepp er inkluderte i kvotesystemet. Norske kvotepliktige verksemdar bidreg på linje med kvotepliktige verksemdar i dei andre europeiske landa til at målet blir nådde, og utsleppsreduksjonane innanfor kvo-

tesystemet blir vurderte samla for EU, Island og Noreg.

Sjå òg nærare omtale av kvotesystemet som verkemiddel for å nå klimamåla i kapittel 14.2 og kapittel 15.

Den tredje pilaren i samarbeidet med EU omfattar menneskeskapt opptak og utslepp av klimagassar frå skog og annan arealbruk. Dagens EU-regelverk for skog og annan arealbruk (LULUCF) gjev landa ei forplikting om at utsleppa ikkje skal overskride opptaka frå sektoren (den såkalla netto-null-forpliktinga), som vil gjelde over perioden 2021–2030, ut frå dei reknereglane som gjeld. Det er særleg hogstnivå (relativt til nivået i referansebanen) og arealbruksendringar som avskoging, planting av skog og naturleg attgroing som påverkar opptaket og utsleppa.

Regelverka opnar for ulike former for fleksibel gjennomføring både innanfor ein pilar og mellom pilarar. Om utsleppa blir kutta eller opptaket aukar meir enn forpliktinga, kan overskotet seljast. Til dømes kan EU-landa, Noreg og Island overføre utsleppseiningar for ikkje-kvotepliktige utslepp seg imellom. Ved eit utsleppsgap i skog- og arealbrukssektoren kan landa òg oppfylle forpliktinga ved ytterlegare kutt i utsleppa i sitt eige land innanfor ikkje-kvotepliktige sektorar eller ved å handle utsleppseiningar frå andre land som har overskot innanfor ikkje-kvotepliktige sektorar eller skog- og arealbrukssektoren. Noreg og åtte andre land kan òg bruke ei avgrensa mengd kvotar frå EUs kvotehandelsystem til å oppfylle målet innanfor innsatsfordelingsforordninga og dermed indirekte skog- og arealbrukssektoren.

Gjeldande klimaregelverk og klimaavtalen med EU er nærare omtalte i Prop. 94 S (2018–2019).

13.2.4 Forsterka klimaregelverk i EU

Som følge av at EU har forsterka klimamålet sitt for 2030, vil dei også revidere klimaregelverket som skal sikre at dei når det nye klimamålet.

Noreg deltek i EUs klimaregelverk som følge av klimaavtalen med EU. Ved å etterleve EUs forsterka klimaregelverk vil Noreg mest sannsynleg nå eit klimamål om å redusere utsleppa med minst 50 og opp mot 55 pst. Europakommisjonen la i juli 2021 fram ein klimapakke med forslag til endringar i klimaregelverket. Forslaga til regelverk skal no diskuteras internt i EU før regelverket blir vedteke. Noreg vil involvere seg i diskusjonen rundt forslaga og utforme posisjonar for å medverke til utforminga av regelverket.

Boks 13.2 Korleis fungerer kvotesystemet i kort

EUs kvotesystem (EU ETS) er eit «cap and trade»-system. Det blir sett eit tak på den totale mengda klimagassar som kan sleppast ut, for verksemdene som er ein del av systemet. Taket blir redusert over tid slik at dei totale utsleppa går ned.

Innanfor taket får eller kjøper bedrifter utsleppskvotar, som dei kan handle med kvarandre etter behov. Grensa på det totale talet på tilgjengelege kvotar sikrar at dei har ein verdi.

Etter kvart år må selskapa overgi nok kvotar for å dekkje alle utsleppa sine, elles blir dei pålagde store bøter. Dersom eit selskap reduserer utsleppa, kan dei behalde overskytande kvotar for å dekkje framtidige behov eller selje dei til eit anna selskap som manglar kvotar.

Kvotane blir omsette på ein marknad. Handel av kvotar gjev fleksibilitet som sikrar at utsleppa blir kutta der det kostar minst. Ein robust pris på utsleppa fremjar i tillegg forskning, innovasjon og investeringar i låg- og nullutsleppsteknologiar og -løysingar.

Kvotesystemet opnar òg for at den som ønskjer det, kan kjøpe og frivillig slette kvotar. Sletting av kvotar fører til at utsleppa innanfor kvotesystemet blir reduserte.

Kjelde: EU-kommisjonen

Etter at regelverket er vedteke i EU, må Noreg vurdere om og eventuelt korleis det reviderte regelverket skal gjelde her. Det vil også vere behov for tekniske førebuingar etter at regelverket er vedteke. Det vil dermed ta fleire år før EUs forsterka klimaregelverk vil kunne setjast i verk.

Kvotesystemet er innlemma i vedlegg 20 til EØS-avtalen på vanleg måte. Det gjer at Noreg

normalt sett må delta i nye versjonar av klimakvoteregulverket. Dei to andre pilarane av EUs gjeldande klimaregelverk er inkluderte i EØS-avtalen protokoll 31. Protokoll 31 gjeld frivillig samarbeid utanfor dei fire fridommene. Det betyr at Noreg ikkje er forplikta til delta i nye versjonar av innsatsfordelingsforordninga og regelverket for bokføring av skog- og arealbruk.

Boks 13.3 Hovudinnhald i Kommissjonens forslag til klimaregelverk («Fit for 55»)

Kvotesystemet:

Kommissjonen foreslår eit auka ambisjonsnivå der samla utslepp skal kuttast med 61 pst. frå 2005 til 2030. Kommissjonen foreslår òg å utvide systemet. Utslepp frå skipsfart blir inkludert i det vanlege kvotesystemet, medan utslepp frå vegtrafikk og bygg blir kvotepliktige i eit eige lukka kvotesystem der alle kvotar blir auksjonerte. Kommissjonen foreslår òg å opprette eit klimafond, delvis finansiert over EUs budsjett, som skal brukast til å kompensere utsette grupper som følgje av det nye kvotesystemet for vegtrafikk og bygg.

Innsatsfordelinga:

Kommissjonen foreslår eit auka ambisjonsnivå der samla utslepp skal kuttast med 40 pst. frå 2005 til 2030. Kwart land må bidra meir til oppfylginga gjennom auka nasjonale mål. Måla blir fordelte etter den same fordelingsmekanismen som tidlegare (BNP og kostnadseffektivitet), men no i spennet 10 til 50 pst. Noreg er ikkje omtalt i forslaget, men ut frå måla som er foreslått for samanliknbare land, ville vi truleg fått eit mål om å kutte utsleppa med 50 pst. Målet blir rekna om til eit utsleppsbudsjett for kvart av åra i perioden 2021 til 2030. I samband med framlegginga av «Fit for 55» foreslår Kommissjonen auka mål for kvart land og ein ny, tredelt metodikk for å berekne dei nasjonale utsleppsbudsjetta. Dagens utsleppsbudsjett for 2021 og 2022 blir ikkje endra, men Kommissjonen skal berekne nye utsleppsbudsjett for åra 2023 til 2030. Slutt punktet i 2030 skal svare til landet sine 2005-utslepp under innsatsfordelinga, redusert med ein viss prosent i spennet 10 til 50 pst. For 2023 til 2025 skal utsleppsbudsjettet bli definert av ein rett strek frå utsleppsbudsjettet i 2022 til det nye slutt punktet i 2030. Utsleppsbudsjettet for åra 2026 til 2029 skal bli justert på

grunnlag av utslepp i 2021 til 2023 og svare til ein rett strek frå start punktet i 2024 gjeve ved gjennomsnittlege utslepp for perioden 2021 til 2023 til slutt punktet i 2030.

Omfanget av innsatsfordelinga blir ikkje endra. Samstundes foreslår Kommissjonen å inkludere delar av utsleppa frå skipsfart i kvotesystemet og dessutan å etablere eit nytt, frittstående kvotesystem for vegtrafikk og bygg. Ein del utslepp vil dermed vere ein del av enkeltlanda sine nasjonale utsleppsforpliktingar (innsatsfordelinga) og av fellesforpliktingar i form av kvotesystem med felles utsleppstak.

Skog- og arealbruksregelverket:

Kommissjonen ser behov for auka bidrag frå skog- og arealbruk og foreslår nye mål i tre trinn. Dagens regelverk med eit mål om netto nullutslepp blir vidareført med minimale endringar fram til 2025. Frå 2026 til 2030 foreslår Kommissjonen nye mål på to nivå. På EU-nivå vil dei auke EUs samla CO₂-opptak til 310 mill. tonn i 2030. Målet skal fordelast mellom dei einskilde landa i form av utsleppsbudsjett for åra 2026–2030 slik vi kjenner dei frå innsatsfordelinga. Frå 2031 blir jordbruk inkludert i skog- og arealbruksregelverket i tillegg til dei sektorane som er inne frå før, og med eit mål om at desse sektorane samla sett skal vere klimanøytrale på EU-nivå frå 2035.

Andre regelverk:

Kommissjonen har òg foreslått endringar i energiregelverket (OED), nye CO₂-standarder for personbilar og varebilar (SD), reglar om alternative drivstoff (fleire departement), endringar i energiskattedirektivet og ein karbongrensejusteringsmekanisme (FIN).

Meir om regelverka: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ambisios-klimapakke-fra-eu-kommissjonen/id2866218/>

13.3 2050-målet

Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Formålet med å lovfeste målet om lågutsleppssamfunnet er å leggje til rette for ei langsiktig omstilling i klimavennleg retning i Noreg. Med lågutsleppssamfunn er det meint eit samfunn der klimagassutsleppa, ut frå beste vitenskaplege grunnlag, utsleppsutviklinga globalt og nasjonale omstende, er reduserte for å motverke skadelege verknader av global oppvarming som beskrive i Parisavtalen.

I april sende regjeringa forslag om å endre klimaloven i Prop. 182 L (2020–2021) *Endringar i klimaloven (klimamål 2030 og 2050)*. Stortinget behandla endringsforslaget, og i juni 2021 vedtok Stortinget å endre det lovfesta klimamålet for 2050 i tråd med forslaget. Utsleppsreduksjonsintervallet i det lovfesta målet vart skjerpt frå 80–95 pst. til 90–95 pst. frå utsleppsnivået i referanseåret i 1990. Andre delar av målet vart ikkje endra. Det vil seie at føresetnadene for målet og korleis målet skal forståast, går fram av Prop. 77 L (2016–2017) *Lov om klimamål (klimaloven)*.

Det følgjer av § 4 i klimalova at det ved vurdering av måloppnåing av klimamålet for 2050 skal

takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske klimakvotesystemet for verksemder.

Klimalova er ikkje til hinder for at Noreg kan gjennomføre målet om å bli eit lågutsleppssamfunn saman med EU. Eit klimasamarbeid med EU kan gje eit viktig bidrag til utsleppsreduksjonar nasjonalt og til den langsiktige omstillinga av det norske samfunnet som klimalova fremjar.

Fleire land, inkludert EU, har sett mål om netto nullutslepp eller karbonnøytralitet i 2050. Dette er forskjellig frå Noreg som har eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn og redusere utsleppa med 90–95 pst. Eit mål om netto nullutslepp ville for Noreg resultert i eit lågare ambisjonsnivå enn det eksisterande 2050-målet. Grunnen er at Noreg har eit stort CO₂-opptak i ståande skog som ville blitt rekna med i vurderinga av måloppnåinga. Framskrivingar for skog- og arealbrukssektoren indikerer at nettoopptaket frå skog- og arealbrukssektoren vil halde seg høgt framover og over attverande utslepp i 2050.

Sjå nærmare omtale av oppfølginga av klimamålet for 2050 i kapittel 16.

14 Utslepp og opptak av klimagassar

Ifølgje klimalova skal det gjerast greie for utviklinga i utslepp og opptak av klimagassar og for framskrivingar av utslepp og opptak. I dette kapittelet blir det gjort greie for dette.

Dei norske utsleppa av klimagassar var i 2020 på 49,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar utanom skog- og arealbrukssektoren viser førebelse tal frå SSB. Dette er ein nedgang på 1,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, eller 3,4 pst., samanlikna med 2019. Ein del av reduksjonen kjem av koronapandemien, mellom anna er utsleppa frå luftfarten reduserte.

SSB legg kvart år fram utsleppstal to gonger. Førebelse tal for føregåande år blir publiserte i mai, og endelege tal kjem i november. Utsleppsrekneskapen blir stadig forbetra, og historiske tal for tidlegare år blir endra når metodane blir forbetra eller det kjem ny informasjon. Oppdatering av heile tidsserien er viktig for å gjere det mogleg å bruke utsleppsrekneskapen til å følgje utviklinga over tid. Vanlegvis blir utsleppstal for tidlegare år berre endra når endelege tal kjem. I år gjorde SSB endringar da dei førebelse tala vart publiserte, fordi det vart oppdaga at det mangla vesentlege volum autodiesel og marine gassoljar i salsstatistikken for petroleumprodukt. Det vart òg funne ein feil i produksjonssystemet for energibruk i utsleppsstatistikken. Desse feilrettingane har ført til at heile tidsserien tilbake til 1990 er endra, samanlikna med talgrunnlaget som vart brukt i klimameldinga.


Utsleppa har gått ned i fem år på rad og var i 2020 på det lågaste sidan 1993. Ein del av nedgangen i 2020 kjem av lågare reiseaktivitet som følgje av pandemien. Utsleppa har mellom anna blitt reduserte på grunn av stadig fleire elbilar og utfasing av bruk av fyringsolje på grunn av forbodet mot bruk av fyringsolje til oppvarming av bygg. Utsleppa i 1990 var på 51,2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Utsleppa i 2020 ligg 3,9 pst. under 1990-nivået. I same perioden har befolkninga auka med i underkant av 30 pst. (1 mill. personar), og BNP er dobla. Dermed er utsleppsintensiteten (utslepp per produksjon i kroner) blitt om lag halvert sidan 1990. Norsk økonomi er òg blitt mindre energiintensiv i og med at energiforbruket har auka med 20 pst. sidan 1990.

I Nasjonalbudsjettet 2021 (Meld. St. 1 (2020–2021)) la regjeringa fram oppdaterte framskrivingar av norske klimagassutslepp. Denne framskrivinga er no justert med utgangspunkt i dei justerte historiske utsleppstala. Det er tala for transportutsleppa som er justerte, den største endringa er for sjøfart og fiske, men tala for vegtrafikken er òg justerte. Framskrivingane byggjer på vurderingar av underliggjande utviklingstrekk i norsk og internasjonal økonomi, mellom anna forhold knytte til teknologi og befolkning. I tråd med internasjonale retningslinjer er framskrivingane baserte på ei vidareføring av innretninga av klimapolitikken i dag, både i Noreg og internasjonalt.

Figur 14.1 viser utslepp frå 1990 fordelte på sektorar og framskrivne utslepp til 2030. I den justerte framskrivinga frå nasjonalbudsjettet 2021 ligg anslaget for utsleppa av klimagassar om lag 8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar lågare i 2030 enn i 2020. Om lag 60 pst. av utsleppsreduksjonen er anslått å komme i ikkje-kvotepliktige utslepp, der utsleppa er anslått å gå ned med i underkant av 5 mill. tonn frå 2020 til 2030. Kvotepliktige utslepp er anslått å gå ned med i overkant av 3 mill. tonn i den same perioden.


Utslepp av CO₂ utgjorde 84 pst. av dei samla utsleppa i 2020, medan resten kjem av utslepp av metan (CH₄), lystgass (N₂O) og fluorhaldige klimagassar (HFK-ar, PFK-ar og SF₆). Medan utsleppa av CO₂ er vurderte i framskrivinga å gå ned med i underkant av 20 pst. frå 2020 til 2030, anslår ein at nedgangen blir mindre for andre klimagassar. Utsleppa av andre klimagassar enn CO₂ blir samla forventta å minke frå 8,0 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020 til i 7,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2030.

Figur 14.2 viser kvotepliktig og ikkje-kvotepliktig utslepp fordelte på sektor. Omtrent halvparten av dei norske utsleppa av klimagassar er kvotepliktige, som inneber at dei er omfatta av EUs kvotesystem (EU ETS), sjå nærmare omtale i kapittel 12.2. Dei kvotepliktige utsleppa er størstparten av utsleppa frå olje- og gassutvinning og industri, større anlegg i energiforsyning og størstedelen av luftfarten. Dei kvotepliktige utsleppa



Figur 14.1 Sektorvise utslepp, historiske og framskriving til 2030

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå



Figur 14.2 Fordeling kvotepliktige og ikkje-kvotepliktige utslepp i 2020

¹ Utslepp frå luftfartar til eller frå EØS er kvotepliktige. Innan luftfartar er det nokre utslepp som korkje er inkludert i dei kvotepliktige utsleppa eller i ikkje kvotepliktige utslepp slik dei er definert under EUs innsatsfordeling. Desse utsleppa er inkludert i dei kvotepliktige utsleppa her.

² Oppvarming i primærnæringer, bygg og anlegg, tenesteyting og hushald.

Kjelde: Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå


var i 2020 på 24,5 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa er mellom anna utslepp frå vegtrafikk og annan transport utanom luftfarten, jordbruk og ein del andre kjelder.

Skog tek opp store mengder CO₂. I 2019 var nettoopptaket på 18,6 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i sektoren for skog og annan arealbruk ved bruk av Klimakonvensjonens reknereglar. Sjå kapittel 14.3 for nærmare beskriving.

14.1 Ikkje-kvotepliktige utslepp

Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa var i 2020 på 24,8 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, som svarer til ein nedgang på 2 pst. frå 2019. Nedgangen kjem i stor grad av nedgang i utsleppa frå vegtrafikk og annan transport. Transport stod for 60 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa i 2020, medan jordbruk og dei andre ikkje-kvotepliktige utsleppa sto for 18 pst. og 22 pst.

Utsleppa frå ikkje-kvotepliktig transport auka dei fleste åra frå 1990 til 2014 da dei var på det høgste nivået. Sidan har dei blitt reduserte, og det er forventat at denne reduksjonen vil halde fram. Utsleppa i 2030 er i framskrivinga 9 pst. under nivået i 1990. Utsleppa frå jordbruk er redusert med 7 pst. sidan 1990 og er i 2030 5 pst. under nivået i 1990. Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå industrien har hatt ein kraftig nedgang frå 1990, og i 2030 er utsleppa i framskrivinga meir enn 80 pst. under nivået i 1990. Også utslepp frå oppvar-



Figur 14.3 Fordeling av ikkje-kvotepliktige utslepp (2020) (millionar tonn CO₂-ekvivalenter).


Kjelder: Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

ming av bygg har gått kraftig ned, mellom anna på grunn av forbod mot bruk av mineralolje til oppvarminga av bygg.

14.1.1 Transport

Transport omfattar i utsleppsrekneskapan vegtransport, innanriks sjøtransport og fiske, luftfart og annan transport. Annan transport er til dømes utslepp frå anleggsmaskiner og traktorar. Mesteparten av utsleppa i transportsektoren er ikkje kvotepliktig. Unntaket er utslepp frå luftfart innanfor EØS-området, også innanriks i Noreg, som i all hovudsak er underlagde kvoteplikt.


Førebelse tal viser at dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå transportsektoren i 2020 var på 15,0 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, noko som svarer til rundt 30 pst. av dei totale norske klimagassutsleppa. Kvotepliktig luftfart er ikkje inkludert i tala. Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå transportsektoren gjekk ned med om lag 0,35 mill. tonn CO₂-ekvivalenter frå 2019. Samanlikna med 1990 har transportutsleppa auka med 25 pst. Utsleppa er i dag om lag på nivå med utsleppa i 2005. Utsleppa er i framskrivinga forventat å gå ned fram mot 2030, hovudsakeleg på grunn av auka innføring av null- og lågutsleppsteknologi både i vegtrafikk og i annan transport.



Figur 14.4 Ikkje-kvotepliktige utslepp frå transport i 2019¹ fordelt på ulike kjelder (millionar tonn CO₂-ekvivalenter).

¹ Dei førebelse utsleppstala for 2020 inneheld ikkje fordeling av utsleppa mellom innanriks sjøfart og fiske og andre transportutslepp.

Kjelde: Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå



Figur 14.5 Ikkje-kvoteplichtige utslepp frå transport – historiske utslepp og framskriving¹

¹ Fordelinga for 2020 er ekstrapolert i og med at ein ikkje har ei slik fordeling i dei førebelse utsleppstala. Kjelde: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå


14.1.1.1 Vegtrafikk

I 2020 var utsleppa frå vegtrafikk 8,4 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, noko som inneber ein auke på 13 pst. samanlikna med 1990. Utsleppa auka fram til midten av førre tiåret, med ein topp i 2015 på 10,3 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Etter det er utsleppa reduserte hovudsakeleg som følgje av auka bruk av biodrivstoff og aukande del elbilar. Figur 14.5 viser korleis utsleppa frå vegtrafikken har utvikla seg sidan 1990, og korleis dei er forventta å utvikle seg fram mot 2030.

Personbilar står for den største delen av utsleppa frå vegtrafikken. I 2019 var utsleppa frå personbilar 4,4 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, altså om lag halvparten av utsleppa frå vegtrafikken. Tunge køyretøy og varebilar står for 48 pst., medan motorsyklar og mopedar berre står for ein liten del av utsleppa. I dei førebelse tala for 2020 er ikkje utsleppa fordelte på ulike kategoriar køyretøy.

Med gjeldande politikk er utsleppa frå vegtransporten vurderte å minke frå 8,4 mill. tonn i 2020 til 5,5 mill. tonn i 2030. Nedgangen skriv seg først og fremst frå at det er lagt til grunn at innfasinga av låg- og nullutsleppskøyretøy vil auke ytterlegare framover. Delen elbilar av nybilsalet for personbilar har auka med opp mot 10 prosentdelar årleg dei siste par åra og er dei første åtte månadene i 2021 komme opp i 60 pst. I framskrivinga i nasjonalbudsjettet for 2021 vart det lagt til

grunn at delen kjem opp i 90 pst. i 2025 og 95 pst. i 2030 med dagens politikk. Også for varebilar er det venta at elbildelen av nysalet vil auke betydeleg framover. Det er vidare lagt til grunn at teknologiutviklinga for tunge køyretøy etter kvart styrker seg, men at denne kjem seinare og meir sakte enn for lettare bilar. Teknologien per i dag er umoden for nokre segment, og den vidare utviklinga



Figur 14.6 Klimagassutsleppa frå vegtrafikk i 2019 fordelte på ulike kategoriar køyretøy¹.

¹ Dei førebelse utsleppstala for 2020 deler ikkje utsleppa inn i ulike kategoriar køyretøy.

Kjelder: Miljødirektoratet og Statistisk Sentralbyrå.

er usikker. I framskrivingane er det lagt til grunn at innblandinga av biodrivstoff i vegtrafikk frå og med 1. januar 2021 vil vere på 15,5 pst. reell volumprosent i tråd med omsetningskravet. Framskrivinga for vegtrafikk er noko oppjustert på grunn av feilretting av historiske salstal for autodiessel i SSBs salsstatistikk for petroleumsprodukt.

14.1.1.2 Innanriks sjøfart og fiske

Utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske var i 2019⁷ på 3,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde i overkant av 7 pst. av dei totale klimagassutsleppa. Tidlegare viste utsleppsstatistikken for dei seinaste åra ein markant nedgang i utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske. Utsleppstala for sjøfart og fiske er no vesentleg endra samanlikna med tidlegare fordi det har blitt avdekt ein underrapportering av sal av marine gassoljar til salsstatistikken for petroleumsprodukt. Ein feil i produksjonssystemet for energibruk i utsleppsstatistikken har òg påverka utsleppstala for innanriks sjøfart. Statistikken viser no at utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske har auka med 45 pst. frå 1990 til 2019, og at det ikkje har vore nokon tydeleg trend i utsleppsutviklinga dei siste åra.

På grunn av endringa i dei historiske utsleppa er framskrivinga for innanriks sjøfart og fiske òg justert.


14.1.1.3 Annan transport

Vi har valt å gruppere ikkje-kvotepliktig innanriks luftfart, ikkje-veggåande køyretøy, motorreiskap og jernbane som «annan transport». Utsleppa frå annan transport var i 2019 i underkant av 3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, svarande til rundt 6 pst. av totalutsleppa av klimagassar i 2019. Utsleppa frå annan transport har auka med over 40 pst. sidan 1990. Auken kjem mellom anna av ein auke i utslepp frå anleggsmaskiner på grunn av høg aktivitet.

14.1.2 Jordbruk

I 2020 var utsleppa frå jordbrukssektoren på 4,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er cirka 9 pst. av dei totale norske utsleppa av klimagassar og rundt 18 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa.

Sidan 1990 har utsleppa frå jordbruket gått ned med i underkant av 7 pst., men dei har vore relativt stabile sidan 2000. Viktige årsaker er min-



Figur 14.7 Ikkje-kvotepliktige utslepp frå jordbruk i 2019¹ fordelte på ulike kjelder

¹ Dei førebelse utsleppstala inneheld ikkje fordeling av jordbruksutsleppa på ulike kjelder.


Kjelder: Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

dre bruk av nitrogenhaldig mineralgjødsel, bruk av kraftfôr og færre storfe som følgje av redusert og meir effektiv mjølkeproduksjon. Noreg har husdyrhelse i verdstoppen, og friske dyr med god fruktbarheit er meir klimavennlege enn dyr med dårlegare helse. Avlsarbeid har ført til at klimagassutsleppa frå mjølkeproduksjonen er redusert med 10 pst. per produserte eining frå 1980 til i dag. Utsleppa som er rekna inn under jordbrukssektoren, er i hovudsak metan (CH₄) frå husdyrtarmgass og gjødsellager og lystgass (N₂O) frå gjødsellager, gjødsla mark og organisk jord. Berekna utslepp heng difor tett saman med mengda husdyr, gjødsel og organisk jord. Utsleppet av metan frå jordbruket er redusert med 5,4 pst. frå 1990 til 2020, medan utsleppet av lystgass frå jordbruket er redusert med 1,6 pst. På grunn av kompliserte prosessar og diffuse utslepp frå jord er det stor uvisse rundt storleiken på utsleppa frå bruken av mineral- og husdyrgjødsel.

Utsleppa frå jordbruket utgjorde i 2020 omtrent 57 pst. av dei totale norske utsleppa av metan og 76 pst. av lystgassutsleppa. Trass auka produksjon har endringar i jordbruket medverka til at utslepp frå energiforbruk i 2019 i jordbruket er 9 pst. lågare enn i 1990.

Framskrivingane presenterte i Nasjonalbudsjettet 2021 av dei utsleppa som i utsleppsrekneskapen høyrer til i jordbrukssektoren, gjev eit utslepp på cirka 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar

⁷ Dei førebelse utsleppstala for 2020 deler ikkje transportutsleppa inn i underkategoriar.



Figur 14.8 Ikkje-kvotepliktige utslepp frå jordbruk – historiske utslepp og framskriving¹

¹ Fordelinga for 2020 er ekstrapolert i og med at ein ikkje har ei slik fordeling i dei førebelse utsleppstala. Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

per år fram til 2030, med andre ord om lag på nivået i dag. Reknar vi med både utslepp som blir bokførte i jordbrukssektoren, og utslepp frå jordbruksaktivitet som blir bokførte i sektorane transport, oppvarming av bygg og arealbruk, gjev framskrivingane totale utslepp frå jordbruksaktivitet på drygt 7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2030.


14.1.3 Andre ikkje-kvotepliktige utslepp

14.1.3.1 Industri og petroleum

I 2020 var dei samla utsleppa frå industri og bergverk og olje- og gassutvinning 24,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, noko som svarer til om lag halvparten av dei totale norske utsleppa. Godt over 90 pst. av utsleppa er kvotepliktige og ein del av det europeiske kvotesystemet.

Dei verksemdene som ikkje har kvoteplikt i industrien, er mindre verksemdar eller verksemdar med låge utslepp, som næringsmiddelindustri, vareproduksjon, asfaltverk og liknande. I tillegg har ein del kvotepliktige verksemdar utslepp av klimagassar som ikkje er omfatta av kvoteplikt. Dette gjeld mellom anna diffuse utslepp av metan og CO₂ omdanna frå nmVOC⁸, frå raffineri og lystgass frå fullgjødningproduksjon. Ikkje-kvoteplik-

⁸ Flyktige organiske sambindingar unnateke metan blir forkorta til nmVOC (non-methane volatile organic compounds).




Figur 14.9 Andre ikkje-kvotepliktige utslepp i 2019¹ fordelte på ulike kjelder

¹ Dei førebelse utsleppstala for 2020 har ikkje detaljert kjeldeinndeling.

Kjelder: Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

tige utslepp i industrien var i 2020 på omkring 0,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, som svarer til rundt 4 pst. av dei totale ikkje-kvotepliktige utsleppa.



Figur 14.10 Andre ikkje-kvotepliktige utslepp – historiske utslepp og framskriving

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå

Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå petroleumssektoren er rekna til omkring 0,7 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, eller om lag 3 pst. av dei totale ikkje-kvotepliktige utsleppa i 2020. Det er hovudsakleg utslepp av metan og CO₂ omdanna frå nmVOC, frå kaldventilering og diffuse utslepp og fordamping ved lasting og lagring av råolje og andre petroleumprodukt.

14.1.3.2 Energiforsyning og oppvarming

Energiforsyning og energi til oppvarming i Noreg er i stor grad basert på elektrisitet frå fornybare energikjelder som vasskraft og vindkraft og har difor låge utslepp. Utslepp frå energiforsyning og oppvarming var til saman rundt 2,2 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i 2020. Av dei totale utsleppa frå energiforsyning og oppvarming utgjorde dei ikkje-kvotepliktige utsleppa rundt 1,6 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, eller rundt 6 pst. av dei totale ikkje-kvotepliktige utsleppa. Dei ikkje-kvotepliktige utsleppa i energiforsyning kjem hovudsakleg frå brenning av avfall der spillvarmen blir nytta i fjernvarme. Dei totale utsleppa frå avfallsforbrenning har auka frå om lag 200 000 tonn CO₂-ekvivalenter i 1990 til om lag 920 000 tonn CO₂-ekvivalenter i 2019. Dette kjem mellom anna av at innføringa av deponiforbodet førte til at meir avfall har gått til forbrenning.

Utslepp frå oppvarming i andre næringer og bustader er i hovudsak CO₂ frå forbrenning av fyringsolje og gass. Utsleppa frå denne kjelda er

reduisert med om lag 80 pst. sidan 1990. Utsleppa gjekk ned rundt 20 pst. frå 2019 til 2020, ifølgje førebelse tal frå SSB. Utsleppa frå bruken av mineralolje til oppvarming i næringer og hushald var i 2019 redusert med 95 pst. samanlikna med 1990. Forbodet mot å bruke mineralolje til oppvarming av bygg, som tredde i kraft i 2020, inneber at oppvarming av bygg framover i svært liten grad vil ha utslepp frå bruk av mineralolje. Det vil likevel framleis vere utslepp frå bruken av gass og frå metanutslepp frå vedfyring. I 2030 er utsleppa frå oppvarming av bygg forventa å vere 0,28 mill. tonn CO₂-ekvivalenter.

14.1.3.3 Fluorgassar og andre kjelder

Utslepp frå produkt med fluorgassar (f-gassar) og andre ikkje-kvotepliktige kjelder ikkje allereie nemnde utgjorde i 2019⁹ 2,3 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, rundt 4 pst. av dei totale utsleppa eller rundt 9 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utsleppa vart reduserte med om lag 5 pst. frå 2018 til 2019, og framskrivne utslepp viser ein reduksjon på 26 pst. til 2030.

F-gassane er delte inn i SF₆ (svovelheksafluorid), PFK (perfluorkarbon) og HFK (hydrofluorkarbon). HFK-gassar er industrielt framstilte

⁹ For fleire av desse kjeldene blir det ikkje lagt fram førebelse utsleppstal, utsleppstal for 2020 vil difor ikkje vere tilgjengelege før SSB legg fram endelege utsleppstal i november 2021.

gassar som er nytta mellom anna i kuldeanlegg, varmpumper og luftkondisjonering, og er den største kjelda til utslepp av f-gassar. Utsleppa har auka frå eit ubetydeleg nivå i 1990 etter at gassane vart fasa inn som erstatning for ozonreducerande gassar. Utslepp av HFK var i 2019 på 0,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde om lag 2 pst. av dei totale utsleppa av klimagassar og rundt 4 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utslepp frå SF₆ var i 2019 på 57 000 tonn CO₂-ekvivalentar og stod for 0,2 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utsleppa er reduserte med om lag 97 pst. sidan 1990.

Metanutsleppa frå avfallsfyllingar stod for 3,4 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa i 2019. Desse utsleppa er reduserte med nesten 60 pst. sidan 1990 på grunn av forbod mot å deponere våtorganisk avfall frå 2002 (utvida til alt nedbryteleg avfall i 2009) og oppsamling av gass frå eldre fyllingar.


Kjelder som løysemiddel, avløp og avløpsreinsing, kompostering og biogassanlegg og bensin- og gassdistribusjon står for dei resterande 1,7 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa. Utslepp frå avløp, primært lysgass, har blitt reduserte sidan 1990 trass i ein betydeleg folkeauke. Kompostering og biogassanlegg aukar, men er framleis ei lita kjelde til metanutslepp.

14.2 Kvotepliktige utslepp

For industrien, petroleumsnæringa og luftfarten er den største delen av utsleppa kvotepliktig (sjå figur 14.2 om kvotepliktige og ikkje-kvotepliktige utslepp). I energisektoren er under halvparten av utsleppa kvotepliktig. Figur 14.11 viser fordelinga av dei norske kvotepliktige utsleppa etter sektor i 2020.

Frå 2019 til 2020 gjekk dei kvotepliktige utsleppa ned med 5 pst, frå 25,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar til 24,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. I 2020 låg utsleppa av klimagassar frå kvotepliktig industri på 10,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, svarande til om lag ein femtedel av dei samla norske klimagassutsleppa. Dei største kvotepliktige utsleppa frå industrien kjem frå ferrolegeringsindustri, aluminiumsindustri, sementindustri, mineralgjødselindustri, treforedlingsindustri og kjemisk industri. Store kjelder til klimagassutslepp er frå bruken av kol som reduksjonsmiddel i metallindustrien, frå bruken av fossile innsatsar i kjemisk industri og frå sementindustrien. Sementindustrien har punktutslepp både frå energiproduksjon og frå prosess, der utsleppa frå fjerning av CO₂ frå kalkstein er dei største.

Dei siste tiåra har klimagassutsleppa gått ned i kvotepliktig industri, særleg gjeld dette utsleppa



Figur 14.11 Kvotepliktige utslepp i Noreg fordelte på sektor i 2020.


Kjelder: Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå.

av fluorgassar frå aluminiumproduksjonen og lystgass frå mineralgjødselindustrien. Dette er ei følge av at verksemdene har utvikla og teke i bruk ny teknologi og innført betre styringssystem.

I framskrivingane er det forventa ein nedgang i dei kvotepliktige utsleppa med om lag 3,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, eller om lag 13 pst. frå 2020 til 2030. Samanlikna med 2005 svarer det til ein nedgang på 6,4 mill. tonn, eller om lag 23 pst. Dei største kutta framover er venta i olje- og gassproduksjonen.

Figur 14.12 syner utviklinga i kvotepliktige utslepp 1990–2030 for ulike sektorar. I 2020 svarte utsleppa av klimagassar frå kvotepliktig petroleumsverksemd til 12,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Utsleppa frå petroleumsverksemda utgjør om lag ein firedel av dei samla norske klimagassutsleppa. Frå 2020 til 2030 er desse utsleppa venta å gå ned til 9,7 mill. tonn. Nedgangen har særleg samanheng med auka elektrifisering av petroleumsinnretningane. Mesteparten av utsleppa kjem frå gassturbinar som anten genererer elektrisitet eller driv pumper og kompressorar på plattformene. Framskrivingane av utslepp frå olje- og gassproduksjon byggjer på rapportering frå oljeselskapa. Desse er supplerte med tal for utslepp frå landanlegga knytte til vidare transport av petroleumsprodukt.

I 2020 var utsleppa av klimagassar frå kvotepliktig energiforsyning 0,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Det utgjør i underkant av 40 pst. av dei



Figur 14.12 Utvikling i kvotepliktige utslipp 1990–2030 (millionar tonn CO₂-ekvivalentar).

Kjelder: Finansdepartementet, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå


samla utslippa frå energiproduksjonen. Store energianlegg som hovudsakleg leverer energi til verksemdar, er kvotepliktige.

I 2020 svarte utslippa av klimagassar frå kvotepliktig luftfart til 0,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Noko over 90 pst. av innanriks luftfart er dekt av kvotesystemet. Kvoteplikta gjeld flygingar innan EØS-området. Små kommersielle aktørar med få flygingar og låge utslipp er ikkje omfatta av kvote-

systemet. Det same gjeld politi- og redningsflygingar

14.3 Skog og annan arealbruk (LULUCF)

Sektoren skog og annan arealbruk (Land use, land-use change, and forestry – LULUCF) skil seg frå dei andre sektorane i klimagassrekneskapan



Figur 14.13 Netto utslipp og opptak frå arealkategoriar i sektoren «Skog og annan arealbruk» frå 1990 til 2019 (Klimakonvensjonens reknereglar)


Kjelder: NIBIO og Miljødirektoratet

ved at han har både opptak og utslepp av klimagassar. Det blir òg berekna opptak og utslepp ved endringar i bruken av areala ved overgang mellom dei ulike arealkategoriene. Figur 14.13 viser korleis utslepp og opptak i perioden 1990–2019 har fordelt seg på dei ulike arealkategoriene i klimagassrekneskapen.

Frå 1990 til 2019 har det vore ein auke i både opptak og utslepp av klimagassar innan sektoren, sjå figur 14.13. Netto opptak totalt i sektoren utgjorde i 2019 18,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar slik det blir rapportert i rekneskapen under Klimakonvensjonen. Dette svarer til om lag ein tredel av dei samla norske utsleppa av klimagassar. Skog står for størstedelen av karbonopptaket i sektoren. I 2019 var det eit netto opptak i skog på 23,6 mill. tonn CO₂ mot 15,3 mill. tonn CO₂ i 1990. I tillegg hadde karbon i treprodukt eit lite opptak i 2019. Det høge nettoopptaket er mellom anna eit resultat av at det vart planta mykje skog i Noreg i etterkrigstida, som no er i den mest vekstkræftige

fasen sin. I tillegg har årleg avverking vore relativt stabil. Utsleppa har også auka sidan 1990, og dei andre arealbrukskategoriene hadde eit netto utslepp som svarer til 5,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2019. Avskoging (omdisponering av skog til utbygging, jordbruk og andre formål) stod for 3,1 mill. tonn mot 1,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 1990.

NIBIO utarbeidde framskrivingar for skog- og arealbrukssektoren i 2019. Informasjonen som følger, er basert på framskrivingane frå 2019 og vil endre seg grunna metodeforbetringar i klimagassrekneskapen. Figur 14.14 viser forventa utvikling i arealkategoriene under FN's klimakonvensjon. Det er venta ein nedgåande trend i netto opptak i sektoren dei neste to tiåra, før opptaket stabiliserer seg og aukar noko mot andre halvdel av hundreåret. Dette er først og fremst knytt til endringar i netto-opptak i skog. Framskrivningane er baserte på historisk aktivitet i ein referanseperiode (2010–2017).



Figur 14.14 NIBIOs framskriving av netto utslepp frå skog og annan arealbruk slik det blir rapportert under Klimakonvensjonen (millionar tonn CO₂-ekvivalentar). Opptak er markerte med negative tal (-). Både utslepp av CO₂, lystgass og metan er inkluderte, saman med opptak av CO₂.

Kjelde: NIBIO (2019).

I samarbeidet med EU er det egne rekneregler for bokføring av opptak og utslepp i skog- og arealbrukssektoren. Sjå delkapittel 15.3.2 for

omtale av utsleppsgap samanlikna med forpliktinga om netto nullutslepp for perioden 2021–2030 i skog- og arealbrukssektoren.

15 Oppfølging av Noregs klimamål for 2030

15.1 Korleis ligg vi an til å nå klimamålet for 2030?

Noregs klimamål for 2030 under Parisavtalen er å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 pst. og opp mot 55 pst. i 2030 samanlikna med nivået i 1990. Regjeringa ønskjer å oppfylle det forsterka målet saman med EU.

Regjeringa la i januar 2021 fram Meld. St. 13 *Klimaplan for 2021–2030*. Verkemidla i denne planen vil bidra til å nå klimamålet for 2030. Fleira av verkemidla vil verke over tid og trappast opp utover i perioden. Uvisse knytt til utsleppsutvikling, effekten av klimapolitikken, den teknologiske utviklinga og kostnadene ved utsleppsreduksjonar og auka opptak er betydeleg. Det er på noverande tidspunkt for tidleg å vurdere om vi når det overordna klimamålet for 2030.

Det går likevel an å seie noko om korleis Noreg ligg an til å nå forpliktingane vi har gjennom den gjeldande klimaavtalen med EU som vil sørge for utsleppsreduksjonar på minst 40 pst. innan 2030. For detaljert informasjon om klimaavtalen, sjå kapittel 13.2.3. Noreg deltek i EUs klimaregelverk for perioden 2021–2030, som deler utsleppa inn i tre pilarar med kvar si målsetjing.

Den første pilaren omhandlar ikkje-kvotepliktige utslepp¹⁰. Her har Noreg gjennom klimaavtalen med EU ei juridisk bindande forplikting om å redusere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa med 40 pst. innan 2030, samanlikna med 2005-nivå. Regjeringa har eit mål om overoppfylle denne forpliktinga og kutte utsleppa med 45 pst. I klimaplanen la regjeringa fram nye verkemiddel som var forventa å sikre ei overoppfylling av både EU-forpliktinga og det forsterka målet frå regjeringa. I ettertid har utsleppsrekneskapan og utsleppsframskrivingane blitt oppdaterte som følge av feil i berekingane av norske klimagassutslepp. Som eit resultat har det samla utsleppsgapet over perioden auka. Fordi klimaplanen frå regjeringa la opp til større kutt enn forpliktinga til EU tilseier, ligg vi

framleis an til å innfri forpliktinga om kutt på 40 pst. For å nå regjeringas mål om 45 pst. reduksjon i utsleppa tyder anslag på at det vil være nødvendig med ytterlegare verkemiddelbruk utover det som kvantifiserast i klimaplanen. Regjeringas mål ligg fast. Sjå nærmare omtale av ikkje-kvotepliktig sektor i kapittel 15.2.

Den andre pilaren er utslepp omfatta av det europeiske kvotesystemet (EU ETS). Her er målet ein samla europeisk reduksjon på 43 pst. i utslepp i 2030 samanlikna med 2005. Norske kvotepliktige verksemder bidreg i kvotesystemet på lik linje med kvotepliktige verksemder i dei andre europeiske landa. Noregs bidrag inn i kvotesystemet blir vurdert samla for EU og Noreg og rekna inn i vurderinga av Noregs måloppnåing. Europeiske utslepp omfatta av kvotesystemet har blitt redusert med omtrent 35 pst. mellom 2005 og 2019. Sjå nærmare omtale av kvotesystemet i kap. 15.4.

Den tredje pilaren i EUs regelverk regulerer utslepp og opptak for skog og annan arealbruk. Noreg er gjennom klimaavtalen med EU forplikta til at utslepp ikkje skal overskride opptaket innanfor skog- og arealbrukssektoren i sum for perioden 2021–2030.

Framskrivningane til NIBIO indikerer at Noreg ligg an til å få eit gjennomsnittleg årleg berekna samla netto utslepp på om lag 1,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar frå skog og annan arealbruk i perioden 2021–2025 viss Noreg nyttar ein kompensasjonsmekanisme i EU-regelverket. Viss Noreg ikkje gjer bruk av kompensasjonsmekanismen, kan det samla utsleppsgapet frå heile skog- og arealbrukssektoren bli om lag 2,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg. Sjå nærmare omtale i kapittel 15.3 om tiltaka for å redusere dette gapet til netto-null-forpliktinga.

EU vedtok desember 2020 eit forsterka klimamål for 2030. Det nye målet er å redusere nettoutslepp med minst 55 pst. innan 2030 samanlikna med 1990. Innstrammingar i EUs klimaregelverk som følge av at EU har forsterka 2030-målet sitt, kan føre til at Noreg får strengare forpliktingar under desse regelverka, sjå nærmare forklaring i kapittel 13.2.4. Strengare forpliktingar vil påverke

¹⁰ Dette er utslepp frå transport, jordbruk, bygg og avfall, men også energiproduksjon, luftfart, industri og petroleumsvirksomma har utslepp som ikkje er kvotepliktige.

utsleppsutviklinga og vere med på å bidra til at Noreg når det overordna klimamålet for 2030. Fram til eit nytt og forsterka EU-regelverk er avklart, ligg det gjeldande regelverket til grunn. Ved å etterleve EUs forsterka klimaregelverk vil Noreg mest sannsynleg nå eit klimamål om å redusere utsleppa med minst 50 og opp mot 55 pst. Uansett korleis det framtidige klimaregelverket til EU blir, må vi halde fram med å kutte norske utslepp.

Vidare i kapittel 15 blir det gjort greie for dei viktigaste verkemidla regjeringa har i klimaplanen, og kva som er forventa effekt og oppfølginga av dei. Utover i perioden vil vi få meir informasjon om effekten til dei ulike verkemidla og dermed også korleis vi ligg an til å nå klimamålet for 2030. Over tid vil rapporteringa bidra til å gje eit bilde av om det er behov for å justere kursen for å nå klimamålet.

15.2 Rapportering for ikkje-kvotepiktig sektor


15.2.1 Klimamål og utsleppsbudsjett

Som omtalt i kapittel 13 har regjeringa eit mål om å kutte dei ikkje-kvotepiktige utsleppa med 45 pst. innan 2030, altså meir enn forpliktinga vi har med EU om reduksjon på 40 pst. Regjeringa har som mål at reduksjonen skjer gjennom innanlandske tiltak og planlegg for dette. Om det er strengt nødvendig, kan fleksibiliteten i EUs rammeverk

bli nytta. Målet om 45 pst. reduksjon er den politiske målsetjinga til regjeringa og er ikkje juridisk bindande.

Ifølgje klimalova skal regjeringa rapportere om status for Noregs karbonbudsjett, også innanfor eit samarbeid med EU. Utsleppsbudsjettet set ei grense for kva utsleppa kan vere over tårsperioden 2021–2030, og ei grense for kva utsleppa kan vere kvart år. Basert på vektingsfaktorar henta frå FN klimapanels fjerde hovudrapport (AR4) vil budsjettet vere på 210 mill. tonn over perioden 2021–2030¹¹. Utsleppsbudsjettet til Noreg er illustrert i figur 15.1. Vi er enno ikkje ferdige med det første året i utsleppsbudsjettet, og vi har ikkje utsleppstal for 2021. I denne rapporteringa blir det difor ikkje gjort greie for status for utsleppsbudsjettet. Først i 2023 vil vi ha endelege og godkjende utsleppstal for 2021, og det vil da gjerast opp ein status for om vi oppfylte utsleppsbudsjettet for året 2021. Vi vil likevel gjere greie for korleis vi *førebels* ligg an, korleis oppdateringa av utsleppsrekneskapan og utsleppsframskrivinga påverkar behovet for verkemiddel for å nå måla,

¹¹ For å rekne om dei ulike klimagassar til CO₂-ekvivalentar, blir det brukt ei måleining som heiter globalt oppvarmingspotensial. Det formelle utsleppsbudsjettet som vart fastsett av EFTAs overvaksingsorgan (ESA) i juli 2021, er basert på vektingsfaktorar frå FN klimapanels femte hovudrapport (AR5). I klimameldinga (Meld. St. 13) og i klimalovrapporteringa for året blir framleis vektingsfaktorar henta frå FN klimapanels fjerde hovudrapport (AR4). Frå og med 2022 vil dei nye vektingsfaktorane bli brukte. For meir informasjon, sjå boks 13.1 i kapittel 13.2.2.



Figur 15.1 Utsleppsgapet samanlikna med utsleppsframskrivinga basert på politikk vedteken per i dag, med utsleppsbudsjett med føresetnad om reduksjonar på 40 og 45 pst. (millionar tonn CO₂-ekvivalentar)

Kjelder: Finansdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet.

og status for gjennomføring av sentrale verkemiddel som er omtalte i klimaplanen.

Utsleppsbudsjettet Noreg har basert på målet om 40 prosent utsleppsreduksjon er på 210 millionar tonn over perioden 2021–2030. Framskrivinga viser at utsleppa over dei ti åra er på i overkant av 225 millionar tonn CO₂-ekvivalentar. Om ein reknar målet regjeringa har sett om å redusere dei ikkje-kvotepfiktige utsleppa med 45 prosent som eit budsjettmål på same viset, blir utsleppsbudsjettet redusert til 202 millionar CO₂-ekvivalentar.

Framskrivinga (jf. omtale i kap. 14) syner at politikken vi har i dag, vil halde fram med å gje insentiv til kraftige utsleppskutt fram mot 2030. Etter framlegging av klimaplanen har utsleppsframskrivinga blitt oppjustert som eit resultat av ei oppdatering i utsleppsrekneskapen. Da klimaplanen vart lagt fram, var det samla gapet til forpliktinga med avtalen i EU på 8,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, medan det samla gapet til 45 pst.-målet i Granavolden-plattformen var på 16,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Regjeringa presenterte difor i klimaplanen verkemiddel berekna til å kutte utsleppa med 20 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Etter at det vart oppdaga feil i utsleppsrekneskapen, har det samla gapet til begge måla auka med 6,7 mill. tonn. For å nå regjeringas mål om 45 pst.

reduksjon i utslepp tyder anslag på at det vil være nødvendig med ytterlegare verkemiddelbruk utover det som kvantifiserast i klimaplanen. Målet til regjeringa står fast.

Anslaga er uvisse og heng saman med ei rekke faktorar, til dømes kor raskt teknologiutviklinga går framover, og effekten av dei ulike verkemidla. Uvisse kan trekkje i både positiv og negativ retning. I tillegg kjem utsleppsreduksjonar av dei verkemidla som ikkje er effektberekna.


15.2.2 Forventa effekt og oppfølging av regjeringa sin klimaplan for 2021–2030

Dei effektberekna verkemidla i klimaplanen er forventa å redusere utsleppa med 20,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar over perioden 2021–2030. Tabell 15.1 syner korleis utsleppskutta er forventa fordelte på dei ulike verkemidla frå klimaplanen før og etter oppdateringa av utsleppsframskrivingane. Som følgje av oppdateringa auka utsleppsgapet med 6,7 mill. tonn CO₂-ekvivalenter over perioden. Auken i utsleppsframskrivinga gjer også at den forventa effekten av klimaavgiftene aukar med 0,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar over perioden.

Tabell 15.1 Utsleppsgap og anslått effekt av verkemiddel (millionar tonn CO₂-ekvivalentar)¹

	Per dags dato	I Meld. St. 13
<i>Utsleppsgap 40 pst.</i>	15,1	8,4
<i>Utsleppsgap 45 pst.</i>	23,3	16,6
Utsleppsreduksjon som følgje av krav og offentlege innkjøp	3	3
Utsleppsreduksjon som følgje av auke i klimagassavgifta	8	7,5
Utsleppsreduksjon kreditert jordbrukssektoren i utsleppsrekneskapen	4	4
Utsleppsreduksjon som følgje av endra krav om biodrivstoff	5,5	5,5
<i>Samla anslåtte utsleppsreduksjonar</i>	<i>20,5</i>	<i>20</i>
Moglege tilleggseffektar		
<i>Effekt av å nå måltala frå NTP 2018–2029</i>	<i>1</i>	<i>1</i>
Ny NTP, ny avtale med Enova, byvekstavtalar og andre verkemiddel som har betydning for klimagassutsleppa, jf. 3.1.2.3	Ikkje effektberekna	Ikkje effektberekna

¹ Tala, med unntak av tala for utsleppsgap, er runda av til nærmaste halve million tonn CO₂-ekvivalentar. Kjelder: SSB, Miljødirektoratet, Finansdepartementet, Klima- og miljødepartementet



Figur 15.2 Korleis forventa utsleppsreduksjonar frå avgift, omsetninga av biodrivstoff og andre verkemiddel bidreg til å fylla utsleppsgapet til 45-prosentmålet i Granavolden-plattformen (millionar tonn CO₂-ekvivalenter) etter oppdateringa i utsleppsrekneskapsen og utsleppsframskrivinga.

Kjelder: SSB, Miljødirektoratet, Finansdepartementet, Klima- og miljødepartementet

Figur 15.2 syner korleis utsleppskutta er forventa fordelte på dei ulike verkemidla, og korleis dei bidrar til å fylla utsleppsgapet. Til samanlikning viser figur 15.3 dei forventa utsleppskutta og utsleppsgapet før oppdateringa i utsleppsrekneskapsen og utsleppsframskrivinga.

Prising av utlepp gjennom avgift er hovudverkemiddelet i klimapolitikken, men dersom dette skulle vore det einaste verkemiddelet for å nå klimamåla våre, ville avgifta blitt svært høg. Regjeringa meiner det er nødvendig å finne ein god balanse mellom avgiftsauke og andre verkemiddel. Regjeringa la i klimameldinga opp til ei gradvis opptapping av CO₂-avgifta frå nivået i dag på om lag 591 kroner til 2 000 2020-kroner per tonn CO₂ i 2030. I tråd med den gradvise opptappinga av klimagassavgifta foreslår regjeringa i budsjettet 2022 at klimagassavgifta blir auka frå 591 kroner til 766 kroner. I tillegg foreslår regjeringa ei oppheving av fritaket i CO₂-avgifta for naturgass og LPG til veksthusnæringa, og ei gradvis opptapping av avgiftssatsen.


Det er rekna med at ein gradvis avgiftsauke til 2 000 2020-kroner i 2030 kan redusere utleppa frå transport med om lag 4 mill. tonn CO₂-ekvivalenter og utleppa i dei andre ikkje-kvotepliktige sektorane med 4 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Regjeringa foreslår ikkje å kompensera auka i CO₂-avgifta med redusert vegbruksavgift i statsbudsjettet for 2022. Anslag frå Meld. St. 13 tyder på at dersom ein auke i CO₂-avgifta fram mot 2030 skal

bli kompensert fullt ut gjennom vegbruksavgifta, vil reduksjonen i klimagassutlepp isolert sett bli om lag 3,5 millionar tonn CO₂-ekvivalenter lågare enn utan kompensasjon.

Vurderingane er baserte på underlag frå SSB og resultat frå SNOW-modellen, Miljødirektoratet og Klimakur 2030. Som ein berekningsteknisk føresetnad ligg det til grunn at utleppseffekten aukar jamt gjennom perioden 2021–2030.

Utsleppsreduksjonar som følgje av statlege låg- og nullutsleppskrav og offentleg innkjøp innanfor transport er på om lag 3 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. For meir om dette, sjå kapittel 15.2.4. Regjeringa vil halde ved lag dagens nivå på omsetninga av biodrivstoff gjennom å auke omsetningskravet til vegtrafikk og tek sikte på å innføre eit omsetningskrav for anleggsdiesel frå 2022 som fram mot 2030 blir auka til same nivået som i vegtrafikken. Samla kan det gje ein utleppsreduksjon på opp mot 5,5 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Det blir òg teke sikte på å innføre omsetningskrav for biodrivstoff i skipsfarten, men dette er ikkje effektberekna. Regjeringa og jordbruksorganisasjonane har ein intensjonsavtale om utleppskutt og auka opptak, på bakgrunn av denne blir det lagt til grunn ein reduksjon bokført i jordbrukssektoren på 4 mill. CO₂-ekvivalenter over perioden 2021–2030. For meir om dette, sjå kapittel 15.2.5.

Tabell 15.1 og figur 15.2 gjer ikkje fullstendig uttrykk for den venta effekten av klimapolitikken



Figur 15.3 Korleis forventa utsleppsreduksjonar frå avgift, omsetninga av biodrivstoff og andre verkemiddel bidreg til å fylle utsleppsgapet til 45-prosentmålet i Granavolden-plattformen (millionar tonn CO₂-ekvivalenter) før oppdateringa i utsleppsrekneskapen og utsleppsframskrivinga (figur frå Meld. St. 13 Klimaplan for 2021–2030).

Kjelder: SSB, Miljødirektoratet, Finansdepartementet, Klima- og miljødepartementet

til regjeringa. Ikkje all klimapolitikk er like lett å effektivturdere, og det er ei rekkje viktige verkemiddel og tiltak som ikkje er effektberekna utover dei som er nemnde ovanfor. Nye verkemiddel utover det som er effektberekna, kan òg utløyse ytterlegare utsleppsreduksjonar. Regjeringa vil fortsetje med arbeidet for ny teknologi og omstilling i norsk næringsliv gjennom stønad til Forskingsrådet, Innovasjon Noreg, Siva og Enova. Det blir òg satsa på CO₂-fangst. I budsjettet for 2021 vart det løyvd 2 275 mill. kroner til demonstrasjonsprosjektet Langskip. Hovudformålet med Langskip er å demonstrere at CO₂-handtering er trygt og mogleg, og dessutan leggje til rette for læring og kostnadsreduksjonar for etterfølgjande prosjekt. Langskip vil samstundes føre til nasjonale utsleppsreduksjonar, men dette er ikkje rekna inn i tabell 15.1. Betinging av kollektivtilbodet og byvekstavtalane bidreg til å redusere trafikkveksten og klimagassutsleppa i dei store byområda. I budsjett for 2022 foreslår regjeringa ei vidareføring av Hurtigbåtordninga under Miljødirektoratet som støttar fylkeskommunar med låg- og nullutsleppsløysingar på hurtigbåtar. Vidare foreslår regjeringa ei ny satsing på utvikling av nullutsleppsteknologi for dei store fartøysegmenta som går både i nasjonal og internasjonal fart, og som per i dag ikkje har reelle nullutsleppsalternativ.

Ordninga vil vere ei øyremerkte satsing under MAROFF-programmet i Forskingsrådet. I tillegg kjem mellom anna pengar til pilotprosjekt for fosilsilfrue anleggsplassar i transportsektoren. Det er også sett av pengar til ei ny tilskotsordning for mindre byar, som skal gå til kollektiv-, gang- og sykkeltiltak, på Samferdselsdepartementet sitt budsjett.

15.2.3 Sektorvise utsleppsbanar

Ifølgje klimalova skal ein i denne rapporteringa gje ei oversikt som synleggjer sektorvise utsleppsbanar innanfor ikkje-kvotepliktig sektor og kva typar tiltak som vil vere nødvendige for å realisere desse. Figur 15.4 viser forventa utsleppsreduksjon i ulike sektorar med klimaplanen frå regjeringa. Regjeringa har ein ambisjon om å halvere utsleppa frå transport innan 2030 samanlikna med 2005. Sjå kapittel 15.2.5 for meir om dette.

Intensjonsavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket dannar grunnlaget for ambisjonane i jordbrukssektoren. Partane har forplikta seg til å redusere utsleppa og auke opptaket av klimagassar tilsvarande 5 mill. tonn CO₂-ekvivalenter samla i tiårsperioden. I Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan 2021–2030* har regjeringa teke utgangspunkt i at om lag 1 mill. tonn CO₂-

ekvivalentar av avtalemålet blir oppnådd gjennom å fase ut fossile utslepp i jordbruket og eit forbod mot nydyrking av myr. Dette er utslepp som i utsleppsrekneskapan blir bokførte i andre sektorar enn jordbruket. Difor har ein i klimaplanen vurdert at det er ein rest på 4 mill. tonn som skal oppnåast gjennom reduksjon i utslepp som blir bokførte i jordbrukssektoren, sjå nærmare kapittel 15.2.6.

For dei andre ikkje-kvotepiktige utsleppa vurderer regjeringa at samla utsleppsreduksjon vil vere i området 4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Regjeringa har ikkje sett sektorvise ambisjonar for andre ikkje-kvotepiktige utslepp. Fordi desse utsleppa kjem frå svært ulike kjelder, slik som hushald, industri og fluorgassar i produkt, der kvar av kjeldene utgjer ein liten del av dei totale ikkje-kvotepiktige utsleppa, vurderer regjeringa at det ikkje er formålstenleg å setje ein sektorvis ambisjon. Sjå kapittel 15.2.7 for meir omtale av dette.

15.2.4 Transport

15.2.4.1 Mål og ambisjonar for transportsektoren

Regjeringa har ein ambisjon om at klimagassutsleppa i transportsektoren skal halverast i 2030 samanlikna med 2005. Målet blir rekna som eit punktmål for 2030.

Ambisjonen føreset forbetringar av teknologisk modning i ulike delar av transportsektoren.

Regjeringa har òg sett ei rekkje måltal for nye nullutsleppskøyretøy¹²:

- Nye personbilar og lette varebilar skal vere nullutsleppskøyretøy i 2025.
- Nye bybussar skal vere nullutsleppskøyretøy eller bruke biogass i 2025.
- Innan 2030 skal nye tyngre varebilar, 75 pst. av nye langdistansebussar og 50 pst. av nye lastebilar vere nullutsleppskøyretøy.
- Innan 2030 skal varedistribusjonen i dei største bysentruma tilnærma vere nullutslepp.

Ein føresetnad for å nå måltala for nullutsleppskøyretøy er forbetringar av teknologisk modning i ulike delar av transportsektoren, slik at nullutsleppsløysingar blir konkurransedyktige med konvensjonelle løysingar.


For innanriks sjøfart og fiske har regjeringa ein eigen ambisjon om å halvere klimagassutsleppa innan 2030, samanlikna med 2005.

15.2.4.2 Status for transportsektoren – når vi målet

Totalt var utsleppa av klimagassar frå transportsektoren på om lag 15,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Av det er 15,0 mill. tonn ikkje-kvotepiktige utslepp.


Personbilane er framleis den største kjelda til utslepp i transportsektoren, men desse utsleppa er på veg ned. Dette kjem av auka bruk av biodriv-

¹² Nasjonal transportplan 2018–2029, kap. 11 Klima og miljø



Figur 15.4 Forventa utsleppsreduksjon i ulike sektorar med klimaplanen frå regjeringa (millionar tonn CO₂-ekvivalentar) jamfør utsleppsbudsjettet til 45-prosentmålet i Granavolden-plattformen

Kjelder: SSB, Miljødirektoratet, Finansdepartementet, Klima- og miljødepartementet



Figur 15.5 Utsleppsbanen for transportsektoren med klimaplanen fra regjeringa (millioner tonn CO₂-ekvivalenter)

stoff og ein betydeleg auke i bruken av elbilar. Det vil ta tid før vi ser dei fulle klimaeffektane av elbilane på utsleppsrekneskapan. Omstillinga til låg- og nullutslepp i innanriks sjøfart og fiske har begynt. Særleg innan ferjesektoren er det komme fleire låg- og nullutsleppsferjer i drift. Det vil òg her ta tid før vi ser den fulle klimaeffekten av politikken til regjeringa på utsleppsrekneskapan.

Den justerte framskrivinga syner at ikkje-kvotepliktige utslepp frå transport baserte på vedteken politikk er venta å gå ned, frå 15,0 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i 2020 til 10,9 i 2030, ein reduksjon på 27 pst. Framskrivninga inkluderer ikkje dei nye verkemidla som vart presenterte i klimaplanen.

Ei halvering av transportutsleppa frå 2005 til 2030 inneber at utsleppa i 2030 må liggje på om lag 7,5 mill. tonn. Ei gradvis utvikling mot ei halvering av transportutsleppa i 2030 vil vere avgjerande for å nå 45-prosentmålet til regjeringa. Den justerte framskrivinga i Nasjonalbudsjettet 2022 syner at dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå transportsektoren er forventa å bli reduserte til 10,9 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i 2030. Dette gjev eit utsleppsgap i 2030 til halveringsmålet på om lag 3,4 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Det er knytt stor uvisse til korleis utsleppsutviklinga vil vere ti år fram i tid. Dei forventa utsleppsreduksjonane som er skisserte i klimaplanen, vil samla sett bidra til at vi ligg an til å om lag halvere utsleppa i 2030 samanlikna med 2005.

15.2.4.3 Forventa effekt av klimaplanen for 2021–2030

Regjeringa foreslo i klimaplanen verkemiddel som vil bidra til å halvere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå transportsektoren innan 2030. Verkemidla skal i tillegg bidra til å innfri måltala for nye nullutsleppskøyretøy frå NTP 2018–2029. Det vart også lagt fram ein handlingsplan for biogass og ein handlingsplan for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren. Grøn omstilling av skipsfarten er ein særskild prioritet for regjeringa. Klimaplanen og Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere og smartere – morgendagens maritime næring* (maritim melding) byggjer vidare på handlingsplanen for grøn skipsfart (2019) og ei vidareutvikling av verkemiddelbruken. Ved behov vil ein greie ut nye verkemiddel for å nå ambisjonen om halvering av utsleppa frå innanriks skipsfart.

Forventa utsleppsleppskutt av framtidig politikk i klimaplanen viser at verkemidla regjeringa har lagt fram i klimaplanen, kan kutte utsleppa i transport med 12 mill. tonn over perioden 2021–2030, samanlikna med referansebanen. Figur 15.5 viser utsleppsbanen for ikkje-kvotepliktige utslepp i transportsektoren med klimaplanen frå regjeringa.


I klimaplanen vart det slått fast at regjeringa vil trappe opp CO₂-avgifta til 2 000 kroner i 2030, noko som kan redusere utsleppa frå transportsektoren med om lag 4 mill. tonn CO₂-ekvivalenter i perioden 2021–2030. Regjeringa foreslår ikkje å

kompensera auka i CO₂-avgifta med redusert vegbruksavgift i statsbudsjettet for 2022. Regjeringa signaliserte òg at ein tek sikte på å stille krav om at alle nye bybussar skal vere nullutslepp i 2025 ved å gjere det til eit statleg krav i alle offentlege innkjøp frå 2025. Korleis kravet òg kan gjelde biogass, skal greiast ut. Det kan gje utsleppskutt på om lag 1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i perioden 2025–2030. Det blir òg varsla krav som sikrar nullutslepp frå personbilar og mindre varebilar frå 2022. Regjeringa tek i tillegg sikte på å innføre nasjonale låg- og nullutsleppskriterium i nye anbod for ferjer og hurtigbåtar, høvesvis i løpet av 2023 og 2025, der det ligg til rette for det. Det er òg varsla krav om låg- og nullutsleppsløysingar for servicefartøy i havbruksnæringa trinnvis frå 2024, der det ligg til rette for det. Vidare vil regjeringa komme tilbake til Stortinget med ein plan for korleis vedtaket som ber regjeringa leggje fram forslag som sikrar null- og lågutsleppsløysingar for offshorefartøy i petroleumsproduksjon, blir følgt opp. Dette inkluderer å vurdere nye krav og innføring av desse frå 2022. Samla kan det gje ein utsleppsreduksjon på opp mot 2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i perioden 2021–2030.

Planen til regjeringa er å halde ved lag dagens nivå på omsetninga av biodrivstoff gjennom å

auke omsetningskravet til vegtrafikk. Det kan gje ein utsleppsreduksjon på om lag 2,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i perioden 2021 til 2030, samanlikna med om nivået på omsetningskravet i prosent hadde blitt halde fast på eit fallande drivstoffvolum. Regjeringa vil òg ta sikte på å innføre eit omsetningskrav for anleggsdiesel frå 2022, som fram mot 2030 blir auka til same nivået som i vegtrafikken. Dette kan gje ein ytterlegare utsleppsreduksjon på 2,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i perioden 2021–2030. Regjeringa vil i tillegg ta sikte på å innføre eit omsetningskrav for skipsfart frå 2022.

Klimaplanen slo fast at måltala frå NTP 2018–2029, jf. punkt 15.2.5.1, ligg fast og innretta verkemidla i planen for å innfri desse. Det å nå måltala vil gje utsleppsreduksjonar ut over det som er effektberekna. Fordi det ikkje er mogleg å talfeste nøyaktig avgiftsinnretting eller nivå på stønadsordningar for kvart år framover, er det heller ikkje mogleg å direkte vurdere utsleppseffekt som følgje av verkemidla. Vidare vil òg byvekstavtalane, regjeringa sin handlingsplan for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren og andre verkemiddel som har betydning for klimagassutsleppa, gje ein utsleppseffekt ut over det som er effektberekna i planen.




Figur 15.6 Verkemidla for å redusere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå transport. Ein føresetnad for å nå måltala frå NTP 2018–2029 er forbetringar i teknologisk modning i ulike delar av transportsektoren. Ein føresetnad for krava innanfor skipsfart er at forholda skal liggje til rette for det.

15.2.4.4 Rapportering på gjennomføringa av klimaplanen

Sidan klimaplanen for 2021–2030 vart lagd fram i januar i år, har regjeringa halde fram arbeidet med å styrkje insentiva for å redusere utsleppa. Figur 15.6 viser verkemidla som blir brukte for å redusere transportutsleppa, medan figur 15.7 viser ei oversikt over korleis dei ulike verkemidla treffer

dei ulike køyretøy- og fartøykategoriane (ikkje uttømmende).

Regjeringa jobbar langs fleire spor for å redusere utsleppa frå transportsektoren: Fleire køyretøy og fartøy med låge eller ingen utslepp blir fasa inn, meir klimavennleg drivstoff i fossile køyretøy og fartøy blir tekne i bruk, det totale transportbehovet blir redusert og det blir lagt til rette for meir



Figur 15.7 Oversikt over korleis dei ulike verkemidla treffer dei ulike køyretøy- og fartøykategoriane (ikkje uttømmende).

bruk av miljøvennleg transport både til person- og godstransport.

I klimaplanen foreslo regjeringa ulike grep for å få auka fart på utsleppsreduksjonane i tråd med måla som er sette. Desse består av vidareførte, endra og i nokre tilfelle nye verkemiddel. Verkemiddelapparatet kombinerer høgare avgift med støttande verkemiddel. Klimaplanen legg opp til å vurdere nivået og utforminga på dei ulike verke-

midla undervegs i perioden i lys av utviklinga i dei faktiske utsleppa og teknologiutviklinga. Under følgjer rapporteringa på utviklinga i verkemiddelbruken.

CO₂-avgifta på mineralske produkt er det viktigaste verkemiddelet for å redusere utsleppa av klimagassar frå transportsektoren. Avgifta bidreg til å auke prisen på fossilt drivstoff og på den måten gjere det meir attraktivt å velje nullutsleppstekno-

logi eller å reise med kollektivtransport, sykle eller gå. I tråd med klimaplanen foreslår regjeringa at CO₂-avgifta blir trappa opp til 766 kr/tonn frå 1. januar 2022. Forslaget er nærmare omtalt i Prop. 1 LS (2021–2022).

I tillegg bidreg måten *bilavgiftene* er innretta på, til at folk vel nullutsleppskøyretøy. Regjeringa har foreslått endringar i bilavgifter for 2022 som følgjer opp regjeringa sine prinsipp for eit berekraftig bilavgiftsystem. Forslaget er nærmare omtalt i Prop. 1 LS (2021–2022).

Enova er det mest sentrale verkemiddelet regjeringa har for stønad til teknologiutvikling og tidleg marknadsintroduksjon av null- og lågutsleppsteknologi, og er ei viktig brikke i Klimaplanen. Regjeringa vil halde fram med den betydelege satsinga gjennom Enova og har spissa Enova som klimaverkemiddel i samband med den fireårige styringsavtalen for 2021–2024. Enova er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å fremje innovasjon og utvikling av nye klima- og energiløysingar og i oppfølginga av klimaplanen for 2021–2030.

Enova har støtta prosjekt i transportsektoren med til saman om lag 5,2 mrd. kroner sidan 2016. I maritim sektor støttar Enova infrastruktur for utsleppsfrie drivstoff, elektrifisering av sjøtransport og teknologiutvikling innan til dømes hydrogen. Når det gjeld køyretøy, støttar Enova teknologiutvikling for tyngre køyretøy, infrastruktur for utsleppsfrie drivstoff og produksjon av biogass og biodrivstoff. Gjennom Nullutsleppsfondet for næringstransport er Enova med på å auke bruken av batteri-, hydrogen- og biogassløysingar både på land og på sjø gjennom tidleg marknadsintroduksjon. Enova har gjeve tilsegn om støtte til om lag 24 600 elvarebilar sidan ordninga vart etablert i 2019. Etter kvart som teknologien modnar på stadig fleire område, vil dette vere viktig for mellom anna å medverke til den tidlege marknadsintroduksjonen av tyngre nullutsleppskøyretøy.

Gjennom støtteordninga *Klimasats* blir det mellom anna gjeve tilskot til klimavennleg transport og klimavennleg areal- og transportplanlegging i kommunane. Totalt er det sidan etableringa i 2016 gjeve tilsegner om 900 mill. kroner til rundt 1 300 prosjekt i kommunar i alle delar av landet gjennom ordninga. Døme på prosjekt som har fått støtte, er arbeidet fylkeskommunane har gjort med låg- og nullutsleppsanbod for hurtigbåtar, etablering av sykkelparkering i kollektivknutepunkt, elektriske varebilar og ladeinfrastruktur til drosjer. Det blir òg gjeve tilskot til planlegging og utgreiing av klimatiltak og til kompetanseheving i nettverk. Klimasats var opphavleg femårig, men

vart i budsjettet for 2021 vidareført med 100 mill. kroner for eitt år. Regjeringa er oppteken av å styrkje det lokale og regionale klimaarbeidet og foreslår å føre vidare tilskotsordninga Klimasats også i 2022 med ei ramme for nye tilsegner på 200 mill. kroner.

Regjeringa slår i klimaplanen fast at kommunane skal bruke gjeldande verkemiddel etter *plan- og bygningslova* for å kutte utslepp. Det blir lagt ned eit omfattande arbeid i norske kommunar for å redusere utslepp gjennom planlegging etter plan- og bygningslova. Staten legg til rette for arbeidet gjennom regelverk, rettleiing, utvikling av verktøy og ved å gje økonomisk støtte. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i 2021 kunngjort eit forprosjekt om eit verktøy for kartlegging av utsleppsinformasjon i kommunal planlegging.

Som ledd i oppfølginga av punktet i klimaplanen om omsetningskrav til *biodrivstoff* har Miljødirektoratet fått i oppdrag å greie ut moglege innretning, moglege nivå og konsekvensar av krava. Fristen for oppdraga er 1. oktober når det gjeld vegtrafikk og anleggsgjerdiesel, og 30. november når det gjeld skipsfart. Deretter kan forslaga bli sende på høyring. I tillegg vil det med to års intervall med start frå 2022 bli gjort ei vurdering, og eventuelt ei justering av omsetningskrava for biodrivstoff. Behovet for utsleppskutt må vegast mot pris, kor tilgjengeleg biodrivstoff er, risiko for avskoging, Noregs folkerettslege forplikningar og handelspolitiske interesser.

Innkjøpsregelverket gjev i dag gode moglegheter for å stille klima- og miljøkrav i *offentlege innkjøp*. Krav i anskaffingar har vore viktige for omstillinga til miljøvennleg transport. For å ytterlegare styrkje offentlege innkjøp som verkemiddel varsla regjeringa i stortingsmeldinga om offentlege innkjøp frå 2019 at den ville utarbeide ein handlingsplan for å auke andelen klima- og miljøvennelege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon. Handlingsplanen vart fremma 9. september 2021 og er utvikla og skal forvaltast av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, DFØ, som er fagdirektorat for offentlege innkjøp. Målet er at planen skal hjelpe dei offentlege etatane med å forenkle, effektivisere, profesjonalisere og målrette sine klima- og miljøvennelege offentlege innkjøp.

Der teknologien ligg til rette for det, tek regjeringa sikte på å innføre *krav til null- og lågutslepp*. For å innføre krav vart eit forslag til endringar i forskrift om energi- og miljøkrav ved anskaffelse av køyretøy til vegtransport sendt på høyring 13. august 2021. Forslaget inneber innføring av nullut-

sleppskrav for offentlege anskaffingar av personbilar, lette varebilar og bybussar, med enkelte unntaksreglar. Dei foreslåtte endringane er planlagde å tre i kraft 1. januar 2022 for personbilar og lette varebilar og i 2025 for bybussar.

Teknologien er framleis ikkje kommen langt nok til at krav til nullutslepp for større varebilar, lastebilar eller langdistansebussar kan tidfestast. Regjeringa vil setje i gang ei utgreiing for å få eit betre grunnlag for å vurdere krav og vil som del av arbeidet mellom anna sjå på erfaringane med kravet til personbilar og lette varebilar.

Innan grøn skipsfart foreslo regjeringa auka bruk av *krav og kriterium om låg- og nullutsleppsløysingar for fleire fartøykategoriar* og eit framhald av satsinga på *grøn flåtefornying* innan lastefartøysegmentet. Det er sett i gang oppfølgingsarbeid knytt til utgreiing og utforming av låg- og nullutsleppskrav og -kriterium, og i samband med budsjett for 2022 foreslår regjeringa ei eiga pilotordning under Forskningsrådets MAROFF-ordning for utvikling og demonstrering av nullutsleppsløysingar for større skip som går i både nasjonal og internasjonal fart. Regjeringa foreslår også ei vidareføring av Hurtigbåtordninga under Miljødirektoratet i budsjett for 2022. Ordninga støttar fylkeskommunar i prosjekt knytte til låg- og nullutsleppsløysingar på hurtigbåtar.

Regjeringa legg opp til at *utbygginga av offentlig tilgjengeleg ladeinfrastruktur* skal vere marknadbasert, men at staten gjennom Enova skal bidra der det ikkje er kommersielt lønnsamt å bygge ut. Enova har dei siste åra bidrege til utbygging av hurtigladarar i område med få eller ingen hurtigladarar og har støtta utbygginga med om lag 150 mill. kroner. Dei siste åra har Enova hatt fokus på områdeutbygging av ladeinfrastruktur i utvalde område der det framleis er behov for offentlig støtte. Dette har resultert i betre dekning i både Troms og Finnmark, Nordland og Namdalen.

Transportverksemdene ser planlegging og utbygging av veg og ladeinfrastruktur i samanheng, jf. mellom anna ny strategi for rasteplassar langs riksveg lansert i desember 2020, der det går fram at det skal leggjast til rette for etablering av ladestasjonar på hovudrasteplassar og døgnkvileplassar langs riksvegnettet.

Som eit ledd i oppfølginga av Stortingets oppmodingsvedtak om å etablere ein nasjonal lade-strategi har Statens vegvesen og Miljødirektoratet fått eit felles oppdrag om å lage eit kunnskapsgrunnlag om ladeinfrastruktur for vegtransport i Noreg. Oppdraget inneber mellom anna å vurdere behovet for offentlig tilgjengelege ladestasjonar

og å vurdere om det eksisterer marknadssvikter og andre barrierar for å oppnå ei ønskt utbygging.

I tråd med Klimaplanen vart det 28. april 2021 gjort endringar i byggteknisk forskrift, slik at det no blir stilt krav om at nye bygg, og bygg det blir gjort større ombyggingar på, skal oppførast som ladeklare. Det vil seie at det er klargjort føringsvegar for elektrisk infrastruktur for ladeanlegg for elbilar, og at det er sett av tilstrekkeleg plass til installasjonar som er nødvendige ved montering av det elektriske anlegget for lading. Endringa tok til å gjelde 1. juli 2021.

For å følgje opp klimaplanen har Samferdselsdepartementet gjeve Statens vegvesen i oppdrag å vurdere og komme med konkret forslag til lemping av vilkåra for oppretting av *lågutsleppssoner av omsyn til klima* og gjere ei brei vurdering av rettslege, tekniske og praktiske problemstillingar knytte til gjennomføring av eventuelle pilotprosjekt med *nullutsleppssoner* i Bergen og Oslo.

Ny *Nasjonal Transportplan (NTP)* for perioden 2022–2033 vart fremja av regjeringa 19. mars 2021. NTP 2022–2033 følgjer opp klimaplanen 2021–2030 og byggjer opp om halveringsambisjonen. Føringsane frå klimaplanen blir lagt til grunn. Det blir mellom anna sett av 75 mill. kroner årleg til å pilotere fossilfrie anleggsplassar i første seksårsperiode. Regjeringa foreslår no å setje av 50 mill. kroner til å setje i gang pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren i statsbudsjettet for 2022. Det totale arealbeslaget frå samferdselsprosjekt skal reduserast gjennom til dømes gjenbruk og optimalisering av vegstreknin-gar, og det skal arbeidast for å redusere utsleppa frå drift og vedlikehald. Effektiv bruk av ny teknologi skal i tillegg bidra til grøn omstilling av transportsektoren.

15.2.5 Jordbruk

15.2.5.1 Sektorambisjon for klima: *Intensjonsavtalen mellom regjeringa og jordbruket*

Regjeringa signerte i 2019 ein intensjonsavtale med organisasjonane i jordbruket. Avtalen er delt opp i tre delar:

- Bidraget frå jordbruket til reduksjonar i klimagassutslepp og opptak i perioden 2021–2030
- Arbeidet regjeringa gjer med forbruksendringar som indirekte kan medføre reduksjonar i klimagassutslepp frå jordbrukssektoren i perioden 2021–2030
- Reglar om korleis avtalen skal følgjast opp, og korleis tiltak skal rekneskapsførast

Jordbruket er berre ansvarleg for tiltaka i del A. Regjeringa er ansvarleg for tiltaka i del B. Effekten av tiltaka i del A og B skal samla gje ein klimagassreduksjon på 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, der ein vesentleg del blir teken i del A. Det er etablert ei gruppe som skal føre rekneskap, i tråd med del C. Grappa skal gjere opp status for progresjonen og utviklinga i arbeidet. Rapportane frå grappa vil liggje til grunn for å vurdere om progresjonen og utviklinga er som føresette i avtalen. Klimaavtalen skal ikkje gje bindingar for den framtidige verkemiddelbruken eller jordbruksforhandlingane, og klimaavtalen kan heller ikkje føresetje auka subsidiar.

Ikkje alle utslepp frå jordbruksaktivitetar blir bokførte som utslepp i jordbruket: Til dømes blir utslepp frå traktorar og maskiner bokførte i transportsektoren, medan opptak og utslepp av CO₂ frå jordbruksareal blir bokførte i arealbrukssektoren. Intensjonsavtalen med jordbruket omfattar utslepp som kan tilskrivast all jordbruksaktivitet innanfor sektorane jordbruk, transport, oppvarming av bygg og arealbruk (unnateke skog) i den offisielle klimagassrekneskapen.

Regjeringa har i Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* lagt til grunn at utsleppa som blir bokførte som jordbruksutslepp, skal ned med 4 mill. tonn. Tala baserer seg på målet i intensjonsavtalen og analysar frå Klimakur 2030 av det potensialet jordbruksnæringa har til å redusere utsleppa sine i andre sektorar. Anslaga frå Klimakur 2030 viser eit potensial for jordbruksnæringa til å redusere utsleppa sine i andre sektorar på om lag 1,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er berre basert på tiltak som i dag blir bokførte i utsleppsrekneskapen.

Dei jordbrukspolitiske måla i Meld. St. 11 (2016–2017) ligg til grunn for landbrukspolitikken: 1) matsikkerheit og beredskap, 2) landbruk over heile landet, 3) auka verdiskaping og 4) eit berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

Hovudoppgåva jordbruket har, er å produsere mat, og utsleppa frå jordbruket kan ikkje fullt ut fjernast. Regjeringa meiner difor det er rimeleg at jordbruket reduserer klimagassutsleppa sine i mindre grad enn andre sektorar. I lågutslepps-samfunnet Noreg i 2050 vil utsleppa frå jordbruket vere av dei siste utsleppa som er att.

15.2.5.2 Status for bidraget frå jordbruket


Sidan intensjonsavtalen med jordbruket omfattar klimatiltak som kan tilskrivast all jordbruksaktivitet innanfor sektorane jordbruk, transport, opp-

varming av bygg og arealbruk (unnateke skog) i den offisielle klimagassrekneskapen, kan utsleppsreduksjonar som bidreg til å nå målet i avtalen komme i fleire sektorar. Sjå figur 15.9 for korleis utsleppa frå jordbruket er fordelte på ulike kjelder, og deira del av samla ikkje-kvotepålagt utslepp. I 2019 var utsleppa frå all jordbruksaktivitet i dei nemnde sektorane på 7,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar (sjå figur 15.9). Utsleppa frå dei utsleppa som i utsleppsrekneskapen høyrer til i jordbrukssektoren, var i 2019 på 4,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar (sjå grøn del i figur 15.9).

Framskrivningane presenterte i Nasjonalbudsjettet 2021 av dei utsleppa som i utsleppsrekneskapen høyrer til i jordbrukssektoren, gjev eit utslepp på cirka 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar per år fram til 2030, med andre ord om lag på dagens nivå. Reknar vi med både utslepp som blir bokførte i jordbrukssektoren, og utslepp frå jordbruksaktivitet som blir bokførte i sektorane transport, oppvarming av bygg og arealbruk, gjev framskrivningane totale utslepp frå jordbruksaktivitet på drygt 7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2030. Framskrivninga viser berre verknaden av allereie vedtekte tiltak og verkemiddel, med andre ord er ikkje effekten av intensjonsavtalen rekna inn. Som tidlegare omtalt har intensjonsavtalen eit mål om å redusere utsleppa og auke opptaka av klimagassar med 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. For utsleppa som blir rekna i jordbrukssektoren, er bidraget frå intensjonsavtalen berekna til å vere 4 mill. tonn over perioden 2021–2030. I figur 15.10 viser linja framskrivninga av utsleppa frå jordbruket. Det skraverete feltet viser dei reduksjonane i utslepp vi må gjere i jordbrukssektoren for å innfri intensjonsavtalen.

Del C i avtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket handlar om reglar om korleis avtalen skal følgjast opp, og korleis tiltaka skal rekneskapsførast. Som ei oppfølging av dette er det etablert ei rekneskapsgruppe som skal skaffe eit faggrunnlag som skal informere partane (Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og staten) om progresjonen og utviklinga i arbeidet med utsleppsreduksjonar og opptaket av karbon i jordbruket.


Det ligg ikkje til Regnskapsgruppa sitt mandat å ta avgjerder knytte til den nasjonale klimagassrekneskapen. Rekneskapsgruppa kan likevel leggje til rette for implementering av ny metodikk eller oppdatering av gjeldande metodikk gjennom å skaffe nødvendig kunnskapsgrunnlag, dokumentasjon eller aktivitetsdata gjennom utgreiingar bestilte av Regnskapsgruppa.



Figur 15.8 Illustrerer korleis regjeringa meiner at intensjonsavtalen med jordbruket om å redusere utsleppa med 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i tiårsperioden 2021–2030 kan oppfyllest.

Rekneskapsgruppa gav sin første delrapport i mars 2021. Første hovudrapport blir levert hausten 2021. I 2021 prioriterer gruppa arbeidet med å rigge eit transparent og robust system for rapportering. På bakgrunn av dette arbeidet vil omtalen

av jordbrukssektoren vidareutviklast i dei årlege klimalovrapporteringane framover. Underlaget frå rekneskapsgruppa vil brukast til å rapportere på framdrift i gjennomføringa av del A og B i avtalen.



Figur 15.9 Utslepp i millioner tonn CO₂-ekvivalenter frå jordbruket fordelt på kjelder og som del av samla ikkje-kvotepliktige utslepp (2019).

Kjelde: SSB og Miljødirektoratet


15.2.5.3 Rapportering på gjennomføringa av intensjonsavtalen

15.2.5.3.1 Klima- og miljøprofilen i jordbruksavtalen for året

Utviklinga av norsk landbrukspolitikkk byggjer på eit samarbeid mellom staten og landbruksnæringa for å nå politisk fastsette mål for landbruket. Verkemidla for å nå desse måla blir fastsette i dei årlege jordbruksoppgjera. Jordbruksavtalen er

dermed hovudverkemiddelet for å utforme og implementere verkemiddel i jordbrukssektoren, inkludert målet om lågare utslepp av klimagassar og auka opptak av karbon.

I årets jordbruksavtale (Prop. 200 S (2020–2021) *Endringer i statsbudsjettet 2021 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2021 m.m.)*) er avsetjinga med klima- og miljøeffekt auka med 238 mill. kroner frå 2021 til 2022. Til dømes er Landbrukets utviklingsfond auka



Figur 15.10 Utsleppsbaner for jordbrukssektoren med klimaplanen frå regjeringa (millioner tonn CO₂-ekvivalenter)

med totalt 48 mill. kroner til fornybar energi, investeringar i gjødseltiltak, biogass og hydrotekniske tiltak. I tillegg er Regionalt miljøprogram auka med 50 mill. kroner.

Klimaeffekten av jordbruksoppgjering skal synleggjerast i dei årlege proposisjonane som omhandlar jordbruksavtalen, jf. Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*. Ei slik årleg berekning vil gje eit kunnskapsgrunnlag som kan hjelpe til med å sikre at dreininga av avtalen i ei meir klimavennleg retning er eit tilstrekkeleg bidrag til å nå målet om reduserte klimagassutslepp frå jordbruket i 2030. Det skal utarbeidast forslag til ein modell som kan brukast til å synleggjere klimaeffekt av jordbruksoppgjering. Det er sett av 0,3 mill. kroner til arbeidet over post 21 i Landbruks- og matdepartementets budsjett. Arbeidet skal avsluttast innan 15. februar 2022.

15.2.5.3.2 Klimatiltak på gardsnivå

Eit særtrekk med jordbrukssektoren er at ein del av utsleppa frå jordbruksaktivitetar ikkje blir bokførte som utslepp i jordbruket: Til dømes blir utslepp frå traktorar og maskiner bokførte i transportsektoren, medan utslepp og opptak av CO₂ frå jordbruksareal blir bokførte i arealbrukssektoren. Klimaavtalen med jordbruket omfattar klimatiltak som kan tilskrivast all jordbruksaktivitet innanfor sektorane jordbruk, transport, oppvarming av bygg og arealbruk (unnateke skog) i den offisielle klimagassrekneskapen. Sjå kapittel 15.2.4 (transport), 15.2.6 (andre ikkje-kvotepliktige utslepp) og 15.3 (Skog- og arealbrukssektoren) for nærmare omtale av desse sektorane.

15.2.5.3.3 Kosthald og matsvinn

Om vi reduserer matsvinnet, treng vi ikkje å produsere like mykje mat. Om befolkninga i større grad følgjer kostråda frå Helsedirektoratet, inneber det at etterspurnaden etter raudt kjøt og foredla kjøtvarer blir lågare. Jordbruket produserer det forbrukarane spør etter. Klimagassutsleppa frå jordbruket blir da lågare. Desse endringane er omfatta av del B i intensjonsavtalen med jordbruket.

Endringar i kosthaldet til befolkninga er avhengig av at fleire tiltak verkar saman på tvers av sektorar, og av eit godt samarbeid mellom offentlege, private og frivillige aktørar. Effekten av enkelttiltak er utfordrande å måle og vanskelege å vurdere isolert frå alt anna som skjer samstundes.

Ifølgje rapportar frå Verdsheelseorganisasjonen og Helsedirektoratet er ein samansett og brei innsats nødvendig for å oppnå resultat.

Regjeringa vil halde ved lag og vidareutvikle arbeidet som allereie er i gang og forankra i *Nasjonale handlingsplan for betre kosthald* (2017–2021/2023) og *Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn* (Meld. St. 19 (2018–2019)). Framover skal særleg eigarskapen til kosthaldsplanen i departementa, forankringa i kommunane og involveringa av frivillig sektor bli betra. I oppfølginga skal berekraft gjerast meir tydeleg i kosthaldsarbeidet.

Arbeidet for å redusere matsvinn er viktig for regjeringa. I bransjeavtalen for reduksjon av matsvinn har fem departement og tolv bransjeorganisasjonar gått saman for å halvere matsvinnet i Noreg innan 2030, samstundes er det fasett delmål for 2020 og 2025. Avtalen er Noregs fremste verkemiddel i matsvinnarbeidet, og ei rekkje verksemder har slutte seg til avtalen. Gjennomføring av avtalen krev samarbeid på tvers av alle bransjar og at moglegheitene innanfor offentleg-privat samarbeid blir utnytta. Sidan opprettinga av avtalen i 2017 er det innført mange ulike tiltak mot matsvinn, mellom anna forbetra merking og tiltak som skal sikre betre haldbarheit og meir kunnskap om haldbarheita til produkta. Første hovudrapportering under avtalen blir lagd fram hausten 2021. Regjeringa arbeider vidare for å utvikle samarbeidet under bransjeavtalen og vil mellom anna styrkje rolla offentleg sektor har i arbeidet. I «Nasjonale strategi for ein grøn, sirkulær økonomi», som vart lagd fram i juni i år, varsler regjeringa i tillegg at ho vil styrkje kunnskaps- og formidlingsarbeidet om førebygging av matsvinn i Noreg. God og målretta kommunikasjon til forbrukarane om kvar dei sjølve kan bidra, er svært viktig for å redusere matsvinnet. I DFØ sin handlingsplan for auka klima- og miljøvennlige offentlege anskaffingar er matsvinn òg eit prioritert område.

Regjeringa har i Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* lagt til grunn at staten skal trappe opp innsatsen for å redusere matsvinn i offentlege verksemder, medrekna kartleggje og rapportere matsvinn i offentleg sektor. Framover vil departementa som har signert bransjeavtalen, arbeide for å auke oppslutninga til avtalen. Regjeringa vil i tillegg gå i dialog med blant andre opplysningskontora i landbruket og Sjømatrådet om å styrkje arbeidet deira for redusert matsvinn.

15.2.6 Reduksjonar i dei andre ikkje-kvotepliktige utsleppa

15.2.6.1 Ambisjonar for utsleppsreduksjonar

Regjeringa har ikkje sett sektorvise ambisjonar for ikkje-kvotepliktige utslepp frå andre sektorar enn transport og jordbruk, men vil leggje til rette for å redusere andre ikkje-kvotepliktige utslepp frå industri, petroleum, energi, avfall, bygg og F-gassar i tråd med målet om å kutte dei ikkje-kvotepliktige utsleppa med 45 pst. Regjeringa legg til grunn ei gradvis utfasing av bruken av naturgass til mellombels byggvarme fram mot 2025 og ei gradvis utfasing av bruken av fossile brensel til energiformål i industrien utanfor kvotesystemet fram mot 2030.

15.2.6.2 Forventa effekt av klimaplanen

Om lag 22 pst. av dei ikkje-kvotepliktige utsleppa kom i 2020 frå industrien, petroleumsverksemda, energiforsyning, oppvarming av bygg, handsaming av avfall, bruk av fluorholdige gassar i produkt og enkelte andre kjelder. Framskivingane med eksisterande politikk tilseier at utsleppa frå desse kjeldene vil halde fram med å falle og vil vere om lag 41 pst. lågare i 2030 enn i 2005, viss verkemidla vi har i dag, blir førte vidare. Det er særleg utsleppa frå oppvarminga av bygg som har falle mykje. Fram mot 2030 viser framskivingane ein liten reduksjon i industrien, medan utsleppa frå petroleumsverksemda er tilnærma stabile.


Regjeringa vurderer at verkemidla foreslått i *Klimaplan for 2021–2030* kan kutte utsleppa med om lag 4 mill. tonn over perioden 2021–2030, samanlikna med referansebanen. Figur 15.11 viser utsleppsbanen for andre ikkje-kvotepliktige utslepp med klimaplanen frå regjeringa.

15.2.6.3 Rapportering på gjennomføringa av klimaplanen


Det er allereie etablert verkemiddel som bidreg til å redusere utsleppa frå industri, petroleum, energiforsyning, oppvarming, F-gassar og behandling av avfall. *Klimaplan for 2021–2030* legg til rette for å redusere utsleppa i desse sektorane i tråd med målet om å kutte dei ikkje-kvotepliktige utsleppa med 45 pst. Auken i klimaavgiftene er det viktigaste regjeringa gjer for å oppnå dette.

Figur 15.12 viser ei oversikt over sektorvise og sektorovergripande verkemiddel for å redusere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå industri, petroleum, energiforsyning, behandling av avfall, oppvarming av bygg og bruk av F-gassar. Figur 15.13 viser ei oversikt over korleis dei ulike verkemidla treffer sektorane (ikkje uttømmende).

I klimaplanen slo regjeringa fast at ein vil auke avgiftene på ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar til 2 000 2020-kroner per tonn CO₂ i 2030. I budsjettforslaget for 2022 blir dette følgt opp gjennom ein foreslått auke til 766 kroner per tonn CO₂ i 2022. Dette vil verke inn på utsleppa frå industrien, petroleumsverksemda, oppvarming av bygg



Figur 15.11 Utsleppsbanen for ikkje-kvotepliktige utslepp frå andre sektorar enn transport og jordbruk med klimaplanen frå regjeringa (millionar tonn CO₂-ekvivalentar)




Figur 15.12 Verkemidla for å redusere dei ikkje-kvotepliktige utsleppa frå industri, petroleum, energiforsyning, behandling av avfall, oppvarming av bygg og bruk av F-gassar.

og bruk og behandling av F-gassar. Regjeringa foreslår å føre vidare dagens 0-sats for naturgass og LPG nytta i kjemisk industri, prosessindustri mv., men vil starte ein prosess for å notifisere fritaket for kvotepliktige verksemder til ESA. Regjeringa foreslår òg å innføre ei avgift på forbrenning av avfall. Forslaga er nærmare omtalte i Prop. 1 LS (2021–2022).

Våren 2021 har regjeringa hatt på høyring krav til utsortering og materialattvinning av bio- og plastavfall frå hushaldsavfall og liknande avfall frå næringslivet, alle krav til materialattvinning av emballasjeavfall. Dette kan føre til at mindre avfall blir sendt til energiattvinning.

Stønad, mellom anna gjennom Enova, reduserer meirkostnadene for aktørar som vil investere i tiltak som kan redusere utsleppa. I ikkje-kvote-



Figur 15.13 Oversikt over korleis dei ulike verkemidla treffer andre utslepp [ikkje uttømmende]

pliktig industri støttar Enova mellom anna auka utnytting av spillvarme, utfasing av fossil varme og elektrifisering av fossilt drivne mekaniske prosessar gjennom regelmessige utlysingar innan tematiske område. Løyvinga til Enova i samband med grøn omstillingspakke i 2020 forsterka denne satsinga.

Det vart òg varsla i klimaplanen at regjeringa vil auke informasjonen og tilsynet med regelverket for dei fluorhaldige gassane HFK. Klima- og miljødepartementet har i supplerande tildelingsbrev for 2021 bede Miljødirektoratet følgje opp dette tiltaket.

Regjering varsla òg i klimaplanen at ho vil greie ut verkemiddel for å redusere bruken og utsleppa av den fluorhaldige gassen SF₆.

15.3 Rapportering skog- og arealbrukssektoren


15.3.1 Sektorforplikting for auka opptak og redusert utslepp frå skog- og arealbrukssektoren

Skog og annan arealbruk er ein av dei tre pilarane i klimasamarbeidet med EU. Denne inkluderer forvalta skog, avskoging, påskoging, dyrka mark, beitemark og våtmark, i tillegg til karbon i treprodukt. Endringar i arealbruken frå ein av desse kategoriane til ein annan av kategoriane blir rekna med, like eins endringar i lageret av karbon i tre-

produkt. I klimaavtalen med EU har vi ei forplikting om at samla utslepp frå skog- og arealbrukssektoren ikkje skal vere større enn samla opptak i sektoren over perioden 2021–2030, med bruk av reknereglane i EU-regelverket (ofte kalla «nettonullforpliktinga»). Kommisjonen har frå 2026 til 2030 foreslått endringar i skog- og arealbruksregelverket, sjå nærmare i kap. 12.5.4.

15.3.2 Status for forpliktinga om «nettonullutslepp» i skog- og arealbrukssektoren

Dersom utviklinga i skog- og arealbrukssektoren følgjer framskrivingane til NIBIO, ligg Noreg an til å få eit gjennomsnittleg årleg berekna samla netto utslepp på om lag 1,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar frå skog og annan arealbruk i perioden 2021–2025 viss Noreg nyttar ein kompensasjonsmekanisme i EU-regelverket. Viss Noreg ikkje gjer bruk av kompensasjonsmekanismen, kan det samla utsleppsgapet frå heile skog- og arealbrukssektoren bli om lag 2,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg. Mykje kjem av store årlege utslepp frå avskoging. Føresetnadene for bruken av kompensasjonsmekanismen er at netto-nullforpliktinga er innfridd i EU samla sett, og at landa har planlagt eller sett i verk nye tiltak for å ta vare på eller auke karbonlagera i skog og anna areal. Kompensasjonsmekanismen gjeld berre for berekna utslepp frå forvalta skog og kan ikkje bli nytta til å nøytra-



Figur 15.14 Forventa årlege utslepp og opptak i første forplikingsperioden (2021–2025) fordelte på dei ulike bokføringskategoriene i EUs regelverk for skog og annan arealbruk og totalt for heile sektoren (millionar tonn CO₂-ekvivalantar). Totalen er samanlikna med netto-null-forpliktinga. Positive tal betyr utslepp (+), medan negative tal betyr opptak (-). Vatn og myr blir inkluderte frå 2026.

Kjelde: Figur basert på tal frå NIBIOs framskrivingar (2019) med nye tal frå den offisielle utsleppsrekneskapen 2020 og endeleg referansebane for forvalta skog (november 2020). Tala vil endre seg grunna metodeforbetringar i klimagassrekneskapen.

lisere utslepp frå avskoging, dyrka mark, beitemark eller vatn og myr. Eit eventuelt bokført utslepp i skog- og arealbrukssektoren vil måtte bli dekt opp anten ved å gjere meir i nasjonal ikkje-kvotepliktig sektor eller ved å nytte andre fleksibilitetsmekanismer.

Figur 15.14 viser korleis utslepp og opptak i Noreg fordeler seg på dei ulike arealkategoriene i EUs regelverk, dersom utviklinga følgjer framskrivingane frå NIBIO. Forvalta skog er område som er skog i dag, og som held fram med å vere skog. Avskoging og påskoging inneber som regel varige endringar av arealbruken: Påskoging er område som går frå ikkje å vere skog til å bli definerte som skog anten som følgje av planting av skog eller naturleg attgroing. Avskoging på si side skjer når skogareal blir tekne i bruk til andre formål, til dømes dyrka mark, vegar eller busetnader. CO₂-utslepp frå dyrka mark og beite blir bokførte i sektoren for skog og arealbruk, medan metan og lystgass frå dyrka mark og beite blir førte som utslepp frå jordbruk og dermed i ikkje-kvotepliktig sektor. I det gjeldande skog- og arealbruksre-

gelverket inngår våtmark, som torv, vatn og myr, i berekningane for perioden 2026–2030, men er ikkje tekne med i figuren sidan tala gjev små utslag.

Vidare viser figuren forventa opptak og utslepp frå dei ulike arealbrukskategoriene og totale utslepp for sektoren både utan og med kompensasjonsmekanismen. Avskoging er forventa å gje det største samla årlege utsleppet på om lag 2,4 mill. tonn CO₂. Forvalta skog er berekna til å gje eit årleg netto utslepp på om lag 0,9 mill. tonn CO₂-ekvivalantar. CO₂-opptak i forvalta skog i perioden 2021 til 2025 blir rekna mot ein referansebane. Om faktisk opptak i forvalta skog blir lågare enn referansebanen, får vi bokført eit utslepp. Om faktisk opptak blir høgare enn i referansebanen, får vi bokført eit opptak. Hogstnivå relativt til nivået i referansebanen har mykje å seie for det bokførte opptaket i forvalta skog. Årsaka til det berekna utsleppet på 0,9 mill. tonn er at referansebanen er knytt til historisk forvaltningspraksis i referanseåra 2000–2009, og at hogsten har auka etter den tida, slik at netto opptak i sko-

gen etter framskrivingane er berekna til å bli lågare enn i referansebanen. Eventuelle utslepp frå forvalta skog vil kunne bli nøytraliserte av kompensasjonsmekanismen. Påskoging vil kunne gje eit årleg nettoopptak på 0,6 mill. tonn CO₂ over perioden 2021–2025. Utslepp frå beitemark og dyrka mark er forventta å utgjere høvesvis 0,03 og 0,01 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg. EU-kommisjonen har foreslått å endre reknereglar for skog- og arealbrukssektoren i samband med forsterkinga av EUs klimamål for 2030. Reknereglar for netto-null-forpliktinga vil kunne bli endra for perioden 2026–2030. Korleis desse reknereglane blir, er førebels ikkje bestemt.

Skogen leverer råstoff som kan foredlast til materiale, fiber, fôr og energi til mange sektorar. Til dømes kan tre erstatte byggjematerialar med høgare utslepp, og restar frå skogindustrien kan bli til biodrivstoff og dermed bidra til å få ned utsleppa frå transport. Utslepp frå hogst av skog blir bokførte i skog- og arealsektoren, medan vinsten av det reduserte utsleppet ved bruk blir synleg i ikkje-kvotepiktig eller kvotepiktig sektor.

Berekningane er førebelse og svært usikre, mellom anna fordi faktisk utvikling i hogsten har mykje å seie for opptaket i forvalta skog, og fordi det er vanskeleg å anslå noko sikkert om omfanget av framtidige arealbruksendringar. I tillegg har det blitt gjennomført betydelege metodeforbetringar i klimagassrekneskapen for skog- og arealbruk som vart send til FN i april 2021, noko som gjer at berekningane vil endre seg.

Utsleppstala i klimagassrekneskapen for arealbrukssektoren endrar seg alltid noko frå eit år til neste fordi det kontinuerleg blir jobba med forbetring av metodikk og datagrunnlag. I tillegg til metodeforbetringane blir berekningane oppdaterte rutinemessig for dei fem siste åra ettersom meir informasjon blir tilgjengeleg frå Landsskogtakseringa. Endringane som er gjorde i klimagassrekneskapen for året, er mellombels meir omfattande enn vanleg. Det er òg forventta at tala vil endre seg betrakteleg også i rapporteringa for neste år, ettersom utviklingsarbeidet framleis er i gang. Endringane kjem som følgje av tilrådingar frå revisjonar gjennomførte i regi av FN. Når det gjeld betydning for netto opptak rapportert for sektoren, er det for tidleg å seie om dei igangsette forbetringsprosjekta i sum vil auke eller redusere dette.

Metodeforbetringane som er i gang, styrkjer kvaliteten på rekneskapen betydeleg og ligg no nærmare dei faktiske biologiske prosessane i jord, skog og andre grønne areal. Framskrivningane på dette området er difor noko utdaterte, men det

er planlagt å lage nye framskrivingar i 2022 når forbetringsarbeidet er avslutta.

I Klimaplanen og framskrivingane for 2021–2030 vart den tidlegare metodikken frå klimagassrekneskapen 2019 lagd til grunn. Det er difor venta at utsleppsgapet og framskrivingane vil bli endra.

15.3.3 Forventa effekt av klimaplanen

I klimaplanen for 2021–2030 la regjeringa frem ei rekkje punkt for å auke opptaket og redusere utsleppa frå sektoren. Det er ikkje mogleg å gje eit nøyaktig svar på kor langt planen vil bringe oss i retning av netto-null-forpliktinga for skog- og arealbrukssektoren, som mest sannsynleg vil gjelde til og med 2025. Det er særleg vanskeleg å talfeste effekten av arbeidet for å redusere utslepp frå nedbygginga av skog og andre grønne areal. I tillegg vil referansebanen for forvalta skog og referansenivåa for dei andre bokføringskategoriane bli endra som følgje av metodeforbetringane i klimagassrekneskapen. Enda vanskelegare er det å gje svar på korleis sektoren vil komme ut i 2030 sidan reknereglane for EUs forsterka klimamål for perioden 2026–2030 er foreslått endra. I alle høve blir det viktig å styrkje opptak og redusere utslepp frå sektoren. Nedanfor følgjer ein omtale av arbeidet med å følgje opp planen gjennom å auke CO₂-opptaket og karbonlageret i skogen, kutte utslepp frå nedbygging av grønne areal og kutte utslepp frå annan arealbruk.

15.3.4 Rapportering på arbeidet med å auke CO₂-opptaket og karbonlageret i skogen

I budsjettproposisjonen for 2022 har regjeringa lagt opp til å føre vidare og styrkje eksisterande klimatiltak i skog for å auke opptaket. Det inkluderer tilskot til tettare planting ved forynging etter hogst, skogplanteforedling, styrkt ungskogpleie, stubbebehandling mot rotrøte og målretta gjødsling av skog som klimatiltak, med tilhøyrande miljøkriterium. Sistnemnde ordning ligg til vurdering hos Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og NIBIO og skal ferdigstillast i løpet av året.

Når det gjeld forskriftsfesting av riktig treslag etter hogst og minstealder for hogst, så vil det krevje revisjon av høvesvis forskrift om berekraftig skogbruk og lov om skogbruk. Endringar av berekraftforskrifta er sende på høyring, medan arbeidet med lovendring ventar på ei «Kartlegging av årsaker til kvifor skogeigaren vel å avverke skog før hogstmoden alder», som NIBIO gjennomfører hausten 2021.

Regjeringa har òg iverksett fleire utgreiingar for å følgje opp Klimaplanen. For skogplanting på nye areal med klare miljøkriterium har Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet sett ut eit oppdrag til Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet om å utarbeide eit forslag til ferdigstilling av ordninga med ei tilhøyrande rettleiing. I tillegg ser Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet behov for ei utgreiing der ein ser nærmare på klimatilpassinga i skogbruket. Utgreiinga skal danne grunnlaget for eventuelle forvaltningsråd som òg vurderer effektar på næringa, naturmangfaldet, friluftsliv og andre interesser.

15.3.5 Rapportering på arbeidet med å kutte utslepp frå nedbygging av grønne areal

Rettleiing til kommunar om god arealplanlegging som tek omsyn til karbonrike areal

Regjeringa har i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023* omtalt nedbygging av karbonrike areal. Regjeringa forventar at fylkeskommunar og kommunar legg vekt på arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, irekna utslepp frå arealbruksendringar. Miljødirektoratet rettleier kommunar om korleis dei kan ta omsyn til skog og andre grønne areal i arealplanlegginga, både for å kutte klimagassutslepp og for å ta vare på naturmangfald og andre miljøverdiar. Kommunane kan kutte utslepp frå nedbygging ved å satse på ei kompakt by- og tettstadsutvikling med god utnytting av område som allereie er utbygde, framfor å leggje beslag på nye grønne areal, og ved å unngå utbygging på dei mest karbonrike areala, slik som myr og torvmark. Miljødirektoratet har utvikla eit verktøy som gjer kommunane i stand til å berekne omtrentleg klimaeffekt av planlagde arealbruksendringar.

Statlege samferdselsprosjekt

Regjeringa har lagt fram Nasjonal transportplan 2022–2033 (NTP). Omsynet til karbonrike areal har her fått ein større plass enn i tidlegare planar. I planen går det fram at regjeringa vil søkje å redusere det samla arealbeslaget i prosjekta gjennom ombruk og optimalisering og ved å ta omsyn til dei mest karbonrike areala. Regjeringa vil vidareutvikle ein metode for å inkludere utslepp frå arealbeslag i dei samfunnsøkonomiske analysane i konsekvensutgreiingar, konseptvalutgreiingar og andre avgjerdsgrunnlag for samferdselsprosjekt.

Statlege byggje- og eigedomsforvaltning

Regjeringa har laga ein strategi for bygg og eigedom i statleg sivil sektor («En bærekraftig, kostnadseffektiv og samordnet bygge- og eiendomsforvaltning»). Strategien inneheld tiltak og prinsipp som vil bidra til å redusere nedbygging av karbonrike areal: Staten skal i hovudsak løyse lokalbehova sine ved å bruke eksisterande bygningar framfor å bygge nytt. Staten må vurdere potensialet for å effektivisere, utvikle og oppgradere funksjonaliteten i eksisterande bygningar. Når det må byggast nytt, skal staten søke etablering i bebygde område, og begrense arealbeslaget så mykje som mogleg. Det skal være ei høg terskel for å bygge ned karbonrike areal (likeins med dyrkbar jord og areal som er viktig for naturmangfold, kulturmiljø, grønstruktur eller friluftsinnteresser). Staten bør heilt unngå utbygging på myr og torvmark.

Fritidsbustader

Utbygging av nye fritidsbustader står for ein stor del av avskoginga i Noreg. Regjeringa arbeider med ei ny rettleiing for fritidsbustader. Rettleiinga vil tilrå at fritidsbustader bør lokaliserast innanfor eller i nærleiken av eksisterande byggeområde, at det må takast omsyn til grønstruktur, og at myrområde må bli unngått.

Avgift

Miljødirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide eit faktagrunnlag og ei fagleg vurdering av ei mogleg avgift på klimagassutslepp frå nedbygging og andre arealbruksendringar. Regjeringa vil vurdere om det er grunnlag for å arbeide vidare med ei slik avgift når Miljødirektoratet har gjeve sin rapport.

Strategi for å hindre utbygging på myr og anna våtmark

Myr lagrar store mengder karbon, og nedbygging av myr gjev difor store klimagassutslepp. Som varsla i klimameldinga vil regjeringa lage ein strategi for å hindre nedbygging av myr. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å lage eit fagleg grunnlag for ein slik strategi.

Regjeringa la i juni 2021 fram ein naturstrategi for våtmark. Myr inngår her som den største naturtypen innanfor våtmark. Eitt av to hovudmål i naturstrategien for våtmark er å bremse nedbyggingstakta vi har i dag for våtmark. For å oppnå

det vil regjeringa mellom anna vurdere å tydeleggjere og skjerp nasjonale forventningar og føringar for arealplanlegginga til kommunane og fylkeskommunane knytt til våtmarker. Regjeringa vil òg vurdere å innføre ei ordning som sikrar arealnøytralitet ved nedbygging av særleg viktige våtmarkstypar.

Stortinget har vedteke ei endring i jordlova § 11. Etter lovendringa kan søknad om nedbygging av myr berre skje «*der omsynet til klima natur- og kulturlandskap ivaretas gjennom ein helhetlig plan godkjend av den enkelte kommune*». Lovendringa trer i kraft frå den tid Kongen bestemmer. Regjeringa vil greie ut konsekvensane av lovendringa før ho blir sett i kraft.

15.3.6 Rapportering på arbeidet med å kutte utslepp frå annan arealbruk

Vurdering av avgift på torvuttak

Regjeringa tek sikte på å innføre ei avgift på uttak av torv frå 2023. Innrettinga på avgifta vil avklarast nærare etter høyring.

Vurdering av forbod mot nye torvuttak. Innfasing av torvfrie produkt

Miljødirektoratet har fått i oppdrag å greie ut konsekvensane av eit forbod mot å opne nye torvuttak. Regjeringa vil vurdere innføring av eit slikt forbod etter ei grundig utgreiing. I mellomtida blir det sett på som ei nasjonal og vesentleg regional interesse å forhindre utnytting av nye myrområde til torvuttak. Nye arealplanar som bryt med denne føringa, kan gje grunnlag for statleg motsegn (presisert i rundskriv T-2/16).

Miljødirektoratet arbeider med innfasing av nye torvfrie produkt i samarbeid med næringsaktørane.

Restaurering av myr

Løyvinga til restaurering av myr og anna våtmark vart auka i RNB og er for 2022 samla på om lag 29 mill. kroner. Miljødirektoratet leier arbeidet etter ein oppdatert plan for perioden 2021–2030. Meir erfaring gjer at ein får ei stadig meir kostnadseffektiv restaurering. Restaureringa skjer mellom anna i samarbeid med Statsskog på deira areal. Fleire kommunar er òg involverte.

Nydyrking av myr

I 2019 behandla Stortinget endringar i jordlova der omsynet til klimaet ved nydyrking var ein del av endringane. Den 2. juni 2020 fastsette Landbruks- og matdepartementet endringar i forskrifta om nydyrking. Utgangspunktet er at nydyrking av myr ikkje er tillaten. Kommunane er gjevne fullmakt til i særlege tilfelle å kunne gje dispensasjon frå forbodet. Stortinget vedtok den 28. mai 2021 å endre jordlova § 11 andre ledd på nytt, slik at søknad om nydyrking eller nedbygging av myr berre kan skje der omsynet til klima, natur- og kulturlandskap blir teke i vare gjennom ein heilskapleg plan godkjend av den enkelte kommunen. Kva konsekvensar den nye endringa får for klimagassutsleppa, er førebels uvisst. Endringa trer i kraft frå den tid Kongen bestemmer. Regjeringa vil greie ut konsekvensane av lovendringa før ho blir sett i kraft.

Omdisponering av skog til beite

Omdisponering av skog til beite har stått for 19 pst. av avskoginga og 8 pst. av utsleppa frå avskoginga i Noreg i perioden 1990–2017. Regelverket knytt til slik omdisponering er litt uklart, og det er difor nødvendig å vurdere korleis ein kan sikre at omlegging frå skog til beite er tufta på reelle behov. Landbruks- og matdepartementet vil i samarbeid med Landbruksdirektoratet greie ut ei regjering for å sikre dette.

15.4 Rapportering kvotepliktig sektor

15.4.1 Om deltaking i kvotesystemet og utvikling av kvotepris

Gjennom EØS-avtalen har Noreg delteke i EUs kvotesystem (EU ETS) sidan 2008. I Noreg omfattar kvotesystemet om lag 140 verksemder i industri, olje og gass og energianlegg. I luftfarten er det seks kvotepliktige operatørar som rapporterer til Noreg. Frå og med 2012 har luftfarten innanfor EØS vore inkludert i kvotesystemet. Bedrifter som deltek i kvotesystemet, blir stilte overfor valet om å redusere eigne utslepp eller kjøpe kvotar. Der utsleppsreduksjonar er kostbare, vil bedriftene velje å kjøpe kvotar, medan dei minst kostbare utsleppsreduksjonane blir gjennomførte. Kvotesystemet vil dermed bidra til vesentleg å redusere utsleppa for dei deltakande landa sett under eitt. Om utsleppsreduksjonane skjer i bedrifter lokaliserte i Noreg eller i EU, påverkar ikkje måloppnåinga til Noreg.


Det er ikkje fastsett nasjonale utsleppsmål for dei kvotepliktige utsleppa. Regjeringa ønskjer likevel å støtte opp under utsleppskutt og utvikling av nye grønne næringar i kvotepliktig sektor, gjennom mellom anna støtte til forskning og innovasjon og generelle rammevilkår som skatt og avgift, for at industri og næringsliv skal ha låge utslepp, høg verdiskaping og produsere produkt som trengst i eit lågutsleppssamfunn.

Inntektene frå auksjon med minst 450 mill. kvotar skal brukast til å støtte CO₂-handtering (CCS), innovativ fornybar energi og lågutsleppsteknologiar og -prosessar i industrien. Norske verksemdar kan søkje om støtte til utsleppsreducerande tiltak innanfor relevante sektorar. CO₂-handteringsanlegget ved Oslo Fortum Varme er med i konkurransen om å få støtte frå EUs Innovasjonsfond i 2021.

EU er oppteke av at industrien ikkje skal velje å flytte til andre land utanfor Europa på grunn av kvotesystemet. Industri med risiko for utflytting får difor ein del kvotar gratis, og nokre sektorar kan òg få kompensasjon for auke i kraftprisen som følgje av kvotesystemet – såkalla CO₂-kompensasjon. I 2022-budsjettet er det løyvd 2 800 mill. kroner til CO₂-kompensasjonsordninga. Utbetalingane i 2022 gjeld for støtteåret 2021. EU-kommi-

sjonen har revidert retningslinjene for CO₂-kompensasjon for perioden 2021–2030. Regjeringa vil føre vidare den norske CO₂-kompensasjonsordninga for perioden 2021–2030 og arbeider no med å vurdere korleis ei ny forskrift om CO₂-kompensasjon for industrien kan innrettast i Noreg.

Kvotepriisen vil ha stor innverknad på kor store utsleppskutt som vil skje i kvotepliktig sektor i Europa. Prisen i den europeiske kvotemarknaden (EU ETS) har variert mellom 0 og noko over 60 euro per tonn sidan marknaden vart etablert i 2005. Ein av dei viktigaste drivarane for kvotepriisen er forventingar om kva ambisjonar EU har for reduksjonen i utsleppa, og korleis dette blir reflektert i tilgangen på kvotar i EU ETS. EUs ambisjon om klimanøytralitet i 2050 og eit meir ambisiøst mål for 2030 er døme på det. Det siste året har kvotepriisen auka til over 60 euro/tonn. I 2021 har snittprisen vore om lag 48 euro/tonn (per september 2021). Til samanlikning var snittprisen 25 euro/tonn i 2020. Scenarionslaga for åra 2022–2030 indikerer at marknaden trur på ei jamn stiging av prisene fram mot 2030, og ein mogleg kvotepris på opp mot 90 euro/tonn i 2030. Slike anslag er sjølvsaugt hefta med stor uvisse. Om kvotepriisen vil utløyse tiltak i



Figur 15.15 Historiske kvoteprisar og estimerte framtidige kvoteprisar (løpande) i euro per tonn CO₂-ekvivalentar. Dei historiske prisane er årlege gjennomsnitt. Forward-prisar er snitt 20 siste handledagar. Medianen er henta ut frå eit sett med scenario.

Kjelder: Thomson Reuters, Carbon Pulse Poll

Noreg, kjem an på om det finst tiltak som er billigare enn kvoteprisen.

Figur 15.15 inneheld historiske data for perioden 2008 til september 2021, forward-prisane for åra 2022–2025 og medianen frå ulike scenarior med anslag for kvotepris mot 2030 frå ei rekkje

analysebyrå og finansielle aktørar. Anslaga er baserte på ulike føresetnader knytte til dei ulike drivarane i marknaden. Figuren inkluderer også analysen til Refinitiv frå juli 2021. Forward-prisane er rentejusterte marknadsprisar (kjelde: ICE-ECX).

Tabell 15.2 Historiske kvoteprisar, årleg snitt, euro per tonn.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Historisk pris euro/tonn	22,4	13,4	14,5	13,3	7,5	4,5	6,0	7,7	5,4	5,8	15,9	24,9	24,5	47,6

Kjelde: Refinitiv (ThomsonReuters)

15.4.2 Rapportering på oppfølging av klimaplanen

Det er i hovudsak prismekanismane knytte til kvoteordninga som skal sørge for å løyse ut tiltak i kvotepliktig sektor. Tiltak baserte på tilgjengelege teknologiar der kostnadene er lågare enn kvoteprisen, vil vere lønnsame for selskapa å gjennomføre. Vidare har selskapa i kvotepliktig sektor høve til å søkje støtte for å ta i bruk innovativ klimateknologi gjennom EUs innovasjonsfond.

Petroleumsverksemda, størstedelen av innanriks luftfart og bruken av naturgass i industrien har CO₂-avgift i tillegg til kvoteplikt. All innanriks luftfart er òg pålagd flypassasjeravgift og krav om omsetning av avansert biodrivstoff.

Kvotepliktig sektor var ikkje ein del av mandatet for utgreiinga Klimakur 2030, slik at det ikkje ligg føre noka tilsvarende oversikt over tiltak og tiltakskostnader for tiltaka i kvotepliktig industri og petroleumsverksemda som det gjer for ikkje-kvotepliktig sektor. Ein har difor ikkje eit samla kunnskapsgrunnlag som kan seie noko om kva for tiltak som kan løysast ut med aukande kvotepris.

15.4.2.1 Styrkje Enova som klimaverkemiddel for innovasjon

Enova er det mest sentrale verkemiddelet regjeringa har for stønad til seinfase teknologiutvikling og tidleg marknadsintroduksjon av null- og lågutsleppsteknologi. Enova er styrt av Klima- og miljødepartementet på overordna nivå gjennom fireårige styringsavtalar. Regjeringa har spissa Enova som klimaverkemiddel i den nye avtalen for 2021–2024 gjennom auka vekt på utsleppsreduksjonar fram mot 2030 og på teknologiutvikling og innovasjon som bidreg til utsleppsreduksjonar fram mot

lågutsleppssamfunnet i 2050. Enovas aktivitet innan teknologiutvikling og innovasjon er særleg relevant i samband med dei kvotepliktige utsleppa ettersom offentleg stønad til teknologiutvikling er eit viktig supplement til kvotesystemet. Enova skal også hjelpe norske verksemdar til å søkje støtte gjennom EUs innovasjonsfond.

15.4.2.2 Kutte utsleppa i olje- og gassverksemda

Regjeringa har gjennom klimaplanen varsla ein auke i CO₂-avgifta på kvotepliktige utslepp frå petroleum i takt med auken i avgifta for ikkje-kvotepliktige utslepp, slik at den samla karbonprisen (avgift + kvotepris) i 2030 er om lag 2 000 kroner per tonn CO₂. Den totale karbonprisen skal ikkje overstige 2 000 kroner i perioden 2021–2030. Det gjer det meir lønnsamt å kutte utslepp og gjer det enklare for næringane å planleggje utsleppsreduksjonar. I 2022 foreslår regjeringa å auke CO₂-avgifta i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen med 15 pst., til eit felles avgiftsnivå for kvotepliktige utslepp frå luftfart og petroleum på om lag 631 kroner per tonn CO₂. Forslaget er nærare omtalt i Prop. 1 LS (2021–2022).

Stortinget har i vedtak 684 bede regjeringa om «... sammen med bransjen legge fram en plan for hvordan utslippene fra olje- og gassproduksjonen på norsk sokkel reduseres med 50 pst. innen 2030, sammenlignet med 2005, innenfor dagens virkemiddelbruk».

I stortingsmeldinga *Energi til arbeid* (Meld. St. 36 (2020–2021)) har Olje- og energidepartementet følgt opp Stortingets vedtak. Olje- og energidepartementet vil i samråd med næringa utarbeide ein plan for å måle og synleggjere framdrifta i arbeidet til selskapa med å redusere utsleppa. Planen skal gjelde frå utgangen av 2021. For å sikre eit godt og felles faktagrunnlag vil departementet gje

ein status for utviklinga i dei årlege budsjettproposisjonane, i tillegg til å gje ein breiare gjennomgang kvart tredje år, første gongen i 2024.

15.4.2.3 Kutte utslepp og omstille industrien

Industrien treng gode rammevilkår, tilgang til fornybar energi og støtte til forskning og utvikling i Noreg og tilgang til internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid for å kunne lykkast i omstillinga si til låge utslepp.

Enova bidreg til teknologiutvikling og innovasjon i industrien og fekk som del av ein grøn omsstillingspakke i 2020 ei eingongsløyving på 2 mrd. kroner for å forsterke nettopp satsinga på teknologiutvikling i industrien og bidra til grøn omstilling på vegen ut av krisa. Løyvinga har hatt ein mobiliserande effekt på industrien ved at det gjev potensielle søkjarar tryggleik om at Enova har midlar til å støtte gode prosjekt i det prosjekta er klare. Dette aukar insentiva bedriftene har til å setje i gang arbeidet med å utforme prosjekt. Midlane har gjort det mogleg for Enova å auke innsatsen gjennom støtteprogrammet *Klima- og energisatsinger i industrien*.

15.4.2.4 Kutte utsleppa i luftfart

CO₂-avgifta og kvoteplikta er dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutsleppa frå luftfarten. CO₂-avgifta på innanriks kvotepliktig luftfart vart i Klimaplanen varsla å auke i takt med avgifta på ikkje-kvotepliktige utslepp, slik at den samla karbonprisen (avgift + kvotepris) i 2030 er om lag 2 000 kroner per tonn CO₂. Den totale karbonprisen skal ikkje overstige 2 000 kroner i perioden 2021–2030. I 2022 foreslår regjeringa å auke CO₂-avgifta for kvotepliktig luftfart med om lag 5 pst., til eit felles avgiftsnivå for kvotepliktige utslepp frå luftfart og petroleum på om lag 631 kroner per tonn CO₂. Forslaget er nærmare omtalt i Prop. 1 LS (2021–2022).

Regjeringa aukar satsinga på innfasing av låg- og nullutsleppsfly og fører vidare samarbeidet mellom EASA (European Aviation Safety Agency) og Luftfartstilsynet om tidleg introduksjon av låg- og nullutsleppsfly. Regjeringa har bede Luftfartstilsynet og Avinor om å bidra til at bakkebasert infrastruktur og luftrom blir tilgjengelege for testing av låg- og nullutsleppsteknologi. I forslag til statsbudsjettet for 2021 vart det fremja fritak for flypassasjeravgifta for reiser med låg- og nullutsleppsfly, med atterhald om ESAs godkjenning, for å forsere innfasinga av slike fly. Luftfartstilsynet, Avinor og Miljødirektoratet har nyleg

utgreidd, på oppdrag frå SD og KLD, kva som kan inngå i definisjonen av låg- og nullutsleppsfly, slik at Skattedirektoratet kan begynne å praktisere avgiftsfritaket når slike løysingar kjem på marknaden. Flypassasjeravgifta er mellombels oppheva for 2020 og 2021. Regjeringa foreslår å gjeninnføre flypassasjeravgifta i 2022, sjå omtale i Prop. 1 LS (2021–2022).

Internasjonalt samarbeid betyr òg svært mykje for å omstille luftfarten, og regjeringa vil halde fram med arbeidet sitt for eit høgare ambisjonsnivå både for EU ETS og CORSIA. Regjeringa har i tillegg ein ambisjon om å saman med andre nordiske land vurdere korleis utsleppa frå internasjonal luftfart kan reduserast fram mot 2030, mellom anna vurdere å fjerne avgrensinga på skattlegginga av drivstoff levert til internasjonal luftfart i den fellesskandinaviske standard luftfartsavtalen.

15.5 Rapportering på omstilling og grøn konkurransekraft for norske verksemdar

15.5.1 Innleiing

Dette kapitlet omhandlar dei meir tverrgåande verkemidla og tiltaka i klimaplanen som skal syte for ei grøn omstilling og konkurransekraft for norske verksemdar. Dette gjeld utvikling av ny teknologi og nye løysingar, men òg utvikling av regelverk og rammevilkår for auka produksjon og bruk av fornybar energi, finansiering av grøne løysingar, og produksjon, bruk og ombruk av bygg og infrastruktur. 2030 er ein viktig milepåle for ei langsiktig omstilling som er nødvendig for å nå dei ambisiøse klimamåla i 2050.

15.5.2 Ekspertutval for klimavennlege investeringar

Klimaplanen varsla at det skulle setjast ned eit ekspertutval for klimavennlege investeringar. Ekspertutvalet vart oppretta i august 2021 og skal levere rapporten sin innan utgangen av juni 2022. Ekspertutvalet har fått i mandat å vurdere rammevilkåra og marknaden for klimavennlege investeringar og lange verdikjeder basert på bruk av fornybare ressursar i Noreg. Den overordna føringa for utvalet er å fremje størst mogleg samla verdiskaping innanfor berekraftige rammer og å bidra til at vi når klimamåla våre på ein mest mogleg effektiv måte.

Utvalet skal mellom anna vurdere om dagens samla rammevilkår bidreg til ein velfungerande

marknad med tilstrekkeleg tilgang til kapital for samfunnsøkonomisk lønnsame klimavennlege investeringar og verdikjeder basert på fornybare ressursar over heile landet. Utvalet skal også samanlikne rammevilkåra for klimavennlege investeringar og verdikjeder basert på fornybare ressursar i Noreg med rammevilkåra i nabolanda våre og EU. Ekspertutvalet skal bygge vidare på eksisterande arbeid om problemstillingane som mandatet tek opp, og skal sjå arbeidet sitt i samheng med utvalet som skal utgreie perspektiv for skatte- og avgiftssystemet framover.

Ekspertutvalet består av medlemmer frå både næringsliv, finans og akademia. Det vil i tillegg bli sett ned ei referansegruppe bestående av ytterlegare ekspertise med erfaring frå både industri og finans.

15.5.3 Forsking, utvikling og innovasjon for ei langsiktig omstilling

15.5.3.1 Norsk deltaking i internasjonal forskning og innovasjonssamarbeid

Forsking og innovasjon bidreg til å nå klimamåla. Regjeringa vil auke norsk deltaking i internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og satse på klimasamarbeidet med EU som eit av hovudverktøya for grønn omstilling.

Europas grøne giv er EUs vekststrategi og ein sektorovergripande plan for å gjere Europa til den første klimanøytrale regionen i verda innan 2050. Forskings- og innovasjonssamarbeid er sentralt for å nå måla i Europas grøne giv.

Norsk deltaking i Horisont 2020 (2014–2020) har auka kvaliteten i norsk innovasjons- og konkurransevne (SA rapport 6/2020). Norske aktørar har blitt tildelt 2,9 mrd. kroner av midlane frå Horisont 2020 til programma for klima, miljø og energi. Samla sett utgjer det litt over ein femdel av dei totale tildelingane til norske aktørar (11,2 mrd. kroner).

Horisont Europa er EUs forskings- og innovasjonsprogram for perioden 2021–2027. Noreg deltek i Horisont Europa på grunnlag av EØS-avtalen. I Horisont Europa er det eit mål om at minst 35 pst. av tildelte midlar skal bidra til klimarelatert forskning og innovasjon. Programmet skal bidra til å nå måla i Europas grøne giv. Strategien regjeringa har for norsk deltaking i Horisont Europa og Det europeiske forskingsområdet frå juni 2021, gjev føringar for norske prioriteringar¹³.

InvestEU er eit finansieringsprogram der lånegaranti- og eigenkapitalverkemiddel frå 13 tidlegare EU-program blir vidareførte. Noreg deltek i

delar av InvestEU på grunnlag av EØS-avtalen. Programmet er eit sentralt verkemiddel for ny grønn industri og sikring av eigne verdikjeder.

Noreg har slutta seg til IPCEI (Important Projects of Common European Interest) for Hydrogen. Enova forvaltar ordninga nasjonalt. Ved å kople oss på Europas hydrogensatsing kan vi både setje fart på utviklinga og gje norske bedrifter ei god mogelegheit til å auke kvaliteten på prosjekta sine gjennom breitt samarbeid med europeiske aktørar. Enova melder om stor interesse blant norske bedrifter for deltaking i IPCEI Hydrogen. I vår valde Enova ut fem aktørar som går vidare etter første evalueringsrunde i den norske interessekartlegginga. No er arbeidet i gang med å modne prosjekta og kople dei saman med relevante prosjekt frå dei 22 andre europeiske deltakarlana. Regjeringa vil også vurdere mogelegheitene for og vurdere om det vil vere nyttig å knyte seg til eksisterande IPCEI-prosjekt innan batteri.

Panoramastrategien (2021–2027) er regjeringa sin plan for korleis Noreg skal auke samarbeidet om forskning, høgare utdanning og innovasjon med land utanfor EU/EØS på ein heilskapleg og langsiktig måte¹⁴. Den omfattar ni land – Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Russland, Sør-Afrika, Sør-Korea og USA. Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning og FN's berekraftsmål er dei viktigaste tematiske prioriteringane i strategien. Noreg deltek i dei internasjonale samarbeidsplattformane Mission Innovation (MI) og Clean Energy Ministerial (CEM) der land samarbeider om høvesvis utvikling av klimavennleg teknologi og innovasjon og raskare overgang til rein energi. I år vart ein ny femårsperiode for Mission Innovation lansert (MI 2.0). Noreg prioriterer i første runde å vere med i satsinga på utsleppsfri skipsfart og rein hydrogen.

Havet spelar ei sentral rolle i den globale klimareguleringa, men forståinga av dei grunnleggjande funksjonane i havet er enno ufullstendig. Etablering av denne kunnskapen har heilt avgjerande betydning for klimapolitikken, og ho må baserast på eit breitt og omfattande internasjonalt forskingssamarbeid. Dette har vore ei viktig grunngeving for etableringa av FN's internasjonale havforskingsstiar 2021–2030 for berekraftig utvikling. Noreg har vore ein pådrivar for denne satsinga.

¹³ Strategi: Regjeringa sin Strategi for norsk deltaking i Horisont Europa og Det europeiske forskingsområdet. Juni 2021.

¹⁴ Panorama (regjeringen.no)

15.5.3.2 Grøn plattform-samarbeidet og rapportering

Regjeringa satsar på Grøn plattform-samarbeidet mellom Forskingsrådet, Innovasjon Noreg og Siva som eit av hovudverktøya for å styrkje omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Enova er også involvert i dette samarbeidet.

Plattformen vart etablert som ein del av den grønne omstillingspakken for å bidra til innovasjon og utvikling trass i dei økonomiske konsekvensane av koronapandemien. Grøn plattform har så langt i 2021 tildelt 27,8 mill. kroner til 93 forprosjekt og om lag 1 mrd. kroner til 11 hovudprosjekt.

Regjeringa vil også at verkemiddelapparatet kartlegg løyvingar og rapporterer på ein samanliknbar måte om korleis løyvingane innan forskning og innovasjon bidreg til lågutsleppssamfunnet. Kartlegginga skal byggje på arbeidet med rapportering som er sett i gang innanfor Grøn plattform. For utvikling av ein samla rapportering så er det sett ut eit oppdrag til verkemiddelaktørane om å komme med forslag om korleis rapporteringa på grønne forskings- og innovasjonsprosjekt kan bli meir samanliknbar. Nærings- og fiskeridepartementet har teke imot eit notat frå Innovasjon Noreg, Forskingsrådet og Siva med tilrådingar for rapportering på prosjekt med klima- og miljøinnhald.

15.5.4 Satse på fangst og lagring av CO₂

Regjeringa gjennomfører prosjektet Langskip, eit prosjekt for fangst, transport og lagring av CO₂. Langskip skal medverke til å utvikle CO₂-handtering som eit effektivt klimatiltak og gje teknologiutvikling i eit internasjonalt perspektiv.

Olje- og energidepartementet fekk gjennom behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021) fullmakt frå Stortinget til å inngå tilskotsavtalar med Northern Lights JV DA og fangstaktørane Norcem og Fortum Oslo Varme. Tilskotsavtalane er signerte, og arbeidet med prosjektgjennomføringa går som planlagt. Regjeringa støttar Norcem som første fangstprosjekt og Northern Lights som er ansvarleg for transport og lager. Forum Oslo Varme kan òg få støtte, under føresetnad av at dei finn tilstrekkeleg eigenfinansiering frå EU eller andre kjelder. Northern Lights og Norcem har byrja arbeidet på anlegga sine, medan Fortum Oslo Varme har kvalifisert seg til siste søknadsrunde om støtte frå EUs Innovasjonsfond. Fortum Oslo Varme er no eit steg nærmare å sikre seg nødvendig finansiering frå EU eller andre kjelder.

Avgjerda om å gjennomføre Langskip har medført auka interesse for CO₂-handtering i Noreg og Europa. Med atterhald om styresmaktprosesser har Northern Lights, som skal operere transport- og lagerløysinga i Langskip, søkt løyve til å bore ein brønn nummer to allereie i 2022 for å kunne tilby ein årleg kapasitet på 1,5 mill. tonn CO₂ ved oppstart av lageret. Ein brønn nummer to har på visse vilkår rett på tilskot etter tilskotsavtalen og er allereie inkludert i styrings- og kostnadsrammene for Langskip.

Northern Lights opplever eit voksende kundegrunnlag og har starta planlegging med sikte på å framskande fase to av prosjektet. Ei eventuell gjennomføring av fase 2 vil utvide lagringskapasiteten til om lag 5 mill. tonn CO₂ per år. Northern Lights er i aktiv forhandling med aktørar som samla representerer utslepp på mellom 8 og 10 mill. tonn CO₂ per år. Aktørane er i stor grad avhengige av støtte frå nasjonale styresmakter og/eller EUs innovasjonsfond for å kunne gjennomføre prosjekta sine. Heidelberg Cement, som eig Norcem, arbeider no med åtte ulike CO₂-handteringsprosjekt der Norcem Brevik er det mest modne. Nyleg kunngjorde Heidelberg Cement, som også eig svenske Cementa, at dei har til hensikt å utvikle det første klimanøytrale sementanlegget i verda i Slite på Gotland i Sverige. Langskip og prosjektet hos Norcem i Brevik har vore avgjerande for denne satsinga.

15.5.5 Klima- og miljøambisjonar for statlege bygg

Byggsektoren bidreg med klimagassutslepp frå oppvarming av bygg, frå anleggsplassar og frå produksjon av byggjematerialar. Klima- og miljøpåverknad frå statlege lokale og statlege byggjeprojekt må ned. Tydelege krav til klima og miljø vil hjelpe med å skape ein større marknad for grønne innovative løysingar. Regjeringa la i klimaplanen for 2021-2030 fram klimaambisjonar for statlege bygg og eigedom i statleg sivil sektor. Ambisjonane skal gjelde for staten som byggherre, eigedomsforvaltar og leietakar. Regjeringa vil òg i samarbeid med bransjen, legge til rette for at byggje- og anleggsplassar skal vere fossilfrie innan 2025, og har lagt fram ein Handlingsplan for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren. Fossilfrie anleggsplassar er omtalte i kapittel 15.2.5.

Regjeringa har laga ein heilskapleg strategi for bygg og eigedom i statleg sivil sektor. Strategien vil presentere nye ambisjonar og tiltak på fleire område, mellom anna klima, miljø, energi, lokalisering og utvikling av byggje- og eigedoms-

næringa. Desse vil bygge på mellom anna Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* og Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi. Strategien vil gjelde for leie av lokaler i markedet, eiendomsforvaltning og byggeprosjekter.

15.5.6 Grøn finans

Finansnæringa har ei viktig rolle i det grønne skiftet gjennom å kanalisere kapital til berekraftige prosjekt og løysingar. Europakommisjonen lanserte i 2018 ein handlingsplan for berekraftig finans, der dei varsla ei rekkje tiltak, irekna konkret regelverksutvikling. Det mest sentrale tiltaket i arbeidet Kommisjonen gjer med berekraftig finans, er etableringa av eit rammeverk som definerer berekraftige økonomiske aktivitetar, den såkalla taksonomien. Regjeringa følgjer regelverksutviklinga i EU tett.

For å leggje til rette for tettare dialog og informasjonsutveksling mellom styresmakter, næringsliv, academia og andre partar dette vedkjem, har Finansdepartementet etablert ei referansegruppe for berekraftig finans. Referansegruppa skal vere eit forum for informasjonsutveksling om aktuelle regelverksprosessar, identifi- sering av forhold av særleg betydning for norske interesser, og for å nyttiggjere seg av kunnskap og innsikt hos academia og andre. Etableringa av referansegruppa er ledd i oppfølginga av klimameldinga der regjeringa varsla at ho vil ha dialog med næringslivet om korleis det kan leggjast til rette for betre avgjerdsrelevant selskapsrapportering om klima- og miljørelaterte tilhøve.

I Klimameldinga vart det òg varsla at regjeringa vil sjå på behovet for endringar i rekneskapslova, slik at investorar og andre aktørar kan få relevant og samanliknbar klima- og miljøinformasjon. Regjeringa fremja 4. juni 2021 forslag om ei ny lov om berekraftig finans for Stortinget. Lovforslaget gjennomfører to EU-forordningar på berekraftig-finans-området, irekna forordning om ein taksonomi for berekraftig økonomisk aktivitet og ei forordning om krav om offentleggjering i finanssektoren¹⁵.

15.5.7 Fornybar energi gjer det mogleg med endring

For å nå klimamåla våre og greie omstillinga til lågutsleppssamfunnet må energipolitikken byggje opp under det overordna målet til regjeringa om å skape fleire lønnsame arbeidsplassar og å kutte utsleppa, ikkje utviklinga. Regjeringa la fredag 11. juni fram stortingsmeldinga *Energi til arbeid* om langsiktig verdiskaping frå norske energiresursar (Meld. St. 36 (2020–2021)). Meldinga byggjer vidare på klimaplanen frå regjeringa og peiker ut fire hovudmål for å vidareutvikle Noreg som energinasjon. Fornybare energiresursar skal nyttast og foredlast i Noreg. Regjeringa vil hegne om konkurransekrafta til den etablerte industrien og leggje til rette for nye lønnsame arbeidsplassar. Elektrifisering skal gjere Noreg grønar og betre. Vi skal nytte energiresursane til nye næringar som bidreg til å omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn. Nokre døme er produksjon og bruk av hydrogen, vindkraft til havs, karbonfangst og -lagring og batteriproduksjon. Regjeringa har i denne samanhengen lagt fram eit vegkart for hydrogen og ei rettleiing for havvind. Noreg skal også vidareutvikle ei framtidsretta petroleumsværksemd.

Regjeringa la også fram ein elektrifiseringsstrategi i stortingsmeldinga. Strategien skal på kort sikt medverke til å oppfylle Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* og leggje til rette for gjennomføring av modne prosjekt for kraft frå land til norsk sokkel. Hovudutfordringa i åra framover er knytt til behovet for auka kapasitet i kraftnettet og evna kraftsystemet har til å møte eit aukande effektbehov. Elektrifiseringsstrategien frå regjeringa består av tiltak som skal medverke til ei balansert utvikling i kraftforsyninga, og som skal stimulere til å erstatte fossil energi med fornybare alternativ.

¹⁵ Sjå meir informasjon her: Ny lov om bærekraftig finans – regjeringen.no. Sjå nærmare omtale av regjeringa sitt arbeid med berekraftig finans i Meld. St. 31 (2020–2021) *Finansmarkedsmeldingen 2021*.

16 Oppfølginga av Noregs klimamål for 2050

16.1 Innleiing

Noreg har eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Eit ambisiøst langsiktig klimamål er viktig for å sende eit tydeleg signal om kvar utsleppsutviklinga skal på lengre sikt. Styresmaktene skal føre ein truverdig klimapolitikk som gjev tydelege og føreseielege signal til privat sektor om kostnadene framover ved å sleppe ut klimagassar. Regjeringa sin klimaplan for 2030 og verkemidla vi har i dag, legg difor eit viktig grunnlag for å gjere Noreg til eit lågutsleppssamfunn i 2050.

Klimaplanen for 2030 skal ikkje berre innfri klimamåla vi har for 2030, men må samstundes ta oss det nødvendige stykket på vegen til lågutsleppssamfunnet i 2050. Ifølgje lågutsleppsstrategien frå regjeringa er Noreg i 2050, som andre land, eit samfunn med låge utslepp i alle sektorar. Energi- og ressurseffektiviteten er høg, og sirkulære krinsløp pregar produksjonen og forbruket. Å lykkast med denne omstillinga er viktig for konkurransekrafta i norsk økonomi. Klimaplanen for 2030 gjev difor eit viktig grunnlag for oppfølginga av klimamålet for 2050. Samstundes er det fleire av verkemidla til regjeringa som har eit langsiktig perspektiv og vil bidra å redusere utslepp fram mot 2050.

Regjeringa sette 13. august ned eit offentleg utval som skal gjere ei heilskapleg utgreiing av dei vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet i 2050. Eit godt kunnskapsgrunnlag vil vere avgjerande for å styrkje og tilpasse politikken over tid for å omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn i 2050.

16.2 Noregs lågutsleppsstrategi for 2050

16.2.1 Korleis ser lågutsleppssamfunnet ut?

Parisavtalen seier at alle land bør søkje å formulere og melde inn langsiktige strategiar for lågutslepp av klimagassar i lys av dei langsiktige målestjingane i Parisavtalen. I Paris-vedtaket er landa inviterte til å kommunisere slike strategiar innan 2020. Å leggje fram ein slik strategi er frivillig, vil

ikkje innebere nye internasjonale forpliktingar og har ingen rapporterings- eller bokføringskrav.

Regjeringa la hausten 2019 fram ein lågutsleppsstrategi, sjå Klima- og miljødepartementets budsjettproposisjon 2019–2020 vedlegg I.

I lågutsleppsstrategien blir Noreg beskrive som lågutsleppssamfunn i 2050 med følgjande overordna karakteristikkar:

- Lågutsleppssamfunnet er eit samfunn med låge utslepp i alle sektorar.
- Areal, skog og ressursar blir forvalta på ein berekraftig måte som legg til rette for høgt opp- tak og låge utslepp. Areala våre lagrar karbon og forsyner oss med materialar, mat og energi.
- Eit grønt næringsliv med låge utslepp av klimagassar.
- Byar og lokalsamfunn legg til rette for låge klimagassutslepp og gode levevilkår for innbyggjarane.

Noreg må ta kloke val på vegen til eit lågutsleppssamfunn, der det er rom for eit mangfald av løysingar innanfor langsiktige og stabile rammevilkår. Regjeringa vil styrkje grunnlaget for klimapolitikken og medverke til langsiktige og føreseielege rammer, slik at alle aktørar kan dra i riktig retning. Med lågutsleppsstrategien la regjeringa fram dei overordna prioriteringane og viktige omsyna for vegen til lågutsleppssamfunnet fram mot 2050.

16.2.2 Overordna prioriteringar for vegen til lågutsleppssamfunnet

Noreg fører og vil halde fram med å føre ein ambisiøs klimapolitikk. Regjeringa har eit langsiktig mål om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn med effektiv ressursbruk og eit konkurransedyktig næringsliv.

Regjeringa har i Granavolden-plattformen sagt at ho vil omstille norsk økonomi og medverke til at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn før midten av hundreåret. Denne omstillinga må òg medverke til ei utvikling som sikrar det biologiske mangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn.

Klima- og miljøpolitikken skal medverke til at Noreg når klimamåla og andre miljømål. For å skape minst mogleg konflikt mellom klima- og miljømåla og andre samfunns mål blir det kravd god koordinering i bruken av verkemiddel. Det inneber at klimapolitikken nasjonalt er basert på følgjande prinsipp:

- Forureinaren skal betale. Verkemiddel bør veljast ut frå kriteriet om at den som forureinar eller skader miljøet, skal betale for skaden som skjer.
- Effektive verkemiddel. Miljøavgifter, omsetjelege kvotar, direkte reguleringar, avtalar, informasjon og subsidiar må kombinerast mest mogleg effektivt.
- Støtte til teknologiutvikling. Å utvikle og ta i bruk miljøteknologi og klima- og miljøvennlege energiteknologiar er viktig for å møte klima- og miljøutfordringane og kan òg gje norsk næringsliv nye marknadsmoglegheiter.
- Globale effektar er avgjerande. Verkemidla i klimapolitikken må medverke til at globale utslepp går ned.
- Eit lågutsleppssamfunn, ikkje eit låginntektsamfunn. Verkemidla bør innrettast slik at miljømåla blir oppnådde med størst mogleg sikkerheit og til lågast moglege kostnader for samfunnet. Vi må utnytte høva som ligg i det grønne skiftet.

I tillegg er det viktig at arealplanlegging, utviklinga av infrastruktur og offentlege investeringar tek omsyn til målet om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.

Med utgangspunkt i prinsippa for klimapolitikken og at denne blir styrkt over tid, vil regjeringa gjennom måloppfølging, prising av utslepp og andre rammevilkår for lågutsleppsutvikling i næringsliv, kommunar og for kvar og ein av oss leggje til rette for at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn i 2050.

Politikken for å nå klimamålet i 2050 må styrkjast og tilpassast over tid. Dette vil skje i tråd med dynamikken i klimalova og Parisavtalen om at alle land kvart femte år skal leggje fram eit bidrag som utgjør ein progresjon samanlikna med førre bidraget, og vere uttrykk for høgast mogleg ambisjonsnivå.

16.3 Langsiktige verkemiddel for å redusere utslepp fram mot 2050

16.3.1 En pris på utslepp – avgift og kvotesystem

Å setje ein pris på utslepp er eit hovudverkemiddel i den langsiktige klimapolitikken for å stimulere til å ta i bruk nye løysingar. Både CO₂-avgifta og kvotesystemet er døme på slike verkemiddel. Som oppfølging av klimaplan for 2030 er auka CO₂-avgift eit sentralt verkemiddel for alle sektorar. Ei auka CO₂-avgift fram mot 2030 vil også vere eit viktig verkemiddel for omstillinga til eit lågutsleppssamfunn.

Kvotesystemet vil også ha stor betydning fram mot 2050. Årlege reduksjonar i talet på utferda kvotar gjer at kvotesystemet vil medverke til vesentleg reduksjon av utsleppa. Etter 2020 vil dei årlege totale kutta i kvotemengda utgjere nesten 50 mill. tonn, og med dagens nedskalering vil kvotemengda i 2050 vere om lag 84 pst. lågare enn dei kvotepliktige utsleppa var i 2005. Kommisjonen har i forslag til forsterka kvoteregulering fram mot 2030 foreslått ei raskare årleg nedtrapping av kvotemengda (4,2 pst. per år) pluss ei eingongssletting av klimakvotar. Med eit slik forslag blir kvotemengda 61 pst. lågare i 2030 enn utsleppa var i 2005. EU har eit mål om å vere klimanøytrale i 2050, og dersom ein held fram med ein reduksjon av kvotemengda etter 2030 i tråd med banen mot 2030, vil det vere svært få utslepp igjen i kvotesystemet i 2050.

Kvotesystemet vil difor medverke til å tvinge fram betydelege utsleppsreduksjonar på felleseuropeisk nivå, samstundes som utsleppskostnaden må ventast å auke. Det betyr at norske kvotepliktige verksemdar må omstille seg til produksjon med betydeleg lågare utslepp enn i dag. Prising av utslepp i samanheng med målet om å bli eit lågutsleppssamfunn gjev eit tidleg og tydeleg signal til industrien og andre avgjerdstakarar om at ei betydeleg satsing på teknologiutvikling og omstilling er nødvendig. Det er etablert fleire ordningar for å støtte langsiktig teknologiutvikling, sjå mellom anna avsnitt 15.5.

16.3.2 Grøn omstilling i alle sektorar

Mange verkemiddel er på plass for å medverke til den langsiktige teknologiomstillinga som må til for å bli eit lågutsleppssamfunn. Teknologiutvikling er ein føresetnad for å nå klimamåla. Utvikling og implementering av lågutsleppsteknologi krev ofte svært lange tidsløp. Satsingar som

startar no, vil få effekt først om mange år når teknologane er blitt modne og effektive. Mot 2050 må ny teknologi og løysingar bli tekne i bruk i alle sektorar.

EUs grøne giv vil vere ein viktig drivar for grøn omstilling i Europa med mål om klimanøytralitet i 2050. Regjeringa signaliserer i posisjonane sine til EUs grøne giv at vi ønskjer å bidra aktivt til å sikre at produkt, materiale og ressursar blir brukte så effektivt som mogleg, så lenge som mogleg. Regjeringa vil vere ein aktiv medspelar i dette arbeidet og samarbeide med EU om rammevilkår som fremjar sirkularitet både i EU og Noreg. Regjeringa framhevar at Noreg kan vere ein viktig bidragsytar til omstilling som leverandør av produkt produserte med låge utslepp og som vertsland for berekraftige produksjonsforhold som oppfyller høge berekraftsstandardar.

Regjeringa sin nasjonale strategi for ein grøn sirkulær økonomi peiker på at å omstille til ein meir sirkulær økonomi kan bidra til lettare å nå internasjonale, regionale og nasjonale mål for berekraft. Dei langsiktige klimagassreduksjonane knytte til auka ressursutnytting gjennom ein meir sirkulær økonomi i Noreg og Europa kan bli betydelege. Strategien peiker på ei rekkje tiltak som aukar ressursutnyttinga av produkt, som auka levetid, ombruk og attvinning, og som vil minske utsleppa av klimagassar både i Noreg og i andre land.

God samfunnsplanlegging og arealforvaltning er viktig for samfunnsutviklinga generelt og for utviklinga av lågutsleppssamfunnet spesielt. Avgjerder om lokalisering, byggjemåte og utforming av busetnad, infrastruktur og tenester påver-

kar arealbruk, utslepp og energiforbruk i lang tid framover. Difor må vi alt no ta omsyn til målet om eit lågutsleppssamfunn i 2050.

16.4 Klimautvalet 2050

Som varsla i lågutsleppsstrategien vil ein del av den vidare oppfølginga av arbeidet for 2050 vere å setje i gang eit arbeid med ei utgreiing om lågutsleppsutvikling. Den 13. august sette regjeringa ned eit offentleg utval som skal gjere ei utgreiing av vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet for 2050 (Klimautvalet 2050). Utvalet består av 14 medlemmer, i hovudsak ekspertar, og skal levere ei samla utgreiing og tilråding i form av ein NOU innan 1. november 2023.

Hovudformålet til Klimautvalet 2050 er å gjere ei heilskapleg utgreiing av dei vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet i 2050, og vise korleis Noreg kan bli eit lågutsleppssamfunn i 2050, på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, med effektiv ressursbruk og eit konkurransedyktig næringsliv. Denne omstillinga må også medverke til ei utvikling som sikrar naturmangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn. Utvalet skal vurdere måloppnåing og nytte i høve til den samfunnsøkonomiske kostnaden.

Utvalet skal innhente innspel og involvere relevante aktørar i arbeidet, irekna næringslivet, sivilsamfunn og partane i arbeidslivet. Utvalet skal også sørgje for ein inkluderande prosess og leggje til rette for brei offentleg debatt om lågutsleppsutviklinga fram mot 2050.

17 Klimaeffekten av framlagt budsjett

17.1 Innleiing

Ifølgje klimalova § 6 skal det gjerast greie for klimaeffekten av framlagt budsjett i statsbudsjettet for kvart år. Eit sentralt formål med klimalova er å fremje gjennomføringa av Noregs klimamål og å styrkje openheit og offentleg debatt gjennom at Stortinget regelmessig får informasjon om status og framdrift i arbeidet med Noregs klimamål.

Det er fagleg krevjande å anslå effekten av ny og etablert politikk på utviklinga i klimagassutsleppa. Regjeringa sette i 2018 ned teknisk berekningsutval for klima (TBU Klima) for å bidra til ny kunnskap og nye metodar for tiltaks- og verke-middelanalysar på klimaområdet. Teknisk berekningsutval for klima skal i tråd med klimalova foreslå metodar for berekning av klimaeffekten av statsbudsjettet. I samband med TBU Klimas andre utvalsrapport, som vart lagt fram i juni 2020, vart det utvikla ein metode for å kategorisere statsbudsjettet etter klimaeffekt. Alle departementa har i løpet av 2020–2021 vore igjennom ein runde med uttesting av ulike kategoriseringsmetodar. Metoden benytta i årets rapportering er basert på denne uttestinga.

Det er nytt av årets klimalovrapportering at vi følgjer denne metoden om å kategorisere budsjettpostar. Metoden inneber nybrottsarbeid med lite internasjonal praksis på området. Det er viktig å presisere at det er metodisk krevjande å anslå klimaeffekten av statsbudsjettet, og dette må utviklast vidare over tid. Sjå boks 17.1 for ein nærmare omtale av arbeidet til TBU Klima med klima-effekt av statsbudsjettet.

Alle departementa har kategorisert budsjettpostane ut frå om dei har eller ikkje har ein effekt på klimagassutslepp. Budsjettpostane som har effekt på klima, er kategoriserte etter om ei endring i tildelinga vil gje ein *auke*, *reduksjon* eller *usikker* effekt på klimagassutslepp. Utsleppseffekten er definert som effekten på utslepp av klimagassar av endring i tildelingar, skattar og avgifter

frå føregåande år. Hovudformålet med kategoriseringa er å sjå på budsjettpostar som påverkar klimagassutslepp i Noreg. Kategoriseringa gjev ei meir konsistent tilnærming til å vurdere klima-effekt av budsjettpostar enn tidlegare. Formålet med det nye oppsettet er å følgje med på klima-effekten av framlagt budsjett over tid slik at ein kan samanlikne utviklinga over ein lengre periode. Heilskapen i utviklinga vil bli meir tydeleg etter at det blir rapportert fleire gonger på den same måten. Det vil i tida framover framleis vere behov for å vidareutvikle den faglege metodikken for å gjere greie for klimaeffekten av framlagt budsjett på ein god måte.

I arbeidet med å definere kva budsjettpostar som har klimaeffekt, har vi sett opp eit rammeverk for å vise budsjettpostar med klimaeffekt der endring i budsjettposten frå føregåande år er over 0,5 mill. kroner. Det er relevant å samanlikne med budsjettpostane frå føregåande år for å seie noko om utviklinga i klimaeffekt på kort sikt, og det mest relevante samanlikningsgrunnlaget er difor føregåande budsjett. Når det gjeld berekningar av utslepp på lang sikt, bruker vi utsleppsframskrivingane, men dette kan ikkje knytast direkte opp mot dei kortsiktige endringane vi ser på her.

Oversikta over klimaeffekten av framlagt budsjett er oppstilt i ein tabell under omtalen av kvart departement.

Ein kan ikkje bruke kategoriseringa til å seie noko om den samle klimaeffekten av budsjettet. Til dømes vil ein post som er definert til å auke klimagassutslepp med ei større endring i løyvinga, kunne ha beskjeden effekt på auken i klimagassutslepp. Tilsvarende vil gjelde for postar som vil redusere klimagassutsleppa. Det er difor viktig å presisere at oversikta over postar og tilhøyrande endring i tildeling ikkje kan nyttast for å vurdere korleis vi ligg an til å nå Noregs klimamål, eller utviklinga på utsleppssida. Sjå kap. 13–15 for nærmare omtale av Noregs klimamål og status for utviklinga.

Boks 17.1 Teknisk berekningsutval for klima (TBU) og arbeidet deira med klimaeffekt av statsbudsjettet: Resultat frå uttesting av metode for kategorisering

I andre rapport frå TBU Klima frå 2020 vart det vurdert ulike tilnærmingar til korleis tildelingar på inntekts- og utgiftssida i statsbudsjettet kan kategoriserast, som eit første steg i arbeidet med å foreslå metodar for å vurdere verknader på klimagassutslepp av endringar i statsbudsjettet (Teknisk berekningsutval for klima, 2020). Utvalet vurderte at det vil vere nødvendig å kategorisere statsbudsjettet for å kunne foreslå slike metodar. På oppdrag frå utvalet utvikla Menon Economics og CICERO Senter for klimaforskning eit forslag til ein metode for å kategorisere postane på statsbudsjettet etter klimaeffekt. Utvalet tilrådde i den andre rapporten at metoden vart testa ut på KLD, FIN og SD sitt budsjett. Formålet var å avdekkje forbedringsmoglegheiter, samstundes som ressursbruk bør kartleggjast og vegast mot kvaliteten på informasjonsgrunnlaget ein sit igjen med.

Hausten 2020 vart ei avgrensa kategorisering gjennomført av KLD, SD og FIN. Departementa vart bedne om å kategorisere budsjettpostane ut frå om dei påverkar utslepp eller opptak av klimagassar, har usikker effekt eller nøytral effekt. Kategoriseringa så i hovudsak på budsjettpostar som påverkar klimagassutslepp i Noreg. Departementa vart i tillegg bedne om å identifisere budsjettpostar som har som intensjon å påverke klimagassutslepp i andre land, og andre postar som dei meiner kan påverke utslepp i andre land i vesentleg grad (positivt eller negativt). Budsjettpostar med klimaeffekt vart i tillegg sorterte etter type verkemiddel. Dei tre kategoriane for verkemiddel var økonomiske verkemiddel, direkte styring og informasjon.

Våren 2021 vart alle dei tolv resterande departementa bedne om å gjennomføre ei tilsvarende kategorisering. Departementa vart bedne om å skilje mellom budsjettpostar som har utsleppseffekt og postar kor effekten er usikker eller nøytral. I staden for å kategorisere budsjettpostar med klimaeffekt etter verkemiddel vart departementa bedne om å kategorisere budsjettpostar med klimaeffekt ut frå effekt (positiv/negativ), verkemåte og utsleppskjelde.

Uttestinga er omtalt i TBU Klima sin tredje rapport publisert i juni 2021. Gjennom uttestinga

av kategorisering vart det avdekt fleire utfordringar. Fleire av departementa gav tilbakemelding om at det er vanskeleg å vite kor langt inn i verknadskjeda ein skal gå når det kjem til indirekte effektar, og at det difor er utfordrande å vite kvar grensa går for om budsjettposten har ein utsleppseffekt. Vidare vart det peikt på at det for fleire budsjettpostar er avgrensa informasjon om kva tildelingane går til. Mange budsjettpostar er samleløyvingar som går til ulike ikkje-statlege aktørar. Nokre budsjettpostar har fleire formål. Ein post kan finansiere mange ulike aktivitetar med motstridande klimaeffekt. Utsleppseffekten kan òg vere ulik på kort og lang sikt. For einskilde budsjettpostar knytte til investering, drift og vedlikehald er det uklart om det er investeringa eller drifta som utløyer utsleppseffekten. For større utstyrskjøp er det også vanskeleg å vite korleis utstyret blir brukt på lang sikt. Kategoriseringa ber til ein viss grad preg av ulik tolking av retningslinjene. Som eit resultat har einskilde, relativt like budsjettpostar blitt kategoriserte ulikt.

Den førebelse vurderinga til utvalet er at metoden for kategorisering legg grunnlag for ei meir konsistent tilnærming til å vurdere klimaeffekt av budsjettpostar enn tilnærminga tidlegare rapportering av klimaeffekt av budsjett i Klima- og miljødepartementet sin budsjettproposisjon. Samstundes fastheld utvalet at ei kategorisering av budsjettpostar i seg sjølv ikkje gjev informasjon om klimaeffekten av statsbudsjettet. Metoden kan berre brukast til å sortere ut postar som eit grunnlag for å identifisere enkeltpostar eller grupper av postar det bør gjerast nærmare utsleppsberäkning av. TBU Klima meiner at det bør undersøkjast om informasjon frå kategoriseringsarbeidet gjev relevante inngangsdata til makromodellar, slik at det kan bereknast eit anslag for samla klimaeffekt av budsjettet. For å følgje opp dette har SSB fått i oppdrag å teste bruk av den makroøkonomiske modellen deira, SNOW, til å berekne klimaeffekt av einskilde budsjettpostar. Mandatet til TBU Klima gjeld til 2023, og dei arbeider vidare med problemstillinga.

Vidare i dette kapitlet følger innleingsvis ein overordna omtale av budsjetta i dei respektive departementa. Denne omtalen av budsjettet til kvart departement som heilskap er i tråd med tidlegare klimalovrapporteringar. I tillegg er det inkludert ei beskriving av einskilde budsjettpostar og satsingar som har vesentleg effekt på klimagassutsleppa. Dersom ein budsjettpost som er definert til å redusere klimagassar, får ein reduksjon i løyvinga, vil dette altså medverke til auka utslepp. Det blir presisert at med «usikker effekt» er det meint det at posten er definert til å ha ein klimaeffekt, men det er usikkert om klimaeffekten er positiv eller negativ.

17.2 Oversikt over postane i statsbudsjettet med klimaeffekt

Nærmare om metoden for å kategorisere klimaeffekt av statsbudsjettet

Den overordna omtalen av budsjettet til kvart departement som heilskap inneheld følgjande moment:

- Ein overordna omtale av budsjettet, inkludert ein omtale av budsjettet til kvart departement som heilskap (følgjer tidlegare rapportering av klimaeffekten av framlagt budsjett)
- Ein tabell som viser budsjettpostar med klimaeffekt der endring i budsjettposten frå føregåande år er over 0,5 mill. kroner, og kva utsleppseffekt endringa i budsjettposten har
- Overordna omtale av dei ulike postane i tabellen, kva postane går til, og kvifor endring i utgift eller inntekt gjev utsleppseffekten i tabellen. I dei tilfella der departementa har overslag på utsleppseffekten, er dette også skildra.

I arbeidet med å definere ulike budsjettpostar med klimaeffekt har departementa teke utgangspunkt i tidlegare kategorisering som er gjennomført gjennom TBU Klima. Det er berre postar der endringar er over 0,5 mill. kroner, som er inkluderte i tabellane. Postar som departementa me-

ner har nøytral verknad på klimautslepp, er hovudsakleg haldne utanom. Tabellen viser postar med klimaeffekt og seier om endring i løyvinga på posten gjev auka utslepp, reduserte utslepp eller har usikker effekt. Med «usikker effekt» er det meint det at posten er definert til å ha ein klimaeffekt, men det er usikkert om klimaeffekten er positiv eller negativ. Desse punkta er nye i klimalovrapporteringa for året.

Ved å følgje denne metoden gjev det oss ei moglegheit til å i større grad nytte eit generelt verktøy som er samanliknbart på tvers av departementa. Det er ein betydeleg forbetra metode samanlikna med rapporteringa tidlegare år. Metoden for kategorisering legg grunnlag for ei meir konsistent tilnærming til å vurdere klimaeffekt av budsjettpostar enn tilnærminga brukt i tidlegare klimalovrapportering. Samstundes vil kategoriseringa av budsjettpostar som følgjer her, ikkje gje informasjon om ein heilskapleg klimaeffekt av statsbudsjettet, og det står att arbeid for at tala skal vere samanliknbare på tvers av departement.

Kategorisering for budsjettet for 2022

Totalt har departementa innrapportert 122 budsjettpostar på statsbudsjettet som er kategoriserte til å ha ein effekt på utslepp av klimagassar, der endringa i løyvinga er over 0,5 mill. kroner samanlikna med budsjettet frå i fjor. Postane er delt inn etter om dei bidreg til auka, reduserte eller har usikker effekt på klimagassutslepp.

Klima- og miljødepartementet har kategorisert alle budsjettpostane på statsbudsjettet som er definert til å ha ein effekt på klimagassutslepp med større endringar etter inndelinga til Staten kontoplan for å få ei heilskapleg oversikt over postane. Kontoplanen til staten gjev ei standardisert inndeling av statsbudsjettet og statsrekneskapen i utgifter, inntekter, egedelar, gjeld og eigenkapital, sjå tabell 17.1. Etter Statens kontoplan skal utgifts- og inntektspostane inndelast i fire ulike avdelingsnummer.

Tabell 17.1 Statens kontoplan

Avdelingsnummer	Postnummer	Utgifter	Inntekter
1	01 – 29	Statens egne driftsutgifter	Sal av varer og tenester
2	30 – 49	Nybygg, anlegg mv.	Inntekter i forbindelse med nybygg, anlegg mv.
3	50 – 89	Overføringar til andre	Overføringar frå andre
4	90 – 99	Utlån, statsgjeld mv.	Tilbakebetalingar mv.

Denne inndelinga gir ei oversikt over kvar budsjettpostar med utsleppseffekt med større endringar høyrer heime på statsbudsjettet. Det er flest postar som gjeld overføringar. For mange av desse postane vil det vere avgrensa informasjon om kva dei konkrete midlane går til. Her er ikkje nødvendigvis formålet til løyvinga avgrensa til kva aktivitet som skal finansierast. Dette kan til dømes gjelde tilskotspostar eller sekkepostar der forvaltninga har stor fridom til å fastsetje aktivitet. Vidare er fleire postar knytte til driftsutgifter eller sal av varer og tenester. Driftsutgifter blir i utgangspunktet rekna som å vere nøytrale, men likevel blir fleire driftsutgifter rekna å vere knytte til postar som påverkar utslepp. Det gjeld til dømes utgifter til drift og vedlikehald av veg, kjøp av klimakvotar, kunnskapsinnhenting om klima, miljøvennleg skipsfart og liknande.

Vidare i dette kapitlet følgjer ei overordna omtale av budsjetta i dei respektive departementa, inkludert ei beskriving av budsjettpostar som visast i tabellar. Det er dei respektive departementa som har utarbeida si eigen omtale. Storleiken på endringar i løyving gjev ikkje ein indikasjon på kor stor utsleppseffekten er.

17.3 Arbeids- og sosialdepartementet

Totalbudsjettet for Arbeids- og sosialdepartementet i 2022 er på 529,6 mrd. kroner ekskludert låne-transaksjonar. Grovt sett går om lag 93 pst. av det samla budsjettet til ytingar frå Folketrygda, der dei største utgiftene er til alderspensjon, uføretrygd, sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og dagpengar. Vurderinga er at dette er i hovudsak er nøytrale budsjettpostar som ikkje påverkar klimagassutslepp eller -opptak i større eller mindre grad. Om lag 2 pst. går til andre rammestyrt ordningar som arbeidsmarknadstiltak, tilskot til sosiale tenester mv. Rundt 3 pst. går til direktorat og andre underliggjande forvaltningsorgan, under dette Arbeids- og velferdsetaten. Arbeids- og sosi-

aldepartementets eige budsjett utgjer om lag 0,04 pst. Resterande går til diverse andre mindre tilskotsordningar. Budsjettpostane omfattar komplekse samanhengar som det vil vere krevjande å anslå klimaeffektar av.

Arbeids- og sosialdepartementet har ingen budsjettpostar med klimaeffekt der endringa i budsjettposten frå føregåande år er over 0,5 mill. kroner.

17.4 Barne- og familiedepartementet

Totalbudsjettet på området til Barne- og familiedepartementet i 2022 er på om lag 57,5 mrd. kroner på utgiftssida. 40,3 pst. av dette er stønadsordningar ved fødsel og adopsjon, 38,9 pst. går til familie og oppvekst, der størsteparten er barnetrygd og kontantstøtte, 14,7 pst. går til barnevernet, 6,1 pst. er tilskot til Den norske kyrkja og trus- og livssynssamfunn, og 0,5 pst. går til forvaltning av forbrukarpolitikken. Drift av Barne- og familiedepartementet utgjer 0,3 pst. Det er krevjande å berekne klimaeffekten av desse løyvingane.

På budsjettet til Barne- og familiedepartementet er tilskota til arbeidet med miljømerking, arbeidet med å redusere matsvinn og samarbeidet med Høgskulen i Innlandet og Ungt Entreprenørskap om forbrukarundervisning relevante for arbeidet med å redusere utslepp. Andre budsjettpostar er vurderte som nøytrale. Barne- og familiedepartementet har ingen budsjettpostar med klimaeffekt der endringa i budsjettposten frå føregåande år er over 0,5 mill. kroner.

17.5 Finansdepartementet

Over Finansdepartementets budsjett (utanom løyvingar til konstitusjonelle institusjonar) er det for 2022 foreslått å løyve 63,5 mrd. kroner. Betening av statsgjeld, renter og avdrag med meir utgjer 10,3 mrd. kroner. Kompensasjon for meirverdiav-

gift og nettoordning for statleg betalt meirverdiavgift utgjer 40,3 mrd. kroner. 12,9 mrd. kroner går til drift av departementet, Finanstilsynet, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, Tolletaten, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå. Det er krevjande å lage anslag på klimaeffekten av desse løyvingane.

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for korleis særavgifter blir innretta i miljøpolitikken. Miljøavgifter gjer at marknadspri-sane i større grad inkluderer kostnadene for samfunnet ved miljøskadelege aktivitetar. Det medverkar til å redusere dei miljøskadelege utsleppa. Fleire avgifter er direkte retta inn mot utslepp av klimagassar. Dette gjeld først og fremst CO₂-avgifta på mineralske produkt, avgifta på utslepp av CO₂ i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen og avgiftene på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK). Eingongsavgifta på motorvagner inneheld òg ein CO₂-komponent. Denne skal påverke forbrukarane til å ta meir klima- og miljøvennlege val ved bilkjøp.

I tillegg er det avgifter som ikkje er direkte retta inn mot utslepp av klimagassar, men som likevel medverkar til reduserte utslepp. Dette gjeld først og fremst vegbruksavgifta og grunnavgifta på mineralolje. Det finst òg einskilde fritak frå generelle avgifter som bidreg til reduserte utslepp av klimagassar, til dømes mva.-fritaket for elbilar.

I budsjettet for 2022 foreslår regjeringa fleire endringar som forsterkar klima- og miljøinnretninga av avgiftssystemet. Regjeringa foreslår å

fjerne fritak i CO₂-avgifta samstundes som den generelle satsen blir auka med 28 pst. Dette gjev ei meir lik prising av CO₂-utslepp og ein meir kostnadseffektiv klimapolitikk. Vidare aukar også CO₂-avgifta for petroleumsverksemda med 15 pst. og innanriks kvotepliktig luftfart med 5 pst. Regjeringa fremjar òg forslag om å innføre ei ny avgift på forbrenning av avfall, med ein sats på 172 kroner per tonn CO₂ i 2022. Avgifta skal mellom anna ha som formål å redusere utslepp av klimagassar frå avfallsforbrenningsanlegg.

For 2022 foreslår regjeringa ein pakke med aukar i bilavgiftene som bremsar nedgangen i pro-venyet, samstundes som insentiva til å kjøpe nul-utslepps-bilar blir styrkte. Fordelane i eingongsavgifta for ladbare hybridbilar blir redusert, og eingongsavgifta for fossilbilane blir auka for å stimulere til auka del elbilar. Samstundes blir særforde-lane avvikla for elbilar i trafikkforsikringsavgifta og omregistreringsavgifta. Regjeringa foreslår òg å redusere trafikkforsikringsavgifta for å motvirke noko av kostnadane auka CO₂-avgift medfører for bilistane.

Regjeringa fremjar òg forslag om å gjeninnføre flypassasjeravgifta i 2022. Avgifta blir oppheva for 2020 og 2021 som ein mellombels lette for flyselskapa i samband med pandemien. Formålet med flypassasjeravgifta er å gje staten inntekter, men ho kan òg ha verknad for miljøet ved at ho reduserer etterspurnaden etter flyreiser.

Særavgiftene er nærmare omtalte i Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022*.

Tabell 17.2 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Finansdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
5508	70	Avgift på utslepp av CO ₂ i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen	0 ¹	Reduserte utslepp ²
5543	70	Miljøavgift på mineralske produkt mv., CO ₂ -avgift	2 124	Reduserte utslepp ²
5546	70	Avgift på forbrenning av avfall	155	Reduserte utslepp ²
5548	70	Avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)	50	Reduserte utslepp
5561	70	Flypassasjeravgift	1 750	Reduserte utslepp ³
5536	71	Eingongsavgift	1 060	Reduserte utslepp
5536	72	Trafikkforsikringsavgift	30	Ingen/svakt auka utslepp
5536	75	Omregistreringsavgift	300	Ingen/svakt auka utslepp

¹ Endringa er anslått å gje eit brutto meirproveny på 980 mill. kroner påkomme og 490 mill. kroner bokført. Netto meirproveny, det vil seie etter skatt (78 pst.) og SDØE, er anslått til 160 mill. kroner påkomme og 80 mill. kroner bokført. Skattar og avgifter frå petroleumsverksemda blir overførte til Statens pensjonsfond utland.

² Ein del av desse utsleppa vil vere kvotepliktige, og ev. reduksjonar av desse vil i stor grad bli motsvarte av auka utslepp elles i kvotesystemet.

³ Dei fleste utsleppa som dette vil gjelde, vil vere kvotepliktige og/eller følgje av internasjonal trafikk som ikkje blir registrert i den norske utsleppsrekneskapan.

Kapittel 5508 Avgift på utslepp av CO₂ i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen, post 70

Regjeringa foreslår å auke avgiftene på utslepp frå petroleumssektoren med 15 pst. Dette vil auke lønnsmda for prosjekt og tiltak som reduserer utslepp i petroleumsverksemda. Ein stor del av utsleppa frå petroleumsverksemda er òg underlagd EUs kvotesystem.

Kapittel 5536 Avgift på motorvogner mv., post 71 Eingongsavgift

Regjeringa foreslår å stramme inn CO₂-komponenten i eingongsavgifta for personbilar ved å auke dei to lågaste positive satsane. Vidare blir særfordelen for ladbare hybridbilar i eingongsavgifta foreslått stramma inn. Forslaga vil styrkje insentiva til å velje elbil og gjev eit samla bokført meirproveny på 1 060 mill. kroner i 2022.

Kapittel 5536 Avgift på motorvogner mv., post 72 Trafikkforsikringsavgift

Regjeringa foreslår å redusere satsane som gjeld for personbilar i trafikkforsikringsavgifta med 95 kroner på årsbasis og å innføre full sats for elbilar i tra-

fikkforsikringsavgifta. Forslaget svekkjer insentivet til å velje elbil noko, men verknaden på etterspurnaden etter elbilar er venta å vere avgrensa.

Kapittel 5536 Avgift på motorvogner mv., post 75 Omregistreringsavgift

Regjeringa foreslår å innføre omregistreringsavgift for elbilar. Forslaget svekkjer insentivet til å velje elbil noko, men verknaden på etterspurnaden etter elbilar er venta å vere avgrensa.

Kapittel 5543 Miljøavgift på mineralske produkt mv., post 70 CO₂-avgift

Regjeringa foreslår å auke avgiftene på ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar frå bruk av mineralske produkt med 15 pst. Dette gjev eit samla proveny på 2 200 mill. kroner påløpt i 2022. Vidare blir det foreslått å auke avgifta på mineralolje til bruk i kvotepliktig luftfart med 5 pst. og å fjerne fritaket for bruk av naturgass og LPG i veksthushøringa.

Kapittel 5546 Avgift på forbrenning av avfall, post 70

Regjeringa foreslår å innføre ei avgift på forbrenning av avfall. Avgifta vil auke lønnsmda av tiltak

og prosjekt som reduserer mengda fossile materiale som blir sende til forbrenning i norske avfallsanlegg, og slik reduserer utsleppa av klimagassar frå desse. Ein del av desse utsleppa er òg underlagde EUs kvotesystem.

Kapittel 5548 Avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK), post 70

Regjeringa foreslår å auke avgiftene på utslepp av klimagassane HFK og PFK med 28 pst.

Kapittel 5561 Flypassasjeravgift, post 70

Regjeringa foreslår å gjeninnføre flypassasjeravgifta. Ein del av utsleppa som dette vil gjelde, vil vere kvotepliktige, medan andre utslepp vil stamme frå internasjonal luftfart som ikkje blir registrerte i den norske utsleppsrekneskapen.

17.6 Forsvarsdepartementet

Regjeringa sitt forslag til forsvarsbudsjettet for 2022 er på om lag 69 mrd. kroner. Denne summen er fordelt på om lag 20 budsjettpostar. Grovt sett går om lag 1,5 pst. til Forsvarsdepartementets eige budsjett, nesten 51 pst. til Forsvaret, i overkant av 34 pst. til Forsvarsmateriell og i overkant av 12,5 pst. til Forsvarsbygg (FB) og om lag 1 pst. til Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) og ulike tilskotsordningar. Det er krevjande å lage anslag på klimaeffekten av desse løyvingane, da enkelte av postane er større driftspostar med ei blanding av utgiftspostar som har ein klimaeffekt, og utgiftspostar som er klimanøytrale. Oversikt over utgiftspostar med endring i løyving i budsjettet til Forsvarsdepartementet som har ein klimaeffekt, følger i tabellen under.

Tabell 17.3 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Forsvarsdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
1700	73	Forskning og utvikling	13,8	Usikker
1700	78	Norges tilskudd til NATOs og internasjonale driftsbudsjetter	60,3	Auka utslepp utland
1710	1	Driftsutgifter Forsvarsbygg	272,1	Auka utslepp
1710	47	Nybygg og nyanlegg	402,1	Auka utslepp
1716	51	Tilskudd FFI	4,9	Usikker
1720	1	Driftsutgifter Forsvaret	1260,9	Auka utslepp
1720	70	Tilskot Afghan National Army drifts fund	-60,0	Redusererte utslepp
1720	71	Overføring til andre	17,0	Usikker
1735	21	Spesielle driftsutgifter	208,0	Auka utslepp
1760	1	Driftsutgifter Forsvarsmateriell	136,3	Auka utslepp
1760	44	Fellesfinansierte investeringer, nasjonalfinansiert andel	39,6	Auka utslepp
1760	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold	2001,3	Auka utslepp
1760	75	Fellesfinansierte investeringer, tilskudd til NATO	2,8	Auka utslepp utland
1791	1	Driftsutgifter redningstenesta	-167,6	Auka utslepp

Forsvarsdepartementet har frå og med 2012 utarbeidd årlege miljø- og klimarekneskap for forsvarssektoren. Trass i at dette ikkje er direkte kopla til utsleppseffekt av budsjett, er det ei klar kopling, og det er difor relevant med ei beskriving av hovudtrekka. Klimarekneskapen i sektoren er under kontinuerleg utvikling for å forbetre presisjonen og omfanget av rekneskapen. Rekneskapen er gjeven ut som rapport frå FFI i FFI-rapport 20/00812. Rapporten gjev mellom anna oversikt over resultat og utviklinga for sentrale miljøaspekt over tid, mellom anna avfall, energi, drivstoff, ammunisjon og kjemikalier.

Forsvarsbudsjetta har auka kvart år sidan 2017. Gjennom behandlinga av langtidsplanen for forsvarssektoren for perioden 2021–2024 vart det lagt til grunn ein ytterlegare auke i budsjetta. Forsvaret har difor over ein periode auka bemaninga, auka materiellmengda i forsvarsstrukturen og auka trenings- og øvingsverksemda si for å betre den totale nasjonale forsvarsevna i tråd med langtidsplanane i sektoren. Denne utviklinga vil halde fram dei kommande åra. Ein auka struktur med meir aktivitet set press på evna sektoren har til å redusere samla klimautslepp og miljøavtrykket frå verksemda. Ein årleg auke i budsjetta med tilhøyrande auka aktivitet vil såleis redusere effekten av dei tiltaka sektoren gjennomfører for å redusere klimautslepp frå verksemda til sektoren. Klimarekneskapen for 2020 vil difor gje eit bilete på evna forsvarssektoren har til å unngå at den auka aktiviteten, i samsvar med føresetnadene frå Stortinget i langtidsplanen for forsvarssektoren, ikkje fører til auke i klimautsleppa.

Nedanfor er det gjort greie for nokre særlege område i driftspostane til sektoren som har effekt på klimaavtrykket. Forsvarsdepartementet vil difor konsentrere seg om på negative utsleppseffektar frå budsjettpostane 1710/01, 1720/01 og 1791/01. Andre postar som kan ha tilsvarende utsleppseffektar, er 1710/47, 1735/01, 1760/01, 1760/44, 1760/45 og 1760/48. Når det gjeld dei tre utgiftspostane knytte til aktivitetar utanlands, er klimapåverknaden vanskeleg å talfesta. Ein av dei største utsleppspostane er knytt til direkte utslepp frå materiell som verksemda eig eller kontrollerer sjølv. For forsvarssektoren er dette mellom anna fartøy, luftfartøy og køyretøy i Forsvaret og bruk av fossil energi til oppvarming av bygningsmassen forvalta over driftsbudsjett til FB. I tillegg kjem indirekte utslepp knytte til forbruk av elektrisitet og fjernvarme frå eksterne leverandørar i bygningane sektoren har.

Næringsavfall blir rapportert direkte til Miljødatabasen (MDB) frå avfallselskapa i dei ulike

regionane i FB. Det vart generert totalt 18 935 tonn næringsavfall i 2020, som utgjer ein marginal auke frå 2019. Sorteringsgraden for næringsavfall var 66,9 pst. i 2020, ein reduksjon på 1,6 prosentpoeng samanlikna med året før. 35,3 pst. av avfallet vart materialattvunne, og 59,9 pst. vart energiattvunne.

Energiforbruk knytt til bygg og anlegg i forsvarssektoren i Noreg i 2019 er henta frå FB via statistikk frå leverandørar. Samla energiforbruk knytt til bygg og anlegg i 2020 er rekna til 696 GWh. Dette er ein reduksjon på 4 pst. frå 2019. FB er den største offentlege eigeomsforvaltaren i Noreg og forvaltar over 13 000 bygg og anlegg med bruttoareal på om lag 4,1 mill. kvadratmeter. Redusert energibruk er ein sentral ambisjon for forsvarssektoren. FB har sidan tidleg på 2000-talet jobba med å redusere bruk av olje til fyring. Frå 2020 er det ikkje kjøpt inn fyringsolje til drift av etablisementa, og fossilt brensel blir no berre nytta for bygg med mellombels dispensasjon. Elektrisitet utgjer om lag 78 pst. av det samla forbruket i 2020, bioenergi utgjer 17 pst., medan fjernvarme og fyringsolje/gass utgjer kvar 4 pst. og 1 pst. av totalmengda. Samla fornybar del for energibruk i forsvarssektoren er for 2020 berekna til 95 pst., ein auke på cirka 4 prosentpoeng frå året før.

Forbruk av drivstoff knytt til køyretøy, luftfartøy og fartøy var 88 938 kubikkmeter i 2020. Dette er ein reduksjon på 3 pst. samanlikna med 2019. Forbruk på fartøy og luftfartøy står for 91 pst. av det samla forbruket av drivstoff i sektoren.

Det vart i 2020 rapportert inn eit forbruk på 16 748 819 einingar med ammunisjon, som er ein reduksjon på 8 pst. samanlikna med 2019. Rapporteringsgraden, forholdet mellom utlevert og innrapportert ammunisjon, er berekna til 74 pst. for 2020. Dette er ein nedgang på 10 prosentpoeng samanlikna med 2019. Forbruket av blyhaldig handvåpenammunisjon har auka med 330 000 innrapporterte skot, eller 29 pst., frå 2019 til 2020. Estimert utslepp av bly frå alt ammunisjonsforbruk er 6,8 tonn i 2020 mot 5,2 tonn i 2019, ein auke som svarer til 30 pst. Det er viktig å halde greie på mengda av forureining som blir deponert på skytebanar. Dette er viktig i samband med tiltak for opprydding.

Det samla forbruket av vatn i sektoren i 2020 var 2,23 mill. kubikkmeter vatn, ein auke på 8,8 pst. samanlikna med 2019. Om lag halvparten av auken kjem av eit brot i ein leidning. Forsvaret vil setje i gang tiltak for å redusere og effektivisere forbruket av vatn i sektoren.

Forbruk av kjemikaliar blir rapportert frå anlegg i sektoren der det blir nytta store mengder kjemikaliar, men er med unntak av kjemikaliar for å fjerne is frå fly og rullebaner rapportert inn med relativt store manglar. Frå Forsvarets flystasjonar vart det innrapportert eit forbruk på 44 358 kg fly-avisingskjemikaliar og 299 742 kg baneavisingskjemikaliar i 2020. Delen urea til avising av banar relativt til det totale forbruket av baneavisingskjemikaliar var 71 pst. i 2020, det same som i 2019.

Minimumskrava for registreringar som er gjevne i retningslinjene for miljøstyringa av sektoren er i stor grad tilfredsstillt i 2019. Registreringa av forbruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar har framleis manglar, men nye rutinar for innkjøp vil betre grunnlaget for slik rapportering. Arbeidet med miljødatabasen inneber etablering og forankring av rutinar for rapportering av data, kvalitetssikring av tal i samarbeid med etatane og samarbeidspartnarar og vedlikehald og utvikling av miljødatabasen som verktøy i arbeidet med miljøleing.

Den samla verksemda i forsvarssektoren er svært variert og har brei påverknad på miljøet. Miljø-klimarekneskapen samanfattar statistikk over miljøaspekt som blir sett som særskilde utfordringar for sektoren, og som blir organiserte i Miljødatabasen i sektoren. Klimarekneskapen blir berekna ut frå innrapportert drivstoff- og energibruk ved hjelp av utsleppsfaktorar knytte til dei ulike materielltypene og energivarene. I 2020 vart det berekna eit utslepp av 246 714 tonn CO₂-ekvivalentar, og 316 527 tonn CO₂-ekvivalentar når dei indirekte utsleppa òg vart inkluderte. Dei direkte utsleppa utgjør i 2020 ein reduksjon på 4 pst. samanlikna med 2019. Reduksjonen heng saman med redusert forbruk av drivstoff på luftfartøy og militære køyretøy, utfasing av fyringsolje og lågare del importert kraft. Redusert reiseaktivitet og kansellerte øvingar på grunn av covid-19-pandemien har òg hatt betydning for reduksjonen. Talet på flyreiser i forsvarssektoren gjekk ned frå om lag 435 000 i 2019 til 224 000 i 2020, ein reduksjon på 48 pst. Flyreisene inkluderer tenestereiser, pendlarreiser, permisjonsreiser og utanlandsreiser i alle etatane i sektoren. For innanlandsreiser og utanlandsreiser er reduksjonen i utslepp høvesvis 35 pst. og 70 pst. Samla utslepp er redusert med 42 pst. Reduksjonen i utslepp er noko mindre enn kva nedgangen i talet på flyreiser isolert skulle tilseie, og skriv seg i stor grad frå lågare fyllingsgrad hos flyselskapa. Reiseaktivitet med bil er lik tidlegare år. Korleis reiseaktiviteten vil utvikle seg inn i 2022, er enno for tidleg å seie.

Det er som tidlegare nemnt nær samanheng mellom dei krav og føresetnader til aktivitetsmønsteret til sektoren og den samla miljøpåverknaden. Det blir difor relevant å vurdere miljøpåverknaden i lys av oppgåvene som forsvarssektoren skal løyse innanfor dynamiske forsvarspolitiske rammer og den ønskjelege operative evna. Klimarekneskapet gjev såleis eit godt bilete på dei klimaeffektane verksemda til forsvarssektoren påfører miljøet.

17.7 Helse- og omsorgsdepartementet

Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, og statsforvaltarane, er rådgjevarar for sentrale og lokale helsestyresmakter, greier ut og tek del i overvaking av miljøforureining. Etter folkehelse-lova har kommunane ansvar for å sikre befolkninga mot skadelege faktorar i miljøet.

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) varetek direktoratsoppgåver for Klima- og miljødepartementet innanfor området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljøet. DSA har vidare ansvar for fagleg utgreiingsarbeid, tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet, og internasjonale oppgåver.

Mattilsynet arbeider for ein miljøvennleg produksjon av trygge næringsmiddel og trygt drikkevann. For å få størst mogleg samfunnsmessig verdiskaping ut av avgrensa ressursar er det vesentleg å leggje vekt på kvalitet, plante- og dyrehelse og omsynet til miljøet.

Helse- og omsorgsdepartementet forvaltar staten sin eigarskap av dei regionale helseføretaka, som igjen er eigar av helseføretaket i landet. Som det står i Meld. St. 8 (2019–2020) *Statens direkte eigarskap i selskap — Berekraftig verdiskaping*, er staten oppteken av at arbeidet til selskapa er ansvarleg. Det inneber å identifisere og handtere risikoen selskapet påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til berekraft og ansvarleg verksemd er reflektert i forventningane staten har til selskapa, og korleis staten følgjer opp selskapa.

Departementet har i styringsbodskapen sin til dei regionale helseføretaka bede om at spesialisthelsetenesta utfører ei heilskapleg tilnærming til klima- og miljøutfordringane. Miljøarbeidet i spesialisthelsetenesta blir koordinert gjennom eit samarbeidsutval mellom dei fire helseregionane. Alle dei regionale helseføretaka er representerte med ein medlem i samarbeidsutvalet. I tillegg har Sjukehusbygg HF og Sjukehusinnkjøp HF og verne-tenesta og tillitsvalde ein representant kvar. Dei

fire regionane har også kvar si miljøfaggruppe der alle helseføretaka er representerte.

Det er generelt krevjande å vurdere konsekvensar av digitalisering for klima. Det manglar kunnskap om kva IT-næringa innan helse bidreg til av klimagassutslepp. For å redusere klimagassutslepp vert det fyrst og fremst viktig å kartlegge næringa sitt avtrykk.

Trass i at det er krevjande å vurdere konsekvensar for klima, kan vi sjå at digitalisering i helsevesenet kan bidra til lågare klimautslepp. Det mest openberre potensialet er reduksjon av CO₂-utslepp som følgje av redusert reiseverksemd for tilsette og pasientar, samt mindre bruk av papir.

Nasjonale løysingar som kjernejournal, e-resept, helsenorge.no, grunndata og helse-ID bidreg til mindre bruk av papir ved at pasientar mottek digital post og at reseptar er digitale.

Ifølgje Perspektivmeldinga frå 2021 auka konsultasjonar gjennomført på video hjå fastlege frå 3 pst. i 2019 til 60 pst. i mars 2020. Mindre transport som følgje av ei auke i videokonsultasjonar trekast fram som eit tiltak som har store positive konsekvensar for klima- og miljø i Spesialisthelsetenestenes rapport for samfunnsansvar i 2020. Koronapandemien har bidrege til ei generell auke i bruken av digitale løysingar for kontakt med helse- og omsorgstenesta. Fastlegar gjennomfører ein stor del av sine konsultasjonar digitalt. Dette kan ha positive vedvarande følgje for klima også etter at samfunnet normaliserast.

Rapport for 2020

Det blir årleg utarbeidd ein felles årsrapport for samfunnsansvar i spesialisthelsetenesta, «Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar». Rapporten omhandlar klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon. Rapporten er utarbeidd av interregionalt samarbeidsutval for klima og miljø i spesialisthelsetenesta og omfattar helseføretaka i dei fire regionane og dei felleseigde selskapa (Sjukehusbygg HF, Sjukehusinnkjøp HF, Luftambulansenesta HF, Helsetenestast driftsorganisasjon for nødnett HF og Pasientreiser HF).

Alle helseføretak i landet er miljøsertifiserte etter ISO 14001. Det inneber at ei samla spesialisthelseteneste arbeider systematisk med å forbetre eigen miljøprestasjon. Gjennom rapporten for samfunnsansvar blir det også framstilt ein felles klimarekneskap for helseføretaka i landet. Klimarekneskapen hjelper til med å setje søkjelyset på å redusere forbruk av ressursar.

*Omtale av spesifikke satsingar og budsjettpostar:
Klimaeffekt av budsjettet for spesialisthelsetenesta*

Budsjettet for spesialisthelsetenesta i 2022 er på om lag 182 mrd. kroner. Løyvinga dekkjer i hovudsak pasientbehandling og drift av sjukehusa i tillegg til vedlikehald og investeringar.

2020 er det tredje året det blir framstilt ein felles klimarekneskap for spesialisthelsetenesta. Klimarekneskapen omfattar helseføretak i Helse Nord, Helse Midt-Noreg, Helse Sør-Aust, Helse Vest og dei fem felleseigde helseføretaka. Det er utvikla ein felles webportal for klimarekneskapen der kvart enkelt helseføretak registrerer sitt eige forbruk. Dei regionale helseføretaka er ansvarlege for å kontrollere rapporteringa. Klimarekneskapen til spesialisthelsetenesta omfattar fire hovudkategoriar: energiforbruk, transport av tilsette, transport av pasientar og forbruk av gassar.

Pandemien har i 2020 gjeve nokre positive konsekvensar for klima og miljø. Det mest sjølv-sagde er reduksjonen av CO₂-utslepp som ei følgje av redusert reiseverksemd for tilsette og pasientar. Totalt utslepp på grunn av ikkje-utførte flyreiser blant tilsette vart redusert med 10 000 tonn CO₂ frå 2019 til 2020. Klimarekneskapen for 2020 viser ein samla reduksjon på 37 273,84 tonn CO₂-utslepp frå 2019 til 2020. Til samanlikning er det årlege utsleppet frå St. Olavs hospital 30 475 tonn CO₂.

Gammal bygningsmasse, ventilasjonsanlegg og energisystem er ei utfordring fleire stader. I åra som kjem, vil det byggjast fleire nye sjukehus som vil hjelpe til betre energisystem i helseføretaka.

17.8 Justis- og beredskapsdepartementet

Totalbudsjettet for Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 utgjer 45,5 mrd. kroner fordelt på 21 verksemdar. Justissektoren er driftstung med mange verksemdar og tilsette og har betydelege utgifter til leige av lokale. Hovuddelen av budsjettet er dermed knytt til lønn og husleige.

Justis- og beredskapssektoren er ikkje ein særleg utsleppsintensiv sektor. Kva klimaeffekt som følgjer av kvart budsjettområde, har vi ikkje oversikt over. Justis- og beredskapsdepartementet har ingen budsjettpostar med klimaeffekt der endringa i budsjettposten frå føregåande år er over 0,5 mill. kroner.

17.9 Klima- og miljødepartementet

Totalbudsjettet for Klima- og miljødepartementet (KLD) i 2022 er på 17,1 mrd. kroner fordelt på om lag hundre budsjettposter. Grovt sett går rundt 4 pst. av dette til Klima- og miljødepartementets egne budsjett. Rundt 50 pst. går til Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Polarinstituttet og dei andre etatane under departementet. Dessutan går rundt 20 pst. til klima- og energifondet (Enova) og i overkant av 18 pst. til internasjonalt klimaarbeid. Resten, om lag 8 pst., går til andre formål, som forskning og overvaking.

Utgiftene under Klima- og miljødepartementet gjev ikkje eit fullstendig uttrykk for regjeringa sitt arbeid med å redusere klimagassutsleppa.

Viktige klimapolitiske satsingar ligg òg under budsjetta for andre departement. Klima- og miljøpolitikken blir i stor grad ført ved hjelp av skattar, avgifter og regulering.

Dei postane på departementet sitt budsjett som særleg kan gje ei endring i utsleppa, kan delast i tre kategoriar: nasjonale støtteordningar, forskning og kunnskapsformidling og middel som påverkar utslepp internasjonalt. Klima- og miljødepartementets budsjett går òg til ei rekkje andre formål, som drift og informasjonskampanjar, overvaking og kartlegging, tilskot til ulike miljø- og klimatiltak og støtte til frivillige organisasjonar. Under følgjer ei oversikt og ein kort omtale av løyvingane som kjem inn under dei tre kategoriane.

Tabell 17.4 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for poster over Klima- og miljødepartementet sitt budsjett som har ein klimateffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
1400	51	Den naturlege skulesekken	5,4	Auka klimagassutslepp
1400	70	Frivillige klima- og miljøorganisasjonar og klima- og miljøstiftelsar	1,4	Redusert klimagassutslepp
1410	50 og 51	Noregs forskingsråd	6,8	Redusert klimagassutslepp
1420	21	Spesielle driftsutgifter, Miljødirektoratet	-8,7	Auka klimagassutslepp / Nøytral
1420	30, 33 og 60	Naturmangfald	8,5	Redusert klimagassutslepp / Usikker
1420	38	Restaurering av myr og anna våtmark	4	Auka klimagassutslepp
1420	22, 66 og 85	Heilskapleg plan for Oslofjorden	10	Usikker
1420	74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	233	Usikker
1420	76	HFK/PFK refusjonsordningar	34,5	Redusert klimagassutslepp
1422	70 og 1420.62	Grønt Skipsfartsprogram	74,2	Redusert klimagassutslepp
1428	50	Overføring til Klima- og energifondet, Enova SF	68	Redusert klimagassutslepp
Internasjonalt klimaarbeid				
1481	01, 22 og 23	Kvotekjøp	-180	Nøytral
4481	1	Inntekter sal av klimakvoter	817	Nøytral

17.9.1 Nasjonale støtteordningar

1400.51 Den naturlege skulesekken

Post 1400.51 viser ei nedskalert vidareføring av Den naturlege skulesekken på budsjettet for 2022. Målet med ordninga er å medverke til at elevane får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og klima- og miljøutfordringane på kloden og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida. Den naturlege skulesekken (DNS) har vore eit samarbeidstiltak mellom Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Frå og med 2022 er tiltaket berre i regi av Klima- og miljødepartementet. Ein auka kunnskap om klima- og miljøutfordringane og moglege løysingar kan påverke etterspurnad/åtfærd som reduserer utslepp. Reduksjonen i budsjettposten vil kunne føre til auka klimagassutslepp.

1400.70 Frivillige klima- og miljøorganisasjonar og klima- og miljøstiftelsa

Målet med tilskotsordninga under post 1400.70 er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for miljø saker og stimulere til miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Organisasjonane styrkjer engasjement og kunnskap om klima i befolkninga. Det kan påverke etterspurnad/åtfærd som reduserer utslepp. Auka tildeling til denne posten kan ha positiv effekt litt avhengig av korleis midlane blir fordelte. For 2022 er Besteforeldrenes klimaaksjon (BKA) lagt til i ordninga.

1420.30, 33 og 60 Naturmangfald

Post 1420.30, 33 og 60 gjeld statleg sikring av nye friluftslivsområde, skogvern, erstatning av økonomiske tap for eigarane som følgje av vern og tilskot til å ta vare naturmangfald i kommuneplanlegging. Naturmangfald og vern kan ha ein positiv klimaeffekt og vil over tid bidra til reduserte klimagassutslepp. 1420.60 er oppretta som følgje av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald*. Meldinga legg grunnlaget for arbeidet med å ta vare på norsk natur, der regjeringa vil leggje til rette for at kommunane betrar kompetansen om naturmangfald. Kommunane har ei særleg viktig rolle i arealplanlegginga, og auken i løyvinga på 2 mill. samanlikna med 2021 går til tilskotsordninga der kommunar kan søkje om midlar til å lage kommuneplanar for natur.

Løyvinga over posten 1420.35 dekkjer utgifter til erstatning av dei økonomiske tap eigarar og

rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova og markalova. Løyvinga kan bidra til å auke klimagassopptaket i naturen, og ein nedgang i løyvinga kan i isolasjon gje redusert opptak av klimagassar på lang sikt.

1420.38 Myr og våtmark

Løyvinga er på 21,1 mill. kroner, med ein auke på 4 mill. kroner for 2022. Ein auke i løyvinga til restaurering av myr og anna våtmark kan bidra til redusert klimagassutslepp. Auken skal gå til restaurering av natur i andre økosystem enn myr og anna våtmark, slik som skog, fjell og ope lågland, for å møte Stortingets oppmodingsvedtak frå 2016 om å restaurere minst 15 pst. av forringa økosystem før 2025. Oppbygging av myr har ein positiv effekt på klima, og posten gjev ein auke i løyvinga til restaurering av natur. Den totale effekten på klimagassutslepp vil vere usikker og avheng av kva som blir restaurert, og korleis innretninga blir.

1420.61 Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing

1420.61 omfattar dei to tilskotsordningane Klimasats og tilskot til klimatilpassing i kommunane. Tilskotsordninga Klimasats skal fremje klimatiltak i kommunar, fylkeskommunar og Longyearbyens lokalstyre ved å støtte prosjekt som medverkar til reduksjon i utslepp av klimagassar og omsitting til lågutsleppssamfunnet. Regjeringa foreslår å føre vidare tilskotsordninga Klimasats i 2022 med ei løyving på 10 mill. kroner og ei fullmakt for nye tilsegner på 190 mill. kroner.

Delmåla til tilskotsordninga er å bidra til integrerte klimaomsyn i aktiviteten deira og at kommunen, fylkeskommunen og Longyearbyens lokalstyre styrkjer rolla som samfunnsutviklar og pådrivar som legg til rette for samarbeid på klimaoområdet mellom ulike aktørar.

Utsleppseffekten er ikkje kvantifisert, men ei evaluering av ordninga viser at ho medverkar til utsleppskutt, meir bruk av klimavennleg teknologi, samarbeid om klimatiltak og nyttig kunnskap i kommunane.

1420.22, 66 og 85 Tiltakspakke for Oslofjorden

Desse postane gjeld miljøtiltak i Oslofjorden. Postane er ein del av den heilskaplege tiltaksplanen for Oslofjorden, som totalt bidreg til sikring av friluftslivsområde. Post 1420.66 *Miljøtiltak i Oslofjorden* er ei ny post som går mellom anna til juridisk bistand for å betre tilgangen til strand-

sona til kommunane langs Oslofjorden og er på 3 mill. kroner. Post 1420.22 *Statlege vassmiljøtiltak* gjev ei løyving på 8,5 mill. kroner og går til betra vasskvalitet og biomangfald i fjorden. Tiltaka kan ha ei positiv klimaeffekt.

1420.74 CO₂-kompensasjonsordning

Regjeringa har i 2021 bestemt å føre vidare CO₂-kompensasjonsordninga for kraftkrevjande industri for perioden 2021–2030 i Noreg. Formålet med ordninga er å motverke karbonlekkasje, det vil seie at norske verksemdar flyttar produksjonen sin eller investeringane sine til land utanfor Europa med mindre streng klimapolitikk. CO₂-kompensasjonsordninga blir forvalta av Miljødirektoratet og er på 2,8 mrd. kroner i 2022-budsjettet.

Det er viktig å unngå auka globale utslepp ved å forhindre at norske verksemdar flyttar ut av Europa på grunn av høge straumkostnader. Samstundes er klimaeffekten av CO₂-kompensasjonsordninga uklar: Det er uvisst kor høg kvoteprisen må bli for at det skal oppstå ein reell risiko for karbonlekkasje, og i kva grad ordninga bidreg til å motverke karbonlekkasje i Noreg. Thema Consulting Group har greidd ut betydninga av ordninga. Dei meiner at det er tilstrekkeleg godt gjort at ordninga har motverka karbonlekkasje i perioden 2013–2020, men kunne ikkje kvantifisere verkna-dene av ordninga.

Det er venta at kvoteprisane vil auke i perioden 2021–2030, og at ordninga difor vil ha større betydning for støtterettkomne verksemdar i komande periode. Ordninga kan på den andre sida betre konkurranseevna til norsk industri og dermed medverke til auka aktivitet nasjonalt med tilhøyrande auka klimagassutslepp i Noreg.

1420.76 HFK

Lekkasjar av HFK-gassar frå kuldeanlegg, luftkondisjonering og varmpumper er den desidert største kjelda til utslepp av fluorhaldige gassar. For klimagassane HFK og PFK er det fastsett avgift, men refusjonsordninga gjev insentiv for aktørane til å samle inn og returnere brukt HFK og PFK. Summen som er løyvd til refusjonsordningar, er ei overslagsløyving. Tilbakebetalingssatsen i refusjonsordninga er lik avgifta, og når avgifta blir auka, gjev det eit sterkare insentiv til å levere inn brukt HFK og PFK.

1428.50 Enova

Tilskota til Enova utgjer brorparten av støtta til direkte klimatiltak i Noreg, og i budsjettframlegget er løyvinga på i underkant av 3,4 mrd. kroner. Auka på 68 mill. kroner, eller 2,1 pst., frå året før følgjer av priskompensasjon. Regjeringa har spissa Enova som klimaverkemiddel i ny fireårig styringsavtale for 2021–2024. Enova er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å fremje innovasjon og utvikling av nye klima- og energiløysingar og i oppfølginga av klimaplanen for 2021–2030. Enova skal rette aktiviteten mot seinfase teknologiutvikling og tidleg marknadsintroduksjon, med sikte på å oppnå varige marknadsendringar slik at løysingar tilpassa lågutsleppssamfunnet på sikt blir føretrekte utan stønad.

Spissa avtale som klimaverkemiddel og auka løyvingar over fleire år set Enova i stand til å halde fram med å støtte omstilling til lågutsleppsteknologi i alle sektorar. Over dei neste fire åra vil Enova mellom anna medverke til fleire nullutsleppslastebilar, ei vidare utvikling innan utsleppsfri sjøfart og innovasjon i industrien.

Direkte utsleppsreduksjonar knytte til støtteprosjekt i 2020 er på 279 000 tonn CO₂-ekvivalentar årleg i ikkje-kvotepliktig sektor. Dei faktiske reduksjonane vil truleg vere større, sidan anslaga ovanfor ikkje inkluderer dei positive langsiktige effektane av marknadsendringar og spreing av teknologi.

17.9.2 Forsking og kunnskapsformidling

Midlar til forskning og overvaking utgjer om lag 7 pst. av KLDs totalbudsjett. Brorparten av midlane til forskning blir kanaliserte gjennom Forskningsrådet, der hovudvekta er lagd på forskning på klimaendringar og klimaomstilling. Desse har ikkje nødvendigvis ein direkte klimaeffekt, men kan medverke indirekte til reduksjonar av klimagassutslepp på sikt. Støtte til forskning driv utviklinga av neste generasjons klimaløysingar som kan vere sentrale for Noregs omstilling til eit lågutsleppssamfunn.

1410.50 og 51 Noregs forskingsråd

Post 1410.50 og 51 viser ein auke i forskning og innovasjon for grøn omstilling. Denne auken i løyvinga er knytt til satsingsforslaget grøn skipsfart – teknologiutvikling for hurtigbåtar og lasteskip, der satsinga har ein auke på budsjettet for 2022 på 40 mill. kroner. Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta aukar med om lag 0,6 mill. kroner.

1410.51 og 1420.62 Grøn skipsfart – hurtigbåtordninga og utvikling av nullutsleppsteknologi for dei store fartøyssegmenta

Frå 2021 vart det oppretta ein eigen post øyremerkert tilskot til innføring av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale samband, som er vidareført for 2022-budsjettet med ei løyving på 25 mill. kroner og ei tilsagnsfullmakt på 15 mill. kroner. Tilskotet skal bidra til at fylkeskommunane kan velje låg- og nullutsleppsløysingar på hurtigbåtar. Regjeringa føreslår og ei øyremerkta løyving til utvikling av nullutsleppsløysingar for større skip som opererer over lengre strekningar på 40 mill. kroner.

1420.21 Miljødirektoratet

Posten gjev kunnskap som kan nyttast til å redusere utslepp og gjere gjennomføringa av tiltak meir effektiv. Ei reduksjon i løyvinga til slike postar kan difor føre til auka klimagassutslepp. Reduksjonen inneber flytting av midlar til andre postar på budsjettet, og den totale effekten på klimagassutslepp er difor nøytral.

17.9.3 Internasjonale utslepp

Omtrent 18 pst. av midlane i Klima- og miljødepartementets 2022-budsjett går til Klima- og skoginitiativet og statens kjøpsprogram for kvotar.

1481.01, 22 og 4481.1 Klimakvoter

Kvotekjøp og sal gjeld i 2022-budsjettet tre postar på Klima- og miljødepartementets budsjett. Kvotepriksen har auka mykje det siste året, men prisane kan svinge sterkt i denne marknaden, og anslaget for budsjettpostane som gjeld kvotesal er difor usikkert. Ein av postane er utgifter til utvikling av nye program under artikkel 6 i Parisavtala og til betaling for kjøp av klimakvoter og andre utsleppsreduksjonar. Slike kvotekjøp er vurderte ikkje å erstatte innanlandske utsleppskutt. Den siste posten gjeld inntekter overførte frå EUs inntekter frå kvoteauksjonar. Dette gjev heller ikkje effekt på innanlandske utslepp.

17.10 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for fornying av offentleg sektor, IT-politikk, elektronisk kommunikasjon, bustad- og bygnings-

politikk, regional- og distriktpolitikk, økonomiske og juridiske rammevilkår for kommunesektoren, gjennomføring av val, planlegging og kart- og geodata, samar og nasjonale minoritetar, oppfølging av berekraftsmål, personvern, statleg arbeidsgjevarepolitikk, tryggleik og fellestenester for departementa, overordna ansvar for statlege bygg, statsforvaltarane og dessutan budsjettet for Kongehuset.

Totalt utgjer budsjettforslaget til departementet for 2022 om lag 255 mrd. kroner. Av dette utgjer om lag 74 pst. rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar. Grovt sett går om lag 8 pst. til Husbanken, 5 pst. til ressurskrevjande tenester, 3,4 pst. til statlege byggjeprojekt og eigeomsforvaltning, og knapt 1 pst. til statsforvaltaren. Ein stor del av budsjettet gjeld rammeoverføringar og tilskot der det er vanskeleg for departementet å anslå om det er utsleppseffektar.

17.10.1 Byggkvalitet

God byggkvalitet handlar først og fremst om at bustader og bygg er sikre og miljøvennlege. Bygningsregelverket skal sørge for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøvennlege. Lån frå Husbanken medverkar til fleire bustader og bygg med kvalitetar utover krava i byggt teknisk forskrift. Lån til bustadkvalitet skal fremje miljø og tilgjengelegheit i nye bustader. Det kan ytast lån til oppføring av bustader med godt inn klima, miljøvennlege materialar og byggemetodar. For eksisterande bustader kan det ytast lån til å fremje viktige bustadkvalitetar som energieffektivitet og tilgjengelegheit.

17.10.2 Eigeomsforvaltning

Miljøtiltak i samband med statlege byggjeprojekt kan omhandle redusert energibruk, redusert lokal forureining ved sanering, redusert bruk av miljøskadelege materialar, men også lokalisering, gjenbruk og godt vedlikehald. Statsbygg gjennomfører ei rekkje klima- og miljøtiltak. Klimakorrigert og driftsnormert kWh per m² er redusert frå 2017. Dette er oppnådd gjennom betydeleg satsing på ENØK, god energileiing og systematisk oppfølging i eigeomsforvaltninga. Statsbygg arbeider med å redusere behovet for nye bygg, mellom anna gjennom arealeffektivisering og optimalisering av løysingar i eksisterande bygningsmasse. Lokalisering har stor påverknad på den totale klimagassrekneskapan i eit bygg, og transport, lokalklima og grunnforhold på tomte er viktige faktorar i denne samanhengen. Statsbygg

skal leggje statlege planretningslinjer til grunn for lokaliserings- og tomteanalysane sine og søkje etter tomter som vil gje minst mogleg miljøbelastning. I tillegg har departementet gjeve Statsbygg mandat til å bidra til innovasjon og utvikling av bruk av tre og andre lågutsleppsmaterialar til bruk i statlege byggjeprosjekt, om det er konkurransedyktig og materialbruken tek vare på den nødvendige sikkerheita.

Når det gjeld Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine postar som påverkar utslepp,

er dette i stor grad postar som omfattar prosjektering og oppføring av bygg. Investeringane vil gå til auka etterspurnad etter materialar til oppføring av bygningar og til teknisk utstyr som skal inngå i bygningsmassen. Produksjon av byggjeverar kan gje klimagassutslepp både i kvotepliktig og i ikkje-kvotepliktig sektor. Tabellen skal vise budsjettpostar med klimaeffekt der endring i løyving frå 2021 er over 0,5 mill. kroner, og kva utsleppseffekt endringa i budsjettposten har.

Tabell 17.5 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for poster over Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt budsjett som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post.	Nemning	Foreslått endring (i mill. kr)	Utsleppseffekt
530	30	Prosjektering av bygg	163,0	Aukar klimagassutslepp
530	33	Vidareføring av byggjeprosjekt	-487,9	Aukar klimagassutslepp
530	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	35,1	Aukar klimagassutslepp
533	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	-121,5	Aukar klimagassutslepp
2445	24.2	Driftsutgifter	-14,0	Aukar klimagassutslepp
2445	30	Prosjektering av bygg	51,2	Aukar klimagassutslepp
2445	31	Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt	-959,4	Aukar klimagassutslepp
2445	33	Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt	3427	Aukar klimagassutslepp

530 30 Prosjektering av bygg

530 33 Vidareføring av byggjeprosjekt

2445 30 Prosjektering av bygg

2445 31 Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt

2445 33 Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt

Postane omfattar prosjektering og oppføring av bygg og vil gi auka utslepp av klimagassar. Investeringane vil bidra til auka etterspurnad etter materialar til oppføring av bygningar og til teknisk utstyr som skal inngå i bygningsmassen. Produksjon av byggjeverar kan gje klimagassutslepp både i kvotepliktig og i ikkje-kvotepliktig sektor. Dei største utsleppsbidraga for mange byggjeverar vil vere innanfor kvotepliktig sektor gjennom produksjon av dei sentrale råvarene slik som sement, jarn og stål, aluminium. Andre, men mindre utsleppsintensive, råvarer gjev primært utslepp utanfor kvotepliktig sektor, slik som trevarer. Byggjeprosjekt krev også maskiner og utstyr på byggjeplassane som gjev klimagassutslepp i bruk inntil byggjeplassdrifta eventuelt blir heilt utsleppsfri.

530 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald – aukar utslepp av klimagassar

Posten omfattar anskaffing av utstyr. Alle investeringar som inneber anskaffing av fysiske varer, vil i nokon grad medverke til klimagassutslepp. Samstundes kan vedlikehaldet også bidra til å unngå investeringar i ny bygningsmasse seinare – noko som kan bidra til at ein unngår framtidige utslepp.

533 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald – aukar utslepp av klimagassar

Posten omfattar anskaffing av utstyr og vedlikehald på kulturhistoriske eigedommar. Alle investeringar som inneber anskaffing av fysiske varer, vil i nokon grad bidra til klimagassutslepp. Samstundes kan vedlikehaldet også bidra til å unngå investeringar i ny bygningsmasse seinare – noko som kan bidra til at ein unngår framtidige utslepp.

2445 24.2 Driftsutgifter – aukar utslepp av klimagassar

Posten omfattar drift, forvaltning og vedlikehald av eigedommar. Drift av bygningsmasse krev energi, elektrisk energi og i mange tilfelle fjernvarme. Utsleppsbidraget for bruk av elektrisitet kan vurderast på fleire måtar avhengig av kva tilnærming ein legg til grunn. Uansett tilnærming vil bruk av elektrisitet i nokon grad bidra til klimagassutslepp. Alle postar som inneber bruk av energi og elektrisitet, vil difor bidra til auka utslepp av klimagassar – primært innanfor kvotepiktig sektor.

17.11 Kunnskapsdepartementet

Kunnskapsdepartementet har ansvar for barnehage, grunnskule, høgare utdanning, forskning, kompetansepolitikk og integrering. Dei samla utgiftene i budsjettforslaget for Kunnskapsdepartementet i 2022 er på 95,2 mrd. kroner eksklusive lånetransaksjonar og andre kapitaltransaksjonar. Denne summen er fordelt på rundt 200 budsjettpostar. Grovt sett går i underkant av 1 pst. til Kunnskapsdepartementets eige budsjett, rundt 44 pst. til statlege og private universitet og høgskular, rundt 17 pst. til utdanningsstøtte, rundt 15 pst. til barnehage og grunnskule, 8 pst. til integrering og mangfald, 5 pst. til Noregs forskingsråd og 2 pst. til kompetansepolitikk og livslang læring. Resterande går til diverse andre mindre tilskotsordningar. Kva slags klimaeffekt som følgjer av kvart budsjettområde, har vi ikkje oversikt over. Under følgjer ein gjennomgang av nokre element i budsjettet som er særleg relevante med omsyn til effekten dei har på klimagassutsleppa.

Dei samla løyvingane til forskning og utviklingsarbeid (FoU) frå alle departement er nærmare omtalte i kapittel 5 i Prop. 1 S (2021–2022) frå Kunnskapsdepartementet. Under følgjer ein gjennomgang av nokre element i budsjettet som er særleg relevante med omsyn til effekten dei har på klimagassutsleppa.

17.11.1 Forsking

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2019–2028, jf. Meld. St. 4 (2018–2019), gjev dei politiske føringane for regjeringa si satsing på dette området. Langtidsplanen har tiårige mål og prioriteringar, men meir konkrete mål for innsatsen i den første fireårsperioden, der regjeringa legg fram satsingar dei ønskjer å prioritere i dei årlege statsbudsjetta. Utdanning, forskning og inn-

ovasjon som kan hjelpe oss å nå klimamåla, er prioritert vidare framover. I den reviderte langtidsplanen er difor klima, miljø og miljøvennleg energi ein av dei fem langsiktige prioriteringane. Eit anna prioritert område i planen er at universitets- og høgskulebygg skal vere kostnadseffektive og medverke til innovative og klima- og miljøvennlege løysingar.

Den målretta innsatsen på klima og miljø var om lag 1,7 mrd. kroner i 2020. Kunnskapsdepartementet bidreg gjennom fleire av Forskningsrådets verkemiddel, som til dømes store program slik som KLIMAFORSK, ENERGIX og til Senter for Klimadynamikk ved Bjerknessenteret i Bergen. Klima og miljø er sentrale tema i norsk polarforskning. Kunnskapsdepartementet finansierer programmet POLARPROG, i tillegg til forskingsinfrastruktur for polarforskning, der forskning på klima og miljø inngår. Det meste av norsk polarforskning skjer i Arktis og særleg på Svalbard og i Barentshavet. Raske klima- og miljøendringar i dei polare områda aukar behovet for kunnskap. Prosjektet «Arven etter Nansen» blir òg finansiert over Forskningsrådets budsjett, med tokt i sentrale og nordlege delar av Barentshavet. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom dei sentrale norske forskingsinstitusjonane på feltet og er venta å gje kartlegging og forskning av høg kvalitet. «Arven etter Nansen» er Noregs største marine forskingsprosjekt med eit totalbudsjett på 740 mill. kroner. KDs årlege bidrag er 60 mill. kroner.

Bidrag til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon Horisont 2020 er òg viktig, der klima og berekraftig utvikling er eit gjennomgangstema. 35 pst. av budsjettet i Horisont 2020 skal gå til klimatiltak, og minst 60 pst. av budsjettet er forventa å medverke til berekraftig utvikling. Noreg skal fortsetje å delta i det nye rammeprogrammet frå 2021, Horisont Europa. Det er eit mål at over 35 pst. av budsjettet er sett av til å møte klimautfordringar. I programmet blir det òg lansert tverrfaglege og tverrsektorielle samfunnsoppdrag med klare mål for mellom anna tilpassing til klimændringar inkludert samfunnsendring, Klimanøytrale og smarte byar, og sunne hav, kystar og sjøar. Samfunnsoppdraga skal bidra til å møte globale utfordringar innan 2030 og til å nå dei politiske målsetjingane i strategiar som mellom anna EUs grøn giv.

17.11.2 Universitets- og høgskulebygg

Universitets- og høgskulesektoren er ein stor eigedomsaktør i statleg sivil sektor og disponerer eit areal på om lag 3,5 mill. kvadratmeter. Samla

løyving over programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning utgjorde 52,6 mrd. kroner i saldert budsjett 2021. Av dette vart 40,7 mrd. kroner løyvde over kap. 260 Universitet og høgskular. Om lag ein tredel av statlege universitets- og høgskulebudsjett går til drift, forvaltning av og tilskot til bygg og eigedom.

Byggrelatert vedlikehald har eit relativt lågt utslepp. Det er lite samanliknbare tal for klimagassutsleppa for universitets- og høgskulesektoren, men utsleppa frå flyreiser, elektrisitet og fjernvarme står for ein stor del av klimagassutsleppa frå sektoren. For å stimulere til betre bruk av eksisterande bygg har Kunnskapsdepartementet gjennom ei søknadsordning for universitet og statlege høgskular tildelt til saman 871 mill. kroner i perioden 2015–2021 til oppgraderingar av eksisterande bygg. Regjeringa foreslår å avvikle ordninga frå og med 2022 for å finne rom for andre prioriteringar. Dei fleste statlege universitet og

høgskular har miljøstrategiar med tilhøyrande handlingsplanar for å redusere utsleppa sine på campus. Ein aukande del har også eigne utsleppsrekneskapar, men med ulik metodikk.

17.11.3 Studentbustader

Studentsamskipnadene fekk i 2021 tilsegn til å byggje 1 650 nye studenthyblar, og alle søknadene om å byggje nye studentbustader vart innvilga. Ein stor del av bustadene samskipnadene har, er frå mellom 1950 og 1980. Sjølv om samskipnadene har ei plikt til og bidreg med jamleg vedlikehald, er det delar av bygningsmassen som ikkje held mål etter gjeldande krav til funksjonalitet, standard, klima og miljø. Ifølgje gjeldande forskrift om tilskot til bygging av studentbustadar § 3 c) kan samskipnadene få tilskot til oppgradering i særskilde tilfelle.

Tabell 17.6 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Kunnskapsdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post.	Nemning	Foreslått endring (i mill. kr)	Utsleppseffekt
285	53	Sektoroverskridande og strategiske satsingar	0,3	Usikker effekt
288	73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon	780,4	Usikker effekt

Kap. 285, post 53 Sektorovergripande og strategiske satsingar

Posten finansierer sektorovergripande og strategiske satsingar gjennom Noregs forskingsråd. Nokre av midlane som ligg på posten, går direkte til klimaforskning, men mesteparten av midlane på posten går til forskning innanfor andre område. Klima er ikkje hovudformålet på posten. Posten kan seiast å påverke gjennom skalaeffektar ved endra omfang av forskning og utvikling som påverkar utslepp, og endra spreiding av kunnskapar om utsleppsreduserande løysingar.

Kap. 288, post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon

Posten finansierer Noregs kontingent til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, både Horisont 2020 og Horisont Europa. Det er eit mål at over 35 pst. av budsjettet til Horisont Europa skal

setjast av til å møte klimautfordringar. Auken på posten skriv seg frå auka kontingentforpliktingar.

17.12 Kulturdepartementet

Kulturdepartementet har ansvar for den statlege politikken og forvaltninga på områda kultur, likestilling og diskriminering, opphavsrett, medium, idrett, frivillig verksemder og pengespel og lotteri.

Totalt utgjør Kulturdepartementets budsjettforslag for 2022 om lag 21,9 mrd. kroner. Tilskotsløyvingar utgjør den klart største delen av Kulturdepartementet sitt budsjett. Om lag 90 pst. av tilskotsløyvingane på Kulturdepartementets budsjett er tilskot. Meir enn halvparten av budsjettet er fordelt på ulike enkelttilskot (øyremerkte tilskot), medan dei andre tilskotsløyvingane er fordelt på ulike ordningar som kan søkjast på. Både enkelttilskot og ordningar det kan søkjast på, blir i hovudsak forvalta av underliggende verksemder.

Ein stor del av oppgåveløysinga på ansvarssområdet til Kulturdepartementet skjer av ikkje-statlege aktørar. Statens verkemiddel inngår difor som ein del av ein større samanheng.

Måloppnåinga er avhengig av innsats frå staten, dei private aktørane og kommunesektoren. Rolla til staten er ofte indirekte gjennom å sikre rammevilkår for aktørane. Dette skjer gjennom utforming av regelverk og økonomiske verkemiddel (i hovudsak driftsmiddlar). Løyvingar over Kulturdepartementet sitt budsjett blir sett på som nøytrale i klimasamanheng.

Kulturdepartementet har ingen budsjett-postar med klimaeffekt der endringa i budsjett-posten frå føregåande år er over 0,5 mill. kroner.

17.13 Landbruks- og matdepartementet

Over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett er det for 2022 gjort framlegg om å løyve 22,6 mrd. kroner. 78 pst av dette er til gjennomføring av jordbruksavtalen og reindrifftsavtalen, 8 pst. går til drift av departementet, Mattilsynet og Landbruksdirektoratet, 2 pst. til direkte finansiering av

Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet, 3 pst. til forskning og utvikling via Noregs forskingsråd (inkludert grunnløyving til instituttsektoren). Resterande del av budsjettframlegget er til avvikling av pelsdyrhald i Noreg og andre tilskot utanom næringsavtalane m.m. Hovudprioriteringar i budsjettframlegget for Landbruks- og matdepartementet er landbruk over heile landet, kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald (7 pst. av budsjettet) og digitalisering.

Verkemidla over jordbruksavtalen skal leggje til rette for dei fire landbrukspolitiske måla; berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, matsikkerheit og beredskap, auka verdiskaping og landbruk over heile landet. Som følgje av jordbruksoppgjering i 2021 blir det gjort framlegg om endringar i tilskot tilsvarende 490 mill. kroner i auka budsjettstøtte, i tillegg til auka målprisar tilsvarende 400 mill. kroner. Det blei lagt til grunn at dette vil gi ein gjennomsnittleg netto inntektsvekst frå 2021, før oppgjer, til 2022 på om lag 4,5 pst. (18 700 kroner). Oppgjeret inneber at avsetjingar med klima- og miljøverknad blir auka med 238 mill. kroner. Sektorar med marknadspotensial er prioritert.

Tabell 17.7 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post.	Nemning	Foreslått endring (i mill. kr)	Utsleppseffekt
1137	50	Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd	-14,9	Usikker effekt
1137	51	Grunnløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	1,7	Kan bidra til redusert utslepp
1137	54	Næringsretta matforskning m.m.	5,2	Kan bidra til redusert utslepp
1149	71	Tilskot til verdiskapingstiltak i skogbruket	-10	Kan bidra til redusere opptak
1149	73	Tilskot til skog-, klima- og energitiltak	1,2	Kan auke opptak
1150	50	Tilskot til Landbrukets utviklingsfond	83	Reduserte utslepp
1150	70	Marknadstiltak	5,3	Kan bidra til reduserte utslepp
1150	74	Direkte tilskot	324,5	Usikker effekt
1150	77	Utviklingstiltak	-3	Kan bidra til at utsleppsutviklinga ikkje går som ønskt
1151	51	Tilskot til Utviklings- og investeringsfondet	13,1	Kan bidra til reduserte utslepp
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskot	1,9	Kan bidra til reduserte utslepp

1137 50, Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd

Posten skal bidra til å nå dei fire landbruks- og matpolitiske hovudmåla der auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar er to av desse. Løyvinga blir tildelt Noregs forskingsråd fordelt på ulike porteføljar. Midlane går til dømes til porteføljen Landbasert mat, miljø og bioressursar som dekkjer programma BIO-NÆR og MILJØFORSK, og Energi, transport og lågutslepp som dekkjer programmet ENERGIX. Samla følgjer desse opp ulike prioriterte område innan klima, fornybar energi og miljø. Posten vil difor i stort bidra positivt til å redusere klimagassutslepp. Den foreslåtte reduksjonen i løyvinga kan føre til redusert forskingsaktivitet på tema som også gjeld utsleppsrelaterte problemstillingar.

1137 51, Grunnløyvingar m.m., Noregs forskingsråd

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for grunnfinansieringa av NIBIO, Veterinærinstituttet og Ruralis. Grunnløyvinga (tidl. basisløyvinga) blir nytta til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging og stimulerer til høg vitenskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid innan heile breidda av dei faglege aktivitetane til institutta. Midlane finansierer i første rekkje strategisk kompetansebygging i institutta på fagområde som vil bli viktige framover for verksemda. Prosjekta har ofte ei direkte eller indirekte tilknytning til klimautslepp og omhandlar tema som dyrehelse eller klimatilpassa jord-, skog- eller arealbruk. Den foreslåtte auken i løyvinga kan føre til ny kunnskap som på sikt kan bidra til lågare utslepp.

1137 54, Næringsretta matforskning m.m.

Posten finansierer Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter (FFL). FFL dekkjer mange fagområde som samla sett skal bidra til å nå dei landbruks- og matpolitiske måla. Viktige fagområde er mellom anna klima, miljø og berekraft. Delar av løyvinga skal gå til matforskningsinstituttet Nofima AS, som er eit næringsretta institutt innanfor utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon i grøn og blå sektor. Løyvinga blir motsvart av inntekter frå forskningsavgifta på landbruksprodukt, jf. kap. 5576, post 70 Forskningsavgift på landbruksprodukt.

Den foreslåtte auken i løyvinga kan føre til ny kunnskap som på sikt kan bidra til lågare utslepp.

1149 71, Tilskot til verdiskapingstiltak i skogbruket

Posten omfattar midlar til infrastruktur i skogbruket, irekna bygging/ombygging av tømmerkaier og skogsvegar. Delar av tilskotsmidlane til skogsvegar går til nybygging av skogsvegar, som kan føre til avskoging og gje ein utsleppseffekt i utsleppsrekneskapen. Samstundes er infrastruktur ein viktig føresetnad for eit berekraftig skogbruk med forynging, skjøtsel og drift av skog, noko som gjev auka skogproduksjon og auka langsiktig CO₂-opptak. Nye vegar og tømmerkaier gjev auka tilgang til fornybart råstoff som kan fortrengje fossile utslepp. Dei ulike effektane av nybygging av skogsvegar må bli vurdert opp mot kvarandre og gjer det vanskeleg å konkludere ein tydeg om samla utsleppseffekt. Andre delar av midlane går til ombygging av skogsvegar i eksisterande vegtrasé og bidreg ikkje til avskoging.

1149 73, Tilskot til skog-, klima- og energitiltak

Midlane på posten skal leggje til rette for å styrkje opptak av CO₂ og lagring av karbon i skog, mellom anna slik at meir bruk av fornybart skogråstoff kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar. Det blir også gjeve tilskot til Det norske Skogfrøverk over posten. Arbeidet her bidreg til betre klimatilpassing ved bruk av frø og plantar i skogbruket, og foredlingsgevinstar som kan bidra til å auke opptaket av CO₂ i skog. Posten bidreg til auka opptak av CO₂ og lagring av karbon, og den foreslåtte auken vil ha positiv effekt på klimagassutslepp.

1150 50, Tilskot til Landbrukets utviklingsfond

Landbrukets utviklingsfond (LUF) er eit fond som har som formål å støtte tiltak som fremjar landbruksnæringa i samsvar med formålsparagrafen i jordlova og skogbrukslova. Rammene for tildeling blir fastsette i jordbruksavtalen og statsbudsjettet. Posten femner ei rekkje tiltak, der fleire har eit tydeleg klima- og miljøformål, til dømes tilskot til bygging av gjødsellager, gjennom investerings- og bedriftsutveklingsmidlane i landbruket (IBU), drenering, tilskot til levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg, utredningar og informasjonstiltak, bygg i tre, skogtiltak m.m. Posten må difor, i sin heilskap, reknast som å ha ein positiv effekt på klimagassutslepp. Det er foreslått ei auka løyving på 83 mill. kroner til fondet for 2022, samstundes blir den totale tilskotsramma frå fondet redusert med 17 mill. kroner – dette for å styrkje eigenkapitalen til fondet. Når det gjeld prioriteringar i til-

skotsramma til fondet, vart det lagt til rette for ei spissa satsing på ordningar som har klima- og miljøformål, irekna tilskot til bygging av gjødsellager gjennom investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket (IBU), Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket, spesielle miljøtiltak i landbruket, tilskot til tiltak i beiteområde og tilskot til biogass. For desse ordningane auka avsetninga med 51 mill. kroner. Av den grunn vil denne prioriteringa bidra til reduserte klimagassutslepp i 2022.

Det er lagt opp til ei redusert løyving på 36 mill. kroner til skogbrukstiltak over LUF. Løyvinga over ordninga går mellom anna til skogkulturtiltak som skogplanting og ungskogpleie, samt til skogsvegar, skogbruksplanlegging og kompetansetiltak i skogbruket. Redusert løyving til enkelte skogstiltak som skogplanting og ungskotpleie kan gi mindre opptak av CO₂ i skog.

1150 70, Marknadstilskot

Midlane går til opplysningsverksemd for frukt- og grønt og bidreg gjennom det til eit kosthald som reduserer klimautslepp. Midlane går også til «avrensordninga» for potet som bidreg til å utnytte ein ressurs der alternativ bruk er rotning på jordet (produktvinn). Midlane blir også brukte til råvareprisutjammingsordninga (RÅK) som bidreg til ein høgare del norsk produksjon og gjennom det lokal foredling og mindre transport av mat. Den foreslåtte auken er marginal, men kan truleg å ha ei positiv verknad på klimagassutslepp (reduerte utslepp).

1150 74, Direkte tilskot

Posten omfattar både tilskot til husdyrproduksjon, beitetilskot, areal- og kulturlandskapstilskot, tilskot til regionale miljøprogram og tilskot til økologisk jordbruk. Isolert sett vil auka husdyrproduksjon bidra til auka utslepp i Noreg, men så lenge produksjonen blir tilpassa forbruket i Noreg vil det sannsynlegvis ha liten effekt på dei samla globale utsleppa. Posten omfattar også ordningar som kan bidra til miljø- og klimavennleg produksjon og reduserte utslepp per produserte eining. Marknadstilpassinga legg til rette for at vi produserer den maten som blir etterspurd i Noreg, og reduserer faren for karbonlekkasje. Det er kompliserte samanhenger mellom dei ulike tilskotsordningane innanfor posten, og klimaeffekten er uviss.

1150 77, Utviklingstiltak

Posten går til planteavl, dyreavl, dyrevelferd og til rådgjeving. Dette skal bidra til betre dyre- og plantehelse, og meir effektiv matproduksjon med lågare klimautslepp per produsert eining og til klimatilpassing. Den foreslåtte reduksjonen i løyvinga er kun ein strukturell tilpassing av løyvinga og har ingen effekt på klimagassutsleppa.

1151 51, Tilskot til Utviklings- og investeringsfondet

Posten gjeld Reindriftens utviklingsfond. Over Reindriftens utviklingsfond blir det gjeve tilskot til ulike tiltak som bidreg til ei berekraftig reindrift. Tiltaka bidreg til meir effektiv matproduksjon med lågare klimautslepp per produsert eining. Den foreslåtte auken kan bidra til reduserte utslepp.

1151 75, Kostnadssenkande og direkte tilskot

Posten gjeld direkte tilskot til siidadelar og tamreinlag og tilskot til reinbeitedistrikt. Dei direkte tilskota omfattar produksjonspremie og kalveslaktetilskot i tillegg til nokre mindre ordningar for å sikre rekruttering og likestilling. Dei direkte og kostnadssenkande tilskota bidreg til meir effektiv matproduksjon med lågare klimautslepp per produsert eining. Den foreslåtte auka kan bidra til reduserte utslepp.

17.14 Nærings- og fiskeridepartementet

Totalbudsjettet for Nærings- og fiskeridepartementet i 2022 er på om lag 43 mrd. kroner eksklusiv lånetransaksjonar og andre kapitaltransaksjonar. Denne summen er fordelt på rundt 100 postar i budsjettet. Grovt sett går cirka 1,3 pst. til Nærings- og fiskeridepartementets eige budsjett, i underkant av 11 pst. til 17 direktorat og andre underliggjande forvaltningsorgan, rundt 5 pst. til Noregs forskingsråd, 6 pst. til Innovasjon Noregs innovasjonsverkemiddel, i underkant av 5 pst. til tilskotsordninga for sysselsetjing av sjøfolk, 3 pst. til romverksemd, 2 pst. til sikring av atomanlegg og trygg handtering av atomavfall og om lag 62 pst. til oljeverksemda til staten, som er foreslått overført frå Olje- og energidepartementet sitt budsjett. Resterande går til diverse andre mindre tilskotsordningar. Kva klimaeffekt som følgjer av kvart budsjettområde, har vi ikkje samla oversikt over. Nedanfor tek vi for oss nokre endringar i budsjettet frå 2021 til 2022 som kan ha effekt på klimaet.

Tabell 17.8 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
Forskning og innovasjon				
920	50	Tilskot til næringsretta forskning	116,5	Usikker effekt på klimagassutslepp
920	51	Tilskot til marin forskning	54,8	Reduserte klimagassutslepp
922	50	Norsk Romsenter	2,8	Usikker effekt på klimagassutslepp
923	22	Fiskeriforskning og -overvaking, <i>kan overførast</i>	-3,6	Usikker effekt på klimagassutslepp
924	70	Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram	200,4	Reduserte klimagassutslepp
928	21	Spesielle driftsutgifter	-6,6	Usikker effekt på klimagassutslepp
2421	50	Innovasjon – prosjekt, fond	-38,4	Usikker effekt på klimagassutslepp
2421	71	Innovative næringsmiljø, <i>kan overførast</i>	90,5	Usikker effekt på klimagassutslepp
2421	75	Grøn plattform, kan nyttast under post 50, 71, 72 og 76	127,7	Usikker effekt på klimagassutslepp
2421	76	Miljøteknologi, kan overførast	-50	Usikker effekt på klimagassutslepp
2426	71	Tilskot til testfasilitetar	-55	Usikker effekt på klimagassutslepp
Nysnø				
950	52	Nysnø Klimainvesteringer AS – risikokapital	70	Reduserte klimagassutslepp
950	90	Nysnø Klimainvesteringer AS – kapitalinnskot	130	Reduserte klimagassutslepp
Løyvingar til eksportfremjing				
941	21	Eksportstrategirådet, spesielle driftsutgifter	47	Usikker effekt på klimagassutslepp
2429	90	Eksportkredittordninga under Eksportfinansiering Noreg, Utlån	1 000	Usikker effekt på klimagassutslepp
Tilskot til fiskeria				
919	75	Diverse fiskeriformål, Tilskot til nærings tiltak i fiskeria, <i>kan overførast</i>	-3	Usikker effekt på klimagassutslepp

17.14.1 Løyvingar til forskning og innovasjon

Over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet skjer tildeling til miljø- og klimarelevant forskning i hovudsak gjennom tilskot til næringsretta forskning (920.50), marin forskning (920.51) og nukleære aktivitetar. Tiltaka gjeld teknologiar som reduserer forureining ved hjelp av reinsing, meir miljøvennlege produkt og produksjonsprosessar, meir effektiv ressurs-handtering og ressursutnytting og teknologiske system som reduserer miljøpåverknaden. Når Noregs forskingsråd vel ut prosjekt, blir det gjort ei vurdering av miljøverknadene av prosjekta. I porteføljen til Forskingsrådet utgjorde forskning som kan føre til reduserte klima- og miljøavtrykk, i alt 3 mrd. kroner i 2020. Dette er på omtrent same nivået som i 2019 og ein auke frå 2,5 mrd. kroner i 2018.

Regjeringa foreslår å auke tilskot til næringsretta forskning (920.50) med om lag 116,54 mill. kroner og tilskot til marin forskning (920.51) med om lag 54,8 mill. kroner i 2022. Hovudårsaka til auken er at det i 2021 var ein eittårig reduksjon i tilskotet for å redusere dei likvide avsetningane til Forskingsrådet. Regjeringa foreslår også å styrkje Grøn plattform med 252,7 mill. kroner i 2022, fordelt på Forskingsrådet (920.50), Innovasjon Noreg (2421.75) og Siva (2426.71). Grøn plattform er omtalt ytterlegare under (2421.75) og i Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon. Innanfor tilskotet til marin forskning (920.51) blir det sett av 10 mill. kroner til oppfølging av FN's havforskingstiår, der klimarelevant forskning er ei prioritering.

Norsk Romsenter (922.50) er sekretariat for Noregs deltaking i EUs romprogram og arbeider for norske industriinteresser i alle programkomponentar. Norsk Romsenter forvaltar ordninga med nasjonale følgjemidlar (922.72) og midlar til infrastrukturutvikling (922.74). Regjeringa foreslår å auke løyvinga med om lag 2,8 mill. kroner for 2022. Auken inkluderer midlar til utgreiing av tilsyn og løyvingar for romaktivitetar og midlar for å kompensere for prisstiging. Norsk Romsenter vurderer sjølv korleis løyvinga skal fordelast for å oppnå måla som er fastsette i tildelingsbrevet, og det er usikkert i kva grad arbeidet påverkar utslepp.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga til fiskeriforsking og -overvaking (923.22) med om lag 3,6 mill. kroner som følge av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta. Posten finansierer i stor grad tokt for overvaking av marine ressursar, og mindre toktaktivitet kan isolert sett gje reduserte utslepp. På den andre sida bidreg over-

vakinga til kunnskapen om effektar av klimaendringar. Det er difor usikkert i kva grad endringa påverkar ressursar til klimarelevant forskning.

Løyvinga til internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram (924.70) går til å dekkje medlemskontingent for deltaking i fleire EU-program. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 200,44 mill. kroner, mellom anna for å sikre norsk deltaking i delar av det nye investeringsprogrammet InvestEU. Programmet er eit sentralt verkemiddel for ny grøn industri og sikring av egne verdikjeder. Programmet skal bidra til at EU når klima- og miljømåla sine.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga til Mareano-programmet (928.21) med 6,6 mill. kroner. Redusert kartleggingsverksemd kan isolert føre til lågare klimagassutslepp, samstundes bidreg Mareano-programmet med kunnskap om effektar av klimaendringar. Samla blir utsleppseffekten ved reduksjonen i løyving på posten vurdert som usikker.

Løyvinga til innovasjonsprosjekt, fond (2421.50) går hovudsakleg til etablerartilskot og tapsavsetning for innovasjonslån under Innovasjon Noreg. Innovasjonslån kan nyttast til innovative prosjekt innan alle bransjar. Etablerartilskot støttar gründerar som har idear med potensial for vekst. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å redusere løyvinga til posten med 38,4 mill. kroner. Utsleppseffekten ved ein reduksjon av løyvinga er usikker. Endringane i løyvinga til innovasjonsprosjekt er omtalt ytterlegare i Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon.

Innovative næringsmiljø (2421.71) under Innovasjon Noreg støttar innovasjon og fornying i regionale næringsklyngjer, gjennom auka samarbeid og nettverk. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å auke løyvinga til innovative næringsmiljø med 90,5 mill. kroner. Hovudårsaka til auken er at regjeringa foreslår å overføre Siva sin programverksemd til Innovasjon Noreg. Endringa i løyvinga kan difor ikkje ventast å ha ein utsleppseffekt. Endringane i Siva og Innovasjon Noreg er omtalt ytterlegare i Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon.

Grøn plattform (2421.75) kan medverke til at grøne prosessar eller nye klima- og miljøvennlege løysingar blir utvikla raskare. Regjeringa foreslår å styrkje plattformen med 252,7 mill. kroner i 2022, fordelt på Forskingsrådet (920.50), Innovasjon Noreg (2421.75) og Siva (2426.71). Grøn plattform-initiativet er framleis nytt. Det er difor for tidleg å seie noko sikkert om effekten på utslepp, men det er grunn til å tru at ein auke i løyvinga til

plattforma kan føre til reduserte utslepp. Grøn plattform er omtalt ytterlegare i Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon.

Miljøteknologiordninga (2421.76) støttar pilot- og demonstrasjonsprosjekt som utviklar innovative løysingar med meir miljøvennleg teknologi. Det er ikkje eit direkte krav at prosjekta vil gje lågare klimagassutslepp, men prosjekta vil medverke til at produkt og prosessar som vil ha positiv miljøpåverknad, blir tekne i bruk. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å redusere løyvinga til miljøteknologiordninga med 50 mill. kroner. Utsleppseffekten ved ein reduksjon i løyvinga er usikker.

Tilskot til testfasilitetar (2426.71) under Siva blir nytta til å støtte investeringar til pilot- og demonstrasjonssenter som fleire bedrifter kan nytte på deling (katapult-senter). Regjeringa foreslår å redusere løyvinga med om lag 55 mill. kroner som følgja av forslaget om å overføre Siva sin programverksemd til Innovasjon Noreg. Budsjettposten inkluderer og løyvinga til Siva frå Grøn plattform-satsinga. Regjeringa foreslår å styrkje plattforma med 252,7 mill. kroner i 2022, fordelt på Forskingsrådet (920.50), Innovasjon Noreg (2421.75) og Siva (2426.71). Desse endringane er omtalt ytterlegare over (2421.75) og i Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon. Løyvingar til administrasjon og oppfølging av SDØE-portefølja.

17.14.2 Løyving til Nysnø Klimainvesteringer AS

Kapittel 950 post 52 Risikokapital, Nysnø Klimainvesteringer AS (315 mill. kroner)

Grunngjevinga til staten for eigarskapen i Nysnø Klimainvesteringer AS (Nysnø) er å bidra til reduserte klimagassutslepp gjennom lønnsame investeringar. Målet til staten som eigar er høgast mogleg avkastning over tid. Formålet til selskapet er å bidra til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar som direkte eller indirekte bidreg til dette.

Ny teknologi er viktig for omstillinga til lågut-sleppssamfunnet. Kapitaltilgang er ein viktig føresetnad for utvikling av ny teknologi. Investeringane skal i hovudsak rettast mot ny teknologi i overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering. Investeringfokuset for selskapet skal vere bedrifter i tidlege fasar. Løyvinga til risikokapital til Nysnø er auka frå 245 mill. kroner i statsbudsjettet for 2021 til 315 mill. kroner i statsbudsjettet

for 2022. Auken har truleg positiv effekt på klimagassutslepp (dvs. reduksjon i utslepp).

Det er krevjande å kvantifisere effekten på klimagassutslepp, da Nysnø investerer i teknologi og selskap i tidlege fasar. Særleg ny teknologi kan ha ein stor effekt i framtida som er vanskeleg å estimere no. Nysnø gjennomfører difor så langt i hovudsak kvalitative vurderingar av bidraget til klimagassreduksjonar.

Nysnø har per utgangen av 2020 investert i ti selskap og fire fond. Per utgangen av 2020 har det vore ei positiv verdiutvikling i tre av selskapa i porteføljen. Eitt av desse er Otovo. Otovo er eit solenergiselskap som tilbyr huseigarar skreddarsydd prisløysingar på takmonterte solpanel. Nysnø investerte i Otovo i oktober 2018. I februar 2021 vart Otovo notert på Euronext Growth til nærmare tre gongar kostpris for Nysnø. Det kan tyde på at selskapet har/vil lykkast med å kommersialisera solenergi som energikjelde til huseigarar og slik sett bidreg til reduserte klimagassutslepp. Nysnø viser til at dei forventar at Otovos vidare vekst vil bidra til globale klimagassreduksjonar og vere ei viktig brikke i elektrifiseringa når marknadsdelane og salsvoluma aukar.

Kapittel 950 Post 90 Kapitalinnskot, Nysnø Klimainvesteringer AS (585 mill. kroner)

Løyvinga til kapitalinnskot til Nysnø er auka frå 455 mill. kroner i statsbudsjettet for 2021 til 585 mill. kroner i statsbudsjettet for 2022. Auken har truleg positiv effekt på klimagassutslepp (dvs. reduksjon i utslepp). Sjå omtale under kapittel 950, post 52 over.

Kapital til Nysnø er løyvd med 35 pst. risikokapital «over streken» (post 52) og 65 pst. anna kapitalinnskot «under streken» (post 90). Denne budsjetteringspraksisen er grunngjeven i Prop. 1 S (2017–2018).¹⁶

17.14.3 Løyvingar til eksportfremjing

Post 21 og 70 på kap. 941 går til utgifter for nokre utvalde strategiske satsingar på eksportfremjing med mål om å auke potensialet for norsk eksport. Eksportstrategirådet er ein nyoppretta etat som

¹⁶ «Regjeringen er opptatt av at «Fornybar AS» [nå Nysnø Klimainvesteringer AS] skal være et virkemiddel som bidrar til reduserte klimagassutslepp og at selskapet ikke skal fortrengte privat kapital. Da er det nødvendig at selskapet gis anledning til å ta risiko og på den måten utløse investeringer som ellers ikke ville blitt gjennomført. Regjeringen vil ta høyde for at selskapet kan ta slik risiko gjennom at 35 pst. av kapitalen som skal tilføres selskapet bevilges som risikokapital og ikke føres i statens kapitalregnskap.»

starta opp 1. juli 2021. Ein auke i norsk eksport vil kunne medføre auka utslepp i Noreg og i utlandet grunna auka produksjon og transport. Dei ulike satsingane kan også føre til meir reising. Samstundes er etaten i ein oppstartsfase, og det blir vurdert at aktivitetane som blir sette i gang i 2022, vil vere planlegging og analysar.

Medan ein auke i eksport på sikt kan føre med seg ein auke i utslepp i Noreg og utlandet i samband med produksjon og transport, kan denne eksporten også bidra til å redusere klimagassar, til dømes ved eksport av klimavennleg teknologi. Den samla effekten på klimaet er dermed uviss.

Gjennom eksportfinansiering tilbyr Noreg, som mange andre land, finansiering til kjøpar av varer og tenester med ein tilbakebetalingstid på over to år, ofte fysiske investeringar. Eksportfinansieringa Noreg tilbyr, i hovudsak saman med private bankar og finansinstitusjonar, eksportlån og -garantiar til selskap og land som kjøper frå norske eksportørar. Prosjekta som blir finansierte, kan ha både positive og negative effektar på klima og miljø, avhengig av kva slags type prosjekt det er. Historisk sett har norsk eksportfinansiering i stor grad gått til olje- og gassrelaterte næringar. Trenden har snudd dei siste åra, og i 2020 gjekk heile 43 pst. av nye garantiar til prosjekt innanfor fornybar energi. I budsjettet for 2022 har regjeringa foreslått å føre vidare garantirammene, men samstundes ein teknisk auke i løyvinga til utlån under eksportkredittordninga frå 5 til 6 mrd. kroner, basert på ein forventa auke i nye lån.

17.14.4 Tilskot til fiskeria

Posten tilskot til næringstiltak i fiskeria skal dekke utgifter til ordningar som skal bidra til utvikling og auka lønnsemd for fiskeri- og fangstnæringa. For 2022 blir det teke sikte på å finansiere føringstilskot, desimeringsfangst av kongekrabbe utanfor området for kommersiell fangst, tilskot til selfangst og mottak av selskinn og -kjøtt og ordninga med garantilott. Tilskot til selfangstnæringa og andre ordningar med tilskot kan truleg ha ein negativ klimaeffekt, da dei er med på å bidra til at det blir meir aktivitet enn det ville ha vore utan tilskotet.

17.14.5 Skipsfart

Låneordninga for skip i nærskipsfart og fiskefartøy (2421.50) har eit formål om å bidra til investeringar i meir miljø- og klimavennleg tonnasje i eit skipsfartssegment prega av finansielle utfordringar. Ordninga vart løyvd 300 mill. kroner i tapsavsetning med tilhøyrande låneramme på 600 mill. kroner i 2020. I 2021 vart budsjettposten tilført resterande tapsavsetning med uendra låneramme. I 2022 er det foreslått ei låneramme på om lag 400 mill. kroner, som blir dekt av uteståande tapsavsetningsmidlar ved utgangen av 2021.

Tabell 17.9 Postar overført frå Olje og energidepartementet til Nærings- og fiskeridepartementet frå 2022

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
950	73	Administrasjon	5,4	Ingen
2440	30	Investeringar	2 700	Auka utslepp /usikker
5440	24	Driftsresultat	23 800	Auka utslepp /usikker

17.14.6 Løyvingar til administrasjon og oppfølging av SDØE-porteføljen

Løyvinga over 950.73 går til Petoros administrasjon og oppfølging av oppdraga frå staten. Petoros overordna mål for ivaretakinga av SDØE-porteføljen er å skape størst mogleg verdi og oppnå høgast mogleg inntekt til staten. Petoro skal mel-

lom anna bidra til ei optimal utvinning av ressursane innan kvar enkelt utvinningsløyving, arbeide for auka utvinning frå modne felt og oppfølging av utbyggingsprosjekt. Administrasjonstilskotet er knytt opp mot postar med utsleppseffekt, jf. omtale under kap. 2440/5440. Ei endring under posten vil isolert sett ikkje påverke klimagassutslepp.

SDØE-ordninga inneber at staten, på lik linje med andre aktørar på norsk sokkel, betaler ein del av alle investeringar og driftskostnader i prosjekt tilsvarande statens deltakardel. Staten får ein tilsvarande del av inntektene frå salet av produksjonen og andre inntekter. SDØE-porteføljen er samansett av utvinningsløyve i leitefasen, felt under utbygging og felt i drift. Den norske stat har delar i ei rekkje olje- og gassfelt, rørleidningar og landanlegg knytte til norsk kontinentalsokkel gjennom SDØE. Investeringar (2440.30) og drift (5440.24) knytte til SDØEs eigardelar kan både ha ein negativ og positiv effekt på klimagassutslepp. Til dømes vil investeringa i klimagassreducerande teknologiar kunne gje lågare utslepp, medan investeringar i utbygging av nye felt på sikt vil kunne gi auka klimagassutslepp.

17.15 Olje- og energidepartementet

Totalbudsjettet for Olje- og energidepartementet i 2022 er på om lag 6,8 mrd. kroner fordelt på 28 budsjettpostar. Grovt sett går rundt 3 pst. av dette til Olje- og energidepartementets eige budsjett. Rundt 26 pst. går til Oljedirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat. Vidare går rundt 14 pst. til forskning og næringsutvikling og 57 pst. til CO₂-handtering. Dei delane av budsjettet som særleg kan gje ei endring i utsleppa, kan i hovudsak delast i overføringar og tilskot, forskning og utvikling og CO₂-handtering.

Tabell 17.10 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Olje- og energidepartementet som har ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
1800	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.	-1	Ingen
1800	72	Tilskot til petroleums- og energiformål	-0,5	Usikker
1830	50	Noregs forskingsråd	56,8	Redusert utslepp
1840	71	Teknologisenter Mongstad	-5	Ingen
1840	72	Langskip – fangst og lagring av CO ₂	1 175	Ingen

Tilskot og overføringar

Løyvinga over posten «Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.» (1800.70) omfattar tilskot og kontingentar til ulike internasjonale organisasjonar, der enkelte har som intensjon å påverke klimagassutslepp i andre land eller kan påverke utslepp i andre land vesentleg. Tilskot til deltaking i ACER utgjer hovuddelen av løyvinga. Endringa i løyvinga i 2022 er knytt til endra valutakursføresetnader og vil ikkje påverke klimagassutslepp.

Løyvinga over posten «Tilskot til petroleums- og energiformål» (1800.72) omfattar eit øyremerkt tilskot til Standard Noreg knytt til revisjon og oppdateringar av NORSOK-standardar. Standard Noreg har mellom anna vore involvert i prosjekt knytt til energieffektivisering/-optimalisering, lågast mogleg karbonavtrykk, miljøovervaking for å minske utslepp, krav til lukka gassfangling på plattformer, bruk av miljøvennlege material mv. Vidare kan reviderte standardar gje

skalaeffektar ved endra kostnader for bruk av og alternativ til utsleppsintensive material, prosessar mv. Løyvinga er redusert med 1 mill. kroner i 2022, til 3 mill. kroner. Den relativt låge nedgangen i løyvinga påverkar ikkje utslepp av klimagassar i nemneverdig grad.

Vidare omfattar posten løyving til tilskotsordning til samarbeids- og utviklingstiltak på energiområdet. Under tilskotsordninga blir det lagt vekt på å støtte prosjekt og prosessar der forholda ligg godt til rette for å oppnå resultat gjennom ulike samarbeids- og fellesfinansieringar eller prosjekt som bidreg til auka kunnskap og informasjonsspreiing om viktige tema innanfor ansvarsområdet til departementet. Det vil også vere aktuelt å yte tilskot til aktivitetar som bidreg til auka kunnskap og informasjonsspreiing om CO₂-handtering som klimatiltak. Løyvinga er auka med 0,4 mill. kroner i 2022, til 1,4 mill. kroner. Løyvinga kan bidra til reduksjon av klimagassutslepp. Den relativt låge auken i løyvinga påverkar ikkje utslepp av klimagassar i nemneverdig grad.

Løyving til Noregs forskingsråd (1830.50) omfattar forskingsprogram innanfor energi og petroleum. Satsinga på forskning og utvikling og raskare bruk av ny teknologi i energi- og petroleumsværksemda skal medverke til meir effektiv og miljøvennleg utnytting av norske energiressursar. Vidare skal satsinga medverke til reduksjon av nasjonale og globale utslepp utover det ein kan forvente med eksisterande teknologiar og løysingar. I budsjettframlegget er det foreslått ei løyving på 787,5 mill. kroner. Ein auke i løyvinga kan bidra til ein reduksjon i klimagassutslepp på sikt. Den auka løyvinga i 2022 heng blant anna saman med løyving til nytt forskingssenter for miljøvennleg energi innanfor hydrogen og ammoniakk som startar opp i 2022.

Teknologisenter Mongstad (TCM) (1840.71) har som mål å skape ein arena for langsiktig og målretta utvikling, testing og kvalifisering av teknologi for CO₂-fangst. Hovudformålet med TCM er å bidra til teknologiutvikling for auka utbreiing av CO₂-fangst globalt. Gjennom teknologisenteret skal det vinnast praktisk erfaring med design, oppskalering og drift av store CO₂-fangstanlegg. Det er vidare eit mål å bidra til internasjonal spreing av desse erfaringane, slik at kostnader og risiko for fullskala CO₂-fangst kan bli reduserte. Løyvinga kan bidra til ein reduksjon i klimagassutslepp på sikt. Ein mindre reduksjon av løyvinga i 2022 vil ikkje påverke drifta ved anlegget og vil difor ikkje påverke klimagassutslepp.

Langskip (1840.72) er eit norsk demonstrasjonsprosjekt for fullskala CO₂-handtering som omfattar fangst, transport og lagring av CO₂. Løyvinga omfattar tilskot til etablering av CO₂-fangst ved Norcem sementfabrikk i Brevik og til Northern Lights for etablering av transport- og lagerløyving for prosjektet. Prosjektet vil etter planen vere i drift frå hausten 2024 og vil i første omgang redusere klimagassutsleppa frå sementfabrikken i Brevik med om lag 400 000 tonn CO₂ årleg. Langskip har ei transport- og lagringsløyving med overkapasitet og har eit mål om å bidra til å redusere risiko og kostnader for etterfølgjande prosjekt. På sikt vil løyvinga difor kunne bidra til betydeleg større reduksjonar i klimagassutslepp. Den årlege løyvinga til prosjektet er knytt til framdrifta i prosjektet, slik at ei endring i løyvinga frå år til år

ikkje vil medføre endra opptak av klimagassar på lang sikt.

17.16 Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementets budsjettforslag er på om lag 84,6 mrd. kroner. Desse utgiftene er fordelte på om lag 60 ulike budsjettpostar av veldig ulik karakter. Om lag 10 pst. av utgiftene går til drift av departement og underliggjande etatar (01-postar), mens resten er fordelt på ulike postar som omfattar alt frå investeringar i infrastruktur, drift og vedlikehald, til forskning og tilsynsoppgåver m.m. I mange tilfelle vil det òg variere frå år til år kva som inngår i dei ulike postane.

Løyvingar over Samferdselsdepartementets budsjett kan påverke utslepp på fleire måter. Dei fleste løyvingane som medfører endring i direkte utslepp i 2022 gjer det gjennom aktivitetar som auker bruk av fossilt drivstoff. Eksemplar på dette er løyvingar til bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur der ein brukar køyretøy og maskiner som bruker fossile drivstoff. Bygging av infrastruktur vil også påverke utsleppa gjennom beslaglegging av areal, men vi manglar gode tal for desse utsleppa. Regjeringa varsla i Nasjonal transportplan 2022-2033 at dei ønskjer at det blir utvikla meir treffsikre og samanliknbare modellar som også inkluderer direkte byggjeutslepp og utslepp frå arealbeslag. Vidare varsla regjeringa at ho derfor vil at transportvæksemdene vurderer mogleghetene for å inkludere direkte byggjeutslepp og utslepp frå arealbeslag gjennom å vidareutvikle dei samfunnsøkonomiske analysane i konseptvalutgreiingar, konsekvensutgreiingar og andre vedtaksgrunnlag for samferdsleprosjekt, og i den samanhengen vurdere korleis dette kan tas omsyn til i porteføljestyringa.

Andre løyvingar påverkar trafikkomfanget eller konkurranseforholdet mellom ulike transportformer. Eksemplar på slike løyvingar kan vere statleg bidrag til byvekstvtaler som mellom anna går til gang-, sykkel- og kollektivtiltak og tilskot til overføring av gods frå veg til sjø. Overgang til null- og lågutsleppsteknologi påverkar utsleppseffekten av løyvingar, noko som gjer det meir utfordrande å regne på utsleppseffektane.

Tabell 17.11 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over Samferdselsdepartement sitt budsjett som kan ha ein klimaeffekt (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
1300	71	Tilskot til trafikksikkerheitsformål	8,0	Usikker
1301	50	Samferdselsforskning	27,8	Usikker
1301	70	Pilotprosjekta for fossilfrie anleggsplassar i transportsektoren	50	Redusert utslepp
1310	70	Kjøp av innanlandske flyruter	-1 248	Usikker
1320	22	Drift og vedlikehald av riksveier	534,2	Usikker
1320	29	OPS-prosjekter	897,4	Auka utslepp
1320	65	Tilskot til fylkesveier	204,6	Auka utslepp
1320	73	Tilskot til reduserte bopengetakstar utanfor byområdene	-1 063,5	Usikker
1321	71	Tilskot til særskilde infrastrukturprosjekter (ny)	500	Auka utslepp
1330	70	Kjøp av sjøtransporttenester på strekningen Bergen-Kirkenes	-52,8	Usikker
1332	63	Særskild tilskot til store kollektivprosjekter	-429,6	Usikker
1352	70	Kjøp av persontransport med tog	-305	Usikker
1352	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald	-1 581,6	Reduserast
1352	73	Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar	3 005,8	Auka utslepp
1352	75	Tilskot til godsoverføring frå veg til jernbane	-8	Auka utslepp
1360	01	Driftsutgifter	182,6	Usikker
1360	21	Spesielle driftsutgifter	5,8	Usikker
1360	30	Nyanlegg og større vedlikehald	537,4	Auka utslepp
1360	45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald	3,0	Auka utslepp
1360	73	Tilskot til effektive og miljøvennlege hamner	2,6	Usikker
1370	70	Kjøp av posttenester	205,4	Usikker

17.16.1 Investeringar i infrastruktur, drift og vedlikehald

Løyvingar til investeringsprosjekt og til drift og vedlikehald av infrastruktur fører til utslepp ved at det blir nytta maskiner og køyretøy som forbrenner fossilt drivstoff. Dette avheng av kva slags teknologi/drivstoff som blir brukt. I SD sin budsjettproposisjon er dei føreslått auka løyvingane på ei rekkje postar i denne kategorien. For 2022 gjeld dei postane: Kap. 1320 post 22 'Drift og vedlike-

hald av riksvegar', kap. 1320 post 29 Statens vegstell OPS-prosjekt, kap. 1320 post 65 'Tilskot til fylkesvegar, kan overførast', kap. 1321 post 71 'Tilskot til særskilde infrastrukturprosjekt', kap. 1352 post 73 'Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar', Kap. 1360 post 30 'Nyanlegg og større vedlikehald' og kap. 1370 post 70 'Kjøp av posttenester. Aukinga på kap. 1360 post 01 'Driftsutgifter' (Kystverket) er knytt til ei tilpassing til faktisk forbruk når det gjeld los, i tillegg til og pris- og lønnsjusteringar. Aukinga påverkar ikkje aktiviteten, og er

derfor satt som usikker. For kap. 1352 post 71 'Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehold' er det foreslått eit redusert løyve i 2022, men det påverkar truleg ikkje utsleppa i 2022 då løyvinga aukar fordi brevmengda går ned. Også på kap. 1332 post 63 'Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt' er løyvinga foreslått redusert i 2022, men det blir likevel truleg ikkje mindre byggjeaktivitet i 2022 enn i 2021. Vi kan derfor ikkje seie at utsleppa reduserast, og utsleppseffekten er satt som usikker.

Løyvingane til bygging og vedlikehald av infrastruktur og installasjonar som bl.a. er nemnt over kan også påverke utslepp på lengre sikt ved endra trafikk. Dersom ei investering bidrar til å flytte trafikk frå ein meir utsleppsintensiv transportform til ein mindre utsleppsintensiv transportform, så vil utsleppa på sikt reduserast. Utsleppseffekten på lengre sikt av investeringar avhenger også av korleis den totale trafikkmengda påverkast når prosjektet er ferdig. Overgangen frå fossile køyretøy til nullutsleppskøyretøy vil gjere at denne effekten på sikt blir mindre. Løyvingane til byvekstavtaler (underkategori på kap. 1320 Statens vegvesen post 30 Riksveiiinvesteringer og kap. 1332 Tilskot til byområder mv., post 66) og til store kollektivprosjekt (kap 1332 post 63) vil på sikt auke tilbodet av kollektivtransport og bidra til å redusere veksten i persontransport med bil.

17.16.2 Kjøp av transporttenester

Staten sine kjøp av transporttenester kan påverke utslepp ved at tilbodet av transporttenester aukar, og ved at fordelinga av reiser mellom ulike transportformer blir endra. Felles for dei transporttenestene som staten kjøper er at 2021 har vore eit spesielt år pga. korona. Dette har medført auka kostnader og reduserte inntekter for ei rekkje av tenestetilbydarane, og staten har hjulpet til å dekkje inn noko av dette gjennom relativt store løyvingar i år. Reduserte løyvingar neste år er dermed ikkje synonymt med at reiseaktiviteten blir redusert. Tvert imot kan vi forvente auka reiseaktivitet neste år sjølv om løyvingane på postane blir redusert.

Følgande løyvingar på SD sitt budsjett blir foreslått redusert i 2022

- Kap. 1330 post 70 'Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen-Kirkenes', Samferdselsdepartementet har i kontrakten med leverandørane Hurtigruten Cruise AS og Havila Kyst-ruten AS krav om maksimale årlege CO₂-utslepp. Vederlaget til leverandørane prisomregnes årleg i samsvar med Statistisk sentral-

byrås kostnadsindeks for innanriks sjøfart – delindeks for ferjedrift, og utgjer grunnlaget for løyvinga. Utslepp av klimagassar frå kystrutedriften blir ikkje påverka av endringar i løyvinga, men må vere i samheng med aktivitetsnivået på kystruta. Pandemien har påverka talet på skip i drift på Kystruta og vil gjere det også i 2022.

- Kap. 1310 post 70 'Flytransport Kjøp av innanlandske flyruter'. Endringa har truleg liten effekt ettersom flyrutetilbodet omfatta av ordninga med offentleg kjøp av flyruter ikkje endrar seg mykje samla sett mellom utgangen av 2021 og gjennom 2022.
- Kap. 1352 post 70 'Kjøp av persontransport med tog'. Kjøp av persontransport medfører utslepp frå dieselstrekningane. På den andre sida bidreg dei til reduserte utslepp ved at togtrafikk erstattar bil-, buss- og flytransport.

17.16.3 FoU og tilskot

Felles for ei rekkje av FOU-postane er at eventuelle utsleppseffektar gjerne kjem litt fram i tid, og ikkje nødvendigvis i 2022. I SD sin budsjettproposisjon for 2022 er det ein FOU-post som får auka løyving på meir enn 0,5 mill. kroner, og det er kap. 1301 post 50 'Forskning og utvikling mv. Samferdselsforskning'. I 2022 blir det lagt opp til ein auke på posten frå 2021 på 27,8 mill. kroner. Av desse går 25 mill. kroner til Pilot-T og forskingssenter for berekraftig transport. Den auka løyvinga til Pilot-T og finansiering av forskingssenter for berekraftig transport er ein del av oppfølginga av Nasjonal transportplan 2022-2033. Der varsla regjeringa ei satsing på tverrsektoriell forskning, utvikling og pilotering som byggjer vidare på satsinga på auka pilotering og mobilisering av næringslivet frå Nasjonal transportplan 2018-2029. Satsinga vil vere eit bidrag for å nå måla i Nasjonal transportplan 2022-2033, som blant anna inneber å hjelpe til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål. Posten har truleg ingen utsleppseffekt i 2022, men den kan ha ein effekt på sikt. Denne effekten er likevel usikker.

Den nye satsinga på forskingssenter for berekraftig transport tek sikte på å byggje kraftsenter for forskning på nye ider og teknologiar innan transportsektoren, samle fragmenterte FOU-miljø og gi ei meir samla retning innan mobilitetsforskninga i Noreg. På sikt vil forskingssenter for berekraftig transport kunne hjelpe til at vi får meir transport for pengane ved at store utbyggingsprosjekt blir meir lønnsame eller at det blir skapt innovative og kostnadseffektive alternativ til store

utbyggingsprosjekt. Vidare kan ei senterordning bidra til reduserte klimagassutslepp, auka trafikktryggleik og auka verdiskaping for næringslivet.

Pilot-T skal bidra til at nye løysingar raskare blir tekne i bruk innan transportsektoren, og for at norske aktørar kan vere med i konkurransen om å levere nye mobilitetsløysingar for denne sektoren.

Ei rekkje av tilskotspostane i SD sitt budsjettforslag kan redusere utsleppa ved at dei bidreg til utvikling og auka bruk av null- og lågutsleppsteknologi. Ei av regjeringa sine satsingar i 2022 er den nye posten Kap 1301 post 70 'Pilotprosjekter for fossilfrie anleggsplassar', der regjeringa foreslår ei løyving på 50 mill. kroner. Denne posten kan ha ein positiv klimaeffekt, men det er usikkert om den vil ha ein effekt allereie i 2022. Det vil avhenge av kor tidleg ein kjem i gang med pilotprosjekta.

I SDs budsjettproposisjon for 2022 er det foreslått auka løyvingar for ei rekkje andre postar som kan redusere klimagassutslepp på sikt ved f.eks. auka bruk av klimateknologi, eller at attraktiviteten til sykling, gange eller andre null- eller lavutsleppstransportformer aukar. Eksempel på slike postar er kap 1352 post 21 'Spesielle driftsutgifter', kap 1352 post 75 'Tilskot til godsoverføring frå vei til Jernbane', kap 1360 post 73 'Tilskot til effektive og miljøvennlige hamner' og kap 1300 post 71 'Tilskot til trafikksikkerhetsformål'.

I SDs budsjettforslag for 2022 er det også løyvingar til formål som ikkje påverkar utsleppa i 2022 i vesentleg grad, men som kan ha ein utsleppseffekt på sikt. Døme på dette er løyvingar til FoU og ulike tilskot, som tilskot til Syklistenes landsforening og Norsk elbilforening.

17.17 Utanriksdepartementet

Totalbudsjettet for Utanriksdepartementet i 2022 er på 48,4 mrd. kroner (utgifter med lånetransaksjonar), fordelt med 9,7 mrd. kroner til utanriksforvaltning og 38,7 mrd. kroner til internasjonal bistand. Utanriksdepartementets underliggjande etatar Norad og Norec forvaltar delar av bistanden, i tillegg til Norfund. Delar av bistanden blir òg forvalta på utvalde utanriksstasjonar og av statlege etatar i Noreg. Løyvingar til EØS-avtalen utgjer 10,7 pst. av budsjettet til departementet, og bistand utgjer 80 pst. av det samla budsjettet til departementet for 2022. Tiltak til klima over programområde 03 er for 2022 anslått til om lag 5 mrd. kroner. Dette beløpet inkluderer ikkje Klima- og skogsatsinga.

Fleire av budsjettpostane, spesielt dei som går til drift, vil mellom anna kunne finansiere transport med fly, båt og bil og dermed bidra direkte til utslepp av klimagassar. Kva klimaeffekt som følger av kvart budsjettområde, er det derimot ikkje oversikt over.

Det er ei rekkje klimatiltak i utviklingsland som får støtte over bistandsbudsjettet. For tilskot med reduserte klimautslepp som formål og fornybar energi rapporterer stadig fleire tilskotsmottakarar om oppnådde eller forventede utsleppsreduksjonar. Fleire forhold gjer det likevel metodisk utfordrande å berekne og særleg aggregere utsleppsreduksjonar. I tillegg til ulike beregningsmetodikk er det ein stor risiko for dobbelttelling. Ofte støttar fleire gjevarar same tiltak. Prosjekt som medverkar til utsleppsreduksjonar er i mange tilfelle realiserte som følge av fleire gjevariltak, ofte over ein lang tidsperiode.

Norad arbeider i tett samarbeid med Miljødirektoratet på oppdrag frå Utanriksdepartementet og Klima- og miljødepartementet med å gjennomgå og vurdere metodikk og rutinar som blir brukte for å estimere oppnådde utsleppsreduksjonar gjennom norskfinansierte utviklingstiltak. Det er gjort ei kartlegging av metodar brukte til berekning og opplegg for rapportering av utsleppsreduksjonar for heile utviklingsporteføljen og ei vurdering av styrkar og svakheiter ved dei ulike metodane. Norad har førebels vurdert FAOs EX-ACT, IFIs metodikk for nett-tilkopla fornybar kraftproduksjon, ART/TREES og Biokarbonfond (IPCC). Norad har lagt fram førebelse tilrådingar til forbetra metodikk og rutinar for den bilaterale og multilaterale bistandsporteføljen.

Norad er i gang med å lage opplegg for å rapportere utsleppsreduksjonar frå den bilaterale energiporteføljen og klimainnsatsar støtta gjennom Norads bedriftsstøtteordning. I det vidare vil Norad sjå nærmare på attribusjon av resultata og dobbeltrapporteringsproblematikk (for prosjekt finansierte gjennom ulike kanalar). Dette arbeidet vil skje i tett dialog med samarbeidspartnarar og internasjonale organisasjonar.

Norsk støtte til tiltak i utviklingsland over Utanriksdepartementets budsjett retta mot reduksjon av klimagassar kan i hovudsak delast i to. For det første gjeld det energiproduksjon eller forbruk, utsleppsreduserande tiltak eller karbonlagring. Den andre kategorien vil ha utsleppsreduksjon som ein indirekte verknad eller sekundær konsekvens. Slike innsatsar inkluderer kapasitetsbygging, opplæring, støtte til utvikling av regelverk og finansieringsmekanismer. Bidrag frå sekundære intervensjonsprosjekt vil vere avgje-

rande for å realisere ein lågkarbonøkonomi som kan sameinast med temperaturmåla i Parisavtalen, men er utfordrande å måle. Regjeringa understrekar at det er viktig å halde ved lag støtte også til denne typen intervensjonar sjølv om effektane er meir utfordrande å måle.

I tillegg til effektane av tiltak over bistandsbudsjettet retta mot reduksjon av klimagassar har også resten av bistandsbudsjettet effektar – positive eller negative – for klimagassutslepp og klimatilpassing i mottakarlanda. Døme på dette er støtte til infrastrukturtiltak, helse, og anna. Slike effektar er krevjande å måle, og dei er ikkje inkluderte i denne oversikta.

Gjennom Klima- og skoginitiativet og eit stort engasjement for fornybar energi har Noreg vist veg og er ein viktig aktør i arbeidet for globale utsleppsreduksjonar. Det er likevel ei målsetjing innanfor klimakonvensjonen at støtta skal vere balansert mellom utsleppsreducerande tiltak på den eine sida og tilpassing og førebygging på den andre. Regjeringa lanserte i april ein strategi for styrking av støtta til klimatilpassing, førebygging og kamp mot svolt. Implementeringa av denne strategien skaper ein betre balanse i klimaporteføljen vår.

Tabell 17.12 Oversikt over endring i løyving på over 0,5 mill. kroner for postar over budsjettet til Utanriksdepartementet som har klimaeffekt på internasjonale utslepp¹ (frå saldert budsjett 2021 til budsjettforslaget for 2022)

Kap.	Post	Nemning	Foreslått endring i mill. kroner	Utsleppseffekt
162	71	Matsikkerhet, fisk og landbruk	136	Reduserer klimagassutslepp
163	70	Miljø og klima	356,2	Reduserer klimagassutslepp
172	71	Regionale banker og fond, kan overførast	98,5	Reduserer klimagassutslepp
162	76/96	Klimainvesteringsfond	1 000	Reduserer klimagassutslepp
118	73	Klima, miljøtiltak og hav	-9,7	Usikker effekt

¹ Alle tiltak medrekna i denne tabellen har klimaeffekt. Fordelinga mellom utsleppsreduksjonar og klimatilpassing varierar og er vanskelege å tallfeste heilt presist. Postar uten endring i løyve vil også ha klimaeffekt, til døme fornybar energi, men desse er ikkje synleggjort i tabellen.

17.17.1 Klimainvesteringsfond

Regjeringa har vedteke å skipe eit nytt fond som skal investere i fornybar energi i utviklingsland med mål om å bidra til reduserte klimagassutslepp i disse landa. Fondet skal bidra til å auke investeringar i fornybar energi, særleg i land med store utslepp frå kolkraftverk. Klimainvesteringsfondet vil bli tilført 10 mrd. kroner i kapital over fem år, fordelt med 5 mrd. kroner over statsbudsjettet og 5 mrd. kroner frå Norfund sin overskotskapital. Over tid vil fondet kunne bidra med større midlar etter kvart som andre investorar/ anna kommersiell kapital kjem til. Norfund vil forvalte fondet.

17.17.2 Matsikkerheit, fisk og landbruk

Fleire av tiltaka på posten 162.71 «Matsikkerheit, fisk og landbruk» bidreg til omlegging til klimatilpassa matproduksjon. Nokre av desse tiltaka bid-

reg mellom anna til å minske utsleppa frå landbrukssektoren. Når det gjeld aukinga på posten i 2022, går dette i all hovudsak til berekraftig havforvaltning som ein grunnleggjande føresetnad for auka matsikkerheit frå havet. Her er klimaeffekten usikker. 16 mill. kroner av aukinga er øremerka lokal klimatilpassa produksjon av skulemat.

17.17.3 Miljø og klima

Det er store bidrag over posten til multilaterale fond som støttar tiltak for utsleppsreduksjonar i utviklingsland, mellom anna innan fornybar energi, landbruk og skog. Det grøne klimafondet (GCF) er den viktigaste samarbeidspartnaren for norsk multilateral klimafinansiering av utsleppsreduksjonar og klimatilpassing i utviklingsland. Utsleppsreduksjonar av prosjekt godkjende i perioden 2015 – 2020 er forventa å bli 1,8 gigatonn CO₂-ekvivalentar over prosjektenes levetid. Noreg

vil i perioden 2020–2030 bidra med 3,2 mrd. kroner til GCF. Auken på posten skal gå til gjennomføringa av strategien for klimatilpassing, førebygging og innsats mot svolt. Dette skal bidra til å minske klimasårbarheita og svolt i utviklingsland.

17.17.4 Regionale bankar

Løyvinga gjeld Noregs kjernebidrag til følgjande regionale utviklingsbankar og fond: Afrikabanken, Asiabanken, Den asiatiske investeringsbanken for infrastruktur, Den interamerikanske utviklingsbanken og Nordisk utviklingsfond. Dei regionale bankane er viktige for å nå berekraftsmåla, levere på det internasjonale klimaforpliktingane og for å fremje større midlar frå fleire kjelder for å finansiere viktige utviklings- og klimatiltak. Kapitalpåfyllinga i Nordisk utviklingsfond (NDF) vil føre med seg ein auke i støtta til klimatiltak, særleg til klimatilpassing, i Afrika. Dette vil bidra til reduserte klimagassutslepp.

17.17.5 Klima, miljøtiltak og hav

Løyvinga gjeld støtte til klima- og miljøinnsatsar, mellom anna tiltak som bidreg til gjennomføringa av Parisavtalen, berekraftsmåla, Konvensjonen for biologisk mangfald og andre internasjonale miljøavtalar og prosessar og Sendai-rammeverket for førebygging av klima- og naturkatastrofar. Ordninga støttar også eit globalt partnerskap for å redusere fakling og utslepp av gass i samband med oljeproduksjon. Ein nedgang på denne posten kan tenkjast å ha ein svak, indirekte negativ klimaeffekt på lengre sikt, da mindre støtte til det normative arbeidet knytt til gjennomføringa av internasjonale klima- og miljøavtalar kan føre til lågare kapasitet til å gjennomføre klimatiltak. Denne effekten er usikker og vanskeleg å måle.

18 Noreg førebur seg på og tilpassar seg klimaendringane

18.1 Innleiing

Ifølgje klimalova skal det gjerast greie for korleis Noreg førebur seg på og tilpassar seg klimaendringane.

Fram mot år 2100 vil Noreg få eit varmare klima, med meir nedbør, kortare snøsesong, minskande isbrear, fleire og større regnflaumar og stigande havnivå. Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassning i Norge*, vedteke av Stortinget gjennom Innst. 47 S (2012–2013), er gjeldande nasjonale strategi og gjev føringar for arbeidet med klimatilpassing i Noreg.

Dei siste åra har stortingsmeldingar og andre policydokument, både sektorspesifikke og sektorovergripande, teke opp kva klimaendringane inneber for Noreg, og behovet for klimatilpassing. FN's klimapanel's femte hovudrapport frå 2014 og 2015, og spesialrapportane frå 2018 og 2019, viser korleis klimaendringane i aukande grad påverkar natur og samfunn og forsterkar eksisterande utfordringar. Klimapanelet's sjette hovudrapport blir ferdigstilt i 2021 og 2022, og delrapporten om verknader, tilpassing og sårbarheit er venta i 2022. Sjå IPCC¹⁷ og Miljøstatus¹⁸ for meir informasjon om klimaendringar i Noreg.

18.2 Organisering av det nasjonale klimatilpassingsarbeidet

Alle har eit ansvar for å tilpasse seg klimaendringane, både enkeltindivid, næringsliv og styresmakter. I tråd med sektorprinsippet har alle departement ansvar for å ta i vare omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor. Klima- og miljødepartementet (KLD) legg til rette for det heilskaplege arbeidet regjeringa gjer på området. Miljødirektoratet koordinerer det nasjonale klimatilpassingsarbeidet på vegne av KLD. Midlane til klimatilpassing på KLDs budsjett i 2021 på 5 mill. kroner er overførte til Miljødirektoratets koordinerande arbeid med klimatilpassing. Midlane blir

nytta til kunnskapsutvikling og kapasitetsbygging på lokalt og regionalt nivå og til støtte til Norsk klimaservicesenter (KSS). KSS er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt (MET), Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), NORCE og Bjerknessenteret. Miljødirektoratet bruker også eigne midlar til klimatilpassingsarbeidet. Direktoratet sit i styret i KSS og gjev oppdragsbrev og økonomisk støtte til senteret.

Miljødirektoratet stiller i styringsdialogen sin forventningar til at statsforvaltaren og sysselmes-teren arbeider med klimatilpassing. Statsforvaltaren skal spesielt følgje opp at kommunane tek i vare klimatilpassing i planarbeidet sitt.

Tilskotsordninga for klimatilpassing vart videreført med 6,4 mill. kroner i 2021.¹⁹ I perioden frå 2015 til 2021 er om lag 38 mill. kroner fordelte på om lag 120 ulike prosjekt.

18.3 Oppfølging av arbeidet med klimatilpassing i Noreg

KSS har utarbeidd klimaframskrivingar for Noreg fram mot 2100 og fylkesvise klimaprofilar for alle fylka i landet. Dei fylkesvise klimaprofilane for Fastlands-Noreg vart oppdaterte i 2020, mellom anna med nye tilrådingar om klimapåslag på ekstrem kortidsnedbør. I 2021 startar arbeidet med nye klimaframskrivingar for Noreg basert på IPCCs sjette hovudrapport. Arbeidet vil inkludere oppdatert kunnskap om klimaendringar i norske hav- og kystområde. For å støtte oppdateringa av kunnskapsgrunnlaget for havnivåstiging og bidra til erfaringsutveksling har Miljødirektoratet oppretta ei referansegruppe for forvaltninga innan havnivå.

Plan- og bygningslova er det overordna verktøyet for samfunnsplanlegging og arealforvaltning. Lova er sentral i arbeidet kommunane gjer med klimatilpassing. Det er i all hovudsak kommunane som avgjer arealbruken i landet, gjennom arealplanane sine. Plan- og bygningslova gjev

¹⁷ <https://www.ipcc.ch/>

¹⁸ <https://www.miljostatus.no/>

¹⁹ <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Soknader/Info.aspx?id=32&Menyvalg=SOKNADSSENTER/>

kommunar mykje ansvar og eit stort handlingsrom i samfunns- og arealplanlegginga. Klimaendringane inneber at kommunar må ta omsyn til mellom anna auka nedbør, større risiko for skred og flaum og endra føresetnader for lokalt næringsliv og samfunn når dei lagar planane sine. Kommunane må ta omsyn til klimaendringane både i samfunnsplanlegginga og arealplanlegginga.

Det ligg eit nasjonalt ansvar på fagstyresmakter og departement når det gjeld å rettleie kommunane i å ta gode avgjerder om klimavennleg arealbruk. For å formidle nasjonale omsyn og politikk knytt til arealbruk, utarbeider Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging kvart fjerde år. Regjeringa vedtok dei gjeldande Nasjonale forventningene til regional og kommunal planlegging 2019–2023 ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019. Statlege planretningslinjer (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing vart fastsette hausten 2018. Rettleiinga til delen som omhandlar klimatilpassing, vart utarbeidd i 2019.²⁰ Rettleiinga er digital og ligg på Klimatilpasning.no. På oppdrag frå KLD har Miljødirektoratet våren 2021 utarbeidd eit forslag til oppdatert rundskriv om motsegnpraksisen til miljøforvaltninga (T-2/16) i tråd med nye nasjonale føringar på området. KMD har oppdatert rettleiinga til arealdelen i kommuneplanen med endringane i plan- og bygningslova som tredde i kraft i mars 2019. Lovendringa har framheva at planlegginga skal ta omsyn til forventna klimaendringar, og at planar skal leggje til rette for ei heilskapleg forvaltning av krinsløpet til vatnet. Kommunane har fått betre verkemiddel til å handtere overvatn i samfunns- og arealplanlegginga si, mellom anna ved å kunne stille krav om meir detaljerte overvassløysingar i kommuneplanen. Formålet har vore å sikre ei heilskapleg forvaltning av vatn, på tvers av plannivåa i kommunen.

Våren 2020 sende KMD ut på høyring forslag til endringar i plan- og bygningslova. Miljødirektoratet sende på høyring forslag til endringar i forureiningslova og vass- og avløpsanleggslova, og Direktoratet for byggkvalitet sende på høyring forslag til justeringar i byggjesaksforskrifta og byggteknisk forskrift. Formålet med endringane er å hindre skadar og ulemper frå overvatn.

I februar 2021 la EU-kommisjonen fram ein oppdatert klimatilpassingsstrategi, der dei løftar ambisjonen for EUs tilpassingsarbeid og legg opp

til smartare, raskare og meir systemisk klimatilpassing og auka internasjonal innsats. Miljødirektoratet har på oppdrag frå KLD vurdert innhaldet i strategien og betydninga av strategien for Noreg. Klimatilpassing er teken inn i EUs taksonomi, eit klassifiseringssystem for berekraftig økonomisk aktivitet, som eitt av seks miljømål. EU-kommisjonen publiserte dei tekniske screeningkriteria for klimatilpassing i april 2021. Finansdepartementet har hatt på høyring eit forslag frå Finanstilsynet om å gjennomføre forordninga i norsk rett i ei ny lov om opplysningar om berekraft.

Kunnskapen om klimaendringane i Noreg og konsekvensane av dei er styrkte dei siste åra. Likevel er det framleis kunnskapsbehov. Mellom anna er det behov for ei betre heilskapsforståing av påverknaden klimaendringane har på Noreg på tvers av sektorar og aktørar. I 2020 utarbeidde Miljødirektoratet ei oppsummering av status, utvikling og kunnskapsbehov og vurderte moglege grep for å styrkje feltet på oppdrag frå KLD. På oppdrag frå KLD og KMD har Miljødirektoratet også sett nærmare på kva klimarisiko betyr for norske kommunar, og vurdert kva slags klimarisiko kommunane er eksponerte for, korleis kommunane kan handtere slik risiko, og korleis dette arbeidet kan styrkjast.²¹ Arbeidet bidreg til oppfølginga regjeringa gjer av Klimarisikoutvalets rapport (NOU 2018: 17).²² I 2021 arbeider Miljødirektoratet særleg med å styrkje kunnskapen om barrierar for klimatilpassing, påverknaden klimaendringane har på verdikjeder med vekt på mat-systemet, klimarisiko og naturbaserte løysingar for klimatilpassing. Arbeidet blir gjort i lag med relevante direktorat.

Naturbaserte løysingar har dei seinaste åra fått auka merksemd i Noreg og internasjonalt. I 2020 fekk Miljødirektoratet utført ei kartlegging av behovet forvaltninga har for kunnskap og rettleiing om naturbaserte løysingar og moglege barrierar.²³ Direktoratet arbeider vidare med å vurdere korleis kunnskapen og rettleiinga kan vidareutviklast. Som ein del av dette har Miljødirektoratet teke initiativ til eit statleg sektorsamarbeid som startar opp hausten 2021. Nordisk ministerråd har løyvd 26 mill. DKK til eit fireårig prosjekt om naturbaserte løysingar, der Miljødirektoratet bidreg i ei referansegruppe.

²⁰ <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/klimatilpasning/veiledning-til-statlige-planretningslinjer-for-klimatilpasning/>

²¹ <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2021/mars-2021/klimarisiko-i-kommunene/>

²² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-17/id2622043/?ch=1>

²³ <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2021/januar-2021/losningen-er-naturbasert/>

18.4 Informasjon og kapasitetsbygging

Miljødirektoratet arrangerer jamleg seminar og webinar for kommunar²⁴ i samarbeid med andre aktørar. Klimatilpassing.no skal bidra til å spreie kunnskap og rettleie om klimaendringar og klimatilpassing. Direktoratata bidreg med innhald på nettsida innanfor ansvarsområda sine. Norsk klimaservicesenter lanserte nye nettsider i februar 2021.

Introduksjonskurset i klimatilpassing, *Vær Smart*, for kommunane skal gjennomførast i Nordland og Møre og Romsdal i 2021. Samlinga i Nordland integrerer Svalbard med Sysselmestere og lokalstyret i Longyearbyen. I løpet av året vil difor alle fylka ha blitt tilbydd Vær Smart-kurset til sine kommunar.

18.5 Nettverk og samarbeid

Klimatilpassingsnettverket *I front* blir koordinert av Miljødirektoratet. Nettverket består av 13 bykommunar frå alle fylka i landet. Kommunesektorens organisasjon (KS) startar hausten 2021 opp det fjerde kommunenettverket for å styrkje lokalt arbeid med klimatilpassing. Statsforvaltaren i Trøndelag drifrar i samarbeid med mellom anna fylkeskommunen og Trondheim kommune eit klimatilpassingsnettverk for kommunane i fylket. Prosjektet har vore støtta av Miljødirektoratet som ein pilot for å sjå på korleis nettverk kan styrkje arbeidet kommunane gjer med klimatilpassing.

Nettverket *Naturfareforum*, med representantar frå ei rekkje direktorat og etatar og frå KS, skal styrkje samarbeidet mellom nasjonale, regionale og lokale aktørar for å gjere Noreg mindre sårbar for uønskte naturhendingar. Naturfareforum har som oppfølging av NOU 2019: 4 *Organisering av norsk naturskadeforsikring* sendt ei utgreiing om finansiering av førebygging til Justis- og beredskapsdepartementet. Utgreiinga tilrår at det blir etablert eit fond for førebyggjande tiltak mot naturskade og fysisk klimarisiko på eksisterande busetnad og infrastruktur, og at eit slikt fond blir tilført kapital ved å auke premieraten av brannforsikringa.

Miljødirektoratet leier ei gruppe bestående av 16 direktorat og statlege selskap.²⁵ Gruppa deler informasjon om status på klimatilpassingsarbeidet

på nasjonalt nivå og er ein arena for å vidareutvikle det nasjonale arbeidet med klimatilpassing.

18.6 Forsking

Forskningsrådet støttar ei rekkje forskingsprosjekt knytte til klimaendringar og tilpassing.

I samsvar med Langtidsplan for forskning og høgere utdanning har Forskningsrådet «Klima, miljø og miljøvennlig energi» (KMME) som eit av dei prioriterte områda sine. Det omfattar utvikling av miljøvennleg energi og lågutsleppsløysingar, forskning på klima- og klimatilpassing, bioøkonomi og landbasert miljøforskning, transport, berekraftige byar og sirkulær økonomi. Den målretta prosjektinnsatsen på dette var på om lag 1,7 mrd. kroner i 2020. Tyngdepunktet er innanfor miljøvennleg energi og lågutsleppsløysingar.

Våren 2020 vart det lyst ut 70 mill. kroner til forskning på effektar av klimaendringar på natur og samfunn som resulterte i seks nye prosjekt. Det vart også lyst ut inntil 75 mill. kroner til forskning på effektar av endringar i Arktis for Forskerprosjekt for fornyelse.

Klima 2050, eit senter for forskingsdriven innovasjon, starta i 2015 og skal skaffe fram kunnskap om klimatilpassing av bygningar og infrastruktur.

Climate Futures, eit senter for forskingsdriven innovasjon (SFI), starta i 2020, har som mål å lage nye løysingar for å føresjå og handtere klimarisiko frå ti dagar til ti år fram i tid, i samarbeid med klima- og vêrutsette sektorar.

Noradapt – Norsk senter for berekraftig klimatilpassing opna i 2018 og skal få fram og samle kunnskap om korleis vi kan førebu oss på klimaendringane på tvers av sektorar og fagfelt. Senteret får støtte over statsbudsjettet.

I tillegg vart det i 2021 prioritert 20 mill. kroner til forskning på klimatilpassing og berekraftig matproduksjon over Landbruks- og matdepartementets budsjett.

Eit hovudmål for Horisont Europa, EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, er å leggje til rette for forskning og innovasjon for å møte klimautfordringane. Det grøne skiftet er ei sentral prioritering for Europakommisjonen. Våren 2021 lanserte Europakommisjonen tiltakspakken

²⁴ <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/arrangementer/webinar>

²⁵ Avinor, Bane NOR, Direktoratet for byggkvalitet, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Fiskeridirektoratet, Helsedirektoratet, Jernbanedirektoratet, Kartverket, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Matilsynet, Miljødirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat, Riksantikvaren og Statens vegvesen

«Europas grønne giv» (European Green Deal) med mål om å gjere Europa til eit klimanøytralt kontinent innan 2050. Europakommisjonen har også lansert eit nytt verkemiddel i Horisont Europa der forskning og innovasjon blir retta inn spesifikt mot å løyse store samfunnsutfordringar. Gjennom tematiske oppdrag («missions») skal ein setje politisk dagsorden og skape folkeleg engasjement. Klimatilpassing er eitt av fem område.

Forskningsrådet har gjennomført ei evaluering av det store klimaforskningsprogrammet, KLIMA-FORSK, som konkluderte med at det overordna målet – å føre til framifrå forskning og kunnskap om klima til beste for samfunnet – er oppnådd. Evalueringa tilrår at FN's 2030 agenda og berekraftsmål skal vere styrande for vidare satsing på klimaforskning, og understrekar betydninga av tverr- og transfagleg forskning. Evalueringa peiker vidare på eit behov for å styrkje forskinga på effektar av klimaendringar på samfunnet, klimatilpassing, inkludert koplinga mellom tilpassing og utsleppsreduksjon.

Havet spelar ei sentral rolle i den globale klimareguleringa, men forståinga av dei grunnleggjande funksjonane i havet er enda ufullstendig. Etablering av denne kunnskapen har heilt avgjerande betydning for klimapolitikken, og han må baserast på eit breitt og omfattande internasjonalt forskingssamarbeid. Dette har vore ei viktig grunngeving for etableringa av FN's internasjonale havforskingstiår 2021–2030 for berekraftig utvikling. Noreg har vore ein pådrivar for denne satsinga.

Eit viktig element i tiårssatsinga er utvikling av kunnskap for varsling av havrelaterte ekstremhendingar på kort og lang sikt som underlag for politikktutvikling, beredskap og strakstiltak. Noregs forskingsråd har utarbeidd tilrådingar for kva norske forskingsmiljø best kan bidra med. Tilrådingane vart overleverte til regjeringa i oktober 2020. Noreg har allereie meldt inn fleire store oppstartsaktivitetar til tiåret og vil støtte aktivt opp under den vidare gjennomføringa av tiåret. Unesco ved Den mellomstatlige oseanografiske kommisjonen (IOC) har ansvaret for FN's koordinering av forskingstiåret. IOC har allereie etablert eit rapporterings- og evalueringsverktøy (Global Ocean Science Report – GOS) som gjer det mogleg å følgje utvikling, måloppnåing og resultat av det globale havforskingssamarbeidet over tid.

18.7 Klimatilpassing i og på tvers av sektorar

18.7.1 Samfunnstryggleik og naturfarar

Direktoratet for for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) utviklar digitale verktøy for bruk i kommunane innanfor samfunnstryggleik. Kunnskapsbanken gjev kommunane i landet tilgang til detaljert informasjon om natur- og vasskadar, basert på data frå private forsikringsselskap. I tillegg vil DSB frå hausten 2021 starte utviklinga av ei digital løysing for enklare utarbeiding av ROS-analysar til arealplanlegginga. Begge løysingane vil bidra til at omsynet til klimaendringar blir teke i vare i kommunane.

DSB utarbeidde i 2019 ein analyse av skogbrannberedskapen. Denne blir følgt opp gjennom ulike prosjekt for å bidra til betre samfunnsmessige vurderingar, til dømes knytt til skogbrannar i verneområde. Andre prosjekt, som Circumpolar Wildland Fire i regi av Arktisk råd, vil bidra til betre kunnskap, tilpassing og handtering av skogbrannhendingar.

DSB har i 2020 delteke i eit arbeid med vurdering av beredskapen mot stormskadar i Indre Oslofjord i samarbeid med relevante beredskapsaktørar. Vurderinga byggjer på tre scenario over vindstyrkar og trefall, som NIBIO har utvikla for Landbruks- og matdepartementet. Ifølgje Klimapanelet sin sjette hovudrapport vil kommande stormar – «med middels fagleg sikkerheit» - bli meir intense på grunn av klimaendringar. Som følge av ekstremvêr blir skogen også meir skadeutsett, til dømes gjer manglande tele og mykje nedbør skogen meir ustabil for sterk vind.

Sivlforsvaret er ein viktig beredskapsressurs ved naturrelaterte hendingar og jobbar aktivt med å utvikle kapasitetar og operativ evne. Nødnett er også over tid betre rusta mot ekstremvêr, mellom anna er reservestraumkapasiteten på utvalde basestasjonar auka, effekt på radiolinjer blir auka automatisk ved mykje nedbør, og overspenningsvern som beskyttar ved lynnedslag, er montert.

Internasjonalt har DSB hjelpt NVE i utarbeidinga av nytt klimaprogram i Ungarn under EØS-midlane. DSB har også bidrege med innspel til arbeidet med Warszawa-mekanismen og FN's rammeverk for katastroforebygging (Sendai-rammeverket).

Energi- og vassressursane i Noreg blir forvalta av NVE. I tillegg har NVE statlege forvaltningsoppgåver innanfor skredførebygging. Konsekvensane av klimaendringane har stor betydning for ansvarsområdet til direktoratet. Direktoratet

utfører forskning for å auke kunnskapsgrunnlaget om effekten klimaendringar har på vassressursar. Generelt er klimatilpassing godt integrert i NVEs forvaltning.

NVE har god oversikt over kor sårbar kraftinfrastrukturen er for klimaendringar, og analyserer kva klimaendringar betyr for energiforbruk og fornybar kraftproduksjon. NVE har for fjerde gongen kartlagt klimatilpassing og klimamedvitet i kraftsektoren og rapporterer at kraftsektoren har fått auka medvit om klima dei siste ti åra.²⁶

NVE hjelper kommunane med å førebyggje flaum- og skredskadar gjennom kartlegging, arealplanlegging, sikringstiltak, overvaking, varsling og beredskap. NVE slutførte 36 sikringstiltak i 2020. Gjennom ei eiga tilskotsordning har NVE i 2020/2021 også medverka til at åtte kommunar har kartlagt bekker med kritiske punkt. Det vil i 2021 bli gjeve ut ei rettleiing for å hjelpe kommunane med å førebyggje skade frå overvatn ved å bidra med kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi) og rettleiing til kommunal arealplanlegging. To digitale rettleiingar for utgreiing av høvesvis flaumfare og trygging mot skred i bratt terreng er gjevne ut i 2021. I tillegg er det gjeve ut ei rettleiing til vassressurslova og NVEs behandling av vassdrags- og grunnvasstiltak.

Klimaendringar er òg integrerte i NVEs arbeid med forskrifter, retningslinjer og rettleiingar der det er relevant, og i eit kost-nytte-verktøy for vurdering og prioritering mellom tiltak som skal beskytte mot flaum og skred. Effekten av klimaendringar på flaum blir mellom anna gjort synleg i NVEs flaumsonekart. I 2020 og 2021 har direktoratet vurdert kva betydning klimatilpassingsdelen av SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing får for NVEs forvaltningsområde.

Prosjektet Nasjonal detaljert høgdemodell gjer nøyaktige høgdemålingar i heile landet og er det største landkartleggingsprosjektet som er gjennomført i Noreg nokosinne. Kartverket leier arbeidet, og det er eit spleiselag mellom åtte departement. Detaljert høgdemodell er eit betydeleg bidrag i møte med klimaendringar og styrkjer beredskapsarbeidet ved at ein kan berekne stormflod- og flaumsoner og skredfare meir nøyaktig enn tidlegare. Innsamla data blir fortløpande gjort gratis tilgjengeleg for næringsliv, kommunar, offentlege verksemdar, utviklarar og andre, og prosjektet blir ferdigstilt i 2022. I samarbeid med kommunar blir det utvikla eit meir detaljert

elvenettverk der stikkrenner og røyr i grunnen blir inkluderte, noko som sikrar at flaumberekning og overvassanalysar kan utførast betre. Kartverket driftar det nasjonale observasjonssystemet for havnivå og vasstand og startar i 2021 opp eit prosjekt for å vidareutvikle observasjonssystemet i tråd med behova som finst i samfunnet. Relevante data, frå observasjonar til prognosar for havnivåendring, blir tilbydde på Se havnivå²⁷ og Se havnivå i kart.²⁸ Kartverket deltek aktivt i arbeidet for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget for havnivåstiging i samband med FN's klimapanel's sjette hovudrapport, inkludert stormflodnivå og bølgepåverknad, som Miljødirektoratet har igangsett.

Kartverket etablerer, forvaltar og formidlar data av betydning for klimatilpassing, følgjer opp regjeringa sin geodatastrategi frå 2018 der ei rekke tiltak relevante for klimatilpassing er under utvikling, og driftar Geonorge²⁹ – den nasjonale noden for geografisk informasjon. Kartverket, som nasjonal geodatakoordinator, samordnar digital tilgang til geografiske data, ein vesentleg funksjon for å sikre tilgang til kunnskapsgrunnlag i nye fulldigitale plan- og byggjesaksprosessar der samfunnstryggleik og klimatilpassing skal behandlast. Frå 2021 blir mottak av miljø- og samfunnsdata som oppstår i konsekvensutgreiingar, planarbeidet til kommunane, konsesjonsprosessar mv., samordna, slik at data blir tekne vare på og tilbydde for gjenbruk i klimatilpassingsarbeidet. Kartverket koordinerer arbeid med digitalisering av kommune- og reguleringsplanar og arbeid med det offentlege kartgrunnlaget (DOK) for bruk i arealplanlegging og byggjesaker. Kartverket vil vidare inngå samarbeid med kommunar om Smarte byer-initiativ og etableringa av digitale tvillingar, for å få optimalisert bruk og nytte av geografisk informasjon i klimatilpassingsarbeid.

18.7.2 Natur, miljø, landbruk og økosystem

Ein viktig del av klimatilpassinga er å bevare dei naturlege funksjonane i natur og økosystem og ta i vare klimatilpassingsomsyn i areal- og ressursbaserte næringar, noko som også er omtalt i berekraftsmeldinga (Meld. St. 40 (2020–2021)). Naturen er også viktig for å avgrense skadeverknadene av klimaendringane, som skogen som tek opp og lagrar CO₂, og våtmarker og innsjøar som kan dempe flaumar.

²⁶ https://publikasjoner.nve.no/rapport/2021/rapport2021_11.pdf

²⁷ <https://www.kartverket.no/sehavniva/>

²⁸ <https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/kart>

²⁹ <https://www.geonorge.no/>

Miljødirektoratet vedtok i 2018 ein klimatilpassingsstrategi.³⁰ Direktoratet evaluerte i 2020 korleis strategien er følgt opp, og omsynet til klimaendringar er integrert i alle direktoratets ansvarsområde. Gjennom satsinga på klima, areal og naturmangfald arbeider direktoratet med å sikre ei meir heilskapleg tilnærming til klima og naturmangfald, både innan kunnskapsgrunnlag og intern tilrettelegging. I 2020 lanserte Miljødirektoratet ei rettleiing om konsekvensutgreiingar for klima- og miljøtema som inkluderer kor sårbare miljøtema er for klimaendringar og ei rettleiing om klimatilpassing av naturmiljø. Denne har hovudvekt på korleis kommunen kan bidra til å ta vare på naturtypar som blir påverka av klimaendringane i planarbeidet. Klimatilpassing er inkludert i revidert plan for restaurering av våtmarker og i arbeidet som er i gang med strategi for restaurering av vassdrag. Miljødirektoratet arbeider med å styrkje kunnskapsgrunnlaget om hav og klima og har dei siste åra auka innsatsen for å tette kunnskapshøl om verknadene av klimaendringar og havforsuring i norske hav- og kystområde. Som nemnt i berekraftsmeldinga (Meld. St. 40 (2020–2021)) meiner regjeringa det er viktig at byar og tettstader satsar på klimatilpassing med naturbaserte løysingar, til dømes ved å opne bekker og elvar med plass og vegetasjon rundt seg så dei kan stige ved mykje regn. I Nasjonal strategi for urbant landbruk legg regjeringa vekt på blågrøn infrastruktur som gagnar naturmangfald, klimatilpassing og urbant landbruk.

Miljødirektoratet arbeider med å utvikle ei rettleiing for klimarobust tilrettelegging og opparbeiding av stiar i friluftsområde. Rettleiinga om planlegging av by- og tettstadnære naturområde er revidert, og omsynet til klimatilpassing er teke inn som ein integrert del. Direktoratets operative feltapparat, Statens naturoppsyn (SNO), utfører fleire løpande feltoppgåver i arbeidet med klimatilpassing, som restaureringstiltak i våtmark og skjøtsel av verneområde. Programmet direktoratet har for miljøovervaking er vurdert med omsyn til om dei fangar opp effektar av klimaendringar. Som ei oppfølging er det i 2021 sett i gang ei satsing som skal gje meir kunnskap om effekten klimaendringane har på akvatiske økosystem.

I malen for løyve til verksemd etter forureiningslova er klimatilpassing teken inn som eit omsyn som skal vurderast i miljørisikovurderingar. Klimatilpassing har vore eit prioritert tilsynsystema i 2020 og 2021, der Miljødirektoratet og

statsforvaltaren på tilsyn med industribedrifter vurderer om bedriftene tek tilstrekkeleg omsyn til klimaendringane i arbeid med miljørisikovurderingar og i beredskapsplanar.

Direktoratet har koordinert innspel til FNs klimapanel sjette hovudrapport, der delrapport to om verknader, tilpassing og sårbarheit er særleg relevant for klimatilpassing.

Riksantikvaren utarbeider ny strategi og handlingsplan for klimarelatert arbeid. Direktoratet har delteke i prosjekt Adapt Northern Heritage, eit samarbeid med Sverige, Skottland og Island om utvikling av rettleiing for risikovurdering og planlegging av tiltak for å sikre kulturminne og kulturmiljø i eit endra klima. Aurland kommune var med som assosiert partner. Prosjektet vart avslutta medio 2020. Rettleiinga er omsett og tilrettelagd for bruk i Noreg og kan brukast av kommunar så vel som private og offentlege eigarar av kulturminne.

Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon og Riksantikvaren samarbeider om bruk av tilskot for oppgradering av klimaskalet på verneverdige kyrkjer. Det er utarbeidd ei rettleiing for risikovurdering for eigarar av kyrkjebygg. Riksantikvaren har fleire miljøovervakingssystem som kartlegg korleis klimaendringar påverkar kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Klimatilpassing i landbrukssektoren omfattar areal- og ressursforvaltning generelt, og tilpassingar i jord- og skogbruket og reindrifta. Produsentane sjølve tilpassar seg kontinuerleg, til dømes ved valet av vekstar og driftsmetodar som er betre tilpassa eit endra nedbørsmønster og høgare temperatur. Næringa er igjen avhengig av relevant FoU, rettleiing og økonomiske insentiv. Prioriteringar i matproduksjonen er å bevare genetisk mangfald, fremje planteforedling og husdyravl og beskytte matjorda.

Landbruksdirektoratet forvaltar fleire tilskotsordningar som kan bidra til at jordbruket står betre rusta, mellom anna til drenering av jordbruksareal, etablering og utbetring av hydrotekniske anlegg, bygging av landbruksvegar, utvikling og produksjon av klimatilpassa plantemateriale og til bevaring av genetiske ressursar. Det finst også ordningar som stimulerer til bruk av driftsmetodar som forhindrar erosjon og avrenning. I 2020 greidde Landbruksdirektoratet ut ei tilskotsordning for klimarådgeving, der bonden mellom anna skal få kunnskap om korleis gjere klimatilpassingstiltak på eigen gard. Ordninga blir iverksett i 2021. Klima- og miljøprogrammet gjev økonomisk støtte til fleire prosjekt innanfor klimatilpassing i landbruket. Prosjekta knyter seg både

³⁰ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M1018/M1018.pdf>

til førebygging av skadar på jord og avlingar og til moglegheiter for å halde ved lag og auke avlingane med endra klima. Forsking på klimatilpassa matproduksjon er prioritert over Landbruks- og matdepartementets budsjett.

Landbruks- og matdepartementet vil òg gjennomgå beredskapen for å unngå auka førekomst av skadegjerarar i jord- og skogbruksproduksjonen. Beredskapen innanfor klimarelaterte skogskadar, med hovudvekt på skogbrann og stormfelling, for å sikre god samhandling mellom dei departement det gjeld, og mellom skogbruket og dei operative beredskapsetatane, vil bli vurdert. Landbruks- og matdepartementet har finansiert ein NIBIO-analyse over påreklelege trefall som vil komme på ved stormar av ulik vindstyrke. Analysen dannar grunnlag for ein beredskapsanalyse for storm tilsvarande beredskapsanalysen for skogbrann som DSB publiserte i 2019.

Ved planlegging og bygging av landbruksveg blir det no lagt større vekt på tiltak som reduserer risiko for ras og flaumskadar. Linjeføring, stikkrennedimensjon og vassfordeling ved flaum er meir i fokus.

Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet ser behov for ei utgreiing der ein ser nærmare på klimatilpassinga i skogbruket. Utgreiinga skal danne grunnlaget for eventuelle forvaltningsråd som òg vurderer effektar på næringa, naturmangfaldet, friluftsliv og andre interesser.

Landbruks- og matdepartementet ser på verneskogforskriftene under skogbrukslova som ledd i klimatilpassing av skogbruket. Landbruksdirektoratet i samarbeid med NVE er i gang med eit arbeid om naturfare og vernskog med ei målsetjing om å utarbeide ein forvaltningspraksis som best mogleg tek i vare omsynet til både samfunnstryggleiken og god forvaltning av skogressursen. Eit delprosjekt med NIBIO skal bidra til å skaffe fram kunnskap og utarbeide metodar for hogst- og driftsmetodar for optimalisering av skogtilstand.

Erstatningsordningane ved avlingssvikt og svikt i honningproduksjon bidreg til å redusere økonomisk tap ved klimabunden produksjonssvikt. For skadeåret 2020 er det per 29. april 2021 utbetalt omtrent 99 mill. kroner. Til samanlikning vart det som følge av tørkesommaren i 2018 utbetalt nærmare 2 mrd. kroner i erstatning for avlingssvikt. Landbruksdirektoratets overvaking av internasjonale marknader og importregulering er viktige element i norsk matvareberedskap i lys av moglege globale forsyningsflaskkehalsar som følgje av klimaendringar. Landbruksdirektoratet

forvaltar også kriseberedskapsordninga for reindrifta, som sist vart teken i bruk i 2020 da det var beitekrisa som følgje av store snømengder og låste beite i store delar av Reindriftnoreg. Totalt vart det løyvd 42,5 mill. kroner til kriseberedskapsfondet under beitekrisa. Det er avgjerande å vidareutvikle strategiar og tiltak for klimatilpassing i reindrifta. NIBIO har difor fått i oppdrag å kartlegge moglege tiltak.

Mattilsynet har ansvar for tryggleiken i heile matkjeda frå jord/fjord til bord og for trygt drikkevatt. Endra klima vil mellom anna endre sjukdomspanoramaet hos plantar, dyr, fisk og menneske og gje utfordringar for dyrevelferda. Endra nedbørforhold kan true drikkevassforsyninga. Veterinærinstituttet, Havforskningsinstituttet, NIBIO og Folkehelseinstituttet bidreg med overvaking av tilstanden for om mogleg å førebyggje skadar. Dei gjev også råd ved handtering av hendingar og behov for endring av regelverk.

18.7.3 Infrastruktur og samferdsel

Kraftig nedbør, svingingar i temperatur og auka fare for regnflaum, skred og stormflod gjev utfordringar for transport og samferdsel. I mars la regjeringa fram Nasjonal transportplan 2022–2033 (NTP). Planen presenterer transportpolitikken til regjeringa for dei tolv neste åra og gjev føringar for integrering av klimatilpassingsomsyn i planlegging og prioritering innan samferdselssektoren. Klimatilpassing er også ein integrert del av Samferdselsdepartementets strategi for samfunnstryggleik i transportsektoren. Ein revidert strategi vart lansert desember 2020. Strategien blir følgd opp av underliggjande etatar.

Kystverket samarbeider med relevante aktørar i arbeidet med klimatilpassing, både ved utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og i samband med førebygging, varsling og handtering av hendingar. Vidare tek Kystverket høgd for klimaendringar ved planlegging, dimensjonering og drift av eigen infrastruktur og system. Det blir arbeidd med å integrere klimaomsyn i relevante planprosessar, utgreiingar og analysar. Kystverket spelar i planlegging etter plan- og bygningslova inn viktigeita av at maritim infrastruktur blir tilpassa forventa klimaendringar. Det er etablert eit tettare samarbeid med Meteorologisk institutt for framskriving av miljølaster for planlegging og dimensjonering av installasjonar og navigasjonsinfrastruktur.

Statens vegvesen fekk ny organisasjon i 2020. Klimatilpassingsarbeidet blir koordinert frå Vegdirektoratet, men utført i alle divisjonar, spesielt Utbygging og Drift og vedlikehald. Det er også

oppretta eit fagleg kommunikasjonsnettverk med Nye veier AS og fylkeskommunane.

Etaten jobbar med å oppdatere strategien sin for samfunnstryggleik av 2017 i tråd med ny strategi for samfunnstryggleik i transportsektoren. Statens vegvesen jobbar med nærmare oppfølging av klimatilpassingsarbeid på vegprosjekt, gjennom «Klimatilpassingspiloter», og med justeringar av dagens verktøy for kost–nytte-analysar til å betre inkludere effekten av klimaendringar. Saman med Nye vegar AS og tre partnarar (Vestlandsforskning, NGI, Menon Economics) har etaten søkt og fått løyvd Forskringsrådets støtte til eit treårig FoU-prosjektet «Klimatilpassing og vei-transport» (KLIMAVED). Målet er å etablere eit kunnskapsgrunnlag for samfunnsøkonomiske analysar på prosjekt- og systemnivå som tek omsyn til klimaendringar, endringar i klimapolitikk og som støttar under mål om tryggleik, berekraft og effektivitet i vegsektoren. Prosjektet starta arbeidet sitt våren 2021.

Implementering av kunnskap om effekten av klimaendringar i normalar og retningslinjer er eit av dei viktigaste verkemidla til etaten. Mange av oppgåvene til Statens vegvesen støttar opp under klimatilpassing, slik som skredsikring og skredvarsling, som blir gjort i samarbeid med NVE og MET på varsom.no.

I jernbanesektoren tek Bane NOR i vare det operative arbeidet med klimatilpassing. Omsynet til klimatilpassing er integrert i Bane NORs arbeid gjennom fortløpande oppdatering av handbøker, retningslinjer og standardar. Bane NOR har handlingsplan for klimatilpassing som skal sikre risikobaserte og kostnadseffektive klimatilpassingstiltak. I 2021–2022 skal det arbeidast vidare med systematisk skredfarekartlegging som grunnlag for heilskapleg, risikobasert tiltaksgjennomføring. Jernbanedirektoratet er partnar i Klima 2050.

Luftfart blir påverka på ulike måtar av klimaendringar. Døme kan vere havnivåstiging, som kan få betydning for enkelte lågtliggjande lufthamner, isingsforhold som påverkar alle typar luftfartøy i større eller mindre grad, og endringar i vindretning og styrke.

Luftfartstilsynet er den nasjonale luftfartsstyresmakta i Noreg og arbeider mellom anna for å byggje eit forbetra kunnskapsgrunnlag om klimatilpassing for luftfartsaktørane. Luftfartstilsynet samlar erfaring og informasjon for luftfartsbransjen for å kunne gje kvalifiserte vurderingar om klimatilpassing, irekna kva tiltak som kan vere mest relevante for å redusere risiko for hendingar grunna klima med konsekvens for luftfarten. Luftfartstilsynet følgjer også arbeidet med klimatilpas-

sing internasjonalt, mellom anna gjennom deltaking i FN's luftfartsorganisasjon ICAO.

Klimatilpassing i Avinor blir følgd opp strategisk som ein del av det overordna klimaprogrammet til konsernet og er ein del av arbeidet innan trygging og risikoførebygging. Avinor har jobba systematisk med klimarisiko og klimatilpassing sidan starten på 2000-talet, mellom anna gjennom NTP, Eurocontrol, ACI (Airport Council International) og fleire andre forum. Avinor deltek også som partnar i forskingssenteret Klima 2050 og er involvert i pilotprosjekt som er i gang. Dei integrerer omsynet til klimaendringar i den daglege drifta og i framtidige byggjeprojekt gjennom Avinors styringssystem (prosedyrar og rutinar), Avinors standardar for bygg og masterplanutviklinga for kvar enkelt lufthamn. I 2021 gjennomfører dei ei oppdatering av klimarisiko- og sårbarheitsrapporten til konsernet frå 2014, som i større grad er vinkla mot tiltak. Det blir gjort førebuaende arbeid for å møte krava i EUs taksonomi.

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) skal fremje byggkvalitet også utover minimumskrava i byggteknisk forskrift. Klimatilpassing er ein del av DiBKs strategi for betre byggkvalitet i eksisterande bustader for perioden 2019–2023. I tillegg er energi, miljø og tilgjengelegheit sentrale tema. Med bakgrunn i strategien har DiBK utvikla oppussingsråd retta mot bustadeigarar. Dette skal gjere det lettare for bustadeigarar å ta val som gjev betre byggkvalitet når dei held ved like, pussar opp eller byggjer om bustaden. Råda vart lanserte i mars 2021. Oppussingsråda er innretta for at bustader skal tole klimaet i framtida, vere meir tilrettelagde slik at vi kan bu lenger heime, og samstundes vere meir berekraftige.

I 2020 har DiBK igangsett revidering av temarettelegginga om utbygging i fareområde. DiBK har i dette arbeidet fått innspel frå direktoratsgruppa for klimatilpassing. Rettelegginga blir ferdigstilt hausten 2021.

Statsbygg jobbar systematisk med å sørgje for at verksemda tek omsyn til klimatilpassing i alle delar av verksemda der det er relevant. For forvaltning og drift av eksisterande eigedom har Statsbygg jobba med å kartleggje klimarisiko på eigedommane Statsbygg forvaltar. Klimarisiko på eigedommane blir samanstilte i ein rapport som vil publiserast internt i verksemda i 2021. Rapporten vil vere eit viktig verktøy for eigedomsforvaltninga til å setje i verk tiltak som vil redusere risiko for naturskade.

I konseptvalutgreiingar og lokaliseringsvurderingar gjev Statsbygg faglege råd som får konsekvensar for arealdisponering og val av lokalisering

for statleg verksemd. Statsbygg vurderer risiko for naturfare og behov for eventuelle klimatilpassingstiltak på tomtene som er til vurdering, som eit av mange aspekt som belyste. Statsbygg jobbar med å utvikle tydelege kriterium og sjekklister som systematisk adresserer behovet for klimatilpassing. Kriterium for klimatilpassing vil også vere viktig seinare i prosjektførsløpet når eit konsept er teke vidare til eit faktisk byggjeprojekt. I prosjekteringsfasen er det avgjerande at vala av materialar og konstruksjonsmetode blir gjorde på grunnlag av oppdaterte og representative klimadata for klimaet bygget skal oppførast og stå i. Uteområda utanfor bygga er også ein viktig del av planlegginga for å sikre best mogleg handtering av overvatn ved styrtregn. I fleire prosjekt har ein no lagt til rette for opne flaumveggar i staden for lukka løysingar under bakken. Statsbygg deltek i sentrale initiativ innanfor klimatilpassing slik som Klima 2050.

18.7.4 Industri og næringsliv

Nærings- og fiskeridepartementet følgjer opp forventningane knytte til klima og miljø i Meld. St. 8 (2019–2020) *Statens direkte eierskap i selskaper – Bærekraftig verdiskaping*, i eigardialogen med selskap med statleg eigardel. Det følgjer av eigarskapsmeldinga at staten forventar at selskap med statleg eigardel har ein overordna plan for berekraftig verdiskaping, og at dei arbeider for å redusere klima- og miljøfotavtrykket sitt. Eit berekraftig selskap balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping og slik at dagens behov blir møtt utan å øydeleggje utsiktene for at kommande generasjonar kan få dekt behova sine. Klimaendringar er omtalte i eigarskapsmeldinga som døme på ein verdidrivar som vil medføre risiko og moglegheiter for selskap. Som kunnskapsgrunnlag i eigardialogen blir det mellom anna brukt rapportering som selskapa sjølve lagar, tilgjengelege eksterne selskapsanalysar og ein rapport om klimarelatert risiko for selskap med statleg eigardel som Nærings- og fiskeridepartementet fekk utarbeidd i 2017 i samarbeid med andre departement som forvaltar eigarskap i selskap, i tillegg til Klimarisikoutvalets rapport, NOU 2018: 17 *Klimarisiko og norsk økonomi*. Statens eigarrapport 2020 inneheld ei oversikt over klimagassutsleppa til selskapa og oversikt over rapporteringsstandardar og retningslinjer som selskapa følgjer, irekna Task Force on Climate-related Financial Disclosure (TCFD) og Greenhouse Gas Protocol.

Det næringsretta verkemiddelapparatet har fleire ordningar og program som støttar forskning på og utvikling av nye grønne løysingar. Vi ser at dei breie, opne ordningane i verkemiddelapparatet i stor grad treffer prosjekt med positiv klima- og miljøeffekt. Innovasjon Noreg rapporterer om delen prosjekt med miljøeffekt. Rapportering til Nærings- og fiskeridepartementet viser mellom anna at 41 pst. av prosjekta som fekk innvilga etablerartilskot i 2020 hadde kryss for miljøeffekt. Innovasjon Noreg forvaltar også Miljøteknologiordningen, som skal bidra til å finansiere utprøving av ny, meir miljøvennleg teknologi innanfor ulike sektorar. Ordninga kompenserer for manglande etterspurnad etter miljøteknologi i marknaden og bidreg til å redusere den høge risikoen knytt til denne typen investeringar.

Fiskeri- og havbruksforvaltninga må tilpasse seg nye naturgjevne føresetnader. Både i program finansiert av Noregs forskingsråd og ved Havforskingsinstituttet blir det lagt ned ein omfattande forskingsinnsats for å skaffe fram kunnskap om rolla havet har i klimasystemet, og konsekvensane klimaendringane har for marine økosystem og ressursar.

Som følgje av klimaendringar og stadig større isfrie område er det store endringar i utbreiinga av bestandar og i dynamikken i havøkosystema. Difor har både kompleksiteten i og arealet for ressurs- og miljøovervaking auka vesentleg dei siste åra. I Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere og smartere – morgendagens maritime næring* og Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* varsla regjeringa framtidige låg- og nullutsleppskriterium for fleire fartøysegment for å nå ambisjonen om å halvere utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske innan 2030.

18.7.5 Helse

Folkehelselova pålegg kommunar og fylkeskommunar å ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som kan verke inn på denne, irekna forhold relaterte til klimaendringar, som auka ulykkes- og sjukdomsrisiko knytt til mellom anna ekstreme temperaturendringar, flaum- og skredfare, dårleg vedlikehalde leidningsnett for vassforsyning, mogleg auke av vektorborne smitteberarar, nye sjukdommar og utvida pollensesong. Temperaturauken som følgje av klimaendringar er venta å gje behov for temperaturregulerande tiltak i sjukehus og andre helseinstitusjonar. Lokalt må ein også ha beredskap med tanke på moglege posttrauma-

tiske lidingar, depresjon og angstlidningar i etterkant av ekstremvêr og naturkatastrofar.

Helsedirektoratet skal bidra til at ulike sektorar og forvaltningsnivå har nødvendig kunnskap for å ta i vare ansvaret sitt for å førebyggje sjukdom og fremje helse. Dette inneber å vere pådriver for kunnskapsbasert arbeid og ha ansvar for å følgje med på utvikling som påverkar helsa til befolkninga og helsetenesta i Noreg.³¹ Helsedirektoratet følgjer med på kunnskapsutviklinga internasjonalt om effektar klimaendringane har på folkehelse og helsesystem som igjen kan ha betydning for utforminga av kunnskapsbasert politikk i Noreg, mellom anna i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI).

FHI deltek i EURO Climate, leidd av WHO, som har årlege møte om helse og klima. FHI deltek også i EU-prosjekt som ser på korleis klimaparametrar og forureining kvar for seg og saman påverkar helsa til folk i Noreg. Desse prosjekta utviklar nye metodar for å forstå klimarelaterte sjukdomsbyrder og modellere framtidige helse- og økonomiske konsekvensar. Vidare er FHI med i eit forskingsprosjekt finansiert av Belmont Forum som undersøker adaptasjonsmekanismar innan klima, miljø og helse i lokalsamfunnsgrupper i Alaska og Vest-India (CCCEHN: Community Collective Action to respond to Climate Change influencing the Environment-Health Nexus). FHI deltek i Arctic Monitoring and Assessment Program (AMAP), International Nitrogen Assessment (INMS) og andre internasjonale ekspertgrupper som jobbar med klimarelaterte helseeffektar. Instituttet er vidare oppteke av førekomsten og utbreiinga av zoonosar og eventuelle endringar som følgje av miljø- og klimaendringar som skjer no, som på sikt kan innebere human eksponering for «nye» zoonosar og/eller endring i eksisterande human eksponering for desse sjukdommane. FHI deltek også i eit EU-prosjekt der instituttet mellom anna er med på forskning på zoonosar, utvikling av nye metodar og verktøy for infeksjonsovervaking, slik at matborne sjukdomsutbrot kan oppdagast tidlegare.

³¹ Tildelingsbrevet til Helsedirektoratet 2021

18.7.6 Utanriks- og tryggingpolitikk

I Meld. St. 36 (2016–2017) *Veivalg i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk* er det påpeikt at klimaendringar er ein aukande del av risikobiletet i mange land. Klimaendringar kan påverke underliggjande årsaker til konflikhtar, bidra til å forsterke konflikhtar som er i gang, og kan bli ein trussel mot eksistensen til enkelte land. Det er viktig å utvikle ei systematisk tilnærming til å forstå, oppdage og handtere auka risiko for ustabilitet, utryggleik og konflikt som følgje av klimaendringar og korleis dette kan svekkje evna til å førebyggje, handtere og løyse konflikhtar. Klima og tryggleik er eitt av fire prioriterte tema for den norske medlemskapen i FN's tryggingråd 2021–22. Ei sentral målsetjing er å styrkje evna rådet har til å førebyggje, handtere og løyse klimarelaterte truslar mot internasjonal fred og tryggleik. For å bidra til nødvendige analyser om samanhengane mellom klima og tryggleik som kan brukast av alle medlemsland og sivilt samfunn, er det innleidd samarbeid med mellom anna Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI) og Stockholm International Peace Research Institute (SIPRI).

Klimaendringane skjer spesielt raskt i Arktis. Arbeidsgruppene i Arktisk råd legg jamleg fram rapportar om klimaendringane og miljøtilstanden i Arktis. Rapportane er viktige bidrag til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for klimatilpassing, og for IPCCs arbeid med spesialrapportar og hovudrapportar. Arktisk råd har styrkt samarbeidet sitt innan klima og meteorologi for å gje betre kunnskapsgrunnlag for tilpassing og risikohandtering i nord. Det er også retta meir merksemd mot kunnskapsinnhenting og forskning på klimaendringane i Antarktis. Det internasjonale forskingssamarbeidet innanfor Antarktistraktatsystemet gjev viktige bidrag til IPCC og sikrar at ein har kunnskapsgrunnlag for begge polområda.

For samarbeid med utviklingsland har regjeringa vedteke ein ny strategi for å bidra til klimarobuste samfunn: «Klima, sult og sårbarhet, Strategi for klimatilpassing, forebygging av klimarelaterte katastrofer og sultbekjempelse».

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2021–2022) om statsbudsjettet for år 2022 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Klima- og miljødepartementet blir i Prop. 1 S (2021–2022) statsbudsjettet for budsjettåret 2022 dei forslag til vedtak som følgjer, førde opp:

Kapitla 1400–1482, 4400–4481 og 5578

I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		
1400	Klima- og miljødepartementet		
	01	Driftsutgifter	292 111 000
	21	Spesielle driftsutgifter	75 973 000
	50	Heilskapleg profilering, grønne løysingar	10 757 000
	51	Den naturlege skulesekken	5 000 000
	70	Frivillige klima- og miljøorganisasjonar samt klima- og miljøstiftelsar	53 907 000
	71	Internasjonale organisasjonar	88 814 000
	74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	5 296 000
	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	143 122 000
			674 980 000
1410	Kunnskap om klima og miljø		
	21	Miljødata	414 306 000
	23	MAREANO, <i>kan overførast</i>	47 730 000
	50	Grunnløyvingar under Noregs forskingsråd til miljøforskningsinstitutta	221 190 000
	51	Forskningsprogram under Noregs forskingsråd	385 690 000
	53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	7 419 000
	70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	40 756 000
	72	Tilskot til NORCE - Senter for biotryggleik	5 448 000
			1 122 539 000
1411	Artsdatabanken		
	01	Driftsutgifter	32 658 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	10 656 000	
	70	Tilskot til artar og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	27 159 000	70 473 000
1412		Meteorologiformål		
	50	Meteorologisk institutt	360 612 000	
	70	Internasjonale samarbeidsprosjekt	129 100 000	489 712 000
		Sum Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		2 357 704 000
		Klima, naturmangfald og forureining		
1420		Miljødirektoratet		
	01	Driftsutgifter	725 138 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	317 333 000	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	274 449 000	
	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overførast</i>	149 508 000	
	30	Statlege tileigningar, bevaring av viktige friluftslivsområde, <i>kan overførast</i>	30 891 000	
	31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	93 419 000	
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	1 025 000	
	33	Statlege tileigningar, nytt landbasert vern, <i>kan overførast</i>	6 700 000	
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparker, <i>kan overførast</i>	2 256 000	
	35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overførast</i>	435 727 000	
	36	Statlege tileigningar, marint vern, <i>kan overførast</i>	1 231 000	
	37	Skogplanting, vidareføring av pilotprosjekt for stadeigne treslag, <i>kan overførast</i>	5 120 000	
	38	Restaurering av myr og anna våtmark, <i>kan overførast</i>	21 090 000	
	39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	12 483 000	
	60	Tilskot for å vareta naturmangfald i kommuneplanlegging	3 026 000	
	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overførast</i>	222 838 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	62	Tilskot til grøn skipsfart, <i>kan overføres</i>	87 157 000	
	63	Returordning for kasserte fritids- båtar	700 000	
	64	Skrantesjueprøver frå fallvilt	1 200 000	
	65	Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold	20 560 000	
	66	Tilskot til kommunar for å betre tilgangen til strandsona langs Oslofjorden	3 000 000	
	69	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under postane 39 og 79</i>	125 962 000	
	70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overføres</i>	47 905 000	
	71	Marin forsøpling, <i>kan overføres</i>	50 290 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	144 548 000	
	73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overføres</i>	79 575 000	
	74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	2 800 000 000	
	75	Utbetaling for vrakpant og tilskot til kjøretøy og fritidsbåtar, <i>overslags- løyving</i>	528 000 000	
	76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	175 500 000	
	77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	16 843 000	
	78	Friluftformål, <i>kan overføres</i>	181 798 000	
	79	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under postane 39 og 69</i>	450 000	
	81	Naturarv og kulturlandskap, <i>kan overføres</i>	69 527 000	
	82	Tilskot til trua artar og naturtypar, <i>kan overføres</i>	43 919 000	
	83	Tilskot til tiltak mot framande artar, <i>kan overføres</i>	4 104 000	
	84	Internasjonalt samarbeid	5 651 000	
	85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overføres</i>	82 801 000	6 771 724 000
1422		Miljøvennleg skipsfart		
	21	Spesielle driftsutgifter	8 268 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	70	Tilskot til private, <i>kan nyttast under post 21</i>	33 025 000	41 293 000
1423		Radioaktiv forureining i det ytre miljø		
	01	Driftsutgifter	36 907 000	36 907 000
1424		Senter mot marin forsøpling		
	01	Driftsutgifter	23 643 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	1 000 000	24 643 000
1425		Fisketiltak		
	21	Spesielle driftsutgifter	300 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	16 743 000	17 043 000
1428		Enova SF		
	50	Overføring til Klima- og energifondet	3 384 013 000	3 384 013 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining		10 275 623 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
1429		Riksantikvaren		
	01	Driftsutgifter	151 693 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	31 155 000	
	22	Fleirårige prosjekt kulturminneforvaltning, <i>kan overførast</i>	23 734 000	
	60	Kulturminnearbeid i kommunane	8 824 000	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	39 026 000	
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>	142 759 000	
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	58 554 000	
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	59 072 000	
	74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	70 605 000	
	75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overførast</i>	15 557 000	
	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overførast</i>	8 446 000	
	79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>	59 372 000	668 797 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
1432		Norsk kulturminnefond		
	50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	121 340 000	121 340 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø		790 137 000
		Nord- og polarområda		
1471		Norsk Polarinstitutt		
	01	Driftsutgifter	242 578 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	102 364 000	
	50	Stipend	546 000	345 488 000
1472		Svalbards miljøvernfond		
	50	Overføringar til Svalbards miljøvernfond	10 329 000	10 329 000
1473		Kings Bay AS		
	70	Tilskot	36 946 000	36 946 000
1474		Fram - Nordområdesenter for klima- og miljøforskning		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>	247 000	
	50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	25 020 000	
	70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	29 001 000	54 268 000
		Sum Nord- og polarområda		447 031 000
		Internasjonalt klimaarbeid		
1481		Klimakvotar		
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	2 611 000	
	22	Internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar, <i>kan overførast</i>	100 000 000	102 611 000
1482		Internasjonale klima- og utviklings- tiltak		
	01	Driftsutgifter	100 311 000	
	73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>	2 981 543 000	3 081 854 000
		Sum Internasjonalt klimaarbeid		3 184 465 000
		Sum departementets utgifter		17 054 960 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
4400	Klima- og miljødepartementet		
	02 Ymse inntekter	482 000	
	03 Refusjon frå Utanriksdepartementet	29 585 000	30 067 000
4411	Artsdatabanken		
	02 Ymse inntekter	429 000	429 000
	Sum Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		30 496 000
Klima, naturmangfald og forureining			
4420	Miljødirektoratet		
	01 Oppdrag og andre ymse inntekter	8 028 000	
	04 Gebyr, forureiningsområdet	49 270 000	
	06 Gebyr, statsforvalterembetas miljøvernavingdelingar	37 595 000	
	07 Gebyr, kvotesystemet	5 980 000	
	09 Internasjonale oppdrag	47 878 000	148 751 000
4423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø		
	01 Gebyr, radioaktiv forureining	1 048 000	1 048 000
	Sum Klima, naturmangfald og forureining		149 799 000
Kulturminne og kulturmiljø			
4429	Riksantikvaren		
	02 Refusjonar og ymse inntekter	2 721 000	
	09 Internasjonale oppdrag	3 420 000	6 141 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø		6 141 000
Nord- og polarområda			
4471	Norsk Polarinstitut		
	01 Sals- og utleigeinntekter	6 814 000	
	03 Inntekter frå ymse tenesteyting	66 804 000	
	21 Inntekter, Antarktis	14 924 000	88 542 000
	Sum Nord- og polarområda		88 542 000
Klimakvotar			
4481	Sal av klimakvotar		
	01 Salsinntekter	1 642 921 000	1 642 921 000
	Sum Klimakvotar		1 642 921 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Skattar og avgifter			
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet		
	70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond	10 341 000	
	72 Fiskaravgifter	18 264 000	
	73 Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet	690 000 000	718 605 000
	Sum Skattar og avgifter		718 605 000
Sum departementets inntekter			2 636 504 000

Fullmakter til å overskride gjevne løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
kap. 1411 post 21	kap. 4411 post 02
kap. 1420 post 01	kap. 4420 post 01
kap. 1420 post 23	kap. 4420 postane 04, 06 og 09
kap. 1423 post 01	kap. 4423 post 01
kap. 1424 post 01	kap. 4424 post 01
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postane 02 og 09
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postane 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 5578 post 70

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal også dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar difor også kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Fullmakt til overskridingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 kan:

1. overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 01 Driftsutgifter, til dekning av honorar, transaksjonskostnader og utgifter til fagleg bistand i samband med sal av klimakvotar.
2. overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar, med eit beløp som svarer til inntekter frå sal av klimakvotar under statens kvotekjøpsprogram som er rekneskapsført på kap. 4481 Sal av klimakvotar, post 01 Salsinntekter.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover løyvingar som er gjevne

IV

Kjøp av klimakvotar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 kan inngå avtalar om kjøp av klimakvotar innanfor ei samla ramme på 1 150 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar under kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar. I tillegg blir fullmakta om at Klima- og miljødepartementet kan gje tilsegn om 16 mill. kroner i kjernestønad til Global Green Institute (GGGI) frå kvotekjøpsprogrammet fordelte på åra 2022 og 2023 vidareført.

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 kan gjere bestillingar utover gjevne løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1411		Artsdatabanken	
	21	Spesielle driftsutgifter	11,3 mill. kroner
1420		Miljødirektoratet	
	31	Tiltak i verneområde	8 mill. kroner
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplaner	0,4 mill. kroner
	33	Statlege tileigningar, nytt landbasert vern	5 mill. kroner
	35	Statlege tileigningar, skogvern	351,3 mill. kroner
	36	Statlege tileigningar, marint vern	2,8 mill. kroner
	38	Restaurering av myr og anna våtmark	0,9 mill. kroner

VI

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 kan gje tilsegn om tilskot utover løyvingar som er gjevne, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1411		Artsdatabanken	
	70	Tilskot til artar og naturtypar	10,6 mill. kroner
1420		Miljødirektoratet	
	30	Statlege tileigningar, bevaring av viktige friluftslivsområde	55 mill. kroner
	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing	400,5 mill. kroner
	62	Tilskot til grøn skipsfart	117 mill. kroner
	71	Marin forsøpling	15 mill. kroner
	78	Friluftsmål	3 mill. kroner
1428		Enova SF	
	50	Overføring til Klima- og energifondet	400 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	61 mill. kroner
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	60 mill. kroner
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	10 mill. kroner
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	10 mill. kroner
	74	Tilskot til fartøyvern	15 mill. kroner
	75	Tilskot til fartøyvernsenter	1,5 mill. kroner
	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde	4 mill. kroner
	79	Tilskot til verdsarven	21 mill. kroner
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	73	Klima- og skogsatsinga	2 320 mill. kroner

VII

Fullmakt til å inngå forpliktingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 kan pådra forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gje tilsegn om tilskot utover gjevne løyvingar under kap. 1420 Miljødirektoratet, postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 113,3 mill. kroner.

Andre fullmakter

VIII

Utbetaling av tilskot

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 får unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalningar av gjevne løyvingar på følgjande måte:

1. Utbetalinger av tilskot til utviklingsformål kan gjerast éin gong i året for FNs klima- og skogprogram, FNs kontor for narkotika og kriminalitet (UNODC), Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility, Forest Investment Program, BioCarbon Fund plus og Kreditanstalt für Wiederaufbau (KfW).
2. Utbetalinger av kjernebidrag til Global Green Growth Institute kan gjerast i medhald av regelverket til organisasjonen.
3. Utbetalinger av tilskot til Det grønne klimafondet (GCF) og til fond forvalta av FNs Multi Partner Trust Fund og Inter-American Development Bank (IDB) kan skje i medhald av regelverket for det enkelte fondet.

IX

Utbetaling for framtidige utsleppsreduksjonar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 får unntak frå føresetnadene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalinger av gjevne løyvingar gjennom at tilskot til Emergent Forest Financing Accelerator kan utbetalast med det formål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar.

X

Utbetaling av tilskot til offentleg-privat samarbeid

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 får unntak frå føresetnadene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om at utbetaling av gjevne løyvingar berre skal skje ved behov, slik at det kan utbetalast tilskot til risikoreduksjon for investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon i tråd med kriteria for kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak, post 73 Klima- og skogsatsinga.

XI

Utbetaling av renter på tilskot

Stortinget samtykkjer i at opptente renter på tilskot som er utbetalte frå Noreg under Klima- og skogsatsinga på kap. 1482, post 73, kan nyttast til tiltak etter avtale mellom Klima- og miljødepartementet og den enkelte mottakaren.

XII

Omgjering av lån på vilkår til tilskot

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2022 kan gje Enova SF fullmakt til å omgjere lån på vilkår frå Klima- og energifondet til tilskot etter førehandsdefinerte og føreseielege kriterium.

Andre vedtak

XIII

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak 1007, 27. mai 2021 blir oppheva.

Vedlegg 1**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Klima- og miljødepartementet**

Tabell 1.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	329 314	353 543	395 896	407 439
Varer og tenester	114 697	143 200	133 752	158 173
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>444 011</i>	<i>496 473</i>	<i>529 649</i>	<i>565 612</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	28 208	39 191	34 010	63 133
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>28 808</i>	<i>39 191</i>	<i>34 010</i>	<i>63 133</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemder	148 560	139 426	145 306	142 857
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>148 560</i>	<i>139 426</i>	<i>145 306</i>	<i>142 857</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	318	468	861	500
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>318</i>	<i>468</i>	<i>861</i>	<i>500</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>621 097</i>	<i>675 828</i>	<i>709 825</i>	<i>772 102</i>
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	120 305	115 354	146 778	116 670
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0			
Refusjonar	0			
Andre driftsinntekter	0			
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>120 305</i>	<i>115 354</i>	<i>146 778</i>	<i>116 670</i>

Tabell 1.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidler	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	391 409	438 392	461 418	505 823
Andre innbetalingar	148 560	139 426	145 179	142 857
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>539 969</i>	<i>577 818</i>	<i>606 597</i>	<i>648 680</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	256	260	597	500
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>256</i>	<i>260</i>	<i>597</i>	<i>500</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>660 530</i>	<i>693 432</i>	<i>753 971</i>	<i>765 850</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>39 433</i>	<i>17 604</i>	<i>44 142</i>	<i>-6 252</i>

Tabell 1.2 Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	302 389	327 018	342 154	379 917
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	25 857	0	0	0
Løyvingar frå Noregs forskingsråd	41 939	45 571	38 776	42 129
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>370 186</i>	<i>372 589</i>	<i>380 930</i>	<i>422 046</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	87	21 690	45 579	28 164
Bidrag frå private	23 097	3 844	1 807	8 605
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	26 485	40 269	33 102	47 508
<i>Sum bidrag</i>	<i>49 670</i>	<i>65 803</i>	<i>80 488</i>	<i>84 277</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	84 766	115 354	146 778	116 670
Andre inntekter og tidsavgrensingar	155 909	139 686	145 776	142 857
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>240 675</i>	<i>255 040</i>	<i>292 553</i>	<i>259 527</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>660 530</i>	<i>693 432</i>	<i>753 971</i>	<i>765 850</i>

Tabell 1.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2018–2020

	(i 1 000 kroner)			
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	160 015	198 745	246 159	47 414
Behaldning på andre bankkonti	24 392	3 272	-3	-3 275
Andre kontantbeholdningar	45	38	41	3
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>184 451</i>	<i>202 055</i>	<i>246 197</i>	<i>44 142</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	28 215	30 028	31 221	1 193
Skattetrekk og offentlege avgifter	26 588	40 360	38 646	-1 714
Gjeld til leverandørar	40 022	29 724	21 580	-8 144
Gjeld til oppdragsgivarar	-23 819	-30 384	-21 555	8 829
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	24 923	20 369	25 342	4 973
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>95 929</i>	<i>90 097</i>	<i>95 235</i>	<i>5 138</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	18 764	48 561	58 851	10 290
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	21 000	21 000	13 771	-7 229
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, -finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	14 300	14 300
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette -formål	0	0	38 584	38 584
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt -finansierte av løyvingar frå andre departement	13 820	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige -budsjettår</i>	<i>53 584</i>	<i>69 561</i>	<i>125 506</i>	<i>55 945</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	19 953	24 767	5 000	-19 767
Fri verksemdskapital	14 985	17 630	20 457	2 827
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>34 938</i>	<i>42 397</i>	<i>25 457</i>	<i>-16 940</i>

Tabell 1.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2018–2020

	(i 1 000 kroner)			
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>184 451</i>	<i>202 056</i>	<i>246 197</i>	<i>44 142</i>

Tabell 1.4 Norsk Kulturminnefond. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kroner)			
Utgiftsart/Inntektsart	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	8 690	9 039	9 269	10 226
Varer og tenester	6 699	6 089	6 149	7 085
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>15 389</i>	<i>15 128</i>	<i>15 418</i>	<i>17 311</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	4 598	5 336	2 264	1 550
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>4 598</i>	<i>5 336</i>	<i>2 264</i>	<i>1 550</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	3 923	3 735	3 878	4 193
Utbetalningar til andre verksemdar	76 870	83 829	107 694	97 000
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>80 793</i>	<i>87 564</i>	<i>111 572</i>	<i>101 193</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>100 780</i>	<i>108 028</i>	<i>129 254</i>	<i>120 054</i>

Tabell 1.4 Norsk Kulturminnefond. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart/Inntektsart	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	321	613	227	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>321</i>	<i>613</i>	<i>227</i>	<i>0</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	112 170	116 320	126 362	119 614
Andre innbetalingar	197	303	391	524
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>112 367</i>	<i>116 623</i>	<i>126 753</i>	<i>120 138</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekt</i>	<i>112 688</i>	<i>117 236</i>	<i>126 980</i>	<i>120 138</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>24 346</i>	<i>11 908</i>	<i>-2 274</i>	<i>84</i>

Tabell 1.5 Norsk Kulturminnefond. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kroner)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	112 170	116 320	126 362	119 314
Løyvingar frå andre departement	0	0		0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0		0
Løyvingar frå Noregs forskingsråd	0	0		0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>112 170</i>	<i>116 320</i>	<i>126 362</i>	<i>119 314</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	518	916	618	824
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>112 688</i>	<i>117 236</i>	<i>126 980</i>	<i>120 138</i>

Tabell 1.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk Kulturminnefond i perioden 2018–2020

	(i 1 000 kroner)			
Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	172 381	181 589	179 315	-2 274
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	3	3	3	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>172 384</i>	<i>181 592</i>	<i>179 318</i>	<i>-2 274</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	1 063	1 107	1 137	30
Skattetrekk og offentlege avgifter	822	838	834	-4
Gjeld til leverandørar	35	511	1 298	787
Gjeld til oppdragsgivarar	0	0	0	0
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	1 228	1 721	509	-1 212
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår¹</i>	<i>3 478</i>	<i>3 148</i>	<i>3 756</i>	<i>608</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, -finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette -formål	157 680	167 169	159 587	-7 582
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt -finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige -budsjettår</i>	<i>157 680</i>	<i>167 169</i>	<i>159 587</i>	<i>-7 582</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	11 556	10 246	15 953	5 707
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>11 556</i>	<i>10 246</i>	<i>15 953</i>	<i>5 707</i>

Tabell 1.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk Kulturminnefond i perioden 2018–2020

(i 1 000 kroner)

Balanse 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	172 384	181 592	179 318	-2 274

Bestilling av publikasjoner

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonene er også tilgjengelige på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2021

